



DET KONGELEGE
MILJØVERNDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2011–2012)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2012

Utgiftskapittel: 1400–1474 og 2465

Inntektskapittel: 4400–4471 og 5578

Forord

Prop. 1 S (2011–2012) frå Miljøverndepartementet består av fire delar:

Del I presenterer hovudutfordringane i miljøpolitikken og hovudprioriteringar innanfor Miljøverndepartementets budsjett i 2012. Vidare blir det gitt eit kort oversyn over miljøpolitiske satsingar i andre departement. Her omtalas óg oppfølging av oppmodingsvedtaka frå Stortinget.

Del II inneheld budsjettframlegget frå Miljøverndepartementet fordelt på programkategoriar, kapittel og postar.

I Del III er det presentert ei utfyllande og fullstendig omtale av alle verkemidla og resultatområda med konkrete mål og indikatorar, samt påverknad og politikk. Årets proposisjon inneheld ei revidert og meir heilskapeleg omtale av det ein-skilde resultatområdet.

Miljøverndepartementet har óg rydda opp i og forenkla mål og målstruktur. Dette inneber óg at verkemidla er skilde ut og løfta fram.

Resultatområda er meir einsarta og det er etablert eit klarare skilje mellom verkemiddel og dei miljøpolitiske resultatområda. Tidlegare har verkemidla til dels hatt eigne resultatområda, til dels har dei blitt omtala i tilknytning til fellesoppgåver. Verkemidla gjeld alle dei miljøpolitiske resultatområda, og dei er grunnlaget for å oppnå resultat i miljøpolitikken. Verkemidla er delt inn i tre bolkar:

- Kunnskap
- Regelverk og system
- Internasjonalt samarbeid.

I praksis inneber dette at eksempelvis infrastrukturtiltak i regi av statens kartverk omtalast under kunnskap og samfunnsplanlegging under regelverk og system.

Den nye strukturen og inndelinga i verkemiddel og resultatområde dekkjer breidda i miljøpolitikken på ein meir heilskapeleg måte enn den tidlegare inndelinga. Ein kan no lese om utfordringane som marin naturforvaltning, akvakultur, tareskog, oljeforureining og strandsona samla under resultatområde 1 Levande hav og kyst. Samstundes kjem det fram korleis plan- og bygningslova vert nytta for å unngå unødig nedbygging i strandsona.

Av dei elleve resultatområda tar resultatområda 1-5 utgangspunkt i den inndelinga av naturen som vi óg finn i Naturindeks for Noreg. Resultatområde 6 dekkjer kulturminne og kulturlandskap. Område 7 Godt bymiljø, og 8 Aktivt friluftsliv, dekkjer leveforhold og naturretta aktivitetar for menneske, mens dei tre siste tek føre seg forureining og annan påverknad både på menneske og natur. Dei elleve resultatområda er som følgjer:

1. Levande hav og kyst
2. Livskraftige elvar og innsjøar
3. Frodige våtmarker
4. Mangfaldige skogar
5. Storslått fjellandskap
6. Verdifulle kulturminne og kulturlandskap
7. Godt bymiljø
8. Aktivt friluftsliv
9. Giftfritt miljø
10. Rein luft
11. Stabilt klima

Inndelinga i verkemiddel og resultatområde gjer det mogleg å sortere og samle alle dei ulike problemstillingane i ulike typar kategoriar eller temaområde på ein praktisk måte. Inndelinga i resultatområde legg óg til rette for ein effektiv struktur for formuleringar av mål og resultatoppfølging, både i høve til andre sektorar og internt i miljøforvaltninga. Det enkelte resultatområdet synleggjer Regjeringas miljøpolitiske satsing. Dette speglar seg i nasjonale mål og indikatorar

- *Nasjonale mål* er fastsette på bakgrunn av Regjeringas politikk anten i stortingsmeldingar, proposisjonar eller andre politiske dokument. Dei skal vere målbare og vise kva resultat ein skal oppnå på nasjonalt nivå.
- *Indikatorar* er knytt til dei nasjonale måla og er utvalde reiskap i resultatoppfølginga for å seie noko om miljøtilstanden og utviklinga. Indikatorane skal kunne samanliknast fra år til år og, der det er relevant, i høve til andre land.

Del IV gir ei oversikt over organisasjonsendring, fornyingsarbeid og likestilling i miljøforvaltninga.

Innhald

Del I	Innleiing	11	<i>Programkategori 12.40</i>	
			<i>Klima – og forureining</i>	84
1	Miljøutfordringane	13	Kap. 1441 Klima- og forureiningsdirektoratet	87
2	Hovudprioriteringar i Miljøverndepartementet sitt budsjett for 2012	16	Kap. 4441 Klima- og forureiningsdirektoratet	93
			Kap. 1445 Miljøvennleg skipsfart	94
			Kap. 1447 Miljøomsyn i offentlege innkjøp ..	95
3	Miljøpolitiske satsingar på andre departement sine område	18	Kap. 1448 Radioaktiv forureining i det ytre miljø	96
			<i>Programkategori 12.50</i>	
4	Oversiktstabellar	23	<i>Kart, geodata og eigedomsinformasjon</i>	97
4.1	Merknader til budsjettframlegget	23	Kap. 1465 Statens kartverk, arbeid med tinglysing og nasjonal geografisk infrastruktur	97
4.2	Utgifter	23	Kap. 2465 Statens kartverk	98
4.3	Inntekter	25	Kap. 4465 Statens kartverk, arbeid med tinglysing og nasjonal geografisk infrastruktur	102
5	Om oppfølging av oppmodningsvedtak frå Stortinget	29	Kap. 5465 Statens kartverk	102
Del II	Miljøverndepartementets budsjettforslag for 2012	31	<i>Programkategori 12.60</i>	
			<i>Nord- og polarområda</i>	103
6	Omtale av kapittel og post	33	Kap. 1471 Norsk Polarinstitutt	104
			Kap. 4471 Norsk Polarinstitutt	105
			Kap. 1472 Svalbard miljøvernfond	106
			Kap. 5578 Sektoravgifter under Miljøverndepartementet	106
			Kap. 1474 Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning	107
	<i>Programkategori 12.10</i> <i>Fellesoppgåver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.</i>	33		
	Kap. 1400 Miljøverndepartementet	33		
	Kap. 4400 Miljøverndepartementet	40		
	Kap. 1410 Miljøvernforskning og miljøovervaking	41		
	<i>Programkategori 12.20</i> <i>Naturmangfald og friluftsliv</i>	45		
	Kap. 1425 Vilt- og fisketiltak	45		
	Kap. 5578 Sektoravgifter under Miljøverndepartementet	48		
	Kap. 1426 Statens naturoppsyn	53		
	Kap. 4426 Statens naturoppsyn	55		
	Kap. 1427 Direktoratet for naturforvaltning .	56		
	Kap. 4427 Direktoratet for naturforvaltning .	73		
	<i>Programkategori 12.30</i> <i>Kulturminne og kulturmiljø</i>	74	Del III	Omtale av Miljøverndepartementets resultatområde og verkemiddel
	Kap. 1429 Riksantikvaren	74		109
	Kap. 4429 Riksantikvaren	82	7	Oversikt over resultatområde og verkemiddel
	Kap. 1432 Norsk kulturminnefond	82		111
	Kap. 4432 Norsk kulturminnefond	83	8	Kunnskap
				113
			9	Regelverk og system
				127
			10	Internasjonalt samarbeid
				139
			11	Reultatområde 1
				Levande hav og kyst
				150
			12	Resultatområde 2
				Livskraftige elvar og innsjøar ..
				160

13	Resultatområde 3 Frodige våtmarker	167	24	Statusrapportering på «gamle» resultatområde 3 frå 2011	266
14	Resultatområde 4 Mangfoldige skogar	172	25	Statusrapportering på «gamle» resultatområde 4 frå 2011	282
15	Resultatområde 5 Storslått fjellandskap	179	26	Statusrapportering på «gamle» resultatområde 5 Internasjonalt samarbeid og miljø i nord- og polarområda ..	296
16	Resultatområde 6 Verdifulle kulturminne og kulturlandskap	186	27	Statusrapportering på «gamle» resultatområde 6 frå 2011	310
17	Resultatområde 7 Godt bymiljø	196	Del IV	Organisasjonsendring, fornyingsarbeid og likestilling .	325
18	Resultatområde 8 Aktivt friluftsliv	203	28	Organisasjonsendring, fornyingsarbeid og likestilling .	327
19	Resultatområde 9 Giftfritt miljø	208	28.1	Organisering	327
20	Resultatområde 10 Rein luft	214	28.2	Oversikt over fornyingsarbeidet ...	327
21	Resultatområde 11 Stabilt klima	222	28.3	Samfunnstryggleik og beredskap .	328
22	Statusrapportering på «gamle» resultatområde 1 frå 2011	238	28.4	Rapport om likestilling og mangfold i miljøforvaltninga	328
23	Statusrapportering på «gamle» resultatområde 2 frå 2011	260	28.5	Likestillingsvurdering på fagbudsjettområda	331
			28.6	Oppfølging av IA-avtala	332
				Forslag til vedtak om løyving for budsjettåret 2012, kapitla 1400–1474 og 2465, 4400–4471 og 5578	334

Tabelloversikt

Tabell 3.1	Miljøtiltak i statsbudsjettet for 2012 (i mill. kroner)	19	Tabell 6.6	Samla ressursbruk finansiert av inntekter til Statens fiskefond i 2011:	52
Tabell 6.1	Garantifullmakt under kap. 1400 post 77	38	Tabell 6.7	69
Tabell 6.2	Framlegg om jeger- og fellingsavgifter i 2012 (tal i heile kroner)	50	Tabell 6.8	Statens kartverks driftsinntekter	99
Tabell 6.3	Berekening av kapital i Viltfondet i 2012	50	Tabell 6.9	Statens kartverks kapitalbalanse	101
Tabell 6.4	Samla ressursbruk finansiert av inntekter til Viltfondet i 2012:	51	Tabell 6.10	Statens kartverks gjeld og eigenkapital1	101
Tabell 6.5	Berekening av kapital i Statens fiskefond i 2012	52	Tabell 9.1	All planlegging skal skje innanfor ramma av nasjonal politikk	131
			Tabell 11.1	Utbygging i strandsona	153

Tabell 16.1	Definisjonar	189	Tabell 25.3	Felt med godkjent plan for utbygging og drift	286
Tabell 19.1	Definisjonar	210	Tabell 25.4	Nedbryting av ozonlaget	289
Tabell 20.1	Definisjonar	216	Tabell 25.5	Tal på land som har ratifisert dei ulike endringane i protokollen ...	289
Tabell 21.1	Globale utsléppstal i millionar tonn CO ₂ -ekvivalentar	225	Tabell 25.6	Luftforureiningar	290
Tabell 22.1	Berekraftig bruk og vern av leveområde i 2011.	238	Tabell 25.7	Del av Noregs areal der tolegrensene for forsuring av overflatevatn er overskridne (pst.)	291
Tabell 22.2	Skogvern pr. år (produktiv skog) i perioden 2001 – 2010 (september)	243	Tabell 25.8	Mål- og indikatortabell for underområde 4 Støy	294
Tabell 22.3	Oversyn over område verna etter naturvernlova/naturmangfaldlova pr. september 2010.	244	Tabell 26.1	Avtaler og organisasjonar av stor betydning for miljø	296
Tabell 22.4	Berekraftig bruk og vern av arter, bestandar og genressursar i 2011	246	Tabell 26.2	Nord- og polarområda	302
Tabell 22.5	Framande arter og genmodifiserte organismar i 2011	251	Tabell 27.1	Arealpolitikk og samfunnsutvikling	310
Tabell 22.6	Friluftsliv	257	Tabell 27.2	Regionale planar fordelte på plantema	315
Tabell 23.1	Kulturminne og kulturmiljø	260	Tabell 27.3	Omdisponering av dyrka og dyrkbar mark	315
Tabell 23.2	Tilstandsgraden for freda bygningar i privat eige	262	Tabell 27.4	Utbygging av fritidsbustader	316
Tabell 24.1	Overgjødsling og nedslamming	266	Tabell 27.5	Utbygging i strandsona	317
Tabell 24.2	Oljeforureining	267	Tabell 27.6	Reguleringsplanar og bebyggelsesplanar	318
Tabell 24.3	Miljøgifter og radioaktiv forureining	269	Tabell 28.1	Oversikt over talet på årsverk pr. 1. mars 2011 under Miljøverndepartementet	327
Tabell 24.4	Utsleppsreduksjonar for prioriterte helse- og miljøfarlege kjemikaliar	270	Tabell 28.2	Oversikt over del kvinner i pst. .	328
Tabell 24.5	Grunnforureining	274	Tabell 28.3	Prosentoversikt over kvinnene og mennene si månadlege gjennomsnittslønn	329
Tabell 24.6	Avfall og gjenvinning	278	Tabell 28.4	Oversikt over deltid, mellombelse stillingar, foreldrepermisjon og fråvær fordelt på kvinner og menn	329
Tabell 24.7	Avfallsmengder	278			
Tabell 24.8	Gjenvinning av avfall	279			
Tabell 25.1	Klimaendringar	282			
Tabell 25.2	Verknad av ulike tiltak og verkemiddel i klimapolitikken	285			

Figuroversikt

Figur 7.1	Miljøpolitiske resultatområde	111	Figur 24.3	Utslepp av 226 Ra, 228 Ra og 210 Pb med produsert vatn frå olje og gassverksemda på norsk sokkel for perioden 2005 – 2009. .	276
Figur 8.1	Bromerte flammehemmarar i lagesild	114	Figur 24.4	Nivåa i miljøet av C137 blir reduserte årleg.	277
Figur 9.1	Viktige lover	128	Figur 24.5	Utvikling i avfallsmengder og BNP (faste prisar)	279
Figur 9.2	Plansystemet – samanhengen mellom plannivåa	134	Figur 24.6	Mengd vanleg avfall i Noreg etter behandling ¹ . Endelege tal 1995-2008, førebelse tal 2009. Prosent av kjent behandling	280
Figur 10.1	Figur over dei viktigaste internasjonale konvensjonar på miljøområdet.	143	Figur 25.1	Kjelder som har medverka til utslepp av klimagassar i Noreg frå 1990 og til og med 2010.	284
Figur 16.1	Tala i figuren er eit overslag basert på opplysingar frå fylkeskommunane Nordland, Oppland, Akershus og Telemark.	188	Figur 25.2	Utslepp til luft, (langtransporterte luftforureiningar (tonn)	292
Figur 21.1	Utslepp av klimagassar i utvalte land i 2005	223	Figur 25.3	Antal overskridingar av grenseverdien (stipla linje) og nasjonalt mål (hel linje) for svevestøv 2004–2010.	294
Figur 24.1	Utsleppsindikatorar for helse- og miljøfarlege stoff. 2002-2008, der 2002=1.	273			
Figur 24.2	Utslepp av 131 I frå norske sjukehus i perioden 2005 – 2009.	275			

Oversikt over bokser

Boks 1.1	Kva er naturmangfald	13	Boks 17.1	Prioriterte arter i bynære område	198
Boks 1.2	Naturen har eigenverdi	14	Boks 17.2	Prinsippa for berekraftig by- og tettstadutvikling går fram av St.meld.nr (2001-2002) Betre miljø i byer og tettsteder:	200
Boks 8.1	Miljøovervaking gir grunnlag for å oppdage nye problem og grunnlag for tiltak	114	Boks 17.3	Groruddalssatsinga	201
Boks 8.2	Naturindeks for Noreg 2010	117	Boks 19.1	Kvikksølv – nødvendig med tiltak internasjonalt	210
Boks 8.3	Definisjon av omgrepet truga arter	117	Boks 20.1	Avgifta på utslepp av NOx og Miljøavtala om reduksjon av NOx-utsleppa	220
Boks 8.4	Felles global referanseramme	122	Boks 21.1	«Klimagassutslepp og klimaendringar»	224
Boks 9.1	Planlegging i tal	133	Boks 21.2	Klimaløftet	229
Boks 9.2	Plansystemet – samanhengen mellom plannivåa	134	Boks 21.3	Kva er forskjellen mellom kvotesystemet og CO2-avgifta?	229
Boks 14.1	Alf Prøysen skildrar storskogen slik:	172	Boks 21.4	Multilateralt samarbeid	235
Boks 15.1	Villreinen sine tilpassingar til ekstrem kulde	181	Boks 23.1	Status for verdsarvstadene pr. 31.12.2010	263
Boks 16.1	Ormelid i Sogn – gardsdrift gjennom 4000 år	189	Boks 25.1	Arkeologiske funn som følge av nedsmelting	288
Boks 16.2	Brunostens opphavsstad	190	Boks 25.2	Nitrogendioksid og svevestøv	293
Boks 16.3	Isen sine skjulte løyndomar	192			
Boks 16.4	Bevaringsprogramma på kulturminnefeltet	193			
Boks 16.5	Prosjektet Pilegrimsleia	194			
Boks 16.6	Kultur- og naturreisa	194			



DET KONGELEGE
MILJØVERNDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2011–2012)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2012

Utgiftskapittel: 1400–1474 og 2465

Inntektskapittel: 4400–4471 og 5578

*Tilråding frå Miljøverndepartementet 16. september 2011,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

Del I
Innleiing

1 Miljøutfordringane

Ein levande natur med produktive økosystem er eit vilkår for ei berekraftig utvikling. Menneska si påverking på naturen og økosystema har aldri vore større enn i dag, med konsekvensar vi ikkje fullt ut kjenner. Fleire av dei største miljøproblema, slik som klimaendringane, har opphav i den rike og industrialiserte del av verda, som Noreg er ein del av. Desse landa har derfor eit særskilt ansvar for å finne gode løysingar og effektive verkemiddel. Vi må redusere vår eiga belastning på miljøet og på same tid hjelpe u-land til ei berekraftig utvikling. Vi må gi rom for økonomisk og sosial utvikling og framgang i fattige land, samtidig som den samla belastninga på verdas ressursar ikkje går ut over naturen si tolegrense. Dette er ei utfordrande oppgåve, men miljøarbeid og miljøpolitikk handlar om solidaritet mellom generasjonar og på tvers av land, og står såleis sentralt i regjeringa sitt arbeid.

Boks 1.1 Kva er naturmangfald

Naturmangfaldet omfattar all verdas livsformer og deira levestader, og mennesket deler jordkloden med millionar av andre arter. Å sikre naturmangfaldet handlar om å sikre livsgrunnlaget for oss sjølve og kommande generasjonar. Mangfaldet av arvemateriale, arter og naturtypar er ein føresetnad for å halde ved lag naturen sine system og prosessar, og utrydding av ei nøkkelart kan få store konsekvensar for eit økosystem. Kvar einaste dag nyttar vi «naturen sine varer og tenester» for å overleve, i form av til dømes vatn, klimaregulering og produksjon av oksygen. Naturens mangfald gir oss mat, medisinar, klede, byggverk og brensel, og er grunnlag for verdiskaping i næringar som til dømes fiskeri, akvakultur, landbruk, turisme og næringsmiddel- og medisinsk industri.

redusert, og vi har klart å få ned bruken av fleire farlege miljøgifter. Vi er godt i gang med å rydde opp i forureina grunn og sjøbotn. Gjennom internasjonalt samarbeid har vi klart å redusere tilførsla av sur nedbør og ei rekkje miljøgifter til Noreg. Meir enn 16 pst. av Noregs areal er verna, som nasjonalparkar og andre typar verneområde. Naturmangfaldlova, kulturminnelova og plan- og bygningslova er gode reiskapar for å sikre og forvalte norsk natur, kulturminne og kulturlandskap på ein måte som vil komme dagens og framtidige generasjonar til gode. Forsking og overvaking av naturtilstanden gir oss eit godt kunnskapsgrunnlag for forvaltning av natur og miljø. Gjennom naturindeksen for Noreg kan vi på ein lettfatteleg måte formidle tilstanden i økosystema. Norsk raudliste for arter (2010) og naturtyper (2011) inneheld oversikt over mellom anna truga arter og naturtyper i Noreg.

Trass i resultatata kan vi likevel ikkje vere nøgde. Klimagassutsleppa aukar igjen, etter ein kortvarig reduksjon under finanskrisa. Vi har utfordringar med omsyn til naturmangfaldet som blir pressa frå fleire kantar, ikkje minst frå endra arealbruk, framande organismar og klimaendringar. Strandsona og andre område for friluftsliv er under press. I byar og tettstader blir verdfulle kulturminne og kulturmiljø utsette for utbyggings- og moderniseringspress. I distrikta fører fråflytting og bruksendringar til at verneverdige kulturminne forfell eller blir rivne. Talet på ville laksebestandar har over lengre tid gått tilbake. Hav- og kystområda våre er rike, men tapet av tareskog og nedgang i talet på sjøfugl gir grunn til uro. Det blir framleis brukt kjemikaliar med ukjende følgjer for helse og miljø. Spesielle vørtilhøve dei siste vintrane har vist oss at luftforureining i dei større byane framleis kan vere eit alvorlig helse- og miljøproblem. Vi må heller ikkje gløyme at produksjonen av mange forbruksvarer som vi importerer frå utlandet, kan medføre store miljøbelastningar.

Vi har oppnådd mykje - men mykje står att å gjere

I Noreg har vi oppnådd mange gode resultat i miljøpolitikken. Forureininga av luft og vatn er

Dei store utfordringane

Klimaendringar er den største utfordringa vi står overfor. Dei øydeleggjande konsekvensane vi har

sett frå skred og flaumar den siste tida, både i vårt land og i andre delar av verda, viser oss noko av det vi kan vente oss meir av i framtida. Den sterkt minkande havisen i Arktis viser at nord- og polarområda er sårbare for aukande temperaturar, og desse endringane påverkar dessutan klimaet på jorda.

Vi har ein rik og variert natur i landet vårt. Likevel er om lag 2400 arter rekna som truga på Norsk raudliste for arter 2010. På verdsbasis er det rekna at dersom tapet av arter held fram som i dag, kan kvar tiande av verdas dyre- og plantearter vere historie om 25 år. Arealbruksendringar er den viktigaste årsaka til tapet av naturmangfald. Mange arter vil òg vere sterkt utsette for endringar i temperatur og klima. På same tid vil klimaendringane òg føre til at arter og organismar flytter seg til nye område. Klimagassen karbondioksid gjer havet surare, noko som trugar ei rekkje livsformer og dermed produksjonen av mat frå havet. Dette viser at miljøutfordringar heng saman. Klimatiltak og trygging av naturmangfaldet må ikkje bli sette opp mot kvarandre, men må sjåast i samanheng.

Boks 1.2 Naturen har eigenverdi

Naturen er eit komplekst system som sikrar biologisk liv som fenomen, og livsprosessane og det biologiske livet er grunnleggjande uavhengige av mennesket. Dette gir naturen ein verdi i seg sjølv. Naturen sin verdi i seg sjølv er eit viktig argument for å ta omsyn til naturmangfaldet når vi tenkjer økonomi og teknologi. Det enorme mangfaldet av arter som vi finn på jordkloden, dei fantastiske tilpassingane og den komplekse og utruleg finmaska «veven» som naturen består i bør gi grunn for respekt, audmjukskap og ærefrykt.

Helse- og miljøfarlege kjemikaliar utgjer ei stor utfordring både nasjonalt og internasjonalt. Dei farlegaste kjemikaliane, miljøgiftene, blir sakte brotne ned i naturen og hopar seg opp i næringskjedene. Miljøgiftene er derfor eit alvorleg trugsmål mot mangfaldet i naturen og mot matforsyning og helse for kommande generasjonar. Kjemikaliar finst i produkt og inngår i dei fleste industriprosessane. Helse- og miljøverknadene av mange kjemikaliar er ukjende. Det trengst derfor meir kunnskap på dette feltet.

Kulturminna og kulturmiljøa viser spora etter menneskeleg aktivitet frå lang tid tilbake. Kultur-

minna gir identitet og viser samanheng i historia og er viktig bakgrunn for vegen vidare. Kulturarven må derfor sikrast til beste for både dagens og framtidige generasjonar.

Miljøpolitikken må styrkjast, og miljøomsyn må bli ein del av all politikktutforming

Når somme miljøproblem blir løyste og nye dukkar opp, må òg miljøpolitikken utviklast vidare. Gode resultat må inspirere til fornya innsats.

Det er viktig med godt samarbeid mellom forvaltningsnivåa og mellom ulike område og interesser i samfunnet. Mange miljøproblem kan løysast lokalt. Næringslivet har eit sjølvstendig ansvar, og frivillige organisasjonar er viktige støttespelarar og pådrivere i miljøpolitikken. Førebyggjande miljøtiltak er ofte rimelegare enn å reparere skadar etterpå. Slik vil tiltak i dag medverke til å redusere framtidige kostnader.

Norsk miljøpolitikk byggjer på føre var-prinsippet som inneber at tvil skal komme naturen til gode, på prinsippet om at forureinaren skal betale, og på prinsippet om samla belastning. Sistnemnde står sentralt i økosystemtilnærminga. Prinsippet om samla belastning inneber at ein skal leggje vekt på summen av påverknader på naturmiljøet, både område og arter, når planar skal utformast og vedtak skal fattast. Den gradvise forvitringa av leveområde er eit alvorleg trugsmål mot naturmangfaldet. Inngrepa skjer gjerne gradvis til den samla belastninga er så stor at naturmangfald kan gå tapt. Dette gjeld både påverknad frå lokale kjelder og påverknad i form av klimaendringar eller langtransporterte forureiningar. Både forvaltningsplanane for havområda og forvaltningsplanane etter vassforskrifta er viktige reiskapar for å sjå belastningar i samanheng.

Ein heilskapleg miljøpolitikk krev at tiltak og verkemiddel på mange område blir samordna og tilpassa kvarandre. Miljøproblem må møtast på brei front og med fleire verkemiddel: Miljøpolitikken skal vere forankra i solid fagleg kunnskap. Vi skal nytte den til ei kvar tid best tilgjengelege teknologien, og vi skal utforme skattar og avgifter slik at dei stimulerer til miljøvennleg åtferd og ressursbruk. Alle sektorar i samfunnet har eit ansvar for å sjå til at aktivitetane deira ikkje skadar miljøet. På denne måten handlar miljøvern om korleis vi organiserer og innrettar samfunnet vårt, om dei val og prioriteringar vi gjer og om korleis vi nyttar fellesskapet sine ressursar.

Internasjonalt samarbeid og betre teknologi har medverka til at vi har klart å redusere tilførsle- ne av sur nedbør og utslepp av ozonskadelege

gassar. Klimagassutslepp og tap av naturmangfald er meir krevjande utfordringar. Noreg har i denne samanhengen eit særleg ansvar som miljøforvaltar i nordområda og på Svalbard. Arbeidet med å hente inn meir og betre kunnskap om tilhøva i nord er eit viktig bidrag til det internasjonale klimaarbeidet.

Globalisering av verdsøkonomien fører til at miljøutfordringane og dermed miljøpolitikken i aukande grad blir internasjonalisert. Mange utfordringar er felles over landegrensene, og det må òg løysingane så langt mogleg vere. Dei globale miljøutfordringane krev at miljøomsyn blir innarbeidde i fleire delar av det internasjonale samarbeidet, til dømes internasjonal handel.

Miljøutfordringane har mange årsaker og er ofte tett knytte til økonomi og samfunnsorganisering. Finanskrise i 2008-2009 og det økonomiske tilbakeslaget i kjølvatnet av denne utløyste ei rekkje initiativ for ein grøn økonomi. Krisepakene i mange land inneheldt store løyvingar til beste for miljøet. Parallelt har det oppstått eit ønskje om at vekst- og utviklingsstrategiane framover bør ha ei anna retning og byggje på eit anna grunnlag. Miljøutfordringar er på denne måten òg økonomiske ufordringar.

UNEPs Green Economy Initiative, OECDs Green Growth Strategy og EUs Resource Efficiency Strategy byggjer alle på innsikta om at naturgrunnlaget spelar ei avgjerande rolle for menneskas velferd. FN sitt arbeid med "berekraftig produksjon og forbruk" tek utgangspunkt i at økonomisk vekst ikkje samstundes skal føre til auka miljøbelastning. Desse initiativa viser behovet for å integrere miljøverdiar i dei økonomiske avgjerdsprosessane. På det tiande partsmøtet for konvensjonen om biologisk mangfald i Nagoya i Japan i 2010 vart det vedteke eit mål om at deltakarlanda

seinast innan 2020 skal ha sett i verk tiltak i tråd med planar om berekraftig produksjon og forbruk og sytt for at belastninga på naturgrunnlaget held seg innanfor trygge økologiske grenser. Toppmøtet i Rio de Janeiro sommaren 2012 må syne korleis grøn økonomi kan fremje og ikkje hemme vekst og framgang i utviklingslanda. Stern-rapporten peikar på at klimaendringane også er ei global økonomisk utfordring og at kostnadseffektiv og ambisiøs handling no er samfunnsøkonomisk lønnsamt. Prosjektet *The Economics of Ecosystems and Biodiversity* (TEEB-prosjektet) legg vekt på at økosystema har stor økonomisk verdi, og at dette må integrerast i rammevilkåra for næringsliv og forbrukarar, jamfør omtale på side 254-255.

Miljøydeleggingar råkar ofte hardast dei som har minst evne til å tilpasse seg store endringar. I Noreg har vi betre føresetnader for å tilpasse oss konsekvensar av klimaendringar enn mange andre land. Den globale utviklinga framover vil likevel påverke oss og vil krevje at vi deltek i internasjonalt samarbeid for å møte utfordringane.

Noreg skal vere eit føregangsland i miljøpolitikken. Noreg skal vere ein pådrivar og arbeide for ambisiøse og forpliktande internasjonale miljøavtaler. Dersom alle land skal bli einige før ein kan handle, vil viktige internasjonale miljøoppgåver aldri bli løyste. Vi må vise at rike industriland kan omstille seg til grøne økonomiar, med høg livskvalitet og betra velferd innanfor naturens tolegrenser, slik at andre land lettare kan følgje etter. Miljøsetinga i Norden og Europa er viktig for å vise vegen. Vi må samarbeide med utviklingslanda og støtte dei i deira arbeid for å løyse miljøutfordringane og setje dei i stand til å møte endringane som kjem. Det norske klima- og skoginitiativet er eit døme på slikt samarbeid.

2 Hovudprioriteringar i Miljøverndepartementet sitt budsjett for 2012

Regjeringas miljøserting blir ført vidare i 2012. Veksten i Miljøverndepartementets budsjett held fram. Regjeringa har dei siste åra teke ei rekkje nye miljøpolitiske initiativ i form av konkrete satsingar og fornya lov- og regelverk. I 2012 vil arbeidet med å sikre naturmangfaldet ha høg prioritet, saman med klimatiltak. I tråd med sektoransvaret går ei rekkje miljørelaterte tiltak over andre departement sine budsjett, jf. kapittel 3.

Regjeringas miljø- og klimaserting er forankra i Soria Moria-erklæringa, der ein ambisiøs miljøpolitikk står sentralt, og i Klimaforliket i Stortinget i 2008. Regjeringa vil leggje fram ei ny stortingsmelding om klimapolitikken i 2012. Miljøverndepartementet har ansvar på norsk side for klimaforhandlingane i regi av FN, der det før jul i år skal haldast eit viktig partsmøte i Durban i Sør-Afrika. Noreg spelar ei sentral rolle i desse forhandlingane, blant anna som pådrivar og som brubyggjar mellom ulike parter under møta. Noreg har òg vert ein viktig aktør innan internasjonalt samarbeid om å redusere klima- og gassupslipp frå skogsektoren utvekslingsland.

Miljøverndepartementets samla budsjettforslag for 2012 er på 4 893,5 mill. kroner, mot 4 594,5 mill. kroner i 2011. Dette er ein auke på 6,5 prosent.

Miljøpolitikken må byggje på kunnskap om naturtilstanden og om kjeldene for miljøproblema. Regjeringa satsar vidare på miljøforskning og på kunnskaps- og datainnhenting og i 2012 auker løyvinga med 21 mill. kroner til 548,3 mill. kroner. Regjeringa går inn for å inkludere Nansensentret i basisfinansieringsordninga frå 2012.

Til å ta vare på naturmangfald gjer Regjeringa framlegg om ei løyving på om lag 1,5 mrd. kroner i 2012. Dette er ein auke på i overkant av 180 mill. kroner eller 13,3 prosent samanlikna med saldert budsjett for 2011. Dei største endringane her er ein auke på 100 mill. kroner til venta erstatningsutbetalingar til gjennomføringa av nasjonalparkplanen, 40 mill. kroner i auke til å fjerne lakseparasitten *gyrodactylus salaris* frå vassdraga i Vefsnerregionen, 17 mill. kroner til nye forvaltarstillingar i samband med den nye modellen for lokal forvalt-

ning av verneområde, 14,5 mill. kroner til erstatning for tamrein som er teke av rovdyr og 10 mill. kroner til oppfølging av rovdyrforliket, 9 mill. kroner til styrkt vassforvaltning og 7 mill. kroner til erstatningar for fylkesvise verneområde. Regjeringa går inn for å løyve 5 mill. kroner i 2012 til ulike tiltak for å redusere den faren kraftliner utgjør for hubroen. For å auke omfanget av bandlegging av friluftsområde, gjer regjeringa framlegg om å auke tilsegnfullmakta med 20 mill. kroner til 55 mill. kroner. Dette vil gi rom for å bandlegge nye område for 56,4 mill. kroner i 2012.

Kartleggingsprogrammet MAREANO skal innhente kunnskap om naturmangfaldet på havbotnen, som grunnlag for ei berekraftig forvaltning. Dette er eit samarbeid med Fiskeri- og kystdepartementet og Nærings- og handelsdepartementet. I 2012 blir det føreslått å løyve 26,5 mill. kroner over Miljøverndepartementets budsjett til Mareano. Dette er ein auke på 12 mill. kroner frå 2011.

Regjeringa føreslår òg ein auke til viktige oppgåver innanfor freding av kulturminne og kulturmiljø. Til sikring av freda bygningar blir det føreslått 225,1 mill. kroner i 2012, som er ein auke på 8,9 mill. kroner frå 2011. Til fartøyvern blir det føreslått 43,7 mill. kroner. Til verdiskapingsbasert arbeid knytta til kulturarven føreslår regjeringa 8 mill. kroner i 2012, mot 3 mill. kroner i 2011.

I 2012 føreslår Regjeringa å føre vidare løyvinga til oppbygging av plan- og miljøkompetansen både regionalt og kommunalt. Samla innsats til denne oppgåva blir på 12,7 mill. kroner.

Regjeringa fører vidare handlingsplanen for miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp med framlegg om ei løyving på 18 mill. kroner i 2012. Det er utarbeidd ein handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp og det er utarbeidd rettleiande miljøkriterium for prioriterte produktgrupper. Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) følgjer opp handlingsplanen på dei områda som gjeld miljøomsyn.

Prosjektet Framtidas byar, som er eit samarbeid mellom staten og 13 bykommunar om eit betre miljø og reduserte klimagassutslepp, blir

ført vidare i 2012 med ei løyving på 34,5 mill. kroner. Som vist i neste kapittel omfattar Regjeringas miljøpolitikk òg mange viktige aktivitetar på andre departement sine budsjett. Dette gjeld ikkje minst på klima- og energifeltet, der Miljøverndepartementet har eit tett samarbeid med andre departement.

Store miljørelaterte løyvingar som til dømes karbonfangst og lagring ligg på budsjettet til Olje- og energidepartementet. Dei store løyvingane til

kollektivtrafikk ligg på Samferdselsdepartementets budsjett. Løyvinga til skog- og klimatiltak på Utanriksdepartementets budsjett er eit anna døme. Løyvinga til statlege kjøp av klimakvotar ligg på Finansdepartementets budsjett. CO₂-avgiftene blir presenterte av Finansdepartementet i skatte- og avgiftsproposisjonen. Arbeidet med å leggje om bilavgiftene i meir miljøvennleg retning blir ført vidare i 2012.

3 Miljøpolitiske satsingar på andre departement sine område

Sektoransvaret ligg til grunn for Regjeringas miljøpolitikk

Dei fleste aktivitetane i samfunnet kan påverke miljøet på ein eller annan måte. Regjeringas miljøpolitikk byggjer på at alle samfunnssektorar har et sjølvstendig ansvar for å leggje miljøomsyn til grunn for sine aktivitetar og for å medverke til at dei nasjonale miljøpolitiske måla kan bli nådde. Forureinar betalar-prinsippet er ein viktig del av sektoransvaret. Både miljøvern- og sektorstyresmaktene på sentralt hald, fylkeskommunalt og kommunalt nivå i tillegg til private aktørar skal medverke til at miljøomsyn blir tatt vare på.

Vidare har sektorstyresmaktene ansvar for å gjennomføre tiltak innanfor eige område som trengst for at måla i miljøpolitikken kan bli nådde. Dei har òg ansvar for å rapportere om miljøutviklinga i sektoren og om resultat av og kostnader ved verkemiddelbruk og gjennomførde miljøtiltak.

Sektoransvaret medfører eit krav til alle departementa at dei skal ta miljøomsyn når dei utformar planar og politikk på sine ansvarsområde. Dette gjeld både den økonomiske politikken generelt og politikken i dei einskilde sektorane. Miljøomsyn inneber både å førebyggje miljøbelastningar og å rydde opp der ein har skada miljøet.

Dette kapitlet omtalar Regjeringas samla miljøpolitiske satsingar slik dei kjem til uttrykk i departementa sine budsjett, sjå tabellen på neste side. Det er ikkje alltid enkelt å avgrense miljøtiltak eller utgifter til slike tiltak på ein god måte. Mange tiltak kan grunngjevast på fleire måtar og skal

medverke til å nå ulike mål. Miljøtiltaka er òg svært ulike; her finn ein både førebyggjande tiltak i form av til dømes kystvaktoppgåver, klassisk naturvern slik som etablering av verneområde, opprydding i forureina grunn og satsingar som gir størst effekt saman med andre typar tiltak, slik som jernbaneutbygging og støtte til kollektivtrafikk. Nokre tiltak er langsiktige, slik som forskning, mens andre har meir direkte verknader. Endra definisjonar eller endringar i arbeidsdelinga mellom departementa vil òg kunne føre til at nokre tal ikkje fullt ut kan jamførast frå eitt år til det neste. Tabellen må derfor tolkast med varsemd.

Miljøtiltak er her definerte og avgrensa slik:

- utgiftene må fullt ut nyttast til miljøforbetringar, eller
- miljøomsynet må vere avgjerande for at tiltaket/prosjektet blir gjennomført, eller
- utgiftene skal motverke negative miljøeffektar av sektorpolitiske tiltak elles (førebyggjande tiltak)

Dei miljøpolitiske løyvingane i 2012

I 2012 er dei samla miljøpolitiske løyvingane berekna å utgjere til saman 41,4 mrd. kroner, som er ein auke på om lag 2,1 mrd. kroner frå 2011. I denne summen inngår kjøp av klimakvotar på 508,5 mill. kroner. Blant miljøtiltaka som blir førte vidare og prioriterte i 2012 er:

- tiltak mot avskoging og øydelegging av skog i utviklingsland
- kollektivtrafikk og jernbaneutbygging
- fornybar energi og energieffektivisering

Tabell 3.1 Miljøtiltak i statsbudsjettet for 2012 (i mill. kroner)

Departement	2011 ¹	Forslag 2012
Arbeidsdepartementet ²	-	-
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	7,5	6,8
Finansdepartementet ³	435,0	515,5
Fiskeri- og kystdepartementet	1 408,0	1 463,1
Forsvarsdepartementet	1 171,0	1 344,3
Helse- og omsorgsdepartementet ⁴	-	-
Justis- og politidepartementet	83,2	94,0
Kommunal- og regionaldepartementet	90,0	80,0
Kunnskapsdepartementet	305,0	305,0
Kulturdepartementet	939,2	1001,0
Landbruks- og matdepartementet	5121,0	5313,4
Miljøverndepartementet ⁵	4 184,0	4 550,5
Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet ^{6 7}	167,0	173,0
Nærings- og handelsdepartementet	625,0	734,4
Olje- og energidepartementet	4 154,0	4 465,0
Samferdselsdepartementet	12 600,0	13 600,0
Utanriksdepartementet ⁸	7 990,0	7 800,0
Sum alle departementa	39 280,0	41 445,8

¹ Denne kolonna inneheld tal både frå budsjettproposisjonen 2011 og frå saldert budsjett. Alle 2011-tala er såleis ikkje berekna på same måten. Dette må ein ta omsyn til ved samanlikning av tala frå 2011 med budsjettframlegget for 2012.

² Arbeidsdepartementet har ikkje budsjettpostar som fell inn under miljøomgrepet slik det her er definert.

³ Løyving til kjøp av klimakvotar er inkludert her.

⁴ Helse- og omsorgsdepartementets miljørelaterte tiltak går ikkje direkte fram av budsjettoppstillingane. Budsjettal er derfor utelatne her.

⁵ Miljøverndepartementets budsjettal her omfattar berre om lag halvdel av utgiftene til Statens Kartverk. Årsaka til dette er at denne etaten tener ei rekkje føremål i tillegg til dei miljøfaglege.

⁶ Tala omfattar ikkje Statsbygg/rehabilitering av verneverdige statlege bygningar. Enøk-tiltak i regi av Statsbygg er tekne med.

⁷ Denne posten omfattar òg utgifter til Fylkesmannens miljøvernnavdeling.

⁸ Norsk bistandspolitikk byggjer på standardar som er fastsette i OECD/DAC. Definisjonen av miljøtiltak avvik noko frå Miljøverndepartementets definisjon.

Tabellen over viser at mange departement nyttar store økonomiske midlar til miljøbegrunna tiltak, i tråd med sektoransvarsprinsippet. Miljøverndepartementets budsjett utgjer ein viktig, men avgrensa del av dei samla miljøløyvingane, slik desse er definerte her.

Det er og viktig å hugse at miljøpolitikk ikkje først og fremst handlar om løyvingar og budsjettpostar. Arbeid for eit betre miljø omfattar òg avgjerder som ikkje har direkte budsjettkonsekvensar. Til dømes vil planlegging av arealbruk vere viktig, det same er skattar og avgifter på miljøskadeleg produksjon og forbruk o.a.

Nedanfor er nokre av departementa sine miljørelaterte tiltak kort omtalte. Ein viser elles til departementa sine eigne budsjettproposisjonar for ein nærare gjennomgang.

Olje- og energidepartementet vil bruke 4 465 mill. kroner til miljørelaterte tiltak ei 2012, mot 4 154 mill. kroner i 2011. Regjeringa har ei satsing på energiomlegging gjennom Enova og Energifondet blir ført vidare. Grunnfondet for fornybar energi og energieffektivisering har etter siste innskot ein kapital på 25 mrd. kroner. Avkastinga frå Grunnfondet i 2011 er på totalt 996 mill. kroner. Heile avkastinga er føreslått overført til Energi-

fondet i 2012. Det blir vidare gjort framlegg om ei løyving på 20 mill. kroner til Energifondet, til demonstrasjon og utvikling av havenergi. I tillegg til løyvingane over statsbudsjettet, får Energifondet inntekter frå eit påslag på nettariffen på 1 øre/kWh, som er berekna til om lag 780 mill. kroner, og renteinntekter på om lag 130 mill. kroner i 2012. Energifondets samla inntekter i 2012 er berekna til om lag 1,93 mrd. kroner.

Til forskning på miljørelevant teknologi (i energisektoren, i petroleumssektoren og til Carbon Capture and Storage -CCS) blir det gjort framlegg på om lag 500 mill. kroner over Noregs forskingsråds budsjett. Det blir gjort framlegg om ei samla overføring til forskingsprogrammet RENERGI på 225 mill. kroner i 2012. RENERGI stør mellom anna forskning og utvikling knytt til effektive og fornybare energiteknologiar og til effektive energisystem der miljøomsyn står sentralt. Til satsing og oppfølging av CO₂-handteringsprosjekta (Mongstad fullskala, transport og lagring av CO₂ frå Mongstad, teknologisenteret på Mongstad og CCS mulighetsstudie utover Mongstad) er det samla føreslått om lag 2,75 mrd. kroner. Arbeidet med å nå målet om null miljøfarlege utslepp til sjø frå petroleumsverksemda blir ført vidare. Regjeringa legg vekt på å redusere CO₂-utsleppa frå norsk sokkel.

Samferdselsdepartementet sine oppgåver omfattar både tiltak for å endre transportstrukturen i miljøvennleg retning og tiltak som i seg sjølve kan ha negative miljøkonsekvensar som må reduserast. Eitt av hovudmåla i Norsk Transportplan 2010-2019 er at transportpolitikken skal medverke til å avgrense klimagassutsleppa, redusere miljøskadelege verknader frå transport og medverke til å nå nasjonale mål og internasjonale plikter Noreg har på miljøområdet. Samferdselsdepartementet legg opp til å nytte 13,6 mrd. kroner til miljørelaterte tiltak i 2012, mot 12,6 mrd. kroner i 2011. Til investeringar, vedlikehald og drift i jernbanenettet vil det bli løyvd 9 948,2 mill. kroner, mot 9 266,4 mill. kroner i saldert budsjett 2011. Desse tiltaka skal betre kapasiteten og regulariteten i trafikkavviklinga og gi rom for å føre over meir gods- og persontransport til jernbane. Denne hausten blir fleire store nyanlegg på jernbana fullførte og tekne i bruk: Gevingåsen tunnel på strekninga mellom Trondheim og Stjørdal blei innvia i august. Det nye dobbeltsporet Lysaker – Sandvika på om lag 7 km som vart opna i september, gjer at det no er fire spor mellom Lysaker og Asker og dermed større kapasitet på den tett trafikkerte Drammenbanen. Seinare i år blir og det om lag 8 km nye dobbeltsporet Barkåker-Tønsberg på

Vestfoldbanen tatt i bruk. Arbeidet på det om lag 14 kilometer lange dobbeltsporanlegget Holm-Nykirke, med ny Holmestrand stasjon inne i fjellet, går vidare i 2012, med sikte på opning i 2015. I 2012 startar òg arbeid med den 23 km lange Eidanger-parsellen, som er ei full omlegging av strekninga Larvik – Porsgrunn, og ei 17 km lang dobbeltsporstrekning på Dovrebanen langs Mjøsa. Planlegginga av nytt dobbeltspor Oslo S-Ski held fram i 2012. Arbeidet med totalfornying av jernbanens infrastruktur i Oslo (Etterstad-Lysaker) vil bli fullført neste år. Det er vidare ein auke på til saman om lag 100 mill. kroner til kollektivtiltak og til gang- og sykkeltiltak langs riksvegnettet. Belønningsordninga for auka kollektivtrafikk i dei større byområda får ei løyving på 411 mill. kroner.

Det er berekna at *Justis- og politidepartementet* nyttar 94 mill. kroner til ulike miljørelaterte tiltak i 2012. For Justisdepartementet er det ei prioritert oppgåve å motverke miljøkriminalitet. I følgje ei trusselvurdering frå Økokrim, er forureiningskriminalitet i form av utslepp eller nedgravd avfall den største miljøtrusselen mot samfunnet. I Økokrim blir miljøkriminalitet følgt opp av eit eige miljøteam og av eigne miljøkoordinatorar i politidistrikta. Justisdepartementet har og ansvaret for dei viktige miljøoppgåvene til Sysselmannen på Svalbard. Sysselmannen vil prioritere førebygging, informasjonsarbeid, rettleiing og tilsyn med ferdseil og av verksemd på øygruppa. Over Svalbardbudsjettet blir det gjort framlegg om 14,6 mill. kroner til å starte bygging av eit reinseanlegg ved kolkraftverket i Longyearbyen. Tiltaket vil redusere utsleppa av støv, SO₂ og NO_x og på denne måten innfri kravet frå Klima- og forureiningsdirektoratet om reduserte utslepp til luft.

På *Fiskeri- og kystdepartementets* budsjett vil om lag 1 463 mill. kroner bli nytta til ulike miljøtiltak i 2012, mot 1 408 mill. kroner i 2011. Oljevernet blir styrka med 15 mill. kroner, og det blir ein auke på 30 mill. kroner til BarentsWatch, som gir betre oversikt over overvåkingsdata, inkl. miljøovervåkinga. Kartleggingsprosjektet for havområda –Mareano –får ei auka løyving på 12 mill. kroner.

Kommunal- og regionaldepartementet vil i 2012 nytte om lag 80 mill. kroner på miljørelaterte tiltak, i hovudsak knytt til bustadar, bumiljø og bygg. Det er eit viktig mål å redusere energibruken i bustader og bygningar. Miljøhandlingsplanen for bustad- og byggsektoren 2009-2012 *Bygg for framtida* blir følgt opp vidare. Her inngår mellom anna å formidle kunnskap om energi- og andre miljøkrav i den nye plan- og bygningslova. I den nye byggtkniske forskrifta som tok til å

gjelde 1. juli i år, blei krava til energiforsyning skjerpa. Det er mellom anna innført forbod mot å installere oljekjel til bruk som hovudvarmekjelde. Kommunal- og regionaldepartementet vil òg bidra i samarbeidsprogramma Framtidas byar og Låg-energiprogrammet i 2012.

Framlegget til statsbudsjett inneber at *Utanriksdepartementet* vil nytte 7 800 mill. kroner til miljørelaterte tiltak i 2012. Regjeringa vidarefører innsatsen mot avskoging og øydelegging av skog i utviklingsland, som utgjer om lag ein sjettedel av dei samla klimagassutsleppa i verda. Innsatsen til rein energi og klimatilpassing aukar.

Noreg skal vere ein langsiktig og truverdig forvaltar av miljøverdiane i nordområda. Miljø-samarbeidet med Russland omfattar økosystem-basert forvaltning av heile Barentshavet. Samarbeidet om klimaendringar og følgjene av dei skal òg byggjast opp. Samarbeidet om miljøforvaltning i grenseområdet og overvaking av forureiningane frå Nikel skal først vidare og styrkast. Det same gjeld samarbeidet om kontroll av petroleumsvirksomme offshore, forureiningskontroll og handtering av miljøfarleg avfall. Atomsikringssamarbeidet med Russland skal blant anna medverke til å redusere risikoen for ulukke og forureining, hindre at radioaktivt materiale kjem bort og styrkje russisk forvaltning på området. Hovudprioriteringar i 2012 vil vere å sikre og å rehabilitere lageranlegget for brukt kjernebrensel og radioaktivt avfall i Andrejevbukta på Kola, å fullføre arbeidet med å fjerne strålefarlege kjelder frå fyrlykter i russisk del av Austersjøen, i tillegg til samarbeid innanfor tilsyn, beredskap og miljøovervaking med eit felles tokt til Karahavet. I samarbeidet om felles miljøutfordringar vil ein leggje særleg vekt på å tryggje havmiljøet og på grensenært samarbeid, naturmangfald, klima og miljøgifter.

Satsinga på klima i utviklingssamarbeidet skal både medverke til å redusere klimaskadelege utslepp og å lette dei fattige landa si tilpassing til klimaendringane. Regjeringa vil derfor auke løyvingane til klimatilpassing. Noreg prioriterer òg å hjelpe utviklingslanda i å utnytte fornybare energiressursar (vassraft, sol og vind), i staden for auka bruk av fossile energikjelder. Det norske initiativet *Rein energi for utvikling* utgjer ein sentral del av den samla norske politikken på klima- og energiområdet. Satsinga på rein energi blir styrkt i 2012-budsjettet.

I tillegg til klima- og miljø-satsing innanfor bistandsbudsjettet, vil Regjeringa gjennom EØS Finansieringsordningane 2009-2014 styrke arbeidet med miljø, klima og karbonfangst og lagring. EØS. Finansieringsordningane er totalt på 1 788,5

mill. Euro. Minst 30 pst. under EØS-ordningen skal benyttes til miljøvern og tiltak mot klimaendringar. Dette utgjer om lag 296,5 mill. Euro. I tillegg skal minst 20 pst. av den norske ordningen benyttes til karbonfangst og –lagring.

På *Forsvarsdepartementets* budsjett er det rekna at vel 1,3 mrd. kroner går til miljøtiltak i 2012. Kystvaktas oppgåver i samband med miljø- og ressursovervaking utgjer vel 40 prosent av dei miljørelaterte utgiftene under Forsvarsdepartementet, slik dei her er definerte. Gjennom mange år har Forsvaret sine skyte- og øvingsaktivitetar medført ulike former for belastningar på naturmiljøet. Opprydding i tidlegare skyte- og øvingsfelt og andre eigedommar som blir avhenda, mellom anna det store Hjerkinns skytefelt på Dovrefjell, blir ført vidare i 2012. Ein tek sikte på at store delar av arealet på Hjerkinns skal kunne tilfredsstille krava til vern etter naturmangfaldlova og bli ein del av tilgrensande verneområde. Tidlegare forsvarsområde blir mange stader tekne i bruk til friluftsliv.

På *Landbruks- og matdepartementets* område blir det gjort framlegg om ein auke i dei miljørelaterte utgiftene på 192 mill. kroner, frå 5 121 mill. kroner i 2011 til 5 313,4 mill. kroner i 2012. Den langt største delen av desse midlane (90 prosent) går over Jordbruksavtala. Kulturlandskap, vassmiljø og klima er prioriterte i avtala i år (med budsjettverknad for 2011). Midlane til miljø- og klimatiltak i Jordbruksavtala går opp med 210 mill. kroner, som blant anna er fordelt på tiltak for å sikre eit ope og variert jordbruks- og kulturlandskap, redusert forureining frå jordbruket og tiltak for å betre vasskvalitet. Det blir arbeidd med å vidareutvikle miljørapporteringa i landbruket, herunder å kome fram til betre indikatorar for oppnådde miljøeffektar.

På *Nærings- og handelsdepartementets* område går 734,4 mill. kroner til miljørelaterte tiltak i 2012, mot om lag 625 mill. kroner i 2011. Auken frå 2011 til 2012 skuldast i hovudsak at Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard (DMF) har fått om lag 60 mill. kroner til pålagde tiltak mot forureining frå den tidlegare gruveverksemda på Løkken i Sør-Trøndelag. Vidare er tilsagnsbeløpet til prosjekt der føremålet er miljøforbedring under innovasjon Norge noko høgare enn i fjor. Til den etablerte ordninga for miljøteknologi i Innovasjon Norge blir det løyvd 257 mill. kroner.

Finansdepartementet har ansvar for å legge grunnlaget for effektiv ressursforvaltning. Gjennom arbeidet med den økonomiske politikken vil Finansdepartementet medverke til at den økono-

miske utviklinga skjer på et miljømessig forsvarlig grunnlag. Direkte miljørelaterte løyvingar over departementet sitt driftsbudsjett i 2012 er rekna til 2 mill. kroner og gjeld mellom anna finansiering av klimarelatert økonomisk forskning og utgreiing, arbeid i tilknytning til dei internasjonale klimaforhandlingane og handel med klimakvotar (sjå nedanfor). Arbeidet med å leggje om bilavgiftene i meir miljøvennleg retning blir ført vidare.

Handel med klimakvoter

Som følge av Kyoto-protokollen har Norge tatt på seg ein forpliktelse knyttet til utslepp av klimagasar i perioden 2008–2012. På usikkert grunnlag er det rekna at staten har eit årlig overskot i høve til pliktene i avtalen. Det er vedtatt at Noreg skal overoppfylle Kyoto-avtala for inneverande periode (2008–2012) med 10 pst., noko som svarar til 5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar årleg. I tillegg har Regjeringen valt å overoppfylle med 1,5 mill. tonn CO₂ årleg gjennom å avstå frå å bruke kvotar frå tilvekst i skog.

For 2012 blir det gjort framlegg om ei løyving på 508,5 mill. kroner til kjøp av klimakvoter og ein fullmakt til å inngå avtaler om kjøp av utslippskvoter innanfor ei samla ramme på 2 800 mill. kroner. Av dette beløpet er 1000 mill. kroner knytt til kvotar som blir levert etter 2012. Ordninga med kvotekjøp for statsansatte sine flyreiser blir føreslått avvikla. Kvotekjøp under denne ordninga skjer etterskotsvis to gonger årleg, på grunnlag av registrerte reiser. Det er rekna at det i 2012 trengst 5 mill. kroner til kjøp av slike kvotar, mot 10 mill. kroner i 2011.

Som nemnt over er miljøtiltak på andre departement sine område nærare omtalte i budsjettproposisjonane frå dei einskilde departementa. Her finn ein òg ei omtale av:

- utfordringar knytte til miljø- og ressursforvaltning på departementa sine ansvarsområde
- mål for departementa sitt arbeid med desse utfordringane
- oppnådde resultat i 2010
- ressurs- og miljøtiltak i budsjettforslaget for 2012.

4 Oversiktstabellar

4.1 Merknader til budsjettframlegget

Regjeringa foreslår ei samla løyving til Miljøverndepartementet på 4 893,5 mill. kroner på utgiftsida og 1 385,2 mill. kroner på inntektssida.

4.2 Utgifter

Utgifter under programkategori 12.10 fordelte på kapittel

(i 1000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
1400	Miljøverndepartementet	576 564	580 098	575 497	-0,8
1410	Miljøvernforskning og miljøovervaking	495 127	522 135	548 291	5,0

Utgifter under programkategori 12.20 fordelte på kapittel

(i 1000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
1425	Vilt- og fisketiltak	74 756	80 100	79 900	-0,2
1426	Statens naturoppsyn	201 755	211 832	218 691	3,2
1427	Direktoratet for naturforvaltning	1 109 338	1 113 531	1 292 179	16,0

Utgifter under programkategori 12.30 fordelte på kapittel

(i 1000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
1429	Riksantikvaren	440 030	429 965	448 897	4,4
1432	Norsk kulturminnefond	57 039	59 480	59 480	0,0
	Sum kategori 12.30	497 069	489 445	508 377	3,9

Utgifter under programkategori 12.40 fordelt på kapittel

(i 1000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
1441	Klima- og forureiningsdirektoratet	646 159	655 482	699 154	6,7
1445	Miljøvennleg skipsfart	3 930	4 000	4 000	0,0
1447	Miljøomsyn i offentlege innkjøp	13 316	18 000	18 000	0,0
1448	Radioaktiv forureining i det ytre miljø		11000	11 214	1,9
	Sum kategori 12.40	663 405	688 482	732 368	6,4

Utgifter under programkategori 12.50 fordelt på kapittel

(i 1000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
1465	Statens kartverk, arbeid med tinglysing og nasjonal geografisk infrastruktur	399 990	601 685	630 917	4,9
2465	Statens kartverk	6 903	12 000	12 000	0,0
	Sum kategori 12.50	406 893	613 685	642 917	4,8

Utgifter under programkategori 12.60 fordelt på kapittel

(i 1000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
1471	Norsk Polarinstitut	246 510	246 520	246 414	0,0
1472	Svalbard miljøvernfond	13 164	11 730	11 730	0,0
1473	Radioaktiv forureining av det ytre miljø	11000			
1474	Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning	13 941	37 023	37 099	0,2
	Sum kategori 12.60	284 615	295 273	295 243	0,0

4.3 Inntekter

Inntekter under programkategori 12.10 fordelt på kapittel

(i 1000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
4400	Miljøverndepartementet	6 232	1 777	1 832	3,1
	Sum kategori 12.10	6 232	1 777	1 832	3,1

Inntekter under programkategori 12.20 fordelt på kapittel

(i 1000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
4426	Statens naturoppsyn	432	248	256	3,2
4427	Direktoratet for naturforvaltning	18 764	12 409	15 422	24,3
5578	Sektoravgifter under Miljøvern- departementet	85 075	88 600	88 400	-0,2
	Sum kategori 12.20	104 271	101 257	104 078	2,8

Inntekter under programkategori 12.30 fordelt på kapittel

(i 1000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
4429	Riksantikvaren	14 704	5 383	5 550	3,1
4432	Norsk kulturminnefond	57 039	59 480	59 480	0,0
	Sum kategori 12.30	71 743	64 863	65 030	0,3

Inntekter under programkategori 12.40 fordelt på kapittel

(i 1000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
4441	Klima- og forureiningsdirektoratet	71 449	78 232	81 821	4,6
	Sum kategori 12.40	71 449	78 232	81 821	4,6

Inntekter under programkategori 12.50 fordelt på kapittel

					(i 1000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
4465	Statens kartverk, arbeid med tinglysning og nasjonal geografisk infrastruktur	1 032 988	1 023 305	1 048 000	2,4
5465	Statens kartverk	4 898			
	Sum kategori 12.50	1 037 886	1 023 305	1 048 000	2,4

Inntekter under programkategori 12.60 fordelt på kapittel

					(i 1000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
4471	Norsk Polarinstittutt	70 935	70 510	72 696	3,1
4472	Svalbard miljøvernfond	6	25		-100,0
5578	Sektoravgifter under Miljøverndepartementet	13 158	11 705	11 705	0,0
	Sum kategori 12.60	84 099	82 240	84 401	2,6

Utgifter fordelt på postgrupper

					(i 1000 kr)
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
01-01	Driftsutgifter	1 127 923	1 366 650	1 438 276	5,2
11-23	Varer og tenester	1 121 520	1 154 503	1 203 169	4,2
30-49	Nybygg, anlegg m.v.	512 224	442 084	515 284	16,6
50-59	Overføringer til andre statsrekneskaper	397 254	411 295	420 626	2,3
60-69	Overføringer til kommunar	10 121	6 000	6 000	0,0
70-89	Overføringer til private	1 140 480	1 214 049	1 310 108	7,9
	Sum under departementet	4 309 522	4 594 581	4 893 463	6,5

Inntekter fordelt på postgrupper

(i 1000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
01-29	Sal av varer og tenester m.v.	1 212 477	1 188 790	1 221 279	2,7
50-91	Skattar, avgifter og andre overføringer	158 305	162 884	163 883	0,6
	Sum under departementet	1 370 782	1 351 674	1 385 162	2,5

**Oversikt over bruk av stikkordet
«kan overførast»**

Det blir foreslått å knytte stikkordet «kan overførast» til dei postane som er viste i tabellen nedanfor. Dette er postar der det knyter seg stor

uvisse til utbetalingsår. For å kunne sikre utbetaling av tilsegn om tilskot i 2011 og tidlegare år, må postane tilføyast stikkordet «kan overførast».

**Under Miljøverndepartementet blir stikkordet foreslått knytta til desse postane utanom postgruppe 30-49

(i 1000 kr)

Kap.	Post	Nemning	Overført til 2011	Forslag 2012	Grunngjeving for stikkordet
1400	22	Spesielle driftsutgifter knytte til lokalt miljøvern og universell utforming	737	3 000	
1400	73	Tilskot til kompetanseformidling og informasjon om miljøvennleg produksjon og forbruk	379		
1400	74	Tilskot til AMAP		3 700	
1400	75	Miljøvennleg byutvikling	1 351	31 000	
1400	76	Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak	3 379	21 346	
1400	80	Tilskot til universell utforming og tilgjenge for alle	418	600	
1400	81	Tilskot til byutvikling og lokalt miljøvern	13 488	29 000	
1425	70	Tilskot til fiskeformål	322	8 900	
1425	71	Tilskot til viltformål	9 431	43 500	
1427	70	Tilskot til kalking og lokale fiskeformål	1 646	88 000	
1427	71	Forvaltningstiltak i verdensarvsområde	8	9 600	
1427	73	Førebyggjande og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltninga	7 908	68 100	
1427	74	Tilskot til friluftslivstiltak	902	17 693	
1427	76	Nasjonalsentra og andre naturinformasjonssentra	5 874	37 000	
1427	78	Tilskot til interkommunale friluftsråd og landsomfattande samarbeidsorgan for friluftsliv		17 075	

(i 1000 kr)					
Kap.	Post	Nemning	Overført til 2011	Forslag 2012	Grunngjeving for stikkordet
1427	81	Verdiskapingsprogram for naturarven	6 174	10 000	
1427	82	Tilskot til prioriterte arter og utvalde naturtypar	5 820	33 000	
1429	72	Vern og sikring av freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø	9 926	225 112	
1429	73	Brannsikring og beredskapstiltak	137	10 953	
1429	74	Fartøyvern	2 387	43 712	
1429	75	Internasjonalt samarbeid	1	1 100	
1429	77	Verdiskapingsprogram på kulturminneområdet	507	8 000	
1429	78	Tilskot til avgjerdsgrunnlag for utøving av mynde innan arkeologi	38	8 500	
1465	21	Spesielle driftsutgifter	10 151	436 486	
1471	21	Spesielle driftsutgifter	5 597	59 395	
1474	50	Tilskot til stateleg mottakarar		13 000	
1474	70	Tilskot til private mottakarar	3 417	20 000	

5 Om oppfølging av oppmodingsvedtak frå Stortinget

Vedtak nr. 639, 15. juni 2011

«Stortinget har den 15. juni 2011 vedtatt en anmodning til Regjeringen i forbindelse med statsbudsjettet for 2013 å foreta en gjennomgang av frilufsloven og andre tilstøtende lover og regelverk med formål å fjerne restriksjoner mot nye frilufsformer i norsk natur og åpne naturen for nye brukergrupper innenfor økologisk bærekraftige rammer.

Anmodningen oversendes Miljøverndepartementet for oppfølging»

Miljøverndepartementet uttaler i brev 18. august 2011:

«Miljøverndepartementet vil igangsette et arbeid med en gjennomgang av frilufsloven og andre tilstøtende regelverk for å klargjøre hvilke restriksjoner som gjelder for nye frilufs-

former. Gjennomgangen vil bli lagt frem for Stortinget i Prop. 1 S (2012-2013) for Miljøverndepartementet».

Vedtak nr. 687, 17. juni 2011

«Stortinget har den 17. juni 2011 vedtatt en anmodning til Regjeringen om å gjennomføre følgende tiltak i forvaltningen av gaupe, jerv, ulv og bjørn:... Dok 8:163 S (2010-11)

Anmodningen oversendes Miljøverndepartementet for oppfølging»

Miljøverndepartementet uttaler i brev 18. august 2011:

Miljøverndepartementet vil redegjøre for oppfølgingen av vedtaket i Prop. 1 S (2011-2012) for Miljøverndepartementet. Redegjørelsen følger i kapittel 6 under Programkategori 12.20.

Del II
Miljøverndepartementets
budsjettforslag for 2012

6 Omtale av kapittel og post

Programkategori 12.10 Fellesoppgåver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.

Utgiftene under programkategori 12.10 kan først tilbake til alle resultatområda. Kategorien omfattar verksemda til Miljøverndepartementet medrekna tilskot som blir behandla i departementet og løyvingar til forskning og overvaking. Delar av løyvingane kan bli stilte til disposisjon for eta-

tane som er underlagt departementet når det er naturleg at etatane utfører oppgåvene.

Foreslått løyving knytt til programkategorien for 2012 er på 1 123,8 mill. kroner. Dette er ein auke på om lag 21,6 mill. kroner, eller 2 pst. samanlika med saldert budsjett for 2011.

Utgifter under programkategori 12.10 fordelte på kapittel

(i 1000 kr)						
Kap.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12	
1400	Miljøverndepartementet	576 564	580 098	575 497	-0,8	
1410	Miljøvernforskning og miljøovervaking	495 127	522 135	548 291	5,0	
	Sum kategori 12.10	1 071 691	1 102 233	1 123 788	2,0	

Kap. 1400 Miljøverndepartementet

(i 1000 kr)					
Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	
01	Driftsutgifter	220 964	229 013	238 905	
21	Spesielle driftsutgifter	155 682	153 405	147 532	
22	Spesielle driftsutgifter knytte til lokalt miljøvern og universell utforming, <i>kan overførast</i>	1 768	3 000	3 000	
70	Grunnstøtte til frivillige miljøvernorganisasjonar	41 528	42 505	49 577	
71	Internasjonale organisasjonar	42 560	45 429	46 837	
73	Tilskot til kompetanseformidling og informasjon om miljøvennleg produksjon og forbruk, <i>kan overførast</i>	21 273	18 750		
74	Tilskot til AMAP, <i>kan overførast</i>	3 700	3 700	3 700	
75	Miljøvennleg byutvikling, <i>kan overførast</i>	35 444	31 000	31 000	

(i 1000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
76	Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak, <i>kan overføres</i>	19 128	20 696	21 346
79	Den nordiske verdsarvstiftelsen	5 000	5 000	4 000
80	Tilskot til universell utforming og tilgjenge for alle, <i>kan overføres, kan nyttast under post 22</i>	450	600	600
81	Tilskot til byutvikling og lokalt miljøvern, <i>kan overføres, kan nyttast under post 22</i>	29 067	27 000	29 000
Sum kap. 1400		576 564	580 098	575 497

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda.

Løyvinga dekkjer dei ordinære driftsutgiftene som er naudsynte for at Miljøverndepartementet skal kunne halde ved lag ei god verksemd. Om lag to tredelar av løyvinga gjeld lønn til fast tilsette i departementet. Talet på tilsette har variert i løpet av den siste 10-årsperioden, frå nedgang i perioden 2001 til 2005 (frå 256 årsverk til 223 årsverk) og ei styrking opp til 254 årsverk i 2011 som følgje av auka innsats innanfor områda klima og naturmangfald.

Om lag ein tredel av løyvinga går til å dekkje husleige, fornying av materiell, inventar og utstyr, blant anna drift og utvikling av IT-anlegget til departementet, reiseutgifter, kurs- og konferanseverksemd og tiltak for kompetanseutvikling. Av desse fellesutgiftene er husleige og IT-utgifter dei største. Departementet har òg høge reiseutgifter grunna det internasjonale miljøarbeidet.

Innanfor løyvinga vil departementet nytte eit beløp til kjøp av klimakvotar. Beløpet vil tilsvare dei inntektene departementet tek inn ved parkering på departementet sitt område. Desse inntektene blir førte under kap. 4400, post 02 og er berekna til om lag 100 000 kroner i 2012.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda.

Løyvinga på denne posten dekkjer utgifter til kjøp av utgreiingar. Lønn til mellombels tilsette som er knytte til faglege prosjekt kan òg førast over posten. Prosjekta relaterer seg til heile miljøvernforvaltningas ansvarsområde.

Miljøpolitikken står overfor store utfordringar og det er viktig å ha eit grundig fagleg fundament for den politikken som blir lagt opp. Det er derfor viktig at Miljøverndepartementet har tilstrekkelege ressursar til å kunne initiere utgreiingar av ny politikk og evaluere politiske tiltak og verkemiddel som er sette i gang eller gjennomførte. I tillegg blir ressursar nytta til å vurdere miljøkonsekvensar av forslag som er fremja frå andre sektorar.

I 2012 er posten redusert med 5,9 mill. kroner. Reduksjonen skuldast omdisponering av midlar og flytting av tiltak til andre postar. Blant anna er 1,4 mill. kroner flytta til kap. 1441 post 01 i samband med kostnadar ved toksikologiske prøver.

Løyvingane som er foreslått i 2012-budsjettet vil blant anna bli nytta til ei styrking av planarbeidet i hovudstadsområdet. I samband med iverksetjing av ny plan- og bygningslov i 2009 er det sett av midlar til å styrkje plan- og miljøkompetansen både regionalt og kommunalt. Dette skal medverke til auka kunnskap om fagfeltet og dei høva den nye lova gir kommunane til å fatte vedtak som gir berekraftig utvikling av lokalsamfunn og miljø. Likeins finansierer posten utgifter til kompetansebygging i kommunane på naturmangfaldlova.

Utarbeiding av ein nasjonal handlingsplan for friluftsliv vidareførast med 4 mill. kroner i 2012. I 2011 vart midlane til artsprosjektet samla på posten. I 2012 er det løyvd 25 mill. kroner til prosjektet.

Post 22 Spesielle driftsutgifter knytte til lokalt miljøvern og universell utforming, kan overføres

Midlane under posten er knytte til underområde verkemiddel og arbeidsmåtar under virkemid-

delomtala regelverk og system og resultatområde 7 Godt bymiljø.

Løyvinga på 3 mill. kroner skal nyttast til statens egne utgifter knytt til lokalt miljøvern og universell utforming. Sjå nærare omtale under kap. 1400 post 80 Tilskot til universell utforming og tilgjenge for alle og post 81 Tilskot til byutvikling og lokalt miljøvern.

Post 70 Frivillige miljøorganisasjonar og allmenntytige miljøvernstiftelsar

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda.

Som omtalt i Prop. 1 S (2010-2011), vil ordninga med grunnstøtte til frivillige miljøvernorganisasjonar bli lagt om i 2012. Forskrift om tilskot til frivillige miljøorganisasjonar og allmenntytige miljøstiftelsar er venta fastsett i byrjinga av oktober 2011 med søknadsfrist for organisasjonane og stiftelsane tidlegast to veker seinare. Organisasjonane og stiftelsane er orienterte om innholdet i forskrifta og at det blir ei kort søknadsfrist.

Som namnet på forskrifta seier, inneber omlegginga at også miljøstiftelsar kjem inn under grunnstøtteordninga. Tilskotsordninga gjeld frivillige miljøorganisasjonar og miljøstiftelsar med hovudformål innanfor Miljøverndepartementets ansvarsområde. Ein føresetnad er at organisasjonar og stiftelsar som søker tilskot for første gangen må ha eksistert i minst fire år og skal kunne beskrive verksemda i årsmeldingar for dei siste fire åra før søknadsåret.

Den nye ordninga inneber elles at 70 pst. av løyvinga blir fordelt etter:

- om tilskotsmottakaren er ein frivillig organisasjon, ein barne- og ungdomsorganisasjon, ei samanslutning av organisasjonar (paraplyorganisasjon) eller ein allmenntytig stiftelse,
- talet på personlege medlemmer og medlemsinntekter frå personlege medlemmer
- talet på personlege gjevarar etter skattelovs reglar for frådrag for gåver til visse frivillige organisasjonar m.m. og gjevarinntektene får desse personane,
- talet på lokallag og fylkeslag eller regionale lag.

Dei resterande 30 pst. blir fordelte etter ei vurdering av den betydninga organisasjonane og stiftelsane har i samfunnet.

Ved den nye ordninga ser ein tilskota under den tidlegare ordninga under 70-posten i samheng med dei øyremerkte tilskota under post 73, Tilskot til kompetanseformidling og informasjon

om miljøvennleg produksjon og forbruk. Post 73 blir lagd ned og dei øyremerkte tilskota går anten inn den nye tilskotsordninga eller blir overførte til ei av dei statlege verksemdene Direktoratet for Naturforvaltning, Klima- og forureiningsdirektoratet og Riksantikvaren.

Overføring til dei nemnde verksemdene heng saman med at organisasjonar med utprega faglege avgrensingar er vanskelege å passe inn i den nye tilskotsordninga, og at dei nemnde verksemdene har den faglege kontakten med dei aktuelle organisasjonane og best kan vurdere organisasjonane si betydning i samfunnet. Vi viser til omtale under kap. 1427 post 83 og kap. 1441 post 71 og 80. Tilskotet til Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO) er flytta til kap. 1427 post 78 for å kunne sjå tilskota innan friluftsliv i samheng. Tilskotet til Norsk forening for fartøyvern er flytta til kap. 1429 post 74 Fartøyvern.

Tilskotsordninga vil etter dette omfatte følgjande organisasjonar og stiftelsar i 2012:

- Den Norske Turistforening
- Forbundet Kysten
- Fortidsminneforeningen
- Framtiden i våre hender
- Grønn hverdag
- Idébanken
- Miljøagentene
- Miljøstiftelsen Bellona
- Natur og Ungdom
- Noregs Jeger- og fiskerforbund
- Noregs kulturvernforbund
- Norges Miljøvernforbund
- Norges Naturvernforbund
- Norsk kulturarv
- Regnskogfondet
- Samarbeidsrådet for biologisk mangfold
- WWF-Norge
- Zero

Tilskotet til den einskilde organisasjon og stiftelse vil bli fastsett etter søknad og ut frå tildelingskriteria.

Mål

Formålet med tilskotsordninga er å leggje til rette for eit breitt folkeleg engasjement for miljø saker. Tilskotsordninga skal stimulere til miljøaktivitetar lokalt, regionalt og nasjonalt. Tilskotsordninga gjeld for frivillige organisasjonar og allmenntytige stiftelsar med hovudformål for verksemda innanfor miljøforvaltninga sitt ansvarsområde.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging og kontroll går føre seg ved generell formalia- og sannsynskontroll av innsende årsmeldingar, og rekneskap stadfest av revisor.

Post 71 Internasjonale organisasjonar

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda. Løyvinga er foreslått auka med om lag 1,4 mill. kroner. Auken relaterer seg til ei generell prisjustering.

Mål

Målsetjinga med løyvinga er å medverke til å halde ved lag drifta av organisasjonar som utfører viktig miljøretta arbeid av verdi for Noreg.

Løyvinga skal dekkje obligatoriske bidrag til internasjonale organisasjonar der Noreg deltek aktivt. Løyvinga under denne posten er ei direkte følge av at Stortinget har ratifisert avtaler med budsjettbindingar, eller at Regjeringa har vedteke norsk medlemskap. I tillegg blir det gitt eit frivillig bidrag til FNs miljøprogram (UNEP). Ordninga er ikkje open for søknad.

Følgjande internasjonale organisasjonar får bidrag:

- FNs miljøprogram (UNEP)
- Den internasjonale hydrografiske organisasjon (IHO)
- Den internasjonale naturvernunionen (IUCN)
- Fellessekretariat for Oslo- og Pariskonvensjonane og Bonnaltavla (oljeforureining)
- Interimssekretariat for Ramsarkonvensjonen (vern av våtmarker)
- Konvensjonen om internasjonal handel med truga arter (CITES)
- Konvensjonen om trekkjande arter av ville dyr (Bonnkonvensjonen)
- Vassfuglaltavla under Bonnkonvensjonen (AEWA)
- Albatrossaltavla under Bonnkonvensjonen (ACAP)
- Flaggermusaltavla under Bonnkonvensjonen (EUROBATS)
- Konvensjonen om vern av ozonlaget (Wienkonvensjonen)
- Protokoll om stoff som reduserer ozonlaget (Montrealprotokollen).
- Den nordatlantiske laksevernorganisasjonen (NASCO)

- Konvensjonen om biologisk mangfald (Biodiversitetskonvensjonen/CBD)Cartagena-protokollen om genmodifiserte organismar
- Internasjonalt studiesenter for bevaring og restaurering av kulturminnesmerke (ICCROM)
- Konvensjonen om langtransporterte luftforureiningar (LRTAP)
- Det europeiske overvåkingsprogrammet for langtransport av luftforureiningar (EMEP)
- Konvensjonen om kontroll med grenseoverskridande transport av farleg avfall (Baselkonvensjonen)
- Det europeiske miljøvernbyrået (EEA)
- FNs klimapanel (IPCC)
- FNs Rammekonvensjon om klimaendringar (UNFCCC) Kyotoprotokollen
- Stockholmkonvensjonen om persistente organiske sambindingar (POP)
- Rotterdamkonvensjonen om notifikasjon og førehandssamtykke ved eksport av kjemikalier
- Århuskonvensjonen om miljøinformasjon Århuskonvensjonsprotokoll om forureina utslepp og utsleppsregister (PRTR)
- International Council of Monuments and Sites (ICOMOS)
- Strategic Approach to International Chemicals Management (SAICM)
- Konvensjonen om vern av ville europeiske planter og dyr, og leveområda deira (Bernkonvensjonen)

Oppfølging og kontroll

Kontroll og oppfølging av organisasjonane skjer ved generell formaliakontroll av reviderte rekneskapar og årsrapportar, deltaking i generalforsamlingar, årsmøte og liknande.

Post 73 Tilskot til kompetanseformidling og informasjon om miljøvennleg produksjon og forbruk, kan overførast

Posten blir lagd ned etter den nye tilskotsordninga for grunnstøtte til miljøorganisasjonar og allmennyttige miljøstiftelsar under post 70, jf. omtale under den posten. Nokre øyremerkte tilskot er flytta til kap. 1441 post 71 og post 80 medan dei ubundne midlane er flytta til kap. 1400 post 76.

Post 74 Tilskot til AMAP, kan overførast

Løyvinga medverkar til å oppnå måla under Internasjonalt samarbeid.

Mål

Dette er ei internasjonale forplikting Noreg har påteke seg, og målet med løyvinga er å sikre videreføring av programmet for arktisk miljøovervakning (AMAP) gjennom tilskot til drift av stiftelsen AMAP.

Stiftelsen AMAP vart oppretta av Miljøverndepartementet 24. juni 1997. Det internasjonale miljøvernssamarbeidet under den arktiske miljøvernstrategien (AEPS) tok sikte på å redusere negative miljøverknader av den aukande økonomiske aktiviteten i området. AEPS-samarbeidet er no integrert i det breiare samarbeidet i Arktisk Råd. Miljøovervåkingsprogrammet AMAP utgjer den viktigaste delen av samarbeidet.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke årsrapportar og reviderte rekneskapsversikter. I tillegg er det fagleg kontakt med stiftelsen.

Post 75 Miljøvennleg byutvikling, kan overførast

Midlane under denne posten er i hovudsak retta mot resultatområde 7 Godt bymiljø. Midlane skal nyttast til å styrkje innsatsen for eit betre miljø i Groruddalen.

Mål

Regjeringa og byrådet i Oslo har inngått ei intensjonsavtale om eit samarbeid om Groruddalen for 10-årsperioden 2007-2016.

Det langsiktige hovudmålet er ei berekraftig byutvikling, synleg miljøopprusting, betre livskvalitet og samla sett betre levekår i Groruddalen. Det skal utviklast eit lokalt og inkluderande samarbeid med dei som bur i dalen, organisasjonar, burettslag, næringsliv, bydelar og offentlege organisasjonar.

Oslo kommune har ansvaret for den heilskaplege utviklinga i Groruddalen. Miljøverndepartementet samordnar staten sin innsats. Den felles innsatsen er organisert i fire program. Miljøverndepartementet følgjer opp program 2: Alna, grønstruktur, idrett og kulturmiljø. Målet for dette programmet er å styrkje den blågrøne strukturen og naturmangfaldet i Groruddalen, gi betre forhold for friluftsliv, fysisk aktivitet og idrett. Kulturminne skal vernast og brukast og forståinga for historia skal styrkjast.

Kriterium for måloppnåing

Planarbeidet skal drivast i eit breitt samarbeid mellom partane innan program 2 og føre fram til fysiske forbetringar.

I arbeidet er det lagt vekt på tre hovudstrategiar:

- Utvikle samanhengande grønstrukturar og turvegar på langs og tvers av dalen og sjå ulike tiltak i samanheng i utvalte geografiske innsatsområde.
- Vidareutvikle Akergardane og andre kulturminne som har potensial som møtestad med ulike tenester og kulturaktivitetar.
- Utvikle ein bydelspark i kvar bydel som kan gi attraktive møtestader i det grøne og vere arena for både organiserte og uorganiserte aktivitetar.

Tildelingskriterium

Tildeling vil skje på grunnlag av søknad og handlingsprogram for program 2. Etatane og bydelane kjem med forslag til tiltak og samarbeider om dette i programgruppe 2.

Oppfølging og kontroll

Dei tiltaka som blir sette i gang, blir følgde opp fortløpande fagleg og økonomisk. Kvart tertial blir det utarbeidd rekneskapsrapportar. Det blir utarbeidd årlege rapportar og handlingsprogram for kvar programgruppe.

Evaluering

Arbeidet blir følgd opp med dokumentasjon av tilhøve ved oppstart, evaluering undervegs og midvegs og avsluttande rapport.

Post 76 Nasjonale og internasjonale miljøtiltak, kan overførast

Midlane under denne posten gjeld alle resultatområda.

Mål

Målet for ordninga er å medverke til nasjonale tiltak slik at Noreg oppfyller sine internasjonale plikter når det gjeld biologisk mangfald, klima og forureiningar, og nasjonale mål innanfor alle resultatområda.

Målet med ordninga er òg å styrkje arbeidet med miljøspørsmål som er svært viktige for

Noreg, og å få gjennomslag for norske miljøvern-politiske prioriteringar internasjonalt.

Tildelingskriterium

Tildeling av midlar er basert på kva resultat Regjeringa ønskjer å oppnå i det nasjonale miljøarbeidet og dei pliktene Noreg har teke på seg i det internasjonale miljørarbeidet, under dette blant anna Noregs bidrag til klimapanelets (IPCC) arbeid med femte hovudrapport, kontingent til *Climate Technology Initiative (CTI)* og driftsstøtte til *Grid Arendal*, Noregs tilskot til sekretariat for *Conservation of Arctic Flora and Fauna (CAFF)*, driftsstøtte til *ForUM for utvikling og miljø* og tilskudd til EU's strålevernforskning. Det er vidare sett av midlar til det internasjonale arbeidet til *Norsk Institutt for Luftforskning*, *Norsk institutt for vannforskning* og *Meteorologiske institutt*, og reise-støtte i samband med internasjonalt arbeid.

Departementet har vidareført 8 mill. kroner til opplæring i naturmangfaldlova. Av desse er 1 mill. kroner flytta frå kap. 1400 post 21 til denne posten for å finansiere tilskot knytt til opplæringa.

Det er vidare sett av 1,5 mill. kroner til eit samarbeidsprosjekt med Sverige med mål om å reetablere Vänern-laksen i Trysil-vassdraget.

Av løyvinga er 5,6 mill. kroner opne for søknader. Desse midlane vil departementet blant anna prioritere mot søknader som gjeld miljømerking og miljøsertifisering, avfallsrelaterte prosjekt, herunder blant anna arbeid med å redusere mengda mat som blir kasta og søknader som gjeld utvikling og dokumentasjon av berekraftig skogforvaltning. Samarbeid med andre nordiske land om prosjekt retta inn mot dei internasjonale klimaforhandlingane, under dette pilotprosjekt om etablering av sektorvise mekanismar i utviklingsland under den Nordiske arbeidsgruppa for globale klimaforhandlingar (NOAK), vil òg bli prioriterte.

Oppfølging og kontroll

Årsrapportar og reviderte rekneskapar frå gjennomførte prosjekt dannar grunnlaget for ein generell formaliakontroll.

Post 77 Oppfylgning av garantiansvar for miljøvern-lån

Ordninga med statsgaranterte miljølån i Industribanken (seinare Statens nærings- og distriktutviklingsfond, SND) og garanti gitt av Industribanken på vegner av staten til pålagte reinsetiltak vart avvikla frå og med 1991.

Posten blir nytta til å innfri garantiar som er gitt i samsvar med tidlegare garantifullmakt. Departementet har fullmakt til å utgiftsføre utan løyving fastslåtte tap under føresetnad av at det så snart det er føremålstenleg blir fremje forslag til løyving for Stortinget. Dette er gjort for at innfriinga av garantiar skal kunne skje på ein praktisk måte, og for at staten ikkje skal pådra seg unødige rentekostnader. Denne fullmakta blir foreslått ført vidare i 2012, jf. forslag til vedtak III. Det var ingen tap på ordningane i 2010. Garantiansvaret for dei som er avvikla, men der staten framleis sit med garantiansvar, var samla sett redusert frå om lag 1,34 mill. kroner pr. 31. desember 2009 til om lag 1,215 mill. kroner ved utgangen av 2010.

Tabell 6.1 Garantifullmakt under kap. 1400 post 77

II Statsgaranterte lån i private kredittinstitusjonar og Innovasjon Noreg (tidlegare SND)		(i 1000 kr)
a)	Tap i 2010	0
b)	Garantiansvar 31.12.10	1 215
c)	Fullmakt, nye tilsegner i 2011	0
d)	Forslag til fullmakt, nye tilsegner i 2012	0
e)	Totalramme i 2012	1 215

Post 79 Den nordiske verdsarvstiftelsen

Midlane under posten er retta mot resultatområde 6 Kulturminne og kulturmiljø.

Midlane dekkjer tilskot til Den nordiske verdsarvstiftelsen (Nordic World Heritage Foundation, NWHF).

Mål

Målet med løyvinga er å styrkje oppfølginga av UNESCOs verdsarvskonvensjon. Den nordiske verdsarvstiftelsen skal bl.a. fungere som eit knutepunkt for den samla innsatsen frå dei nordiske landa på området, tilby teknisk ekspertise, spreie informasjon og medverke til nyskapande prosjekt, reise midlar og tilby assistanse til utviklingsland.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke årsrapportar og reviderte rekneskapsrapportar. Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll.

Post 80 Tilskot til universell utforming og tilgjenge for alle, kan overførast, kan nyttast under post 22

Midlane under posten er hovudsakeleg knytte til resultatområde 7 Godt bymiljø.

Posten skal ivareta oppfølginga av St.meld. nr. 40 (2002-2003) *Nedbygging av funksjonshemmende barrierer og føremålet universell utforming* i ny plan- og bygningslov. Midlane er knytte til departementet sine tiltak i ny handlingsplan for universell utforming 2009-2013.

Dei er samordna med stimuleringsmidlar frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, knytte til handlingsplanen og særleg retta mot kommunesektoren.

Ettersom offentlege instansar har ansvaret for å resultatfølgje enkelte av tiltaka, er det behov for at ein del av midlane kan nyttast under post 22.

Mål

Ordninga skal støtte mål, strategiar og prioriterte tiltak i tråd med den nye plan- og bygningslova si styrking av universell utforming og gjennomføring av departementet sine tiltak i ny handlingsplan. Målgrupper er kommunale og regionale forvaltningsnivå, organisasjonar og offentlege og private instansar.

Kriterium for måloppnåing

Ordninga skal stimulere til nytenking i planlegging og utforming av byggverk og uteområde slik at alle, utan omsyn til funksjonsevne, kan nytte dei på ein likestilt måte. Ordninga legg til grunn at det skal vere aktiv brukarmedverknad og formidling av resultata.

Oppfølging og kontroll

Dei tiltaka som blir sette i gang vil bli følgde opp fagleg og økonomisk.

Post 81 Tilskot til byutvikling og lokalt miljøvern, kan overførast, kan nyttast under post 22

Midlane under posten er hovudsakeleg knytte til resultatområde 7 Godt bymiljø. Midlane omfattar satsinga på Framtidas byar med 25 mill kroner. Det er òg avsett midlar under kap. 1400 post 21 til Framtidas byar.

Framtidas byar

Framtidas byar er eit samarbeidsprogram mellom staten, kommunane i dei største byområda og næringslivet for å få ned klimagassutsleppa, møte klimaendringane og sikre eit godt bymiljø. Programmet er eitt av tiltaka i Klimameldinga og er starta fordi det er naudsynt med felles innsats og politisk vilje både frå kommunar og stat for å nå klimamåla. Arbeidet er kopla til «Klimaløftet».

Mål

Hovudmålet er å redusere dei samla utsleppa frå vegtransport, stasjonær energibruk, forbruk og avfall i dei største byområda. Det skal òg gjennomførast tiltak for å møte framtidige klimaendringar. Samtidig må byane halde fram med å utvikle eit godt fysisk miljø, betre helse for innbyggjarane og gode føresetnader for næringslivet.

Kommunane har utarbeidd handlingsprogram saman med regionale styresmakter og i dialog med staten. Også næringslivet, organisasjonar og innbyggjarane er trekte med. Handlingsprogramma er grunnlag for forpliktande samarbeidsavtaler mellom byane, staten og næringslivet. Avtalene skal sikre at planar og tiltak som det er semje om, blir gjennomførte av partane.

Kriterium for måloppnåing

Med bakgrunn i dei nasjonale måla og kommunane sine eigne mål for reduksjon av energibruk og klimagassutslepp, vil det bli utarbeidd informasjonssystem og indikatorar for å kunne følgje utviklinga. Det blir lagt vekt på utvikling og formidling av gode eksempel, slik at kommunane både i og utanfor programmet kan få kunnskap og inspirasjon til å gjennomføre gode og effektive tiltak. Ei samordning av tiltak og ressursar gjennom partnerskap vil venteleg føre til meir effektiv ressursbruk og raskare løysingar.

Tildelingskriterium

Regjeringa ønskjer i første rekkje avtaler med dei byane som vil gripe tak i klima- og miljøutfordringane på ein grunnleggjande ny måte, og er innstilte på å bruke verkemidla sine slik at dei bygger opp under felles visjonar, mål og strategiar. Den statlege innsatsen vil i hovudsak vere knytt til bruk av ordinære budsjett- og tilskotsmidlar, meir samordna og sterkare retta mot måla i Framtidas byar, til dømes innanfor samferdsels- og energisektoren. Midlane på denne posten kan nyttast til

kompetansebygging og andre tiltak og pilotprosjekt som er nyskapande, går på tvers av fagområda eller som utløyser andre ressursar, til dømes i næringslivet. Det er ein føresetnad at kommunane går inn med egne midlar.

Oppfølging og kontroll

Ved sida av bruk av informasjonssystem og indikatorar, blir det lagt opp til årleg rapportering av oppnådde resultat og ressursbruk innan dei prio-

riterte miljøområda. Arbeidet vil bli følgt opp fortløpande både fagleg og økonomisk, blant anna gjennom faglege samlingar og bruk av fagkoordinatorar på kvart innsatsområde.

Evaluering

Ei følgjeevaluering av programmet blir nytta til læring både på lokalt og på sentralt nivå og gir grunnlag for å vidareutvikle rammevilkår og verkemiddel.

Kap. 4400 Miljøverndepartementet

		(i 1000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2010	budsjett 2011	2012
02	Ymse inntekter	853	347	358
03	Refusjon frå Utanriksdepartementet	1 306	1 430	1 474
16	Refusjon frå fødselspengar/adopsjonspengar	2 017		
18	Refusjon av sjukepengar	2 056		
	Sum kap. 440 0	6 232	1 777	1 832

Post 02 Ymse inntekter

Under denne posten fører departementet meir tilfeldige inntekter, blant anna gebyr for parkering på området til Miljøverndepartementet. Prosjektmidlar frå Nordisk Ministerråd blir òg førte her. Meirinntekter under denne posten gir grunnlag for tilsvarende meirutgifter under kap. 1400 post 01 Driftsutgifter, jf. forslag til vedtak II nr. 1. Posten er auka i tråd med venta inntekter.

Post 03 Refusjon frå Utanriksdepartementet

Det er budsjettert med 1,5 mill. kroner i refusjon frå Utanriksdepartementet i samband med utgifter til medlemskap i Den internasjonale naturvernunionen (IUCN) som er utgiftsført over kap. 1400 post 71 Internasjonale organisasjonar.

Kap. 1410 Miljøvernforskning og miljøovervaking

(i 1000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
21	Miljøovervaking og miljødata	143 452	159 958	171 458
50	Basisløyvingar til miljøforskinsinstitutta	140 667	149 718	158 759
51	Forskningsprogram m.m.	166 518	167 518	167 518
53	Internasjonalt samarbeid om miljøvernforskning	6 160	6 351	6 548
70	Nasjonale oppgåver ved miljøforskinsinstitutta	16 038	15 038	20 188
72	Tilskot til Genøk – Senter for biotryggleik	13 900	14 900	14 900
73	Infrastrukturtiltak til miljøinstituttene	8 392	8 652	8 920
	Sum kap. 1410	495 127	522 135	548 291

Kap. 1410 Miljøvernforskning og miljøovervaking gjeld forskningsprogram, basisløyvingar og andre tilskot til miljøforskinsinstitutta m.m., og miljøovervaking og miljødata. Kapitlet rettar seg mot alle resultatområda og verkemiddelkapitlet kunnskap. Regjeringa legg vekt på å vidareføre løyvinga til forskning og overvaking på eit høgt nivå i 2012 og fremjar forslag om å auke løyvingane til forskning og overvaking med respektive 9,5 mill. kroner og 11,5 mill. kroner i 2012. I tillegg er tiltak flytta fra andre kapitel.

Post 21 Miljøovervaking og miljødata

Løyvinga er foreslått auka med 11,5 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2011. Auken omfattar 5,5 mill. kroner til å følgje opp rovviltforliket i Stortinget våren 2011. Av beløpet skal 3,5 mill. kroner gå til eit forvaltningsretta forskningsprosjekt om sørsamisk reindrift og 2 mill. kroner til styrking av rovdatabe og overvaking av rovvilt. Til styrkt overvaking av vassressursane er det lagt inn 6 mill. kroner.

Midlane under posten dekkjer dei fleste resultatområda.

Posten dekkjer utgifter til miljøovervaking og innhenting av data og miljøstatistikk knytt til dei miljøpolitiske resultatområda, under dette utgifter til resultatdokumentasjon og arbeidet med standardisering på miljøområdet. Posten dekkjer òg formidling av resultatata som blir oppnådde, blant anna utvikling og drift av Miljøstatus for Noreg på Internett. Midlar til overvaking av vilt- og fiskeresursar som kan haustast, er dekte over andre postar på Miljøverndepartementets budsjett.

Midlane blir nytta til å få fram kunnskap om miljøtilstanden og endringar i den, og er eit viktig grunnlag for å gjennomføre ein effektiv miljøvernpolitikk. Miljøovervaking og miljøstatistikk gir grunnlag for å setje mål for miljøvernpolitikken, vurdere i kva grad dei nasjonale miljømåla blir oppnådde og kva slag miljø- og helseverknader ein oppnår med verkemiddelbruk og tiltak. I tillegg pliktar Noreg gjennom ei rekkje internasjonale miljøavtaler å dokumentere utviklinga i miljøet og dei faktorane som påverkar miljøtilstanden, og deltek i ei rekkje internasjonale overvakingssystemprogram. Resultata frå desse programma er det viktigaste grunnlaget for revisjon av eksisterande internasjonale avtaler og etablering av nye. Mange endringar i miljøtilstanden skjer gradvis og over lang tid. For å få den nødvendige informasjonen må overvakingssystemprogramma derfor gå over fleire år. Dette gjeld først og fremst område der det er nødvendig å underbyggje argumenta for tiltak med eit godt kunnskapsunderlag, blant anna utslepp av næringsstoff til vassdrag og fjordområde, sur nedbør og ozon.

Det er i hovudsak forskningsinstitutt og andre som gjennomfører den praktiske innsamlinga og behandlinga av overvakingssystemdata.

Situasjonen for tareskogen med tilhøyrande økosystem langs kysten er framleis alvorleg. Kunnskapen vi no har om årsaker til situasjonen gir grunnlag for å setje i verk tiltak. Det er gjort ei meir omfattande kartlegging av tilhøva for tareskogen langs heile kysten og rapporten frå denne vil liggje føre hausten 2011. Den vil gi grunnlag for meir målretta tiltak for tareskogen.

Posten dekkjer òg overvaking av forureiningar og farlege kjemikaliar, det tverrsektorielle nasjonale programmet for kartlegging og overvaking av biologisk mangfald, kvalitetssikring av data frå det kommunale kartleggingsprogrammet, bestands- overvaking av rovvilt, vidareføring av sjøfuglprogrammet SEAPOP og auka overvaking av truga og sårbare arter, blant anna tareskog.

Post 50 Basisløyvingar til miljøforskinsinstitutta

Midlane under posten dekkjer dei fleste resultat- områda.

Løyvinga i 2012 er foreslått auka med 9,0 mill. kroner til 158,8 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2011, for å styrkje den langsiktige kompetanseoppbygginga i sektoren. Posten dekkjer grunnløyvinga til fordelingsarena for miljøinstitutt (miljøforskinsinstitutta og Transportøkonomisk institutt) og dei strategiske instituttløyvingane til miljøforskinsinstitutta, og strategiske instituttløyvingar til Bioforsk, Jord og miljø på fordelingsarena for primærnæringsinstitutt. Frå 2012 dekkjer posten òg at Nansensenteret (NERSC – Nansen Environmental and Remote Sensing Center) er inkludert i den statlege basisfinansieringa på fordelingsarena for miljøinstitutt med 4,4 mill. kroner.

I 2012 vil 5 pst. av grunnløyvinga bli omfordelt etter oppnådde resultat på resultatindikatorar som vitenskapleg publisering, samarbeid med universitet og høgskular (avlagte doktorgrader og bistillingar), internasjonale inntekter, inntekter frå Noregs forskingsråd og nasjonale oppdragsinntekter.

Mål

Fordelingsarenaen for miljøinstitutta inkluderer Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR), Norsk institutt for luftforskning (NILU), *Norsk Institutt for naturforskning (NINA)*, *Norsk Institutt for Kulturminneforskning (NIKU)*, *Norsk Institutt for Vannforskning (NIVA)*, *Senter for klimaforskning (CICERO)*, *Nansensenteret* og *Transportøkonomisk institutt (TØI)* som er sentrale institutt innanfor sine område av miljøvernforskninga. Dei skal fungere som nasjonale kompetansesenter og ha ei kunnskapsstrategisk rolle overfor miljøvernforvaltninga, og skal innanfor sine område tilfredsstillende samfunnet sitt behov for å løyse problem på kort og lang sikt.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke årsrapportar og reviderte rekneskapsoversyn for løyvingane frå Norsk forskingsråd, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll. For oppfølging av årsrapporten vil det bli halde møte med Forskringsrådet og det enkelte instituttet for drøftingar av miljøforvaltningas kunnskapsbehov.

Post 51 Forskingsprogram m.m.

Midlane under posten er retta mot forskingsprogram innanfor alle resultatområde.

Posten er uendra i forhold til saldert budsjett 2011. Midlane under posten blir kanaliserte gjennom Noregs forskingsråd, med unntak av 0,3 mill. kroner til NIBR som går til forskingsprosjektet «Water pollution Abatement in a system of Multilevel Governance: A study of Norway's implementation of EUs Water Framework Directive» (WAPABAT). Dette er eit prosjekt med medverknad frå brukarane.

Mål for miljøvernforskninga er å medverke til å styrkje kunnskapsgrunnlaget for eit effektivt miljøvernarbeid med stor vekt på relevans og for ei berekraftig ressursforvaltning og samfunnsplanlegging. Miljøvernforskninga skal gi eit godt kunnskapsunderlag for nasjonale forvaltningsoppgåver, for avgjerder i politikkkutforming og som grunnlag for internasjonalt miljøvern samarbeid.

Hovudvekta er lagt på forskning om klimaendringar, under dette forskning på biologiske og samfunnsvisse effektar av klimaendringar. Marin forskning og forskning om biologisk mangfald og helse- og miljøfarlege kjemikaliar blir òg prioritert. Miljøverndepartementet ønskjer å sikre at også dei mindre fagområda får naudsynt prioritet i både det nasjonale og det internasjonale arbeidet. Forsking er nærare omtalt under dei enkelte resultatområda i Del III i denne proposisjonen. Det blir framleis arbeid for å betre integreringa av miljøvernforskning i alle relevante delar av verksemda til Noregs forskingsråd.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke årsrapportar frå Noregs forskingsråd som er utarbeidde på bakgrunn av innspel frå programstyra. I tillegg er representantar frå miljøvernforvaltninga valde inn i programstyra.

Mål for Noregs forskingsråd

Noregs forskingsråd forvaltar tiskot frå i alt 16 departement. Det er utvikla eit felles mål- og resultatstyringssystem (MRS) for departementa sine tildelingar av midlar til Noregs forskingsråd. Systemet vart teke i bruk frå og med budsjettåret 2010. Målstrukturen består av eit overordna mål som er operasjonalisert i tre mål med tilhøyrande delmål. Basert på desse måla er det utvikla eit sett med styringsparameter som vil vere grunnlaget for Forskingsrådets rapportering til departementa. Departementa samarbeider med Forskingsrådet for å utvikle det nye MRS-systemet vidare.

Måla for departementa sine tildelingar er som følgjer:

Overordna mål:

Forskingsrådet skal medverke til at Noreg utviklar seg som kunnskapssamfunn. Noreg skal vere blant dei fremste samfunna når det gjeld å utvikle, dele og ta i bruk ny kunnskap. Forskinga skal framskaffe kunnskap som kan auke verdiskaping og velferd, svare på samfunnsutfordringane og utvide grensene for vår erkjening.

Mål 1: Auka kvalitet, kapasitet og relevans i norsk forskning i heile landet

Mål 2: God ressursutnytting og formålstenleg arbeidsdeling, samhandling og struktur i forskningssystemet

Mål 3: Resultata til forskninga blir tekne i bruk i næringsliv, samfunnsliv og forvaltning i heile landet

For nærare omtale av systemet og måla, sjå Prop. 1 S (2011-2012) Kunnskapsdepartementet.

Post 53 Internasjonalt samarbeid om miljøvernforskning

Mål

Tilskotet er kontingent for medlemskap i International Institute for Applied Systems Analysis (IIASA).

Oppfølging og kontroll

Kontingenten blir overført Noregs forskingsråd som tek vare på den norske medlemskapen.

Post 70 Nasjonale oppgåver ved miljøforskningsinstitutta

Mål

Målet er å syte for at alle miljøinstitutta har ressursar til fagleg rådgiving til miljøvernforvaltninga, til deltaking og fagleg støtte for miljøvernforvaltninga i internasjonale organ ved behov, informasjons- og opplysningsarbeid overfor forvaltning, kvalitetssikring av data, og etablering og vedlikehald av relevante nasjonale databasar m.m.

Løyvinga inkluderer 1,5 mill. kroner til driftsstøtte for luftmålestasjon NILU på Zeppelinfjellet ved Ny-Ålesund, og 0,5 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2011 til *CIENS – Forskingssenter for miljø og samfunn* for utarbeiding av heilskaplege informasjonspakkar for kunnskapsstatus frå forskninga.

Det ligger óg inne 4 mill. kroner i driftsstøtte til CIENS som har fått ansvar for å drifte ny miljøprøvebank. Denne løyvinga lå tidlegare på kap. 1441 Klima- og forureiningsdirektoratet, post 01, driftsutgifter.

Vidare ligger det 1,15 mill. kroner til Cicero. Desse midlene lå tidlegare på kap 1400, post 76, Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke reviderte rekneskapsoversyn for løyvingane, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll. Det skal haldast årlege møte med kvart enkelt institutt for drøftingar av dei nasjonale oppgåvene.

Post 72 Tilskot til GenØk – Senter for biotryggleik

Mål

Løyvinga skal sikre utviklinga av GenØk – Senter for biotryggleik som eit kompetansesenter på genteknologi. GenØk skal drive forskning, informasjon og rådgiving om helse og miljøkonsekvensar ved bruk av genteknologi og genmodifisering, for å sikre trygg bruk av genteknologi.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke reviderte rekneskapsoversyn for løyvingane, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll.

Post 73 Infrastrukturtiltak til miljøinstitutta

Posten er auka med 0,3 mill. kroner til 8,9 mill. kroner i forhold til saldert budsjett 2011.

Mål

Løyvinga skal sikre drift av NINAs forskingsstasjon på Ims som blir nytta til overvaking av villaks, med 3 mill. kroner, og skal òg støtte andre naudsynte infrastrukturtiltak i institutta.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke reviderte rekneskapsoversyn for løyvingane, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll. Det skal haldast årlege møte med kvart enkelt institutt for bruken av infrastrukturtiltaka i samband med drøftingane av dei nasjonale oppgåvene.

Programkategori 12.20 Naturmangfold og friluftsliv

Utgiftene under programkategori 12.20 gjeld i hovudsak resultatområda 1 Levande hav og kyst, 2 Livskraftige elvar og innsjøar, 3 Frodige våtmarker, 4 Mangfaldige skogar, 5 Storslått fjellmiljø, og delvis 6 Verdifulle kulturminne og kulturlandskap, og 8 Aktivt friluftsliv.

Foreslått løyving knytt til programkategorien er på 1,591 mrd. kroner i 2012. Dette er ein auke på 185 mill. kroner eller 13,2 pst. samanlikna med saldert budsjett for 2011. Dei største endringane innanfor kategorien er ein auke på 100 mill. kroner til venta erstatningsutbetalingar på nasjonalparkplanen, 40 mill. kroner i auke til å fjerne lakseparasitten *gyrodactylus salaris* frå vassdraga i Vefsn-regionen, 17 mill. kroner til nye forvaltarstillingar i samband med den nye modellen for lokal forvaltning av verneområde, 14,5 mill. kroner til

erstatning ved rovdyrtap på tamrein og 7 mill. kroner til erstatningar for fylkesvise verneområde. Frå programkategori 12.10 til 12.20 er det flytta 6,3 mill. kroner til organisasjonar innan natur- og friluftsliv.

Innsatsen mot framande arter og i høve til genmodifiserte organismar blir ført vidare på omtrent same nivå innanfor programkategorien. Hovudinnsatsen med omsyn til genmodifiserte organismar ligg innanfor programkategori 12.10, jf. kap. 1410 post 72 Tilskot til Genøk – Senter for biotryggleik.

Budsjettmidlar til arbeidet med kunnskapsgrunnlaget (overvaking, kartlegging, artsprosjektet) er omtalt under programkategori 12.10 Fellesoppgåver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.

Utgifter under programkategori 12.20 fordelte på kapittel

					(i 1000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
1425	Vilt- og fisketiltak	74 756	80 100	79 900	-0,2
1426	Statens naturoppsyn	201 755	211 832	218 691	3,2
1427	Direktoratet for naturforvaltning	1 109 338	1 113 531	1 292 179	16,0
	Sum kategori 12.20	1 385 849	1 405 463	1 590 770	13,2

Kap. 1425 Vilt- og fisketiltak

					(i 1000 kr)
Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	
01	Driftsutgifter	27 341	27 600	27 500	
61	Tilskot til kommunale vilttiltak, <i>kan overførast</i>	121			
70	Tilskot til fiskeformål, <i>kan overførast</i>	9 251	9 000	8 900	
71	Tilskot til viltformål, <i>kan overførast</i>	38 043	43 500	43 500	
	Sum kap. 1425	74 756	80 100	79 900	

Kap. 1425 Vilt- og fisketiltak omfattar utgifter til vilt- og fisketiltak og delar av vilt- og fiskeforvaltninga. Midlane under kap. 1425 er primært retta mot resultatområda 2 Livskraftige elver og innsjøar, 4 Mangfaldige skogar og 5 Storslått fjellandskap, men involverer òg resultatområde 8 Aktivt friluftsliv gjennom tilrettelegging for jakt og fiske.

Utgiftene over kap. 1425 er finansierte ved avgifter på jakt og fiske som saman med utgifter til forvaltning av ordninga under kap. 1427 post 01 korresponderer med inntektsløyvingane over kap. 5578 Sektoravgifter under Miljøverndepartementet, post 71 Sektoravgifter under Viltfondet og post 72 Sektoravgifter under Statens fiskefond. Samla sett er løyvingane noko reduserte i høve til 2011. Dette skuldast at fisketiltaka er reduserte mens vilttiltaka er uendra. For nærare utgreiing om avgiftene og forholdet mellom kap. 1425, 1427, 5578 og inntektene til dei to fonda, viser vi til omtale under kap. 5578.

Lønn og godtgjersler til fast tilsette innan det statlege verksemdsområdet blir ikkje dekte over kap. 1425, men over kap. 1427 Direktoratet for naturforvaltning og kap. 1510 Fylkesmannsembeta.

Både løyvingsforslaga under tilskotspostane og store delar av løyvingsforslaget under post 01 går til føremål som er viktige for den lokale vilt- og fiskeforvaltninga.

Bruken av fondsmidlane blir drøfta med representantar for brukarinteressene. Føremålet med drøftingane er å sikre at midlane blir nytta på ein kostnadseffektiv måte i høve til måla innan vilt- og fiskeforvaltninga. Dette må sjåast i nær samanheng med arbeidet for å styrkje den lokale vilt- og fiskeforvaltninga basert på bl.a. driftsplanar, og at dei sentrale ledda i frivillige organisasjonar skal arbeide for å oppnå ei samla målsetjing.

Store delar av dei midlane som blir løyvde til vilt- og fisketiltak blir nytta ved at brukarar, organisasjonar og lag søker om midlar til konkrete tiltak. Frå 2009 vart det høve til å fremje søknader om tilskot til vilttiltak og fisketiltak i eit nettbasert søknadssenter i regi av Direktoratet for naturforvaltning. Føremålet har vore å sikre lik behandling og betre utnytting av resultatata frå tiltaka som blir utførte. Det er no obligatorisk for søkerar å sende inn søknad til dette søknadssenteret.

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under posten er i hovudsak retta mot resultatområda 2 Livskraftige elvar og innsjøar, 4 Mangfaldige skogar og 5 Storslått fjellandskap.

Løyvinga skal dekkje utgifter til faglege prosjekt og utgreiingar som grunnlag for konkrete forvaltningstiltak, og administrative kostnader knytte til desse prosjekta. Løyvinga skal leggje til rette for ei langsiktig og berekraftig utnytting av vilt- og fiskeressursane og allmentas tilgang til desse. Posten dekkjer i tillegg til utgifter til fallvilt og drift av villreinnemndene, utgifter til lønn og godtgjersler for mellombels tilsette knytte til gjennomføringa av prosjekt og spesielle utgreiingar o.a.

Framlegget til løyving utgjer ein reduksjon med 0,1 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2011. Reduksjonen er knytt til prosjekt og administrasjon i høve til fiske. Dette skuldast lågare inntekter frå fiskaravgiftene, jf. omtale under kap. 5578 post 72 Fiskaravgifter.

Post 70 Tilskot til fiskeformål, kan overførast

Tilskotsordninga er retta mot resultatområde 2 Livskraftige elvar og innsjøar. Løyvinga skal gå til å dekkje både lokale og sentrale tiltak.

I 2012 er posten foreslått redusert med 0,1 mill. kroner. Dette skuldast nedgang i inntektene frå fiskaravgiftene. Ein viser til nærare omtale av fiskaravgiftene og fondet under kap. 5578 post 72 Fiskaravgifter.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til forvaltning og tiltak knytte til berekraftig bruk av bestandar av anadrom laksefisk som det kan haustast av, til beste for fiskarar og rettshavarar.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er om ordninga gjennom støtte til god fiskeforvaltning, kultiveringstiltak og medverknad frå lokalsamfunn og rettshavarar medverkar til at det blir eit haustingsverdig overskot.

Tildelingskriterium

Tilskot blir gitt tiltak i regi av lag og organisasjonar etter søknad. Ein kan gi tilskot til investeringar, spesielle driftsutgifter til fiskefremjande formål, bruksforskning og overvaking. Tiltak kan vere direkte retta mot rekruttering eller stimulering til fiske.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer sluttrapportar og -

rekneskap og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Det blir gjort ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportane og rekneskapane.

Post 71 Tilskot til viltformål, kan overførast

(i 1000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
71.1	Hjortevilttiltak	6 759	4 250	4 250
71.2	Villreintiltak	2 837	3 850	3 850
71.3	Lokale vilttiltak m.v.	22 511	28 900	28 900
71.4	Viltovervaking	5 936	6 500	6 500
	Sum post 71	38 043	43 500	43 500

Midlane under posten er retta mot resultatområda 4 Mangfaldige skogar og 5 Storslått fjellandskap.

Ein gjer framlegg om å vidareføre løyvinga på same nivå som i 2011 som ein konsekvens av at avgiftsinntektene er venta å bli uendra i 2012.

Mål

Målet for tilskotsordninga er å medverke til å gjennomføre oppgåver innan viltforvaltninga og tiltak i regi av enkeltpersonar, lag og organisasjonar der tiltaket har ein regional, interkommunal eller nasjonal karakter.

Etter endringane i viltlova i 2001 krev kommunane inn og disponerer fellingsavgiftene for elg og hjort som ein del av eit kommunalt viltfond. Det er derfor føresett at søknader om tilskot til tiltak som har reint kommunal karakter blir viste til dei kommunale viltfonda som er finansierte med fellingsavgifter, og eventuelt egne kommunale midlar. Tiltak av regional karakter er føresett tekne vare på ved at fylkesmennene/fylkeskommunane forvaltar delar av løyvinga etter tildeling frå Direktoratet for naturforvaltning.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er om ordninga gjennom støtte til god forvaltning av viltet på nasjonalt og regionalt nivå medverkar til at det blir eit haustingsverdig overskot.

Tildelingskriterium

På bakgrunn av søknader via eit sentralt nettbasert søknadssenter tildeler fylkesmannen eller fylkeskommunane tilskot til regionale utviklingsoppgåver som støttar opp om kommunale og interkommunale prioriterte tiltak. Under dette blir det gitt tilskot til tiltak som stimulerer til eit større engasjement i arbeidet med driftsplanar blant rettshavarane, og som støttar opp under betre tilrettelegging av jakttilhøva for allmenta.

Tiltak som kan få tilskot er kartlegging av viltressursane/viltet sine leveområde, kartlegging av viltinteressene i kommunar og regionar, innarbeiding av viltet sine leveområde og viltinteressene i kommunale planar etter plan- og bygningslova, kartlegging og iverksetjing av tiltak med formål å betre bestandsoversyn, oppretting og drift av lokale samarbeidsråd, deltaking i rettshavarane sitt driftsplanarbeid, FoU og studentoppgåver, organisasjonar, lag og foreningar som ønskjer å setje i verk tiltak, og andre prioriterte viltføremål. Det kan ytast tilskot til tilrettelegging, organisering og informasjon om jakt og jakttilhøve. Fordeling av midlane på dei ulike fylka skjer etter nøklar baserte på bl.a. innbetalt jegeravgift, talet på jegerar i fylket, felt vilt m.m.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer sluttrapportar og -rekneskap og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Det blir gjort ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportane og rekneskapane.

Underpost 71.1 Hjortevilttiltak

Underposten skal dekkje tiltak knytte til forvaltning av hjortevilt. Den skal dekkje dei sentrale overvåkingsprogramma for utvikling og samansetjing av bestandar, og hjortevilt delen av programmet for vilthelseovervaking. Dette er viktige grunnlagsdata for konkret forvaltning. Midlar blir nytta i hjorteviltforvaltninga til tiltaksretta undersøkingar, metodeutvikling, tilskot til praktiske tiltak, medverknad til å løyse oppgåver og stimulerings- og informasjonstiltak i regi av organisasjonar m.m., og forvaltningsretta FoU og sentrale utviklingstiltak som er nødvendige for seinare å kunne setje i verk praktiske tiltak.

Underpost 71.2 Villreintiltak

Underposten skal dekkje tiltak i villreinforvaltninga som drift av villreinområda, teljing av bestandar, overvaking, styrking av oppsyn og registrering i villreinområda, driftsplanar, arbeid med å sikre leveområda, forvaltningsretta FoU og sentrale utviklingstiltak som er nødvendige for seinare å kunne setje i verk praktiske tiltak. Innbetalte fellingsavgifter skal tilbakeførast til det enkelte villreinområdet, og midlane skal disponerast av villreinnemnda til tiltak.

Underpost 71.3 Lokale vilttiltak mv.

Midlane blir nytta til vilttiltak og prosjekt i regi av regionale og landsomfattande organisasjonar, forvaltningsretta FoU knytt til dokumentasjon og

overvaking av naturmangfald, lokale vilttiltak og sentrale utviklingstiltak som er nødvendige for seinare å kunne setje i verk praktiske tiltak i distrikta.

Tilskotsmidlane som fylkeskommunane nyttar er samla på denne underposten. I samband med regionreforma har fylkeskommunane overteke forvaltningsansvaret frå fylkesmannen for enkelte arter. Den einskilde fylkeskommunen gir etter søknad midlar frå posten til praktiske tiltak knytte til desse artene. Ettersom fylkesmannen på same tid forvaltar tilskotsmidlar innanfor sitt forvaltningsområde er det krav om god samordning av bruken av midlane. Tilskotsmidlar til fylkeskommunane er derfor budsjetterte fullt ut på denne underposten.

Midlane skal òg nyttast til sentrale organisasjonar som utfører oppgåver på vegne av eller i samarbeid med styresmaktene for viltforvaltninga. Fleire av dei store landsdekkjande organisasjonane utfører eit omfattande frivillig arbeid innan viltforvaltning.

Underpost 71.4 Viltovervaking

Midlane blir nytta som tilskot til overvåkingsoppgåver som skal sikre ei fortløpande oversikt over bestandsstatus og utvikling av arter og artsgrupper av vilt som ikkje er dekt over underpost 71.1 eller underpost 71.2. Overvåkingsprosjekta skal gi eit årleg oppdatert datagrunnlag for å setje i verk både sentrale, regionale og lokale forvaltningstiltak og justering av verkemiddel, og avdekkje kunnskapsbehov.

Kap. 5578 Sektoravgifter under Miljøverndepartementet

(i 1000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2010	budsjett 2011	2012
71	Jeger- og fellingsavgifter	70 400	73 600	73 600
72	Fiskaravgifter	14 675	15 000	14 800
	Sum kap. 5578	85 075	88 600	88 400

I tillegg til å finansiere utgifter under kap. 1425, dekkjer kap. 5578 postane 71 og 72 òg noko av utgiftene til vilt- og fiskeforskning under kap. 1410 post 50, og utgifter til forvaltning av ordninga under kap. 1427 post 01.

Forslaget er basert på venta inntekter frå avgiftene til fonda i 2011 og 2012, jf. omtale under kvart fond nedanfor.

Post 71 Jeger- og fellingsavgifter

Jeger- og fellingsavgiftene som blir innbetalte til Viltfondet er inntektsførte i statsbudsjettet på denne posten.

I dette framlegget er løyvinga den same som i 2011.

Nærare om Viltfondet

Mål

§ 40 i Viltlova fastset at «den som vil drive jakt og fangst etter denne lov, skal betale jegeravgift etter satser og regler som Kongen fastsetter» og at «for hvert dyr som tillates felt eller felles av elg, hjort og villrein skal det betales en fellingsavgift etter satser og regler som Kongen fastsetter. Kongen kan bestemme at kommunen innenfor nærmere rammer kan fastsette fellingsavgiften for elg og hjort».

Gjennom behandlinga av statsbudsjettet for 1989 fastsette Stortinget følgjande retningslinjer for bruken av midlane i Viltfondet:

- Viltfondet skal nyttast til forvaltningstiltak som kjem viltet og allmenta til gode, under dette viltforvaltning i kommunane, lokale, regionale og sentrale vilttiltak, viltforskning, førebyggjande tiltak mot og vederlag for skadar valda av hjortevilt, jegerregister og jegersørvis.
- Den årlege fordelinga av midlar mellom formåla som er nemnde over, skal gå fram av Miljøverndepartementets budsjettproposisjon. Ved budsjetteringa er det føresett at ca. halvparten av midlane frå jegeravgifta skal gå til vilttiltak i distrikta og at fellingsavgiftene som er knytte til villrein skal nyttast i villreinforvaltninga.

Inntekter og avgiftssatsar

Inntektene til Viltfondet kjem i hovudsak frå jegeravgifter og fellingsavgifter. Ordninga med Viltfondet synleggjer på denne måten at tilretteleggings-tiltak for jakt og delar av viltforvaltninga for ein stor del er baserte på brukarfinansiering. I tillegg kjem meir tilfeldige inntekter frå enkelte typar fallvilt.

I 2001 vart det gjennomført ei omfattande omlegging av viltforvaltninga, der kommunane i staden for staten krev inn og disponerer fellingsavgiftene for elg og hjort og fører desse inntektene i kommunale viltfond. Omleggingsarbeidet blir følgt opp fortløpande av Direktoratet for naturforvaltning. Det er fastsett ei statleg ramme- forskrift for dei kommunale viltfonda, der inntektene til kommunane frå fellingsavgifter inngår. For dei fellingsavgiftene som blir kravde inn for villrein, er det etablert ei tilsvarande ordning, der midlar blir tilbakeførte til det enkelte villreinområdet i høve til innbetalte avgifter føregåande år.

Jeger- og fellingsavgiftene vart sist endra i 2011. Ein gjer ikkje framlegg om å endre desse for 2012. Satsane for dei ulike avgiftene er oppgitte i tabell 6.3.

For oversikta sin del er dei økonomiske konsekvensane for kommunane i 2012 tekne med, slik at den samla bruken av verkemiddel kan sjåast under eitt. For kommunane er dei oppgitte avgiftene maksimalsatsar.

Tabell 6.2 Framlegg om jeger- og fellingsavgifter i 2012 (tal i heile kroner)

Type avgift:	Storleiken på avgifta i 2012	Estimert tal på innbetalingar	Venta innbetalt totalbeløp	Inntektsført
Jegeravgift generelt:	300	195 000	58 500 000	Viltfondet
Jegeravgiftstillegg hjortevilt:	80	105 000	8 400 000	Viltfondet
Ekstraavgift ved manglande levering av jaktstatistikk:	185	20 000	3 700 000 ¹	Viltfondet
Gebyr ekstra jegeravgiftskort:	60	2 000	120 000	Viltfondet
Fellingsavgift vaksen rein:	265	3 000	795 000	Viltfondet
Fellingsavgift reinkalv:	155	1 200	186 000	Viltfondet
Sum statlege avgifter:			71 701 000	Viltfondet
Fellingsavgift vaksen elg:	485	25 000	12 125 000	Kommunane
Fellingsavgift elgkalv:	285	12 000	3 420 000	Kommunane
Fellingsavgift vaksen hjort:	370	20 000	7 400 000	Kommunane
Fellingsavgift hjortekalv:	225	6 100	1 372 500	Kommunane
Sum kommunale avgifter:			24 317 500	Kommunane

¹ Innkrevjing skjer etterskotsvis i 2012 for dei som ikkje leverte jaktstatistikk for jaktåret 2010/2011. Talet er vurdert til ca. 20 000.

Inntektene frå avgiftene gjer at det blir budsjettert med ein kapitalstraum i Viltfondet som vist i tabell 6.3.

Tabell 6.3 Berekning av kapital i Viltfondet i 2012

	(i 1000 kr)
Saldo pr. 31.12.10:	5 245
Budsjettert innbetalt i 2011 ¹ :	72 101
Budsjettert refusjon i 2011 (utbetalingar frå fondet):	-73 600
Budsjettert saldo pr. 31.12.11:	3 746
Budsjettert innbetalt i 2012 ² :	72 101
Budsjettert refusjon i 2012 (utbetalingar frå fondet):	-73 600
Budsjettert saldo pr. 31.12.12:	2 247

¹ Talet inkluderer stipulerte renteinntekter og andre inntekter på 0,4 mill. kroner.

² Talet inkluderer stipulerte renteinntekter og andre inntekter på 0,4 mill. kroner.

Administrasjon og økonomiforvaltning

Viltfondet blir forvalta av Miljøverndepartementet ved Direktoratet for naturforvaltning. Utgiftene over statsbudsjettet skal normalt svare til dei stipulerte inntektene for fondet same året. Eventuelle overskytande inntekter skal overførast og kapitaliserast i fondet, og gi grunnlag for eventuelle større refusjonar kommande år.

Inntektene over kap. 5578 post 71 finansierer utgifter til vilttiltak, viltforvaltning og drift av Jegerregisteret over kap. 1425 postane 01 og 71, kap. 1427 post 01, og forskning på viltressursar over kap. 1410 post 50. I budsjettet for 2012 gjer ein framlegg om at 5,14 mill. kroner blir refunderte til Brønnøysund-registra for drifta av Jegerregisteret. Planlagt bruk av inntektene går fram av tabell 6.4.

Tabell 6.4 Samla ressursbruk finansiert av inntekter til Viltfondet i 2012:

Formål	(i 1000 kr)
Sentrale fallviltutgifter (kap.1425.01):	1000
Drift villreinemndene (kap.1425.01):	4 000
Prosjekt, administrasjon, jaktstatistikk mv., inkl. drift av Jegerregisteret (kap. 1425.01):	18 817
Hjortevilttiltak (kap. 1425.71.1):	4 250
Villreintiltak (kap. 1425.71.2):	3 850
Lokale vilttiltak (kap. 1425.71.3):	28 900
Viltovervaking (kap. 1425.71.4):	6 500
Sum under kap. 1425:	67 317
Viltforskning, NINA (kap.1410.50):	3 000
Tilskotsforvaltning i DN (kap 1427 post 01):	3 283
Totalsum:	73 600

Spesielt om hjortevilt og fallvilt

Sjølvsom kommunane har primæransvaret for forvaltninga av hjortevilt og for alt fallvilt, er det likevel nasjonale oppgåver innan desse felt som må løysast. FoU-tiltak og overvaking av hjortevilt blir dekte av Viltfondet gjennom den differensierte jegeravgifta. Differensieringa inneber at hjorteviltjegerane betaler eit tillegg til jegeravgifta, og på denne måten medverkar til finansieringa av nødvendige nasjonale oppgåver.

Når det gjeld fallvilt, er det framleis eit behov for å gjennomføre sentrale analysar av individ som blir funne igjen som fallvilt eller avliva av ulike årsaker, spesielt for rovviltartene. Slike analysar må gjennomførast av Direktoratet for naturforvaltning. Utgiftene til sentrale oppgåver i samband med hjortevilt og fallvilt er derfor budsjetterte under kap. 1425 post 01 Driftsutgifter. For dei artene der fallviltet har ein salsverdi etter at naudsynte analysar av dyra er gjennomførte, har Direktoratet for naturforvaltning i 2011 starta å omsetje skinn og skrottar til inntekt for Viltfondet.

Spesielt om lisensfelling av rovvilt

Lisensfelling av rovvilt vart innført i 2005. I 2006 vart det innført ei ordning slik at dei som deltek i lisensfelling registrerer seg særskilt i Jegerregisteret. Det er førebels ikkje lagt opp til at denne gruppa jegerar skal betale særskilde avgifter slik som hjorteviltjegerar.

Post 72 Fiskaravgifter

Fiskaravgiftene som blir innbetalte til Statens fiskefond er inntektsførte i statsbudsjettet på denne posten.

Posten er foreslått redusert med 0,2 mill. kroner i høve til 2011. Reduksjonen skuldast reduserte inntekter frå fiskaravgiftene.

Nærare om Statens fiskefond

Mål

I § 30, lov om laksefisk og innlandsfisk o.a., heiter det at den som er fylt 16 år og vil fiske etter anadrom laksefisk eller innlandsfisk skal betale avgift til fiskefondet. Fiskaravgift for fiske etter innlandsfisk vart i 2002 sett til kr. 0, slik at denne i praksis er avskaffa. Fiskaravgift til staten skal etter dette berre betalast for fiske etter anadrom laksefisk. Det er innført visse unntak, bl.a. for fiske i medhald av reindriftslovgivinga og til undervisnings- eller behandlingsformål. Vidare skal det ikkje betalast fiskaravgift for fritidsfiske etter anadrom laksefisk i sjøen.

Følgjande retningslinjer for bruken av midlar frå Statens fiskefond er lagt til grunn:

- Statens fiskefond skal nyttast til forvaltningstiltak knytte til anadrom laksefisk og som kjem samfunnet og allmenta til gode; under dette investeringar, spesielle driftsutgifter til fiskefremjande føremål, fiskeforskning og overvaking.
- Den årlege fordelinga av midlane mellom formåla som nemnde over, skal gå fram av Miljøverndepartementets budsjettproposisjon. Ved budsjetteringa er føreset at om lag halvparten av fondsinntektene skal gå til lokale tiltak.

Inntekter og avgiftssatsar

Inntektene til Statens fiskefond kjem frå fiskaravgift på fiske etter anadrom laksefisk. Ordninga med Statens fiskefond synleggjer at tilretteleggingstiltak, og delar av fiskeforvaltninga retta inn mot anadrome fiskearter, for ein stor del er baserte på brukarfinansiering.

Avgiftsåret vart endra frå og med 1. januar 2011 og følgjer no kalenderåret. Årsavgifta gjeld frå og med 1. januar til og med 31. desember.

Årsavgiftene for fiske etter anadrom laksefisk vart justerte i 2011 i samsvar med prisstiginga. For 2012 gjer Regjeringa ingen framlegg om å justere avgiftene.

For fiske etter anadrom laksefisk i vassdrag er årsavgifta for enkeltpersonar 235 kroner, mens familieavgifta er 375 kroner. Familieavgifta gjeld for ektefelle/sambuarar med eventuelle barn mellom 16 og 18 år.

Fiske med fastståande reiskap i sjøen med sesongstart før 1. juli har ei årsavgift på 585 kroner, mens satsen for dei som har fiskestart etter 1. juli er 355 kroner.

Inntektene frå avgiftene gjer at det er budsjettert med ein kapitalstraum i Statens fiskefond som vist i tabell 6.5.

Tabell 6.5 Berekning av kapital i Statens fiskefond i 2012

	(i 1000 kr)
Saldo pr. 31.12.10:	1 458
Budsjettert innbetalt i 2011 ¹ :	15 401
Budsjettert refusjon i 2011 (utbetalingar frå fondet):	- 15 000
Budsjettert saldo pr. 31.12.11:	1 859
Budsjettert innbetalt i 2012 ¹ :	14 979
Budsjettert refusjon i 2012 (utbetalingar frå fondet):	-14 800
Budsjettert saldo pr. 31.12.12	2 038

¹ Talet inkluderer stipulerte renteinntekter på 0,1 mill. kroner.

Administrasjon og økonomiforvaltning

Statens fiskefond blir forvalta av Miljøverndepartementet ved Direktoratet for naturforvaltning.

Utgiftene over statsbudsjettet skal normalt svare til dei inntektene ein ventar at fondet vil ha same året. Eventuelle overskytande inntekter skal overførast og blir kapitaliserte i fondet.

Inntektene over kap. 5578 post 72 finansierer utgifter til fisketiltak og fiskeforvaltning over kap. 1425 (post 01 og 70) og kap. 1427 (post 01), og forskning på fiskeressursar over kap. 1410 post 50.

Planlagt bruk av inntektene frå fiskaravgiftene går fram av tabell 6.6.

Tabell 6.6 Samla ressursbruk finansiert av inntekter til Statens fiskefond i 2011:

	(i 1000 kr)
Formål	
Prosjekt, administrasjon mv. (kap.1425.01):	3 683
Tilskot til fiskeformål (kap. 1425.70):	8 900
Sum under kap. 1425:	12 583
Administrative utgifter i DN (kap. 1427.01)	1 217
Fiskeforskning, NINA (kap. 1410.50, jf. kap. 4410.50):	1000
Totalsum	14 800

Spesielt om lokal bruk av midlane

I fordelinga av fondsmidlane, fråtrekt nødvendige driftsutgifter, er målet at minst 50 pst. av midlane går til tiltak som er initierte lokalt. Andre tiltak som er meinte å gi effekt for eit avgrensa område, eit bestemt vassdrag eller fjordområde, og der lokale aktørar deltek i stor grad, blir rekna som lokale tiltak, sjølv om dei er initierte og administrerte av offentleg forvaltning, organisasjonar eller institusjonar på sentralt nivå.

Kap. 1426 Statens naturoppsyn

(i 1000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
01	Driftsutgifter	110 638	117 244	124 103
21	Spesielle driftsutgifter		9 000	9 000
30	Tiltak i nasjonalparker og landskapsverneområde, <i>kan overføres</i>	28 512	23 391	23 391
31	Tiltak i naturreservat og utvalde kulturlandskap i jordbruket, <i>kan overføres</i>	40 757	38 502	38 502
32	Skjergardsparkar o.a., <i>kan overføres</i>	21 848	23 695	23 695
	Sum kap. 1426	201 755	211 832	218 691

Kap. 1426 Statens naturoppsyn omfattar midlar til etablering og drift av Statens naturoppsyn og midlar til tiltak i naturvern- og friluftsområde. Midlane under kap. 1426 er retta mot resultatområde 1 Levande hav og kyst, 2 Livskraftige elvar og innsjøar, 3 Frodige våtmarker, 4 Mangfaldige skogar, 5 Storlåtte fjellandskap, 6 Verdifulle kulturmiljø og kulturlandskap og 8 Aktivt friluftsliv.

Rolle og oppgåver for Statens naturoppsyn

Statens naturoppsyn er etablert med heimel i lov om statleg naturoppsyn av 21. juni 1996 for å ta vare på dei nasjonale miljøverdiane og førebyggje miljøkriminalitet. Statens naturoppsyn skal ha eit samla grep om statleg oppsynsinnsats i naturområde og skal føre kontroll med at regelverket i miljølovene som ligg under Lov om statleg naturoppsyn vert etterlevd. Oppsynet kan òg bli tillagt andre oppgåver. Statens naturoppsyn er framleis under utvikling. Den nasjonale leiinga ligg i Direktoratet for naturforvaltning. Det heiltidstilsette lokale oppsynet er tilsett i Direktoratet for naturforvaltning, men har arbeidsstad tilknytt eit geografisk område. Dei områda der behovet for styrkt oppsyn er størst er prioriterte.

Hovudoppgåvene er førebygging av miljøkriminalitet gjennom tilsyn og kontroll med menneskelig aktivitet, og overvaking av naturtilstanden og utviklinga i denne. Dette arbeidet blir utført gjennom kontroll med at miljølovene vert etterlevde, naturrettleiing, rettleiing om regelverket og dei nasjonale miljøverdiane, registrering, dokumentasjon, skjøtsel og drift. I dette inngår òg viktige oppgåver innan rovviltforvaltninga, bl.a.

bestandsregistrering og skadedokumentasjon knytt til den lovfesta erstatningsordninga. Statens naturoppsyn har eit overordna ansvar for lakseoppsynet og oppfølginga av ordninga med Skjergardstenesta. Ei viktig utfordring for oppsynet er å skape forståing og respekt for regelverket som finst på dette området.

Verksemnda er basert på eigne oppsynsstillingar i kombinasjon med kjøp av tenester og samarbeid med andre offentlege oppsynsordningar lokalt og regionalt. Det blir lagt stor vekt på å etablere godt samarbeid med dei andre aktørane innan naturoppsyn. Dette gjeld både politiet, Kystvakta, Statskogs fjellteneste, fjelloppsynet i regi av fjellstyra og bygdeallmenningar. Samordning med politiet er særleg viktig når det gjeld oppgåver knytte til kontroll. Statens naturoppsyn samverkar med desse bl.a. gjennom miljøforum og sentrale og regionale oppsynsutval.

Statens naturoppsyn har utvikla seg i tråd med dei føringane som vart gitt i lovforarbeid og seinare styringssignal for verksemnda og står no fram som eit landsdekkjande, heilskapleg og kompetent statleg naturoppsyn. Miljøverndepartementet har utvikla ei meir aktiv rolle som eigar av Statens naturoppsyn og har gitt klarare styringssignal.

Miljøverndepartementet legg vekt på Statens naturoppsyns rolle som oppsyns- og feltapparat. Departementet har dei siste åra lagt auka vekt på naturrettleiing. Statens naturoppsyn har ei viktig rolle i dette arbeidet. Som ledd i å medverke til å styrkje kunnskapen omkring berekraftig bruk av naturen, har Statens naturoppsyn i oppdrag å drive eit forprosjekt for kartlegging og formidling av tradisjonell økologisk kunnskap i Noreg.

Direktoratet for naturforvaltning, Politidirektoratet og Riksadvokaten har utvikla ei felles rolleforståing når det gjeld det fortløpande samarbeidet i dei respektive underliggjande einingane. Både Miljøverndepartementet og Justis- og politidepartementet har sagt seg nøgde med dette arbeidet.

Miljøverndepartementet og Landbruks- og matdepartementet gav i brev av 25. november 2010 ei avklaring av forholdet mellom Statens naturoppsyn og fjellstyra om naturoppsynsoppdrag. Departementa legg her til grunn at oppsyn med miljøverdiar og lover som går fram av naturoppsynslova §§1-2 høyrer inn under Statens naturoppsyn. Når fjellstyra utfører oppsyn for Statens naturoppsyn legg ein til grunn at fjelloppsynet under utføring av slike oppdrag skal vere utstyrt med felles tenestebevis frå Statens naturoppsyn og vedkommande fjellstyre. Det er no inngått ei samarbeidsavtale mellom Statens naturoppsyn og Fjellstyresambandet, som dannar ramma for årlege avtaler mellom Statens naturoppsyn og det enkelte fjellstyret.

Fjelloppsynets lokale forankring og kunnskap er eit viktig bidrag i det totale oppsynet. Departementa understrekar at samhandlinga mellom fjellstyra og Statens naturoppsyn vil kunne medverke til at fjellstyra sin lokalkunnskap om statsallmenningane blir formidla til miljøvernstyresmaktene og kan takast med i oppgåveprioriteringa på dette feltet.

Frå før har Statens naturoppsyn samarbeidsavtaler med Statskog SF og Norsk Almenningsforbund. Desse tre samarbeidsavtalene er ei konkret oppfølging av Stortingets føresetnader ved opprettinga av Statens naturoppsyn, jf. Innst.O. nr. 64 (1995-96) der det blant anna er sagt at Statens naturoppsyn òg må satse på å kjøpe oppsynstenster frå styresmakter som i dag driv oppsyn på ein tilfredsstillande måte.

Miljøverndepartementet har ansvaret for kvaliteten i det samla naturoppsynet og miljøstyresmaktene må vere trygge på å ha eit oppsyn som følgjer opp miljølovverket og dei nasjonale miljøverdiane på ein einskapleg, profesjonell og føreseieleg måte.

Gjennom ny naturmangfaldlov som tredde i kraft 1. juli 2009, er det innført tilsynsheimlar som vil lette gjennomføringa av dei oppgåvene tilsynsstyresmakta er pålagt etter lova.

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under posten er hovudsakleg retta mot resultatområda 1 Levande hav og kyst, 2 Livskraf-

tige elvar og innsjøar, 3 Frodige våtmarker, 4 Mangfaldige skogar, 5 Storslåtte fjellandskap, 6 Verdifulle kulturmiljø og kulturlandskap og 8 Aktivt friluftsliv. Posten dekkjer lønns- og driftsutgifter til Statens naturoppsyn, både i den sentrale eininga for Statens naturoppsyn i Direktoratet for naturforvaltning, og til lokalt oppsynspersonell og naturrettleiarar, lokalt timeengasjert personell og til kjøp av ulike tenester i samband med drifta av det samla statlege naturoppsynet. Posten dekkjer utgifter til dei lokale rovviltkontaktane som arbeider med dokumentasjon av rovviltskadar, og til personell i samband med ulike statlege fellingsoppdrag. Utgifter knytte til oppdragsverksemda er førte under denne posten. Inntektene til denne verksemda er budsjetterte under kap. 4426 post 01 Ymse inntekter og post 02 Oppdragsinntekter. Andre utgifter førte under driftsposten er knytte til IT- og sambandsutstyr, køyretøy og oppsynsbåtar, feltutstyr og HMS-tiltak, uniform/arbeidsklede, opplæringstiltak, informasjonsmateriell, tiltak innan naturrettleiing m.m. og utviklingskostnader.

Posten er i framlegget auka med nær 6,9 mill. kroner. Som ei oppfølging av rovviltforliket i Stortinget våren 2011 er det lagt inn 2 mill. kroner til styrking av Statens naturoppsyns drift, spesielt i samband med fellingsoppgåver. I tillegg er det lagt inn 0,8 mill. kroner til ei ny naturrettleiarstilling på rovvilt. Det er lagt inn 1,8 mill. kroner til nye naturoppsynsstillinger i Langsua og Rohkunborri nasjonalparkar. For å betre driftssituasjonen til Statens naturoppsyn generelt er det lagt inn ei generell styrking på 1 mill. kroner.

Til kompensasjon for lønnsstigninga er det lagt inn 1,3 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten er hovudsakleg retta mot resultatområda 3 Frodige våtmarker, 4 Mangfaldige skogar og 5 Storslåtte fjellandskap. Posten skal dekkje tenestekjøp til statleg naturoppsyn som følgjer av rammeavtalene og dei årlege avtalene med Statskog SF (Fjelltenesta), fjellstyra og bygdeallmenningane. Oppsynsoppgåvene omfattar oppgåver i Lov om statlig naturoppsyn og vil i hovudsak bestå i offentlegrettsleg naturoppsyn i nasjonalparkar og andre verneområde, og oppsyn retta mot eksempelvis motorferdsel i utmark og faunakriminalitet. I tillegg kan avtala omfatte skjøtsel og tilretteleggingstiltak i verneområde, informasjon, rettleiing og registreringsarbeid.

Post 30 Tiltak i nasjonalparker og landskapsverneområde, kan overføres

Posten er retta mot resultatområda 1 Levande hav og kyst, 2 Livskraftige elvar og innsjøar, 3 Frodige våtmarker, 4 Mangfaldige skogar, 5 Storslåtte fjell-landskap og 6 Verdifulle kulturmiljø og kulturlandskap. Midlane dekkjer statlege investeringsutgifter og tiltak i nasjonalparker og landskapsvernområde. Midlane går til tiltak som er naudsynte for å ta vare på verneverdiane, inkludert investeringsutgifter til informasjon, skjøtsels- og tilretteleggingstiltak. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltnings-/skjøtselsplan og andre relevante styringsdokument.

Nasjonalparker og andre større verneområde skal på ein berekraftig måte bli meir tilgjengelege for brukarane. Opparbeiding av stigar og løyper og klopping og merking er tiltak for å betre tilgjenget i verneområda og blir samstundes nytta til styring av ferdsle inntil og i sårbare verneområde. Etablering av parkeringsplassar og etablering av informasjonsordningar medverkar også til å sikre viktige kvalitetar ved at stor ferdsel og aktivitet blir kanalisert til bestemte område som toler slik bruk. Naturen blir lettare tilgjengeleg for brukarane, og dermed blir grunnlaget for lønnsame reiselivsaktivitetar betre.

Av løyvinga skal 450 000 kroner nyttast til tilretteleggingstiltak, opparbeiding av stigar og anna skjøtsel knytt til Klimapark 2469 i samarbeid med Norsk fjellmuseum på Lom.

Post 31 Tiltak i naturreservat og utvalde kulturlandskap i jordbruket, kan overføres

Posten er retta mot resultatområda 1 Levande hav og kyst, 2 Livskraftige elvar og innsjøar, 3 Frodige

våtmarker, 4 Mangfaldige skogar, 5 Storslåtte fjell-landskap og 6 Verdifulle kulturmiljø og kulturlandskap. Midlane skal dekkje feltvise utgifter i naturreservat oppretta ved kgl. res., og kulturlandskap i jordbruket. Midla går til tiltak som er naudsynte for å ta vare på verneverdiane, inkludert investeringsutgifter til informasjon, skjøtsels- og tilretteleggingstiltak. Tiltaka skal vere i tråd med godkjent forvaltnings-/skjøtselsplan og andre relevante styringsdokument.

Om lag 6 mill. kroner av løyvinga skal nyttast i utvalde kulturlandskap i jordbruket, som er eit samarbeid mellom landbruks-, kultur- og naturforvaltninga.

Post 32 Skjergardsparkar o.a., kan overføres

Posten er primært retta mot resultatområde 8 Aktivt friluftsliv. I tillegg er midlane retta mot resultatområde 1 Levande hav og kyst. Posten dekkjer utgifter til den praktiske forvaltninga av skjergardsparkar og friluftslivsområde langs kysten, knytt til drift av skjergardstenesta i Oslofjorden, i skjergardsparkane og i Vestkystparken. Skjergardstenesteordninga er etablert på statleg initiativ. Posten dekkjer dessutan statlege naturoppsynsoppgåver som er integrerte i skjergardstenesta og oppsynsbåtar til Statens naturoppsyn.

Regjeringa foreslår ei bestillingsfullmakt under posten på 7 mill. kroner, jf. forslag til vedtak VI nr. 1.

Kap. 4426 Statens naturoppsyn

(i 1000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2010	budsjett 2011	2012
01	Ymse inntekter	26	146	151
02	Oppdragsinntekter	31	102	105
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	81		
18	Refusjon av sjukepengar	294		
	Sum kap. 4426	432	248	256

Post 01 Ymse inntekter

På posten er det ført ulike inntekter for Statens naturoppsyn, bl.a. inntekter frå oppdragsverksemda.

Post 02 Oppdragsinntekter

I samband med overføringa av Statskogs fjellte- neste i Finnmark til Statens naturoppsyn, er det budsjettert med oppdragsinntekter frå Finnmarkseigedommen. Løyvinga er venta på om lag same nivå som budsjettert for 2011.

Kap. 1427 Direktoratet for naturforvaltning

(i 1000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
01	Driftsutgifter	144 797	155 761	196 205
21	Spesielle driftsutgifter	261 540	279 644	301 263
30	Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde, <i>kan overførast</i>	59 651	36 405	36 405
31	Tiltak i friluftsområde, <i>kan overførast</i>	26 146	24 500	24 500
32	Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar, <i>kan overførast</i>	12 787	10 950	17 950
34	Statlege tileigningar, nasjonalparker, <i>kan overførast</i>	7 846	54 100	154 100
35	Statlege tileigningar, nytt skogvern, <i>kan overførast</i>	196 318	134 981	119 981
60	Tilskot til lokalt utviklingsfond	10 000	6 000	6 000
70	Tilskot til kalking og lokale fiskeformål, <i>kan overførast</i>	86 841	88 000	88 000
71	Forvaltningstiltak i verdensarvsområde, <i>kan overførast</i>	9 597	9 600	9 600
72	Erstatning for beitedyr tekne av rovvilt, <i>overslagsløyving</i>	141 128	136 223	150 755
73	Førebyggjande og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltninga, <i>kan overførast</i>	74 206	68 100	68 100
74	Tilskot til friluftslivstiltak, <i>kan overførast</i>	19 940	23 693	17 693
75	Internasjonale avtaler og medlemskap	1 022	1 074	1 107
76	Nasjonalparksentra og andre naturinformasjons- sentra, <i>kan overførast</i>	17 400	38 500	37 000
77	Tilskot til nasjonalparksenter, <i>kan overførast</i>	14 113		

(i 1000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
78	Tilskot til interkommunale friluftsråd og landsomfattande samarbeidsorgan for friluftsliv, <i>kan overførast</i>	8 000	8 000	17 075
81	Verdiskapingsprogram for naturarven, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	3 826	10 000	10 000
82	Tilskot til prioriterte arter og utvalde naturtypar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	14 180	28 000	33 000
83	Naturfaglige organisasjoner			3 445
	Sum kap. 1427	1 109 338	1 113 531	1 292 179

Midlane under kap. 1427 er retta mot resultatområda 1 Levande hav og kyst, 2 Livskraftige elvar og innsjøar, 3 Frodige våtmarker, 4 Mangfaldige skogar, 5 Storslåtte fjellandskap, 6 Verdifulle kulturmiljø og kulturlandskap, 8 Aktivt friluftsliv og delvis 7 Godt bymiljø og 11 Stabilt klima.

Direktoratet for naturforvaltnings rolle og oppgåver

Direktoratet for naturforvaltning er Miljøverndepartementets sentrale rådgivande og utøvande fagorgan innan naturforvaltninga.

Direktoratet for naturforvaltning arbeider bl.a. med etablering og forvaltning av verneområde, forvaltning av truga arter inkludert utarbeiding og oppfølging av handlingsplanar, lakseforvaltning, marin naturforvaltning, vassdragsforvaltning og tilrettelegging for friluftsliv. Dette arbeidet er ein føresetnad for å få gjennomført nasjonal politikk og få sett i verk konkrete tiltak nasjonalt, regionalt og lokalt.

Direktoratet har brei oversikt over naturtilstanden i Noreg og rapporterer fortløpande om dette. Direktoratet har fagleg instruksjonsmynde overfor miljøvernavdelingane ved fylkesmannsembeta. Dei konkrete miljømåla som direktoratet arbeider mot er omtalte under resultatområdeomtala i del III. Hovudstrategiane for å nå måla er:

- Sikre ein brei variasjon i norsk natur og landskap og halde oppe den naturlege produksjons-evna
- Syte for at omsynet til ei langsiktig disponering av naturressursane blir lagt til grunn ved areal- og vassdragsplanlegging og planar om naturinngrep
- Fremje høve til å bruke naturen til friluftsliv, opplæring og hausting

- Skaffe fram og formidle kunnskap som grunnlag for ei aktiv og førebyggjande naturforvaltning.

Spesielle satsingar

I budsjettforslaget for 2012 er det innanfor programkategori 12.20 (Direktoratet for naturforvaltning og Statens naturoppsyn) og programkategori 12.10 (Miljøverndepartementet) ein auke på om lag 166 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2011. Då har ein samanlikna budsjetta når det gjeld resultatområda 1 Levande hav og kyst, 2 Livskraftige elvar og innsjøar, 3 Frodige våtmarker, 4 Mangfaldige skogar, 5 Storslåtte fjellandskap, og 6 Verdifulle kulturmiljø og kulturlandskap (berre kulturlandskapsdelen). På resultatområde 8 Aktivt friluftsliv er budsjettet auka med 5 mill. kroner.

Teksten under omtalar spesielle satsingar i nemnde resultatområde. I samanlikninga med 2011 er det lagt til grunn tal frå saldert budsjett. Desse kan av den grunn avvike noko frå tala i budsjettproposisjonen for 2011.

Forvaltning av verneområde

Til forvaltning og skjøtsel av verneområde er det lagt inn drygt 255 mill. kroner, ein auke på 10 mill. kroner. Midla er mellom anna retta mot etablering av ein ny modell for lokal forvaltning av verneområda, hovudsakeleg til oppretting av nye stillingar som verneområdeforvaltarar under kap. 1427 post 01. Hovuddelen av midla ligg slik i budsjettet:

- 51 mill. kroner under kap. 1426 post 01 til oppsyn og forvaltning av verneområde, ein auke på 3 mill. kroner.

- 9 mill. kroner under kap. 1426 post 21 til tenestekjøp for statleg naturoppsyn som følgjer av rammeavtalene og dei årlege avtalene med Statskog SF (Fjelltenesta), fjellstyra og bygdeallmenningane.
- 23,4 mill. kroner under kap. 1426 post 30 til tiltak i nasjonalparkane og landskapsvernområde.
- 38,5 mill. kroner under kap. 1426 post 31 til tiltak i naturreservat og kulturlandskapsområde.
- 41,5 mill. kroner under kap. 1427 post 01 til stillingar som områdeforvaltarar og til skjøtsel i nasjonalparker.
- 35 mill. kroner under kap. 1427 post 21 til prosesskostnader, konsekvensutgreiingar mv. til gjennomføring av nasjonalparkplanen, utarbeiding av forvaltningsplanar, tilsynsutval og lokal forvaltning av nasjonalparker og verneområde, inkludert drift av dei lokale nasjonalparkstyra.
- 37 mill. kroner til nasjonalparksenter og andre informasjonssenter knytte til verneområde under kap. 1427 post 76, ein reduksjon på 1,5 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2011.

Utover dette er samla budsjett til erstatningar for vern (utanom skog) på 172 mill. kroner, ein auke på 107 mill. kroner i høve til 2011. Den primære årsaka er at posten til erstatningar for vern under nasjonalparkplanen (kap. 1427 post 34) er auka med 100 mill. kroner. I tillegg er posten som erstattar fylkesvise verneområde (kap. 1427 post 32) styrkt med 7 mill. kroner. Begge endringane er gjort i høve til venta utbetalingar i 2012. Sjå nærare omtale under postane.

Prioriterte arter og utvalde naturtypar

Verkemidla prioriterte arter og utvalde naturtypar er sentrale i naturmangfaldlova, jf. Ot.prp. nr. 52 (2008-2009). Til å innarbeide lova i den kommunale og statlege forvaltninga, utarbeide faggrunnlag for prioriterte arter og utvalde naturtypar, følgje opp handlingsplanar for desse og andre verdifulle eller trua arter, ligg det inne 95 mill. kroner. Dette er ein auke på 5 mill. kroner i høve til 2011. Hovuddelen av midla ligg slik i budsjettet:

- 8 mill. kroner til opplæring og kompetansebygging i kommunane om den nye naturmangfaldlova, av dette 7 mill. kroner på kap. 1400 post 21 og 1 mill. kroner i tilskotsmidlar under kap. 1400 post 76.
- 47,6 mill. kroner til å utarbeide faggrunnlag for nye prioriterte arter og utvalde naturtypar, og følgje opp handlingsplanar for prioriterte arter

og utvalde naturtypar (gamle og nye) under kap. 1427, post 21.

- 4,5 mill. kroner til å følgje opp handlingsplanar for andre verdifulle eller truga arter, kap. 1427 post 01.
- 33 mill. kroner under kap. 1427 ny post 82 Tilskot til prioriterte arter og utvalde naturtypar, ein auke på 5 mill. kroner til hubro.

Villaks

I budsjettforslaget for 2012 legg ein opp til å nytte 189 mill. kroner til villaksføremål. Dette er ein auke på 34 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2011. Hovuddelen av midla ligg slik i budsjettet:

- 8,9 mill. kroner under kap. 1425 post 70 til lokale og sentrale fisketiltak.
- 6,7 mill. kroner under kap. 1426 post 01 til lakseoppsyn m.m.
- 118 mill. kroner under kap. 1427 post 21 til særskilte tiltak for villaksen. Det er lagt inn ein auke på 40 mill. kroner til tiltak mot lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* i Vefsn-regionen, slik at innsatsen mot parasitten kjem opp i inntil 101 mill. kroner på landsbasis.
- 40 mill. kroner av løyvinga på 88 mill. kroner under kap. 1427 post 70 går til kalkingstiltak forsursingssamma laksevassdrag.

Vassforvaltning

I budsjettet for 2012 er det under Miljøverndepartementet foreslått løyvd til saman 63,3 mill. kroner til å setje i verk EUs vassrammedirektiv. Dette er ein auke på 9 mill. kroner i høve til 2011. Midlane er fordelte slik:

- 6,9 mill. kroner under kap. 1400 post 21 til utgreiingsoppgåver.
- 16,4 mill. kroner under kap. 1410 post 21, ein auke på 6 mill. kroner til styrkt overvaking av vassførekomstane.
- Nær 30 mill. kroner under kap. 1427 post 21, ein auke på 1,05 mill. kroner grunna gebyrinntekter ved kontroll av naturforvaltningsvilkår i vasskraftkonsesjonar. Posten dekkjer elles regionale og sentrale oppgåver som vassregioninstansane utfører. Også i 2012 skal det nyttast midlar til tiltak mot krypsiv.
- 2 mill. kroner under kap. 1441 post 21 til tiltak i oppfølging av vassforskrifta.
- 8 mill. kroner under kap. 1441 post 39 til tiltak i utvalde vassområde med særskilte miljøutfordringar, spesielt Haldenvassdraget, Vansjø og Jærvassdraga. Dette er ein auke på 2 mill. kroner. Ein gjer merksom på at beløpa under kap.

1441 post 39 ikkje var nemnde i denne oversikta i 2011-budsjettet, jf. Prop. 1 S (2010-2011).

Havforvaltning

Det er føreslått om lag 52 mill. kroner til arbeidet med heilskapleg og økosystembasert forvaltning av dei norske havområda, og kartleggingsprogrammet MAREANO. Hovuddelen av midla ligg slik i budsjettet:

- 14,5 mill. kroner under kap. 1400 post 21 til arbeidet med forvaltningsplanar for havområda.
- 2,8 mill. kroner under kap. 1427 post 21 til forvaltningsplanar for norske havområde.
- 26,47 mill. kroner til MAREANO under kap. 1465 post 21, ein auke på 12 mill. kroner. Ein gjer merksam på at beløpa under kap 1465 post 21 ikkje var nemnde i denne oversikta i 2011-budsjett, jf. Prop. 1 S (2010-2011).

Rovvilt

I budsjettforslaget for 2012 er det foreslått å nytte omlag 275 mill. kroner til rovvilt, ein auke på 24,5 mill. kroner i høve til 2011. Av auken er 10 mill. kroner lagt inn som ei direkte oppfølging av rovviltforliket i Stortinget våren 2011, mens 14,5 mill. kroner skuldast auka tapserstatningar. Hovuddelen av midla ligg slik i budsjettet:

- 28,6 mill. kroner under kap. 1410 post 21 til bestandsovervaking, ein auke på 5,5 mill. kroner i samband med rovviltforliket med 3,5 mill. kroner til forskingsprosjekt på sørsamisk rein-drift og 2 mill. kroner til styrking av rovdatabeivakning.
- 18,8 mill. kroner under kap. 1426 post 01 til skadefelling i regi av tilsette i Statens naturoppsyn, drift av kontaktnettet for rovvilt og lønn til jegerar som Statens naturoppsyn engasjerer ved ekstraordinære fellingsoppdrag. I beløpet ligg i samband med rovviltforliket ei styrking på 2,8 mill. kroner til drifta, i sær utgifter ved fellingsoppdrag.
- 7,1 mill. kroner under kap. 1427 post 21 til drift av fagråd for overvaking av rovvilt og møtegodtgjering for dei regionale rovviltnemndene, drift og sekretariat (hos fylkesmennene) for rovviltnemndene. Det er lagt inn ei styrking på 1,7 mill. kroner i samband med rovviltforliket.
- 150,8 mill. kroner under kap. 1427 post 72 til erstatningar for beitedyr tekne av rovvilt, ein auke på 14,5 mill. kroner grunna auka erstatningsutbetalingar for tamrein i 2010.
- 68,1 mill. kroner under kap. 1427 post 73 til førebyggings- og konfliktdeppande tiltak.

Rovvilt – oppfølging av oppmodingsvedtak nr. 687 av 17. juni 2011

Av forliket går det fram at norsk rovviltforvaltning framleis skal skje innanfor ramma av føresegnene i naturmangfaldlova og Stortingets behandling av denne, Bernkonvensjonen og den todelte målsetjinga etter rovviltforliket av 2004, og den vidare oppfølginga av dette. Det vil seie at desse rammevilkår ligg fast og blir ført vidare som sentrale og avgrensande element i forvaltninga av rovvilt. Vidare går det fram at rovviltforvaltninga er basert på ein politikk der omsynet til å sikre overlevinga til alle dei store rovviltartene i norsk natur må kombinerast med ei forvaltning som totalt sett medverkar til å dempe konflikten og motverke utryggleik innanfor den todelte målsetjinga.

Til hovudpunkta i forliket vil departementet uttale:

Bestandsovervaking og registrering

Det nasjonale overvaksingsprogrammet for rovvilt vart etablert i 2000, og omfattar dei fire store rovdyra gaupe, jerv, bjørn og ulv, og kongeørn. Rovdata vart etablert i oktober 2010, og representerer ei styrking av overvakinga og kartlegginga av artene. Rovdata har ansvaret for det faglege innhaldet, formidling, drift og utvikling av overvaksingsprogrammet, og er ein uavhengig leverandør av overvaksingsdata for dei fem nemnde artene i Noreg. Fagrådet for Nasjonalt overvaksingsprogram for rovvilt skal ha ansvaret for å utføre den fortløpande vurderinga av best mogleg overvaksingsmetodikk. Rovdata er sekretariat for Fagrådet. Stortinget peiker på at beitenæring og lokalbefolkning elles skal involverast meir aktivt i bestandsregistreringane av rovvilt, og at det i større grad skal leggjast til rette for dette gjennom blant anna innsamling av DNA-materiale. Vidare peiker Stortinget på at kongeørn må inngå i overvaksingsprogrammet på lik linje med dei andre rovviltartene, og at kartlegging av kongeørnbestanden må ferdigstillast så raskt som mogleg. I budsjettforslaget her er det foreslått ein auke på 2 mill. kroner til Rovdata og overvaking av rovvilt, og Statens naturoppsyn (SNO) blir styrkt med 2 mill. kroner.

Konfliktdeppande og førebyggjande tiltak

Myndigheitsforhold

Modellen med regional forvaltning blir ført vidare i det nye rovviltforliket, og det skal framleis vere rovviltnemndene som har hovudansvaret for rov-

viltforvaltninga i dei ulike forvaltningsregionane. Rovviltnemndene skal, som i dag, ha mynde til å fastsetje kvotar for jakt- og felling av store rovdyr når dei regionale bestandsmåla er nådde, men får i tillegg utvida mynde for bjørn.

Sjølv om det nasjonale bestandsmålet ikkje er nådd, blir myndet til å fastsetje kvotar for felling av bjørn overført frå Direktoratet for naturforvaltning til dei regionale rovviltnemndene når 10 ynglingar er nådde, med mindre det ligg føre særskilte grunnar for noko anna. Endringa krev endringar i forskrift av 18. mars 2005 om forvaltning av rovvilt (rovviltforskrifta), og Miljøverndepartementet vil sjå dette i samanheng med prosessen for endring av bestandsmålet for bjørn som òg krev endring av rovviltforskrifta.

Direktoratet for naturforvaltning har mynde til å fatte vedtak om korleis og kvar ekstraordinære uttak skal setjast i gang for så langt som mogleg å få teke ut resterande lisensfellingskvote. Dette skal skje etter drøfting med rovviltnemndene. Rovviltnemndene skal òg sjølve kunne ta initiativ til ei slik drøfting. Miljøverndepartementet vil presisere dette forholdet i kommentarane til forskrift av 18. mars 2005 om forvaltning av rovvilt (rovviltforskrifta).

Stortinget understrekar at det ligg eit særskilt ansvar på Miljøverndepartementet for å følgje opp at vedtak gjort av rovviltnemndene er innanfor våre internasjonale forpliktingar. Miljøverndepartementet skal gi retningslinjer til dei regionale rovviltnemndene der bestandsmålet ikkje er nådd. Vidare går det fram av rovviltforliket at rovviltnemndene sitt syn òg skal ha betydeleg vekt i dei tilfella der regionalt bestandsmål ikkje er nådd. Miljøverndepartementet vil presisere dette forholdet i kommentarane til forskrift av 18. mars 2005 om forvaltning av rovvilt (rovviltforskrifta). Det er foreslått 0,5 mill. kroner på budsjettet for 2012 til styrking av rovviltnemndene sine sekretariat til beredskap hos fylkesmennene.

Bestandsmål

Bestandsmåla for gaupe og jerv, på høvesvis 65 og 39 årlege ynglingar skal først vidare på same nivå som fastsett av Stortinget i 2004, og det blir presisert at rovviltforvaltninga skal skje på ein slik måte at talet på ynglingar blir halde så nær dei fastsette bestandsmåla som mogleg.

Det nasjonale bestandsmålet for bjørn skal reduserast frå 15 til 13 årlege ynglingar. Endring av bestandsmålet og ny fordeling av bestandsmål

let for bjørn krev endring i forskrift av 18. mars 2005 om forvaltning av rovvilt (rovviltforskrifta), og Miljøverndepartementet vil sende endringsforslag på høyring hausten 2011.

Bestandsmålet på tre årlege heilnorske ynglingar innanfor forvaltningsområdet for ynglande ulv blir ført vidare. Samtidig skal det, straks etter at Sverige er ferdig med si rovdyrutgreiing 1. juli 2012, arbeidast vidare for ei avtale med Sverige om nytt bestandsmål for ulv og fordeling av dette, under dette forvaltning av ulv som lever i grenserevir. Det skal takast endeleg stilling til bestandsmål for ulv når ei avtale med Sverige er på plass, seinast innan utgangen av 2013. Dersom avtale med Sverige ikkje blir oppnådd, skal forlikspartane drøfte bestandsmål for ulv på nytt. Vidare vil Miljøverndepartementet setje ned eit utval som skal evaluere ulvesona. Målsetjinga vil vere at evalueringa er ferdigstilt seinast innan utgangen av 2012, og blir sett i samanheng med den svenske rovdyrutgreiinga og anna oppfølging i ei ny norsk vurdering av bestandsmålet for ulv.

Uttak av rovvilt

Det eksisterer i dag beredskapsordningar hos fylkesmennene som tek vare på behovet for rask behandling av søknader om skadefelling i beitesesongen. Direktoratet for naturforvaltning vurderer fortløpande ressursituasjonen hos dei ulike fylkesmennene, relatert til førekomsten av rovvilt og tapsproblematikk for husdyr og tamrein, og skal syte for at føringa frå Stortinget om rask behandling blir følgt opp på ein god og føremålstenleg måte.

Stortinget ber om at søknader og klager om jakt og felling utanfor beitesesongen så langt det er mogleg blir behandla før saka mister aktualitet. Miljøverndepartementet vil innan beitesesongen for sau 2012 vurdere konkrete tidsfristar for å svare på førespurnader og klager knytte til skadefelling, og komme tilbake til Stortinget med dette.

Stortinget peiker på at det offentlege sitt økonomiske ansvar for skadefelling skal styrkjast og klargjerast, og at deltakarar i kommunale fellingslag skal få økonomisk kompensasjon frå første dag. Miljøverndepartementet følgjer opp dette gjennom ei endring av forskrift av 18. mars 2005 om forvaltning av rovvilt (rovviltforskrifta).

Ordninga med kompensasjon ved pålegg om beiterestriksjonar på grunn av rovvilt i medhald av dyrevelferdslova blir ført vidare under Landbruks- og matdepartementet.

Uttak i prioriterte beiteområde

Forliket legg til grunn at det ikkje skal vere rovdyr som representerer eit skadepotensial i prioriterte beiteområde for husdyr og kalvingsområde for tamrein, og uttak av rovdyr som gjer skade i prioriterte beiteområde skal gjerast raskt. I slike område skal miljøforvaltninga i større grad enn i dag medverke til å effektivisere slikt uttak.

Uttak av jerv gjennomført av miljøforvaltninga skal så langt det er mogleg gjennomførast under lisensfellingsperioden, men likevel slik at uttak blir gjennomført på ein kostnadseffektiv måte.

Forholdet til sørsamisk tamreindrift

Det skal setjast i verk nødvendige tiltak både innanfor rovdyrforvaltninga og reindriften med sikte på å sikre situasjonen for sørsamisk tamreindrift. På budsjettet for 2012 er det sett av 3,5 mill. kroner til eit forskingsprosjekt i sørsamiske reindriftsområde som skal dreie seg om tamrein og rovvilt. Prosjektet skal halde fram til 2016.

Utviding av lisensfellingsperioden for bjørn, auka høve til lisensfelling av hannbjørnar i prioriterte beiteområde og uttak av resterande lisensfellingskvote

Stortinget har bestemt endring av lisensfellingsperioden for bjørn slik at den skal starte 21. august, grunngitt med at dette vil føre til samordna jaktstart for bjørn med Sverige og at det vil gi ein periode før elgjakta der bjørn kan jaktast meir spesielt. Samtidig vil det gi høve til å kombinere lisensfelling av bjørn med reinsjakt i område der dette kan vere aktuelt. Miljøverndepartementet vedtok regelendringa 6. juli 2011, og den tredde i kraft straks, noko som betyr endra starttidspunkt for lisensfelling av bjørn frå og med hausten 2011. Ein utvida lisensfellingsperiode vil medverke til auka høve til lisensfelling, slik forliket legg opp til for å redusere førekomsten av hannbjørnar i prioriterte beiteområde. Departementet vil i denne samanhengen peike på at dei fastsette kvotane i dei fleste tilfella ikkje har blitt fylte, og at kvotestørrelsen derfor i lita grad har vore avgrensande for lisensfellingsresultatet av bjørn i prioriterte beiteområde.

Stortinget vil at miljøforvaltninga så langt som mogleg skal syte for at resterande lisensfellingskvote blir teken ut i dei tilfella der lisensfelling ikkje gir tilfredsstillande uttelling, og at uttak i det

som av rovviltnemndene er definert som prioriterte beiteområde i dei enkelte regionane blir prioritert. For å bidra til dette vil departementet leggje opp til ei god samhandling og dialog mellom dei ulike forvaltningsledda, og at vedtak om kvotar for lisensfelling blir gjort med tydeleg grunnlag i rapporterte bestandsvurderingar frå Nasjonalt overvåkingsprogram for rovvilt. Vedtak om korleis og kvar ekstraordinære uttak av rovvilt skal setjast i gang vil òg skje etter drøfting med rovviltnemndene.

Miljøverndepartementet presiserer at uttak av rovvilt berre kan skje i medhald av føresegnene i naturmangfaldlova med forskrifter. Dette inneber at det skal utførast ei konkret og heilskapleg vurdering av den enkelte situasjonen i tråd med dei krava som er nedfelte i regelverket. I prioriterte beiteområde skal det likevel praktiserast ein låg terskel for løyve til uttak av rovvilt for å avverje skade på husdyr og tamrein. Vidare skal Statens naturoppsyn styrkjast for å bidra til effektivisering av uttak når rovvilt gjer skade på beitedyr i prioriterte beiteområde. På budsjettet for 2012 er det foreslått ei styrking av Statens naturoppsyn.

Av rovviltforliket i 2011 går det fram at soneinndelinga må forvaltast tydeleg. Det vil seie at det skal vere ulik forvaltningspraksis i prioriterte rovviltområde på den eine sida og prioriterte beiteområde på den andre. Miljøverndepartementet viser til at dette legg klare føringar om at tilskot til førebyggjande og konfliktdepande tiltak skal prioriterast til prioriterte rovviltområde. Departementet viser òg til at ei arbeidsgruppe nedsett av Landbruks- og matdepartementet våren 2011 leverte ein rapport med forslag til retningslinjer/standardar for behandling av søknader om omstilling av drift på grunn av rovvilt. Rapporten vil bli følgd opp med vidare prosess hausten 2011.

Erstatningsordningane

Miljøverndepartementet sette i 2010 ned eit ekspertutval og ei prosjektgruppe som skulle utgreie erstatningsordninga for høvesvis husdyr og tamrein som blir drepne eller skadde av rovvilt. Miljøverndepartementet tok imot sluttrapport om erstatningsordninga for tamrein den 15. april 2011 og sluttrapport om erstatningsordninga for husdyr den 1. juli 2011. Miljøverndepartementet vil hausten 2011 vurdere tilrådingane og i tråd med det nye rovviltforliket følgje opp rapportane på eigna måte overfor Stortinget i budsjettet for 2013.

Naudverje hund

Høve til naudverje for hund under direkte angrep av rovvilt vil krevje endring av føresegna om naudverje i naturmangfaldlova. Ei lovendring krev at det blir gjennomført ein ordinær lovendringsprosess. Forlikspartane skal takast med på råd før lovforslaget blir fremja for Stortinget. Miljøverndepartementet tek sikte på å fremje lovforslag for Stortinget i løpet av første kvartal 2012.

Kompetanse og informasjon

Kompetansehevande tiltak med opplæring og kurs er framheva i fleire punkt i det nye rovviltforliket. Dette gjeld kommunal kompetanse i rovviltområda, forvaltningskompetanse hos rovvilt-nemndene, jakt- og fellingskompetanse blant lisensjegerar og skadefellingslag, og kurs for lokale rovviltkontaktar. Erfaringar frå inn- og utland om tiltak for å gjere rovdyr mindre nærgående og førebyggje frykt skal gåast gjennom. Vidare har Stortinget lagt vekt på informasjonsarbeid og kunnskap om blant anna møte mellom folk og dei store rovdyra. Miljøverndepartementet vil byggje opp strukturar som tek vare på kurs-, informasjons- og opplæringsbehov i samarbeid med Norges Jeger- og Fiskarforbund og Statens naturoppsyn. Det er foreslått 2 mill. kroner til kurs- og rettleiingsverksemd og kunnskap om møte mellom folk og dei store rovdyra i budsjettet for 2012.

Vidare oppfølging

Stortinget har som del av rovviltforliket vedteke at den regionale forvaltninga og dei regionale bestandsmåla av rovvilt skal evaluerast innan fem år. Miljøverndepartementet vil følgje opp dette.

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot resultatområda 1 Levande hav og kyst, 2 Livskraftige elvar og innsjøar, 3 Frodige våtmarker, 4 Mangfaldige skogar, 5 Storslåtte fjellandskap, 6 Verdifulle kulturmiljø og kulturlandskap, 8 Aktivt friluftsliv og delvis 7 Godt bymiljø og 11 Stabilt klima.

Posten dekkjer lønn til faste og mellombels tilsette. Den dekkjer òg ulike driftsutgifter i form av husleige, IT-utgifter, informasjon, innanlands- og utanlandsreiser og internasjonalt arbeid i Direktoratet for naturforvaltning. For ei utgreiing av kva slags føremål løyvinga dekkjer, viser vi til omtala

under «Direktoratet for naturforvaltnings rolle og oppgåver» i innleiinga til dette budsjettkapitlet.

Posten er auka med 40 mill. kroner. Til nye stillingar som lokale naturforvaltarar i verneområde er det lagt inn ein auke på 17 mill. kroner. For å samle hovuddel av midlane til naturforvaltarane på ein og same post, er det i tillegg flytta 16,5 mill. kroner frå kap. 1427 post 21. Desse midlane har i 2011 gått til å dekkje allereie tilsette naturforvaltarar. Posten skal også dekke om lag 8 mill. kroner til verneområdestyra som dei kan nytte til skjøtsel og tilrettelegging i verneområde i tråd med forvaltningsplanen.

Direktoratet skal på nyåret 2013 flytte til nye lokale, og til dette er det lagt inn ei eingongsløyving på 4,5 mill. kroner til investeringar i nytt utstyr og inventar. Til kompensasjon for lønnsoppgjeret i staten i 2011 er det lagt inn 2,350 mill. kroner.

Løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4427 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot resultatområda 1 Levande hav og kyst, 2 Livskraftige elvar og innsjøar, 3 Frodige våtmarker, 4 Mangfaldige skogar, 5 Storslåtte fjellandskap, 6 Verdifulle kulturmiljø og kulturlandskap og 8 Aktivt friluftsliv.

Posten dekkjer utgifter til faglege prosjekt og oppdrag som direktoratet utfører, og utgifter som er knytte til inntekter over kap. 4427. Løyvinga er foreslått auka med 21,6 mill. kroner.

Det er lagt inn 40 mill. kroner til tiltak for villaksen mot lakseparasitten *gyrodactylus salaris* i Vefsn-regionen, etter at det vart oppdaga smitte i dei store vatna i vassdraga. Løyvinga følgjer opp ei ekstraløyving i samband med revidert nasjonalbudsjett 2011 på 57,2 mill. kroner til førebuing av tiltak og til første runde med behandling som vart gjennomført i august 2011. Samstundes er det teke ut ei eingongsløyving på 5 mill. kroner til villaks frå 2011-budsjettet i samband med utviding i oppdrettskapasiteten.

Det er lagt inn ein auke på 5 mill. kroner til «den naturlege skulesekken», og som ei oppfølging av rovviltforliket er posten styrkt med 1,7 mill. kr. Av dette går 0,5 mill. kroner til styrking av rovviltnemndenes sekretariat og beredskap, mens 1,2 mill. kroner går til vidare forskning på rovdyr si åtferd i forhold til folk og folk si frykt for rovdyr, spesielt når det gjeld bjørn og menneske.

For å samle hovuddel av utgiftene til naturforvaltarar i verneområde på same post, er det flytta

16,5 mill. kroner frå kap. 1427 post 21 til kap. 1427 post 01, jf. omtale under sistnemnde.

Posten dekkjer elles er rekkje miljøverntiltak. Dette gjeld blant anna hovuddelen av bevaringsarbeidet for villaksen med vekt på tiltak mot lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*. Budsjettert på posten er òg midlar til vassforvaltning og å følgje opp EUs vassrammedirektiv. Vidare finansierer posten arbeidet med prioriterte arter og utvalde naturtypar og andre verdifulle og truga arter, arbeidet med naturindeks, villrein (spesielt knytt til Snøhetta-området), sjøfugl, oppfølging av strategi mot framande og skadelege arter, norsk oppfølging av det globale naturpanelet, og arbeidet med genmodifiserte organismar. I samband med rovvilt dekkjer posten drift av nasjonalt fagråd for overvaking av rovvilt og møtegodtgjersle for dei regionale rovviltnemndene.

Posten dekkjer saksutgiftene i samband med skogvern, marin verneplan, tematiske verneplanar, nasjonalparkar og drift av forvaltningsordningar, inkludert utgifter til drift av tilsynsutval og verneområdestyre. Vidare er direktoratets utgifter i samband med verdsarvområda finansierte frå posten, likeins oppfølging av norske forplikingar i Ramsarkonvensjonen, norsk implementering av det europeiske verneområdenettverket Emerald Network, verneplan for vassdrag, og juridisk bistand til kommunar til arbeid med strandsona. I løyvinga ligg òg 2 mill. kroner til skjøtsel og ei interkommunal stilling i samband med vernet av Trillemarka-Rollagsfjell og midlar til heilskapleg forvaltning av norske havområde.

Elles blir utgifter til internasjonale bistandsoppdrag, jegerprøveordninga og drifta av Songli forsøksgard dekte over posten.

Posten er foreslått auka med 1,7 mill. kroner grunna fleire internasjonale oppdrag dei siste åra. Desse oppdraga får direktoratet betaling for, og inntektsløyvinga er derfor auka tilsvarande under kap. 4427 post 09.

Direktoratet for naturforvaltning vil i 2012 ta i bruk sin heimel til å krevje refusjon for sine utgifter knytte til kontroll av naturforvaltningsvilkår i vasskraftkonsesjonar. Posten er av den grunn auka med 1,05 mill. kroner med grunnlag i venta inntekter under kap. 4427 post 54. Ein viser til nærare omtale under sistnemnde post.

Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap. 4427 post 09 og post 54, jf. Forslag til vedtak II nr. 1.

Post 30 Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde, kan overførast

Midlane under posten er retta mot resultatområde 8 Aktivt friluftsliv.

Regjeringa held fram arbeidet med å sikre nye friluftsområde. Særleg er det viktig at område nær store befolkningskonsentrasjonar blir sikra. Det er òg viktig at område i kystsona blir sikra. Det å gjere nye strandområde tilgjengelege er eit konkret tiltak som betrar tilhøva for friluftsliv for mange brukarar.

Staten har det økonomiske ansvaret for å sikre særskilte friluftsområde av nasjonal og regional verdi som f.eks. skjergardsparkar (jf. kap. 1426 post 32 Skjergardsparkar o.a.). Staten investerer i kommunal sikring av lokalt viktige friluftsområde i byar og tettstader gjennom bidrag til sikring mot tinglyst bandlegging av arealbruken til allment friluftsliv. Løyvinga kan normalt ikkje nyttast til å kjøpe bygningar. Unntak gjeld bygningar som anten skal rivast eller som kan nyttast i friluftsliv-samanheng i området.

Sikringa blir gjennomført ved tileigning eller ved servituttavtale med grunneigar, helst på frivillig grunnlag, men i enkelte tilfelle ved ekspropriasjon eller ved vilkår til konsesjon. I tillegg til sikring av friluftsområde skal midlane dekkje andre utgifter som er knytte til gjennomføring av desse oppgåvene.

Investeringsmidlane blir utbetalte når Direktoratet for naturforvaltning har motteke formell dokumentasjon på at heimel eller rett er overført og at statens vilkår er oppfylte.

På posten ligg det 2 mill. kroner til oppfølging av markalova.

Det blir fremja forslag om ei tilsegnfullmakt på 55 mill. kroner, ein auke på 20 mill. kroner i høve til 2011, jf. forslag til vedtak VII.

Post 31 Tiltak i friluftsområde, an overførast

Posten er retta mot resultatområde 8 Aktivt friluftsliv.

Posten skal dekkje utgifter til ulike praktiske tiltak og skjøtsel som følgjer av statleg sikring av viktige friluftslivsområde, jf. omtale av slik sikring under kap. 1427 post 30. Prioritert vert naturvenlege tiltak for opparbeiding og anna praktisk tilrettelegging med grunnlag i godkjent forvaltningsplan for å kunne betre tilhøva for mange brukarar og ulike brukargrupper. Posten dekkjer berre utgifter innan forvaltningsordningar etablerte på statleg initiativ eller etter særskild avtale.

Post 32 Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar, kan overførast

Midlane under posten er retta mot resultatområda 1 Levande hav og kyst, 3 Frodige våtmarker, 4 Mangfaldige skogar, 5 Storslåtte fjellandskap og 6 Verdifulle kulturmiljø og kulturlandskap (kulturlandskapsdelen). Posten skal dekkje utgifter til å erstatte dei økonomiske tapa som eigarar og retts-havarar har ved vernetiltak etter naturmangfaldlova, jf. erstatningsreglane i lova. Erstatningar blir fastsette ved minnelege avtaler eller ved rettslege skjønn. Posten skal dekkje kjøp av område som er verna eller føresett verna etter naturmangfaldlova, og utgifter som staten som grunneigar har i samband med overtakinga av innkjøpte eigedommar. Forutan erstatning og kjøp skal midlane på denne posten dekkje andre kostnader som er knytte til gjennomføring av verneplanane.

Posten er styrkt med 7 mill. kroner for å møte venta erstatningsutbetalingar i 2012.

Ut frå dei kostnadsoverslaga vi har i dag medfører dette behov for ei tilsegnsmakt på til saman 10,3 mill. kroner i 2012, jf. forslag til vedtak VII.

Post 34 Statlege tileigningar, nasjonalparker, kan overførast

Midlane under posten er retta mot resultatområda 1 Levande hav og kyst, 2 Livskraftige elvar og innsjøar, 3 Frodige våtmarker, 4 Mangfaldige skogar, 5 Storslåtte fjellandskap og 6 Verdifulle kulturmiljø og kulturlandskap (kulturlandskapsdelen).

Posten skal dekkje utgifter til erstatning av dei økonomiske tapet eigarar og rettshavarar har ved vernetiltak etter naturmangfaldlova, jf. erstatningsreglane i lova. Erstatningar blir fastsette ved minnelege avtaler eller ved rettslege skjønn.

Forutan erstatning og vederlag skal midlane på denne posten dekkje andre kostnader som er knytte til gjennomføring av nasjonalparkplanen.

Gjennomføringa av nasjonalparkplanen, jf. St.meld. nr. 62 (1991-1992) *Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge*, vil i det alt vesentlege sluttførast i 2011-2012. Det står att fem verneplanar. To av dei – Treriksrøysa og Tysfjord-Hellemobotn – er førebels utsette. For dei resterande tre blir det gjennomført prosessar for å finne fram til gode løysingar. Dette gjeld framlegg til nasjonalparkane Goahhteloubal og Lahku (Sundsfordfjella), og utviding av nasjonalparken Øvre Anarjohka.

Regjeringa varsla i 2002 at den skulle sjå nærare på erstatningane ved vern av nasjonalparker og

landskapsvernområde. Alle grunneigarar og retts-havarar som ønskja det, fekk utsett erstatningsoppgjeret i påvente av nye reglar. Det gjaldt så og seie alle. Nye erstatningsreglar ble vedtekne av Stortinget saman med ny naturmangfaldlov våren 2009. Etter dette har Direktoratet for naturforvaltning og regjeringsadvokaten arbeidd med å planleggje gjennomføringa av erstatningsoppgjera. Erstatningssakene utgjier ei stor saksmengde etter at det i ca. 10 år har samla seg opp saker der vurderinga av erstatning til grunneigarar og retts-havarar har blitt utsett.

Det er gjort ei ny vurdering av verna område der erstatningsfastsetjinga ikkje er gjort opp. I tillegg er òg planlagt verna område gjennomgått. Gjennomgangen visar at verdien av områda må setjast vesentleg høgare, nærare vurdert til om lag 400 mill. kroner meir enn tidlegare anslag. Det er verdien av skogen i områda som dreg opp, både når det gjeld omfang og kvalitet. Samstundes har tømmerprisane auka merkbar dei siste åra. På toppen av dette kjem betydelege renteutgifter på grunn av at mange område har lege i opp til 10 år utan erstatningsoppgjjer, og det blir rekna rente frå vernetidspunktet.

For å handtere venta erstatningsutbetalingar i 2012 er posten derfor styrkt med 100 mill. kroner.

I tillegg må tilsegnsmakta aukast med 248 mill. kroner til 350 mill. kroner i 2012, jf. forslag til vedtak VII.

Post 35 Statlege tileigningar, nytt skogvern, kan overførast

Midlane under posten er retta mot resultatområde 4 Mangfaldige skogar. Posten er redusert med 15 mill. kroner til 120 mill. kroner.

Posten skal dekkje utgifter til erstatning av dei økonomiske tapa eigarar og rettshavarar har ved skogvern etter naturmangfaldlova, jf. erstatningsreglane i lova. Erstatningar blir fastsette ved minnelege forhandlingar eller ved rettsleg skjønn. Posten skal dekkje kjøp av skogområde som er verna eller føresett verna etter naturmangfaldlova, utgifter som staten som grunneigar har i samband med overtaking av innkjøpte eigedommar, vederlagsordning for område som er under vurdering for vern, og utgifter til gjennomføring av makeskifteløysingar knytte til nytt vern.

Midlane på posten skal vidare dekkje andre utgifter som er knytte til gjennomføring av skogvernet, som registrering og vurdering av verneverdiar, grensemerking, utarbeiding av forvaltningsplanar når dette er nødvendig for å fastsetje skjønnsføresetnadene, o.a.

Det blir fremja forslag om ei tilsegnfullmakt under posten på 140 mill. kroner jf. forslag til vedtak VII.

Post 60 Tilskot til lokalt utviklingsfond

Tilskotsordninga under denne posten rettar seg mot resultatområde 4 Mangfaldige skogar.

I samband med Regjeringas avgjerd om utvida vern i Trillemarka-Rollagsfjell blir det etablert eit felles utviklingsfond for dei tre kommunane Rollag, Sigdal og Nore og Uvdal på 30 mill. kroner. Det er lagt opp til at løyvinga blir fordelt over fem år med eit årleg beløp på 6 mill. kroner. Dette er fjerde året med løyving. Eit styre samansett av ordførarane i dei tre kommunane og to representantar oppnemnde av Innovasjon Noreg i Buskerud forvaltar fondet.

Post 70 Tilskot til kalking og lokale fiskeformål, kan overførast

Tilskotsordningane under denne posten rettar seg mot resultatområde Livskraftige elvar og innsjøar, men er elles relaterte til resultatområde 8 Aktivt friluftsliv og resultatområde 10 Rein luft.

Mål

Målsetjinga med tilskotsordninga er å redusere negative effektar på naturmangfaldet i vassdrag som følgje av sur nedbør og andre alvorlege menneskeskapte trugsmål. Vidare skal tilskotsordninga nyttast til å avdekkje behov for nye tiltak eller gi grunnlag for innsats som kan redusere behovet for kalking i Noreg.

Tilførsla av sur nedbør har blitt sterkt redusert dei seinaste åra, men den positive utviklinga har flata ut etter tusenårsskiftet. Enno er om lag 10 pst. av arealet i Noreg forsuringsskadd og fram mot 2030 er det berre venta små ytterlegare betringar i forsuringssituasjonen. For å oppnå ytterlegare betring i vasskvaliteten i Noreg, må utsleppa av svovel- og nitrogensambindingar til luft i Europa reduserast meir enn målsetjingane i Gøteborgprotokollen. Arbeidet med revisjon av denne protokollen er no i gang med sikte på å vedta ein ny protokoll i 2012.

Kriterium for måloppnåing

Hovudkriteriet for måloppnåing er at ein oppnår god vasskvalitet i dei områda som blir kalka.

Tildelingskriterium

Det kan ytast tilskot til prosjekt i område der tolegrensa for menneskeskapt forsuring er overskriden. I tillegg vil bl.a. førekomst av organismar og fiskeslag som er følsame for forsuring bli vurdert ved prioritering av prosjekt. Prosjekt som er inkluderte i forslag til nasjonal handlingsplan for kalking for perioden 2011-2015, og/eller fylkesvise planar for kalkingsverksemda blir prioriterte. Tilskot kan bl.a. bli gitt til kjøp, transport og spreieing av kalk og nødvendige installasjonar. Det blir gitt tilskot til tiltak innan fiskekultivering og andre tiltak for å styrkje fiskebestandane i kalka vassdrag og til utprøving av kalking og alternative tiltak i terrenget. Posten dekkjer dessutan informasjon om effektar av utførte tiltak og rettleieing om kalking i vatn og vassdrag. Delar av tilskotsordninga er bundne i langsiktige tiltak.

Tilskotsmottakarar er organiserte lag som jeger- og fiskarforeiningar, fiskarlag, grunneigarlag o.l., og kommunar.

Ved tildeling av midlar skal det stillast vilkår om at fiske i området blir opna for allmenta etter retningslinjer gitt av miljøstyresmaktene, og at søkjaren medverkar med ein viss eigeninnsats. Eigeninnsatsen kan vere delfinansiering, dugnadsarbeid, kultiveringstiltak o.a.

Tilskotsordninga blir forvalta dels av Direktoratet for naturforvaltning og dels av fylkesmenene.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer gjennom undersøkingar av vasskvalitet og biologiske forhold i dei kalka vassdraga.

Post 71 Forvaltningstiltak i verdsarvområde, kan overførast

Posten er retta mot resultatområda 1 Levande hav og kyst, 3 Frodige våtmarker, 4 Mangfaldige skogar, 5 Storslåtte fjellandskap og 6 Verdifulle kulturmiljø og kulturlandskap. Frå posten blir det gitt tilskot til arbeidet for norske verdsarvområde med viktige naturverdiar. Midlane må sjåast i samanheng med midlar til dei norske verdsarvområda under kap. 1429 post 72 Vern og sikring av freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø.

Vega-øyan vart tekne inn på UNESCOs verdsarvliste i 2004. Det vestnorske fjordlandskapet med Geirangerfjorden og Nærøyfjorden vart ført på lista i 2005.

Det er stort behov for forvaltningstiltak som kan halde ved lag dei verdiane som ligg til grunn for utpeikinga som verdsarvområde. Det er oppretta ei tverrdepartemental arbeidsgruppe for å sikre ein samordna og målretta bruk av statlege verkemiddel inn mot dei viktigaste utfordringane i verdsarvområda slik dei kjem fram i ein tiltaksplan kommunane har utarbeidd.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å sikre ei berekraftig forvaltning av norske verdsarvområde med viktige naturverdiar.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing blir vurdert ut frå om forvaltninga er i tråd med kriteria for tildeling av verdsarvstatus.

Tildelingskriterium

Midlane til verdsarvområde skal gå til å følgje opp forvaltninga av slike område i Noreg som har viktige naturverdiar. Mottakarar er i hovudsak organisasjonar som arbeider med oppfølging av verdsarvområda.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føresett og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Post 72 Erstatning for beitedyr tekne av rovvilt, overslagsløyving

		(i 1000 kr)		
Underpost	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2010	budsjett 2011	2012
72.1	Erstatning for husdyr	73 923	88 621	88 621
72.2	Erstatning for tamrein	67 205	47 602	62 134
	Sum post 72	141 128	136 223	150 755

Midlane under posten er retta mot resultatområda 4 Mangfaldige skogar og 5 Storslåtte fjellandskap. Posten omfattar erstatningar for dokumentert og sannsynsleggjort tap av husdyr og tamrein som følgje av rovdyrangrep. Erstatningane kan variere frå år til år, bl.a. på grunn av naturgitte forhold. Løyvingsbehovet er slik sett vanskeleg å stipulere, og posten er derfor budsjettert som overslagsløyving.

Posten er styrkt med 14,5 mill. kroner på grunnlag av ein auke i erstatningsutbetalingane i 2010, særleg knytt til tap av tamrein.

Mål

Ordninga skal sikre full erstatning for dokumenterte og sannsynleggjorte rovviltsskadar på husdyr og tamrein slik dette er nedfelt i naturmangfaldlova.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at ordninga tek vare på dyreeigaren sin lovfesta rett til full erstatning i tilfelle der rovvilt er årsak til tap av dyr.

Tildelingskriterium

Erstatningar blir utbetalte i samsvar med «Forskrift om erstatning for tap og følgeskader når husdyr blir drept eller skadet av rovvilt», fastsett 2. juli 1999 og «Forskrift om erstatning for tap og følgeskader når tamrein blir drept eller skadet av rovvilt», fastsett 4. mai 2001.

Oppfølging og kontroll

Erstatningssøknadene blir gjennomgått for å sikre at vilkåra for erstatning er oppfylte. Dokumentasjonen av skadane er betra mykje dei to siste åra som følgje av at innsatsen med bestandsregistrering og skadedokumentasjon er trappa opp. Det er

Statens naturoppsyn som gjennomfører skadedokumentasjonen.

Post 73 Førebyggjande og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltninga, kan overførast

Midlane er retta mot resultatområda 4 Mangfaldige skogar og 5 Storslåtte fjellandskap. Posten dekkjer utgifter til førebyggjande og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltninga.

Midlane på posten kan nyttast til utviklingsarbeid med klar relevans til målet med posten.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å førebyggje rovviltskadar i husdyrhald og tamreindrift gjennom å medverke til å finansiere førebyggjande tiltak. Vidare skal midlane nyttast til godtgjering ved søk på skadefelling av rovvilt, og medverke til å dempe konflikter og auke verdiskapinga knytt til forekomst av rovdyr i lokalsamfunn. Det blir lagt vekt på å føre vidare arbeidet med tiltak innan førebygging og konfliktdemping med utgangspunkt i Stortingets behandling av St.meld. nr. 15 (2003-2004) *Rovvilt i norsk natur*, jf. Innst. S. nr. 174 (2003-2004), og rovviltforliket på Stortinget våren 2011 (jf. Representantforslag 8:163 S (2010-2011)).

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at tilskotsordninga stimulerer til mindre tap og konflikter i forhold til rovviltforekomst i dei ulike rovviltregionane ved å setje i verk effektive førebyggjande og konfliktdempande tiltak.

Tildelingskriterium

Tilskot til førebyggjande og konfliktdempande tiltak blir fordelte etter eit eige regelverk. Det er utarbeidd ei eiga nettside for bl.a. å gjere informasjon om dei ulike førebyggjande og konfliktdempande tiltaka meir tilgjengelege for beitebrukarar, kommunar og lokalsamfunn. I tråd med føringane i rovviltpolitikken vil ein hovuddel av midlane bli kanalisert gjennom dei åtte regionale rovvilt-nemndene. Midlane skal nyttast til førebyggjande tiltak i husdyrhald og tamreindrift og til konfliktdempande tiltak retta mot kommunar og lokalsamfunn. I kvar region har den regionale rovvilt-

nemnda utarbeidd ein forvaltningsplan som skal sikre at det over tid blir lagt til rette for tilpassingar som gir eit best mogleg skilje mellom beitedyr og faste førekomstar av rovvilt. Dette inneber bl.a. at besetningar med store årlege tap til rovvilt bør prioriterast for tilskot til nødvendige driftstilpassingar. Dei regionale rovvilt-nemndene har hovudansvaret for at tildelingane over posten skjer i tråd med eigen forvaltningsplan i den enkelte regionen. Det er utarbeidd nasjonale standardar for nokre av dei ulike førebyggjande tiltaka. Desse standardane skal følgjast ved iverksetjing av tiltaka. Det blir i samband med tildeling av tilskotet lagt stor vekt på samarbeid med dei ulike forvaltningsorgana, blant anna Mattilsynet, og på at næringsdrift skal ha langsiktige og føreseielege vilkår.

Oppfølging og kontroll

Det blir utført ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportar frå tilskotsmottakarar om gjennomføring av tiltak og ressursforbruk. For å sikre effektiv bruk av midlane er det lagt vekt på kontroll med at førebyggjande tiltak som er støtta med offentlege midlar følgjer nasjonale standardar der slike er utarbeidd.

Post 74 Tilskot til friluftslivstiltak, kan overførast

Midlane under posten er retta mot resultatområde 8 Aktivt friluftsliv. Posten er redusert med 6 mill. kroner som skuldast at midlane til Forum for natur og friluftsliv er flytta til kap. 1427 post 78.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til stimuleringstiltak og haldningsskapande arbeid for friluftsliv, med vekt på å styrkje allmenta sine interesser innan friluftslivsaktivitetar.

Midlane skal nyttast til arbeid med- og konkrete tiltak for å fremje friluftslivet som utgangspunkt for gode helsevanar og miljøhaldningar. Innsatsen vil i første rekkje rettast inn mot barn, unge, funksjonshemma og etniske minoritetar.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområde 8 Aktivt friluftsliv.

Tildelingskriterium

Tiltak som fremjar aktivitet og betre folkehelse vil vere særleg aktuelle for tildeling av stimuleringsmidlar i 2012. Primær målgruppe er lag og organisasjonar som arbeider med aktivitetsfremjande tiltak for friluftsliv.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føresettt og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Post 75 Internasjonale avtaler og medlemskap

Tilskotsordninga er primært knytt til resultatområda 1 Levande hav og kyst, 2 Livskraftige elvar og innsjøar, 3 Frodige våtmarker, 4 Mangfaldige skogar, 5 Storslåtte fjellandskap og 6 Verdifulle kulturmiljø og kulturlandskap.

Mål

Målet for tilskotsordninga er å støtte organisasjonane som er nemnde nedanfor i deira internasjonale arbeid for vern av naturmangfald og berekraftig bruk av naturressursar, og å setje Direktoratet for naturforvaltning og andre delar av miljøforvaltninga i stand til å delta i det faglege internasjonale nettverket desse organisasjonane utgjer.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er om Noreg gjennom si støtte til dei internasjonale organisasjonane i rimeleg grad medverkar til at desse kan utføre oppgåvene sine, og at Direktoratet for naturforvaltning og anna miljøforvaltning får tilgang til arbeidet som skjer i dei.

Tildelingskriterium

Posten skal dekkje utgifter til kontingent i samband med medlemskap i relevante internasjonale organisasjonar, under dette:

- Federation of Nature and National Parks of Europe (EUROPARC)
- Conseil International de La Chasse (CIC)
- International Union for Conservation of Nature (IUCN) (Government Agency member)
- Wetlands International (WI)

- BirdLife International (BI)
- Nordisk kollegium for viltforskning (NKV)
- Den norske plantevernorganisasjonen (Planta Europa)
- Den europeiske organisasjonen for bevaring av geologiarven (ProGEO)

Posten skal dekkje utgifter knytte til relevante oppfølgingsprosjekt i tilknytning til medlemskapen, slik som i den nordatlantiske organisasjonen for laksevern North Atlantic Salmon Conservation Organization (NASCO). Kontingenten til NASCO er dekt over kap. 1400 post 71 Internasjonale organisasjonar.

Det skjer ei kontinuerleg vurdering av organisasjonane sine målsetjingar og av tilhøvet deira til sentrale konvensjonar og avtaler og kva nytte Direktoratet for naturforvaltning har av medlemskapen.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer hovudsakleg i form av deltaking i og bidrag til møte i organisasjonane sine styrande organ, der det blir fatta avgjerder bl.a. om budsjett, kontingentar og økonomisk styring. Oppfølging av spesielle prosjekt skjer gjennom deltaking i referanse-, arbeids- eller styringsgrupper, ved kontakt med slike grupper, eller ved direkte kontakt med prosjektet.

Kontrollen skjer i hovudsak gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende prosjektrapportar og årsmeldingar, og av revisorstadfesta årsrekneskapar frå organisasjonane. I tillegg deltek Direktoratet for naturforvaltning på møte i organisasjonane sine styrande organ, der det blir fatta avgjersler bl.a. om budsjett, kontingentar og økonomisk styring.

Post 76 Nasjonalparksenter og andre naturinformasjonssenter, kan overførast

Tilskotsordninga på posten er i hovudsak retta mot resultatområda 1 Levande hav og kyst, 2 Livskraftige elvar og innsjøar, 3 Frodige våtmarker, 4 Mangfaldige skogar, 5 Storslåtte fjellandskap, 6 Verdifulle kulturminne og kulturlandskap og 8 Aktivt friluftsliv. Løyvinga er redusert med dei 1,5 mill. kroner som Stortinget la inn på posten i budsjettet for 2011.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å sikre etablering og drift av nasjonalparksenter og naturinforma-

sjonscenter. Sentra sin hovudfunksjon er å formidle informasjon om natur- og kulturverdiar og medverke til ei god forvaltning av natur- og verneområde. Enkelte senter skal i tillegg vere knutepunkt for den nye forvaltningsmodellen for verneområde.

I 2012 har vi 15 autoriserte nasjonalparksenter. Desse sentra kan søkje om eit årleg grunntilskot til informasjonsformidling. Tilskotet skal dekkje løpande aktivitet ved sentra knytt til administrasjon, planlegging og gjennomføring av informasjonstiltak. Grunntilskotet i 2012 er auka til 750 000 kroner pr. senter. Fire nasjonalparksenter er autoriserte for meir enn ein nasjonalpark og får dobbelt grunntilskot.

I 2012 vil det starte ei tilsvarande autorisasjonsordning for naturinformasjonssenter. Det vil bli ein open søknadsrunde i første kvartal der senter kan søkje om å bli autoriserte naturinformasjonssenter med fokus på våtmark eller rovvilt. Naturinformasjonssentra skal vere spydspissar i formidling av kunnskap om våtmark og rovdyr til lokalbefolkninga og tilreisande, spesielt barn og unge.

Tilskotsordninga omfattar òg drift av dei to informasjons- og kompetansesentra for villrein på Skinnarbu i Tinn kommune og på Hjerkinna i Dovre kommune. Villreinsentra sin hovudfunksjon er å formidle kunnskap om villrein, dei livsvilkåra den har, krav til leveområde mv., og på denne måten medverke til ei god forvaltning av villreinen i Noreg. Tilskot til stiftelsen Kunnskapssenter for laks og vassmiljø i Namsos er òg omfatta av posten. I tillegg er det over kap. 1426 post 30 sett av 450 000 kroner til tilretteleggingstiltak, opparbeiding av stigar og anna skjøtsel knytt til Klimapark 2469 i samarbeid med Norsk fjellmuseum på Lom. Det er også satt av midlar under kap. 1429 Riksan tikvaren til føremålet.

Tabellen under visar planlagt fordeling av midla:

Tabell 6.7

Type senter	(i 1000 kr)
Nasjonalparksenter	15 000
Forvaltningsknutepunkt, nasjonalparker	6 600
Villreinsenter	6 000
Naturinformasjonssenter, våtmark	4 500
Naturinformasjonssenter, rovvilt	3 000
Klimapark 2469	1000
Laksesenter, Namsos	900
Sum	37 000

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing for sentra blir vurdert på bakgrunn av årlege rapportar.

For nasjonalparksentra blir måloppnåing òg vurdert på bakgrunn av årlege rapportar i samsvar med *Policy og retningslinjer for miljøforvaltningens samarbeid med nasjonalparksentrene* (Rapport 2005-1). Naturinformasjonssenter som blir autoriserte vil få tilsvarande retningslinjer å halde seg til.

Tildelingskriterium

Tilskot blir gitt til forprosjektering og etableringskostnader, drift, informasjonsformidling og kompetanseutvikling ved sentra.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer sluttrapportar og rekneskap og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Det blir utført ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportane og rekneskapane. Det blir nytta stikkprøvekontroll, bl.a. ved gjennomsyn av utstillingar og informasjonsmateriell som det er gitt støtte til.

Ein gjer framlegg om ei tilsegnfullmakt knytt til nasjonalparksenter på 2 mill. kroner, jf. Forslag til vedtak VI.

Post 78 Tilskot til interkommunale friluftsråd og landsomfattande samarbeidsorgan for friluftsliv, kan overførast

Midlane under posten er retta mot resultatområde 8 Aktivt friluftsliv. Posten er auka med 9 mill. kroner grunna endringar i poststrukturen. Frå kap. 1427 post 74 er det flytta 6 mill. kroner i tilskotsmidlar til Forum for natur og friluftsliv (FNF) og 3,075 mill. kroner frå kap. 1400 post 70 i tilskot til Friluftslivets Fellesorganisasjon (FRIFO), jf. omtala under kap. 1400 post 70.

Friluftsrådas Landsforbund (FL) er ein paraplyorganisasjonen for dei interkommunale friluftsråda. FL vart oppretta i 1986, er i jamn vekst, og har i dag 19 tilslutta interkommunale friluftsråd som til saman dekkjer 170 kommunar med opp mot 2/3 av befolkninga i landet. FRIFO er paraplyorganisasjon for 15 friluftslivsorganisasjonar med til saman nesten 680 000 medlemsskap. FL, FRIFO og Samarbeidsrådet for naturvern (SRN) har gått saman om å etablere fylkesvise samarbeidsnettverk for natur og friluftsliv (FNF – Forum for natur og friluftsliv).

Mål

Målet med tilskotsordninga er å styrkje allmentas interesser for og deltaking i friluftslivet gjennom det arbeidet som skjer gjennom dei store friluftslivsorganisasjonane og deira lokale lag og foreiningar.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga blir bl.a. vurdert ut frå oppnådde resultat i friluftslivsorganisasjonane sitt arbeid med sikring, opparbeiding og skjøtsel av friluftsområde og omfanget av aktivitetsfremjande tiltak.

Tildelingskriterium

Tilskotsordninga har to formål. For det første skal ordninga gi grunnstøtte til FL, dei interkommunale friluftsråda, FNF og FRIFO. Vidare er den retta mot praktiske friluftslivstiltak i deira regi. FL står for organisering av arbeidet med sikring, tilrettelegging og skjøtsel av friluftslivsområde på vegner av det offentlege.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føresett og at tiltak blir

gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar skjer ved gjennomgang av rapportar som blir leverte til fastsette tidspunkt. Rapportering i forhold til bruk av tilskotsmidlar blir tekne opp i årlege møte med FL, FNF og FRIFO.

Post 79 Kompensasjon ved flytting av oppdrettsanlegg

Midlane under posten er retta mot resultatområde 1 Levande hav og kyst og 2 Livskraftige elvar og innsjøar. I samband med opprettinga av nasjonale laksevassdrag og laksefjordar vedtok Stortinget at enkelte nasjonale laksefjordar skal vere oppdrettsfrie innan 2011, jf. Innst. S. nr. 134 (2002-2003). Stortinget vedtok at det skal bli gitt «rimelig kompensasjon» for verksemder som må flytte ut av nasjonale laksefjordar som følgje av vedtaket. Dette gjeld tre oppdrettsanlegg.

Stortinget vedtok i samband med behandlinga av St.prp. nr. 65 (2004-2005) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2005*, jf. Innst. S. nr. 240 (2004-2005), at Miljøverndepartementet kan gi tilsegn om å dekkje dokumenterte flyttekostnader for oppdrettsanlegga innafor ei total ramme på 6,75 mill. kroner, dvs. inntil 2,25 mill. kroner pr. konsesjon, jf. forslag til vedtak VII. Dei aktuelle oppdrettsanlegga hadde frist til innan 1. august 2011 med å flytte ut av fjordane. Flyttekostnadene må dokumenterast før utbetaling av kompensasjon kan skje. Det betyr at kompensasjon først blir ytt etter at anlegga har flytta. Når og om krava kjem inn, vil Regjeringa komme tilbake med forslag om løyving.

Post 81 Verdiskapingsprogrammet for naturarven, kan overførast, kan nyttast under post 21

Midlane under posten er retta mot resultatområda 1 Levande hav og kyst, 2 Livskraftige elvar og innsjøar, 3 Frodige våtmarker, 4 Mangfaldige skogar, 5 Storslåtte fjellandskap og 6 Verdifulle kulturmiljø og kulturlandskap (kulturlandskapsdelen).

Mål

Verdiskapingsprogrammet for naturarven har som hovudmål å medverke til at verneområda og andre verdifulle naturområde blir ein viktig ressurs i samfunnsutviklinga. Programmet skal medverke til at verdien av naturområda blir auka med infrastruktur og tilrettelegging som mange kan ha

nytte av. Programmet skal òg medverke til betre samarbeid og kunnskap om verneområda.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga blir bl.a. vurdert gjennom ei ekstern evaluering som starta hausten 2009. Evalueringa vil sjå på om prosjekta når målsetjingane i programmet og syte for årleg rapportering frå prosjekta.

Tildelingskriterium

Midlane på posten blir nytta til tilskot til konkrete tiltak knytte til verdiskaping med utgangspunkt i naturarven, og til leing av prosjekta som får støtte. Prosjekta skal ha potensial for miljøvis, sosial, kulturell og økonomisk verdiskaping og dei skal ha geografisk og tematisk spreing. Prosjekta skal medverke til at måla i verdiskapingsprogrammet blir nådde, og dei skal innehalde mange tiltak og

delprosjekt som til saman blir ein heilskap. Prosjekta skal ha ein overføringsverdi slik at kunnskap om korleis naturarven kan medverke til verdiskaping blir bygd opp og spreidd.

Midlane blir òg nytta til å dekkje Direktoratet for naturforvaltning sine utgifter til drift og til evaluering av verdiskapingsprogrammet.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer hovudsakeleg i form av fortløpande kontakt mellom Direktoratet for naturforvaltning og prosjekta som er med i verdiskapingsprogrammet og gjennom at Fylkesmannen deltek i prosjektas styrande organ der det vert fatta avgjerder bl.a. om budsjett, framdrift og økonomisk styring. Kontrollen skjer i hovudsak gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende prosjektrapportar og årsmeldingar, og av revisorstadfesta årsrekneskap.

Post 82 Tilskot til prioriterte arter og utvalde naturtypar, kan overførast, kan nyttast under post 21

Underpost	Nemning	(i 1000 kr)		
		Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
82.1	Tilskotsordning – prioriterte arter	7 194	14 000	19 000
82.2	Tilskotsordning – utvalde naturtypar	6 986	14 000	14 000
	Sum post 82	14 180	28 000	33 000

Posten er oppretta som følge av naturmangfaldlova og er retta mot resultatområda 1 Levande hav og kyst, 2 Livskraftige elvar og innsjøar, 3 Frodige våtmarker, 4 Mangfaldige skogar, 5 Storslåtte fjellandskap og 6 Verdifulle kulturmiljø og kulturlandskap (kulturlandskapsdelen). Posten er delt i to underpostar, ein for prioriterte arter og økologiske funksjonsområde for prioriterte arter, og ein for utvalde naturtypar. Posten aukar med 5 mill. kroner som er lagt inn til tiltak for å ta vare på hubro. Hubro er klassifisert som sterkt truga på den norske raudlista. Hubroen likar å sitje på straummaster for å få utsyn i terrenget, men det store vingespennet gjer at mange av dei døyr ved straumgjennomgang som følge av samtidig kontakt med fleire straumførande leidningar (elektrokusjon). Tiltaka skal vere spesielt retta mot dette.

Mål

Underpost 1: Målet med tilskotsordninga er å ta vare på dei plante- og dyrearter i Noreg som blir valde ut som prioriterte arter. Målet er òg å ta vare på dei økologiske funksjonsområda til prioriterte arter. Når det gjeld hubro, er målet å gjennomføre naudsynte tiltak for hindre at hubro døyr som ei følge av at dei nyttar straumstolpar som sitjeplass, og kjem i kontakt med straumførande luftleidningar. Underpost 2: Målet med tilskotsordninga er å ta vare på utvalde naturtypar.

Kriterium for måloppnåing

Underpost 1: Måloppnåinga blir vurdert ut frå talet på tiltak knytt til prioriterte arter og økologiske funksjonsområde. Måloppnåinga for hubro blir vurdert ut frå talet stolpar/konstruksjonar som er sikra mot skade på hubro, og utvikling i hubrobe-

standen i desse områda. Underpost 2: Måloppnåinga blir vurdert ut frå talet på tiltak knytt til førekomstar av utvalde naturtypar.

Tildelingskriterium

Underpost 1: Midlane skal gå til tiltak som sikrar prioriterte arter og til aktiv skjøtsel eller andre typar tiltak som medverkar til å ta vare på eller gjenopprette økologiske funksjonsområde for prioriterte arter. Midlane til hubro skal i hovudsak gå til konkrete tiltak som å isolere straumleidningar, få fortgang i arbeidet med å flytte transformatorstasjonar ned på bakken, byggje plattformar som hubro kan sitje på, og andre tiltak som vil bidra til å redusere den generelle belastninga på hubro i samanhang med kraftlinjer. Noko av midlane kan òg nyttast til å kartleggje stolpekonstruksjonar som utgjer ein fare for hubro. Det blir lagt opp til eit nært samarbeid med netteigarar, og det skal normalt stillast krav om medfinansiering frå aktuell samarbeidspart.

Underpost 2: Midlane skal gå til aktiv skjøtsel eller andre typar tiltak som medverkar til å ta vare på førekomstar av utvalde naturtypar.

Oppfølging og kontroll

Begge underpostar: Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane blir følgde opp i forhold til at midlane blir nytta som føresette og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Post 84 Naturfaglege organisasjonar

Midlane under posten er retta mot resultatområda 1 Levande hav og kyst, 2 Livskraftige elvar og innsjøar, 3 Frodige våtmarker, 4 Mangfaldige skogar, 5 Storslåtte fjellandskap og 6 Verdifulle kulturmiljø og kulturlandskap (kulturlandskapsdelen).

Tilskotsordninga til frivillige miljøorganisasjonar er lagt om, jf. omtala under kap. 1400 post 70. Omlegginga inneber bl.a. at utprega faglege organisasjonar er flytta til postar under dei statlege verksemdene som har å gjere med fagområda som organisasjonane arbeider innanfor. Utprega naturfaglege organisasjonar er flytta til denne posten.

Mål

Tilskotsordninga skal medverke til å halde oppe demokratisk oppbygde, landsomfattande naturfaglege organisasjonar, for å sikre frivillig engasjement og styrkje medverknaden i slike spørsmål lokalt, regionalt og sentralt, basert på fagleg innsikt.

Tildelingskriterium

Storleiken på driftstilskota blir fastsett bl.a. ut frå ei vurdering av organisasjonane sitt aktivitetsnivå nasjonalt og lokalt, økonomien deira og alternative høve til finansiering, saman med medlemstallet i organisasjonane.

Det er rekna med tilskot til:

- Foreningen Våre Rovdyr
- Norsk Biologforening
- Norsk Botanisk Forening
- Norsk Entomologisk Forening
- Norsk Ornitologisk Forening
- Noregs Sopp- og nyttevekstforening
- Norsk Zoologisk Forening

For 2012 er det rekna med tilskot til dei nemnde tilskotsmottakarane på same nivå som for 2011. Tilskot til den ein-skilde organisasjon blir utbetalt etter søknad.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging og kontroll går føre seg ved generell formalia- og sannsynskontroll av innsende årsmeldingar, og rekneskap stadfest av revisor.

Kap. 4427 Direktoratet for naturforvaltning

(i 1000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
01	Ymse inntekter	515	3 044	3 138
09	Internasjonale oppdrag	10 476	6 291	7 986
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	2 585		
18	Refusjon av sjukepengar	2 161		
54	Gebyr	3 027	3 074	4 298
	Sum kap. 4427	18 764	12 409	15 422

Post 01 Ymse inntekter

På posten er det budsjettert med enkelte oppdragsinntekter, inntekter frå sal av rapportar utarbeidde av Direktoratet for naturforvaltning, og enkelte andre produkt. Dei tilsvarende utgiftene er budsjetterte under kap. 1427 post 01 Driftsutgifter.

Løyvinga under kap. 1427 post 01 kan overskridadast mot tilsvarende meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 09 Internasjonale oppdrag

Inntektene under posten skal finansiere dei tilsvarende utgiftene til verksemd tilknytt bl.a. miljødirektoratas avtale med Norad i samband med miljøretta bistand, samarbeid med institusjonar i utviklingsland og bilateralt miljøamarbeid med Russland. Dei tilsvarende utgiftene er budsjetterte på kap. 1427 post 21 Spesielle driftsutgifter.

Posten er auka med 1,7 mill. kroner på grunnlag av meirinntekter tidligare år og venta meirinntekter i 2012.

Løyvinga under kap. 1427 post 21 kan overskridadast mot tilsvarende meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 54 Gebyr

Inntektene på denne posten skal dekkje utgiftene til den obligatoriske jegerprøven som vart sett i verk frå 1. april 1986, til utgifter i samband med merkjepliktig vilt, og til utgifter ved kontroll av naturforvaltningsvilkår i vasskraftskonsesjonar.

Kvar jeger som går opp til jegerprøven må betale eit eksamensgebyr. Gebyret vart sist endra i 2009, og ein gjer framlegg om å prisjustere gebyret med 15 kroner, slik at gebyret for 2012 blir 280 kroner. Gebyrinntektene skal dekkje dei tilsvarende utgiftene under kap. 1427 post 21 Spesielle driftsutgifter til å drive eksamensordninga. Gebyrendinga er venta å gi 174 000 kroner i auka inntekter, og løyvinga på posten er endra likeins. Tilsvarende auke er gjort under kap. 1427 post 21.

Frå 1. januar 2005 vart det etablert merkje- og registreringsplikt for dødt vilt som tilfell Viltfondet, sjå vedlegg (artsliste) til forskrift 18. juni 2004 nr. 913 om ivaretaking av dødt vilt. Dei som vil overta merkjepliktig vilt frå Viltfondet skal betale eit gebyr. Gebyret er sett til 400 kroner pr. individ. Innbetalte gebyr blir nytta til drift og vedlikehald av ein sentral database for å ta vare på informasjon om individa. Desse utgiftene blir dekte over kap. 1427 post 21.

Direktoratet for naturforvaltning vil i 2012 vil ta i bruk sin heimel til å krevje refusjon for utgifter det har knytt til kontroll av naturforvaltningsvilkår i vasskraftkonsesjonar. Gebyret er heimla i vassdragsreguleringslova § 12 punkt 19, i vassressurslova § 57-58 og den enkelte konsesjon. Dette er venta å gi ei meirinntekt på 1,05 mill. kr. Sistnemnde utgifter er ikkje tidlegare budsjetterte på posten. Samsvarande auke er gjort under kap. 1427 post 21.

Løyvinga under kap. 1427 post 21 kan overskridadast mot tilsvarende meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Programkategori 12.30 Kulturminne og kulturmiljø

Løyvingane under programkategori 12.30 høyrer i hovudsak inn under resultatområde 6 Verdifulle kulturminne og kulturlandskap og omfattar verksemda til Riksantikvaren og Norsk kulturminnefond.

Foreslått løyving knytt til programkategorien er i 2012 på om lag 508,4 mill. kroner. Dette er ein auke på om lag 19,0 mill. kroner netto, samanlikna med saldert budsjett for 2011. Løyvingane på kulturminneområdet går til å følgje opp intensjonane

i St.meld. nr. 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner* som legg vekt på å sikre at mangfaldet av viktige kulturminne og kulturmiljø ikkje går tapt og at potensialet som kulturarven representerer, blir teke meir aktivt i bruk. Løyvinga omfattar midlar til å sikre, setje i stand og halde ved like freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø og midlar til vidareføring av arbeid med verdiskaping knytta til kulturminne og kulturmiljø.

Utgifter under programkategori 12.30 fordelte på kapittel

					(i 1000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
1429	Riksantikvaren	440 030	429 965	448 897	4,4
1432	Norsk kulturminnefond	57 039	59 480	59 480	0,0
	Sum kategori 12.30	497 069	489 445	508 377	3,9

Kap. 1429 Riksantikvaren

					(i 1000 kr)
Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	
01	Driftsutgifter	115 776	115 281	117 512	
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under postane 72 og 73</i>	63 056	30 915	30 915	
50	Tilskot til Samisk kulturminnearbeid		3 000	3 093	
72	Vern og sikring av freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	186 289	216 212	225 112	
73	Brannsikring og beredskapstiltak, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	10 788	11 953	10 953	
74	Fartøyvern, <i>kan overførast</i>	39 700	42 004	43 712	
75	Internasjonalt samarbeid, <i>kan overførast</i>	1 101	1 100	1 100	

(i 1000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
77	Verdiskapingsprogram på kulturminneområdet, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	16 480	3 000	8 000
78	Tilskot til avgjerdsgrunnlag for utøving av mynde innan arkeologi, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	6 840	6 500	8 500
	Sum kap. 1429	440 030	429 965	448 897

Rolle og oppgaver for Riksantikvaren

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og Miljøverndepartementets rådgivande og utøvande faginstans for forvaltning av kulturminne, kulturmiljø og det kulturhistoriske innhaldet i landskapet. Riksantikvaren skal medverke fagleg til departementets arbeid med kulturminneforvaltning. Innsats og verkemiddel er særleg knytte til gjennomføring av ti bevaringsprogram for nasjonalt viktige kulturminne. Riksantikvaren skal stimulere eigarar og næringsliv til auka verneinnsats og verdiskaping. Direktoratet har òg ein rådgivande funksjon overfor anna offentleg forvaltning, allmenta og næringslivet.

I saker der Riksantikvaren utøvar mynde etter særlov, skal både kulturminnefaglege og andre samfunnsomsyn leggjast til grunn for avgjerdene. Riksantikvaren har ansvaret for å gjennomføre den statlege kulturminnepolitikken, og har i den samanhengen eit overordna kulturminnefagleg ansvar for arbeidet til fylkeskommunane, Sametinget, forvaltningsmusea og Sysselmannen på Svalbard som regionale styresmakter for kulturminne. Tilretteleggings- og stimuleringsiltak skal medverke til at kommunane tek omsyn til kulturminne og kulturmiljø som viktige element og ressursar i sine omgivnader. Riksantikvaren skal formidle kontakt mellom norske og internasjonale fagmiljø, representere norske styresmakter i relevante internasjonale organ og sjå til at folkerettsleg bindande avtaler om kulturminne og kulturmiljø blir etterlevde.

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer lønn og godtgjersler til tilsette, husleige, oppvarming, reinhald, IT, reiseverksemd, informasjonstiltak og andre driftsutgifter for Riksantikvaren. Posten dekkjer òg kjøp av kon-

sulenttenester til faglege prosjekt og utgreiingar, under dette kostnader knytte til drift og oppfølging av elektronisk biletarkiv for miljøforvaltninga. Dei tilsvarende inntektene blir førte under kap. 4429 respektive post 02 og 09. Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under dei to nemnde inntektspostane, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under postane 72 og 73

Posten dekkjer kostnader ved tiltak som gjeld høgt prioriterte freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø, blant anna når Riksantikvaren står som tiltakshavar i spesielt prioriterte prosjekt. Midlane på post 21 må sjåast i samanheng med midlane som er budsjetterte under tilskotspostane 72 og 73.

Midlane skal gå til å føre vidare arbeidet innanfor Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga (2011-2015). Dette omfattar blant anna modernisering av den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden, digital kulturminneportal, lokal registrering av kulturminne og registreringar av samiske bygningar. Midlane på posten blir elles nytta til kjøp av vedlikehald- og istandsetjings-tenester for bygningar som Riksantikvaren sjølv har eit eigar-/forvaltaransvar for.

Post 50 Tilskot til samisk kulturminnearbeid

Tilskotsordninga skal ivareta dei overordna kulturminnefaglege omsyna i arbeidet med samiske kulturminne og kulturmiljø. Posten er foreslått auka med 93 000 kroner i 2012. Midlane skal i hovudsak nyttast til større vedlikehalds- og restaureringsarbeid og til skjøtsel, og blir stilte til disposisjon for Sametinget. Sjå òg tildeling i underpostane 72.2 og 72.5.

Post 72 Vern og sikring av freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø, kan overførast, kan nyttast under post 21

(i 1000 kr)				
Underpost	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
72.1	Tilskot til arkeologiske undersøkingar ved mindre private tiltak	5 890	12 582	12 582
72.2	Vern og sikring av freda bygningar og anlegg	49 196	51 867	60 767
72.3	Vern og sikring av bygningar og anlegg frå mellomalderen	23 750	29 257	29 257
72.4	Kystkultur	13 090	14 700	14 700
72.5	Vern og sikring av freda og andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap	3 280	4 280	4 280
72.6	Skjøtsel av automatisk freda kulturminne	3 975	8 808	8 808
72.7	Fartøyvernsentra	6 550	6 550	6 550
72.8	Tekniske og industrielle kulturminne	38 259	42 202	42 202
72.9	World Heritage List, nasjonale oppgåver	42 299	45 966	45 966
Sum post 72		186 289	216 212	225 112

Alle tilskotsordningane under denne posten rettar seg mot resultatområde 6 Verdifulle kulturminne og kulturlandskap. Posten blir nytta til tiltak knytte til forvaltning og sikring av freda og verneverdige kulturminne, kulturmiljø og verdifulle landskap. Dette skjer gjennom direkte tilskot til vedlikehald og istandsetjing av kulturminne som i hovudsak er eigde eller forvalta av private.

Ved større tiltak er det ofte føremålstenleg at Riksantikvaren står for iverksetjing og gjennomføring av tiltaka. Tiltaket kjem i desse tilfella eigarane/forvaltarane til gode, men kostnadene blir rekneskapsførte som driftsutgifter over post 21, jf. omtale under denne posten.

Tiltaka skal gjennomførast etter antikvariske retningslinjer og i samsvar med eventuelle andre retningslinjer frå Riksantikvaren eller fylkeskommunane.

Tilskotsmidlane blir fordelte etter søknad eller til prioriterte kulturminne innanfor bevaringsprogramma.

Ein stor del av løyvinga blir fordelt etter tilråding frå fylkeskommunane. Ved fordeling av tilskot skal Riksantikvaren og fylkeskommunane utføre ei samla fagleg vurdering av den kulturhis-

toriske verdien og betydninga som tiltaka har i forhold til målet for tilskotsordninga. Det skal leggjast stor vekt på at tilskota medverkar effektivt til framdrift i arbeidet med å sikre målet om ordinært vedlikehaldsnivå i 2020.

Riksantikvaren kan òg sjølv prioritere og initiere oppgåver og tiltak innanfor særlege satsingsfelt fastsette av regjeringa.

I 2012 er posten auka med i alt 8,9 mill. kroner. 6,9 mill. kroner er øyremerkte til bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige. Miljøverndepartementet ønskjer å klargjere rollefordelinga mellom Riksantikvaren og Kulturminnefondet slik at fondet i hovudsak skal ha ansvaret for verneverdige kulturminne, mens Riksantikvaren skal ha ansvaret for dei freda kulturminna. Øyremerkinga er første steg for å kunne ta bort føringane i fondet sine vedtekter om at minst 1/3 av avkastninga skal gå til freda kulturminne og kulturmiljø, jf. kap. 1429 post 72.2 og kap. 1432 post 50. I tillegg er 2,0 mill. kroner øyremerkte sikring og istandsetjing av samiske bygningar. Det er foreslått ei tilsegnsmakt under posten på 35 mill. kroner, jf. forslag til vedtak VII.

Underpost 72.1 Tilskot til arkeologiske undersøkingar ved mindre, private tiltak m.m.

Staten dekkjer heilt eller delvis ein større del av utgifter til arkeologiske registreringar og utgravingar i samband med mindre, private tiltak.

Målgruppa er private tiltakshavarar.

Mål

Målet er å følgje opp dei statlege forplikingane etter § 10 i kulturminnelova og gi heil eller delvis dekning av utgifter som følgjer av pålegg om særskilt gransking av automatisk freda kulturminne eller til andre særskilte tiltak for å verne dei.

Tildelingskriterium

Tilskot skal ytast til heil eller delvis dekning av utgifter i samsvar med kulturminnelova § 10. Posten dekkjer òg finnarlønn som blir fastsett etter skjønn av Riksantikvaren i medhald av kulturminnelova § 13. 450 000 kroner skal nyttast til Klimaparkprosjektet i Oppland.

Oppfølging og kontroll

Riksantikvaren kontrollerer at tiltakshavar oppfyller kriteria for å få tilkjent dekning av utgifter til mindre, private tiltak. Riksantikvaren overfører midlar til dei arkeologiske forvaltningsmusea og til regional kulturminneforvaltning etter framlegging av rekneskap over forskotterte midlar.

Underpost 72.2 Vern og sikring av freda bygningar og anlegg

Posten er auka med i alt 8,9 mill. kroner. 6,9 mill. kroner er øyremerkte bevaringsprogrammet for freda kulturminne i privat eige og 2,0 mill. kroner er øyremerkte sikring og istandsetjing av samiske bygningar. Staten gir tilskot til å dekkje meirutgifter i samband med antikvarisk sikring og istandsetjing av freda kulturminne og kulturmiljø, jf. § 15a i kulturminnelova, og til vedlikehald, jf. § 17 i kulturminnelova. Midlane bidreg til gjennomføring av bevaringsprogrammet for freda kulturminne i privat eige. Målgruppa er private eigarar og forvaltarar av freda bygningar og anlegg.

Posten må sjåast i samanheng med midlane til Kulturminnefondet, jf. kap. 1432 post 50 til disposisjon for kulturminnetiltak. Kulturminnefondets midlar skal òg brukast til freda kulturminne og kulturmiljø.

Mål

Målet er å stimulere eigarar til å sikre og restaurere bygningane og anlegga sine, og å stimulere til årleg, fortløpande vedlikehald slik at alle freda bygningar i privat eige skal ha ordinært vedlikehaldsnivå i 2020.

Tildelingskriterium

I medhald av kulturminnelova § 15a, jf. § 17, kan eigar ikkje setje i gang tiltak utan at det blir gitt dispensasjon. Ein dispensasjon blir gitt blant anna på vilkår som sikrar at arbeida skjer i samsvar med antikvariske retningslinjer. Dette er ofte fordyrande tiltak, og tilskota skal dekkje meirkostnadene heilt eller delvis. Følgjande prioriteringar gjeld: tiltak som stansar og hindrar ytterlegare fall, mellombels sikring og tiltak som sikrar bygningar og anlegg det er få av.

Oppfølging og kontroll

Fylkeskommunen skal prioritere oppfølging av gitte tilsegner. Dei skal sjå til at tilskotsmottakaren leverer sluttrapportar på utført arbeid, og at arbeida blir utførte i samsvar med vilkår som er sette. Fylkeskommunen rapporterer vidare til Riksantikvaren. Riksantikvaren eller fylkeskommunen kan utføre kontroll på staden.

Underpost 72.3 Vern og sikring av bygningar og anlegg frå mellomalderen

Midlane skal gå til tiltak på mellomalderbygningar og anlegg som er automatisk freda etter kulturminnelova.

Mål

Målet for tilskotsordninga er å sikre automatisk freda bygningar og ruinar frå mellomalderen, slik at dei har oppnådd eit ordinært vedlikehaldsnivå i 2020.

Tildelingskriterium

Tilskot skal gå til å setje stavkyrkjene i stand, og å sikre og konservere verdifull kyrkjekunst i desse kyrkjene. Det skal òg ytast tilskot til sikrings- og restaureringstiltak på mellomalderbygningar og mellomalderruinar. Midlane frå post 72.3 bidreg dermed til måloppnåing innanfor tre bevaringsprogram: stavkyrkjeprogrammet, bevaringspro-

grammet for freda bygningar i privat eige og ruin-programmet.

Oppfølging og kontroll

Riksantikvaren eller fylkeskommunen skal prioritere oppfølging av gitte tilsegner. Dei skal sjå til at tilskotsmottakar leverer sluttrapportar på utført arbeid, og at arbeida blir utførte i samsvar med dei vilkåra som er sette.

Underpost 72.4 Kystkultur

I arbeidet med kystkulturen skal det leggjast til rette for at kulturminne og kulturmiljø kan medverke til å skape attraktive lokalsamfunn. Midlane bidreg òg til gjennomføring av bevaringsprogrammet for freda kulturminne i privat eige.

Målgruppa er i hovudsak private eigarar og forvaltalar av freda og spesielt verneverdige kulturminne og kulturmiljø langs kysten.

Mål

Tilskotsordninga skal medverke til å sikre og setje i stand freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø langs kysten.

Tildelingskriterium

Midlane skal gå til sikring og istandsetjing av freda og spesielt verneverdige kulturminne som er typiske for liv og verksemd langs kysten. Tilskota blir fordelte på grunnlag av følgjande prioriteringar: tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall, og tiltak som sikrar kulturminne og kulturmiljø som det finst få av. Bygningar og anlegg som forfell, kan sikrast mellombels.

Oppfølging og kontroll

Fylkeskommunen skal prioritere oppfølging av gitte tilsegner. Dei skal sjå til at tilskotsmottakaren leverer sluttrapportar på utført arbeid, og at arbeida blir utførte i samsvar med dei vilkåra som er sette. Fylkeskommunen rapporterer vidare til Riksantikvaren. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden.

Underpost 72.5 Vern og sikring av freda og andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap

Mål

Tilskotsordninga skal medverke til å ta vare på dei freda kulturmiljøa: Havråtunet i Hordaland, områ-

da omkring Utstein kloster i Rogaland, Skoltebyen Neiden i Finnmark, Kongsberg sølvverk i Buskerud, Sogndalstrand i Rogaland, Birkelunden i Oslo og Sør-Gjæslingan i Nord-Trøndelag. Det kan òg ytast tilskot til andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap.

Tildelingskriterium

Dei freda kulturmiljøa skal prioriterast ved tildeling av tilskot. 1 mill. kroner er i 2012 som siste år av ei treårig satsing, øyremerkte skjøtsel og tilrettelegging i Mortensnes kulturminneområde i Nesseby kommune.

Oppfølging og kontroll

Riksantikvaren skal prioritere oppfølging av gitte tilsegner. Dei skal sjå til at tilskotsmottakaren leverer sluttrapportar på utført arbeid, og at arbeida blir utførte i samsvar med dei vilkåra som er sette. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden. Fagleg oppfølgingsansvar kan leggjast til fylkeskommunen og Sametinget.

Underpost 72.6 Skjøtsel av automatisk freda kulturminne

Mål

Målet med tilskotsordninga er å sikre arkeologiske kulturminne, under dette arkeologiske kulturminne under vatn. Midlane blir i hovudsak nytta til oppfølging av bevaringsprogrammet for utvalde arkeologiske kulturminne og bevaringsprogrammet for bergkunst.

Tildelingskriterium

Utvelging og tilrettelegging skjer gjennom eit sett kriterium, blant anna lokalt engasjement og der det knyter seg særlege opplevings- og formidlingsverdiar til kulturminna.

Tilskot kan blant anna gå til sikring, skjøtsel, restaurering og formidling, under dette tiltak som gir auka tilgjenge og som medverkar til å avgrense slitasje.

Målgruppa er eigarar og forvaltalar av arkeologiske kulturminne.

Oppfølging og kontroll

Riksantikvaren skal prioritere oppfølging av gitte tilsegner. Dei skal sjå til at tilskotsmottakaren leverer sluttrapportar på utført arbeid, og at arbeida blir utførte i samsvar med dei vilkåra som

er sette. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden. Elles skjer kontrollen gjennom innsende rapportar frå tilskotsmottakar.

Underpost 72.7 Fartøyvernentra

Mål

Tilskotsordninga skal medverke til at dei tre utvalde fartøyvernentra Nordnorsk Fartøyvern-senter og Båtmuseum, Hardanger Fartøyvern-senter og Bredalsholmen Dokk og Fartøyvern-senter kan fungere som kompetansesenter for restaurering og vedlikehald av fartøy.

Tildelingskriterium

Tilskot kan ytast som driftstilskot for å dekkje sentra sine utgifter til fellestenester knytte til forskning, dokumentasjon og fagleg rådgiving. Noko av tilskotsmidlane kan nyttast til investeringar i anlegga.

Oppfølging og kontroll

Riksantikvaren eller fylkeskommunen skal prioritere oppfølging av gitte tilsegner. Dei skal sjå til at tilskotsmottakaren leverer sluttrapportar på utført arbeid, og at arbeida blir utførte i samsvar med dei vilkåra som er sette, for å sjå til at tiltak er gjennomførte etter antikvariske retningslinjer og andre føresetnader for tilskotet. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden. Kontrollen overfor tilskotsmottakarar skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av revidert årsrekneskap og årsmelding frå fartøyvernentra.

Underpost 72.8 Tekniske og industrielle kulturminne

Midlane skal gå til arbeidet med bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne.

Mål

Tilskotsordninga skal medverke til å setje i stand og sikre forvaltning, drift og vedlikehald av følgjande elleve tekniske og industrielle anlegg som er valte ut for spesiell oppfølging:

- Fetsund lenser
- Sjølingstad Uldvarefabrik
- Klevfoss Cellulose- & Papirfabrik
- Næs Jernverksmuseum

- Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum (Tysedal kraftverk)
- Norsk Fiskeindustrimuseum/Neptun Sildoljefabrikk
- Spillum Dampsag & Høvleri
- Norsk Trikotasjemuseum
- Folldal Gruver
- Kistefos-Museet
- Rjukanbanen

Målgruppa er i hovudsak private eigarar og forvaltarar av dei elleve utvalde anlegga.

Tildelingskriterium

Tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall og tiltak for å fullføre pågåande arbeid med å setje i stand dei respektive anlegga, skal prioriterast ved tildeling av tilskot. Det kan òg ytast tilskot til vedlikehald. Det vil bli lagt vekt på at denne typen kulturminne skal kunne gi grunnlag for verdiskaping gjennom ny bruk. Ved særlege tilfelle kan midlane òg brukast til andre industrianlegg som dokumenterer norsk industrihistorie.

Oppfølging og kontroll

Riksantikvaren skal prioritere oppfølging av gitte tilsegner. Dei skal sjå til at tilskotsmottakaren leverer sluttrapportar på utført arbeid, og at arbeida blir utførte i samsvar med dei vilkåra som er sette. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden. Kontrollen overfor tilskotsmottakaren skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og innsende rapportar.

Underpost 72.9 Verdsarvlista, nasjonale oppgåver

Mål

Tilskotsordninga er knytt til bevaringsprogrammet for verdsarven og skal medverke til å sikre og setje i stand dei sju norske stadene på Unescos verdsarvliste:

- Røros bergstad og Circumferensen
- Bryggen i Bergen
- Urnes stavkyrkje
- Bergkunsten i Alta
- Vegaøyen
- Vestnorsk fjordlandskap
- Meridianstøtta i Hammerfest og tre andre punkt i Struves meridian

Det vises òg til kap. 1427 post 71.

Tildelingskriterium

Tilskot skal ytast i tråd med forpliktingane som følger av Unescos verdsarvkonvensjon og i tråd med dei internasjonale retningslinjene frå Unesco. Ved spesielle tilfelle kan midlane nyttast til tiltak som indirekte bidreg til sikring av verdsarven.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer gjennom møte og fagsamlingar gjennomførte i samsvar med avtalt arbeidsprogram. Riksantikvaren skal prioritere oppfølging av gitte tilsegner. Kontrollen overfor tilskotsmottakaren skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og innsende rapportar. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt at Riksantikvaren eller fylkeskommunen utfører kontroll på staden for å sjå til at tiltak er gjennomførte etter antikvariske retningslinjer og andre føresetnader for tilskotet.

Post 73 Brannsikring og beredskapstiltak, kan overførast, kan nyttast under post 21

Posten er knytt til bevaringsprogrammet for brannsikring av tette trehusmiljø og stavkyrkjene. Målgruppa er eigarar og forvaltarar av utvalde kulturminne og kulturmiljø.

Ved større tiltak er det ofte føremålstenleg at Riksantikvaren eller fylkeskommunane står for iverksetjing og gjennomføring av tiltaka. Tiltaket kjem i desse tilfella eigarane/forvaltarane til gode, men kostnadene blir rekneskapsførte som driftsutgifter over post 21, jf. omtale under denne posten.

Mål

Tilskotsordninga skal sikre ca. 50 av landets 180 trehusmiljø og dei 28 stavkyrkjene mot brann. Tilskot blir gitt til å etablere sikring i utvalde tette trehusmiljø. Midlane går òg til drift, vedlikehald og oppgradering av brannsikringsanlegg i alle stavkyrkjene.

Tildelingskriterium

Det blir lagt vekt på prosjekt som har overføringsverdi for brannsikring av andre verdifulle kulturminne og kulturmiljø.

Tiltaka skal gjennomførast etter antikvariske retningslinjer og i samsvar med eventuelle andre retningslinjer frå Riksantikvaren.

Riksantikvaren kan sjølv prioritere og initiere oppgåver og tiltak på særlege viktige prosjekt.

Oppfølging og kontroll

Riksantikvaren skal prioritere oppfølging av gitte tilsegner. Oppfølging og kontroll skjer overfor tilskotsmottakaren gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og innsend slutt-rapport. Kontroll på staden frå Riksantikvaren kan òg vere aktuelt, under dette kontroll av om sikringstiltak, sikringsarbeid eller drift av sikringstiltak er gjennomførte på eit fagleg akseptabelt nivå.

Post 74 Fartøyvern, kan overførast

Posten er hovudsak knytt til arbeidet med bevaringsprogrammet for fartøy.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å sikre og setje i stand eit representativt utval av freda fartøy og fartøy der det er inngått avtale med eigarar om vern. Fartøyvernet genererer viktige verdier for eigarar, brukarar og lokalsamfunn langs kysten.

Tildelingskriterium

Midlane på posten blir nytta til tilskot til konkrete restaurerings- og istandsetjingsarbeid på freda fartøy og fartøy der det er inngått avtaler med eigarar om vern.

Tilskot til viktige sikrings- og restaurerings-tiltak vil bli tildelte etter følgjande prioriteringar: prosjekt som har allmenn interesse, er offentleg tilgjengelege, har økonomisk gjennomføringsvilje og -evne, potensial for lokalt engasjement, der det knyter seg særlege opplevings- og formidlingsverdier til fartøyet, tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall, og fartøy som det finst få av. Tiltaka skal gjennomførast etter antikvariske retningslinjer og i samsvar med eventuelle andre retningslinjer frå Riksantikvaren.

I startfasen av omfattande og samansette istandsetjingstiltak skal det skje ei god planlegging og prioritering av tiltaka, for å sikre ei kostnadseffektiv gjennomføring.

Tilskotsmidlane blir i hovudsak fordelte etter søknad. Målgruppa er eigarar eller forvaltarar av slike fartøy.

Riksantikvaren kan òg sjølv prioritere og initiere oppgåver og tiltak innanfor særlege satsingsfelt.

I samsvar med det som er omtalt under kap. 1400 post 70, er grunntilskotet til Norsk forening for fartøyvern flytta til denne posten med 1,7 mill. kroner. Tilskotet blir utbetalt etter søknad frå foreininga.

Oppfølging og kontroll

Riksantikvaren eller fylkeskommunen skal prioritere oppfølging av gitte tilsegner. Dei skal sjå til at tilskotsmottakaren leverer sluttrapportar på utført arbeid, og at arbeida blir utførte i samsvar med dei vilkåra som er sette. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden. Oppfølging og kontroll skjer overfor tilskotsmottakaren gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og innsend sluttrapport.

Post 75 Internasjonalt samarbeid, kan overførast

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til internasjonalt samarbeid om kulturminneforvaltning, markere Noreg som viktig medspelar til nøkkelorganisasjonar innanfor fagfeltet og som eit land med særleg kompetanse på forvaltning av bygningar i tre.

Tildelingskriterium

Midlane på posten blir nytta til tilskot til faglege samarbeidsprosjekt med andre land i samsvar med norske politiske og fagpolitiske prioriteringar. Løyvinga dekkjer òg medlemsavgifter og utgifter knytte til samarbeidsavtaler og utgreiingsarbeid, under dette det norskruksiske miljøvern-samarbeidet under den bilaterale miljøvernavtala.

Oppfølging og kontroll

Riksantikvaren skal prioritere oppfølging av gitte tilsegner. Oppfølging skjer hovudsakleg i form av deltaking i møte i organisasjonanes styrande organ, der det blir fatta avgjerder blant anna om budsjett, kontingentar og økonomisk styring. Oppfølginga av spesielle prosjekt skjer gjennom referanse-, arbeids- eller styringsgrupper, ved kontakt med slike grupper, eller ved direkte kontakt med prosjektet. Kontrollen overfor tilskotsmottakaren skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende prosjektrapportar, årsmeldingar og av revisorstadfesta årsrekneskapar frå organisasjonane.

Post 77 Verdiskapingsprogram på kulturminneområdet, kan overførast, kan nyttast under post 21

Posten er foreslått auka med 5,0 mill. kroner i 2012 til fase 2 av verdiskapingsprogrammet, sjå òg kap. 1432 post 50.

Mål

Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet har som mål å stimulere til at kulturminne og kulturmiljø blir tekne i bruk i utvikling av lokalsamfunn og som grunnlag for næringsutvikling. Hovudaktiviteten i 2011 har vore å samanfatte og formidle erfaringar frå fase 1, og å greie ut grunnlaget for vidare arbeid med verdiskaping knytta til kulturminne og kulturmiljø. Hovudmålet i verdiskapingsarbeidet er å fremje kulturminnebasert verdiskaping basert på erfaringane frå fase 1. Samarbeidet med Norsk kulturminnefond om programmet skal førast vidare.

Tildelingskriterium

Midlane skal nyttast til satsingar som tydeleggjer og integrerer kulturminnefeltet i lokal og regional utvikling. Det skal leggjast vekt på prosjekt som koplar kulturarv og natur, involverer lokalt og regionalt næringsliv og frivillige. Det er ein føresetnad at fylkeskommunane og kommunane er aktive deltakarar. Arbeidet med Pilegrimsleden vil bli prioritert.

Oppfølging og kontroll

Riksantikvaren skal prioritere oppfølging av gitte tilsegner. Kontrollen overfor tilskotsmottakaren skjer i hovudsak gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende prosjektrapportar og årsmeldingar, og av revisorstadfesta årsrekneskapar.

Post 78 Tilskot til avgjerdsgrunnlag for utøving av mynde innan arkeologi, kan overførast, kan nyttast under post 21. Posten er foreslått auka med 2,0 mill. kroner i 2012 til sikring av arkeologiske kulturminneverdiar.

Mål

Tilskotsordninga skal medverke til ei god fagleg og føreseieleleg forvaltning av arkeologiske kulturminne.

Målgruppa er forvaltningsinstitusjonar med ansvar for arkeologiske kulturminne etter gjeldande forskrifter.

Tildelingskriterium

Midlane skal nyttast til nødvendig fagleg assistanse til fylkeskommunane og Sametinget i forvaltningssaker, utgifter til nødvendige sikringsundersøkingar og anna sikringsarbeid, samt hjelp i kulturminnekriminalitetssaker ved dei arkeologiske forvaltnings- og sjøfartsmusea. I tillegg skal

midlane dekkje saksbehandling og feltundersøkingar ved sjøfartsmusea. Midlane skal òg dekkje nødvendig fagleg underlagsmateriale for Riksantikvarens forvaltningsoppgåver som blir utførde av NIKU.

Oppfølging og kontroll

Riksantikvaren skal prioritere oppfølging av gitte tilsegner. Oppfølging og kontroll skjer gjennom rapportering om bruk av midlane.

Kap. 4429 Riksantikvaren

(i 1000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
02	Refusjonar og diverse inntekter	7 512	3 930	4 052
09	Internasjonale oppdrag	3 783	1 453	1 498
16	Refusjon av fødsel- og adopsjonspengar	1 049		
18	Refusjon av sjukepengar	2 360		
	Sum kap. 4429	14 704	5 383	5 550

Post 02 Refusjonar og diverse inntekter

Posten gjeld refusjonar og innbetalte midlar frå oppdragsverksemd for andre institusjonar m.m., jf. omtale under kap. 1429 post 01. Under posten er det òg budsjettert inntekter ved sal av Riksantikvarens rapportar og andre produkt. Meirinntekter under posten gir grunnlag for meirutgifter under kap. 1429 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 09 Internasjonale oppdrag

Midlane på posten skal finansiere dei tilsvarende utgiftene til verksemd tilknytt kompetansenettverket i samband med miljøretta arbeid, jf. omtale under kap. 1429 post 01. Meirinntekter under posten gir grunnlag for meirutgifter under kap. 1429 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 1432 Norsk kulturminnefond

(i 1000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
50	Til disposisjon for kulturminnetiltak	57 039	59 480	59 480
	Sum kap. 1432	57 039	59 480	59 480

Post 50 Til disposisjon for kulturminnetiltak

Framlegget til løyving på posten svarer til den samla avkastninga av kapitalen i Norsk kulturminnefond som er budsjettert under kap. 4432 post 85

Avkastning frå Norsk kulturminnefond. Midlane under post 50 blir stilt til disposisjon for dei formåla og prosjekta Norsk kulturminnefond støttar opp under. Delar av midlane vil gå til forvaltning av fondet, blant anna lønn til tilsette i sekretariatet

og til administrative funksjonar, styrehonorar og reiser.

Samarbeidet med Riksantikvaren om verdiskaping knytta til kulturminne og kulturmiljø skal først vidare. Det er øymerkt 8,0 mill. kroner til formålet i 2012, sjå òg kap. 1429 post 77.

Mål

Målet med fondet er å leggje til rette for auka samspel mellom offentlege og private midlar til vern og utvikling av verneverdige og freda kulturminne og kulturmiljø. Ordninga skal stimulere til auka verneinnsats frå eigarar og næringsliv, og til meir effektive samarbeidsformer mellom offentlege og private aktørar. Midlane frå fondet skal komme i tillegg til dei ordinære løyvingane til kulturminneformål. Fondet sine midlar skal gå til både freda og ikkje freda, verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Tildelingar frå Kulturminnefondet til freda kulturminne må sjåast i samanheng med kap. 1429 post 72.2.

Kulturminnefondet skal vidareføre samarbeidet med Riksantikvaren når det gjeld bevaringsprogrammet for freda kulturminne og kulturmiljø.

Tildelingskriterium

Tilskotsmidlane blir fordelte av kulturminnefondets styre etter søknad. Tilskot blir nytta til tiltak som fører til vern og sikring av kulturminne og kulturmiljø og til prosjekt som fremjar verdiskaping, næringsverksemd og aktivitet i lokalsamfunnet. Prosjekt som gir synergieffektar, som løyser ut private midlar eller betydeleg eigeninnsats, skal prioriterast.

Oppfølging og kontroll

Kulturminnefondet skal prioritere oppfølging av gitte tilsegner. Oppfølging skjer overfor tilskotsmottakar gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport frå tilskotsmottakaren. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden for å sjå til at tiltak er gjennomførte etter antikvariske retningslinjer og andre føresetnader for tilskotet.

Post 90 Fondskapital

Fondskapitalen er på i alt 1,4 mrd. kroner. Fondskapitalen er plassert som kontolån i Statskassen med rente tilsvarende renta på 10-års statsobligasjonslån.

Kap. 4432 Norsk kulturminnefond

(i 1000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
85	Avkastning frå Norsk kulturminnefond	57 039	59 480	59 480
	Sum kap. 4432	57 039	59 480	59 480

Post 85 Avkastning frå Norsk kulturminnefond

Posten gjeld avkastninga frå Norsk kulturminnefond. Avkastninga skal nyttast til tilskot til kulturminnetiltak og til forvaltning av tilskotsmidlane, jf.

kap. 1432 post 50. Fondsmidlane er plasserte som kontolån i Statskassen med rente tilsvarende renta på 10-års statsobligasjonslån.

Meirinntekter under posten gir grunnlag for meirutgifter under kap. 1432 post 50, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Programkategori 12.40 Klima – og forureining

Løyvingsforslaga under denne programkategorien er på om lag 732,4 mill. kroner.

Løyvingane rettar seg mot resultatområda Levande hav og kyst, livskraftige elvar og innsjøar, mangfaldige skogar, viltfritt miljø, rein luft og stabilt klima.

Prioriteringane i denne programkategorien konsentrerer seg i hovudsak om helse- og miljøfarlege kjemikaliar (under dette radioaktiv forureining), klima, luftforureining, vassforureining og ei rekkje sektorovergripande område slik som modernisering, forenkling og effektivisering, miljøinformasjon, miljøteknologi, Grøn stat, miljøbevisste innkjøp mv. Nokre av tiltaka er delvis finansierte under programkategori 12.10 (utgreiings- og prosjektmidlar, og midlar til forskning og overvaking), men høyrer naturleg inn under omtala av dei samla tiltaka under programkategori 12.40.

Vassforureining

Miljøvennleg skipsfart

Som ein maritim nasjon med lange tradisjonar er arbeidet med ein meir miljøvennleg skipsfart viktig for Noreg. Miljøvennleg skipsfart er òg eit område der Noreg har ei sterk stilling og stor gjennomslagskraft internasjonalt. I lys av auka skipstrafikk og behovet for strengare miljøkrav innan skipsfarten vil Regjeringa styrkje Noregs bidrag i strategisk internasjonalt arbeid, særleg på klimaområdet. Regjeringa vil òg prioritere handheving av nye og eksisterande miljøkrav og regelverk, og oppfølging av tiltaka i Regjeringas maritime strategi.

Overgjødsling og nedslamming

Overgjødsling er framleis eit betydeleg forureiningsproblem i Noreg. I ferskvatn er det særlege problem knytte til overgjødsling i område med tett busetnad og/eller landbruksintensive område. I marine område er det særleg lokale fjordområde langs kysten på strekninga svenskegrensa – Stad som er utsette på grunn av utslepp frå kommunalt avløp, industri, landbruksavrenning/avrenning frå

land og fiskeoppdrett. Oppfølginga av *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vassforskrifta) er sentral i det vidare arbeidet med å redusere problema knytte til overgjødsling og nedslamming.

Oljeforureining

Oljeforureining skuldast både akutte og operasjonelle utslepp frå offshore olje og gassverksemd, skipsfart og landbasert verksemd.

Regjeringas mål er at operasjonelle utslepp av olje ikkje skal medføre helse- eller miljøskade, eller bidra til å auke bakgrunnsnivået av olje over tid. Arbeidet for å nå målet om nullutslepp av miljøfarlege stoff frå petroleumsvksemda er viktig i denne samanhengen.

Regjeringas mål er å halde risikoen for akutt oljeforureining på eit lågt nivå og å kontinuerleg søkje å redusere risikoen ytterlegare, inkludert gjennom kravstilling til privat og kommunal beredskap.

Helse- og miljøfarlege kjemikaliar, under dette radioaktiv forureining

Arbeidet med helse- og miljøfarlege kjemikaliar både internasjonalt og nasjonalt er eitt av Miljøverndepartementets hovudsatsingsområde. Helse- og miljøfarlege kjemikaliar kan framkalle ulike sjukdommar som kreft og allergiar, eller kan skade forplantningsevna og arvestoffet. Miljøgifter er giftige kjemikaliar som det tek lang tid å bryte ned i naturen og som hopar seg opp i næringskjedene og er derfor ein alvorleg trussel mot det biologiske mangfaldet, matforsyninga og helsa for kommande generasjonar. Bruken av verkemiddel i kjemikaliepolitikken er lagt opp for å redusere risiko frå helse- og miljøfarlege kjemikaliar generelt, mens det for miljøgiftene er lagt til grunn at alle utslepp skal stansast innan 2020. Det er nødvendig med innsats både nasjonalt og internasjonalt for å kunne nå desse måla. Auka kunnskap er svært viktig i dette arbeidet. Kartlegging og overvaking, og arbeid relatert til miljøprøvebanken for miljøgifter, vil framleis vere prioritert.

REACH – eit omfattande europeisk kjemikalierregelverk

Gjennom kjemikalierregelverket i EØS-området (REACH) vil vi få vi langt meir kunnskap om dei titusenvis av kjemikalier som er på marknaden, og samtidig vil vi òg få betre kontroll på bruk og utslepp av dei. Hovudansvaret for å gjennomføre REACH ligg hos næringslivet sjølv, men styresmaktene har òg ei rekkje omfattande arbeidsoppgåver knytte til oppfølging og utvikling av REACH. I St. meld. nr. 14 (2006-2007) *Sammen for et giftfritt miljø – forutsetninger for en tryggere fremtid* seier Regjeringa at Noreg skal vere ein aktiv pådrivar i nasjonal og europeisk kjemikalieförvaltning. Noreg skal blant anna vurdere 5-15 miljøgifter med sikte på å foreslå regulering på europeisk nivå. Det er derfor vidareført midlar til Klima- og forureiningsdirektoratets arbeid med oppfølging og vidareutvikling av REACH-regelverket.

Forureina sjøbotn og forureina grunn

Regjeringa presenterte i St.meld. nr.14 (2006-2007) *Sammen for et giftfritt miljø – forutsetninger for en tryggere fremtid*, handlingsplanar for å sikre opptrapping av arbeidet med opprydding i forureina sjøbotn i fjordar og hamner og for opprydding i forureina jord i barnehagar og på leikeplassar. Handlingsplanane blir følgde opp ved at konkrete oppryddingstiltak blir sette i verk. Der forureinaren er kjent, er hovudverkemidlet for både forureina sjøbotn og forureina jord pålegg etter forureiningslova. Staten medverkar med midlar der det ikkje er mogleg å identifisere dei ansvarlege, eller der det ikkje er rimeleg å påleggje dei ansvarlege dei fulle kostnadene.

Radioaktiv forureining

Forureiningslova er gjort gjeldande for radioaktiv forureining og radioaktivt avfall. Dette dannar grunnlaget for ei heilskapleg regulering og förvaltning, under dette overvaking og kartlegging av ulike kjelder til radioaktiv forureining.

Avfall

Arbeidet på avfallsområdet skal medverke til å redusere ulike miljøproblem, under dette spreining av helse- og miljøfarlege kjemikalier og utslepp av klimagassar. Det blir arbeidd med å redusere vekten i avfallsmengdene, stimulere til auka gjenvinning av avfall, og å redusere mengda farleg avfall

som ikkje er teke forsvarleg hand om. Vidare tek ein sikte på at genereringa av ulike typar farleg avfall skal reduserast innan 2020 samanlikna med 2005-nivå. Det er etablert fleire verkemiddel for å nå dei nasjonale måla på avfallsfeltet, mellom anna forureiningslova og forskrifter gitt i medhald av lova, avgifter, refusjons- og panteordningar, bransjeavtaler og informasjonstiltak. Förvaltning av regelverk og verkemiddel på avfallsfeltet krev kontinuerleg oppfølging. I 2012 skal det i tillegg arbeidast med ei ny stortingsmelding om avfallspolitikken.

*Klima, luftforureiningar og støv**Klima*

Regjeringa legg til grunn at Noreg skal oppfylle utslippsforpliktinga si under Kyotoprotokollen gjennom eit breitt sett av verkemiddel:

- I St. meld. nr. 34 (2006-2007) *Norsk klimapolitikk* inngår sektorvise klimahandlingsplanar der dei viktigaste sektorane med klimagassutslepp blir nærare beskrivne. Klimaförliket frå 2008 inneber blant anna skjerpa mål. Faggruppa Klimakur 2020 vart oppretta for å framskaffe underlag til ein vurdering av klimapolitikken og behov for endra verkemiddel. Arbeidet har gitt eit godt grunnlag for arbeidet med klimameldinga som skal leggjast fram våren 2012. Det norske kvotehandlingssystemet er kopla til EUs system og omfattar no i underkant av 40 pst. av norske klimagassutslepp, stigande til omtrent 50 pst. frå 2013. Den nasjonale allokeringssystemet for 2008-2012 er godkjend av ESA. I medhald av EUs reviderte kvotedirektiv vil kvotesystemet frå neste periode (2013-2020) bli vesentleg utvida. Blant anna blir ei rekkje stasjonære industriinstallasjonar inkluderte. Luftfart blir òg ein del av systemet frå 2012. Det reviderte kvotedirektivet er i utgangspunktet sett på som EØS-relevant, og arbeidet med å førebu implementering av det reviderte kvotereguleringa i norsk rett er venta å krevje betydelege ressursar i 2012.
- Lokalt klimaarbeid blir ført vidare.
- Klimagassrekneskapen blir ført vidare gjennom löyvingar til Klima- og forureiningsdirektoratet.
- Overvaking av klimaendringar og luftforureiningar, særleg i nordområda, er av svært stor betydning for kunnskap om verknader av klimagassutslepp og andre miljøskadelege utslepp.

Klima og skoginitiativet

Klimagassutslepp frå avskoging og degradering i utviklingsland utgjer i følgje Klimapanelets (IPCCs) vurderingar om lag 17 pst. av dei årlege globale utsleppa av klimagassar. Kyotoprotokollens utsleppsforpliktingar omfattar likevel ikkje denne typen utslepp. I følgje IPCC er reduksjon av utslepp frå avskoging og degradering av skog (REDD) eit viktig og føremålstenleg tiltak i innsatsen mot global oppvarming, fordi det er relativt sett kostnadseffektivt og kan gi store og relativt raske utsleppsreduksjonar. Snarlege tiltak mot avskoging er heilt nødvendige for å oppnå målet om at den globale middeltemperaturen ikkje skal auke meir enn med to grader Celsius i forhold til førindustrielt nivå. På denne bakgrunnen kunn gjorde statsminister Jens Stoltenberg under klimaforhandlingane på Bali i desember 2007 at Noreg er budd på å trappe opp innsatsen for tiltak mot klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog i utviklingsland til inntil 3 mrd. kroner årleg.

Klimanøytral stat

Som ein del av ein global og ambisiøs klimaavtale der òg andre industriland tar på seg store forpliktingar, skal òg Noreg ha eit forpliktande mål om klimanøytralitet seinast i 2030, jf. St.mld. nr. 34 (2006-2007). Miljøverndepartementet starta opp prosjektet Klimanøytral stat i 2011 med ti statlege verksemdar som har eit eige ønske om å bli klimanøytraliserte. Med klimanøytral stat er meint at statlege verksemdene skal berekne eigne utslepp, gjennomføre tiltak for å redusere utsleppa, utarbeide klimarekneskap og kjøpe og slette klimavotar for restutsleppa. I prosjektet skal ein kartlegge korleis utsleppsreduksjonar kan oppnåast i praksis og lage tiltaksplan med kost/nytte-kalkylar. Det er ikkje venta at pilotverksemdene gjennomfører tiltak som medfører auka utgifter. Prosjektet vil fokusere spesielt på å vurdere og teste målesystem for klimagassutslepp, og å lage ein katalog over relevante reduksjonstiltak med estimerte kostnader og potensielle innsparingar. Koordinering av prosjektet er lagt til Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi).

Langtransporterte luftforureiningar

Internasjonalt blir det arbeidd med revisjon av Gøteborgprotokollen, med sikte på å vedta ein ny protokoll seinast våren 2012. Noreg tek del i det faglege arbeidet som vil gi nødvendig kunnskaps-

grunnlag for forhandlingar om nye forpliktingar om utsleppsreduksjonar, både gjennom bidrag til det internasjonale arbeidet, og ved å vurdere nytte og kostnader for Noreg av moglege nye forpliktingar. Miljøvernforvaltninga vil framleis medverke til finansiering av internasjonale oppgåver under *Konvensjonen om langtransportert grenseoverskridande luftforureining*. Revisjon av EUs direktiv 2001/81/EF om nasjonale utsleppstak for visse forureinande stoff til luft er òg under førebuing. Det er no bestemt å innlemme direktivet i EØS-avtala. Noreg vil òg gjere eigne faglege vurderingar som grunnlag for forhandlingar i EØS-organa om nye utsleppsforpliktingar i eit revidert direktiv. Nasjonalt blir det arbeidd med å gjennomføre tiltak og verkemiddel som er nødvendige for å overhalde Noregs utsleppsforplikting for nitrogenoksid (NO_x) i Gøteborgprotokollen. Ei hovudoppgåve vil vere å følgje opp den nye avtala mellom Miljøverndepartementet og 15 næringsorganisasjonar for perioden 2011-2017 om reduksjon av NO_x-utsleppa.

Lokal luftforureining

Det er framleis behov for å betre luftkvaliteten i fleire norske byar og tettstader. Miljøverndepartementet, Samferdselsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet har gitt underliggjande etatar i oppdrag saman å vurdere korleis arbeidet med å redusere lokale utslepp bør styrkjast og førast vidare på kort og noko lenger sikt. I etterkant av dette vil behovet for endra verkemiddelbruk bli vurdert.

Støy

Regjeringa vil føre vidare og følgje opp arbeidet med handlingsplanen mot støy for å nå dei nasjonale støymåla.

Framtidsretta produksjon og forbruk (områdeovergrepande tema)

Det er viktig at offentleg sektor går føre som ansvarleg forbrukar og etterspør miljøvennlege varer og varer som er tilverka etter høge etiske og sosiale standardar. Det er difor utarbeidd ein handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege anskaffingar, der tiltak knytt til klima og energi, helse- og miljøfarlege kjemikaliar og biologisk mangfald har fått høg prioritet. Det er utarbeidd rettleiande miljøkriterium for prioriterede produktgrupper.

Statlege verksemdar skal ha eit miljøleings-system som er godt integrert i dei andre styrings-systema i verksemda. Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) har fått ansvaret for å følgje opp handlingsplanen på nasjonalt nivå både når det

gjeld miljømedvitne innkjøp og miljøleing. For å hjelpe statlege, kommunale og fylkeskommunale verksemdar på lokalt nivå er det bygd opp ei fagleg støttetjeneste i alle fylke.

Utgifter under programkategori 12.40 fordelte på kapittel

(i 1000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
1441	Klima- og forureiningsdirektoratet	646 159	655 482	699 154	6,7
1445	Miljøvennleg skipsfart	3 930	4 000	4 000	0,0
1447	Miljøomsyn i offentlege innkjøp	13 316	18 000	18 000	0,0
1448	Radioaktiv forureining i det ytre miljø		11000	11 214	1,9
	Sum kategori 12.40	663 405	688 482	732 368	6,4

Kap. 1441 Klima- og forureiningsdirektoratet

(i 1000 kr)					
Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	
01	Driftsutgifter	307 586	331 982	337 786	
21	Spesielle driftsutgifter	21 288	21 595	20 095	
22	Statleg ordning for frivillig kjøp av klimavotar	574	2 025	2 025	
39	Oppryddingstiltak, <i>kan overførast</i>	111 456	83 560	64 760	
71	Grunnstøtte til frivillige miljøorganisasjoner og informasjon og kompetanseformidling om produksjon og forbruk				2 118
75	Utbetaling av pant for bilvrak, <i>overslagsløyving</i>	154 558	166 320	221 320	
76	Refusjonsordningar, <i>overslagsløyving</i>	50 697	50 000	50 000	
80	Miljømerking, miljøvennlig forbruk og forbruksinformasjon				1 050
	Sum kap. 1441	646 159	655 482	699 154	

Klima- og forureiningsdirektoratet skal setje i verk forureiningspolitikken og arbeide for å oppnå miljøforvaltningas miljømål.

Klima- og forureiningsdirektoratet skal medverke til å:

- redusere klimagassutsleppa
- redusere spreining av helse- og miljøfarlege stoff

- oppnå ei heilskapleg og økosystembasert hav- og vassforvaltning
- auke gjenvinninga og redusere utsleppa frå avfall
- redusere skadeverknadene av luftforureining og støy
- sikre tilgang til oppdatert og påliteleg miljøinformasjon.

Ein viser elles til omtale under del III Miljøforvaltningas resultatområde.

Klima- og forureiningsdirektoratet utøvar følgjande roller for å medverke til å nå miljømåla:

- overvake og informere om miljøtilstanden og utviklinga
- utøve mynde og føre tilsyn etter forureiningslova, produktkontrolllova og klimakvotelova
- styre fylkesmennenes miljøvernavdelingar innan Klima- og forureiningsdirektoratet sitt ansvarsområde og vere klageinstans for Fylkesmannens vedtak etter forureiningslovgevinga
- utgreie og gi råd overfor Miljøverndepartementet
- gjere tydeleg ansvaret til dei ulike samfunnssektorane for å oppfylle miljøpolitiske mål
- delta i det internasjonale miljøvernssamarbeidet og utviklingssamarbeidet på miljøområdet.

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer lønn til faste og mellombels tilsette og andre driftsutgifter for Klima- og forureiningsdirektoratet. Utgiftene omfattar blant anna husleige, reiser, internasjonalt arbeid, informasjon/formidling, kjøp av tenester, IKT-utgifter og drift av miljøinformasjonssystem (for eksempel Miljøstatus i Noreg, kvoteregisteret og Produktregisteret).

Klima- og forureiningsdirektoratet forvaltar fleire forskrifter som heimlar gebyr i samsvar med prinsippet om at forureinar skal betale. Utgiftene til forvaltning av desse ordningane er dekte over denne posten og dei tilsvarende inntektene er førte under kap. 4441, post 04. Dei aktuelle ordningane er:

- konsesjonsbehandling og kontroll i medhald av forureiningsforskrifta
- tilsyn og kontroll med kjemiske stoff og stoffblandingar, i medhald av forskrift om klassifisering og merking mv. av farlege kjemikalier
- deklarasjon av farleg avfall, i medhald av avfallsforskrifta
- drift av EE-registeret, i medhald av avfallsforskrifta
- forvaltning av klimakvoteforskrifta
- eksport og import av avfall

Posten er føreslått styrkt med 2 mill. kroner til Klima- og forureiningsdirektoratet si drift og klimaarbeid.

Posten er auka med 1,4 mill. kroner i samband med auka kostnader til toksikologiske prøver.

Dette er ei teknisk, budsjettmessig endring ved at midlane er flytta frå kap. 1400, post 21 til kap. 1441, post 01.

Posten er redusert med 2 mill. kroner til Klima- og forureiningsdirektoratets arbeid med nettløysinga for kommunane på miljøområdet. Det er gjort ei rammeoverføring, og posten er redusert med 4 mill. kroner i samband med at driftsansvaret for Miljøprøvebanken er overført til CIENS. Midlane er overførte til kap. 1410, post 70 nasjonale oppgåver ved miljøforskingsinstitutta.

Posten er justert med 3,4 mill. kroner på utgiftssida og på inntektssida kap. 4441, post 07, i samband med utviding av kvotesystemet.

Klima- og forureiningsdirektoratet deltek i dei internasjonale forhandlingane under Klimakonvensjonen, særleg med spørsmål knytte til utsleppsrapportering, kvoteregisteret, forskning og overvaking. Vidare er Klima- og forureiningsdirektoratet Noregs nasjonale kontaktpunkt for FN's klimapanel og koordinerer alle prosessar knytte til klimapanelets arbeid.

Posten dekkjer vidare utgifter til delar av fylkesmennene sitt arbeid med konsesjonsbehandling og kontroll etter forureiningslova, jf. inntekter under kap. 4441 post 06. Inntektene blir tilbakeførte til fylka ved at Klima- og forureiningsdirektoratet utferdar belastningsfullmakt på denne posten til fylkesmennene. Klima- og forureiningsdirektoratet er ansvarleg nasjonal styresmakt og har koordineringsansvar for oppfølging og gjennomføring av REACH i Noreg.

F-gassforordninga

Formålet med ordninga er å redusere utslepp til miljøet av HFK, PFK og SF₆. Ordninga vil styrkje arbeidet med å hindre lekkasjar og stimulere til innsamling og forsvarleg behandling av brukt gass. Forskrift vart fastsett i 2010 og ordninga vart etablert i 2011.

Løyvinga på posten blir ført vidare i 2012 med 15 mill. kroner i samband med driftinga av sertifiseringsordninga for bedrifter og teknisk personell som skal handtere fluorerte klimagassar til kuldetekniske formål. Kostnadene er dekte ved gebyr for sertifisering, og inntektene blir førte på kap. 4441 post 04 Gebyrinntekter. Kap. 1441, post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4441, postane 02 Gebyrinntekter – statleg kvotesletting, 04 Gebyrinntekter, 05 Leigeinntekter, 06 Gebyrinntekter, fylkas miljøvernavdelingar og 09 Internasjonale oppdrag, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten fordeler seg på følgjande område:

Lokalt klimaarbeid

Det blir vidareført 1,4 mill. kroner til arbeidet med lokalt klimaarbeid, under dette arbeidet med statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunane (SPR). Føremålet med ei slik planretningslinje er å framheve omsynet til klima og energi, og å klargjere meir konkrete forventningar for klima- og energiplanlegginga.

Helse- og miljøfarlege kjemikalier

Midlar til arbeidet med internasjonalt kjemikaliearbeid og til særlege prosjekt som følgjer opp forslag i stortingsmeldinga om helse- og miljøfarlege kjemikalier er ført vidare. Løyvinga skal blant anna nyttast til å styrkje internasjonal regulering av miljøgifter og kartlegging av miljøgifter. Posten er ført vidare med midlar til oppfølging av EØS/EUs nye kjemikaliregelverk REACH.

Farleg avfall – (beredskap)

Posten dekkjer utgifter Klima- og forureiningsdirektoratet kan få ved å måtte fjerne spesielle typar avfall slik som eigarlaust farleg avfall, farleg avfall frå konkursbu eller farleg avfall som eigaren ikkje klarer å ta hand om på ein forsvarleg måte, jf. forureiningslova §§ 74 og 76.

Heilskaplege forvaltningsplanar for norske havområde

Det er vidareført 5,5 mill. kroner til arbeidet med heilskapleg forvaltning av norske havområde i 2012.

Heilskapeleg vassforvaltning

Midlar til tiltak i oppfølging av vassforskrifta er vidareført med 2 mill. kroner.

CO₂-handtering

Det er vidareført 0,5 mill. kroner til kapasitet og kunnskapsoppbygging om CO₂-handtering.

Utsleppsrekneskap – luft

Det er vidareført midlar til betring av rapportering og berekning av utsleppsrekneskap for klimagasar og andre utslepp til luft.

Kartlegging av klimagassutslepp

Posten er redusert med 1,5 mill. kroner til kartlegging av utslepp og opptak av klimagassar frå skog under Kyotoprotokollen.

Oppdrag og utgreiingar (FoU)

I tillegg dekkjer posten utgreiingar og vurderingar knytte til etaten sine saksområde. For 2012 gjeld dette i hovudsak arbeidet med helse- og miljøfarlege kjemikalier, avfall og klima (blant anna overvaking, NO_x-avtala).

Post 22 Spesielle driftsutgifter – statleg ordning for frivillig kjøp av klimakvotar

Klima- og forureiningsdirektoratet har ansvaret for ei statleg ordning for frivillig kjøp av klimakvotar. Formålet med ordninga er å gi verksemdar og privatpersonar høve til å kompensere for egne utslepp ved at dei betaler for utsleppsreduksjon ein annan stad. Ordninga gir publikum høve til å kjøpe og få sletta godkjente klimakvotar på ein enkel måte. Kvar kvote som blir sletta, inneber ein utsleppsreduksjon på 1 tonn CO₂. Ordninga skal vurderast i løpet av året, og Klima- og forureiningsdirektoratet skal prioritere sal mot private bedrifter.

Kvotane skal seljast med eit påslag som skal dekkje administrative kostnader inkludert etablerings- og investeringskostnader. Klima- og forureiningsdirektoratet vil gjere nødvendige justeringar av administrasjonspåslaget slik at sjølvkostprinsippet blir ivareteke, og tilpasse påslaget til ressursbruken knytt til ulike avtaler om sal av klimakvotar. Det er lagt til grunn ein pris på EUA-kvotar på 110 kroner og CER-kvotar på 85 kroner. Prognosane tilseier eit sal av 15 000 kvotar for 2012.

Det er foreslått ei løyving på 2,025 mill. kroner for 2012. Løyvinga for budsjettet for 2011 var det same.

Posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 4441 post 02, jf. vedtak II nr. 1.

Post 39 Oppryddingstiltak, kan overførast

Posten er knytt til resultatområde 9, Giffritt miljø.

Posten blir nytta til å dekkje utgifter til undersøkingar og gjennomføring av oppryddingstiltak i grunn og sjøbotn som er forureina med farlege miljøgifter. Løyvinga går i hovudsak til arbeid i tilknytning til opprydding i forureina sjøbotn og føre vidare arbeidet med å rydde opp i forureina jord. Løyvinga er redusert for 2012 i forhold til løyvinga

for 2011, men det er sett av midlar til dei høgast prioriterte oppryddingstiltaka. Fokus vil vere oppfølging av handlingsplanane for opprydding i sjøbotn og forureina jord i barnehagar. Posten dekkjer dessutan opprydding i Vansjø, Jæren og Haldenvassdraget.

Vidare dekkjer posten utgifter til opprydding frå gruver der Miljøverndepartementet er eigar. Miljøverndepartementet er eigar av avgangsdeponiet ved Knaben gruver der det i dag blir gjennomført tiltak. Omfattande opprydding av forureina sjøbotn er gjennomført i Kristiansand, Oslo, Stamsund og ved Killingdal gruver i Trondheim.

I Tromsø er opprydding godt i gang og vil bli avslutta inneverande år. I perioden 2012/2013 er det venta oppstart av tiltak i Harstad, Trondheim (hamneområda) og Sandefjord. Redusert løyve vil likevel kunne påverke framdrifta i arbeidet. Som nemnt ligg prinsippet om at forureinar betalar til grunn for arbeidet med opprydding av forureina sjøbotn, og så langt det er rimeleg vil pålegg etter forureiningslova bli nytta som verkemiddel for å sikre opprydding i forureina vatn, grunn og sjøbotn. Det vil likevel vere ulike situasjonar der det er aktuelt at miljøforvaltninga dekkjer delar av utgiftene til undersøkingar, opprydding eller andre tiltak som for eksempel:

- Der staten ved miljøforvaltninga er den ansvarlege for forureininga.
- Der den ansvarlege ikkje kan identifiserast, ikkje er betalingsdyktig og/eller av andre grunnar ikkje kan stå for ei god opprydding.
- Der det av miljøgrunnar hastar å få rydda opp. Staten forskotter oppryddingskostnadene for å komme raskt i gang, og vil krevje kostnadene refunderte frå den ansvarlege i etterkant.
- Der miljøforvaltninga vil skaffe fram grunnlag for å leggje til rette for kunnskapsinnhenting og formidling.
- Der det er nødvendig for å medverke til ei samla opprydding eller anna tiltaksgjennomføring i eit område.
- Der det av andre grunnar er urimeleg at den ansvarlege skal dekkje alle kostnadene.

Posten er redusert med 18,8 mill. kroner. Det er foreslått at Miljøverndepartementet i 2012 kan inngå forpliktingar for framtidige år til å kjøpe inn materiell og til å gi tilsegn om tilskot ut over gitt løyving under kap. 1441 Klima- og forureiningsdirektoratet, post 39 Oppryddingstiltak, men slik at samla ramme for nye forpliktingar og gammalt ansvar ikkje overstig 25 mill. kroner. Fullmakta til å inngå forpliktingar kan nyttast til innkjøp av

både tenester og materiell og å til å gi eventuelle tilsegner om tilskot, jf. vedtak VIII.

Posten kan òg nyttast til planvis kartlegging, oppfølging og tiltaksretta overvaking av forureinings situasjonen (tilstandsdata), til undersøkingar og utgreiingar for å leggje til rette for ein målretta og effektiv innsats i oppryddingsarbeidet og anna kunnskapsoppbygging.

Post 71 Tilskot til frivillige miljøorganisasjonar og allmennyttige stiftelsar innanfor forureiningsområdet

Tilskotsordningane til frivillige miljøorganisasjonar og tilskot til kompetanseformidling og informasjon om miljøvennleg produksjon og forbruk er sett i samanheng og lagt om, jf. omtala under kap. 1400 post 70 og 73. Ein del av omlegginga inneber at frivillige organisasjonar og allmennyttige stiftingar med ei utprega forureiningsfagleg avgrensing er flytta til denne nyoppretta posten under kap. 1441. Posten omfattar tilskot til Norsk vannforening, Norsk forening mot støy, tilskot til LOOP og Avfall Norge si «Hold Norge Rent»-kampanje.

Mål

Tilskotsordninga skal medverke til å halde oppe eit utval av demokratisk oppbygde, landsomfattande organisasjonar med arbeid mot forureining som formål, for å sikre frivillig engasjement og styrkje medverknaden i miljøvernspørsmål lokalt, regionalt og nasjonalt, basert på fagleg innsikt.

Målet er òg å påverke produksjons- og forbruksmønsteret ved å byggje opp og formidle kompetanse om miljøvennleg produksjon og forbruk, og stimulere til berekraftig praksis i næringsliv, hushald og offentleg verksemd.

Tildelingskriterium

Storleiken på driftstilskota til frivillige organisasjonar blir fastsett bl.a. ut frå ei vurdering av organisasjonenes aktivitetsnivå nasjonalt og lokalt, økonomien deira og alternative høve til finansiering, saman med medlemstalet i organisasjonane. For 2012 er det rekna med tilskot til dei nemnde tilskotsmottakarane på same nivå som for 2011.

Det er ein føresetnad at organisasjonane og stiftelsane sender inn søknad om tilskot.

Det blir fortløpande vurdert om organisasjonane og stiftelsane tilfredsstillar kriteria for å ta imot støtte.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarar bli følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føresettt og at tiltak blir gjennomførte. Oppfølging og kontroll går føre seg ved generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapporteringar.

Post 75 Utbetaling av pant for bilvrak, overslagsløyving

Vrakpantordninga rettar seg mot resultatområde 9, Giftfritt miljø. Dei siste åra har det vore innlevert omlag 110 000 bilvrak årleg. Det er venta at innsamlingsnivået held seg stabilt i 2012.

Mål

Målet med vrakpantordninga er å stimulere bileigarar til å levere utrangerte bilar til godkjend biloppsamlingsplass slik at bilvraket kan takast hand om på ein forsvarleg måte og gjenvinnast. Posten dekkjer utbetaling av vrakpant og kostnader ved overføring av vrakpanten til bileigaren. Forskrift om kasserte køyretøy gir produsentar og importørar ansvaret for handtering av kasserte køyretøy. Produsentansvaret er no ein del av avfallsforskriftas kapittel 4 om kasserte køyretøy. Sjølv om ansvaret er lagt på produsentar og importørar, vil Regjeringa inntil anna er avgjort vidareføre dagens statlege avgifts- og panteordning.

Tildelingskriterium

Vrakpanten blir utbetalt av tollregion Midt-Noreg mot kvittering for at bilvraket er levert til godkjend biloppsamlingsplass for behandling. Ordinar vrakpant for 2012 blir auka frå 1500 kroner til 2000 kroner for å ta hensyn til generell prisvekst over fleire år.

Oppfølging og kontroll

For å sikre at bilvraket har rett til vrakpant blir kvitteringa kontrollert mot det sentrale motorvognregisteret. Kontrollen skjer elles ved kontroll av lager på oppsamlingsplassane og rekneskap med vedlegg.

Post 76 Refusjonsordningar, overslagsløyving

Posten dekkjer ulike refusjonsordningar retta mot resultatområde 9, Giftfritt miljø, 10 Rein luft og 11

Stabilt klima. Posten dekkjer dessutan utgifter til ulike utgreiningar og tiltak som miljøstyresmakterne har behov for i samband med administrering av ordningane.

Det har vist seg vanskeleg å stipulere utbetalingar til ordninga og overslaga har variert.

Refusjon av smørjeoljeavgifta

Mål

Målet med ordninga er å stimulere til auka innlevering av spillolje til miljøgodkjent behandling. Spillolje er brukt smørjeolje, transformatorolje og er klassifisert som farleg avfall. Smørjeolje er, med unntak av enkelte bruksmåtar, pålagt smørjeoljeavgift, jf. St.prp. nr. 1 (2007–2008) *Skatte-, avgifts- og tollvedtak*, kap. 5542 post 71.

Kriterium for måloppnåing

Innsamlingsgrad for spillolje (med og utan rett til refusjon) er i dag i underkant av 90 pst. og har vore stabil dei siste åra. I 2010 var total mengd innsamla spillolje på om lag 38 000 m³, av dette i underkant av 24 000 m³ med rett på refusjon. Det er ikkje rekna med vesentleg endring i mengd innsamla spillolje i 2012. Posten dekkjer òg utgifter til informasjon og administrasjon av ordninga.

Tildelingskriterium

Det blir utbetalt refusjon for dei fleste typar brukt smørjeolje og andre brukte oljer (transformatoroljer med meir) med tilsvarende eigenskapar, med unntak av blant anna spillolje som kjem frå større skip (større enn 250 fot) i internasjonal sjøfart. Refusjonen blir utbetalt til større mottaksanlegg (tankanlegg) med førehandstilsegn frå Klima- og forureiningsdirektoratet. I tilsegna er det fastsett ein del vilkår som refusjonsmottakar har plikt til å rette seg etter. Krav om utbetaling blir kontrollerte i forhold til førehandstilsegna.

Oppfølging og kontroll

Oppfølginga blir ivareteken gjennom statistikk over årleg innsamla spillolje. Ved kontroll i tankanlegga dei siste åra er det konstatert mange brot på ordninga for refusjonar. Klima- og forureiningsdirektoratet følgjer opp brota ved å nekte refusjonsutbetaling eller krevje tilbakebetaling av feilaktig utbetalte refusjonar. Strengare reaksjonar som tilbaketrekking av tilsegna eller melding til politiet blir òg vurderte i alvorlege tilfelle.

Refusjon av avgift på Trikloretten (TRI)

Mål

Målet med ordninga er å hindre utslepp til miljøet av TRI frå TRI-haldig avfall, og den er eit verke-middel som skal medverke til at avgiftssystemet verkar optimalt.

Trikloretten (TRI) er ei miljøgift. Bruk og utslepp skal reduserast vesentleg. TRI, som er eit løsemiddel som først og fremst blir brukt til avfeiting i industrien, vart frå 1. januar 2000 pålagt avgift, jf. St.prp. nr. 1 (1999-2000) *Skatte-, avgifts- og tollvedtak*. Posten dekkjer utbetaling av refusjon og utgifter til informasjon og administra-sjon av ordninga. Det har dei siste åra vore få utbetalningar gjennom ordninga som følgje av at bruken av ny TRI er kraftig redusert. Det er ikkje venta vesentlege endringar i 2012.

Tildelingskriterium

TRI-haldig avfall skal leverast til godkjent mottak eller behandlingsanlegg for farleg avfall, og ein vil få delvis refusjon av den innbetalte avgifta for den mengd TRI som finst i avfallet. For å stimulere til raskare utfasing av bruken av TRI vart refusjons-satsen sett til 25 kroner per kilo, noko som utgjer under halvparten av avgiftssatsen.

Oppfølging og kontroll

Oppfølginga skjer gjennom statistikk over årleg innsamla mengd TRI. Anlegg som tek imot farleg avfall og gjenvinningsverksemda skal vere godkjende av Klima- og forureiningsdirektoratet.

Avgifta har medverka til ein kraftig reduksjon i etterspørselen etter ny TRI. På grunn av dei små mengdene som er i bruk og som er omfatta av refusjonssystemet, vil ein vurdere om det er føremålstenleg å vidareføre refusjonsordninga eller om ein kan sikre innlevering av TRI-haldig avfall på andre måtar.

Refusjon av avgift på hydrofluorkarbon (HFK) og perfluorkarbon (PFK)

Mål

Refusjonsordninga er heimla i forskrift 1. juni 2004 nr. 930 om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta), kapittel 8. Hydrofluorkar-bon (HFK) blir i første rekkje nytta i kjøle- og fry-seanlegg, varmpumper og mobil luftkondisjone-ring.

Formålet med ordninga er å redusere utslepp til miljøet av HFK og PFK. Gassane er klimagas-

sar, og reguleringa av desse er ein del av strate-gien for å redusere utsleppa av klimagassar i sam-svar med Kyotoprotokollen. Ordninga med avgift og refusjon skal medverke til meir bruk av miljø-vennlege hjelpemedium og mindre bruk av dei mest skadelege HFK/PFK-gassane, stimulere til produktutvikling, styrkje arbeidet med å hindre lekkasjar og stimulere til innsamling og forsvarleg behandling av brukt gass. Målgruppe for ord-ninga er aktørar som har større mengder HFK- og PFK-haldig avfall.

Tildelingskriterium

Forskrifta inneber at kuldebransjen og andre som leverer HFK og PFK til godkjent destruksjonsan-legg, kan krevje refusjon. Føresetnaden er doku-mentasjon som viser kva for mengd og typar av HFK og PFK som er leverte.

Det blir utbetalt refusjon for den mengda HFK og PFK som er levert til godkjent destruksjonsan-legg for destruksjon. Refusjonssatsane vil vere lik dei gjeldande differensierte avgiftssatsane for avgifta på HFK og PFK ved innleveringstidspunk-tet, jf. Stortingets årlege avgiftsvedtak og forskrift 11. desember 2001 nr. 1451 om særavgifter § 3-18-2.

Oppfølging og kontroll

Klima- og forureiningsdirektoratet fører tilsyn med refusjonsordninga, jf. avfallsforskrifta § 17-3.

Post 80 Miljømerking, miljøvennleg forbruk og forbrukarinformasjon

Mål

Miljømerking er eit viktig ledd i ein førebyggjande miljøvernpolitikk og gir informasjon til og bevisst-gjering av forbrukarar, næringsliv og offentlege verksemder om miljøvennlege val. Miljømerking er òg viktig for å fremje miljøtiltak langs heile pro-duktkjeda, frå uttak av råvarer til produktet blir avfall. Dei offisielle miljømerkeordningane som *Svanen* og *Blomsten* er eit viktig supplement til lovpålagte krav. Ordningane er nærare omtalt i Barne- og likestillingsdepartementets budsjett-proposisjon.

Posten omfattar driftstilskot til Stiftelsen Miljø-merking.

Kriterium for måloppnåing

Miljøverndepartementet føreset at midlane blir nytta til å intensivere arbeidet med utvikling av

miljøkriterium slik at fleire produktgrupper blir merkte. Det skal særleg leggjast vekt på å utvikle kriteriesett for produktgrupper som medfører stor miljøbelastning, slik at forbrukarane får betre høve til å gjere miljørette val. Dette vil blant anna vere produktgrupper der innhald av helse- og miljøfarlege stoff og klimagassar er eit problem. Det skal òg fokuserast på tiltak for å få fleire produsentar til å søkje om merket innanfor dei områda der det er utvikla kriterium og til å gi forbrukarar informasjon om spekteret av miljømerkte produkt på marknaden. Merkinga tek òg omsyn til klima ved utviklinga av kriterium.

Tildelingskriterium

Tildeling av midlar er basert på verksemda sitt resultat frå føregåande år og ein konkret søknad om midlar for kommande periode, sett opp mot prioriterte nasjonale miljø- og berekraftsmål.

Oppfølging og kontroll

Drifts- og prosjekttilskota blir følgde opp gjennom krav som blir fastsette i kvart enkelt tilsegnsbrev. Det blir motteke årsrapport og/eller rekneskapsoversikt for alle tilsegner, i tillegg til at det er fagleg kontakt med dei enkelte tilskotsmottakarane.

Kap. 4441 Klima- og forureiningsdirektoratet

(i 1000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
02	Inntekter, statleg ordning for frivillig kjøp av klimavotar	499	2 161	2 161
04	Gebyr	33 898	40 759	40 759
05	Leigeinntekter	411	333	343
06	Gebyrer, fylkas miljøvernavdelingar	15 493	22 000	22 000
07	Gebyrinntekter (Kvotesystemet)	6 845	7 200	10 600
09	Internasjonale oppdrag	7 144	5 779	5 958
16	Refusjon av fødsel- og adopsjonspengar	4 187		
18	Refusjon av sjukepengar	2 972		
	Sum kap. 4441	71 449	78 232	81 821

Post 02 Inntekter – statleg ordning for frivillig kjøp av klimavotar

Post 02 Inntekter, statleg ordning for frivillig kjøp av klimavotar har ei løyving på 2,161 mill. kroner i budsjettet for 2012, det same som i saldert budsjett 2011, jf. omtale under kap 1441 post 22 Statleg ordning for frivillig kjøp av klimavotar.

Post 04 Gebyrinntekter

I samsvar med prinsippet om at forureinaren skal betale, er det innført gebyr på ulike område innanfor forureiningsområdet. Posten omfattar Klima- og forureiningsdirektoratets inntekter frå følgjande ordningar:

- gebyr frå utferding av sertifikat under ei sertifiseringsordning for bedrifter og personell som

handterer fluorerte klimagassar (forskrift om fluorerte gassar). Ordninga er ein del av EØS-avtala som regulerer dei fluorerte klimagassane HFK, PFK og SF₆ gjennom krav til blant anna lekkasjetesting og kvalifikasjonar til teknisk personell

- gebyr for konsesjonsbehandling og kontroll i medhald av forskrift om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta)
- gebyr for tilsyn og kontroll med kjemiske stoff og stoffblandingar, i medhald av forskrift om klassifisering og merking mv. av farlege kjemikalier
- gebyr for deklarasjon av farleg avfall, i medhald av avfallsforskrifta. Verksemdar som leverer farleg avfall skal fylle ut eit deklarasjonsskjema med opplysningar om avfallsets opphav, innhald og eigenskapar. Det er fastsett eit gebyr for

denne deklarasjonen, og gebyret skal dekkje Klima- og forureiningsdirektoratet kjøp av tenester ved drift av systemet

- gebyr for drift av produsentregister for elektriske og elektroniske produkt (EE-registeret), i medhald av avfallsforskrifta. Alle som omset elektriske og elektroniske produkt (EE-produkt) i Noreg pliktar anten å ha eit eige retursystem som tek seg av desse produkta når dei blir avfall, eller å melde seg inn i eit kollektivt retursystem som tek seg av desse forpliktingane på deira vegner
- gebyr for eksport- og import av avfall. Verksemder som importerer eller eksporterer meldepliktig avfall må ha løyve til dette.

I tillegg vil det på denne posten kunne komme inntekter frå andre ordningar, som for eksempel:

- Gebyr for behandling av søknader om godkjenning av biocidprodukt. Biociddirektivet vart ein del av EØS-avtala i 2003 og har blitt implementert i norsk lovverk gjennom biocidforskrifta. Biociddirektivet krev at nasjonale styresmakter etablerer gebyrordningar som dekkjer dei kostnadene styresmaktene har ved gjennomføring av direktivet.

Kap. 1441 post 01 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 05 Leigeinntekter

Inntektene omfattar dei leigeinntektene Klima- og forureiningsdirektoratet har i samband med utleige av nokre kontorlokale og utleige av konferansesenteret. Meirinntekter under posten gir grunnlag for meirutgifter under kap. 1441 post 01 Driftsutgifter, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 06 Gebyrinntekter – fylkas miljøvernavingar

Forureiningsforskrifta vart frå 2007 endra slik at Fylkesmannen kan krevje gebyr for arbeid med konsesjonsbehandling og kontroll. Fylkesmannens gebyrinntekter er førte under denne posten. Meirinntekter under posten gir grunnlag for meirutgifter under kap. 1441 post 01 Driftsutgifter, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 07 Gebyrinntekter (kvotesystemet)

Klima- og forureiningsdirektoratet forvaltar kvoteforskrifta. Verksemder som er omfatta av kvoteplikta må ha løyve frå Klima- og forureiningsdirektoratet til kvotepliktige utslepp, i tillegg til eit godkjent program for utrekning og måling av utsleppa. Dei kvotepliktige verksemdene sine årlege utsleppsrapportar blir kontrollerte og verifiserte av Klima- og forureiningsdirektoratet.

I tråd med føresegnene i kap. 8 i kvoteforskrifta skal Klima- og forureiningsdirektoratets kostnader ved dette arbeidet finansierast av gebyr. Dette er i samsvar med EUs reglar. Det er ikkje knytt meirinntektsfullmakt til denne posten.

Klima- og forureiningsdirektoratet har òg ansvaret for å etablere og drifte det elektroniske kvoteregisteret. Få 1. januar 2012 vil òg utslepp av CO₂ frå luftfart vere omfatta av kvoteplikta.

Post 09 Internasjonale oppdrag

Inntektene er knytte til internasjonalt miljøsam arbeid og bistandsarbeid med Utanriksdepartementet, Norad og andre. Inntektene skal nyttast til for eksempel institusjonsbygging i samarbeidsland. Dette samarbeidet vil bli utvikla vidare og trappa opp, jf. kap. 1441 post 01 Driftsutgifter. Kap. 1441 post 01 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 1445 Miljøvennleg skipsfart

(i 1000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2010	budsjett 2011	2012
21	Spesielle driftsutgifter	3 930	4 000	4 000
	Sum kap. 1445	3 930	4 000	4 000

Rolle og oppgaver for Sjøfartsdirektoratet:

Sjøfartsdirektoratet er underlagt Miljøverndepartementet i saker som gjeld forureining og vern om det marine miljøet, og utfører viktig arbeid innanfor dette området. Arbeidet omfattar bl.a. utgreiingsoppgåver, utarbeiding av forskrifter, utferding av sertifikat, flaggstatskontrollar og hamnestatskontrollar. Sjøfartsdirektoratet utfører dessutan betydelege internasjonale oppgåver på miljøområdet retta mot FN's sjøfartsorganisasjon IMO, EU, Nordsjøsamarbeidet og Det arktiske samarbeidet.

Sjøfartsdirektoratet har som ei av sine hovudmålsetjingar å medverke til at skipsfarten er ei miljøvennleg transportform. Dette inneber at direktoratet skal medverke til at norsk maritim verksemd er minst like miljøeffektiv som alternative transportformer, og har gode tekniske og operasjonelle forhold som førebyggjer miljøskadar. I

tillegg skal direktoratet medverke til god tryggleik mot forureining ved effektivt tilsyn av norske skip og hamnestatskontroll av framande skip.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten medverkar til å dekkje lønn til faste og mellombels tilsette og driftsutgifter for Sjøfartsdirektoratet i arbeidet med ein miljøvennleg skipsfart. Reduksjonar i utslepp av SO₂, NO_x og klimagassar står sentralt i dette arbeidet. Vidare skal det gjennomførast tiltak for å redusere faren for utilsikta introduksjon og spreiding av framande arter i ballastvatn. Det arbeidast for ein ny konvensjon som tek sikte på forsvarleg opphogging av skip. Vidare dekkjer posten midlar knytte til utgreiingar, informasjon, internasjonalt arbeid og formidling relatert til miljøspørsmål.

Kap. 1447 Miljøomsyn i offentlege innkjøp

(i 1000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2012
		2010	budsjett 2011	
21	Spesielle driftsutgifter	13 316	18 000	18 000
	Sum kap. 1447	13 316	18 000	18 000

Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) vart oppretta under Fornyings- og administrasjonsdepartementet frå 1. januar 2008. Eitt av hovudarbeidsområda for direktoratet vil vere å leggje til rette for samfunnsstenlege, kostnadseffektive og kvalitetsretta offentlege innkjøp og arbeide for at miljøbelastninga knytt til offentlege innkjøp blir minimert. Miljøbevisste offentlege nyskaffingar vil vere hovudarbeidsområdet til direktoratet innafør Miljøverndepartementets ansvarsområde. Det vil vere heilt sentralt for direktoratet å sikre at miljøomsyn blir integrerte som ein naturleg del av den generelle innkjøpspolitikken i all offentlig verksemd. Direktoratet har ansvar for å følgje opp handlingsplanen for miljø- og samfunnsansvar i offentlege nyskaffingar på dei områda som gjeld miljøomsyn.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten skal medverke til å dekkje lønn til faste stillingar og driftsutgifter for Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) sitt arbeid med miljøbevisste offentlege nyskaffingar og miljøleing. Dette vil

omfatte ansvar for å vidareutvikle verkemiddel og sikre at handlingsplanen for miljø- og samfunnsansvar blir gjennomført i praksis, under dette å fremje bruken av miljøleingsystem i stat og kommune, og vidareføringa av Grøn stat.

Krav til miljøomsyn i offentlege bygg er ein del av handlingsplanen for miljø- og samfunnsansvar. Bygg- og anleggsbransjen står for rundt 40 pst. av samfunnets ressurs- og energibruk. Her er det høve til store miljøforbetringar, særleg ved energieffektivisering dersom dei riktige krava blir stilte. Direktoratet for forvaltning og IKT vil styrkje innsatsen på dette området blant anna til bistand i anbudsprosessar, utarbeiding av miljøkriterium knytte til bygg m.m.

Kompetanseoppbygging er eit heilt sentralt element i handlingsplanen for miljø- og samfunnsansvar og det er etablert ei fagleg støttetteneste (knotepunkt) i kvart fylke/region som skal hjelpe offentlege verksemdar i den operative gjennomføringa. Posten skal vidare dekkje drifts- og utgreiingsmidlar, informasjon, faglege råd til Miljøverndepartementet som grunnlag for politikktutforming, bistand til Miljøverndepartementet i inter-

nasjonalt arbeid på området og formidling relatert til miljøspørsmål. Direktoratet skal setje i verk Regjeringas politikk på områda miljøansvar ved offentlege nyskaffingar og miljøleingssystem.

Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) skal vere eit nasjonalt kompetansesenter for miljø- og samfunnsansvarlege offentlege anskaffingar. Vidare skal den fylkesfaglege støttenesta, knute-

punkta, og arbeidet med miljøleing i statlege etatar vidareførast. Miljøvennlege offentlege byggherrar skal òg styrkjast og direktoratet skal kartlegge potensialet for innovative, offentlege anskaffingar, deriblant å auke det offentlege sin kompetanse på metodikk og tiltak for å gjennomføre anskaffingar som fremjar utvikling av miljøteknologi.

Kap. 1448 Radioaktiv forureining i det ytre miljø

(i 1000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2012
		2010	budsjett 2011	
01	Driftsutgifter		11 000	11 214
	Sum kap. 1448		11 000	11 214

Rolle og oppgåver for Statens strålevern:

Statens strålevern er Miljøverndepartementets direktorat på området radioaktiv forureining og anna stråling i det ytre miljøet, og forvaltar som ledd i dette dei delane av stråle- og miljøvernlovgivinga som regulerer dette fagområdet. Strålevernet har òg ansvar for fagleg utgreiingsverksemd og tilsyn med radioaktiv forureining og for å koordinere nasjonal overvaking av radioaktiv forureining i det ytre miljøet. Dette blir gjennomført i samarbeid med andre relevante institusjonar og fagmiljø.

Resultat frå dei nasjonale programma for overvaking av radioaktiv forureining i det ytre miljøet viser ingen dramatiske endringar i nivå eller tendar. Nivåa av technetium-99 langs norskekysten viser vidare nedgang som følgje av reduserte utslepp frå Sellafield etter 2002. Den marine delen av overvakingssystemet er revidert noko med sikte på tilpassing til arbeidet med forvaltningsplanane og til arbeidet med å utvikle ei ny avtale om marin overvaking i OSPAR. Strålevernet deltek i leinga av komiteen i OSPARs radioaktivitetskomité (RSC) i perioden 2009-2011 og leiar ekspert-

gruppa for radioaktiv forureining under Den blanda norskrussiske miljøvernkommissjonen.

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under denne posten er retta mot resultatområdet Giftritt miljø.

Statens strålevern si fremste oppgåve er å styrkje forvaltning og rådgivingsverksemd under Miljøverndepartementets ansvarsområde. Dette omfattar kartlegging av radioaktivt avfall og avfallsstraumar, arbeide med miljøutfordringar i nord- og polarområda, vurdering av norsk oppfyljing av OSPARs målsetjingar og formidling. Midlane i 2012 vil i første rekkje bli brukte til å implementere ny miljøforskrift, intensivere arbeidet med ny forvaltningsplan for nordområda og samarbeid i ekspertgruppa under den norskrussiske miljøkommissjonen.

Posten dekkjer utgifter som Statens strålevern har til lønn og godtgjeringsar for faste og mellomtids tilsette. Vidare dekkjer posten utgifter knytt til oppdragsverksemd, ordinære driftsutgifter og utgifter knytt til etatens samla utgreiings- og rådgivingsverksemd på området radioaktiv forureining i det ytre miljøet.

Programkategori 12.50 Kart, geodata og eigedomsinformasjon

Utgiftene under programkategori 12.50 høyrer inn under verkemiddelområde Kunnskap. Programkategorien omfattar verksemda i Statens kartverk, som er det nasjonale fagorganet for kart, geodata og eigedomsinformasjon. Statens kartverk har under dette ansvar for å etablere og forvalte nasjonale kartseriar og halde register oppdaterte. Det administrative ansvaret for tinglysing i fast eigedom og burettar vart overført til Miljøverndepartementet i 2010. Programkategori 12.50 omfattar etter dette også tinglysing i fast eigedom og burettar.

Utgifter under programkategori 12.50 fordelte på kapittel

					(i 1000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
1465	Statens kartverk, arbeid med tinglysing og nasjonal geografisk infrastruktur	399 990	601 685	630 917	4,9
2465	Statens kartverk	6 903	12 000	12 000	0,0
	Sum kategori 12.50	406 893	613 685	642 917	4,8

Kap. 1465 Statens kartverk, arbeid med tinglysing og nasjonal geografisk infrastruktur

					(i 1000 kr)
Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	
01	Driftsutgifter			190 619	194 431
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	399 990	411 066	436 486	
	Sum kap. 1465	399 990	601 685	630 917	

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekkjer lønn og andre driftskostnader knytte til rettsregistreringar av burettar og tinglysing i fast eigedom, under dette inntil 2 mill. kroner til arbeid i departementet. Løyvinga blir for Statens kartverk sett på som ei inntekt, slik at tilsvarende beløp blir inntektsførte under kap. 2465 Statens kartverk, post 24.1 Driftsinntekter. Posten er foreslått auka med 3,8 mill. kroner i 2012, som er lønskompensasjon.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga dekkjer lønn og andre driftskostnader knytte til etablering og drift av den nasjonale infrastrukturen for geografisk informasjon. Løyvinga blir sett på som ei inntekt for Statens kartverk, slik at tilsvarende beløp blir inntektsførte under kap. 2465 Statens kartverk, post 24.1 Driftsinntekter.

Posten er foreslått auka med 25,42 mill. kroner i 2012. Dette er ei pris- og avgiftsjustering, ei ytterlegare satsing på MAREANO og 3,2 mill. kroner

til gjennomføring av geodatalova. MAREANO blir styrkt med 12 mill. kroner for blant anna å halde fram kartlegginga vest for grenselinja i Barentshavet.

Det er foreslått ei fullmaktsramme i 2012 på 90 mill. kroner for å kunne bestille kartgrunnlag, under dette bestille kartleggingstenester og inngå avtaler om kartleggingssamarbeid som går over fleire år, jf. forslag til vedtak VI nr. 2.

Kap. 2465 Statens kartverk

		(i 1000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2010	budsjett 2011	2012
24	Driftsresultat:			
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overføres</i>	6 903	12 000	12 000
	Sum kap. 2465	6 903	12 000	12 000

Midlane under kapitlet er i hovudsak retta mot verkemiddelområde Kunnskap.

Rolle og oppgåver for Statens kartverk

Miljøverndepartementet legg vekt på at Statens kartverk skal vere eit tydeleg nasjonalt fagorgan innan sitt fagområde.

Statens kartverk har to hovudoppgåver:

- byggje og vedlikehalde ein nasjonal geografisk infrastruktur for sjø og land, og syte for at brukarane får enkel og effektiv tilgang til geografisk informasjon (geodata)
- ansvaret for tinglysing i fast eigedom og burettar

Statens kartverk skal delta i forskning og utvikling av geografisk informasjonsteknologi, og samarbeide med norsk industri og kartbransje, bl.a. om eksportretta tiltak. Statens kartverk skal syte for at geodata og eigedomsinformasjon som etaten forvaltar blir sikra for ettertida. Statens kartverk har ansvar for å samordne standardar og regelverk med andre land.

På enkelte område blir basisproduksjonen på kart- og geodataområdet forsert ut over det løyvinga over kap. 1465 post 21 gir grunnlag for, gjennom tilskot frå brukarar eller samarbeid om felles geodataprojekt. Fleire av Statens kartverks produksjonsmål på kart- og geodataområdet føreset at budsjetterte samfinansieringsprosjekt blir realiserte.

Viktige målsetjingar for Statens kartverk i 2012 vil vere:

- forbetre sjømålingane langs Noregs kyst og medverke til samarbeid med andre offentlege maritime etatar på sjøtryggleiksområdet

- leie og koordinere ei internasjonal offisiell elektronisk kartteneste for å styrkje tryggleiken til sjøs bl.a. gjennom «Primar»-samarbeidet
- vere nasjonal forvaltar og formidlar av kart, geodata og eigedomsinformasjon, under dette tinglysingsinformasjon
- etablere standardar for det kartfaglege området, harmonisert mot andre fagområde
- leie arbeidet, etablere, forvalte og gjere tilgjengeleg ein infrastruktur av stadfesta (koordinatbestemt) informasjon som ein viktig og integrert del av Noreg digitalt
- starte gjennomføringa av Inspire-direktivet i medhald av geodatalovas forskrifter
- bidra til kvalitetssikring av plandata (Noreg digitalt)
- vidareutvikle det offisielle eigedomsregisteret (matrikkelen)
- arbeide for å redusere mengda av mellombels forretningar og arbeidet med å bytte matrikkeladresser med vegadresser held fram
- vidareutvikle det offisielle tinglysingsregisteret (grunnboka) og gjennomføre forprosjekt om innføring av e-tinglysing
- vidareutvikle ein funksjonell og påliteleg tinglysingsorganisasjon
- arbeide for eit samla eigedomsinformasjonssystem med felles tilgang til matrikkel, grunnbok og planregister
- drifte og utføre målingar ved geodesiobservatoriet i Ny Ålesund bl.a. knytt til globale endringar i klima, havnivå og rørsler i jordoverflata
- forbetre kontrolltenesta (CPOS) slik at norske brukarar kan få cm-grannsemnd med bruk av GPS (Global Positioning System) og andre satellittbaserte posisjonstenester

Post 24 Driftsresultat

(i 1000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
24.1	Driftsinntekter	-894 937	-934 685	-964 917
24.2	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	850 106	921 439	948 785
24.3	Avskrivningar	10 402	10 806	13 930
24.4	Renter av statens kapital	2 321	2 440	2 202
24.5	Til reguleringsfondet	32 108		
	Sum post 24			

Statens kartverk er ei statleg forvaltningsbedrift som styrer den interne økonomien etter bedriftsøkonomiske rekneskapsprinsipp, mens statsrekneskapen blir rapportert etter kontantprinsippet.

Arbeidet til Statens kartverk er finansiert på fleire måtar. I tillegg til den direkte løyvinga over budsjettet til Miljøverndepartementet (kap. 1465) kjem samfinansiering og inntekter frå formidling av kart, geodata og egedomsinformasjon. Tinglysingsgebyra inngår ikkje i inntektsgrunlaget til

Statens kartverk, men blir ført brutto på kap. 4465 Tinglysing.

Statens kartverk har inga kommersiell rolle. Driftsresultatet i budsjettet er såleis sett til kr 0.

Underpost 24.1 Driftsinntekter

Statens kartverks bedriftsøkonomiske driftsinntekter fordeler seg som følgjer:

Tabell 6.8 Statens kartverks driftsinntekter

(i mill. kr)

	Rekneskap 2010	Plan 2011	Plan 2012
Tildeling frå departementet, jf. kap. 1465	588	600	629
Samfinansiering	196	165	198
Inntekter og royalties frå formidling av kart, geodata og egedomsinformasjon	75	170	138
Sum driftsinntekter	859	935	965

Rekneskap 2010 er i tabellen ført opp i samsvar med Statens kartverks bedriftsøkonomiske rekneskap. Plan 2011 refererer seg til Prop. 1 S (2010-2011), jf. Prop. 120 S (2010-2011). Samfinansiering og formidlingsinntekter er baserte på prognose frå Statens kartverk, og er avhengig av aktivitet og etterspurnad blant samarbeidspartar og brukarar. Samfinansiering dekkjer kostnader med prosjekt som vert utførte i fellesskap med kommunane, statlege etatar, energiverk og andre deltakarar i den geografiske infrastrukturen.

Inntekter og royalty frå sal av kart- og egedomsinformasjon dekkjer ein viktig del av Statens

kartverk sine samla kostnader med innsamling, produksjon, reproduksjon og formidling av informasjon, medrekna kostnader til å utvikle nye produkt og til å utvikle nye formidlingstenester.

Statsaksjeselskapet Norsk Egedomsinformasjon AS (NE) sto fram til og med 2010 for størsteparten av den inntektsbringande formidlinga av kart, geodata og egedomsinformasjon på vegne av Statens kartverk. Ordninga var ikkje i samsvar med prinsippa i ny offentleglov om lik tilgang til offentleg informasjon. Etter at offentleglova tredde i kraft i 2009, var einerettsordninga til NE såleis basert på ei unntaksføresegn i offentleg-

lova. I Prop. 1 S (2010–2011) varsla departementet at ordninga skulle opphøyre. Statens kartverk skal etter dette sjølv ha ansvaret for å formidle egne data til brukarane.

Datasystema til Statens kartverk og NE er på fleire område tett integrerte. Det er derfor vedteke å føre vidare enkelte unntaksordningar etter offentleglova også i ein overgangsperiode etter 1. januar 2011.

Sambandet mellom Statens kartverk og NE har også på andre område vist seg å vere meir komplisert å løyse opp enn venta. Det er noko uvisse knytt til innkome for Statens kartverk etter som det enno er ein uavklart situasjon knytt til avtale om formidling av eigedomsdata med NE.

Overføringa av ansvaret for formidling av egne data til Statens kartverk er ikkje meint å endre gjeldande prispolitikk.

Underpost 24.2 Driftsutgifter, overslagsløyving

Posten omfattar utgifter til lønn og andre driftsutgifter, under dette etablering og oppgradering av den nasjonale geografiske infrastrukturen, og arbeidet med tinglysing i fast eigedom og burettar. Ein del av dette gjeld kjøp av tenester frå underleverandørar.

Underpostane 24.3 Avskrivningar og 24.4 Renter av statens kapital

Avskrivningane og renter av statens kapital for Statens kartverk blir utrekna etter fast praksis på grunnlag av dei kapitalgjenstandane som er bokførte pr. 31. desember året før budsjettåret. Avskrivningane blir inntektsførte i statsrekneskapa på kap. 5491 post 30, og rentene på kap. 5603 post 80. Avskrivningar og renter av statens kapital er budsjetterte ut frå ein venta bokført kapital på 55,4 mill. kroner pr. 31. desember 2011.

Underpost 24.5 Til reguleringsfondet

Eit eventuelt avvik mellom det løyvde beløpet under post 24 Driftsresultat og det rekneskapsførte beløpet under posten skal regulerast ved overføringar frå/til reguleringsfondet. Ei vesentleg årsak til avvik mellom det faktiske driftsresultatet og det budsjetterte driftsresultatet vil vere terminforskyvingar i kontante inn- og utbetalingar. Pr. 31. desember 2010 var reguleringsfondet på 215,8 mill. kroner. Departementet ber om fullmakt til å kunne fråvike spesifikasjonane under kap. 2465 post 24 ved bruk av reguleringsfondet, jf. forslag til vedtak V.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar alle varige investeringar over 200 000 kroner.

Statens kartverks produksjonsutstyr er IT-basert. Produksjonsverksemda omfattar behandling av store datamengder frå oppmåling av sjø og land, EDB-basert kartproduksjon, føring av matrikkel og grunnbok mv. Statens kartverk må fortløpande fornye og utbetre utstyrsparke for å kunne utnytte effektivitetsvinstane i ny teknologi i produksjonen, og møte etterspørselen etter nye produkt. Det budsjetterte investeringsnivået svarer likevel ikkje til meir enn om lag 1,3 pst. av totalomsetnaden.

Posten kan overskridast ved sal av utstyr der inntektene blir rekneskapsførte under kap. 5465 post 49, jf. forslag til vedtak II nr. 2.

Departementet foreslår at inntil 10 mill. kroner kan omdisponerast mellom kap. 1465 post 01, kap. 1465 post 21 og kap. 2465 post 45, jf. forslag til vedtak IV.

Tabell 6.9 Statens kartverks kapitalbalanse

	(i mill. kr.)			
	Rekneskap 31.12.09	Rekneskap 31.12.10	Venta 31.12.11	Venta 31.12.12
Eigedelar				
Anleggsmidler:				
Driftsmidler, egedommar	58,9	55,4	56,6	54,7
Aksjar, andelar	0,0	0,0	0,0	0,0
Utlån og obligasjonar	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum anleggsmidler	58,9	55,4	56,6	54,7
Omløpsmidlar:				
Varebeholdning, varer i arbeid	3,4	3,0	3,0	3,0
Kortsiktige fordringar	236,6	254,4	254,4	254,4
Kortsiktige plasseringar	0,0	0,0	0,0	0,0
Kassebeholdning og innskot	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum omløpsmidlar	204,0	257,4	257,4	257,4
Sum eigedelar	298,9	312,8	314,0	312,0

Tabell 6.10 Statens kartverks gjeld og eigenkapital¹

	(i mill. kr.)			
	Rekneskap 31.12.09	Rekneskap 31.12.10	Venta 31.12.11	Venta 31.12.12
Gjeld og eigenkapital				
Eigenkapital ² :				
Eigenkapital utan reguleringsfond	-75,2	-79,7	-79,7	-79,7
Reguleringsfondet	183,7	215,8	215,8	215,8
Sum eigenkapital	108,5	136,1	136,1	136,1
Langsiktig gjeld ³ :				
Staten sin renteberande kapital	58,9	55,4	56,6	54,7
Anna langsiktig gjeld	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum langsiktig gjeld	58,9	55,4	56,6	54,7
Kortsiktig gjeld ⁴ :				
Kortsiktig gjeld	335,7	355,4	355,4	355,4
Mellomverande med statskassen	-204,1	-234,2	-234,2	-234,2
Sum kortsiktig gjeld	131,5	121,2	121,2	121,2
Sum gjeld og eigenkapital	298,9	312,8	314,0	312,0

¹ Omløpsmidlar. Det blir ikkje gjort overslag over omløpsmidlane før rekneskapsavslutning. Omløpsmidlane blir derfor førte opp uendra i budsjettåret. Omløpsmidlane blir rekneskapsførte i samsvar med Statens kartverks bedriftsøkonomiske rekneskap.

² Eigenkapital. Posten kjem fram som ein differanse mellom eigedelar og gjeld. Eventuelt avvik mellom rekneskapsført driftsresultat (etter føring til eller frå reguleringsfondet) og Statens kartverks bedriftsøkonomiske resultat blir rekna mot eigenkapitalen.

³ Langsiktig gjeld. Statens kartverk finansierer alle anleggsmidler fullt ut som «lån» i statskassen. Statens renteberande kapital fungerer derfor som motpost til anleggskapitalen. Den renteberande kapitalen er fordelt på 5 ulike «lån».

⁴ Kortsiktig gjeld. Det blir ikkje gjort overslag over kortsiktig gjeld før rekneskapsavslutning. Kortsiktig gjeld blir derfor ført opp uendra i budsjettåret. Kortsiktig gjeld blir rekneskapsført i samsvar med Statens kartverks bedriftsøkonomiske rekneskap.

Kap. 4465 Statens kartverk, arbeid med tinglysing og nasjonal geografisk infrastruktur

(i 1000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2012
		2010	Saldert budsjett 2011	
01	Gebyrinntekter tinglysing, burettslag	59 011	53 365	59 000
02	Gebyrinntekter tinglysing, fast eigedom	973 977	969 940	989 000
Sum kap. 4465		1 032 988	1 023 305	1 048 000

Post 01 Gebyrinntekter tinglysing, burettslag

Løyvinga på posten omfattar inntekter frå rettsregistrering av burettar. Gebyra er fastsette i forskrift etter eit sjølvkostprinsipp. Dei faktiske inntektene i året vil avhenge av aktiviteten i eigedomsmarknaden.

I 2010 vart det rekneskapsført 59,01 mill. kroner i gebyrinntekter frå burettar. I budsjettet for 2011 er løyvinga på 53,365 mill. kroner. Det er foreslått å auke posten med 5,635 mill. kroner i 2012.

Det er foreslått ei meirinntektsfullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 4465 post 01

mot tilsvarende meirinntekter på kap. 4465 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 02 Gebyrinntekter tinglysing, fast eigedom

Løyvinga på posten omfattar inntekter frå tinglysing i fast eigedom. Gebyra er fastsette i forskrift. Dei faktiske inntektene i året vil avhenge av aktiviteten i eigedomsmarknaden.

I 2010 vart det rekneskapsført 973,977 mill. kroner i gebyrinntekter frå tinglysing i fast eigedom. I budsjettet for 2011 er løyvinga på 969,940 mill. kroner. Det er foreslått å auke posten med 119,06 mill. kroner i 2012.

Kap. 5465 Statens kartverk

(i 1000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2012
		2010	Saldert budsjett 2011	
49	Salg av anleggsmidler	4 898		
Sum kap. 5465		4 898		

Post 49 Sal av anleggsmidler

På posten blir det ført tilfeldige inntekter for Statens kartverk, bl.a. inntekter frå sal av anlegg og utstyr, som av rekneskapstekniske grunnar skal bruttoførast.

Departementet ber om fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 5465 post 45 mot tilsvarende meirinntekter på kap. 5465 post 49, jf. forslag til vedtak II nr. 2.

Programkategori 12.60 Nord- og polarområda

Utgiftene under programkategori 12.60 høyrer inn under resultatområda 1 Levande hav og kyst, 5 Storslått fjellandskap og 6 Verdifulle kulturminne og kulturlandskap. Programkategorien omfattar verksemda til Norsk Polarinstitut, Svalbards miljøvernfond og Fram – nordområdesenter for klima- og miljøforskning.

Regjeringa prioriterer høgt å styrkje forskning og overvaking i polarområda som ledd i å følgje globale miljøendringar og effektane av desse, og auka fagleg aktivitet ved Framsenderet i Tromsø. Samtidig vil kunnskapsgrunnlaget for miljøforvaltninga av norske nord- og polarområde vere viktig. Hovudinnsatsen vil vere retta mot klimaendringar, miljøgifter og biologisk mangfald. Det er behov for å framskaffe ny kunnskap om viktige delar av Barentshavets økosystem, bl.a. påverknaden frå klima, miljøgifter og hausting. Kunnskap til forvaltninga av isbjørnbestanden, arter som er sentrale for forvaltninga av Svalbard som villmarksområde, og raudlistearter som har regelmessig opphald på Svalbard, vil ha prioritet. Langtransporterte miljøgifter og miljøgifter frå kjelder med lokal betydning vil ha særleg fokus. Vidare er verneområda på Svalbard viktige referanseområ-

de for klima, miljøgift og økologisk forskning, og det er behov for auka kunnskap som grunnlag for forvaltning og vern av desse områda. Noreg har dessutan eit ansvar for å bringe fram kunnskap om og verne kulturminne som viser den menneskelege verksemda i polarområda gjennom tidene.

Arbeidet med gjennomføring av den heilskaplege forvaltningsplanen for Barentshavet er prioritert av Regjeringa. Formålet med forvaltningsplanen er å etablere rammevilkår som gjer det mogleg å balansere næringsinteressene knytte til fiskeri, sjøtransport og petroleumsverksemd innanfor ramma av ei berekraftig utvikling. Forvaltningsplanane skal leggje til rette for verdiskaping basert på ressursane i havområdet, og samtidig stille krav slik at miljøet i dei norske havområda blir sikra for kommande generasjonar.

Framsenderet i Tromsø, Nordområdesenteret for klima- og miljøforskning, har etter den offisielle opninga i september 2010 vore inne i ein aktiv etableringsfase. Det er til saman 19 norske institusjonar som tek del i senteret, og det faglege forskingsarbeidet er godt i gang på alle dei fem tematiske flaggskipsområda (ref. kap. 1474).

Utgifter under programkategori 12.60 fordelte på kapittel

					(i 1000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
1471	Norsk Polarinstitut	246 510	246 520	246 414	0,0
1472	Svalbard miljøvernfond	13 164	11 730	11 730	0,0
1473	Radioaktiv forureining av det ytre miljø	11000			
1474	Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning	13 941	37 023	37 099	0,2
	Sum kategori 12.60	284 615	295 273	295 243	0,0

Kap. 1471 Norsk Polarinstitut

(i 1000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2010	budsjett 2011	2012
01	Driftsutgifter	189 162	184 127	186 521
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	56 924	61 895	59 395
50	Stipend	424	498	498
Sum kap. 1471		246 510	246 520	246 414

Rolle og oppgaver for Norsk Polarinstitut:

Norsk Polarinstitut er den sentrale statsinstitusjonen for kartlegging, miljøovervaking og forvaltningsretta forskning i Arktis og Antarktis, jf. St.meld. nr. 42 (1992-93) *Norsk polarforskning*, fagleg og strategisk rådgivar overfor den sentrale forvaltninga og fagleg rådgivar for miljødirektora og Sysselmannen i polarspørsmål.

Instituttet skal vidare:

- halde ved lag ein brei forskingsbasert kompetanse i miljøforvaltning innan viltforvaltning, område- og habitatvern, klimaovervaking og forureiningsproblematikk
- ha ansvar for topografisk og geologisk kartlegging av landområda på Svalbard og norsk biland og territorialkrav i Antarktis
- utvikle og leie overvåkingsprogram og system for miljøovervaking av norsk Arktis
- medverke til å stimulere og koordinere nasjonal og internasjonal forskning på Svalbard gjennom å samarbeide om forskingsprosjekt og gi tilgang til instituttet sin infrastruktur, så som forskingsstasjon, feltutstyr og transport mot dekning av instituttet sine kostnader
- følgje opp og gjennomføre norsk miljølovgiving i Antarktis
- ivareta forvaltningas kunnskapsbehov
- fremje miljøforskning og forvaltningsrådgiving innan det bilaterale norskrossiske miljøvern-samarbeidet
- fokusere forskinga si på klimaprosessar og klimaendringar, effektane av desse på naturen, og økotoksikologi i Arktis og Antarktis
- utforske og overvake det marine miljøet i det nordlege Barentshavet
- leie Fagleg forum for økosystembasert forvaltning av Barentshavet og havområda utanfor Lofoten

det og midlar til gjennomføring av dei norske

- representere Noreg i internasjonale samarbeidsfora og formidle kontakt mellom norske og internasjonale fagmiljø
- medverke til å styrkje Framsenteret
- utvikle samarbeidet med dei andre forskingsinstitusjonane i Tromsø og i Nord-Noreg
- drive utovervend informasjon om polarområda, blant anna gjennom samarbeid med Polaria.

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under denne posten er retta mot resultatområda 1 Levande hav og kyst 5, Storslått fjellandskap og 11 Stabilt klima.

Posten dekkjer utgifter som Norsk Polarinstitut har til lønn og godtgjersler for faste og melombels tilsette. Vidare dekkjer posten ordinære driftsutgifter, drift av forskingsstasjon og luftmålestasjon i Ny-Ålesund og utgifter knytte til instituttets samla forskings- og ekspedisjonsverksemd, inklusive satsinga på ICE (Senter for is, klima og økosystem).

Posten dekkjer elles utgifter knytte til sals- og oppdragsverksemd og drift av polarforskningsfartøyet R/V «Lance». Dei tilhøyrande inntektene er førte under kap. 4471 postane 01 og 03. Løyvinga kan overskridast dersom det er tilsvarende meirinntekt under dei to nemnde postane, jf. forslag til vedtak II nr.1.

Midlar til arbeidet med gjennomføringa av den heilskaplege forvaltningsplanen for Barentshavet er vidareført med 3 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overføres

Midlane under denne posten er retta mot Internasjonalt samarbeid. Posten dekkjer utgifter til vit-skapeleg samarbeid i Antarktis der midlane gjeld deltaking i det internasjonale Antarktis-samarbeid-Antarktis-ekspedisjonane.

Noreg medverkar gjennom forskingsinnsats og aktiv deltaking i arbeidet under Antarktistraktaten med tilhøyrande Miljøprotokoll til eit globalt samarbeid for vern av det sårbare miljøet i Antarktis. Noreg deltek òg i viktige klimaforskningsprosjekt. Det er ein nær samanheng mellom å ha innverknad og å vere til stades, og norsk polarforskning i Antarktis har derfor ein viktig politisk og fagleg funksjon.

I tillegg til forskingsaktivitet skal løyvinga dekkje drift av forskingsstasjonen Troll og det internasjonale DROMLAN-prosjektet (Dronning Maud Land Air Network). Noregs nærvær i Antarktis er styrkt betydeleg, og vil i større grad medverke til det internasjonale arbeidet for å bevare Antarktis som det reinaste og minst påverka villmarksområdet i verda.

Posten dekkjer elles utgifter knytte til drift av TrollSat og utgifter til flygingar knytte til DROMLAN-samarbeidet. Dei tilsvarande inntektene er førte under kap. 4471 post 21. Løyvinga kan overskridast dersom det er tilsvarande meirinntekt under den nemnde posten, jf. forslag til vedtak II nr.1.

Post 50 Stipend

Midlane under denne posten er retta mot resultatområde 1 Levande hav og kyst, 5 Storslått fjellandskap og 11 Stabilt klima.

Kap. 4471 Norsk Polarinstittutt

Post	Nemning	(i 1000 kr)		
		Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
01	Sals- og utleigeinntekter	6 922	9 107	9 389
03	Inntekter frå diverse tenesteyting	51 482	50 192	51 748
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	1 066		
18	Refusjon av sjukepengar	1 187		
21	Inntekter, Antarktis	10 278	11 211	11 559
	Sum kap. 4471	70 935	70 510	72 696

Post 01 Sals- og utleigeinntekter

Salsinntektene gjeld sal av kart, flybilete og publikasjonar, mens utleigeinntektene gjeld utleige av feltutstyr, transportmiddel, blant anna utleige av forskingsfartøy og andre inntekter. Kap. 1471 post 01 kan overskridast tilsvarande eventuelle meir-

Mål

Stipendmidlane skal auke rekrutteringa til og kompetansen innafor den norske polarforskninga. Midlane er eit viktig og effektivt verkemiddel for å stimulere norsk polarforskning på Svalbard. Støtte blir primært gitt til norske hovudfags- og doktorgradstudentar. Støtta skal dekkje ekstraavgifter ved opphald i felt.

Kriterium for måloppnåing

Talet på hovudfagsoppgåver og doktorgrader med polarforskning som emne.

Tildelingskriterium

Det blir lagt vekt på relevante polare problemstillingar, fagleg kvalitet og i kor stor grad temaet ligg til rette for forskning.

Oppfølging og kontroll

Det blir kravd innsendt ei rekneskapsversikt og ein kort fagleg rapport om gjennomføringa.

inntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 03 Inntekter frå diverse tenesteyting

Oppdragsinntektene gjeld inntekter frå eksterne oppdrag for andre offentlege instansar og frå det private næringslivet. Meirinntekter under denne

posten gir grunnlag for tilsvarende meirutgifter under kap. 1471 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Inntekter, Antarktis

Posten gjeld refusjon av utgifter Norsk Polarinstitutt har for andre land og verksemder knytte til

Antarktis-samarbeidet. I hovudsak gjeld dette refusjon av driftsutgiftene ved TrollSat i medhald av avtale med Kongsberg Satellite Services og inntekter frå flygingar knytte til DROMLAN-samarbeidet. Meirinntekter under denne posten gir grunnlag for tilsvarende meirutgifter under kap. 1471 post 21, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 1472 Svalbard miljøvernfond

		(i 1000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2010	budsjett 2011	2012
50	Overføring til Svalbard miljøvernfond	13 164	11 730	11 730
	Sum kap. 1472	13 164	11 730	11 730

Svalbards miljøvernfond er føresetta oppretta i svalbardmiljølova, og departementet etablerte fondet i 2005.

Fondet vil i utgangspunktet vere sett saman av midlar frå miljøavgift for tilreisande til Svalbard, av midlar kravde inn gjennom avgift for kort og for felling i samband med hausting, gebyr for teoretisk eksamen ved jegerprøva, verdien av flora og fauna som er handtert i strid med lova, miljøerstatning fastsett av Sysselmannen og tvangsmulkt. Både fondskapitalen og avkastninga skal nyttast til tiltak som har til føremål å verne miljøet på Svalbard. Fondet skal sikre si eiga drift, slik at ein mindre del av midlane vil gå til forvaltning av fondsmidlane og til utgifter knytte til innkrevjing av inntektene. Svalbards miljøvernfond har eit

styre som fordeler fondsmidlane etter eksterne søknader. Sekretariatet for fondet er lagt til Sysselmannen på Svalbard. Det er utarbeidd egne vedtekter for verksemda til fondet og gitt forskrift om tilskot frå Svalbards miljøvernfond.

Inntektene til fondet gir grunnlag for tildeling til dei formåla som skal dekkjast av fondet i samsvar med svalbardmiljølova.

Post 50 Overføring til fondet

Posten er knytt til Internasjonalt samarbeid. Posten skal berre nyttast til overføring av inntektene frå kap. 5578 post 70 Sektoravgifter under Svalbards miljøvernfond.

Kap. 5578 Sektoravgifter under Miljøverndepartementet

		(i 1000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2010	budsjett 2011	2012
70	Sektoravgifter under Svalbard miljøvernfond	13 158	11 705	11 705
	Sum kap. 5578	13 158	11 705	11 705

Post 70 Sektoravgifter under Svalbards miljøvernfond

Posten er knytt til Internasjonalt samarbeid. Denne posten blir nytta til avgifter som, i samsvar med Svalbardmiljølova, skal overførast til Svalbards miljøvernfond. Miljøavgift for reisande til

Svalbard er hovudinntektskjelda til fondet, men under denne posten blir det òg budsjettert med sal av jakt- og fiskekort m.m.

Meirinntekter under kap. 5578 post 70 gir grunnlag for tilsvarende meirutgifter som er budsjetterte under kap. 1472 Svalbards miljøvernfond, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 1474 Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning

(i 1000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under postane 50 og 70</i>	659	4 023	4 099
50	Tilskot til stateleg mottakarar, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 01 og 70</i>	13 282	13 000	13 000
70	Tilskot til private mottakarar, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 01 og 50</i>		20 000	20 000
	Sum kap. 1474	13 941	37 023	37 099

Midlane under dette kapitlet skal gå til å utvikle vidare og styrkje kunnskap om klima og miljø som vil setje oss i stand til å forvalte hav- og landområda våre i nord, og dei ressursane som finst der, på ein endå betre måte. Betre kunnskap om klima og miljø er av stor betydning for ressursforvaltning, klimatilpassing, samfunnsplanlegging og beredskap i nord. Betre kunnskap om og forståing av prosessane i Arktis vil òg vere eit svært viktig bidrag til det internasjonale klimaarbeidet.

Kap. 1474 vart styrkt med 20 mill. kroner i 2011 og løyvinga vert ført vidare på dette nivået. Dette vil styrkje den faglege aktiviteten innanfor ramma av dei fem faglege satsingsområda (flaggskipa).

Desse er:

- havisen i Polhavet, teknologi og avtaleverk, leiar: Norsk Polarinstittutt
- effektar av klimaendringar på fjord og kystøkologi i nord, leiar: Havforskingsinstituttet
- effektar av klimaendringar på terrestre økosystem, landskap, samfunn og urfolk, leiar: Universitetet i Tromsø
- havforsuring og økosystemeffektar i nordlege farvatn, leiar: Havforskingsinstituttet
- miljøgifter – effektar på økosystem og helse, leiar: Norsk Institutt for Luftforskning

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under postane 50 og 70

Midlane under denne posten skal nyttast til felles føremål for Framsenteret. Det gjeld særleg:

- drift, fellesfunksjonar og administrasjon av senterbygget i Tromsø, ved driftsselskapet Framsenteret AS
- sekretariat for Sentermøtet, det høgaste organet i Framsenteret
- felles profilering og formidling av senteret
- insentivmidlar som kan byggje fellesskap og kontaktar på tvers av fag- og institusjonsgrenser, og på tvers av dei fem tematiske flaggskipa

Post 50 Tilskot til statlege mottakarar, kan overførast, kan nyttast under postane 01 og 70

Midlane skal gå til dei statlege partnerane i Framsenteret, til etablering av ny forskning i nasjonale og internasjonale nettverk, og til å delta i og utvikle vidare både nasjonalt og internasjonalt tverrfagleg forskningssamarbeid innanfor rammene av den faglege hovudsatsinga for senteret. Midlane skal òg gå til aktiv formidling av forskingsresultat frå klima- og miljøforskning i nord til næringsliv, skuleverk, forvaltningsnivå og eit breitt publikum.

Post 70 Tilskot til private mottakarar, kan overførast, kan nyttast under postane 01 og 50

Midlane skal gå til dei ikkje-statlege partnerane i Framsenteret, til dei same føremåla som for post 50.


Del III
Omtale av Miljøverndepartementets
resultatområde og verkemiddel

7 Oversikt over resultatområde og verkemiddel

Miljøverndepartementet har gjennom lang tid delt opp miljøpolitikken i resultatområde. Frå 2012 er det valt ei ny tilnærming og inndeling. Resultatområda er meir einsarta, det er etablert eit klarare skilje mellom verkemiddel og dei miljøpolitiske resultatområda og det er lagt økt vekt på økosystema i arbeidet. Ein får no betre fram korleis verkemidla på eit overordna nivå gjeld alle dei miljøpolitiske resultatområda, og at dei er viktige reisepunkter for å oppnå resultat i miljøpolitikken. Samstundes kan ein no for eksempel lese samla både

om viktige utfordringar som marin naturforvaltning, akvakultur, tareskog, oljeforureining og strandsoner under Resultatområde 1 – Levande hav og kyst, samstundes som det kjem fram korleis plan- og bygningslova vert nytta for å hindre nedbygging i strandsona.

Resultatområda har fått namn som folk flest lettare vil kunne kjenne igjen. Den nye strukturen skal sikre ei enklare formidling av miljøpolitikken og medverke til auka interesse for miljøpolitikk og miljøvern.



Figur 7.1 Miljøpolitiske resultatområde

Dei seinare åra var miljøpolitikken delt inn i 7 resultatområde. Fleire av desse er delt opp i den nye strukturen. Mellom anna er friluftsliv no eit eige resultatområde. Det same gjeld klima som er skilt frå luftforureiningar. Innanfor naturmangfald er dei ulike økosystema skilt ut for å synleggjere at dei er ulike, noko som forenkler framstillinga av både tilstand, påverknader og regjeringas politikk på det enkelte område. Inndelinga av økosystema er i hovudsak basert på inndelinga i Naturindeks for Norge 2010.

Måla frå Prop. 1 S (2010-2011) er flytta inn i den nye strukturen. På resultatområde 1–6 er mange mål justerte eller heilt nye, blant annet som ein følge av resultatane frå partsmøtet for Konvensjonen om biologisk mangfald i Japan i 2010. Andre mål er justerte eller tekne ut. Ein gjer merksam på at det er gitt ei samla rapportering på måla i Prop. 1 S (2010-2011) til slutt i del III.

Kvart resultatområde gir ei samla framstilling av omfang, tilstand og påverknader. Det går òg fram korleis ein skal nå dei nasjonale måla.

Dei viktigaste verkemidla i miljøforvaltninga er kunnskap, regelverk og system, og internasjonalt samarbeid. Tidlegare har verkemidla til dels hatt egne resultatområde. Dei er no skilte ut og løfta fram. Årsaka til dette er at verkemidla gjeld alle dei miljøpolitiske resultatområda.

Verkemidla representerer grunnleggjande føresetnader for å oppnå resultat i miljøpolitikken. Miljømåla på kvart resultatområde er heilt avhengige av dei verkemidla miljøforvaltninga og andre

sektorar har til disposisjon, anten det gjeld internasjonalt arbeid eller kunnskap. Samfunnsplanlegging er eit av eksempla på eit viktig overgripande system som er eit reiskap for å nå dei miljøpolitiske måla. God planlegging føreset plan- og miljøkompetanse og tilgang på oppdaterte grunnlagsdata. Statens kartverk forvaltar og utviklar geografisk infrastruktur og eigedomsinformasjon som er viktig for heile samfunnet, både offentleg sektor, privat næringsliv og den einskilde.

8 Kunnskap

Miljøvernpolitikken og all forvaltning av natur og miljø skal vere kunnskapsbasert, og jo meir kunnskap vi har jo meir presis og effektiv forvaltning får vi. Dette er fundamentet for miljøpolitikken og er forankre i naturmangfaldlovens kap. II, og gjeld alle beslutningar som rør ved naturmangfald uavhengig av lovverk. Kunnskapen blir bygd opp gjennom forskning, kartlegging, overvaking, miljøstatistikk og ulike former for rapportering. Grunnleggjande geografisk informasjon som miljødata, plandata, eigedomsdata og andre geodata er òg ein føresetnad for god miljøpolitikk. Kunnskapsoppbygging på miljøområdet er heilt avhengig av fagleg samarbeid på tvers av faggrensar og sektorar. Sektoransvaret står sentralt i for miljøarbeidet, og miljøomsyn skal ivareta kast innan rammene av styresmaktene sitt sektoransvar, inkludert forskning og overvaking.

Utviklinga av miljøpolitikken krev eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag.

Kunnskap om miljø og naturmangfaldet er i aukande grad ein viktig føresetnad for avgjerder som blir fatta på mange samfunnsområde.

Kunnskapen blir bygt opp gjennom forskning, kartlegging, overvaking, miljøstatistikk og ulike former for rapportering. Miljøovervakinga tek i utgangspunktet for seg kjente problemstillingar og må vere langsiktig, stabil og føreseieleg. Miljøforskninga medverkar til å avdekke og avklare nye problemstillingar, men er samtidig eit viktig supplement og korrektiv til miljøovervakinga. Kartlegging gir oss kunnskap om førekomst og utbreiing av artar og naturtypar, og kunnskap om

kor mange og kva slag artar vi har og kva livsmiljø dei er knytte til. For både forskning og overvaking er lange tidsseriar av avgjerande betydning når nye situasjonar oppstår. Rapporteringa skjer gjerne til databasar som dekkjer spesielle fagområde, f. eks. Naturbase (naturtypar, artar, statleg sikra friluftslivsområde, naturvernområde), Artskart (i regi av Artsdatabanken), Forureining, Askeladden (kulturminne) m. fl. Rapporteringsdata kjem frå både offentlege og private kjelder og kan vere lovpålagt eller frivillig. Spesielt kan nemnast KOSTRA (KOMMUNE STAT RAPPORTERING), som skal omfatte all rapportering frå kommunane til staten (også på andre område enn miljø), med unntak av den rapporteringa til sentrale databasar som allereie er pålagt. Miljøforvaltninga samarbeider med Statistisk sentralbyrå om utvikling og produksjon av miljøstatistikk, som i hovudsak er basert på data som er henta inn gjennom overvaking og rapportering. Miljødata er stort sett stadfesta (koordinatbestemte), og det er lagt stor vekt på å utvikle digitale kart og system for å handtere geografisk informasjon. *Noreg digitalt* har vist seg å ha stor betydning for utveksling av stadfesta informasjon på tvers av institusjonar og forvaltningsområde. Miljøstatus i Noreg, *miljøstatus.no* gir oppdatert informasjonen om tilstand og utvikling for miljøet. Her er presentert miljøkunnskap i ein samanheng. Eit vesentleg mål er å skape forståing for samhengane mellom miljøet sin tilstand, kva som påverkar den, konsekvensar og tiltak. Miljøstatus i Noreg inneheld miljødata for fleire viktige miljøtema. Nettstaden har i tillegg ei eiga kartløyning.


Boks 8.1 Miljøovervaking gir grunnlag for å oppdage nye problem og grunnlag for tiltak

I 2002 synte data frå miljøovervaking at det var forhøgde verdiar av miljøfarlege flammehemmarar nord i Mjøsa. På dette tidspunktet var allereie nokre av desse stoffa oppførte på Noregs liste over stoff som skal avgrensast eller fasast ut.

Fordi vi hadde prøver av lagesild som var lagra i ein forløpar til Miljøprøvebanken kunne vi òg fastslå når dei skadelege utsleppa starta. Med bakgrunn i denne informasjonen kunne tiltak setjast i verk og vidare overvaking viste at vi allereie i 2010 hadde komme ned på det nivået som var før utsleppa starta.

Eksemplet viser kor viktig regelmessig miljøovervaking er og illustrerer i tillegg betydninga av lange tidsseriar for miljødata. Dette viser òg kor viktig det er med ein nasjonal miljøprøvebank der lagra prøver raskt bidreg til å fastslå bakgrunnsnivå og historiske trendar.

Noreg var tidleg ute med å fokusere på bromerte flammehemmarar, og skaffe data som kunne byggje opp under viktigeita av å fase ut fleire av stoffa. Norske data medverka til at EU forbaud dei første flammehemmarane i 2003.



Figur 8.1 Bromerte flammehemmarar i lagesild

Kjelde: Klima- og forureiningsdirektoratet

Like viktig som kunnskapsinnhenting er oppgåva med å formidle kunnskapen til allmenta og avgjerdsstakarar. Miljøkunnskap og miljøutfordringar er ein sentral del av avgjerdsprosessar både i offentleg og privat sektor.

Ein betydeleg del av kunnskapsoppbygginga skjer gjennom utdanningsinstitusjonane. Både grunnopplæringa, under dette fagopplæringa, og høgare utdanningsinstitusjonar tilfører nye generasjonar kunnskap, haldningar og dugleik som kan medverke til ei berekraftig utvikling. Media, internett og bibliotek spelar òg ei viktig rolle i formidling av miljøkunnskap. Produktinformasjon og grønne sertifiseringsordningar er òg kjelder til slik kunnskap.

Å hente inn og å spreie slik kunnskap er ei av dei viktigaste oppgåvene for miljøforvaltninga. Auka kunnskap i folket om miljøutfordringar og om samanhengane i naturen stimulerar miljøinteresse og medverkar til auka aksept for miljøpolitiske tiltak og verkemiddel. Pressa og frivillige organisasjonar er i denne samanhengen særleg viktige målgrupper for miljøforvaltninga sitt informasjonsarbeid. Moderne informasjonsteknologi blir i aukande grad teken i bruk for å effektivisere samhandlinga i miljøforvaltninga og med publikum.

Komplekse problem krev heilskepelege løysingar. For betre å kunne forstå miljøproblema sin komplekse natur og finne eigna løysingar, er det behov

for både naturvitenskapleg, samfunnsvitenskapleg, kulturhistorisk og (relevant) teknologisk forskning. Identifisering og analyse av miljøskade og miljøkonsekvensar har ofte utgangspunkt i naturvitenskaplege fag. Utvikling av tiltak og verkemiddel for å løyse miljøproblem, nasjonalt og internasjonalt, vil krevje eit fagleg grunnlag også frå samfunnsvitenskapar som jus, økonomi og planlegging. Fleirfagleg og tverrfagleg fokusering og innretning vil derfor ofte vere nødvendig.

Sektoransvaret

Miljøpolitikken er karakterisert av overgripande problemstillingar der heilskapleg tankegang og avveging av ulike samfunnsinteresser er grunnleggjande for å få gjennomslag for tiltak. Kunnskapsoppbygging på miljøområdet er derfor heilt avhengig av fagleg samarbeid på tvers av faggrensar og sektorar. Mange av miljøutfordringane er i dag tverrsektorielle i forhold til styringssystemet både med omsyn til opphav, utbreiing og moglege løysingar. Sektoransvaret står sentralt i miljøarbeidet, og miljøomsyn skal ivaretakast innan rammene av styresmaktene sitt sektoransvar, inkludert forskning og overvaking. Dette inneber at sektorane har ansvar både for langsiktig kompetanseoppbygging for sektoren, og for meir forvaltningsretta overvaksings- og forskingsaktivitetar innanfor miljøansvarsområda i eigen sektor. Felles forståing av verkelegheita og kunnskapsgrunnlaget mellom miljøforvaltninga og andre departement/viktige samfunnsaktørar er ein føresetnad for å møte miljøutfordringane på ein heilskapleg måte, og for å få til ein god og konstruktiv dialog.

Miljøforvaltninga tek vare på den langsiktige kompetanseoppbygginga både ved basisløyvingar til miljøforskningsinstitutta og ved finansiering av visse grunnforskningsaktivitetar innanfor enkelte av forskingsprogramma i departementet sin programportefølje. Departementet sitt eige kunnskapsbehov blir teke vare på ved dei meir handlingsretta forskingsprogramma.

Miljøforskningsinstitutta har ei sentral og sjølvstendig rolle for utvikling av kunnskap som er naudsynt for god rådgiving i miljøspørsmål. Det er viktig og naudsynt at desse institutta kan tilby ein bred kompetansebase på høgt internasjonalt nivå, at dei samarbeider med dei beste internasjonale miljøa og har kapasitet og utstyr til å møte miljøforvaltningas behov. Basisløyvingane er heilt sentrale for å oppnå dette, og har dei siste åra blitt styrkte. St. meld. nr. 20 (2004-2005) *Vilje til forskning* gav eit klart signal om behovet for ein slik styrking. I tillegg til basisløyvingane til miljøfor-

skingsinstitutta blir dei fleste institutta òg tildelte nasjonale oppgåver. Dette skal bl.a. sikre at institutta har ressursar til fagleg rådgiving til miljøforvaltninga, til deltaking og fagleg støtte for miljøforvaltninga i internasjonale organ ved behov. I tillegg blir det òg gitt tilskot til infrastrukturtiltak ved institutta.

Næringslivet er på same måten ein viktig samarbeidspart. Det er eit overorda forskingspolitisk siktemål at næringslivet aukar sin innsats på forskning. Næringslivet har sjølv eit ansvar for kunnskap om miljøeffektar av eigen aktivitet. Det er òg viktig med innsats frå næringslivet for utvikling av miljøteknologi, blant anna nye miljøvennlege produkt og produksjonsprosessar jf eigen omtale av miljøteknologi.

Det internasjonale perspektivet

Mange miljøproblem er av ein slik karakter at dei ikkje kan løysast berre på nasjonalt nivå. Som ein følgje av dette må forskinga i større grad enn tidlegare forankrast i internasjonale aktivitetar. Det er derfor viktig at norske forskingsmiljø deltek i internasjonale forskingsaktivitetar, etablerer internasjonale kontaktar og inngår i internasjonale samarbeidskonstellasjonar der dette er føremålstenleg og kan gi utbytte.

Internasjonalt samarbeid er ofte nødvendig blant anna for å ivareta den faglege breidda, få utfyllande vitenskapleg kompetanse eller av ressursomsyn. Dette vil gi best mogleg nasjonal nytte av internasjonal forskning, og ei god kopling og synergi mellom norske og internasjonale problemstillingar.

Ein rekkje av dei miljøutfordringane vi står overfor er grenseoverskridande, og eit godt kunnskapsgrunnlag basert på forskning og overvaking er òg ein føresetnad for at Noreg skal få gjennomslag i internasjonale forhandlingar om blant anna forpliktande utsleppsreduksjonar. Forskinga må derfor òg fokusere på at miljø- og utviklingspolitikken stadig blir meir global og internasjonalsert, med aukande tendens til bruk av multilaterale avtaler. Både utfordringa som følgjer av slike avtaler, internasjonal utvikling (for eksempel utviklingsmessige og økonomiske endringar i Asia), og internasjonale prosessar som kan påverke kunnskapsbehova på norsk side, bør gjerast synlege i dei meir nasjonalt retta forskingsaktivitetane.

Mange norske forskingsmiljø har i fleire år delteke i internasjonale forskingsprosjekt, og det er viktig å leggje til rette for ei vidareutvikling av internasjonalt forskingssamarbeid. Noreg er fullt

medlem av EUs sjuande rammeprogram for forskning og teknologisk utvikling. Av størst interesse for miljøforvaltninga er delprogram «Environment (including climate change)». Viktig i denne samanheng er bl.a. det nye EU-verkemiddelet Joint Programming Initiatives (JPI). Dette er europeiske forskingsprogram som truleg kjem til å bli finansierte med nasjonale midlar og med eit visst bidrag frå EU.

EUs rammeprogram for forskning er Europas viktigaste arena for kunnskapsproduksjon, og gir bidrag til vidareutvikling av europeisk politikk for å møte felles utfordringar, ikkje minst på miljøområdet. Norske miljøstyresmakter deltek i styringa av miljøprogram og norske forskingsmiljø deltek aktivt i eit breitt spekter av forskingsprosjekt.

Forholdet mellom forskning og overvaking

Forsking er nødvendig for å sikre best moglege overvakingsdata, og overvakingsdata (inkl. lange tidsseriar) er viktig grunnlag for mykje forskning. Utforming av program og val av metodar og parameter i overvakinga skjer derfor i samarbeid mellom forvaltning og forskingsmiljø. Forskingsmiljøa sin kompetanse er òg sentral når overvakingsresultat skal tolkast.

Miljøforskninga har stor nytte av det kunnskapstilfanget som kjem fram gjennom overvaking. I praksis er skilnadene mellom dei ulike formene for datainnhenting ikkje alltid så store. Generelt sett er innsamling av overvakingsresultat langsiktig (5 – 100 år) og skjer etter standardiserte metodar, mens forskning trengst for å betre og utvikle metodikk for innsamling og tolking av data. Overvakingsdata gir forskarar høve til å analysere utviklingstrender i miljøet, då dei same metodane er nytta over lange tidsperiodar. For-

sking med utgangspunkt i slike data har derfor stor verdi for miljøforvaltninga.

Mange prosjekt og arbeidsmåtar ligg i grenseland mellom forskning, overvaking, og kartlegging. Det er derfor viktig, både fagleg, organisatorisk og økonomisk, å sjå ulike former for kunnskapsinnhenting i samanheng.

Satellittdata har vist seg å vere eit svært godt grunnlag for å visualisere landskapsrelaterte problemstillingar. Det er likevel behov for meir kunnskap om korleis satellittdata innanfor miljøforvaltninga sine fagområde kan supplere og rasjonalisere eksisterande metodikk, og medverke til større målretting og presisjon i nødvendig feltarbeid. Satellittdata er særleg aktuelt for problemstillingar knytte til overvaking av endringar i arealbruk, utvikling av kulturminnebestanden, effektar av utmarksturisme, utvikling i polarområda, og overvaking av klimaendringar.

Kunnskapsbehov for dei enkelte resultatområda er omtalt under omtalen av desse.

Kunnskap om naturmangfaldet

Stortinget har vedteke at forvaltninga av naturmangfaldet skal vere kunnskapsbasert. Også i naturmangfaldlova § 8 og i eit av dei nye globale måla for å ta vare på naturmangfaldet er vi forplikta til å bruke eksisterande og tilgjengeleg kunnskap i forvaltninga av naturmangfaldet. Dette er ein føresetnad for å følgje utviklinga i naturtilstanden, og er nøkkelen til å sikre at gode og effektive miljøtiltak blir gjennomførte på rett stad til rett tid. Kartlegging, overvaking og forskning er grunnleggjande verkemiddel for å betre kunnskapsgrunnlaget. Gjennom overvaking av naturtypar og viktige areal for truga arter får styresmaktane eit bilete av utviklinga i naturmangfaldet, og om verkemidla fungerer etter formålet.

Boks 8.2 Naturindeks for Noreg 2010

Naturindeks for Noreg gir eit overordna bilete av korleis det står til med norsk natur, og viser korleis dette utviklar seg over tid. Arbeidet byggjer på internasjonale metodar for liknande indeksar, men det er gjort eit betydeleg arbeid for å utvikle denne metodikken. Noreg er det første landet i verda som innfører ein offisiell naturindeks.

Naturindeksen bereknar tilstanden for naturmangfaldet i dei store økosystema, samanlikna med ein referansetilstand:

- havbotn
- hav-pelagisk (dei opne vassmassane i havet)
- kystvatn-botn
- kystvatn-pelagisk (i vassmassane langs kysten)
- ferskvatn
- ope lågland (kulturlandskap)
- skog
- myr-kjelde-flaummark
- fjell

For kvart av økosystema er det valt ut eit sett med indikatorar, til dømes data om bestandane av enkeltarter. Ved å sjå indikatorane i samanheng får ein eit bilete av tilstanden for naturmangfaldet innanfor kvart økosystem, og samla for norsk natur. Naturindeksen består av 309 indikatorar fordelte på dei ni hovudøkosystema.

Kvar indikator er gitt ein verdi mellom 1 og 0. Referanseverdien er sett lik 1. Verdien 1 betyr at tilstanden for indikatoren er svært god («naturtilstand» utan negativ påverknad frå menneske), medan 0 betyr at tilstanden er svært dårleg (for eksempel at ein art er utrydda). Ved å sjå på verdien for alle indikatorar som er knytte til eit økosystem, får ein eit gjennomsnittstal som gir eit bilete av tilstanden for naturmangfaldet i dette økosystemet.

Boks 8.3 Definisjon av omgrepet truga arter

Artsdatabanken nyttar følgjande kategoriar i Norsk Raudliste for arter 2010:

Utdøydd (EX): Ei art er utdøydd når det er svært liten tvil om at arta er globalt utdøydd.

Utdøydd i vill tilstand (EW): Arter som ikkje lenger finst frittlevande, men der det framleis finnes individ i dyrehagar, botaniske hagar og liknande.

Regionalt utdøydd (RE): Ei art er regionalt utdøydd når det er svært liten tvil om at arta er utdøydd frå aktuell region (her Noreg). For at arta skal inkluderast må den ha vore etablert reproduserande i Noreg etter år 1800.

Kritisk truga (CR): Ei art er kritisk truga når best tilgjengeleg informasjon indikerer at eitt av kriteria A-E for kritisk truga er oppfylt. Arta har då ekstremt høg risiko for å dø ut.

Sterkt truga (EN): Ei art er sterkt truga når best tilgjengeleg informasjon indikerer at eitt av kriteria A-E for sterkt truga er oppfylt. Arta har då svært høg risiko for å dø ut.

Sårbar (VU): Ei art er sårbar når best tilgjengeleg informasjon indikerer at eitt av kriteria A-E for sårbar er oppfylt. Arta har då høg risiko for å dø ut.

Nær truga (NT): Ei art er nær truga når den ikkje tilfredsstillar nokre av kriteria for CR, EN eller VU, men er nær ved å tilfredsstillar nokre av desse kriteria no, eller i nær framtid.

Datamangel (DD): Ei art blir sett i kategori datamangel når uvissa om arta si korrekte kategoriplassering er svært stor, og klart inkluderer heile spekteret av moglege kategoriar frå og med CR til og med LC.

Definisjonane er utarbeidde av den internasjonale naturvernunionen (IUCN). Omgrepet truga arter er eit samleomgrep for kategoriane: kritisk truga, sterkt truga og sårbar.

Kartlegging i form av kartfesting av førekomst og utbreiing av arter og naturtypar er ein føresetnad for oppfølging av naturmangfaldlova på kort og lang sikt. Tilsvarende er kunnskapsoppbygging knytt til framande organismar svært sentralt for å sikre ein god og målretta innsats mot framande, skadelege organismar. Døme på kartleggingsprosjekt er naturtypekartlegging (terrestrisk og marint), kartlegging av framande arter og kartlegging av truga arter. Kartlegging og overvaking av inngrepsfrie område i Noreg (INON) er ein arealbruksindikator som byggjer på data for utrekning av inngrepsfri natur innhenta frå kommunar, fylkesmenn og nasjonale register. MARE-ANO er eit tverrsektorielt program for å kartlegge og styrkje kunnskapen om Noregs havbotn.

Overvaking av naturmangfaldet er grunnleggjande for å kunne danne seg eit bilete av utviklinga for arter og område over tid, kunne seie noko om årsaka til utviklinga og om tiltak har ønska effekt. Døme på overvakingssjorsjekt er overvaking av sjøfugl gjennom programmet SEAPOP, terrestrisk overvaking (TOV) og overvaking av ei rekkje arter/artsgrupper (t.d. hjortevilt, rovvilt, villaks, og fjellrev). ROVDATA har ansvaret for overvaking av rovvilt og formidling av resultat.

Auka omfang av kartlegging og overvaking dei siste åra har gitt grunnlag for å utvikle ein Naturindeks for heile Noreg jf. boks 8.2. Ein slik indeks, som vart presentert for første gongen hausten 2010, er eit viktig barometer for korleis det står til med norsk natur. Alle dei store forskingsinstitutta i Noreg som gjennomfører naturovervaking har medverka i utviklinga av naturindeksen, og ei statistikkgruppe har medverka i berekningar og metodeutvikling. I alt har om lag 125 fagpersonar levert data eller ekspertvurderingar. Noreg er, saman med Nederland, eit føregangsland i arbeidet med å få til ein heilskapeleg naturindeks basert på data og ekspertvurderingar om natur.

Naturindeksen gir ei samla oversikt over tilstand og utviklingstrendar for dei store økosystema hav og kyst, ferskvatn, våtmark, skog, fjell og kulturlandskap, også i ulike delar av landet. Kunnskapen om status og trendar skal nyttast til å setje inn målretta tiltak for å stanse tapet av naturmangfald i Noreg, og medverke med formidling av status og trendar til allmenta. På mange område manglar ein framleis data, og ny kartlegging og overvaking må på plass for å få meir presis kunnskap. I løpet av 2011 er det etablert eit overvakingssystem som kontinuerleg skal tilføre naturindeksen betre og nye data. Den samla naturindeksen skal etter planen oppdaterast i 2015. I åra fram

til denne oppdateringa tek ein sikte på å presentere temaindeksar for arter som blir overvaka årleg.

Den naturindeksen som vart presentert hausten 2010 er starten på eit langvarig arbeid med å måle endringar i naturen, og gi eit stadig betre grunnlag for å prioritere kor tiltak for å betre miljøet skal setjast inn og kva som bør prioriterast innanfor kartlegging og overvaking. Men naturindeksen åleine kan ikkje måle om vi når målet om å stanse tapet av naturmangfald. Sjølv om naturindeksen viser betring eller ingen endring i naturmangfaldet, kan det likevel vere alvorlege faresignal som ikkje blir fanga opp. Det er derfor viktig å supplere naturindeksen med annan kunnskap som til dømes delindeksar, andre indikatorar for berekraft og raudlister, og med ny overvaking og supplerande forskning.

Norsk raudliste for arter 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011 er viktige kunnskapsgrunnlag for å vurdere bruk av ulike verkemiddel for å betre tilstanden for artene og naturtypene. Raudlistene inneheld spesifikk informasjon om mange truga arter og naturtypar som ikkje inngår i naturindeksen, men som er viktige for forvaltninga av desse artene. Det er derfor viktig at kunnskapsinnhenting knytt til raudlistene held fram med full styrke.

Artsdatabanken har sidan starten i 2005 hatt ansvaret for arbeidet med raudlistene og Norsk Svarteliste, som byggjer på ei økologisk risikovurdering av framande arter. Artsdatabanken spelar ei sentral rolle i arbeidet med å samordne og gjere dei viktigaste data om mangfaldet i naturen tilgjengelege for brukarar i areal- og miljøforvaltninga. Talet på observasjonar i rapporteringsverktøyet Artsobservasjonar i regi av Artsdatabanken har no passert 4 millionar. I tillegg til at denne portalen tilfører mykje kunnskap om førekomstar av arter, er den eit verktøy som aukar engasjement og kunnskap hjå brukarane.

Det norske Artsprosjektet skal sikre langsiktig kartlegging og kunnskapsoppbygging om arter i norsk natur, med spesiell fokus på arter og artsgrupper vi har lite kunnskap om. Det blir òg viktig å gjere kunnskapen tilgjengeleg for alle, blant anna via internett. Arbeidet skjer i nært samarbeid med det svenske artsprosjektet. I september 2009 underteikna miljøvernministrane i Sverige og Noreg ei avtale om å samarbeide om å auke kunnskapen og kompetansen om biologisk mangfald i svensk og norsk natur. Ambisjonen både i Sverige og Noreg er å kartleggje alle fleircella arter av planter og dyr i dei to landa. Prosjektet er administrativt plassert under Artsdatabanken, og er leia av ei styringsgruppe med representantar

frå Artsdatabanken, Kunnskapsdepartementet, Direktoratet for naturforvaltning og den svenske ArtsDatabanken. Både datainnhenting, dataflyt og forskning blir samordna med anna tilgrensande aktivitet gjennom breitt samansette rådgivande grupper. Det blir no viktig å få på plass forskingsdelen i prosjektet.

Det er gjennom åra samla inn ei stor mengd data gjennom naturkartlegging. Dette er data som det er viktig at alle dei som gjer vedtak har tilgang til, og på ein slik måte at dei er lette å bruke som grunnlag for ulike avgjerder og samfunnmessige avvegingar. Som ei følgje av dette er det gjennom åra utvikla fleire system og verktøy for å gjere data frå kartlegging og overvaking tilgjengelege. Naturbasen, som er utvikla av Direktoratet for naturforvaltning, er ei kartinnsynsløysing som i stor grad er basert på data frå kartlegging. Artsdatabanken har utarbeida ei kartteneste kalla Artskart, der ein kan søkje stadfesta informasjon om over 1800 arter. Artsdatabanken arbeider òg med utvikling av ein naturtypebase basert på klassifiseringssystemet Naturtypar i Noreg (NiN).

Vass-nett er utvikla i samband med gjennomføringa av EUs vassdirektiv i Noreg, og inneheld data om vassdrag, grunnvatn og kystområde, medan målet med Vassmiljøsystemet er å systematisere data og gjere data om tilstand og utvikling i miljøkvaliteten i vatn tilgjengeleg for bruk i det offentlege.

Det nasjonale overvakingsprogrammet for rovvilt vart etablert i 2000, og omfattar dei fire store rovdyra gaupe, jerv, bjørn og ulv, og kongeørn. Rovdata vart etablert i oktober 2010, og representerer ei styrking av overvakinga og kartlegginga av artene. Rovdata har ansvaret for det faglege innhaldet, formidling, drift og utvikling av overvakingsprogrammet, og er ein uavhengig leverandør av overvakingsdata for dei fem nemnde artene i Noreg. Dette er i tråd med rovviltforliket inngått i Stortinget våren 2011, jf. Representantforslag 163 S (2010-2011). Rovdata er etablert som ei sjølvstendig eining, med eigen leiar og stab, i Norsk institutt for naturforskning (NINA). Direktoratet for naturforvaltning (DN) er, som sentral faginstans innanfor all viltforvaltning, ansvarleg for overvakingsprogrammet. Rovdata koordinerer overvakinga på landsbasis og syter for nasjonal og einskapleg gjennomarbeiding, samanstilling, rapportering og formidling av data. Rovdata arbeider for å styrkje lokal deltaking i kartlegginga og overvakinga av artene, og har blant anna, i samarbeid med Artsdatabanken, etablert ei nettbasert publikumsløysing for innmelding av observasjonar av dei store rovdyra. Rov-

viltførekomstane i Noreg har nær tilknytning til rovviltførekomstane i nabolanda våre, og for Rovdata er det ei sentral oppgåve å vidareutvikle samordninga av overvakingsmetodar og samanstilling av bestandsdata på tvers av landegrensene i Fennoskandia. Fagrådet for *Nasjonalt overvakingsprogram for rovvilt* vart etablert våren 2007 og består av ekspertar på ulike kompetanseområde med relevans for overvakingsarbeidet. Fagrådet arbeider for at overvakinga av gaupe, jerv, bjørn, ulv og kongeørn skal vere best mogleg, og deira hovudoppgåve er å kvalitetssikre metodar og tilrå betringar i overvakingsprogrammet. Rovdata har sekretariatsansvaret for Fagrådet, og alle som ønskjer det kan gi innspel til Fagrådet på moglege betringar i rovviltovervakinga.

Internasjonalt skjer det òg mykje arbeid for å framskaffe eit betre kunnskapsgrunnlag om naturmangfald og økosystemtenester. På det 10. partsmøtet for Konvensjonen om biologisk mangfald i oktober 2010 vart det vedteke at «innan 2020 er kunnskapsgrunnlaget om biologisk mangfald, og verdiar, funksjon, status og trendar knytte til dette, styrkte og tekne i bruk som grunnlag for vedtak».

FNs generalforsamling har òg vedteke å opprette eit internasjonalt naturpanel etter modell av klimapanelet (IPCC). Naturpanelet skal vere eit vitenskapleg uavhengig panel som skal gi kunnskap om jordas naturmangfald og økosystemtenester og fremje forslag til ny politikk. Frå norsk side er det ei prioritert oppgåve å få naturpanelet raskt i gang, og Regjeringa vil arbeide for at FN's miljøprogram og andre relevante FN-organisasjonar aktivt skal støtte opp om naturpanelet sitt arbeid framover. Noreg anerkjenner utviklingslanda sitt behov på kapasitetsbygging for å lage nasjonale vurderingar (assessments) på dette feltet og har tilbode å opprette eit eige delsekretariat for dette i Trondheim for å understøtte panelet sitt arbeid. Det vil vere nødvendig med nasjonale vurderingar som medverkar inn til regionale og globale vurderingar. Dette viser òg at det er nødvendig å framskaffe eit betre kunnskapsgrunnlag i Noreg som så kan spelast inn i arbeidet under naturpanelet.

Kunnskap om klimautfordringa

Det er behov for auka kunnskap om klimatilpassingstiltak og sårbarheit i Noreg og i utviklingsland. På klimaområdet har vi i dag komme langt i utviklinga av regionale klimamodellar som gir indikasjonar om venta klimautvikling i landet. Det er no behov for kunnskap om kva effektar desse endringane vil medføre på alt frå biomangfald til

landbruk og fiskeri. Det er vidare nødvendige å utvikle betre forståing for korleis vi på best mogleg måte skal kunne tilpasse oss nødvendige samfunnsendringar i forhold til dei klimaendringane som er venta. Dette inkluderer konsekvensar for alt frå busetnad og transport til friluftsliv, turisme og lokalisering av næringsverksemd. Dette er berre nokre eksempel på område der det manglar sentral kunnskap for å utvikle ein meir heilskapleg og effektiv miljøvernpolitikk. Forsking er det sentrale verkemiddelet for å bygge opp nødvendig kunnskap om denne typen problemstillingar. Regjeringa vil prioritere overvaking av klimaprosessar og konsekvensar av klimaendringar i nordområda.

Det trengst ny forskingsbasert kunnskap på mange område. Betre kunnskap om årsaker til og verknader av klimaproblemet vil vere eit viktig grunnlag for framtidige klimaforhandlingar, og utgjere ein fagleg basis for politiske avgjerder om nødvendige utsleppsreduksjonar. Utvikling av ny teknologi for produksjon og bruk av energi er vidare ein svært viktig del av arbeidet med å redusere utslepp av klimagassar nasjonalt og internasjonalt. Klima- og miljøforskning er òg høgt prioritert internasjonalt, både i enkeltland og innanfor større samarbeidsarenaer.

For at forskingsresultata skal kunne komme til nytte, er det viktig at resultata blir formidla vidare til styresmakter, politikarar, næringsliv og allmenta elles.

Kunnskap om helse og miljøfarlege kjemikalier

Kunnskapsheving er svært viktig i kjemikaliarbeidet. Regjeringa arbeider for å auke kunnskapen om kjemiske stoff og kartleggje miljøgifter i naturen og i produkt. Auka kunnskap om helse- og miljøfarlege kjemikalier er nødvendig for å identifisere risiko for helse og miljø, og for å kunne setje i verk effektive reguleringar og tiltak. Det er dyrt å rydde opp når miljøgifter først er spreidde i naturen. I dei fleste tilfella er det òg umogleg då miljøgifter blir spreidde diffust over store område. Det er derfor svært viktig å oppdage spreiding av ulike miljøgifter i tide slik at nødvendige tiltak kan setjast i verk. Gjennomslag i arbeidet med å styrkje internasjonale reguleringar er òg heilt avhengig av at det blir gjort ein betydeleg innsats i å leggje fram god dokumentasjon. Overvaking av miljøgifter i naturen for å følgje utviklinga over tid vil framleis vere prioritert. Opprettinga av ein nasjonal miljøprøvebank med ulike typar prøvemateriale for seinare analysar av miljøgifter vart derfor etablert i 2011. Miljøprøveban-

ken er plassert i Forskingsparken i Oslo og skal administrerast av forskingsinstitutta i CIENS. Miljøprøvebanken for miljøgifter skal samle inn og ta vare på prøver av biologisk materiale. Prøver av til dømes fisk, blåskjel, krabbe, fugleegg, slam og mosar vil bli nedfrosne for seinare analysar og undersøkingar. Innsamlinga skjer frå dei same lokalitetane kvart år. Formålet er å kunne gjere nye analysar av prøver når det er utvikla betre metodar for å oppdage miljøgifter, fastsetje bakgrunnsnivå for nye miljøgifter og etablere tidstrender. Dette vil bli eit svært nyttig verktøy i forvaltning av og forskning på miljøgifter.

Overvakinga av langtransportert luftforureining i luft og nedbør

Overvakinga av langtransportert luftforureining i luft og nedbør omfattar undersøkingar både av tilførsler og effektar av forureiningar. Klima- og forureiningsdirektoratet har ansvaret for dei fleste overvakingssystema.

Langtransporterte luftforureiningar omfattar forsurnande sambindingar (svovel- og nitrogen-sambindingar), eutrofi (nitrogensambindingar), bakkenært ozon, partiklar og miljøgifter (tungmetall, persistente organiske sambindingar).

Atmosfærisk tilførsel av forureinande sambindingar blir overvaka ved måling av kjemiske komponentar i luft og nedbør. Formålet er å registrere nivå og eventuelle endringar i tilførsla av langtransporterte luftforureiningar. Målestasjonane er derfor plasserte slik at dei er minst mogleg påverka av lokale utsleppskjelder (bakgrunnsstasjonar).

Tilførsler av sambindingar i luft som fører til forsuring og eutrofi er overvaka på fem stasjonar (inkludert Svalbard). Tilsvarande sambindingar i nedbør er overvaka på 12 stasjonar.

Bakkenært ozon kan skade menneske si helse, vegetasjon og materialar. Atmosfæriske tilførsler av bakkenært ozon (og ozondannarar) er overvaka på fire stasjonar i fastlands-Noreg, og på Zeppelinobservatoriet på Svalbard.

Atmosfæriske tilførsler av partiklar i luft er overvaka på tre bakgrunnsstasjonar i fastlands-Noreg. Partiklar kan i særleg grad føre til helseskadar, og til skadar på materialar. Atmosfæriske tilførsler av miljøgifter er overvaka på tre stasjonar (i luft og nedbør på Birkenes og Andøya og i luft på Zeppelinfjellet)

Forsuringsverknader på vasskvalitet blir følgt gjennom overvaking av innsjøar og små nedbørfelt. Vasskvaliteten i ca. 70 innsjøar og seks små nedbørfelt blir undersøkt årleg for å gi ei regio-

nal/landsdekkjande beskriving av vassforsuringsproblemet og endringar i situasjonen. Det biologiske overvakingsprogrammet følgjer verknader på fisk gjennom regionale undersøkingar, og omfattar fiskebestandar i innsjøar og bekkar og botndyr i innsjøar.

Eutrofi-verknader er overvaka av Direktoratet for naturforvaltning som dekkjer delar av dette gjennom *Program for terrestrisk naturovervaking* (TOV).

(Verknader av) langtransporterte miljøgifter er overvaka med nokre års mellomrom i innsjøar (fisk og sediment).

Noreg samarbeider internasjonalt om utvikling av kunnskap om utslepp, tilførsler og effektar av luftforureiningar gjennom *Det europeiske overvakingsprogrammet for langtransport av luftforureiningar* (EMEP) og andre samarbeidsprogram under *Konvensjonen om grenseoverskridande langtransportert luftforureining*. Landa samarbeider innanfor ramma av denne konvensjonen også om å utvikle kunnskapsgrunnlaget for val av tiltaksstrategiar for å redusere miljøskadar som følgje av langtransportert luftforureining, under dette kunnskap om moglege utsleppsreduserande tiltak og kostnader ved desse. Norske fagmiljø som Meteorologisk institutt, Norsk institutt for luftforskning og Norsk institutt for vannforskning medverkar i vesentleg grad til denne kunnskapsutviklinga gjennom sine funksjonar som internasjonale fagsenter under *Konvensjonen om grenseoverskridande langtransportert luftforureining*.

Auka kunnskap om – og for polarområda

Miljøet i nordområda skal takast vare på gjennom berekraftig bruk og vern, og verdiskaping skal skje på ein slik måte at miljøverdiane og økosystemas struktur, verkemåte, produktivitet og naturmangfald blir haldne ved lag. Dette blir best sikra gjennom ei heilskapeleg og langsiktig forvaltning basert på beste tilgjengelege kunnskap.

Kunnskap er derfor sjølv navet i nordområde-satsinga, slik det er formulert i *Nordområdestrategien* (2006) og *Nye byggesteiner i nord* (2009). Norsk Polarinstitutt med senter ICE (Ice, Climate & Ecosystems) representerer saman med Framsenteret (Fram – High-North Research Centre on Climate and the Environment) viktige ledd i den nasjonale forskningssatsinga for å bringe fram meir kunnskap for å møte miljøutfordringane i nord – og polarområda.

Norsk Polarinstitutt og Framsenteret si forskning vil samstundes gi viktige kunnskapsbidrag til det internasjonale miljø- og klimaarbeidet.

Miljøet i nord har vore påverka både av ytre faktorar og lokal aktivitet. Dei viktigaste ytre faktorane er klimaendringar, forsurening av havet og langtransporterte tilførsler av miljøgifter. Lokal påverknad omfattar ulike typar arealbruk og ressursutnytting der fiske, oppdrett, reindrift og utbygging av energi- og transportinfrastruktur er viktige faktorar. Det finst òg ei rekkje lokale kjelder og potensielle kjelder til forureining. Dette omfattar til dømes skipsfart, petroleumsverksemd, industriverksemd og atominstallasjonar i Noregs nærrområde.

Klimaprosessane knytte til snø, is, permafrost og havsirkulasjon i Arktis er av stor betydning for kor raskt og korleis klimaet vil bli endra lokalt, regionalt og globalt.

Betre kunnskap om klimaprosessane i Arktis er derfor kritisk for å kunne seie noko om framtidige klimaendringar, og auka kunnskap om klimaendringane er òg ein føresetnad for ei kunnskapsbasert, heilskapeleg og langsiktig forvaltning for å sikre miljøet og livsgrunnlaget i nord.

Norsk Polarinstitutt

Norsk Polarinstitutt er den sentrale statlege institusjonen for kunnskapsproduksjon om polarområda for forvaltninga gjennom kartlegging, miljøovervaking og forvaltningsretta, naturfagleg forskning i Arktis og Antarktis. Instituttet si forskingsverksemd er konsentrert om klimaprosessar og klimaendringar, og effektane av desse på naturen, og om økotoksikologi i Arktis og Antarktis. Instituttet leier òg overvakingsprogram og system for miljøovervaking av norsk Arktis, og har lange tidsseriar frå både det fysiske miljøet og økosystemet.

Norsk Polarinstitutt har dei heilårige forskingsstasjonane Troll i Antarktis og Zeppelinstasjonen i Ny-Ålesund på Svalbard.

Norsk Polarinstitutts forskning i Antarktis gir viktige bidrag inn i det internasjonale samarbeidet om forvaltninga av Antarktis for å verne kontinentets særeigne og svært sårbare miljø. Denne forskinga er òg viktig for å oppretthalde verdien av Antarktis som referanseområde, og auke kunnskapen om området si rolle i dei globale miljøsystema og som indikator for planetens miljøtilstand. Vi har vore eit føregangsland i forskinga i Antarktis, og det er viktig at Noreg bidreg til internasjonal polarforskning med sine spesielle fortrinn med stasjonar både i Antarktis og på Svalbard.

Zeppelinstasjonen, der NILU har det faglege ansvaret, spelar ei viktig nasjonal og internasjonal rolle for kartlegginga av klimaendringar; stratos-

færeeozon- og UV-endingar; miljøgifter (persistente organiske forureiningar som PCB, tungmetall som kvikksølv); og langtransporterte luftforureiningar (sur nedbør, partiklar, overgjødsling, bakkenær ozon).

Zeppelinstasjonen høyrer til ei lita gruppe av svært viktige globale atmosfærestasjonar; andre stasjonar finst på Hawaii, Sydpolen og Samoa i Stillehavet og i Alaska, Vest-Irland, Tasmania og Zugspitze/Jungfrauoch i Alpene.

Framsenteret

Framsenteret i Tromsø er eit sentralt tiltak i oppfølginga av Nordområdestrategien (2006) og «Nye byggesteiner – neste trinn i regjeringens nordområdestrategi» (2009).

Framsenterets faglege profil er fastsett ut frå utfordringane i nordområda først og fremst med omsyn til miljø- og samfunnsmessige konsekvensar av klimaendingar og miljøgifter, og til kunnskapsbehov knytte til forvaltninga av miljøet og naturressursane i nordområda

Framsenteret skal bidra til å utvikle kunnskap om klima og miljø som vil setje Noreg i stand til å forvalte våre hav- og landområde i nord, og dei ressursane som finst der, på ein endå betre måte. Framsenteret skal òg utviklas vidare til eit internasjonalt leiande senter for forskning på klima og miljø i nordområda, og bidra til at Tromsø blir eit tyngdepunkt for kunnskap og kompetanse på klima- og miljøfeltet som vil styrkje vår rolle og gjennomslag innanfor det internasjonale samarbeidet i nord, og dermed bidra til at norske interesser blir ivareteke på ein best mogleg måte.

19 institusjonar deltek i dag i Framsenteret. Det er Norsk Polarinstitut, Statens kartverk, Statens strålevern, miljøinstitutta, Akvaplan-niva, Havforskningsinstituttet, SINTEF, NGU, Kystverket, Veterinærinstituttet, Noregs Veterinærhøgskole, Universitetet i Tromsø, Bioforsk, NORUT, NOFIMA og UNIS.

Det vil vere omfattande fleirfagleg/tverrfagleg forskning i eit tett samarbeid mellom naturvitskap, teknologi og samfunnsvitskap innanfor dei faglege satsingsområda (flaggskipa):

- Havisen i Polhavet, teknologi og avtaleverk,
- Effektar av klimaendingar på fjord- og kystøkologi i nord
- Effektar av klimaendingar på terrestre økosystem, landskap, samfunn og urfolk
- Havforsuring og økosystemeffektar i nordlege farvatn
- Miljøgifter – effektar på økosystem og helse

Vidare er formidling, å kople rekruttering, utdanning og forskning, og utvikling av tverrfaglege perspektiv og metodar viktige, gjennomgåande satsingsområde.

Boks 8.4 Felles global referanseramme

Statens kartverk deltek i det internasjonale samarbeidet om ei felles global referanseramme, blant anna gjennom ein målestasjon i Ny-Ålesund. Dette er avgjerande for bruk av alle typar satellitteknologi som satellittkommunikasjon, satellittnavigasjon og andre teknologiar som er baserte på ei felles verdstid. Referanseramma er i tillegg naudsynt for å kunne overvake globale endingar, blant anna i havnivået. Observatoriet i Ny-Ålesund treng ei oppgradering då det ikkje er godt nok for dagens brukarbehov.

Geografisk informasjon

Alle land treng tilfang av grunnleggjande geografisk informasjon som miljødata, plandata, eigedomsdata og andre geodata. Informasjonen er viktig og nødvendig, for mange samfunnsområde er geodata naudsynt for dokumentasjon, verdivurderingar, analysar og statistikk og gir viktige bidrag til overvaking og kunnskap om klima.

Informasjonen må vere tilgjengelege for heile samfunnet, både offentleg sektor, privat næringsliv og den enkelte. Data er viktige for samfunnsplanlegging, samfunnsstryggleik og areal- og ressursforvaltning, Ein treng oppdaterte data for verdiskaping og utvikling av tenester og informasjon retta mot næringsliv og innbyggjarar, og for medverknad og opne demokratiske prosessar.

Eigedomsinformasjon både frå matrikkel og grunnbok er viktig grunnlagsinformasjon i all eigedoms- og arealforvaltning. Statens kartverk har ansvar for tinglysinga og for formidling av eigedomsinformasjon både frå matrikkelen og grunnboka ut til brukarane både i offentleg og privat sektor.

Plan- og miljøoppgåvene i kommunane kan ikkje løysast utan best mogleg bruk av kunnskap om arealdata og ressursar. Dette føreset godt samarbeid og informasjonsdeling. Internett og digitale kart medverkar til forenkla tilgang til informasjon og til medverknad i plan- og vedtaksprosessar. Eit moderne samfunn er avhengig av geografisk informasjon og infrastruktur. Skip, fly og red-

ningsteneste må finne vegen. Grunneigarane sine rettar må sikrast. Areal- og reguleringsplanar må vise juridisk bindande vedtak om arealbruk – og lagrast i planregister for ettertida. Kart viser ikkje lenger berre kor ting er, men fungerer òg som analysereiskapar i planlegging for berekraftig utvikling. Geografisk informasjon kopla med statistikk gir instrument for å planleggje for ei berekraftig framtid og for å vurdere konsekvensane av ulike tiltak.

Nasjonale mål – geografisk informasjon

1. Landet skal dekkjast av relevant geografisk informasjon av høg kvalitet som skal nyttast effektivt på tvers av sektorar og forvaltningsnivå.

Indikatorar:

- Tal på kommunar med nytt nasjonalt høgdegrunnlag (NN2000).
- Oppdateringsgrad og kvalitet.
- Dekningsgrad og kvalitet.
- Datasett som det er etablert tenester til etter krava i geodatalova.

2. Tinglysing i fast eigedom og del i burettslag blir gjort forsvarleg, effektivt og med kvalitet.

Indikatorar:

- Saksbehandlingstid.
- Svartid på kundesenteret.
- Kvalitet.

Tilstand

Kart og geografisk miljøinformasjon er tilgjengeleg døgnet rundt og styrkjar grunnlaget for å fatte gode og berekraftige vedtak. Geodata er tilgjengelege via internett, mobiltelefon og ulike elektroniske kartløyningar. Brukarane kan blant anna søkje etter adresse, stadnamn eller matrikelnummer og i tillegg velje målestokk eller måleavstandar. Elektronisk tilgang til geodata har auka bruken av geografisk informasjon vesentleg dei siste åra. For å dekkje brukarane sine ulike og samansette behov for geodata må innsamlinga, koordineringa og lovverket rundt dette famne ei rekkje ulike aktivitetar og fagfelt, som blant anna sjømåling, satellittovervaking og eigedomsregistrering.

Pålitelege, oppdaterte geodata gir grunnlag for auka tryggleik i ferdsel til sjøs og til lands. Det gir grunnlag for effektiv og betre bergingsteneste. Det gir bidrag for effektiv og døgnopen forvaltning, trygging av eigedomsrett og ein fungerande marknad for eigedommar.

Pålitelege elektroniske sjøkart i kombinasjon med moderne navigasjonssystem gir betre trygg-

leik til sjøs. Det er laga samanhengande elektroniske sjøkart for heile norskekysten, men framleis manglar det nye, moderne djupnemålingar i mange område. Det er viktig at dette arbeidet held fram utan avbrot for å få betre tryggleik i skipstrafikken langs kysten.

Alle kommunar har no teke i bruk ny horisontal referanseramme basert på internasjonal standard, og arbeidet med nytt nasjonalt høgdegrunnlag har starta. Høgpresisjon stadfesting i sann tid med ei grannsemde betre enn 1 cm er innan rekkevidde, og dette får stor betydning for til dømes kor nøyaktig ei gravemaskin kan arbeide.

Autorisert offentleg eigedomsinformasjon og tilgang til denne er viktig for å sikre eigedomsretten og er naudsynt for eigedomsmarknaden. Tinglysningslova og Matrikellova er sentrale verktøy her.

Regelverket stiller krav til saksbehandling, gjennomføring av oppmålingsforretningar og føring av matrikkelen. Matrikellova skal sikre tilgang til viktige eigedomsopplysningar.

Det blir ført eit einsarta og påliteleg register (matrikkelen) over alle faste eigedommar i landet, under dette bygningar, bustader og adresser. Grenser og eigedomsforhold blir klarlagde. Tinglysing av heimlar og rettar i fast eigedom og burettar skjer i eit eige register, grunnboka.

Statens kartverk deltek i det internasjonale samarbeidet om ei felles global referanseramme, blant anna gjennom ein målestasjon i Ny-Ålesund. Referanseramma er naudsynt for å kunne overvake globale endringar, blant anna i havnivået.

Bruk av geografisk informasjon grip inn på omtrent alle miljøområda. Betre tilgang til geodata er ein føresetnad for god miljøpolitikk og god miljøforvaltning, for forskning, statistikk og for rasjonell offentleg forvaltning. På europeisk nivå er det rekna med at denne typen tiltak vil gi både miljømessige og breiare samfunnsvinstar, inkludert vinstar for privat sektor.

Påverknader

Påverknader kjem frå mange kantar. Teknologitvilling og døgnoppe løysingar gjer tilgangen til geografisk informasjon svært god. Det at fleire sektorar brukar data og stiller krav til oppdaterte og gode data, er med på å auke kvaliteten og tilgangen. Den økonomiske utviklinga gjer for eksempel at stadig fleire og meir djuptgåande skip seglar i område der det tidlegare ikkje har vore slik trafikk og derfor ikkje tilstrekkeleg kvalitet på sjøkarta.

Nasjonale felleskomponentar og internasjonale standardar og direktiv er med på å skape geo-

grafiske data som kan brukast av stadig fleire i Noreg og over landegrensene.

Politikk for å nå dei nasjonale måla

Miljøverndepartementet har ansvar for nasjonal kart- og geodatapolitikk, og tinglysinga. Statens kartverk er det nasjonale fagorganet for kart, geodata og eigedomsinformasjon. Dei har under dette ansvar for å etablere og forvalte nasjonale kartseriar og halde register oppdaterte. Kommunane har ansvar på lokalt nivå, blant anna som lokal matrikelstyresmakt og for at det ligg føre eit oppdatert offentleg kartgrunnlag for planlegging og saksbehandling etter plan- og bygningslova.

Statens kartverk fører opplysningar inn i grunnboka. Bankar, meklarar og andre aktørar innan eigedomsmarknaden kan i ei viss grad sende elektroniske dokument for tinglysing ved bruk av digital signatur.

Miljøverndepartementet har arbeidd aktivt med å utarbeide forskrifter og nasjonale produktspesifikasjonar for framstilling av arealplanar og digitalt planregister. Målsetjinga med dei nye reglane er å få på plass eit system som mogleggjer ei god oversikt over noverande og framtidig arealbruk i Noreg. Oppbygging og utvikling av planregister er ei viktig utfordring framover. Kartverket har ei sentral rolle i etablering, drift og forvaltning av eit nasjonalt planregister og regelverket rundt dette. Eit slikt register vil gi vesentleg betre tilgang til spesifikke plandata for innbyggjarane og lokale styresmakter, og betre oversikt på nasjonalt nivå over arealutfordringane.

Geodatalova skal sikre betre tilgang til geografisk miljøinformasjon i Noreg og over landegrensene. Noreg har vedteke å innarbeide det europeiske INSPIRE-direktivet. Dette gir ei forplikting på å opprette tenester for tilgang til og deling av miljødata, plandata, eigedomsdata og andre geodata mellom offentlege etatar både nasjonalt og innan EU/EØS-området.

Statens kartverk leier og administrerer arbeidet med den nasjonale geografiske infrastrukturen av stadfesta informasjon gjennom Noreg digitalt. Meir enn 600 offentlege partar deltek i dette samarbeidet. Noreg digitalt bidreg til enkel og effektiv tilgang til kart og geodata på tvers av organisatoriske og geografiske skilje.

Informasjon og kommunikasjon

Miljøforvaltninga sitt kommunikasjonsarbeid byggjer på prinsippa i staten sin kommunikasjonspolitikk. Vi legg vekt på å vise fram regjeringa sin miljø-

politikk og fakta om miljøtilstanden på ein forståeleg måte. God informasjon er viktig for at innbyggjarane, næringslivet, det offentlege og organisasjonar skal kunne ta omsyn til miljø i den daglege verksemda si.

Informasjonen skal vere tydeleg og tilgjengeleg og nå fram til ulike målgrupper og dei som blir berørte av tiltak. Det er viktig å gi informasjon om rettar, plikter og moglegheiter. Kommunikasjonstiltaka skal medverke til at folk blir engasjerte og medvitne på miljøspørsmål og får ei djupare forståing og kunnskap.

Miljøverndepartementet tek i bruk ulike kommunikasjonskanalar. Ein viktig kanal er departementet si nettside regjeringen.no/md. Departementet sine nettsider er ein formidlingskanal i pakt med lov om rett til miljøinformasjon og Regjeringas kommunikasjonsstrategi. Eitt døme er høyringssaker, og høyringsfråsegnene blir lagt ut på nettet. Internasjonale standardar for tilgjenge, WAI (Web accessibility initiative) er innarbeide på nettsidene. Syntetisk tale er tilgjengeleg på alle departement sine nettsider på regjeringen.no/md.

Miljøstatus i Noreg (www.miljostatus.no) er inngangsporten til fakta og anna informasjon knytt til tilstand og utvikling for dei miljøpolitiske resultatområda. Departementet har eit nært samarbeid med dei underliggjande etatane om informasjon til utvalde målgrupper. Eit døme på tilrettelegging av informasjon til forbrukarane er nettsida www.erdefarlig.no, ei nettside om miljøgifter.

Nyhende, avgjerder og tolkingsfråsegner innan planlegging etter plan- og bygningslova og kartforvaltning blir formidla gjennom departementet sine nettsider og gjennom publikasjonane Plannytt og Planjuss.

I tillegg til nettsidene nyttar departementet ulike sosiale medium som Facebook, Twitter og Flickr. Konferansar, seminar og kurs er døme på andre kanalar som òg blir nytta til å spreie informasjon.

Sidan 2007 har Miljøverndepartementet hatt ei eiga satsing på klimainformasjon gjennom Klimaløftet, som koordinerer Regjeringas samla klimainformasjon retta mot folk flest. Klimaløftets informasjons- og kommunikasjonstiltak er særleg retta mot dei unge gjennom opplegg i skulen og allmenta generelt. Klimaløftet formidlar oppdatert og vitskapleg basert informasjon om klimaendringar og har fleire ulike tiltak som byggjer opp kunnskap om klimaendringar og råd til folk flest om klimavennlege tiltak i kvardagen. Klimaløftet samarbeider med bedrifter, kommunar, frivillige organisasjonar og andre medspela-

rar i arbeidet for eit meir klimavennleg samfunn. Informasjonstiltak retta mot befolkninga generelt er mobiliserande kampanjar og aktivitetar i massemedia og sosiale media, utgjeving av vedlegg, stønad til tv- og filmproduksjon og nettsider, og støtte og utvikling av verktøy som til dømes klimakalkulator. Døme på mobiliserande aktivitetar er Redesign – som fleire byar tek del i. Dette er folkelege arrangement som set søkelys på eit meir berekraftig forbruk, ved å vise i praksis korleis vi kan ta betre vare på produkta våre, gjenvinne og omskape dei.

Miljøvernforvaltninga si satsing på skule og kunnskapsoppbygging

Formålet med miljøvernforvaltninga si skulesatsing er å byggje opp kunnskap om dei samla miljøutfordringane og skape nyfikne og vitetrong for natur og miljø i den oppvaksande generasjonen.

FN har som mål at omgrepet berekraftig utvikling skal integrerast i landa sine utdanningssystem. Regjeringa har slutta seg til FN's utdanningsår for ei berekraftig utvikling 2005-2014. Miljøvernforvaltninga si skulesatsing har derfor òg som mål, i samarbeid med Kunnskapsdepartementet, å medverke til at berekraftig utvikling blir eit omgrep som alle elevar forstår og har eit forhold til.

Elevar og lærarar treng fleire innfallsvinklar for å setje miljøfaglege tema på timeplanen, og Miljøverndepartementet har derfor, i samarbeid med skulesektoren utvikla fleire pedagogiske program og prosjekt. Mest ressursar blir nytta på Den naturlege skulesekken som er eit samarbeid mellom Kunnskapsdepartementet og Miljøverndepartementet.

Den naturlege skulesekken (DNS) støttar utviklinga av undervisningsopplegg som er tilpassa læreplanverket for Kunnskapsløftet og kompetansemåla for faga naturfag (biologi, kjemi og fysikk), samfunnsfag og kroppsøving. Faga bli òg knytte til grunnleggjande dupleik som matematikk, lesing, skriving og bruk av IKT. Eit berande pedagogisk omgrep er å flytte læringsarenaen frå klasserommet til samfunnet. I Den naturlege skulesekken er varierte arbeidsmetodar utandørs, bruk av nærmiljøet og aktørar i nærmiljøet som organisasjonar, museum, nasjonalparksenter osv., blitt ein anerkjent pedagogisk metode i undervisninga. Den naturlege skulesekken har fått svært positive tilbakemeldingar og evalueringar. Det er viktig at prosjekt som får støtte har overføringsverdi til andre skular, og å få fram prosjekt som inkludere fleire fagdisiplinar.

Andre skuleprosjekt i miljøforvaltning, som f. eks. Miljøambassadørar og Miljøjournalisten, har som mål å inspirere lærarar og elevar i ungdomsskulen og vidaregåande skular og er tilpassa kompetansemåla i læreplanen for desse trinna. Direktoratet for naturforvaltning sitt prosjekt Friluftsliv i skulen tek for seg betydninga av naturoppleving som innfallspurt til naturforståing, og nasjonalparksentra er viktige formidlarar til skular i nærleiken av dei aktuelle parkane. Statens kartverks Kart i skulen er eit gratis webatlas som tilbyr oppdaterte norske kart og temakart eigna for bruk i mange fag. I tillegg driv òg Statens naturoppsyn naturformidling til skulen.

Frå august 2011 vil ein person bli tilsett i eiga stilling for å koordinere skulesatsinga i miljøvernforvaltninga. Det betyr ei opptrapping av satsing på tiltak retta mot skulen. Vedkommande skal ha ansvar for å følgje opp Den naturlege skulesekken, andre pågåande skuleretta prosjekt, og for initiere nye prosjekt.

Miljøteknologi

Miljøteknologi er ein viktig føresetnad for å løyse dei store miljøutfordringane som verda står overfor. Dei mange områda der miljøteknologi blir utvikla, utgjer i dag verdas mest lovande teknologimarknader. Dette gir betydelege høve til verdiskaping, og grøne arbeidsplassar innan energiproduksjon og miljøteknologi vil kunne bli ei ny vekstnæring i Noreg. Dette krev ei betydeleg mobilisering av næringslivet si evne til innovasjon, problemløysing og effektivisering. Samtidig må styresmaktene etablere rammevilkår som gjer det privatøkonomisk lønsamt å tilby og etterspørje gode miljøløysingar. Regjeringa la før sommaren fram ein nasjonal strategi for miljøteknologi - *Næringsutvikling og grønn vekst*. Strategien har to hovudformål: Å leggje til rette for nasjonal verdiskaping og næringsutvikling og å bidra til å nå våre miljømål. Regjeringas politikk for miljøteknologi er blant anna forankra i fleirtalsregjeringas regjeringsplattform, St.meld. nr. 26 (2006-2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*, St.meld. nr. 34 (2006-2007) *Norsk klimapolitikk* og i St.meld. nr. 7 (2008-2009) *Et nyskapende og bærekraftig Norge*. Regjeringas visjon er at Noreg skal utvikle seg til å bli ein sentral leverandør av miljøteknologiske løysingar. Derfor legg Regjeringas strategi til rette for utvikling av internasjonalt konkurransedyktige norske miljøteknologinæringar og nasjonale og internasjonale marknader for miljøteknologi. Strategien inneber tiltak og innsats for å utvikle tilbudssida, etterspørselssida og for å

betre kunnskapsbasen for vidare politikk- og teknologiutvikling. Det største enkelttiltaket i strategien er *Program for miljøteknologi* på 500 mill. kroner over tre år (2011-13). Programmet skal fremje private investeringar knytte til kommersialisering av miljøteknologi og stimulere til nettverksbygging og strategisk samarbeid mellom leverandørar for levering av samansette system og løysingar. Programmet kjem i tillegg til løyvingar til miljøteknologiordninga som er forvalta av Innovasjon Noreg og som vart etablert i 2010. Dei andre dimensjonane av strategien inneber fleire tiltak som skal styrkje forskning og kompetanseutvikling, inkludert å leggje til rette for koplingar mot utviklinga av internasjonalemiljøavtaler. Vidare er det fokusert på:

- Bidra til reguleringar som òg fremjar utvikling av marknader for miljøteknologi.
- Bidra til å fremje etterspørsel etter miljøteknologi i offentlege og private verksemdar.
- Stimulere til nettverks- og næringsssamarbeid på tvers av tradisjonelle næringsklynger.
- Bidra til utvikling av betre kunnskap om marknadene for miljøteknologi og kunnskap til bruk i vidare politikkutvikling.

Oppfølginga av strategien inkluderer etablering av eit programråd som blant anna skal gi råd om bruk av midlar under programmet. Programrådet består av deltakarar frå dei mest sentrale aktørane innan det offentlege verkemiddelapparatet og frå relevante etatar, og inkluderer representantar frå Innovasjon Noreg, SIVA SF, Noregs forskingsråd, GIEK, Enova, Eksportfinans, Transnova, Gassnova og Klima- og forureiningsdirektoratet. Rådet er etablert med ein uavhengig leiar. Programrådet sitt mandat omfattar blant anna å stimulere til dialog og koordinering mellom deltakarane og andre verkemiddelaktørar, under dette eventuell koordinering av utlysningar og søknader. Dette kan for eksempel innebere samanfallande prioriteringar i utlysningstekstar, samfinansiering av prosjekt og samarbeid om gode søknader. Programrådet er vidare bedt om å fremje forslag til vidareutvikling av Regjeringas strategi. Regjeringa vil komme tilbake med ei vurdering av utvikling og val av verkemiddel under programmet i budsjett dokumenta for 2013, der forslag frå programrådet vil inngå. Strategien inngår som ein sentral del av både næringspolitikken og miljøpolitikken. Ein viser til omtale av miljøteknologi programmet i Prop. 1 S (2011-2012) frå Nærings- og handelsdepartementet.

9 Regelverk og system

Verkemiddel og arbeidsmåtar i miljøpolitikken

Alt i § 110 b i Grunnlova er omsynet til miljø og naturverdiar slått fast: Her heiter det at «Enhver har Ret til et Milieu som sikrer Sundhed og til en Natur hvis Produktionsævne og Mangfold bevarer. Naturens Ressourcer skulle disponeres ud fra en langsiktig og alsidig Betragtning, der ivaretagger denne Ret ogsaa for Efterslægten».

Føre var-prinsippet som er nedfelt i forureiningslova, seier at dersom det er fare for at ein aktivitet kan skade miljøet, skal ein ta tilstrekkelege forholdsreglar mot slik skade, eller late vere å gjennomføre aktiviteten. Manglande eller utilstrekkeleg kunnskap skal ikkje vere argument for ikkje å setje inn tiltak. Dette kan sjåast som ei form for forsikring.

Prinsippet om samla belastning står sentralt i naturmangfaldlova og inneber at ein skal leggje vekt på summen av påverknad på naturmangfaldet, både område og arter, når planar skal leggjast og vedtak skal fattast.

Forureinar betalar-prinsippet er òg ein del av forureiningslova og inneber at den som har ansvaret for at forureining skjer, har ansvaret for å rydde opp og å ta kostnadene ved dette.

Det er òg eit viktig miljøpolitisk prinsipp at vi skal ta i bruk den til einkvar tid best tilgjengelege teknologien for å løyse miljøproblema. Dette er mellom anna nedfelt i naturmangfaldslova og forureiningslova.

Sektoransvaret i miljøpolitikken inneber at alle aktørar i samfunnet, både offentlege og private, har eit sjølvstendig ansvar for å leggje miljømyn til grunn for sine aktivitetar og for å medverke til at dei overordna måla i miljøpolitikken kan bli nådde.

Bruken av miljøpolitiske verkemiddel må òg vere styrings- og kostnadseffektiv. Det vil seie at dei må utformast slik at dei bidreg til å nå dei fastsette måla utan unødig bruk av tid eller ressursar. Til saman skal prinsippa og arbeidsmåtene syte for at miljøpolitikken blir effektiv og målretta og at den blir gjennomført ved hjelp av dei best tilpassa verkemidla. I denne samanhengen er det òg viktig at verkemidla har eit langsiktig perspektiv, og at

dei er nokolunde stabile over tid. For at verkemiddel i form av regelverk og skattar og avgifter skal ha god effekt, bør dei vere utforma slik at dei blir opplevd som rimelege og rettferdige. Miljøpolitikken må òg utformast på ein slik måte at den kjem i minst mogleg konflikt med andre sentrale samfunns mål.


Tilsyn er òg eit viktig miljøpolitisk verkemiddel som avdekkjer brot på lova og verkar til å verne om helse og miljø. Tilsyn sikrar dessutan likskap for lova.

I tillegg til lov- og regelverk blir økonomiske instrument i form av til dømes gebyr og avgifter viktigare i miljøpolitikken. Dei einskilde sektorane har i tillegg verkemiddel som kan nyttast i miljøet si teneste, anten for å løyse eigne miljøproblem, eller som på transportområdet der miljøvenlege transportformer kan erstatte miljøskadelege.

Miljøverndepartementet og miljøforvaltninga har ansvar for å utforme mål og strategiar i miljøpolitikken og for å utarbeide planar for korleis miljøverdiar skal forvaltast. Mål- og resultatstyringsystemet i miljøpolitikken er eit døme på korleis departementet arbeider med dette. Forvaltningsplanane for havområda i nord (Barentshavet og Norskehavet) er døme på heilskapelege planar for større område, og som omfattar fleire sektorar. Arbeidet med forvaltningsplanane viser dessutan Miljøverndepartementets pådrivar- og samordningsrolle i høve til andre sektorar. Miljøverndepartementets ansvar omfattar òg å skaffe fram fagleg grunnlag for miljøpolitiske vedtak, å overvake utviklinga i miljøtilstanden og å forvalte verkemiddel på dei områda der miljøforvaltninga har hovudansvaret. Ein skal òg analysere verknadene av miljøpolitikken som grunnlag for vidareutvikling og eventuelle endringar i mål og verkemiddel. Miljøverndepartementet er både eit sektordepartement og eit samordningsdepartement.

Lov- og regelverk på miljøområdet

Nokre sentrale lover er omtalt nedanfor. For omtale av anna lov- og regelverk, sjå Lovdata og omtale i under dei respektive resultatområda.



Figur 9.1 Viktige lover

Plan- og bygningslova

Lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggjesaksbehandling (plan- og bygningslova) skal vere ein reiskap for å fremje berekraftig utvikling til beste for den enkelte, for samfunnet og for framtidige generasjonar. Planlegging etter lova skal bidra til å samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver og gi grunnlag for vedtak om berekraftig forvaltning av ressursar. Det skal leggjast vekt på langsiktige løysingar, og konsekvensar for miljø og samfunn skal beskrivast. Ansvar for planlegging og vedtak av planar etter lova er lagt til Kongen (Regjeringa), fylkestinga og kommunestyra. Miljøverndepartementet er ansvarleg departement for plandelen av plan- og bygningslova.

Regjeringa skal fastsetje nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging kvart fjerde år.

Fylkeskommunane og kommunane skal utarbeide regionale og kommunale planstrategiar kvart fjerde år. Regjeringa skal godkjenne dei regionale planstrategiane.

Fylkestinga skal utarbeide regionale planar i samsvar med godkjende regionale planstrategiar. Kommunestyra har ansvaret for at det blir utarbeidd kommuneplanar og reguleringsplanar.

Planlegginga i kommunar og fylkeskommunar skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale interesser og skal derfor skje i nært samråd med statlege organ. Fylkesmannen har ei sentral rolle i regional stat sin samhandling med kommunar og fylkeskommunar.

Planlegginga skal sikre at avvegingane av ulike omsyn skjer ope og offentleg. Plan- og bygningslova fastset ordningar for deltaking der einskildpersonar, organisasjonar, næringslivet, kommunar, fylkeskommunar og statlege sektorinteresser er med.

Miljøverndepartementet skal ta stilling til konfliktsaker og sikre riktig bruk av lova gjennom rettleiing til aktørane i planarbeidet.

Plan- og bygningslova er eit særst viktig verktøy i arbeidet med å sikre ei samordna berekraftig arealbruk og verker saman med andre viktige lover som forureininglova, kulturminneløva, energiløva, minerallova og naturmangfaldlova.

Naturmangfaldlova

«Lov av 3. april 2009 *Om lov om forvaltning av naturens mangfold* (naturmangfoldloven) har til føremål å ta vare på naturen sitt mangfold og dei økologiske prosessane gjennom berekraftig bruk og vern. Lova omfattar all natur, og gjeld for alle sektorar som forvaltar naturmangfald eller tek avgjerder som har konsekvensar for dette mangfaldet. Lova verkar saman med andre lovar som påverkar eller regulerer bruk av norsk natur. Etter som lova gjeld på tvers av sektorar vil ho medverke til ei betre samordning av den samla forvaltninga av naturmangfaldet.

I naturmangfaldlovas kapittel II om reglar om berekraftig bruk blir det gitt forvaltningsmål for naturtypar og arter og det blir stilt krav til kunnskapsgrunnlaget for avgjerder. Miljørettslege prinsipp som føre-var, omsynet til samla belastning, og at kostnader ved miljøskade skal berast av tiltakshavar blir gjennom naturmangfaldlova formalisert for alle tiltak og bruk som påverkar naturmangfald. Lova krev at vurderingar av desse prinsippa skal gå fram av vedtak i den enkelte saka.

I naturmangfaldlova er det innført fleire nye verkemiddel. Dei viktigaste er ordningane med prioriterte arter og utvalde naturtypar. Kongen i statsråd kan ved forskrift utpeke enkeltarter som prioriterte og naturtypar som utvalde. På den måten kan vi sikre truga arter og naturtypar og andre arter/naturtypar som treng spesiell beskyttelse slik at dei kan overleve i norsk natur, og på sikt få ein tilfredsstillande utvikling. Dette er viktige verkemiddel for å nå forvaltningsmåla for arter og naturtypar.»

Naturmangfaldlovas kapittel V handlar om vern av område på land, i vassdrag og i sjø ut til 12 nautiske mil. Målet om å ivareta økosystem, naturtypar, artar og deira naturlege utbreiingsområde har betydning for utval, restriksjonsnivå og forvaltning/skjøtsel av verneområde.

Gjennom naturmangfaldlovas kapittel IV har vi fått reglar som skal medverke til å hindre framande organismar å etablere seg i norsk natur. Innførsle og utsetting av framande organismar vil kreve løyve, og det er gitt klare reglar om innførsle og utsetting av framande organismar. Sikte målet er at desse reglane vil tre i kraft i 2012. Naturmangfaldlova er den første lova som regulerer forvaltning av genetisk materiale og uttak og utnytting av genetisk material (kapittel VII).

Forureiningslova

Lov av 13. mars 1981 nr. 6 *Om forurensninger og om avfall* (forureiningslova) skal verne det ytre miljøet mot forureining og redusere eksisterande forureining. Lova skal og redusere mengda avfall og fremje betre avfallshandtering. Lova byggjer mellom anna på forureinar betalar-prinsippet, prinsippet om føre var og prinsippet om best mogeleg teknologi. Lova skal sikre at forureiningar og avfall ikkje fører til helseskade, går ut over trivselen eller skader naturen si evne til produksjon og sjølvfornying.

Forureiningslova set eit generelt forbod mot forureinande utslepp men opnar for at verksemdar kan søkje miljøstyresmaktene om utslepps-løyve. Behandling av utslepp etter forureiningslova tek utgangspunkt i prinsippet om kostnadseffektiv regulering. Vurderinga skal byggje på kunnskap om kostnader og teknologiske moglegheiter basert på informasjon frå aktuelle verksemdar, sektorstyresmakter og andre fagmiljø. Økonomiske forhold i verksemda og lokalsamfunnet kan tilleggjast vekt.

Store delar av transportsektoren er unnateke frå føresegnene i forureiningslova.

I avfallsforskrifta og forureiningsforskrifta, som begge er heimla i forureiningslova, er det gitt utfyllande føresegner om forureining og avfallshandtering. Tilsyn avdekkjer brot på lova. Det er i stor grad direktorata og fylkesmennene som har ansvaret for å utføre tilsyn etter forureiningslova og anna miljøregelverk. Forureiningsstyresmaktene gjennomførte i 2010 1670 miljøtilsyn og avdekte brot på forureiningsregelverket i om lag 60 pst av tilsyna. Informasjon i forkant av, under og etter tilsyn og aksjonar er nyttig for å sikre at regelverket blir etterlevd.

Miljøverndepartementet er ansvarleg departement for forureiningslova. Miljøstyresmaktene er i forureiningslova delt inn i riksnivå (Kongen, Miljøverndepartementet og Klima- og forureiningsdirektoratet), fylkesnivå (fylkeskommunen og fylkesmannen) og kommunalt nivå (kommunen). Kvart nivå er tildelt miljømynde etter forureiningslova.

Kulturminnelova

Kulturminnelova er det sentrale statlege verke-middelet i kulturminnepolitikken. Føremålsparagrafen slår fast at kulturminne og kulturmiljø med deira eigenart og variasjon skal vernast både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Det er eit

nasjonalt ansvar å ta vare på desse ressursane som vitskapeleg kjeldemateriale og som varig grunnlag for nolevande og framtidige generasjonar si oppleving, sjølvforståing, trivsel og verksemd. Alle typar kulturminne eldre enn frå 1 537 og bygningar eldre enn frå 1 650, er automatisk freda. Kulturminnelova gir heimel til å frede bygningar og anlegg eller delar av dei, uansett alder. Samiske kulturminne eldre enn 100 år er automatisk freda. Når det etter anna lov blir treft vedtak som påverkar kulturminna, skal det leggjast vekt på kulturminnelovas føremål. Lova sitt føremål og internasjonale konvensjonar understrekar òg at vi måta vare på breidda og mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø.

Svalbardmiljølova

Lov av 15. juni 2001 nr 79 om miljøvern på Svalbard har som føremål å ta vare på eit tilnærma urørt miljø på Svalbard når det gjeld samanhengande villmark, landskapselement, flora, fauna og kulturminne. Svalbardmiljølova er ei rammelov som trekk opp hovedprinsipp for forvaltninga av miljøet på øygruppa. Lova og forskriftene regulerer dei fleste delar av miljøvernet på Svalbard, slik som områdevern, naturinngrep, ferdsel, vern av kulturminne, arealplanlegging i busetjingane, lokal forureining og avfall, i tillegg til jakt og fiske. Lova er eit viktig verkemiddel for å oppnå Stortinget sine høge mål for miljøvernet på Svalbard.

Verkemiddel og arbeidsmåtar i samfunnsplanlegginga

Planlegging er ein reiskap for berekraftig samfunnsutvikling og areal- og ressursforvaltning.

Berekraftig samfunnsutvikling inneber ei utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Ei berekraftig samfunnsutvikling set mål for fysisk, miljøvis, økonomisk, sosial og kulturell utvikling i kommunar og regionar. Planlegging skal medverke til å samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver og gi grunnlag for vedtak om berekraftig forvaltning av ressursar.

Levande byer og bygder og ei god forvaltning av natur og kulturarv krev heilskapleg planlegging. Ei god samfunnsutvikling må byggje på samarbeid og samspel mellom stat, kommune, fylke, og privat sektor. Gjennom plan- og bygningslova er det etablert effektive verkemiddel for å skape

rammene for ei samfunnsutvikling og eit miljø som tek vare på menneske, natur og klima.

Planlegging og vedtak skal vere opne og føreseielege og sikre medverknad for alle aktuelle interesser og styresmakter. Det skal leggjast vekt på langsiktige løysingar, og konsekvensar for miljø og samfunn skal beskrivast. Prinsippet om universell utforming skal takast vare på i planlegginga og i krava til det enkelte byggjetiltak. Det same gjeld omsynet til oppvekstvilkåra for barn og unge, og estetisk utforming av omgivnadene.

Miljøverndepartementet har utvikla nasjonale mål og indikatorar for å måle om planlegginga av ei berekraftig samfunnsutvikling går i ønska retning. Ein viser òg til statusrapportering på fjorårets resultatområde Planlegging for ei berekraftig utvikling til slutt i del III. Dei andre resultatområda for miljøforvaltninga vil utdjupe utviklinga på ei rekkje natur- og miljøindikatorar.

Nasjonale mål – kommunal og regional planlegging

1. Landet skal ha ein berekraftig arealpolitikk. Planlegginga i kommunar, fylke og regionar skal sikre effektiv saksbehandling og god samordning mellom forvaltningsnivå og sektorar.

Indikatorar:

- Talet på interkommunale og regionale arealplanar.
- Utviklinga av kommunal planaktivitet målt etter talet på vedtekne kommuneplanar og kommunedelplanar, reguleringsplanar med kommunalt og privat initiativ, tidsbruk i plan saker og ressursbruken målt som brutto driftsutgifter.
- Talet på kommunar med aktuell planstrategi, samfunns- og arealdel av kommuneplanar og kommunedelplanar innanfor prioriterte område.

2. All planlegging i kommunar, fylke og regionar skal skje innanfor ramma av nasjonal politikk

Indikatorar:

- Tal på og type motsegn fremja i planprosessen, etter motsegnsorgan og -grunn, og tal avgjort av Miljøverndepartementet.
- Talet på dispensasjonar for nybygg i verdifulle landbruks-, natur- og friluftsområde.
- Politikk formidla gjennom blant anna nasjonale forventningar, skriv, kurs og departementet sin nettstad.

3. Plan- og bygningslova og aktuelle sektorlover skal nyttast aktivt for å sikre lokal og regional utvikling som vektlegg gode løysingar med tanke på miljøet, og sikrar god dokumentasjon av konsekvensar for miljø og samfunn.

Indikatorar:

- Talet på kommunale, fylkeskommunale og regionale planar der miljøstatus og miljøutfordringar er synleggjort i planstrategiar og planar.
- Talet på planar i kommunar, fylkeskommunar og regionar med særleg fokus på klima og klimatilpassing, natur- og friluftsliv, areal og transport.

- Talet på føreleggingsaker etter §8 i forskrift om konsekvensutgreiingar, og konflikttema i den enkelte sak.

Arealpolitikk og planlegging etter plan- og bygningslova er tverrgående verkemiddel som grip inn på dei enkelte resultatområda. Samfunnsplanlegginga er med å sette ramma for måloppnåinga på dei ulike miljøområda. Sjå nærare omtale i dei enkelte resultatområda for korleis til dømes plan- og bygningslova, og nasjonale føringar og politikk for arealplanlegging og arealdisponering verkar inn på miljøet.

Figuren viser eksempel på indikatorar for måloppnåing for planlegging for dei ulike miljøområda.

Tabell 9.1 All planlegging skal skje innanfor ramma av nasjonal politikk

<p>1 Levande hav og kyst Nasjonalt mål: Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal medverke til å hindre uønska nedbygging i strandsona, og sikre berekraftig ressursutnytting langs kysten.</p>	<ul style="list-style-type: none"> – Del av arealet i 100 -metersbeltet langs kysten frå svenskegrensa til og med Hordaland som er tilgjengeleg for allmenta – Tal på dispensasjonar for nybygg i 100 - metersbeltet langs sjø – Talet på nybygg i strandsona i medhald av plan – Omfang av planar for sjøareala langs kysten
<p>2 Livskraftige elvar og innsjøar Nasjonalt mål: Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal medverke til hindre uønska nedbygging av 100 - metersbeltet langs vassdrag og innsjøar.</p>	<ul style="list-style-type: none"> – Tal på dispensasjonar for nybygg i 100 - metersbeltet langs vassdrag – Tal på nybygg langs vassdrag i medhald av plan i LNFR-område
<p>3 Frodige våtmarker Nasjonalt mål: Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal bidra til hindre uønska nedbygging av våtmarker.</p>	
<p>4 Mangfaldige skogar</p>	
<p>5 Storslått fjellandskap Nasjonalt mål: Planlegging i kommunar, fylke og regionar gjer i fjellområda skal medverke til å sikre levedyktige bestandar av villrein i sine naturlege utbreiingsområde i Sør-Noreg.</p>	<ul style="list-style-type: none"> – Talet på regionale fjellplanar
<p>6 Verdifulle kulturminne og kulturlandskap Nasjonalt mål: Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal medverke til å hindre uønska nedbygging av matjord og ta vare på viktige kulturminne.</p>	<ul style="list-style-type: none"> – Avgang dyrka og dyrkbar mark i medhald av planar etter plan- og bygningslova

Tabell 9.1 All planlegging skal skje innanfor ramma av nasjonal politikk

<p>7 Godt bymiljø Nasjonalt mål: Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal medverke til at byer og tettstadar er berekraftige, attraktive og funksjonelt utforma med eit godt fysisk miljø som fremjar helse og livskvalitet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> – Talet på byregionar med samordna areal- og transportplanar. – Tettstadareal pr. innbyggjar. – Delen av dei daglege reisene som skjer på miljøvenleg måte. – Delen av omsetjinga i varehandel i kommunen innanfor by- og tettstadsområde. – Utslepp av klimagassar i kommunar og fylke. – Leike- og rekreasjonsareal i tettstader pr. 1000 innbyggjarar. – Delen busette med kortare avstand enn 500 m til rekreasjonsareal større enn 200 daa i byar og tettstader. – Talet på kommunar med rekreasjons- og friluftsområde lagt til rette med universell utforming. – Talet på kommunar med vedteken plan og retningslinjer for universell utforming. – Tal på kommunesenter som er kartlagde etter kriteria for tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne.
<p>8 Aktivt friluftsliv Nasjonalt mål: Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal medverke til å fremje eit aktivt friluftsliv og skape helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenlege nærmiljø.</p>	<ul style="list-style-type: none"> – Talet på kommunale og regionale friluftsplonar.
<p>9 Giftfritt miljø</p>	
<p>10 Rein luft Nasjonalt mål: Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal medverke til at helse og miljø ikkje tar skade av luftforureining og at støyplagene skal reduserast.</p>	
<p>11 Stabilt klima Nasjonalt mål: Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal legge til rette for ein samordna areal- og transportpolitikk som medverkar til lave klimautslepp, og medverkar til å redusere samfunnet si sårbarheit for klimaendringar.</p>	

Tilstand

Gjennom god planlegging sikrar ein miljøvennelege og effektive transportløyser og tilstrekkelege og gode areal for næringsutvikling, skular, barnehagar, samfunnstryggleik og andre viktige samfunnsformål i heile landet. Alle har høve til å delta i denne planlegginga, men planansvarlege har eit særskilt ansvar for å sjå til at grupper som vanskeleg kan gjere seg gjeldande, kan medverke

på ein god måte. Planlegginga gir rammer for kor vi skal bu, handle og bruke fritida vår, og korleis vi formar byar, tettstader og bygder som er attraktive for alle og fremjar helse, livskvalitet og oppvekstmiljø. Samstundes er planlegging eit viktig verktøy for å sikre at naturens mangfald, kulturminne og kulturmiljø, landskapsverdiar og viktige jordbruksareal vert tekne vare på og gitt ein berekraftig bruk i samsvar med nasjonale mål.

Boks 9.1 Planlegging i tal

Planaktiviteten i Noreg er høg og stabil. I 2009 hadde 423 av kommunane i landet ein gjeldande arealdel til kommuneplan, av desse 423 planane vart 55 vedtekne i 2006, 85 i 2007, 30 i 2008, 31 i 2009 og anslaget for 2010 er 35.

I 2010 vart det vedteke om lag 2100 reguleringsplanar, og i perioden 2007-2009 vart det vedteke om lag 2000 reguleringsplanar kvart år. Det er positivt at planaktiviteten er høg. Det inneber at forvaltninga av arealressursane skjer på bakgrunn av grundige vurderingar og demokratiske medverknadsprosessar.

Plan- og bygningslova av 2008 gir rammene for berekraftig bruk av ressursane. Planlegging er forpliktande samarbeid og samspel på tvers av sektorar og mellom nasjonalt, regionalt og kommunalt nivå, der kommunane har eit viktig ansvar innanfor statlege og regionale rammes. Plan- og bygningslova fastset ordningar for deltaking der einskildpersonar, organisasjonar, næringslivet, kommunar, fylkeskommunar og statlege sektorinteresser er med.

Arealbruken må sjåast i ein heilskapleg samanheng. Dette sikrar at viktige omsyn som til dømes landskap, naturmangfald og naturressursar kjem tidleg inn i planprosessen og at utbyggingmønsteret kan planleggjast slik at det blir mest mulig berekraftig.

Gjennom plan- og bygningslova er det etablert effektive verkemiddel for utvikling av ei meir berekraftig samfunnsutvikling. Kvart fjerde år skal det utarbeidast eit nytt dokument med nasjonale forventningar til den regionale og kommunale planlegginga.

I 2011 la regjeringa fram første forventningsdokument til kommunal og regional planlegging, *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging*. Forventningane skal følgjast opp i regionale og kommunale planstrategiar og er retningsgivande for regionale og kommunale planer. Regionale og kommunale planstrategiar skal òg lagast kvart fjerde år. Dei skal ta stilling til viktige planspørsmål for nyvalde fylkesting (regional planstyresmakt) og kommunestyre. Planstrategiane skal ta utgangspunkt i nasjonale mål og ram-

mer frå regjering og Storting, men leggje vekt på lokal røynsle og kunnskap i den regionale og kommunale tilpassinga av politikken. Regjeringa skal godkjenne dei regionale planstrategiane. På denne måten kan Regjeringas forventningar til planlegginga tilpassast til dei ulike regionale utfordringane.

Motsegnsinstituttet blir nytta av fylkeskommunen og statlege styresmakter for å sikre at nasjonale og viktige regionale interesser blir ivaretekne i planlegginga. Gjennom departementet si avgjerd i motsegnssaker vert viktig nasjonale arealpolitiske spørsmål konkretiserte og formidla.

Planutfordringane i dei ulike delane av landet varierer. Planlegginga må møte utfordringar både i byar, tettstader og område med spreidd busetnad. Det skjer ein betydeleg vekst i byar og tettstader. Om lag 80 pst. av befolkninga bur no i byar og tettstader. I storbyane og andre pressområde er planlegginga retta mot aukande arealmangel og behov for fortetting, bevaring av grøntområde og utvikling av miljø- og klimavenlege transportløsningar. I andre delar av landet er planlegginga eit verkemiddel for å oppretthalde busetjing og skape nye arbeidsplassar. Denne store variasjonen inneber at det er heilt naudsynt med regionale og kommunale tilpassingar til planarbeidet. Det er derfor ei utfordring å utforme ein nasjonal arealpolitikk som kjem dei ulike regionale utfordringane i møte. Regional planlegging er òg naudsynt for å få til gode løysingar på tvers av kommunar og fylke, både innanfor samordna areal- og transportplanlegging, i fjellområda og i kystsona. Trass i innstramma i plan- og bygningslova er det framleis eit sterkt press på strandsona. Bortfallet av inngrepsfri natur viser at utfordringa med å ta vare på slik natur ikkje er løyst. Det er framleis press på fjellområda.


Påverknader

For å oppnå ei berekraftig samfunnsutvikling må ein sjå samanhengen mellom samfunnsutvikling og arealbruk, slik plan- og bygningslova føreset. I kommuneplanens samfunnsdel skal kommunane ta stilling til langsiktige mål og utfordringar for kommunen. Planane skal vere grunnlaget for arbeidet i sektorane og skal følgjast aktivt opp i handlingsplan og budsjett. Samfunnsdelen gir grunnlag for prioriteringar i arealdelen.

Boks 9.2 Plansystemet – sammenhengen mellom plannivåa

Plan- og bygningslova definerer eit klart hierarki av vedtaksnivå, men den inviterer òg til samarbeid mellom nivåa. Sammenhengane mellom føre-

segnene i lova er viktige for både innhald og prosess i reguleringsplanarbeidet.



Figur 9.2 Plansystemet – sammenhengen mellom plannivåa

Tilstreккеleg plan- og miljøkompetanse og tilgang til grunnlagsdata er ein føresetnad for god samfunnsplanlegging. Ei særleg utfordring er derfor knytt til plan- og miljøkompetansen i kommunane. Kommunane har viktige oppgåver på plan- og miljøområdet, seinast uttrykt i ny plan- og bygningslov, naturmangfaldlov og matrikkellov. I tillegg har kommunane fått nye utfordringar blant anna knytt til klimautfordringane. Det blir stilt auka krav til ei aktiv planlegging, til konsekvensvurderingar og til betre samordning. Plan- og miljøkompetansen i mange kommunar er dei siste åra gradvis bygd ned. Dette har svekka evna til å ivareta plan- og miljøoppgåvene. Kommunane har ei avgjerande rolle i planlegging for ei berekraftig utvikling, og det er derfor naudsynt å sikre og styrkje kapasiteten på dette området i kommunane.

Gode planar krev kunnskap om kvaliteten på, og bruken av areal og ressursar. Denne kunnskapen er enno ikkje god nok. Det er derfor naudsynt å få til eit samordna system for kartlegging og overvaking av arealbruken og betre tilgang til kart og geografisk miljøinformasjon. Dette vil òg

bidra til å auke kvaliteten på konsekvensutgreiningar av kommunale og regionale arealplanar.

Det trengst for å styrke planlegginga på ei rekkje område. Fleire stader er byggeaktiviteten i strandsona framleis for høg, store samhengande naturområde minkar og verdifulle jordbruksareal vert nedbygde. Det er eit mål å redusere transportbehovet og såleis klimagassutsleppa blant anna ved å unngå store bilbaserte kjøpesenter utanfor tettstadene. På einskilde område er det derfor naudsynt med ein strengare plan- og dispensasjonspraksis, samstundes som kommunar og fylkeskommunar får høve til å utarbeide gode planar gjennom betre rettleiing og kompetansebygging. Miljøverndepartementet samarbeider med ei rekkje departement og andre instansar om stadutvikling, samordna areal- og transportplanlegging, friluftsliv, universell utforming, vind- og småkraftverk, trygging av matjord, fornybar energi, næringsutvikling med vidare.

Det er ei viktig og krevjande oppgåve å formidle dei nasjonale krava og forventningane til planlegginga til kommunar, fylkeskommunar og statlege sektorstyresmakter med motsegnrett.

Politikk for å nå dei nasjonale måla

Skal ein nå måla om ein berekraftig arealpolitikk og bruk av plan- og bygningslova som vektlegg gode miljøløysingar treng ein kunnskap og samordning på tvers av forvaltningsnivå og sektorar.

Miljøforvaltninga har ei rekkje delmål under dei nasjonale måla. Plan- og bygningslova skal brukast til å redusere utslepp og til klimatilpassing, blant anna knytt til areal-, energi- og transporttiltak. Plan- og bygningslova skal sikre berekraftig utvikling med vekt på arealutnytting, verdiskaping og attraktiv stadutvikling. Oppgåver, mynde og forventningar skal vere tydelege, slik at kommunane kan utnytte det miljøpolitiske handlingsrommet dei har. God plan- og miljøkompetanse skal vere bygd opp gjennom interkommunale løysingar, arbeid i nettverk, erfaringsformidling frå utviklingsarbeid og andre rettleings- og opplæringstiltak. Vidare har miljøforvaltninga delmål om at alle fylke skal ha regionale planstrategiar som tek vare på nasjonale område, viktige regionale utfordringar og regionale behov. Nasjonal politikk og statlege interesser skal vere effektivt formidla til kommunar, regionalt nivå og statlege styresmakter. Statlege planverkemiddel for prioriterte politikkområde skal vere oppdaterte.

Miljøverndepartementet er nasjonal planstyresmakt etter plan- og bygningslova og set overordna mål for planlegginga i fylke og kommunar. I denne rolla har Miljøverndepartementet ansvar for å samordne nasjonal politikk i planlegginga. Dette gjeld lovarbeid og enkeltsaker i tillegg til utviklingsarbeid og program. Departementet utarbeider lover og forskrifter, behandlar enkeltsaker og sikrar riktig bruk av lov- og plan-system gjennom rettleiing og opplæring. Miljøverndepartementet avgjer kommunale planar der styresmakter med motsegnrett ikkje vert samde med kommunen gjennom mekling. På same måten skal departementet avgjere regionale planar der statlege regionale styresmakter eller nabokommunar har hatt vesentlege innvendingar til planen.

Gode løysingar krev godt plansamarbeid mellom kommunar, fylke og statlege etatar. Hovudansvaret for bruk av plan- og bygningslova er lagt til kommunane, som normalt fattar endeleg vedtak om arealbruken. Etatane på regionalt nivå må så snart råd er gjere kommunen kjend med viktige nasjonale og regionale interesser.

Nasjonale forventningar til Kommunal- og regional planlegging skal saman med Statlege planretningslinjer, som konkretiserer den nasjo-

nale politikken, leggjast til grunn for planlegging i kommunar, fylkeskommunar og statlege organ. Nasjonale retningslinjer for gjeldande arealpolitikk er gitt i St.meld. nr. 26 (2006-2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging skal medverke til ei berekraftig utvikling og omfattar tema klima og energi, by- og tettstadsutvikling, samferdsel og infrastruktur, verdiskaping og næringsutvikling, natur, kulturmiljø og landskap og helse, livskvalitet og oppvekstmiljø. Det er vedteke statlege planretningslinjer for blant anna klima- og energiplanlegging i kommunane, samordna areal- og transportplanlegging, oppvekstvilkår for barn og unge og differensiert strandsonopolitikk. Regjeringa har i tillegg fastsett rikspolitiske føresegner for kjøpesenter.

Gjennom departementet si avgjerd i motsegn saker blir viktig nasjonale arealpolitiske spørsmål konkretiserte og formidla. Miljøverndepartementet utarbeider rettleiarar og formidlar nasjonal politikk og planpraksis. I samband med ny plan- og bygningslov er det arrangert eit omfattande opplæringsopplegg for kommunane i samarbeid med fylkeskommunar og fylkesmenn. Avgjerder og lovforklaringar blir publiserte i rettskjelderegisteret Gyldendal Rettsdata og publikasjonen PlanJuss. Det er vidare lagt stor vekt på å formidle fortløpande informasjon over departementets internettsider www.planlegging.no.

I samsvar med vedtak i Ot.prp. nr. 10 (2008-2009) er det regionale plansamarbeidet om areal- og transportplanlegginga mellom Oslo kommune og Akershus fylkeskommune etablert. Utviklingsprogrammet Livskraftige kommunar vart avslutta i 2010. Dette samarbeidet med KS har gitt verdifulle erfaringar med miljø- og samfunnsutvikling i kommune-Noreg. Andre dømer på politikk er satsinga på programmet Framtidas byar som er eit nasjonalt samarbeidsprogram mellom 13 store byar, KS, fire departement og næringslivets hovudorganisasjonar for å redusere klimagassutsleppa, møte framtidige klimaendringar og gjere byane betre å bu i. Dei nye planretningslinjene for strandsona har som mål å tydeliggjøre nasjonal arealpolitikk i 100 -metersbeltet langs sjøen. Det skal gjennomførast ein sterkare geografisk differensiering slik at byggjeforbodet praktiserast strengast i sentrale områder der presset på areala er stort. Dei siste åra er det sett i verk tiltak for å sikre dei inngrepsfrie naturområda, mellom anna krav om planprogram og konsekvensutgreiingar når kommunane legg ut nye arealområde i kommuneplanens arealdel. For fjellområda har Miljøverndepartementet sett i gang eit program der

målet er at fylkeskommunane innan 2012 skal ha vedtatt regionale planer for heilskapleg forvaltning av fjellområde som er viktige for villreinen.

Departementet vil halde god kontakt med instansar som har viktige oppgåver i forminga av dei fysiske omgivingane. Tiltak for auka kompetanse innan planbistand internasjonalt er òg ein del av departementets arbeid. Noreg har slutta seg til, og har overordna ansvar for, og arbeider med oppfølging i Noreg av Den europeiske landskapskonvensjonen. Formålet er å fremje vern, forvaltning og planlegging av landskap og organisere europeisk samarbeid om dette.

Plan- og bygningslova pålegg kommunane å syte for planregister og eit offentleg kartgrunnlag i kommunen. Det er sett i verk tiltak for å fremje system for å hente inn og å gjere tilgjengeleg informasjon om arealstatus, arealutvikling og planstatus til bruk i planlegging og styring. I samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet blir det arbeidd med å leggje til rette for elektronisk saksbehandling i plan- og byggjesaker. Departementet vil leggje vekt på informasjon og rettleiing om slike system. Departementet har òg støtta opp om eit prosjekt (Geointegrasjonsprosjektet) for å få betre integrasjon mellom kartsystem, plansystem og saksbehandlingssystem i kommunane, slik at oppdatering, statistikk og samhandling kan skje meir effektivt. I ulike institusjonar finst det ei rekkje databasar som omhandlar arealbruk og arealverdiar, og desse vil etter geodatalova vere pliktige til å dele data med kvarandre. Miljødatabasane som for eksempel Direktoratet for naturforvaltnings Naturbase, Riksantikvarens Askeladden og Artsdatabankens Artskart gir informasjon om miljøverdiane på ulike areal. Kommunane er som arealstyresmakt brukar av alle desse basane.

Miljøstatus i Noreg, www.miljostatus.no, gir oppdatert informasjonen om tilstand og utvikling for miljøet. Eit viktig mål er å skape forståing for samhengane mellom miljøtilstanden, kva som påverkar den, konsekvensar og tiltak. Miljøstatus i Noreg inneheld miljødata for fleire viktige miljøtema. Nettstaden har i tillegg ei eiga kartløyning. Sjø òg verkemiddelomtalen av Kunnskap i del III. Kommunane rapporterer i KOSTRA-systemet. Tala frå KOSTRA blir brukt til å vurdere måloppnåing i forhold til nasjonale mål.

Fylkesmannen og fylkeskommunen

Fylkesmannen er statens fremste representant i fylket. Ein stor del av den statlege regionale miljøforvaltninga er lagt til fylkesmannsembeta.

Fylkesmannen ser til at nasjonale miljømål blir følgde opp regionalt og lokalt, og det arbeidet som embeta utfører er ein føresetnad for å gjennomføre Regjeringas miljøpolitikk. Fylkesmannen har ei sentral rolle knytt til samarbeid og samordning med andre sektorar og forvaltar viktige delar av lovverket på plan- og miljøområdet. Kommunane har svært varierende kapasitet og kompetanse på plan- og miljøområdet, og fylkesmannens oppfølging og rettleiing av kommunane er derfor viktig.

Dei prioriterte oppgåvene for fylkesmannen på miljøområdet er arbeidet for å sikre og forvalte truga og spesielt verdifulle naturtypar, ta vare på truga og sårbare arter, under dette villaks, rovvilt og villrein, og kjempe mot framande organismar. Embeta har miljøfagleg ansvar for vassforvaltning og utfører arbeid innanfor klimaområdet, konsekvensbehandling, tilsyn med ulike verksemdar på forureiningsområdet og opprydding i gammal forureining.

Som ei følgje av forvaltningsreforma overtok fylkeskommunen frå 1. januar 2010 dei fleste av fylkesmannen sine oppgåver innanfor friluftsliv, bestandsforvaltning av ikkje truga arter av vilt og innlandsfisk som det kan haustast av, og vassregionmyndet. Det betyr at både fylkesmannen og fylkeskommunen har viktige oppgåver innanfor vassforvaltning, og i dei fleste fylke samarbeider dei svært godt på dette området.

Planlegging er ein viktig reiskap for å nå dei miljøpolitiske måla. Gjennom plan- og bygningslova er det etablert verkemiddel for å skape rammer for ei samfunnsutvikling og eit miljø som tek vare på menneske, natur og klima. All planlegging i kommunar, fylke og regionar skal skje innanfor ramma av nasjonal politikk.

Midlar til løn og drift for miljøoppgåvene som fylkesmannen og fylkeskommunane utfører på miljøområdet er budsjetterte på kap.1510 Fylkesmannsembeta under Fornying-, administrasjons- og kyrkjedepartementets budsjett og for Fylkeskommunen over kap 572 , post 60 under Kommunal- og regionaldepartementet.

Miljøansvar i anskaffingar og drift av offentlege verksemdar

Offentleg sektor kjøpte i 2009 varer og tenester for rundt 386 mrd. kroner. Statsforvaltninga sin del var rundt 146 mrd. kroner. Det er eit stort potensial for reduksjon av miljøbelastningane frå det offentleges innkjøp og bruk av varer og tenester.

Regjeringa ser det som viktig at statlege verksemder tek eit særleg ansvar for å gå føre som ansvarleg innkjøpar og forbrukar ved å integrere miljøomsyn, etiske omsyn og sosialt ansvar i sine anskaffingar. I arbeidet knytt til miljøansvar i offentlege innkjøp har Regjeringa eit særleg fokus på tiltak knytte til klima og energi, helse- og miljøfarlege stoff, avfall og biologisk mangfald.

Det er utarbeidd ein handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp, og det er utarbeidd rettleiande miljøkriterium for prioriterte produktgrupper. Rettleiande miljøkriterium for prioriterte produktgrupper til bruk for innkjøparar blir løpande lagt ut på www.anskaffelser.no. Miljøleing i statlege verksemder blir ført vidare gjennom handlingsplanen. Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) har fått ansvaret for å følgje opp handlingsplanen for miljø- og samfunnsansvar i offentlege anskaffingar som omfattar miljøomsyn. Innovasjon, leverandørutvikling i form av informasjon om grøne leveransekjeder er viktige verkemiddel for berekraftig utvikling av anskaffingar og utvikling av miljøteknologi, og Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) gir viktig bidrag til dette. Difi arbeider blant anna med:

- Miljøomsyn i offentlege anskaffingar:
- Utarbeiding av rettleiarar med miljøkriterium og beste praksis
- Utvikling av støtteverktøy for leiarar og innkjøparar: ITS (intelligent tilbodsskjema), LCC (livssyklus-kostnader), anskaffingsstrategi, rettleiarar for planlegging og kontraktsoppfølgning.
- Vidareutvikling av www.anskaffelser.no og ein eigen portal for anskaffingar innan bygg, anlegg og eigedom der miljøomsyn har fått ein sentral plass.
- Integrering av miljøomsyn i konkrete anskaffingar, rettleiing, kurs, standardiserte malar og verktøy for offentlege anskaffingar, under dette integrering av miljø på e-handelsplattforma
- Arrangering av konferansar og kurs i offentlege anskaffingar og miljø, og deltaking i nettverk, konferansar, seminar med kompetansehevande tiltak.

Miljøleing

- Assisterer departementa i å innføre EMAS-sertifisering for eiga drift i samarbeid med Departementa sitt servicesenter (DSS)
- Ferdigstiller og implementerer MiljøRapp, eit rapporteringssystem der statlege verksemder skal rapportere nøkkeldata om miljøbelast-

ning, tiltak og rutinar, slik at det blir lettare for departementa og andre interessert å følgje opp gjennomføring av krav om miljøleing

- Utarbeider rettleiar til rapportering, arrangerer workshops og yter støtte i utarbeiding av tiltaksplanar
- Utarbeider statistikk, samlar gode eksempel og lagar rapportar baserte på innrapportert data
- Ansvar for å setje i gang pilotprosjekt for klimanøytral stat.

Spreiing

For å gi offentlege verksemder støtte i gjennomføringa av handlingsplanen, er det i kvart fylke etablert ei regional fagleg støtteneste (knutepunkt) som står til rådvelde òg for statlege, kommunale og fylkeskommunale verksemder.

Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) støttar desse knutepunkta gjennom

- opplæring, verktøyutvikling og erfaringsutveksling, og
- evaluering og innrapportering av resultat

Knutepunkta står regionalt til rådvelde òg for statlege, kommunale og fylkeskommunale verksemder i gjennomføringa av handlingsplanen lokalt gjennom å:

- vidareformidle kunnskap om meir miljøvennlige anskaffingar
- vidareformidle gode og tilgjengelege verktøy for miljøomsyn i anskaffingar
- yte praktisk hjelp ved enkeltkjøp
- rettleie verksemdene i utvikling og implementering av ein anskaffingsstrategi der miljø er inkludert
- medverke til at regionen sine oppdragsgivarar opptre som krevjande kundar i god dialog med marknaden for å fremje innovasjon og utvikling

Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) bistår Miljøverndepartementet i internasjonalt arbeid, under dette erfaringsutveksling, kompetansehevande tiltak ved grøne offentlege anskaffingar og miljøteknologi.

Nettbasert rettleiing for kommunane på miljøområdet – www.miljokommune.no

Kommunane har omfattande ansvar, oppgaver og mynde etter miljølovverket. Mange kommunar har problem med å utføre alle sine lovpålagte oppgaver på ein tilfredsstillande måte. Dette kan skuldast mangel på kapasitet eller kompetanse. Men miljøstyresmaktene si rettleiing overfor kommu-

nane er òg varierende og til dels mangelfull. Meir tilgjengeleg og målretta rettleiing kan hjelpe kommunane til å bruke myndet dei er tillagt etter forureiningslova, plan- og bygningslova, naturmangfaldlova, kulturminnelova og anna miljølvgiving betre og meir effektivt enn i dag. Miljøverndepar-

tementet har derfor bede Klima- og forureiningsdirektoratet om å bidra til ein felles nettstad retta mot tilsette i små og mellomstore kommunar. Nettstaden skal samle rettleiingar til kommunane på dei områda der kommunen er miljøstyresmakt. Første del-lansering av nettstaden vil skje i 2012.

10 Internasjonalt samarbeid

Klimaendringar, tap av naturmangfald og spreining av miljøgifter er globale miljøproblem. Skadeverknadene kan komme på heilt andre stader enn der problema har sitt opphav. Fattigfolk med låg energibruk kan bli ramma spesielt hardt av klimautviklinga, og nord- og polarområde blir sterkt påverka av klimaendringar og miljøgifter som skuldast utviklinga i heilt andre delar av verda. Ein kan dessutan ikkje sjå desse problema isolert frå kvarandre. Klimaendringar vil kunne skape problem både for ville arter og økosystem og for landbruket i viktige område.

Dei store miljøutfordringane kan berre løysast gjennom eit tett samarbeid mellom verdas land. Her vil dei globale miljøavtalene stå heilt sentralt. Men ein har enno ikkje fått til gode nok tiltak på område som t.d. klima og naturmangfald. På same tid er drivkreftene bak den allmenne samfunnsutviklinga og dermed òg miljøutviklinga i aukande grad globale. Samarbeid for å sikre ein god nok miljøpolitikk må derfor skje innanfor dei organa som har miljø som hovudoppgåve, men òg i fora der ein fastset andre viktige rammevilkår. På fleire område er det store motsetnader mellom ulike land i synet på desse spørsmåla. Mykje gjenstår før ein har fått til eit internasjonalt samarbeid som effektivt fremjar berekraftig utvikling.

Nasjonale mål – Internasjonalt samarbeid

1. Vere ein pådrivar for nye og strengare miljøvernavtaler, spesielt globalt.

2. Politikk og regelverksutvikling i EU/EØS resulterer i høge miljøkrav og fremjar ei berekraftig utvikling.

Indikatorar:

- Norsk deltaking i EUs avgjerdsprosessar og forvaltningsregime.
- Rask avklaring av norske posisjonar på nytt EU-regelverk.
- Norsk miljøforvaltning deltek i samarbeidsprogram i prioriterte land som mottek støtte frå EØS-midlane (2009-2014).

3. Arbeide for at globale og regionale samarbeidsorgan på miljøområdet, under dette FNs miljøprogram (UNEP), blir utvikla til effektive reiskap for utvikling og gjennomføring av miljøpolitikk.

Indikatorar:

- FNs miljøprogram som meir autoritativt, relevant og resultatorientert miljøorgan og det faglege tyngdepunktet i FN-systemet på miljøområdet.
- Miljøforbetringar som følgje av finansieringa av globale miljøtiltak gjennom det globale miljøfondet (GEF) målt pr. krone (færre tonn CO₂-ekv., mindre artstap, fleire km² verna, færre tonn miljøgifter).
- Målretta nordisk samarbeid mot aktiv påverknad av globalt og regionalt miljøarbeid.

4. Rammevilkår for handel og investeringar skal gi rom for bruk av miljøpolitiske verkemiddel og fremje omsyn til miljø og ei berekraftig utvikling.

Indikatorar:

- Miljøomsyn integrerte i handels- og investeringsavtaler.
- Eigne miljøkapittel i bilaterale og regionale handelsavtaler.
- Føresegner i internasjonale avtaler på handels-, investerings- og miljøområdet som byggjer på prinsippet om at avtalene er likestilte og sidestilte.

5. Strategisk politisk dialog med samarbeidsland og medvirke til å styrkje desse landa si evne og vilje til å ta på seg og gjennomføre internasjonale forpliktingar.

Indikator:

- Styrkt klima- og miljøsamarbeid med Kina, Sør-Afrika, Brasil og India der prosjektporteføljen speglar dei globale miljøutfordringane og medverkar til å styrkje landa si evne til å ta på seg og gjennomføre internasjonale miljøforpliktingar.
- Medverke til ei langsiktig oppbygging av miljøforvaltning i dei tidlegare sovjetrepublikkane (EECCA-landa).

6. Utviklingspolitikken skal medverke til ei grøna-re utvikling og til oppbygging av kapasitet og kompetanse til å forvalte miljø- og naturressursar.

Indikator:

- Gjennomføring av St.meld. nr 14 *Mot en grøn- nere utvikling* med vekt på handlingsplanen for miljøretta utviklingsarbeid, miljøpilaren i pro- grammet Olje for Utvikling og satsinga Rein Energi for utvikling.

7. Avgrense påverknad og risiko for påverknad på miljøet i nord- og polarområda som følgje av men- neskeleg aktivitet.

Indikatorar:

- Bevaringsstatus for utvalde arter og økosys- tem i Arktis.
- Status for havforsuring i Arktis.
- Nivå av utvalde forureiningskomponentar i det arktiske miljøet.
- Sårbare og verdifulle område som er verna eller gitt særleg vern.
- Status for implementering av heilskapeleg for- valtning i den arktiske regionen.
- Talet på spesielle verneområde og forvalt- ningsområde som er oppretta og kulturminne som er freda.
- Talet på relevante miljøindikatorar som er over- vaka og rapporterte.
- Storleiken på utslepp frå Petsjenga-Nikel.
- Talet på område med samordna forvaltning mellom Noreg og Russland og kvaliteten på dette samarbeidet.
- Talet på miljøprosjekt i Nordvest-Russland, med økonomisk støtte frå NEFCO og NIB og talet på miljøprosjekt med norsk samarbeids- partnar.

Noreg skal vere eit føregangslan- d i miljøpolitik- ken. Dette inneber auka innsats for å løyse miljø- problema og vidareutvikling av miljøpolitikken internasjonalt og nasjonalt.

Dei viktigaste miljøproblema, som klimaend- ringar, tap av naturmangfald og spreing av miljø- gifter, er globale. Felles for desse miljøområda er at enkeltland ikkje kan løyse problema på eiga hand, og at vi treng sterke internasjonale verke- middel. Samtidig trengst ein ambisiøs politikk i dei enkelte landa for å få global framgang på miljø- området. Dette er ei vanskeleg utfordring i ei verd med store skilnader mellom fattige og rike land sitt ansvar for dei problema vi står overfor. Glo- bale miljøforhandlingar har derfor i seinare år vore sterkt prega av ei nord/sør-polarisering. Samtidig ser vi òg at land som Kina, India, Brasil, Sør-Afrika og Russland spelar ei heilt anna rolle

som miljøpåverkarar og politiske aktørar enn for berre få år sidan. Både i miljøpolitikken og på andre politikkområde som gjeld handel og økono- misk politikk er dei globale maktforholda radikalt endra t.d. sidan den første Rio-konferansen om miljø og utvikling for 20 år sidan.

Det er òg store skilnader mellom dei globale miljøproblema når det gjeld samanhengen mellom lokalt, nasjonalt og globalt nivå, både med omsyn til korleis desse problema oppstår og kva som skal til for å løyse dei. For miljøgifter er det slik at dei fleste problema som kom frå innanlandsk produks- jon og dermed utslepp frå norske kjelder er løys- te. Dei belastningane som natur og miljø i Noreg blir påført skuldast i stor grad langtransportert forureining eller produkt utanfrå. Klimaendringar skuldast summen av utslepp i alle delar av verda samtidig som verknadene kjem både globalt og lokalt/regionalt. Ei positiv utvikling her må skje gjennom at alle aktørar, ikkje minst land med store utslepp, legg opp til ein aktiv klimapolitikk med tilstrekkelege utsleppskutt. Det globale tapet av naturmangfald er eit resultat av øydelegging av økosystem og tap av arter i tusenvis av område over heile verda. Tiltak for å bremse dette må skje på alle nivå, frå betre naturforvaltning lokalt og nasjonalt til utvikling av effektive internasjonale verkemiddel som fremjar samarbeid mellom land og regionar.

Nord- og polarområda er viktige referanseom- råde for globale trendar innan desse områda. Spe- sielt gjeld dette truslane frå klimaendring og miljø- gifter. På same tid er det ein nær samheng mellom utviklinga på ulike miljøområde som klima, naturmangfald og miljøgifter. For eksempel vil globale klimaendringar føre til endra livsvilkår for planter og dyr i dei enkelte landa. Både natur- lege økosystem og kulturlandskap som land- bruksområde vil bli påverka. Globale klimaendrin- gar kan derfor endre vilkåra nasjonalt for å ta vare på arter og natur, ikkje berre sjeldne planter og dyr, men òg natur som har vore typisk eller viktig for dei ulike landa. For Noregs del kan dette dreie seg om t.d. arktiske naturtypar, økosystem med havis, høgfjellsnatur og oppvekstområde for vik- tige fiskeslag. Dette gjeld òg landbruksvekstar, klimaet i fleire delar av verda kan om nokre tiår vere uegna for dei vekstane som i dag ligg til grunn for produksjon av mat. Mykje tyder t.d. på at det vil bli alvorlege problem med maisdyrkinga i delar av Afrika innan eit par tiår dersom ein ikkje lukkast med å utvikle nye sortar som er meir tole- rante for m.a. ekstremvarme i vekstsesongen.

Klimaendringane påverkar altså ikkje berre høva til å ta vare på naturmangfaldet. Klima er òg

ein viktig faktor for det høvet ulike land og regionar har til å halde oppe og utvikle livsgrunnlag og velferd. Grunnlaget for matproduksjon og busetnad vil kunne bli svekt eller forsvinne over stadig større område etter kvart som havet stig og frekvensen og intensiteten av tørke, varmebølger, ekstrem nedbør og flaum aukar. Samtidig vil tilgangen til vatn og jordbruksproduksjon kunne auke i andre område, særleg i nord.

Store endringar i klima kan derfor føre til omfattande endringar i ulike område sitt høve til å brødfø ei aukande befolkning og understøtte økonomisk utvikling. Det er tørre og halvtørre område i sør, og område som er utsette for flaum og havnivåstigning som vil vere mest sårbare. Sjølv om uvissa er stor, er det viktig å erkjenne at klimaendringane vil kunne få langtrekkjande konsekvensar for mattryggleik, økonomisk utvikling, migrasjon og konflikt.

I tida som kjem må ein sjå på alle høve til å nytte den kunnskapen ein har om samverknader mellom miljøområde. Ein må søkje å bryte negative synergieffektar og i staden finne løysingar som kan vere bra for fleire miljøområde på same tid. Til dømes vil betre bevaring av skog i dei enkelte landa minske utslepp av drivhusgassar og såleis medverke til å bremse den negative globale klimautviklinga. Betre skogbevaring vil òg bety betre vilkår for naturmangfald og naturlege økosystem, noko som igjen vil ha store positive verknader for dei økosystemtenestene som menneskesamfunnet er så avhengige av. Den norske skogsatsinga vil vere eit viktig bidrag i denne sammenhengen.

Verkemidla i miljøpolitikken blir stadig meir prega av dette dynamiske forholdet mellom internasjonalt og nasjonalt nivå. Måla blir i stor grad sette gjennom vedtak i konvensjonane, men dei må nåast gjennom tiltak i enkeltland. I tillegg utviklar EU eigne miljøreglar som oppfølging og videreutvikling av miljøkonvensjoner. Gjennom EØS-avtala vert dei fleste av EUs miljøreglar gjennomførte i norsk miljølovgiving. På eit område som miljøgifter blir reglane som gjeld for Noreg i hovudsak utvikla gjennom EUs kjemikaliereregulering og -forvaltningsregime, der Noreg deltek aktivt i arbeidet under Europakommisjonen for å påverke EUs utvikling av reglar. På dette området har Noreg og EU ein ambisiøs politikk, noko som òg gjer det enklare å arbeide for ambisiøse reglar på internasjonalt nivå.

Samtidig ser ein òg at drivkreftene bak den allmenne samfunnsutviklinga og dermed miljøutviklinga i aukande grad blir internasjonaliserte i dagens globale økonomi. Både EU og Verdas han-

delsorganisasjon WTO setter t.d. viktige rammesvilkår for utviklinga i Noreg. I dei siste åra har vi under WTO-forhandlingane sett ei utvikling der enkelte land utanfor EU/EØS har fremja forslag som undergrev EUs kjemikaliepolitikk. Det er derfor viktig å arbeide for eit internasjonalt rammeverk – på miljøområdet og elles – som moglegjer ambisiøse miljøreglar på nasjonalt, regionalt og globalt nivå.

Det er behov for eit omfattande internasjonalt samarbeid for å sikre utvikling av ein ambisiøs miljøpolitikk og effektive globale verkemiddel. Dette må til både innanfor dei organisasjonane som har miljø som føremål og dei institusjonane som legg rammene for den almenne utviklinga. På trass av mange positive utviklingstrekk, er det liten tvil om at tilstanden på område som klima og naturmangfald går i feil retning. Alle seriøse statusrapportar viser dette. Ein har heller ikkje lukkast med å få fram eit samarbeid som grip tak i problema på tilstrekkeleg effektiv måte. Miljøkonvensjonane og internasjonalt samarbeid på viktige område er prega av sterke motsetnader som gjer det vanskeleg å snu utviklinga. Mykje gjenstår før ein har fått til eit effektivt samarbeid som går i retning av berekraftig utvikling.

Internasjonalt miljør samarbeid skjer under globale miljøavtaler som dekkjer klima (jf. resultat område 11), naturmangfald (jf. resultat område 1-5) og miljøgifter (jf. resultat område 9) og under det bilaterale miljør samarbeidet med ein del sentrale utviklingsland, som Kina, India, Brasil og Sør-Afrika. Kapitlet om internasjonalt samarbeid omfattar òg anna relevant samarbeid (ut over dei reine miljøavtalene) innanfor FN, EU, Verdas handelsorganisasjon (WTO) og anna samarbeid om handels- og investeringspolitikk, OECD, nordisk, anna bilateralt samarbeid og nord- og polarområda. Gjennom EØS-avtala vert mykje av EUs miljøreglar gjennomført i norsk miljølovgiving og er omtalt under det enkelte resultatområdet. Verkemidla dekkjer både Miljøverndepartementets og andre departement sine ansvarsområde.

Miljør samarbeid under FN-paraplyen

Det globale miljøstyresettet treng styrking og reform. Det vart slått fast i ein rapport frå FNs generalsekretær av mai 2010 at miljøpilaren sakk akterut samanlikna med dei andre pilarane i berekraftig utvikling. Fra norsk side arbeider en for at FNs miljøprogram på sikt skal oppgraderast til FNs miljøorganisasjon.

FNs toppmøte, Rio 2012, har tema grøn økonomi i samanheng med kamp mot fattigdom og styr-


king av det institusjonelle rammeverket for berekraftig utvikling. Frå norsk side arbeider ein for at UNEP skal komme styrkt ut av Rio 2012-møtet og at FN får mandat til å lage ein strategi for FN-systemets samla miljøarbeid. FNs miljøprogram, UNEP, må styrkjast i rolla som FNs viktigaste policy-organ på miljøområdet. Betre normative og kunnskapsgenererande funksjonar, auka samhandling med andre FN-organ og å unngå unødige dobbeltarbeid og kompetansestrid vil medverke til slik styrking. Toppmøtet må medverke til å bygge tillit mellom land, ved å vise korleis, eventuelt med kva verkemiddel, bevaring av naturgrunnlaget sikrar og ikkje hindrar langsiktig vekst og velferd i utviklingslanda. Energi for alle og fremjing av auka energitilgang på klimavennleg vis, vil vere eit norsk innspel til konkretiseringa av grøn økonomi. Klimarobust landbruk og bevaring av økosystemtenester vil òg stå sentralt i norsk innsats for auka matvaretryggleik. Miljøverndepartementet vil òg, i tett samarbeid med dei nordiske landa, følgje aktivt opp den semja som vart oppnådd under FNs miljøprogram i juni 2010 om å etablere eit internasjonalt panel for kunnskap om biologisk mangfald og økosystemtenester – Naturpanelet – etter modell av Klimapanelet.

Viktige internasjonale miljøavtaler og finansiering av globale miljømål

Noreg skal vere ein pådrivar i arbeidet med å utvikle globale avtaler for å møte miljøutfordringa og eit føregangsland i oppfylling og implementering av slike avtaler.

Nokre internasjonale avtaler dekkjer spesielle og regionale utfordringar, mens andre er globale. Mange av miljøavtalene er underlagt FN, fordi eit grenseløst samarbeid er nødvendig for å løse problem som artar seg på same måten i mange land. Miljøforvaltninga deltek i forhandlingar for å utvikle best mogleg avtaler og i arbeid for å medverke til at avtalene blir følgde opp i praksis.

Her er det gitt ei kort beskriving av dei viktigaste avtalene på miljøområdet, så som klimakonvensjonen, internasjonale avtaler på miljøgiftområdet og konvensjonen om biologisk mangfald. Elles viser vi i ein tabell dei viktigaste avtalene for Noreg. Nokre store internasjonale avtaler har òg stor innverknad på miljøområdet, som EØS-avtala, UNESCO-konvensjonen om verdens kultur- og naturarv, Forørkningskonvensjonen om kampen mot forørkning, Antarktistraktaten og Havrettstraktaten. Noreg har òg underteikna mange bilaterale avtaler og ministererklæringar på miljøområdet. Ei oversikt over alle internasjonale avtaler på miljøområdet finst på www.miljostatus.no.



Figur 10.1 Figur over dei viktigaste internasjonale konvensjonar på miljøområdet.

Noreg undertekna i 1992 FNs rammekonvensjon om klimaendring (Klimakonvensjonen), som er det sentrale rammeverket for det internasjonale klimasamarbeidet. Konvensjonen er ratifisert av 195 partar. Gjennom Klimakonvensjonen er partane forplikta til å arbeide for at konsentrasjonen av klimagassar i atmosfæren skal stabiliserast på eit nivå som hindrar ein farleg og negativ menneskeskapt påverknad på klimasystemet. Dette skal gjerast gjennom å etablere nasjonale klimastrategiar og gjennomføre tiltak for å redusere utslipp av klimagassar. Klimakonvensjonen inneheld ingen talfesta utslppsforpliktingar for partane. I Mexico i desember 2010 vart det oppnådd semje om togradermålet, dvs. at vi saman med andre land har forplikta oss til å redusere omfanget av klimaendringane til ein auke i verdas gjennomsnittlege temperatur på under to grader samanlikna med førindustriell tid.

Kyotoprotokollen frå 1997 er ei juridisk bindande internasjonal klimaavtale under Klimakonvensjonen. Alle industrialiserte land, unntekt USA, har under Kyotoprotokollen forplikta seg til talfesta utslppsreduksjonar. I tillegg kan landa

bruke dei fleksible gjennomføringsmekanismane under protokollen til å kjøpe og selje utslppscredittar. Dette for å sikre at klimagassutsleppa blir gjennomførte der dei kostar minst, samtidig som målet for dei samla totale utslppsreduksjonane blir fasthalde. Kyotoprotokollen sin styrke er at den har nedfelt bindande kvantitative utslppstak for kvart land. Den har felles reglar for korleis landa skal rekne, rapportere, måle og bokføre utslppsreduksjonar og felles retningslinjer for korleis landa skal bokføre bruk av fleksible gjennomføringsmekanismar. Ei stor svakheit med protokollen er at den ikkje er tilstrekkeleg til å nå togradermålet i seg sjølv, ettersom berre om lag 30 pst. av dei globale klimagassutsleppa er omfatta av den.

På partsmøtet for FNs klimakonvensjon på Bali i Indonesia i 2007 starta ein forhandlingsprosess for å etablere ei klimaavtale som omfattar alle land. Målsetjinga var at alle sentrale forhandlingsområde under Klimakonvensjonen skulle samanstilla til ei heilskapleg klimaavtale. Bali-mandatet har fire hovudpilarar: utslppsreduksjonar, klimatilpassing, teknologioverføring og finansiering.

Arbeidet med å få på plass ei ny avtale er enno ikkje avslutta.

Internasjonalt arbeid er nødvendig for å redusere bruk og utslepp av miljøgifter globalt, både for å redusere mengda langtransportert forureining og for å redusere produksjonen, omsetninga og bruken av miljøgifthaldige produkt som er produserte utanfor Noreg. Noreg arbeider med å få inn forbod og avgrensingar mot fleire stoff gjennom Stockholm-konvensjonen om persistente organiske miljøgifter, Rotterdam-konvensjonen om handel med farlege kjemikalier, og UNECE-protokollane om respektive organiske miljøgifter og tungmetall. Noreg ønskjer òg å styrkje Basel-konvensjonen om farleg avfall, bl.a. for å sikre at ikkje farleg avfall blir dumpa i utviklingsland. Noreg er òg ein pådrivar for streng regulering av bruk og utslepp av kvikksølv i den nye globale konvensjonen om kvikksølv som no blir forhandla fram. Denne konvensjonen skal vere ferdig i 2013. Noreg støttar den globale kjemikaliestrategien SAICM, som medverkar til grunnleggjande kapasitetsbygging for kjemikalieforvaltning i utviklingsland, og er ein viktig del av den norske satsinga for å redusere dei globale utsleppa av helse- og miljøfarlege kjemikalier.

FNs konvensjon om biologisk mangfald (CBD) er det sentrale internasjonale rammeverket rundt arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet. Denne konvensjonen er eit uttrykk for verdsamfunnet si bekymring over tapet av naturmangfald og behovet for tiltak for å motverke dette gjennom vern og berekraftig bruk av naturmangfald. Konvensjonen seier òg at goda som oppstår gjennom bruk av genetiske ressursar skal fordelast rettferdig. Avtala vart framforhandla i 1992 og er no ratifisert av 193 partar. Konvensjonen er ein prosessorientert rammekonvensjon som fastlegg overordna mål, prinsipp og generelle forpliktingar, mens spesielle forpliktingar blir utforma gjennom protokollar, arbeidsprogram og partsmøtevedtak.

Konvensjonen har i dag to protokollar. Den eine er Cartagena-protokollen om handel med og bruk av levande genmodifiserte organismar (GMO). Den andre er Nagoya-protokollen om tilgang til genressursar og rettferdig fordeling av fordelar ved bruk av desse, som blei vedtatt på det 10. partsmøte i Nagoya, Japan hausten 2010. Alle partsland er pålagt å setje i verk tiltak for bevaring og berekraftig bruk av naturmangfald mellom anna gjennom nasjonale strategiar, handlingsplanar og rapportering som skal gjelde for alle samsfunnssektorar. Dette pålegg utviklingslanda ei stor bør, som forvaltarar av størsteparten av jor-

das naturmangfald. For å sikre ei rettferdig byrdefordeling er dei industrialiserte landa forplikta til å medverke med finansiering, overføring av teknologi og tiltak for rettferdig fordeling av gode.

Under verdskonferansen for berekraftig utvikling i 2002 vart det sett eit internasjonalt mål om å oppnå ein betydeleg reduksjon av tapsraten av naturmangfald innan 2010. Dette målet er i 2010 evaluert under Konvensjonen om biologisk mangfald, blant anna gjennom statusrapporten *Global Biodiversity Outlook 3* som vart presentert i mai 2010. Rapporten konkluderer med at det globale målet om å «oppnå en betydelig reduksjon av det nåværende tapet av biologisk mangfold» ikkje er nådd. Rapporten viser at utviklinga «går den gale vegen», og at arter og økosystem blir utrydda raskare enn nokon sinne. Tapsraten har auka sidan 2002, og nesten ein firedel av alle plantearter er nå vurderte som utryddingstruga. Nokre økosystem er i ferd med å nå kritiske vippepunkt der naturen ikkje lenger vil vere i stand til å tilpasse seg ytre endringar og heller ikkje kunne levere dei økosystem tenestene alle er avhengige av.

For å medverke til arbeidet med å beskytte felles globale miljøgode i verdas fattige land har velståande land over to tiår bidrege til verdas største miljøfond, Det globale miljøfondet (GEF). Investeringsbehovet er likevel mangfaldige gonger større enn det som kan skaffast gjennom frivillige bidrag, så det er viktig å nytte desse gåvemidlane til å skape interesse for og evne til å innarbeide miljøomsyn i regelverk og utløyse nasjonale og private midlar. Utanriksdepartementet har ansvar for Noregs bidrag til Det globale miljøfondet og Miljøverndepartementet har ansvar for å sjå til at fondet støttar formåla i dei multilaterale miljøavtalene. FNs miljøprogram tek del i styringa av fondet gjennom ansvaret for vitskapeleg og teknologisk rådgiving for GEF.

Nye globale mål for bevaring av naturmangfald

På det 10. partsmøtet under Konvensjonen om biologisk mangfald i 2010 i Nagoya, Japan vart det semje om eit nytt globalt mål: «Effektiv og umiddelbar handling for å stanse tap av naturmangfald for å sikre at økosystemene i 2020 er velfungerende og leverer nødvendige økosystemtjenester.» I tillegg vart det vedteke 20 delmål for korleis ein skal oppnå dette overordna globale målet.

Dei nye globale delmåla skal implementerast i partslanda sin nasjonale politikk. Partsmøtet i Nagoya vedtok at landa skal utvikle nasjonale mål med utgangspunkt i dei nye internasjonale måla. Landa skal rapportere om dette til Konvensjonen

før partsmøtet i India i oktober 2012. Vidare vart det vedteke at landa skal oppdatere/revidere sine nasjonale handlingsplanar ut frå dei nye globale måla, og at gjennomføringa av slike handlingsplanar/strategiar skal vere starta seinast innan 2015. Desse strategiane/planane blir vurderte som kvart enkelt land sitt hovudinstrument for gjennomføring av konvensjonen.

Mange av dei nye globale delmåla er innlemma i dei nye nasjonale måla under resultatområde 1-5 og under kulturlandskap i resultatområde 6, jf kapitla 11 - 16. Alle dei nye globale tilstandsmåla kan finnast direkte i målstrukturen. Dei globale delmåla som er prosessmål eller verkemiddel mål blir ikkje synleggjort direkte i den nasjonale målstrukturen fordi dei nasjonale måla nå i hovudsak er tilstandsmål. Dei globale prosess- og verkemiddel måla representerer verkemiddel og prosessar som enten er i bruk eller vil bli tatt i bruk i nasjonale strategiar. Dei vil bli rapportert til Konvensjonen på sida av dei nye nasjonale måla. Dei globale delmåla som omfattar formidling av og innarbeiding av verdiane av naturmangfald i rapporteringssystem, nasjonale avgjerdsprosessar og om mogleg i nasjonalregnskap er under oppfølging. Regjeringa har vedteke å oppnemne eit ekspertutval om verdier av økosystemtenester. Utvalet skal greie ut korleis kunnskapen om verdiane av naturmangfaldet og økosystemtenestene kan styrkast slik at grunnlaget for avgjerder blir betre, og foreslå metodar for å vurdere og verdsette konesekvensane for velferd og livskvalitet av endringar i naturmangfaldet og økosystemtenester. Utvalet skal også komme med forslag om korleis slike verdier kan bereknast som del av Noregs nasjonalformue. Utvalet sitt arbeid vil legge grunnlag for å følgje opp det globale delmålet om å fase ut eller reformere verkemiddel, under dette subsidiar, som er skadelege for naturmangfald. Norsk oppfølging av det globale delmålet om styrking og aktiv bruk av kunnskap om naturmangfald som grunnlag for avgjerder blir omtalt under kapittel 8 Kunnskap og innfor resultatområda 1-6

Eit av prosessmåla gjeld når Nagoya-protokollen skal tre i kraft og vere operativ. Noreg underteikna protokollen i New York 11. mai 2011, og regjeringa har som mål å ratifisere protokollen før neste partmøte i India i oktober 2012. Som eit ledd i prosessen med ratifisering vil det også bli utarbeida ei forskrift heimla i naturmangfaldlova og havressurslova om uttak av genetisk materiale i Noreg, og utnytting av dette materialet. Det globale delmålet om bruk av urfolks og lokalsamfunns tradisjonelle kunnskap som er relevant for

bevaring av naturmangfald blir indirekte følgt opp gjennom arbeidet med Nagoya-protokollen. Konsultasjonsordninga med Sametinget og ulike høyringsprosessar, særleg etter plan- og bygningslova dekkjer føresetnaden om deltaking i relevante prosessar. I nært samarbeid med samiske miljø og organisasjonar, ideelle organisasjonar og ei rekkje andre fagmiljø, er det starta arbeid med innsamling, systematisering og formidling av tradisjonell om natur, økologi og tradisjonar.

Handel, investeringar og miljø

Ei viktig utfordring i åra som kjem er korleis ein skal sikre at dei store handels- og investeringsstraumane støttar ein grøn økonomi og ikkje medverkar til å underminere til dømes miljøpolitikken. Handels- og investeringsavtaler kan setje så strenge krav til dokumentasjon og bevis at det blir vanskeleg å føre ein ambisjøs miljøpolitikk på område som kjemikalier/miljøgifter og genmodifiserte organismar. Men slike avtaler kan òg gi rom for og medverke positivt til ein ambisjøs miljøpolitikk. Her vil til dømes EFTAs nye utkast til bindande reglar om miljø og arbeidstakarrettar i EFTAs handelsavtaler kunne bli eit viktig bidrag. Gitt den sterke veksten i bilaterale og regionale handels- og investeringsavtaler er det viktig å arbeide for at desse avtalene blir utforma slik at miljøpolitikk kan gjennomførast både nasjonalt og internasjonalt for å løyse dei store globale miljøutfordringane.

Utanriksdepartementet og Nærings- og handelsdepartementet har hovudansvaret for handels- og investeringspolitikken. Miljøverndepartementet si rolle er å vere pådrivar for god miljøintegrering av desse politikkområda, til dømes norske posisjonar som bidreg til at vi kan fortsette ein ambisjøs miljøpolitikk, under dette ein restriktiv politikk på kjemikalier og genmodifiserte mekanismar. Ein stor del av varene som blir nytta i Noreg, er produserte utanfor landets grenser. Det er viktig at ikkje dette fører til at Noreg medverkar til miljøskadar i andre land. For å unngå dette blir det nytta informasjonstiltak, grønare offentlege innkjøpskjelder, meir etisk handel og miljøomsyn for investeringar.

EU, EØS og miljøpolitikken

EU er ein pådrivar i internasjonal miljøpolitikk. Internasjonalt samarbeid i globale og regionale miljøfora er ramma både for EU og Noreg når miljøpolitikken blir utforma. Internasjonale konvensjonar er følgde opp eller har danna utgangspunkt

for regelverk i EU. Det gjeld blant anna på område som kjemikaliar, vatn, klima, luft og avfall. For å halde oppe eit høgt ambisjonsnivå i miljøpolitikken har EU på enkelte område gått lengre enn miljøkonvensjonane ved å påleggje EU-landa strengare forpliktingar. Vi har sett i dei seinaste åra ein stadig sterkare dynamikk mellom EU og arbeidet i dei ulike konvensjonane der samspelet fremjar ein meir ambisjøs miljøpolitikk. Når utviklinga av globalt regelverk ikkje lykkast kan EU gå føre ved utvikling av eige regelverk. Det har for eksempel lenge vore erkjent at luftfartssektoren representerer eit raskt veksande bidrag til klimagassutslepp. Når arbeidet i FNs luftfartsorganisasjon ikkje har resultert i konkrete globale tiltak for å redusere klimagassutslepp frå luftfarten vedtok EU i 2008 sitt eige luftfartskvotedirektiv som inneber at CO₂-utslepp frå luftfartssektoren blir inkludert i EUs kvotesystem frå 2012.

Noreg og EU har eit omfattande miljør samarbeid, men ein del sentrale miljøpolitiske område er likevel ikkje omfatta av EØS-avtala. Det gjeld naturvern og forvaltning av naturressursar, landbruk og fiskeri. På desse områda er ikkje Noreg forplikta av EUs rettsakter, men EUs regulering av vilkåra for desse sektorane har betydning for Noreg. I lys av utviklinga sidan avtala vart inngått, og den omfattande praksisen som ligg føre i å innlemme EUs rettsakter på miljøområdet, peiker miljøområdet seg ut som ein sentral del av EØS-samarbeidet.

EU/EØS-regelverket er viktig for å sikre felles reglar og for å tilstreve ein høg miljøstandard i heile Europa. Det felles europeiske regelverket har betydning også i forhold til handel med tredje land, det gjeld til dømes krav til kjemikaliar, avfallshandtering og handel med tømmer.

EUs regelverk påverkar norsk regelverk gjennom implementering i norsk rett som følgje av EØS-avtala. Miljøverndepartementet har det overordna ansvaret for å medvirke til ein sterk miljødimensjon i utforminga av EUs politikk på prioriterte område for Noreg, mens Utanriksdepartementet har det overordna ansvaret for Noregs europapolitikk. Miljør samarbeidet med EU stiller stadig auka krav til Noreg, blant anna som følgje av stadig raskare utvikla og meir sektorovergripande miljøregelverk. Vedteke regelverk er oftare rammeverk som fortløpande blir utvikla vidare og konkretisert i eige regelverk. Aktiv deltaking og påverknad av EUs miljøpolitikk krev god koordinering mellom departementa og rask utvikling av nasjonale posisjonar. Det er viktig å gi konkrete og fagleg godt grunnlag innspel i alle fasar av EUs politikktutvikling. Dei viktigaste kanalane for

deltaking og påverknad er Kommisjonens ekspertgrupper og komitear, formannskapslandet, andre innflytelsesrike medlemsland og det nordiske miljør samarbeidet. Europaparlamentet har fått stadig større politisk innverknad. Parlamentet har medråderett og veto i så godt som alt miljøregelverk som seinare skal innlemmast i EØS-avtala og norsk regelverk. Implementering av EU-regelverk i norsk rett er ein viktig del av EU/EØS-samarbeidet, og deltaking i relevante EU-komitear gir høve til å opparbeide naudsynt kompetanse for å innlemme regelverket i norsk rett i tillegg til tidleg påverknad.

Miljør har ein sentral plass i EUs strategi for berekraftig vekst og auka sysselsetjing, Europe 2020. Auka ressurseffektivitet er sett på som ein føresetnad for å skape ein meir konkurransedyktig økonomi og auka sysselsetjing. EU-satsing på auka ressurs- og energieffektivitet er samtidig ei drivkraft regionalt og globalt for vidare utvikling av ein ambisjøs miljøpolitikk.

Noreg samarbeider med andre land i Europa om betre tilgang til stadfesta miljøinformasjon. Det er under etablering ein felles europeisk infrastruktur for geografisk informasjon (INSPIRE), bl.a. med etablering av elektroniske tenester for tilgang til offentleg geografisk informasjon over Internett.

EØS-midlane er eit viktig miljøpolitisk verkemiddel for Noreg, og er eit bidrag til at dei nye EU-landa gjennomfører vedteken miljøpolitikk i EU. EØS-midlane gir oss òg høve til å styrkje det langsiktige miljø- og kulturarvsamarbeidet med mottakarlanda og gjennom programsamarbeid vidareutvikle det faglege samarbeidet på område der Noreg har mykje å bidra med. Rundt ein fire-del av EØS-midlane skal nyttast til auka satsing på miljø og klima i femårsperioden 2009-2014. Støtte til energieffektivisering, fornybar energi, og reduksjon av klimagassutslepp har vore viktige satsingar og vil framleis bli prioritert. I tillegg er satsing på karbonfangst og lagring, klimatilpassingar, naturmangfald, vatn- og havforvaltning, og kulturarv viktige område i inneverande periode.

Nordisk og OECD

Miljøverndepartementet vil medverke til at det nordiske miljør samarbeidet påverkar globalt og regionalt miljøarbeid på prioriterte område som klima, naturmangfald og kjemikaliar. Eksempel er felles forståing av økosystema sin verdi, strengare kjemikalierregulering i EU og globalt, og utvikling av ramma for å fremje grøn økonomi. Noreg overtek formannskapet i 2012 med Den nordiske vel-

ferdsmodellen som overbygning og med Klima og grønn økonomisk vekst som eit tverrgående tema. I 2012 har Danmark EU-formannskapet med fokus på grønn økonomi. God koordinering av nordisk formannskap og dansk EU-formannskap er sentralt og aukar moglegheitene for aktiv nordisk påverknad av Rio 2012.

Det er òg viktig å medverke til at Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD) held fram med å støtte den miljøpolitiske agendasetjinga som premissleverandør av fagleg og politisk relevante analysar, retningslinjer og normer, særleg organisasjonen sitt arbeid med klima og verdisetjing av økosystemtenester. I samband med OECDs neste miljøministermøte i mars 2012, der konkretisering/operasjonalisering av OECDs grøne vekststrategi vil vere tema, vil det frå norsk side vere viktig å arbeide for eit resultat som gir eit godt innspel til Rio 2012.

Utviklingssamarbeid og bilateralt miljøsamarbeid

Land med raskt veksande økonomi har både stor påverknad på den globale miljøtilstanden og stor betydning for å følgje opp og utvikle globale miljøavtaler. Miljøverndepartementet har særskilde avtaler om samarbeid med miljøstyresmaktene i blant anna Kina, India, Brasil og Sør-Afrika. Desse landa har stor betydning for utvikling av den globale miljøtilstanden, i kraft av store og aukande klimagassutslepp, utslepp av miljøgifter og stort biologisk mangfald som er truga. Dei er derfor sentrale i internasjonalt miljøvernsamarbeid. Det bilaterale samarbeidet skal byggje relevant fagleg samarbeid og gi ei plattform for dialogen om internasjonale miljøutfordringar. Miljøverndepartementet skal leggje til rette for slik dialog blant anna ved å sikre ein prosjektportefølje ved ambasadane som styrkjer landa si evne og vilje til å ta på seg og gjennomføre internasjonale forpliktingar i klimakonvensjonen, konvensjonen om biologisk mangfald og i konvensjonane om farleg avfall og kjemikalier.

Regjeringa har gjort miljø og klima til sentrale satsingsområde i Noregs bistand til dei fattigaste landa og i samarbeidet med land med rask økonomisk utvikling. Miljøverndepartementet arbeider, saman med bl.a. Utanriksdepartementet, for å få til effektiv klimatilpassing på ulike område, som tiltak knytte til klimautviklinga sine konsekvensar for global mattryggleik. Ei viktig satsing her vil vere tiltak for å sikre dei genetiske ressursane som trengst for at landbruket skal kunne tilpassast nye klimaforhold.

Miljøverndepartementet vil, i samarbeid med Utanriksdepartementet, bidra til at Stortingsmelding 14 (2010-2011) *Mot en grønnere utvikling* blir gjennomført. Kunnskapsgrunnlaget, nødvendige institusjonar, lover, reguleringar og andre verkemiddel må på plass for at ei grønnare utvikling skal kunne realiserast. Noreg skal bidra til at utviklingslanda vel ei lågutsleppsutvikling og får på plass system for ei berekraftig forvaltning av naturressursane. Særskilt vil miljøpilaren innanfor programmet Olje for Utvikling, programmet Rein Energi, Regjeringas klima- og skogprosjekt og klimatilpassing bli følgt opp.

Departementet deltek òg i Miljø for Europa-prosessen, der formålet er å betre miljøsituasjonen i dei tidlegare sovjetrepublikkane (med unntak av Russland), og samarbeider med Utanriksdepartementet i innretting av miljøprosjekt i desse landa.

Nord- og polarområda

Nord- og polarområda er blant dei stadene på kloden der klimaendringane gjer seg raskast og sterkt gjeldande. Samtidig blir presset på miljøet forsterka ved lettare tilgjenge, auka transportverksemd og ressursutnytting. Semja mellom Noreg og Russland om delelinja i Barentshavet vil òg venteleg medverke til auka økonomisk verksemd i området.

Denne utviklinga gjer det naudsynt at strenge miljøkrav og sikring av særleg verdifulle og sårbare område og artar kjem på plass *før* aktiviteten aukar og spreier seg til nye område. Om naturmangfaldet i nord skal takast vare på som grunnlag for verksemd og velferd i framtida, må det sikrast gjennom ei heilskapleg og langsiktig forvaltning grunna på føre var-prinsippet og prinsippet om samla belastning. Berre slik kan ein syte for at aktivitet og påverknad blir vurdert samla, og unngå at meir næringsverksemd og utnytting av naturressursane i nord fører til ringare miljøkvalitet eller kjem i konflikt med natur- og miljøvernomsyn og berekraftig bruk av økosystema. Dette set høge krav til både nasjonale reglar og rammer, og til samarbeid og samordning av forvaltninga på tvers av landegrensar. Desse prinsippa ligg til grunn både for naturmangfaldlova, svalbardmiljølova og forvaltningsplanane som skal sikre ei heilskapleg, økosystembasert forvaltning av norske havområde, og blir fremja av Noreg i det bilaterale samarbeidet med Russland og innanfor Arktisk Råd.

Ei heilskapleg forvaltning må vere grunnlag på beste tilgjengelege kunnskap. Regjeringa er

oppteken av at kunnskapsgrunnlaget for forvaltninga av miljøet og ressursane skal vere solid, og at konsekvensane for miljøet skal vere grundig vurderte før ein fattar avgjerd om ny aktivitet. Slik kan ein gjere betre vurderingar av kva krav ein bør stille og kor grensene for menneskeleg aktivitet bør trekkjast av omsyn til sårbare område og arter i nordområda.

Ei berekraftig forvaltning av miljøet i nord krev ein målretta nasjonal innsats og eit målretta internasjonalt samarbeid. Slikt samarbeid må femne om både dei landa vi deler naturrikdommane med, og dei landa som driv verksemd i nord. Samarbeidet må òg knytast opp mot globalt samarbeid for å stogge klimaendringar og forureining som trugar miljøet og dei levande ressursane i regionen.

Miljøvernssamarbeid i nord har òg betydning for Noregs høve til å oppfylle sine plikter under miljøvernavtaler på område som klima, forureining, naturvern og vern av kulturminne.

Aktiv medverknad i Barentssamarbeidet og Arktisk Råd gir gode høve til koordinering av miljøarbeidet i nord når det gjeld forureining og miljøgifter, klimaendringar og bevaring av biologisk mangfald. Miljøverndepartementet arbeider for at Arktisk Råd skal medverke effektivt til betre vern av og eit betre kunnskapsgrunnlag om miljøet i Arktis.

På ministermøtet i Nuuk på Grønland i mai 2011 var det stor vilje blant medlemslanda til å bruke Arktisk råd meir aktivt, og det vart bestemt at eit permanent sekretariat for Arktisk råd skal leggjast til Tromsø. Ein omfattande analyse av snø, is og permafrost i Arktis vart lagt fram på ministermøtet, og viser at havis, permafrost og brear i Arktis smelter meir og raskare enn ein trudde før. Kortliva klimagassar som sot har særleg stor betydning i Arktis, og Noreg har teke initiativ til eit prosjekt for å redusere utslepp av sot frå fyring. Noreg er ein viktig bidragsytar til to større prosjekt under Arktisk råds arbeidsgruppe for bevaring av arktisk flora og fauna (CAFF), knytt til overvaking og bevaring av biologisk mangfald. Noreg finansierer storparten av sekretariatet til Arktisk Råds miljøovervakingssystem (AMAP) og medverkar aktivt i programmet, blant anna for å samanfatte oppdatert kunnskap om havforsuring i Arktis. Noreg deltek òg i projektsamarbeidet for å redusere faren for forureining av miljøgifter i Arktis. Ein rapport om kvikksølv i Arktis vart lagt fram for Arktisk råds ministermøte i mai 2011, og syner at kvikksølv framleis representerer ein risiko for dyreliv og befolkning i Arktis. Innanfor Arktisk råd er Noreg ein viktig pådrivar for å

fremje heilskapleg havforvaltning og beskytte dei arktiske marine områda. Fram til mai 2011 har Noreg hatt leiarskapet i arbeidsgruppa for vern av det arktiske marine miljøet (PAME), og medverka aktivt i prosjekt for å styrkje implementering av heilskapeleg forvaltning i arktiske havområde.

Situasjonen i nordområda gir nye kunnskapsutfordringar på miljø- og klimaområdet. Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning i Tromsø, vart etablert i september 2010 og i 2011 vart det sett i gang betydeleg fleirfagleg/tverrfagleg forskning og tett samarbeid innanfor rammene av faglege satsingsområde, dei såkalla flaggskipa. 19 norske institusjonar inngår i senteret og det blir etablert gode forskingsnettverk òg internasjonalt.

Noreg og Russland har eit særskilt ansvar for å verne naturmiljøet og for ei berekraftig utnytting av ressursane i området. Eit breitt og effektivt miljøvernssamarbeid med Russland står derfor sentralt i Regjeringas nordområdestrategi. Havmiljø og samarbeide i grenseområda er spesielt prioriterte område. Den auka økonomiske aktiviteten som er venta som følge av den nye nordskrussiske delelinja gjer det naudsynt med eit tett samarbeid om heilskapeleg og økosystembasert forvaltning av Barentshavet. Utviklinga av eit konsept for ein forvaltningsplan for russisk side av Barentshavet, basert på dei norske erfaringane med forvaltningsplanen for Barentshavet og Lofoten, er derfor høgt prioritert. Saman med etableringa av eit felles nordskrussisk miljøovervakingssystem, vil dette utgjere viktige premisser for auka verksemd innan fiskeri, skipstransport og olje- og gassverksemd. Samarbeidet om radioaktiv overvaking er alt godt i gang. Miljøkrav til og kontroll av petroleumsvirksemd er òg viktige element i havmiljø-samarbeidet.

Ei styrkt miljøovervaking får ein sentral plass innan det grensenære samarbeidet, der dei store utsleppa frå nikkilverka på Kola framleis er den største utfordringa. Noreg vil halde fram med å følge opp overfor russiske styresmakter slik at naudsynte tiltak blir sette i verk for å få redusert utsleppa. Det er i tillegg ei høgt prioritert oppgåve å medverke til å eliminere dei såkalla Barents-miljø *hot spots*, som er store og kompliserte miljøutfordringar i Barentsregionen, beskrivne i Arktisk Råds miljøovervakingssystem og NEFCO si *hot spot*-liste frå 2003. Her er arbeidet i ferd med å komme over i ein tiltaksfase. Når Noreg avsluttar sitt formannskap i Barentsrådet i 2013 har ein som mål at fleire hot spots skal vere stroke av lista, basert på ei vurdering av at naudsynte tiltak er gjennomførde.

Noreg er ein aktiv deltakar i Barentssamarbeidet, der ein i miljøsamanheng i tillegg til arbeidet med hot spots fokuserer på reinare produksjon i industrien og berekraftig forbruk, forvaltning av naturmangfaldet og av vassressursane i regionen. Blant anna er det no høgt prioritert å etablere eit nettverk av verna område i Barentsregionen for å beskytte naturmangfaldet og økosystema. Med bakgrunn i at Barentsregionen vil bli hardt råka av klimaendringane, vil ein òg i samarbeid med dei andre delane av Barentssamarbeidet lage ein handlingsplan for å møte dei utfordringane klimaendringane vil medføre for regionen.

Svalbard er ein internasjonalt viktig natur- og kulturarv som Noreg har eit særskilt ansvar for å bevare. Ein medviten verneinnsats gjennom mange tiår har medverka til at berre ein liten del av Svalbards landområde er merkt av tyngre naturinngrep. Sjølv om situasjonen for det biologiske mangfaldet og villmarksnaturen i dag er god, er artar og økosystem sårbarare for fleire typar påverknad som er venta å auke. Dette gjeld særleg klimaendringar, men òg aukande ferdsløse og interesse for naturressursane på og ikring Svalbard.

Dei seinare åra har den urørte naturen på Svalbard fått større vekt som referanseområde for klima- og miljøforskning. Å sikre tilgangen til urørte område er derfor ei viktig utfordring.

Dei viktigaste verkemidla for vern av miljøet på Svalbard er svalbardmiljølova med forskrifter, overvaking av miljøtilstanden og aktivitetar som kan påverke den. Etter etablering av fleire nye ver-

neområde er det å tilpasse forvaltninga av desse områda til endringar i klima- og aktivitet gjennom forvaltningsplanar ei hovudutfordring.

Svalbards miljøvernfond har vært fullt operativt sidan 2008. Fondet tildelte i første tildelingsrunde i 2011 3,7 millionar kroner til 19 miljøvernprosjekt. For hausten 2011 og niende tildelingsrunde er det 7,5 millionar kroner til fordeling. Midlene går til ulike tiltak og prosjektar innafør berekraftig turisme, kulturminner, fiske og vilt, informasjon og opplæring, skjøtsel, gjenoppretting av miljøtilstanden, tilrettelegging, undersøkelser, kartlegging og overvåking av miljøtilstanden. Styret vil fortsette med to årlige tildelingsrunder og i 2012.

Statens kartverk driv eit geodetisk observatorium i Ny-Ålesund, som er ein del av eit globalt forskingsnettverk. Rørslene på jordoverflata, jordrotasjonen og jordas nøyaktige plassering i verdsrommet blir kartlagt her. Observatoriet er viktig for all satellitteknologi, klimaforskning og overvåking. Stasjonen har bemanning året rundt og bidreg til den faste busetnaden i Ny-Ålesund.

Miljøverndepartementet arbeider for å ta vare på miljøinteresser i Antarktis og vil medverke til eit godt samarbeid om forvaltninga av kontinentet. Norsk forskning, med utgangspunkt i vår heilårs forskingsstasjon Troll i Dronning Maud Land og gjennom deltaking i internasjonalt forskingsamarbeid, gir viktige bidrag både til å betre kunnskapsgrunnlaget for forvaltninga av Antarktis, og til det internasjonale klimaarbeidet.

11 Reultatområde 1 Levande hav og kyst

I Noreg finn vi nokre av dei mest produktive havområda i heile verda. Norske havområde har eit særst rikt naturmangfald med blant anna internasjonalt viktige bestandar av fisk som sild, torsk og lodde, og sjøfuglar som lunde, polarlomvi og alkekonge. Kvalross, storkobbe og kvitkval er døme på bestandar av sjøpattedyr. Korallreva langs norskekysten er unike i global samanheng. I høve til mange andre økosystem har havområda ikkje så mange arter, men hos nokre arter er det svært store bestandar. Noreg har ein storslått og variert kystnatur, både over og under vatn. Det er nær samanheng mellom økosystema i havet og på land, til dømes transporterer sjøfugl store mengder næring frå havet og inn på land. Mange av artene i kystsona er svært spesialiserte og ein del av dei finst berre her.

For Noreg har naturressursane frå havet ført til at vi er å rekne som ein av verdas viktigaste havnasjonar, og dei har medverka til verdiskaping og velstand. Petroleumsverksemda og fiskerinæringa er Noregs største eksportnæringar. Sjøtransport er ein betydeleg aktivitet i norske havområde, og det er eit betydeleg potensial for framtidig produksjon av fornybar havenergi. Rekreasjon og turisme knytt til friluftsliv i kystsona gir gode opplevingar og er òg grunnlag for økonomiske verdier.

Nasjonale mål – Levande hav og kyst

1.1 Dei marine økosystema sin struktur, verkemåte, produktivitet og naturmangfald skal oppretthaldast eller gjenopprettast og danne grunnlag for verdiskaping gjennom berekraftig bruk av ressursar og økosystemtenester.

Indikator:

- Føringar og tiltak i forvaltningsplanane for havområda som er gjennomførte innan dei fristar som er fastsette.

1.2. Alt kystvatn skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand eller godt økologisk potensial der dette er relevant innan 2021.

Indikatorar:

- Del av førekomstar av kystvatn i Noreg som tilfredsstillar miljømåla i vassforskrifta.
- Talet på vedtekne vassforvaltningsplanar.

1.3 Alle bestandar som blir hausta av fisk, virvellause dyr og tare skal vere forvalta økosystembasert og hausta berekraftig.

Indikator:

- Talet på arter der hausting og anna uttak er ein viktig faktor for negativ påverknad på økosystema.

1.4 Utryddinga av truga marine arter skal vere stansa, og status for arter i nedgang skal vere forbetra innan 2020.

Indikator:

- Talet på truga arter knytte til hav og kyst.

1.5. Dei mest truga naturtypene skal ha status som utvalde naturtypar.

Indikatorar:

- Talet på truga naturtypar knytt til hav og kyst.
- Talet på utvalde naturtypar i havet og på kysten.

1.6. Eit representativt utval av norsk natur skal vernast for kommande generasjonar innanfor naturmangfaldlova sitt verkeområde.

Indikator:

- Areal og del av verna areal (inkl. årleg endring) fordelt på naturtypar i hav og på kysten.

1.7 Verneverdiane i dei marine verneområda skal oppretthaldast/gjenopprettast.

Indikatorar:

- Talet på og del av verneområde der verneverdiane er truga i hav og kystområde.
- Talet på og del av verneområde med forvaltningsplan.

1.8. Innan 2015 er dei samla menneskeskapte belastningane på korallrev og andre sårbare økosystem som er påverka av klimaendringar eller havforsuring minimert, slik at deira funksjon i størst mogleg grad er halden oppe.

Indikatorar:

- Utvikling i surleiksgrad (pH).
- Talet på korallrev og andre sårbare økosystem påverka av havforsuring.

1.9. Dei mest truga artene skal ha status som prioriterte arter.

Indikatorar:

- Talet på prioriterte arter knytte til hav og kyst.
- Bestandssituasjonen for utvalde sjøfugl.
- Status på tareskog.

1.10. Ved innførsel og utsetjing av framande organismar skal vesentlege uheldige følgjer for naturmangfaldet unngåast. For dei mest skadelege framande organismane som allereie er sette ut i norsk natur skal tiltak for å nedkjempe desse vere sett i gang eller gjennomført.

Indikatorar:

- Talet på nedkjempings/utryddingstiltak fordelt pr art og fylke.
- Talet på handlingsplanar utarbeidde og sette i verk for allereie introduserte, skadelege organismar.

1.11. Utsetjing av genmodifiserte organismar skal ikkje føre til skade på naturmangfaldet, jf. genteknologilova.

Indikator:

- Talet på tilfelle der det er påvist mengder GMO over tilletne grenseverdier.

1.12. Dei nasjonale tilførslene av nærings salt og partiklar til kystvatn som er prega av overgjødsling eller nedslamming skal reduserast til eit nivå som sikrar god kjemisk og økologisk tilstand innan utgangen av 2021.

Indikatorar:

- Delen av kystvatn som har god kjemisk og økologisk tilstand.
- Del av kystvatn som står i fare for nedklassifisering som følgje av tilførsler av nærings salt.

1.13. Operasjonelle utslepp skal ikkje føre til helse- eller miljøskade eller medverke til auke i bakgrunnsnivåa av olje eller andre miljøfarlege stoff over tid.

Indikatorar:

- Mengda operasjonelle utslepp av olje- og miljøfarlege stoff i vatn frå petroleumsverksemd.
- Mengda operasjonelle utslepp av olje og miljøfarlege stoff frå skip og landbasert verksemd.

1.14. Risikoen for helse- eller miljøskade som følgje av akutt forureining skal haldast på eit lågt nivå og skal kontinuerleg søkjast redusert ytterlegare.

Indikator:

- Talet på og mengd akutte utslepp av olje og andre miljøfarlege stoff frå petroleumsverksemd, skip og landbasert verksemd.

1.15. Planlegging i kommuner, fylke og regionar skal medverke til å hindre uønska nedbygging i strandsona og sikre berekraftig ressursutnytting langs kysten

Indikatorar:

- Del av arealet i 100-metersbeltet langs kysten frå svenskegrensa til og med Hordaland som er tilgjengeleg for allmenta.
- Tall på dispensasjonar for nybygg i 100-metersbeltet langs sjø.
- Talet på nybygg i strandsona i medhald av plan.
- Omfang av planar for sjøareala langs kysten.

1.16. Transport og ferdsel på Svalbard skal ikkje medføre vesentlege eller varige skadar på vegetasjon eller forstyrre dyrelivet. Svalbards natur skal kunne opplevast uforstyrra av motorisert ferdsel og støy, også i område som er lett tilgjengelege frå busetjingane.

Indikatorar:

- Volum og fordeling av motorisert ferdsel til sjøs på Svalbard.
- Tal på og geografisk spreining av landstigningar frå cruiseskip utanfor planområda.
- Talet på helikoptertimar.

1.17. På Svalbard skal omfanget av villmarksprega område haldast oppe, naturmangfaldet bevarast tilnærma upåverka av lokal aktivitet, og verneområda sin verdi som referanseområde for forskning sikra.

Indikatorar:

- Del av verneområda med godkjent forvaltningsplan.
- Bestandsstatus på raudlistearter og andre utvalde arter.
- Status for framande artar og effektar av desse.

Tilstand

Havområda utgjer om lag seks gonger Noregs totale landareal innanfor 200-milssona. Tilstanden i Barentshavet og Norskehavet er generelt god med unntak for enkelte sjøfugl- og fiskebestandar. Nordsjøen og Skagerrak er sterkt påverka av menneskeleg aktivitet. Tilstanden i kystsona er

sterkt varierende. Tareskogane er blitt reduserte i fleire tiår både i nord og sør, og bestanden av kystorsk ligg no svært lågt. Ei rekkje sjøfuglbestandar er blitt sterkt reduserte dei siste åra. Brakkvatn, som er ei blandingszone mellom ferskvatn og sjøvatn, er òg rekna til det marine miljøet. Slike leveområde er sterkt utsette for påverknad frå land.

Ein viktig grunn til det store mangfaldet i norske havområde er førekomsten av grunne havområde, slik som Nordsjøen, Barentshavet og kontinentalsokkelen langs kysten. Svært mykje av havets biologiske produksjon går føre seg i slike grunne område.

Det finst ei rekkje ulike livsmiljø i havet. Den djupe havbotnen, dei frie vassmassane, kontinentalskråninga, dei grunnare områda med fiskebankar og dei helt kystnære områda gir mat og skjul til alt frå dei største kvalane til dei minste planktondyra. Fisk er næringsgrunnlag for mange sjøfugl, og den rike tilgangen på fisk forklarar i stor grad plasseringa til dei største sjøfuglkoloniane. Sjøfuglane er ein viktig del av kystnaturen og det marine økosystemet, og sjøfuglartene er sikre indikatorar på miljøtilstanden i havet. Fleire sjøfuglbestandar langs norskekysten har hatt ein urovekkjande tilbakegang. Lomvi er klassifisert som truga på Norsk Raudliste for artar 2010. For lomvi er situasjonen så alvorleg at det er eit spørsmål om tid før arten forsvinn som hekkefugl i mange fuglefjell langs fastlandskysten. Noreg har eit spesielt forvaltningsansvar for fleire sjøfuglarter fordi bestandane utgjer ein vesentleg del av den europeiske eller nordatlantiske bestanden. Sjøfuglprogrammet SEAPOP vil gradvis gi betre kunnskapsgrunnlag for å ta avgjerder i spørsmål som gjeld tilhøvet mellom sjøfugl og menneskeleg aktivitet i havområda og kystsona.

I kystsona og på sokkelområda finst spesielt artsrike samfunn knytt til tare, koralldyr og svamp. Desse artene skaper livsmiljø som gir skjul til og levestad for ei rekkje små artar som igjen er næring for fisk og sjøfugl langs kysten. Det er lite vi veit om tilstanden til desse artene totalt sett. Men botndyr som korallar, svamp og sjøfjør er særleg utsette for påverknad og belastning frå botnslepande reiskap i fiskeria som botntrål.

Stortaren og sukkertaren dannar tareskogar langs heile vår langstrakte kyst, og gir «husly» til ei rekkje artar av til dømes raudalgar, børstemakk, skjell, krepsdyr, slangestjerner, tanglopper, sniglar og store og små fisk. Det er ikkje uvanleg å finne opptil 100 forskjellige artar knytte til ei einaste tareplante, og om lag 250 artar av

mobile dyr er registrerte i tareskogen. Tilstanden for stortare er i ferd med å betre seg noko. Det er observert reetablering av stortare i ytre kystområde nord til Bodø der den før var nedbeita av kråkeballar. Lengre nord er det framleis store område med berre kråkeballar med noko tareskog innimellom. Tilstanden for sukkertaren har ikkje endra seg dei siste åra. Det er framleis omfattande bortfall av sukkertareskog langs kysten i Sør-Noreg. Det er anslått at omlag 80 pst. av sukkertaren er forsvunnen frå den norske Skagerrakkysten og at omlag 40 pst. er blitt borte langs kysten av Rogaland og Hordaland. Sukkertaren er i tillegg forsvunnen enkelte stader frå kystområda i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

Det er rekna ut naturindeks for natur mangfaldet knytt til vassmassane (pelagisk) og botnlevande artar i havet. Datagrunnlaget for dei botnlevande artene er vesentleg dårlegare enn for artene i vassmassane (pelagiske artar). Tilstanden for botnforholda er betre i det djupe Norskehavet enn i dei grunnare områda i Barentshavet, Nordsjøen og Skagerrak. Dei store fiskeria i havet påverkar alle artar som lever i vassmassane, både direkte via fiske, og også indirekte via endra næringskjeder. Naturindeksen for 2010 viser best tilstand i vassmassane i Barentshavet (NI=0,76), noko dårlegare i Norskehavet (NI=0,68) og Nordsjøen (NI=0,62), og dårlegast i Skagerrak (NI=0,49).

Berre 3 pst. (87 artar) av dei truga artene som er registrerte på Norsk raudliste for 2010 lever i havet. Den låge delen skuldast i stor grad manglande kunnskap, både om enkeltartar og grupper av artar, slik at det ikkje er grunnlag for å gjere raudlistevurderingar. Døme på truga artar i havet er dvergålegras, piggishavsreke, østers, ål, brugde, vanleg uer, klappmyss og grønlandskval.

Blant sjøfuglane er artene krykkje, lomvi, lunde og makrellterne nokre eksempel på truga artar.

Isbjørn er ein truga art. Det same er fleire av våre sjøpattedyr som til dømes klappmyss, narkval og grønlandskval.

Noregs naturtypar er no for første gongen vurdert av Artsdatabanken (2011). Av marine naturtypar på djupt vatn finn vi blant anna korallrev og muddervulkanbotn som døme på truga naturtypar i slike område. I marine grunne område er spesielt sukkertareskog i Skagerrak og Nordsjøen vurdert som truga.

Det er førebels ikkje vedteke nokon prioriterte artar eller utvalte naturtypar etter naturmangfaldlova i havområda.

Langs fastlandskysten er nokre korallrev beskytta etter fiskerilovgivinga. 36 område er kandidat område for marin verneplan, og det konkrete vernearbeidet er starta opp for 17 av desse områda.

Kysten omfattar område der hav og land gjen- sidig påverkar kvarandre. Inkludert fjordar og bukter har fastlands-Noreg 25 148 km kystlinje (data frå Statistisk Sentralbyrå). Når strandlinja langs øyane er rekna med, kjem vi opp i 83 281 km. Miljøtilhøva i kystsona gjer det mogleg med spesialisering og sameksistens av mange arter som ikkje lever i andre naturtypar. Eit viktig felles- trekk for kystsona er tilførsle av ekstra næring frå havet, mellom anna gjødsel frå sjøfugl, gytepro- dukt frå sild som kjem inn for å gyte og tang som blir skylt på land, vert brote ned og vaska tilbake til sjøen. Dette gir svært produktive økosystem, og tradisjonelt har naturtypa strandeng vore utnytta til både slått og beite. Opphøyr av slik drift har ført til attgroing i ei rekkje strandenger. Andre viktige naturtypar i strandsona er stranddyner og strandberg.

Typiske arter som tilhøyrer kysten er selane havert og steinkobbe, kysttorsk og ei rekkje andre fiskearter som gyt og veks opp i bl.a. tare- skogane. Ulike tangarter, rur og ei rekkje andre virvellause dyr er òg knytte til denne sona.

Om lag 13 pst. (485 arter) av dei truga artene lever på hav og land i kystsona. Insekt og anna småkryp dominerer biletet, men 79 karplanter er òg truga. Døme på truga arter i kystsona er

karplantene honningblom, purpurmarihånd og gul hornvalmue, sommarfuglen klippeblåvenge og buksebie. Den vesle orkideen honningblom, som lever i fuktige slåtteeenger og beitemark på strandeng, finst no berre på tre stader i Hvaler kommune, mens den for få år sidan var kjend frå om lag 70 lokalitetar i det sørlege og søraustlege Noreg. Honningblomen er svært sårbar overfor menneskeleg aktivitet. Alle slag omdisponeringar av areal, drenering, gjødsling og gjengroing som følgje av opphøyr av tradisjonell drift tek livet av den. Også klippeblåvengen, som helst vil leve i kystnære svaberg- og klippeområde, er sårbar for endringar i leveområde.

Vi finn sju naturtypar i kystsona på Norsk raudliste for naturtyper 2011. Døme på truga naturtypar er sanddynemark og strandeng.

Klippeblåvenge er vedteken som prioritert art med økologisk funksjonsområde etter naturmang- faldlova. Det betyr at den får skreddarsydde reglar for ivaretaking gjennom berekraftig bruk slik at leveområda blir tekne vare på og skjotta på riktig måte. Orkideen honningblom er også ved- teken som prioritert art etter naturmangfaldlova, men utan økologisk funksjonsområde. Det er føre- bels ikkje nokon utvalte naturtypar i kystsona.

Dei tilgjengelege areala i strandsona minkar. I løpet av dei siste ti åra har tilgjengeleg areal for friluftsliv blitt 2,1 pst. mindre i heile landet. I Sør- Noreg (frå Østfold til og med Hordaland) har reduksjonen vore på 3,7 pst.

Tabell 11.1 Utbygging i strandsona

	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Talet på dispensasjonar for nybygg i 100-metersbeltet langs sjøen	1000	808	767	812	900	1122
Talet på godkjente byggjeløyve i samsvar med plan		1 300	1 658	1 730	1 503	1540

Kyst- og havområda på Svalbard har store føre- komstar av sjøfugl og pattedyr som sel, kvalross, isbjørn og polarrev. Havområda rundt Svalbard er grunne og har isdekke større eller mindre delar av året. Store bankeområde med hardbotn er skilt av djupare renner med blautbotn. Iskantsona, som er grensa mellom isdekte område og ope hav, utgjer eit særleg produktivt område. Det same gjeld polarfronten, der temperert atlantisk hav- vatn frå sør møter dei kalde, arktiske vassmassane frå polarbassenget. Kystsona er prega av grunne område med øyar og skjer, kystsletter med laus- massestrender, laguner, innsjøar og dammar, stør-

re og mindre breffrontar og ein del større deltaom- råde. Klippekystar førekjem òg fleire stader, ikkje minst på Bjørnøya.

I kystsona på Svalbard er det ein nær saman- heng mellom livet i havet, i drivisen og på land. Sjøfugl og pattedyr som isbjørn, sel og polarrev nyttar både landområda og isdekte sjøområde til næringssøk og reproduksjon. Både sjøfugl og sjø- pattedyr finn det meste av næringa si i havet, men vegetasjonen på kystslettene har òg stor betyd- ning for ein del arter. Samtidig er den gjødslinga sjøfuglane står for viktig for vegetasjonen og dyre- livet i kystsona.

Svalbards kystområde og tilgrensande hav- og drivisområde står i dag fram som lite påverka av lokal aktivitet. Dyrelivet er i utgangspunktet freda, og det skjer berre avgrensa jakt og fangst på enkelte arter. Det meste av kystlinja og 87 pst. av Svalbards territorialfarvatn er verna som naturreservat og nasjonalparkar. Også dei ikkje-verna delane av Svalbard er godt skjerma gjennom svalbardmiljølova. Også i havområda og kysten rundt Svalbard er det likevel nokre arter som er truga. Døme på slike arter er sjøfuglane alke og ismåke, sjøpattedyra grønlandskval, kvalross, steinkobbe og isbjørn. Den gode miljøtilstanden i dag er resultatet av eit målretta vern av arter og område sidan Noreg overtok suvereniteten i 1925. Før dette vart dyre- og fuglelivet på Svalbard i fleire hundre år utsett for omsynslaus jakt og fangst, noko som reduserte fleire bestandar kraftig. Fleire av pattedyr- og fugleartene har ikkje klart å komme tilbake til tidlegare nivå til trass for mange års freding, mens andre har hatt ein kraftig vekst. Forvaltninga manglar kunnskap om utviklinga for mange av artene på Svalbard.

For pattedyr er artene på Norsk raudliste for arter 2010 dei same som i 2006, og omfattar isbjørn, kvalross og steinkobbe. For Svalbard er det òg 18 fuglearter på raudlista. Dette er to fleire enn i 2006. Polarlomvi (*Uria lomvia*) har komme inn på grunn av teikn på sterk bestandsnedgang dei siste åra, og praktærflugl (*Somateria spectabilis*) på grunn av at bestanden truleg er mindre enn anteke før.

Påverknadar

Påverknadene på dei marine økosystema oppstår frå menneskelege aktivitetar i havområda, slik som fiskeri, skipsfart og petroleumsverksemd, og påverknader utanfrå som langtransportert forureining og utslepp av CO₂/klimaendringar som medfører stigande havtemperatur, auka issmelting og havforsuring. Klimaendringar kan ha store effektar på enkelte nøkkelarter og samfunn, særleg i dei nordlege områda og på Svalbard. Risiko for ulykker og utslepp som kan påverke miljøverdiar er òg ein del av den samla belastninga på dei marine økosystema.

Hausting har størst direkte påverknad på fisk og sjøpattedyr. Når det blir hausta av ein fiskebestand påverkar det bestanden, og dette vil i ein normalsituasjon vere den største menneskeskapte påverknaden. Ei berekraftig forvaltning av fiskebestandane betyr at det er produksjonsoverskotet i bestanden som det blir hausta av. Fiske på dei store kommersielle bestandane, slike som lodde,

sild og torsk, skjer i dag innanfor biologiske grenser. For nokre mindre bestandar som blålange, vanleg uer og snabeluer er fiskepresset for høgt.

Fleire sjøfuglarter er i sterk tilbakegang. Klimaendringar/auka sjøtemperatur, konkurranse med fiskeria og oljeforureining er dei viktigaste truslane mot sjøfugl. Matmangel på grunn av konkurranse mellom sjøfugl og fiskeri betyr ikkje nødvendigvis at sjøfuglen og fiskeria konkurrerer om den same fisken der og då. Konkurransen er ofte forseinka og indirekte, og vi treng framleis meir kunnskap for å forstå mekanismane og kvantifisere samanhengane. Sjøfugl blir også påverka av bifangst og forureining.

Endringar i arealbruk er den viktigaste trusselfaktoren i kystsona. Dette gjeld spesielt mange algar og virvellause dyr som lever på godt beskytta stader i kystsona, i fjordbasseng eller i brakkvatn som blir påverka av menneskeleg aktivitet som mudring i strandsona, båthamner, veganlegg og fritidsbusetnad. Nye undersøkingar viser at slike beskytta område er viktige gyte- og oppvekstområde for kystbestandar av fisk.

I kystsona omfattar arealendringar alle former for nedbygging, utfylling og omdisponering av naturmark til andre formål. Her er òg endra bruk, som til dømes opphøyr av beite, ein viktig faktor. I ytre kystområde kan viktige leveområde skadast ved fiske med botntrål. Tråling med tung botnreiskap øydelegg samfunna med dyr på botn, blant anna korallrev, korallskogar, sjøfjør og svampsamfunn. Spesielt korallane er svært sakteveksande, og ei ny oppbygging vil ta lang tid. Auka kartlegging dei siste åra har vist at botntråling har hatt større påverknad på økosystema på botnen enn tidlegare anteke.

Plan- og bygningslova gjeld alle landareal og sjøareal ut til ei nautisk mil utanfor grunnlinja. I plan- og bygningslova er det generelle byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs sjøen vidareført og reglane om dispensasjon er stramma inn. Likevel har talet på fritidsbustader i strandsona auka. Talet på fritidsbustadar i 100-metersbeltet langs sjøen var på ca. 82 800 i 2007. Dette er ein auke på ca. 3 600 frå 2003. Rapportering i KOSTRA viser at det i 2010 vart gitt 1 122 dispensasjonar for nye bygningar i 100-metersbeltet langs sjøen, mot 900 i 2009. Det vart gitt ca. 1 730 byggjeløyve i samsvar med plan i 2008. I 2009 og 2010 vart det gitt respektive 1 503 og 1 540 byggjeløyve i samsvar med plan. Det er bekymringsfullt at byggjeverksemd i strandsona har auka frå 2009 til 2010, og at dette i hovudsak skuldast ein auke i talet på dispensasjonar som er gitt. Dei nye tala viser at det trass i innstramma i ny

plan- og bygningslov framleis er eit stort press på bygging i strandsona.

Akvakultur i kystområda er ei form for arealbruk som gir negative miljøkonsekvensar i form av forureining, smitte av villfisk med lakselus og innblanding av rømd oppdrettslaks i villaksbestandar, jf. resultatområde 2 Livskraftige elvar og innsjøar. I dei nasjonale laksefjordane som vart oppretta i 2007 er det forbode å etablere ny oppdrettserksemd og eksisterande oppdrettverksemd skal flyttast ut.

Overgjødning i kystsona påverkar spesielt algar og virvellause dyr langs kysten i område som ligg nær område med tett busetnad eller intensivt jordbruk. Påverknad frå land i form av avrenning av næringsstoffa nitrogen og fosfor og tilførsel av anna forureining har størst betydning i Nordsjøen og Skagerrak. Forureining frå miljøgifter har vore og er framleis eit stort problem i mange kyst- og fjordområde, sjølv om tiltak gjennom mange år har medverka til å redusere problema. I nordområda er det spesielt problem med miljøgifter som vert transportert over lange avstandar gjennom luft og med havstraumar, og som kjem inn i dei arktiske næringskjedene der dei endar opp i isbjørn, sel og sjøfugl. Mange typar av utslepp til havet når strendene med større eller mindre effekt. Utslepp av olje kan truge enkeltførekomstlar av truga artar og nær truga artar og naturtypar, og påverke økosystema heilskapeleg. Plastforsøpling til havs utgjer ein reell og stadig veksande trussel mot det marine miljøet og kan føre til betydelege skadar og lidningar for marint dyreliv. Plast som blir skylt inn på strendene blir bygd inn i lausmassane og gir strukturelle endringar på vekseplassen. Sjøfugl er særleg utsett med omsyn til plastforsøpling ved at den gjerne gjer ei fatal forveksling av plastfragment med mat. I tillegg følgjer økonomiske og sosiale effektar, som kostnader relatert til opprydningsarbeid langs kysten, skadar på båtar, tapt fiskeutstyr og reduksjon av kystnaturens estetiske verdi.

Klimaendringar kan ha store effektar på enkelte artar. Ved auka sjøtemperatur vil artar med nordleg utbreiing bli påverka direkte ved at livsvilkåra blir dårlegare. For tareskogen kan auka sjøtemperatur få katastrofale konsekvensar fordi artene av tare er tilpassa eit relativt kaldt klima. Overgjødning medverkar saman med temperaturendringar til at sukkertaren blir borte. Overgjødninga kan komme frå fleire sektorar, m.a. jordbruk, vatn og avløp og akvakultur. Forsuring av det marine miljøet vil på sikt kunne få store konsekvensar for ei rekkje marine artar. I kystsona vil høgare vassstand gi endringar i leveområde, og

meir hyppig uvêr og sterkare vind vil påverke både planter og dyr.

Introduksjon og spreining av framande organismar har auka betydeleg dei siste 30 åra. Dette skuldast særleg auke i skipstrafikk mellom ulike havområde med stadig raskare skip og tømning av ballastvatn. Også akvakultur basert på framande organismar har skapt problem ved uønska spreining, og ved spreining av andre organismar som utilsikta har følgd med. Problema oppstår når dei framande artene konkurrerer ut dei stadeigne artene eller endrar deira naturlege utbreiingsområde. Døme på slike artar i det marine miljøet er japansk drivtang og kongekrabbe. Klimaendringane vil venteleg auke dette problemet, blant anna grunna varmare vatn.

Den største trusselen mot naturmangfaldet i hav og kystområda på Svalbard er klimaendringar og havforsuring. Temperaturauken skjer raskast i Arktis. Drivisen er eit viktig leveområde for mange artar, og utbreiinga av havis om sommaren vil i følgje prognosane minke raskt. Dette er venta å få alvorlege konsekvensar for isavhengige artar som sel og isbjørn. Arktiske farvatn er òg utsette for konsekvensar av havforsuring, fordi kaldt vatn tek opp mest CO₂. Langtransporterte miljøgifter er framleis òg ei betydelig utfordring for artene på toppen av dei marine næringskjedene. Påverknad frå fiskeria kan òg auke etter kvart som kommersielle fiskeslag kan bevege seg nordover og inn i Svalbards kystfarvatn. Det føregår eit betydeleg rekefiske ved Svalbard, men i verneområda er bruk av rekefiske bare tillete på djup større enn 100 meter.

Svalbards kystområde blir òg stadig lettare tilgjengelege på grunn av mindre havis. Utviklinga går i retning av ei stadig veksande cruiseverksemd både i og utanfor verneområda. Arealbruken utanfor busetjinga er avgrensa til ferdsel knytt til turisme, forskning og friluftsliv.

Politikk for å nå dei nasjonale måla

Forvaltningsplanar for havområda

Norske havområde er forvalta samla innanfor ramma av forvaltningsplanane for havområda Barentshavet – Lofoten og Norskehavet. Formålet med å utarbeide forvaltningsplanar for havområda våre er å leggje til rette for verdiskaping gjennom berekraftig bruk av ressursar og gode, og samtidig halde oppe struktur, verkemåte, produktivitet og naturmangfald i økosystema.

Regjeringa tek sikte på å presentere ein forvaltningsplan for norsk del av Nordsjøen – Skagerrak i 2013. Det faglege grunnlaget for forvalt-

ningsplanen vil liggje føre i løpet av 2012. Aktuelle interessegrupper vil bli involverte i arbeidet. Når forvaltningsplanen for Nordsjøen – Skagerrak er på plass, vil ein ha grunnlag for ei heilskapleg og økosystembasert forvaltning av alle norske havområde.

For Barentshavet – Lofoten og Norskehavet er den viktigaste utfordringa å halde ved lag ein god miljøstatus. For Nordsjøen og Skagerrak vil utfordringa vere å utarbeide og setje i verk ein plan for å betre miljøtilstanden. Eit nært samarbeid med dei andre Nordsjølanda blir viktig i dette arbeidet. Arbeidet må òg samordnast med dei planane som dei andre Nordsjølanda skal lage som følgje av EUs Havstrategidirektiv.

Betre kunnskapsgrunnlag

Eit godt kunnskapsgrunnlag er avgjerande for god forvaltning av hav- og kystområda og står sentralt i utarbeiding, oppfølging og oppdatering/revidering av forvaltningsplanane. Store delar av nyare kunnskap om marin natur har komme frå kartleggingsprogrammet for havbotn, MAREANO. Gjennom MAREANO er det oppdaga til dømes nye marine naturtypar, naturlege gassoppkomme og nye korallrev på havbotnen på kontinentalsokkelen, og dette programmet har gitt viktig kunnskap for oppdatering av forvaltningsplanen for Barentshavet–Lofoten. MAREANO vil bli vidareført og styrkt ytterlegare for blant anna å halde fram med kartlegginga i tidlegare omstridt område vest for avgrensingslinja i Barentshavet i 2012. Kartleggings- og overvakingsprogrammet for sjøfugl, SEAPOP, har skaffa viktige data om sjøfuglbestandane og grunnar til nedgangen i desse. Dette programmet vil òg bli vidareført. Kartleggings- og overvakingsprogramma gir oss gradvis betre og meir oppdatert kunnskap om det marine miljøet, som grunnlag for ei betre forvaltning.

Klimaendringar og havforsuring er dei største utfordringane havmiljøet står overfor i tida framover. Forsking på verknadene av havforsuring er i startgropa, men vi veit allereie no at endringar skjer raskast i dei kalde farvatna i nord og at dyr som er avhengige av kalkskal vil vere særleg sårbare. Det er derfor svært viktig å skaffe betre kunnskap om forsuringsutviklinga og om effektane av forsuring, både på enkeltarter, i næringskjeda og på økosystema. For å oppnå dette er det avgjerande å halde ved lag ei dekkjande og langsiktig overvaking. Forsuringstilstanden i havet er overvaka gjennom Tilførselsprogrammet.

Marin verneplan

Oppretting av marine verneområde og marine beskytta område er eit viktig verkemiddel innanfor ein heilskapleg havmiljøpolitikk og økosystembasert forvaltning. I tillegg til å hindre tap av naturmangfald og sikre ressursgrunnlaget er målet med dette å bevare eit representativt utval av marin natur for kommande generasjonar og som referanseområde for forskning og miljøovervaking. I september 2009 vart oppstart av verneplanarbeidet for 17 kandidatområde kunngjort. Det blir no arbeidd med utkast til verneplanforslag inkludert utkast til forskrifter for desse områda. Kunngjering av ytterlegare 19 område er under førebuing. Til saman dekkjer dette dei 36 områda som inngår i første fase av marin verneplan.

Forvaltning av sjøfugl

Noreg har eit spesielt forvaltningsansvar for fleire arter av sjøfugl fordi bestandane utgjer ein vesentleg del av den europeiske eller nordatlantiske bestanden. I 2012 vil sjøfuglforvaltninga bli følgt opp med utgangspunkt i kunnskapen som kjem fram gjennom SEAPOP-programmet, den nordiske handlingsplanen som er utarbeidd for å motverke nedgangen i sjøfuglbestandane, og forvaltningsplanane som er utarbeidd for havområda våre. Regjeringa varsla i forvaltningsplanen for Barentshavet – Lofoten blant anna at den vil etablere ei arbeidsgruppe bestående av sjøfugl ekspertar og havforskarar som skal greie ut samhengane mellom nedgangen i mange av sjøfuglbestandane og tilgangen på næring, og foreslå eventuelle tiltak for å betre næringstilgangen for sjøfugl.

Tareskogane

Situasjonen i tareskogane langs kysten er framleis særers varierende og mange stader er dei framleis borte. Tareskogane er viktige fordi dei gir mat og ly til viktige arter som blir utnytta og mange hundre mindre arter som er del av tareskogen sitt økosystem. Stortaren har vore nedbeita av kråkeballar i mange tiår. Det er ei stor oppgåve å finne samhengane i den økologiske balansen som her er blitt øydelagt. Forskingsprogrammet Epigraph (2008 –) undersøker dette, bl.a. i Porsanger. Sukkertaren er delvis forsvunnen frå svenskegrensa til Stadt. Sukkertareprosjektet (2005 – 2008) avdekte at taren er kjensleg både overfor auka temperaturar i vatnet, men òg auka over-

gjødsling og tilførsle av slam. I 2011 vart det gjennomført ei undersøking om påverking av overgjødsling i kystsona, bl. a. for å finne ut i kva grad oppdrettsanlegga medverka til dette. Arbeidet vart knytte til Epigraph sitt arbeid i Hardangerfjorden. I 2012 vil ein konsentrere seg om å setje i gang prioriterte tiltak for å betre situasjonen for sukkertaren.

Marine framande organismar

Regjeringa har som mål at tiltak mot dei mest skadelege, etablerte framande organismane i hav og kystvatn skal vere sette i gang innan 2015. Tilførsel av framande organismar i det marine miljøet skjer både gjennom utslipp av ballastvatn, ulovleg utsetjing og naturleg innvandring frå nærliggjande havområde. I norske farvatn er det særleg kongekrabba som skapar problem, samtidig som den blir utnytta som ressurs. Miljøverndepartementet samarbeid nært med Fiskeri- og kystdepartementet for å stoppe spreinga av denne krabba vest- og sørover. Det er no dokumentert at krabba påverkar havbotnen negativt der den har vore lenge. I 2012 vil miljøforvaltninga medverke til å auke kunnskapen om desse påverknadene.

Noreg har tiltredd konvensjonen om kontroll og behandling av ballastvatn og sediment frå skip (Ballastvatnkonvensjonen). Når denne konvensjonen trer i kraft internasjonalt, vil risikoen for introduksjon av framande organismar frå skip bli betydeleg redusert. Ei nasjonal forskrift om handtering av ballastvatn tredde i kraft 1. juli 2010. Forskrifta stiller krav om at ballastvatn skal skiftast ut i bestemte avstandar frå kysten eller i bestemte soner for å hindre introduksjon av framande arter. Etter at konvensjonen har tredde i kraft internasjonalt, vil det òg bli innført obligatoriske krav om reinsing av ballastvatnet før det blir slept ut. Forskrifta opnar likevel for reinsing på frivillig basis for å prøve ut ny teknologi.

Prioriterte arter og utvalte naturtypar

I nokre tilfelle vil det vere mest føremålstenleg å ta vare på truga arter og naturtypar ved å gi dei status som prioriterte arter eller utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova. Arbeidet med å peike ut prioriterte arter og utvalde naturtypar vil halde fram i 2012. I dette arbeidet vil òg arter og naturtypar knytte til kyst og hav bli vurderte. Det blir mellom anna arbeida med naturtypa kystlynghei som utvald naturtype. Ein vil òg følgje opp dei artene som er blitt prioriterte og dei naturtypane

som er blitt utvalde, inkludert dei handlingsplanane som er utarbeidde. Staten kan gi tilskot til tiltak for å ta vare på dei prioriterte artene og utvalde naturtypane. Regjeringa har som mål at dei mest truga naturtypane skal ha status som utvalde naturtypar og dei mest truga artene skal ha status som prioriterte arter innan 2013.

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging ligg ei forventning om at dei alminnelege føresegnene i naturmangfaldlova om berekraftig bruk blir lagt til grunn for planlegging som kan påverke naturmangfaldet. Førekomstar av utvalde naturtypar og prioriterte arter sine økologiske funksjonsområde skal innarbeidast i planlegging på land og på sjø.

Berekraftig hausting

Berekraftig hausting av marine levande ressursar er forvalta av Fiskeri- og kystdepartementet i medhald av havressurslova. Samtidig er alt liv i havet marint naturmangfald og høyrer derfor òg under naturmangfaldlova. Forholdet mellom dei to lovene er avklart. Miljøverndepartementet vil i 2012 halde fram med å støtte opp under arbeidet med å forvalte alle ressursar etter forvaltningsprinsippa i havressurslova, samtidig som marine arter og naturtypar på raudlista òg blir vurderte i forhold til verktøyet i naturmangfaldlova. Marine verneområde vil òg vere eit bidrag til bevaring av marin natur, sjå eiga omtale av desse.

Vassforskrifta som verkemiddel for forvaltning av kystsona

Vassforskrifta er eit viktig verkemiddel for heilskapeleg og økosystembasert forvaltning av vatnet i kystsona ut til 1 nautisk mil utanfor grunnlinja. Forvaltningsplanar er eit viktig verkemiddel både i forvaltning av marine område og i arbeidet med å få til ei heilskapeleg vassforvaltning. Karakterisering og klassifisering av vassførekomstar i kystsona skal vere ferdig innan 2012. Dette skal danne grunnlaget for tiltaksanalysar som vil liggje til grunn for forvaltningsplanar. Regjeringa har sett som mål at vassforvaltningsplanar for kystvatn skal vere vedtekne innan 2015 og at miljømåla skal vere nådd i løpet av 2021.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging slår fast ei forventning om at fylkeskommunane i arbeidet med regional planstrategi vurderer behovet for regionale kystsoneplanar, og om nødvendige utarbeider slike planar.

Akvakultur

Det er framleis store og aukande utfordringar knytte til negative miljøeffektar av akvakultur. Dei største utfordringane knyter seg til smitte av villfisk med lakselus, innblanding av rømt oppdrettsfisk i villaksbestandar og forureining (utslepp av næringssalt).

Det blir arbeidd med å styrke overvakinga av utslepp frå oppdrettsanlegg for å ha eit best mogleg vurderingsgrunnlag både før det blir gitt løyve til verksemd og under drift. Ved å styrke overvakinga vil ein kunne sjå på den totale utsleppsbelastninga i eit område og ikkje berre ved det enkelte anlegget.

Tiltak for å avgrense lakselusmitte på villaks og sjøaure og innblanding av rømt oppdrettsfisk er omtalt under resultatområde 2.

Petroleumsverksemd og skipsfart

Oljeforureining skuldast både akutte og operasjonelle utslepp frå offshore olje- og gassverksemd, skipsfart og landbasert verksemd.

Målet om nullutslepp (nullutsleppsmålet) er basert på føre var-prinsippet og inneber at det som hovudregel ikkje skal sleppast ut olje og miljøfarlege stoff, verken tilsette eller naturleg førekommande kjemiske stoff. Dette generelle nullutsleppsmålet gjeld for heile norsk sokkel. Målet om nullutslepp er vurdert som oppnådd for tilsette kjemikalier. Det er behov for ytterlegare tiltak for enkelte innretningar for å sikre at nullutsleppsmålet blir nådd òg for olje og naturleg førekommande stoff i produsert vatn.

Ved boring i område med korallar eller sårbar botnfauna, vil det bli stilt strenge krav for å hindre nedslamming som kan føre til skade på faunaen.

Auka skipsfart langs kysten, under dette auka sjøtransport av olje og gass, gir òg nye utfordringar. Skipsfarten er internasjonalt regulert gjennom konvensjonar fastsette av FNs skipsfartsorganisasjon (IMO). IMO sitt regelverk er svært omfattande, og det er etablert bindande regelverk for alle dei sentrale miljøutfordringane for skipsfarten. Noreg medverkar til at utsleppskrava til skip blir stadig strengare gjennom å arbeide for strengare regelverk, ratifisere konvensjonane og syte for god handheving. Sjøfartsdirektoratet syter for handheving av desse krava av norskregistrerte skip i alle farvatn, og av utanlandske skip i norsk farvatn gjennom hamnestatskontroll. Arbeidet med hamnestatskontroll skjer i nært samarbeid med andre land i vår region gjennom Paris Memorandum Of Understanding (PMOU)

Beredskap mot akutt forureining

Klima- og forureiningsdirektoratet stiller krav etter forureiningslova til kommunar og privat verksemd om beredskap mot akutt forureining.

Alle operatørselskapa på norsk sokkel må etablere ein akseptabel beredskap mot akutt forureining basert på miljø- og risikoanalyse, før leite- og produksjonsverksemd startar. Petroleumsnæringa skal til ei kvar tid syte for dimensjonering og plassering av beredskapsfunksjonar som gir best mogleg beredskap innafør dei rammene som styresmaktene har sett, bl.a. gjennom krav og vilkår i enkeltløyve.

På landsida har 72 bedrifter utvida beredskapskrav og 33 regionar har beredskapskrav og godkjende beredskapsplanar. Alle høgrisikobedrifter er dekte. Kommunane dekkjer sitt beredskapsansvar gjennom interkommunalt samarbeid, og landet er inndelt i 33 interkommunale samarbeidsregionar som alle har godkjende beredskapsplanar.

Arealpolitikk i strandsona

Strandsona skal sikrast som natur- og friluftsområde tilgjengeleg for alle. Strandsona som nasjonal interesse er tydeleggjort ved det generelle byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs sjøen. Forbodet har eksistert sidan 1965 og er ført vidare i ny plan- og bygningslov. Men talet på dispensasjonar i strandsona viser at det framleis er nødvendig med tydelege nasjonale føringar om ein streng plan- og dispensasjonspraksis i område med mykje utbyggingsspress i strandsona. Det er eit mål at delen gitte dispensasjonar går ned, og at arealbruken i strandsona skjer i tråd med oppdaterte kommuneplanar. I desse planane bør kommunane vurdere å ta ut forelda, ikkje utbygde utbyggingssområde.

Statlege planretningslinjer for ei differensiert strandsoneforvaltning vart vedtekne av Regjeringa i mars 2011. Formålet med retningslinjene er å gjere nasjonal arealpolitikk i 100-metersbeltet langs sjøen tydeleg innanfor ramma av plan- og bygningslova, og å ivareta allmenta sine interesser og unngå uheldig bygging. Byggeforbodet er strengast praktisert i sentrale område der presset på areala er størst. Departementet og Direktoratet for naturforvaltning følgjer opp retningslinjene gjennom dei regionale kystsonenettverka og i det generelle rettleiingsarbeidet. Dei fire regionale kystnettverka blei oppretta i 2005, og består av fagmedarbeidarar frå kvart fylkesmannsembete. Nettverka følgjer opp den nasjonale strandsonepolitikken overfor kommu-

nane og bidreg til harmonisering av forvaltningspraksis på landsbasis.

I Nasjonale forventningar til regional- og kommunal planlegging blir det slått fast at kommunane må vurdere arealbruken i strandsona i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv, og at det må takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og allmenta sine interesser.

Genmodifiserte organismar

Norske styresmakter har så langt ikkje godkjent genmodifiserte organismar for dyrking eller anna form for utsetjing i naturen. Samtidig aukar bruken av genmodifiserte organismar i mange andre land, og det er viktig å følgje situasjonen nøye også her heime gjennom overvakningssystem, prøver og analysar. Slike system skal syte for at vi veit kva slag genmodifiserte organismar som eventuelt finn vegen til Noreg, og i kor store mengder. Denne informasjonen vil så danne grunnlag for eventuelle tiltak for å sikre økosystema og naturmangfaldet.

Tiltak i hav og kyst rundt Svalbard

Det er ei viktig utfordring er å regulere den vaksande cruisetrafikken og forskingsaktiviteten både i og utanfor verneområda, blant anna for å sikre verneområda sin verdi som referanseområde for klima- og miljøforskning. Det blir no utarbeidd forvaltningsplanar for verneområda på Svalbard for å sikre at aktiviteten skjer i samsvar med verneformålet. Det blir òg utarbeidd ein handlingsplan for isbjørnbestanden, som er særleg sårbar for effektane av klimaendringar.

Klimaendringane vil gjere Svalbards kyst- og havområde meir utsette for framande organismar frå tempererte område. Nye tiltak kan vere nødvendig, og Sysselmannen på Svalbard arbeider derfor med ein handlingsplan mot framande organismar på Svalbard.

Internasjonalt samarbeid for å beskytte havområda

Noregs internasjonale arbeid på havmiljøområdet omfattar mellom anna samarbeid under Konvensjonen om vern av det marine miljø i det nordaustlege Atlanterhavet (OSPAR). OSPAR handlar om eit breitt spekter av havmiljøspørsmål, under dette dumping/disponering av avfall i havet, utslepp frå offshore olje- og gassverksemd og spørsmål knytte til marint naturmangfald, som utvikling av økologiske miljøkvalitetsmål og vern og skjerming av marine område. For EUs medlemsland er konvensjonen òg ei viktig regional plattform for ei koordinert gjennomføring av EUs havstrategidirektiv i vårt havområde. For Noreg som tredjeland i gjennomføringa av direktivet blir konvensjonen derfor eit viktig forum for samarbeid med EU på dette feltet.

Som medlem av Arktisk Råd, deltek Noreg òg aktivt i arbeidet under PAME (Protection of the Arctic Marine Environment Working Group). PAMEs aktivitetar er retta mot vern av det marine miljøet i Arktis. Auka økonomisk aktivitet og klimaendringar medfører auka utfordringar i Arktis, og dette krev ei heilskapleg tilnærming for å handtere både eksisterande og kommande utfordringar.

12 Resultatområde 2 Livskraftige elvar og innsjøar

Høge fossefall og skummande stryk, store innsjøar og små idylliske tjern. Dette er viktige element i vår rike og mangfaldige vassdragsnatur som gir grunnlag for naturoppleving, rekreasjon, friluftsliv og andre økosystemtenester som reint drikkevatt og arter som kan haustast. Noreg har omlag ein halv million innsjøar og vatn av ulik storleik, og i Finnmark åleine finn vi meir enn 180 000 slike. Ni av verdas 20 høgaste fossar finst i Noreg.

Alle elvar og innsjøar er ein eineståande verden av levande organismar, nøyaktig tilpassa til omgivnadene og kvarandre. Vassdraga blir ofte omtala som livsnervane i naturlandskapet. Elvane er ein føresetnad for fordeling av vatn og næring til livsmiljøet i store omliggjande naturområde.

Vassdraga er og har vore svært viktige for verdiskaping. Dei store elvane har frå gammalt av spela ein sentral rolle for busetjing og utvikling av lokalmiljø og landsdelar. I vassdrag var det ofte rike førekomstar av fleire arter av fisk, vassvegen ga gode høve til transport og produksjon av kraft førte til at det langs vassdraga vaks fram lokalsamfunn basert på industri driven av vatn.

Nasjonale mål – Livskraftige elvar og innsjøar

2.1. Utryddinga av truga arter i ferskvatn skal vere stansa, og status for arter i nedgang skal vere betra innan 2020.

Indikator:

- Talet på truga arter knytt til ferskvatn.

2.2. Alle vassførekomstar skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand eller godt økologisk potensial der dette er relevant i løpet av 2021.

Indikatorar:

- Talet på vassførekomstar som tilfredsstillar miljømåla i vassforskrifta og vedtekne vassforvaltningsplanar.
- Talet på gjennomførte vilkårsrevisjonar av dei som er forfalne til revisjon.
- Talet på vedtekne vassforvaltningsplanar.
- Talet på restaurerte vassførekomstar.
- Talet på dispensasjonar som er gitt og utvikling i talet på dispensasjonar under motorferdslova.

2.3. Ingen vassførekomstar skal nedklassifiserast (bli dårlegare) som følge av auka tilførsel av næringssalt eller partiklar frå ny aktivitet, jf. krava i vassforvaltningsforskrifta.

Indikator:

- Talet på vassførekomstar som står i fare for nedklassifisering (bli dårlegare) som følge av tilførsel av næringssaltar eller partiklar.

2.4. Alle bestandar som kan haustast av dyr og planter i ferskvatn skal vere forvalta økosystembasert og hausta berekraftig slik at artene opptre i levedyktige bestandar innanfor sitt naturlege utbreiingsområde innan 2020.

Indikator:

- Talet på arter der hausting eller anna uttak er ein viktig faktor.

2.5. Dei mest truga naturtypene skal ha status som utvalde naturtypar.

Indikator:

- Talet på utvalde naturtypar knytt til ferskvatn.

2.6. Varig vern skal oppretthaldast og eit representativt utval av vassdragsnatur skal vernast for kommande generasjonar.

Indikator:

- Areal og del av verna areal (inkludert årleg endring) fordelt på naturtypar knytte til ferskvatn.

2.7. Verneverdiane i verneområda skal oppretthaldast/gjenopprettast.

Indikator:

- Talet på og del av verneområda som er truga.

2.8. Dei mest truga artene i ferskvatn skal ha status som prioriterte arter.

Indikator:

- Talet på prioriterte arter og bestandsutviklinga for desse.
-

2.9. Dei ville laksebestandane, under dette det genetiske mangfaldet, skal sikrast slik at dei opptrer i levedyktige bestandar i sine naturlege leveområde.

Indikatorar:

- Grad av oppnåing av gytemåla for stammene.
- Stammene sin genetiske integritet.
- Prosentvis hausting av den enkelte villaksstamma i høve til naturleg haustingspotensial.

2.10. Ved innførsel og utsetjing av framande organismar skal vesentlege uheldige følgjer for naturmangfaldet unngåast. For dei mest skadelege framande organismane som allereie er sette ut i norsk natur skal tiltak for å nedkjempe desse vere sett i gang eller gjennomført.

Indikatorar:

- Talet på nedkjempings/utryddingstiltak fordelt pr. art og fylke.
- Talet på handlingsplanar utarbeidde og sette i verk for allereie introduserte, skadelege organismar.

2.11. Utsetjing av genmodifiserte organismar skal ikkje føre til skade på naturmangfaldet, jf. genteknologilova.

Indikator:

- Talet på tilfelle der det er påvist mengder GMO over tillatne grenseverdier.

2.12. Dei nasjonale tilførslene av næringssalt og partiklar til ferskvatn som er prega av overgjødsling eller nedslamming skal reduserast til eit nivå som sikrar god kjemisk og økologisk tilstand innan utgangen av 2021.

Indikatorar:

- Delen av norske vassførekomstar som har god kjemisk og økologisk tilstand.
- Talet på vassførekomstar som står i fare for nedklassifisering som følgje av tilførsler av næringssalt eller partiklar.

2.13. Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal medverke til å hindre uønska nedbygging av 100-metersbeltet langs vassdrag og innsjøar.

Indikatorar:

- Talet på dispensasjonar for nybygg i 100-metersbeltet langs vassdrag.
- Talet på nybygg langs vassdrag i medhald av plan i LNFR-område.

Tilstand

Om lag 5 pst. av arealet i Noreg er dekt av ferskvatn i eit rikt mangfald av bekker, elvar, dammar,

innsjøar og andre vassførekomstar. I tillegg kjem grunnvatn som ein viktig føresetnad for livet på landjorda. Vassystema er prega av mange små innsjøar og raskt strøymande elvar. Nesten alle dei store vassdraga startar i fjellet, og norske elvar er derfor prega av fossar og stryk. Glomma og Tana er dei einaste vassdraga som nærmar seg det ein kan kalle ei flod. Vi finn dei fire djupaste innsjøane i Europa i Noreg. Alle desse er djupare enn 450m.

Innhaldet av kalk i ferskvatn og surleiksgarden (pH) i vatnet er ein av dei viktigaste faktorane for kva slag arter av planter og dyr som vil trivast i vatnet. Mangfaldet av arter er generelt sett høgare i vatn med høgt kalkinnhald, sjølv om dei mest kalkrike innsjøane (kalksjøar) ofte har lågt mangfald av vassplanter. Berggrunn og jordsmonn på Sørlandet og Sørvestlandet har liten evne til å nøytralisere tilførsler av forsuring, og sur nedbør må difor kompenseras ved kalking. Artsmangfoldet er vidare normalt høgare i næringsrike vassførekomstar enn i næringsfattige. Ferskvatn i fjellet har lågt mangfald av arter grunna kort vekstsesong og derfor låg produksjon. Andre viktige miljøfaktorar i ferskvatn er straumtilhøve, temperatur og substratet sin kornstørrelse. Karplanter finnast hovudsakeleg på blaut botn med fin grus, sand, silt eller leire. På hard botn med fast fjell, store stein og grov grus slik som i dei fleste elvane i Noreg er det få eller ingen karplanter som greier å overleve. Her finn vi mest mosar, algar og dyr. Det er store forskjellar på kva slag arter vi finn i elvar og innsjøar, men elveløp som flyt roleg kan innehalde mange av dei same artene som ein finn i innsjøar. På same måten som i havområda finn vi eit mykje høgare mangfaldet av arter på botnen enn i dei frie vassmassane.

Om lag 2800 dyrearter lever heile eller delar av livet sitt i ferskvatn. Dette omfattar mange dyregrupper som fisk, amfibium, insekt, krepsdyr og ei rekkje arter av dyreplankton. Vi finn flest arter av insekt og krepsdyr. Det er registrert 45 arter av ferskvassfisk. Døme på fisk i ferskvatn er aure, røye, åbor og gjedde. Den atlantiske villaksen er nok den fiskearten som flest har eit høve til, som til dømes god mat på bordet og som grunnlag for verdiskaping eller natur- og fiskeopplevingar og rekreasjon. Noreg er i dag eitt av laksens viktigaste leveområde, og vi finn om lag ein tredel av all atlantisk villaks i Noreg. Bestandane finst langs heile kysten frå svenskegrensa i sør til grensa mot Russland i nord. Tanavassdraget er verdas mest produktive laksevassdrag. Villaksen er spesiell ved at den i løpet av livet har opphald både i ferskvatn og havvatn. Lakseyngelen veks opp i ferskvatn, men etter to til fire år gjennomgår yngelen

ei forvandling til smolt, blir blank og vandrar aktivt med straumen ut frå elva til oppvekstområde ute i havet. Etter eitt til tre år i havet kjem laksen tilbake til den same elva som den vandra ut frå for å gyte. Slik tek kvar enkelt laksebestand vare på dei eigenskapane som sikrar best overleving i den elva dei høyrer heime i. Ei viss feilvandring til andre elvar motverkar innavl, og gjer at laksen kan ta i bruk nye område.

Alle dei seks artene av amfibium i Noreg er knytte til ferskvatn. Stor salamander er avhengig av små dammar utan fisk i for ynglinga si, særleg er gardsdammar godt eigna. I dag er mange gardsdammar grodde eller fylte igjen, og stor salamander er ei truga art hovudsakeleg fordi den har mist svært mange av yngleområda sine. For om lag 80 fuglearter er ferskvatn viktig føde og/eller reproduksjonsområde. Døme på fugl knytt til ferskvatn er ulike arter av ender og gjæser, og fossefall som er kåra til Noregs nasjonalfugl av Ni-timen. Hegre og trane er store og majestetiske fuglar som det ei oppleving å få sjå. Bever og oter er to arter av pattedyr som lever i eller nært knytt til bekkar og vatn. Beveren, som er vår største gnagar, er ofte kalla skogens entreprenør grunna sine dammar og hytter i vassdraga. Oteren er eit fascinerande rovdyr som lever i både fersk- og saltvatn. Men når den held til i marine miljø må den ha tilgang til ferskvatn for å drikke og for pelspleie. Oterens viktigaste føde er fisk.

Dei fleste plantene i innsjøar har røtene i oksygenfetting miljø, og har derfor utvikla luftekanalar og store hol i stenglar og blad der oksygen blir produsert og transportert. Ulike sumpplanter og planter med blad og blomster i eller rett under vassoverflata er det første ein legg merke til av vassplanter. Døme på slike arter er den vakre kvite nøkkerosa, ofte kalla vasslilje, og store samlingar av sumpplanter som flaskestarr, elvesnelle og dunkjevle. Totalt 97 karplanter er registrerte i ferskvatn. I tillegg finn vi ei rekkje arter av planteplankton som lever i dei frie vassmassane og algar og sopp som er festa til botn eller til andre planter og dyr. Dei fleste fiskarar har vel lagt merke til at garn blir tildekte av eit brungrønt belegg om dei får stå i vatnet ei tid. I slike tilfelle har påvekstalgane vore på ferde. Planteplankton er den mest artsrike gruppa i ferskvatn med minimum 1050 arter. I næringsfattige innsjøar med klart vatn kor lyset når langt ned finn vi små planter med ein bladrossett ved grunnen. Desse veks på botnen, ofte på fleire meters djup. Døme på slike arter er brasme-gras og botnegras.

I elvar får plantene rikeleg med oksygen og lys, men straumen slit på vegetasjonen, og gjer at

frø og planterøter har vanskar med å feste seg til underlaget. Ulike algar og mosar har greidd å tilpasse seg dette barske miljøet. Alle som har prøvd å gå i ein elv, veit kor vanskeleg det er å halde seg på beina på dei glatte og sleipe steinane. Dette sleipe laget består av mikroskopiske algar, blant anna kiselalgar som er ein type algar med kiselskal. Trådforma grønalgar er talrike i rennande vatn. Dei er mikroskopiske, men lette å legge merke til fordi dei ofte opptrer i store mengder. Ein reknar med at det finst minimum 900 arter av fastsittjande algar i rennande vatn i Noreg. Vi finn mosar i alle storleikar i rennande vatn, frå små såkalla levermosar som er vanskelege å sjå utan lupe, til vanleg elvemose som kan bli eit par meter lang. I mosevegetasjonen er det ein rik fauna av smådyr som til dømes ulike insektlarver og fiskeyngel. Ifølgje Naturindeksen for Noreg er tilstanden for naturmangfald i ferskvatn samla sett god med ein indeks på 0,78. Tilstanden i ferskvatn er betra sidan 1990. Tal i Vass-Nett-karakteriseringa etter vassforskrifta viser at nær halvparten av vassførkomstane i Noreg har ein mogleg risiko for ikkje å oppnå miljømålet god tilstand eller betre innan 2021.

Om lag 7 pst.(267 arter) av dei truga artene har meir enn 20 pst. av bestanden sin i ferskvatn. Av kransalgane er 17 av 20 arter truga. Også ein stor del av amfibio (67 pst.) og augestikkarane (37 pst.) er med på Norsk raudliste for arter 2010. Billa elvesandjeger er døme på ei truga art som lever nært knytt til ferskvatn ved at den lever og jaktar på elvebreidder som blir overfløymd med jamne mellomrom. Elvesandjegeren likar ikkje kraftutbyggingar eller andre inngrep på og ved elvebreidda som grustak og vegbygging. Døme på andre truga arter i ferskvatn er karplantene korsandemat og mjukt havfruegras, glasskivesnigel, edelkreps, og damfrosk. Dei to mest artsrike dyregruppene i ferskvatn, hjuldyr (288 arter) og fjørmygg (505 arter), er ikkje vurderte grunna manglande kunnskap om utbreiing. Villaksen er ikkje truga, men talet på laksebestandar har gått kraftig tilbake og mange bestandar er truga eller sårbare. Om lag 45 norske laksebestandar er utrydda, og ein tredel av dei 401 laksebestandane som er igjen er truga. Av pattedyr knytte til ferskvatn er oteren truga. Elvemuslingen held til i låglandet i elvar med stille til middels straum. Dei finst på dei fleste typar substrat, og lever av mikroorganismar dei filtrerar frå vatnet med gjellene sine. Larvane til elvemuslingen lever parasittisk i gjellene til laks eller aure og er avhengig av vertsfisken for å spreie seg. Bestanden i Noreg er av dei beste i verda, men han er likevel rekna som

sårbar. Særleg sør for Dovre minkar bestanden, mykje fordi det ikkje skjer formeining i stor nok grad. Dette har fleire årsaker, blant anna endringar i vertsdyrbestandane og at dei individa som finst er over formeiringsdyktig alder.

Vi finn sju naturtypar i ferskvatn på Norsk raudliste for naturtyper 2011. Døme på truga naturtypar er kalksjøar og klare kalkfattige innsjøar.

Om lag 15 pst. av ferskvatn er verna etter naturmangfaldlova. Gjennom Verneplan for vassdrag er 388 vassdragsområde verna mot vassdrag-sutbygging. Dette dekkjer 38 pst. av nedbørfelta i norsk vassdragsnatur.

Billa elvesandjeger er vedteken som prioritert art med økologisk funksjonsområde etter naturmangfaldlova, og kalksjøar har fått sin eigen kongelege resolusjon som utvalt naturtype.

Det finst ei rekkje innsjøar og elvar på Svalbard. Innsjøar og mindre vatn finst særleg på strandflatene på Vest-Spitsbergen, og ikkje minst på Bjørnøya som har ca. 700 vatn. I tillegg finst ei rekkje større breelvar. Mange av vatna manglar avløp til sjøen, og er oftast isfrie berre 2-3 månader i året. Saman med tilgrumsing av breslam gjer dette at produksjonen av planteplankton og botnvegetasjon er låg. Dyrelivet i vatn og vassdrag er derfor avhengig av tilført plantemateriale frå landjorda. I tillegg til ein- og fleircella algar førekjem ein del små krepsdyr, og dessutan insektlarver, særleg fjørmygg og stadvis ei vårflugeart. Det er derfor berre nokre få dyrearter som hentar delar av næringa si i ferskvatn på Svalbard. Forutan svalbardrøye som er einaste ferskvassfisk, gjeld dette fjøreplytt, lommer, havelle, praktærfugl og ærfugl. Røye finst i mange mindre vassdrag og over 100 sjøar over heile Svalbard. Nokre bestandar vandrar ut i havet, mens andre er stasjonære. Dei store elvane på Svalbard er breelvar med eit svært høgt innhald av slam. Her finst inga røye, og artsmangfaldet er svært lågt. Svalbardrøya som art kan vere over 100 000 år gamal, og stasjonær Svalbardrøye er truleg blant verdas eldste røyebestandar.

Påverknader

Endringar i arealbruk eller vassføring i nedbørfeltet eller i artene sitt leveområde er, i tillegg til forsuring, introduksjonar av framande organismar og avrenning frå landbruket, den viktigaste trusselen mot artene i elvar og innsjøar. Fysiske inngrep inkluderer gjenfylling av dammar og lukking av bekker, mudring, dumping og utfylling i strandsona og ikkje minst vassdragsreguleringar. Om lag 1/3 av innsjøarealet er påverka av vasskraftut-

bygging, og 15 av Noregs 20 høgaste fossefall er regulerte. Inngrep i form av vegar, drenering og gjenfylling er ein særskilt trussel mot mindre vassførekomstar. KOSTRA-tal for dispensasjonar frå byggjeforbod i 100-metersbeltet langs vatn og vassdrag viser at det i 2010 vart gitt 319 dispensasjonar. Dette er noko høgare enn dei siste åra då tala har vore på mellom 150 og 200. For hovuddelen av kommunane er det likevel ingen auke i tala. Det vart gitt 148 byggjeløyve i medhald av plan i 2010, mot 93 i 2009. Nivået for forsuring av ferskvatn er framleis over tolegrensa i 10 pst. av Noregs landareal, sjølv om forsuringssituasjonen har blitt betre dei 10-15 siste åra. Det er særleg område på Sørlandet og Vestlandet som framleis er påverka av forsuring, og dette har gjennom fleire tiår ført til store skadar på plante- og dyrelivet i ferskvatn. Mange sniglar og amfibium er gått tapt i store areal på Sørlandet, og det er anslått at 94 pst. av totalt 47 kjende bestandar av elvemusling i Vest- og Aust-Agder er borte. For enkelte grupper av vassplantar er meir enn 50 pst. av dei opphavlege artene tapt frå delar av dei mest forsura vassdraga i Sør-Noreg.

Forureining som følgje av tilførsel av nærings-salt (overgjødsling) er framleis eit betydeleg forureiningsproblem, særleg i område med tett busetnad og landbruksintensive område. Dei viktigaste tilførselene kjem frå jordbruk, fiskeoppdrett, kommunalt avløp og industri.

Spreiing av framande organismar er eit alvorleg trugsmål mot norske vatn og vassdrag, og lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*, signalkreps, ørekyte, gjedde og sørv er døme på arter som har hatt negative konsekvensar på økosystema i ferskvatn. Skadar skuldast både at dei introduserte artene påverkar økosystema negativt og at dei fører til alvorlege sjukdommar hos dei opphavlege artene.

Dei historiske truslane mot dei ville laksestammene, som til dømes sur nedbør, vasskraftutbygging og andre inngrep i vassdrag blir i dag motverka på ein effektiv måte og vil truleg ikkje føre til ytterlegare nedgang i laksestammene. Også lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* kan handterast, men her må innsatsen for å nedkjempe parasitten vidareførast. Hovudutfordringane for laksen i dag er lakselus og innblanding av oppdrettslaks i dei ville stammene.

Påverknaden på elvar og innsjøar på Svalbard som følgje av inngrep og arealbruk er minimal. Tidlegare vart røyebestandar stadvis utsette for rovfiske med garn. I dag blir det fiska mellom 200 og 400 røyer årleg. Røya på Svalbard er òg utsett for miljøgifter. Det klaraste eksemplet finst i Ella-

sjøen på Bjørnøya. Her er nivået av PCB i røye så høgt at det ikkje er tilrådeleg å ete storfisk. Verdiane er av dei høgaste som nokon gong er målte i Arktis.

Politikk for å nå dei nasjonale måla

Heilskapeleg vassforvaltning

Rammedirektivet for vatn forpliktar Noreg til å utarbeide vassforvaltningsplanar for heile landet. Vassforvaltningsplanar for alt ferskvatn og grunnvatn i dei 11 vassregionane skal vere vedtekne innan 2015. Formålet med planane er å ta vare på eller forbetre miljøtilstanden i alle elvar, innsjøar, grunnvatn og kystnære område, og sikre ei heilskapeleg og økosystembasert forvaltning av alle vassførekomstar i Noreg. Dei første forvaltningsplanane vart vedtekne av Kongen i statsråd i juni 2010. Desse planane dekkjer om lag 20 pst av vatnet i Noreg. I 2012 vil arbeidet med å utarbeide forvaltningsplanar for resten av vatnet fortsette, samtidig som vedtekne tiltak i dei første vassforvaltningsplanen skal settast i gang.

Arbeidet med heilskapelege vassforvaltningsplanar krev betydelege ressursar i fylkeskommunane, kommunar, hjå Fylkesmannen og i dei andre statlege etatane. Ein del av tiltaka medfører store kostnader for den enkelte sektor, til dømes innan avløp og kloakk, avrenning frå landbruksverksemd, og nedkjemping av framande organismar. Det blir viktig å finne fram til dei mest kostnadseffektive tiltaka, og å få til eit godt samarbeid om gjennomføring av tiltak.

Frå første fase av forvaltningsplanane etter vassforskrifta ser ein at ansvar og kostnadar blir avdeka gjennom tiltaksanalysane. I Haldenvassdraget til dømes, vert omfang og fordeling av kostnadane for å oppnå god tilstand talfesta og ein får på det viset eit bilete av dei tiltaka som gir best verknad for kvar krone som blir sett inn. Dette gjer vala tydelegare for ansvarleg styresmakt.

Vern av vassdrag

Talet på inngrep i vassdragsnatur aukar, til dømes gjennom utbygging av små vasskraftverk. Det følgjer av vassforskrifta at ein vassførekomst, om mogleg, skal oppretthalde god tilstand sjølv om den er utsett for inngrep, og det er eit mål at vassførekomstar som allereie er påverka av kraftutbygging eller andre inngrep oppnår godt økologisk potensial innan kommande planperiode, det vil seie innan 2021. Samtidig veit vi at talet på nye vasskraftsaker vil auke kraftig dei kommande åra på grunn av satsinga på fornybar energi og ord-

ninga med el-sertifikat. Konfliktnivået vil òg auke, fordi dei minst konfliktfylte og mest lønnsame prosjekta i stor grad allereie er utbygd. Det store og aukande talet på søknader om nye vasskraftutbyggingar gjer at ein kan realisere dei prosjekta som har størst samfunnsnytte og minst miljøpåverknad.

Miljøforvaltninga er involvert i vasskraftsaker, både gjennom utsegner til enkeltsaker, ved å vere ansvarleg for naturforvaltningsvilkår i vasskraftkonsesjonar og i utforminga av meir samlande retningslinjer og planar. Det er viktig å styrke samarbeidet på tvers av sektorane, og auke kompetansen på statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå om konsekvensane av små vasskraftverk på vassdragsnaturen. Dette gjeld både konsekvensane av enkeltprosjekt og dei samla effektane av fleire utbyggingar. Kunnskap om miljøverdiane i dei aktuelle prosjektområda må òg betrast.

Det er ikkje eit generelt byggjeforbod langs vassdrag, men forbod kan fastsetjast gjennom kommuneplanen. Dei fleste kommunane har innført eit slikt byggjeforbod langs vatn og vassdrag. I den nye plan- og bygningslova er det innført ei plikt for kommunane til å vurdere behovet for eit slikt forbod. Nasjonale forventningar til regional- og kommunal planlegging fastslår at det skal takast omsyn til allmenne interesser langs vassdrag, og at det er forventa at kommunane vurderer behov for byggjeforbod i ei sone på inntil 100 meter langs vassdrag i kommuneplanen. Utbyggingspresset langs vatn og vassdrag varierer, og kommunane ser i stor grad ut til å følgje opp sine eigne reglar om byggjeforbod i kommuneplanen. I ein del pressområde er det likevel behov for ein innskjerpa politikk og betre plangrunnlag for å sikre strandsona for allment bruk. Det blir òg viktig framover å ha fokus på flaum, som blir forsterka av klimaendringane, og omsyn til naturmangfald. Departementet vil derfor i si rettleiing framover leggje vekt på behovet for heilskapeleg planlegging av arealbruk langs vassdraga.

Sentrale styresmakter utarbeidde retningslinjer for fylkesvise planar for små vasskraftverk i 2009 og oppfordra fylkeskommunane til å ta i bruk dette verktøyet. Planane skal medverke til at naturmangfald, friluftsliv og store landskapsverdier ikkje går tapt samtidig som talet på små vasskraftverk aukar. Vedtekne fylkesvise planar er ikkje bindande for den endelege konsesjonsbehandlinga, men søknadar i område som i fylkesplanen er vurderte som spesielt konfliktfylte, vil normalt ikkje få konsesjon. Retningslinjene blir òg lagt til grunn for konsesjonsbehandlinga av enkeltprosjekt. Dei fylkesvise planane er meint å

romme viktige heilskapelege vurderingar og vil derfor vere ein viktig del av grunnlaget for konsesjonsbehandlinga. Så langt har to fylke utarbeidd slike planar.

Miljørevisjonar av gamle vasskraftkonsesjonar vil vere eit sentralt verkemiddel for å betre miljøtilstanden i regulerte vassdrag. Det vil ventleg komme eit stort tal saker til behandling dei næraste åra og desse inneber eit stort potensial for store miljøforbetringar i dei regulerte vassdraga. Det blir arbeidd med slutføring av retningslinjene for korleis desse sakane skal behandlast frå oppstart til sluttbehandling.

Verneplan for vassdrag omfattar 38 pst. av nedbørfelta i Noreg. Desse vassdraga er beskytta mot større vasskraftutbyggingar, men ikkje mot andre inngrep. Gjennom mange år har mange av desse vassdraga blitt utsette for ei rekkje små inngrep, ofte i form av små kraftverk. Vi har lenge sett ei «bit for bit»-utbygging der summen av ei rekkje små inngrep gradvis reduserer verneverdiane. Gjennom arbeidet med karakteriseringa av vassførekomstane knytt til gjennomføringa av vassforskrifta, vil det komme mykje informasjon om inngrepsstatus for dei verna vassdraga. Dette vil gi eit viktig grunnlag for ei styrkt forvaltning av desse.

Auka innsats for å unngå overgjødsling

Vassforvaltningsplanane vil gi grunnlag for styrkt innsats mot overgjødsling. I jordbruksoppgrjeret for 2011 vart midlar til tiltak mot avrenning frå jordbruket auka som ei følge av desse planane.

Kalking av vassdrag

Nivået for forsuring av ferskvatn er framleis over tolegrensa i om lag 10 pst. av Noregs landareal, og fram mot 2030 er det berre venta små betringar i forsuringssituasjonen. Det vil derfor vere naudsynt å halde fram med kalking av vatn og vassdrag i lang tid framover. Det er særleg område på Sørlandet og Vestlandet som framleis er påverka av forsuring, og forsuringa har gjennom fleire tiår ført til store skadar på plante- og dyrelivet i ferskvatn. For å oppnå ytterlegare betring i vasskvaliteten i desse områda må utsleppa av svovel- og nitrogensambindingar til luft i Europa reduserast meir enn målsetjingane i Gøteborgprotokollen. Arbeidet med revisjon av denne protokollen er no i gang med sikte på å vedta ein ny protokoll i 2012.

Prioriterte arter og utvalde naturtypar

I nokre tilfelle vil det vere mest tenleg å ta vare på truga arter og naturtypar ved å gi dei status som prioriterte arter eller utvalte naturtypar etter naturmangfaldlova. Det er eit delmål at dei mest truga artene og dei mest truga naturtypane i ferskvatn innan 2013 skal ha status som høvesvis prioriterte arter eller utvalde naturtypar. Arbeidet med å peike ut prioriterte arter og utvalde naturtypar vil halde fram i 2012. I dette arbeidet kan også arter og naturtypar som er knytte til elvar og innsjøar bli vurderte. Ein vil òg følge opp artene som er blitt prioriterte og dei naturtypane som er blitt utvalde, òg dei handlingsplanane som er utarbeidde. Staten kan gi tilskot til tiltak for å ta vare på dei prioriterte artene og utvalde naturtypane.

Forvaltning av villaks

Statusrapporten til Vitskapeleg råd for lakseforvaltning viser at innsiget av villaks til Noreg var historisk lågt i 2010. Kalking av sure laksevassdrag, ei god forvaltning av leveområda i ferskvatn og arbeid med å nedkjempe lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* vil bli vidareført. Det er gjennomført rotenonbehandling av vassdrag i Vefsn-regionen og aluminiumsbehandling i Lærdalselva. Vefsn-regionen vil bli følgt opp med ytterlegare behandling i 2012. Det er vidare naudsynt å sikre eit berekraftig laksefiske. Tiltak mot lakselus og rømt oppdrettslaks er omtalt i Fiskeri- og kystdepartementet sin budsjettproposisjon.

I kommande år vil det bli lagt stor vekt på å sikre dei ville laksebestandane i nordområda. Betring av kunnskapsgrunnlaget, reguleringar tilpassa bestandssituasjonen og lokal forvaltning i Tanavassdraget vil stå sentralt i dette arbeidet.

Det blir arbeidd med ein revisjon og modernisering av lakse- og innlandsfisklova. Eit forslag har vore på høyring, og ein tek sikte på å leggje fram ein lovproposisjon innan utgangen av 2011.

Miljøverndepartementet arbeider med å utvikle ei kvalitetsnorm for villaks som kan heimlast i naturmangfaldlova § 13. Norma skal vere eit verkøy i Miljøverndepartementets forvaltning av villaksen, men òg i forvaltninga av villaksen på tvers av sektorane. Forslaget inneber ei modernisering av gjeldande forvaltningsprinsipp, og medverkar til å klargjere korleis Noreg kan oppfylle sine målsetjingar om å bevare villaksen samtidig som det blir lagt til rette for hausting av eit overskot.

Tiltak mot uønska spreiding av framande organismar

Det er eit delmål at tiltak mot dei mest skadelege, etablerte framande organismane skal vere sette i gang innan 2015. Det er under utarbeiding ein handlingsplan for utrydding av eksotiske fiske-slag i ferskvatn, og fleire fylke lagar egne regionale handlingsplanar med målretta tiltak mot framande skadelege artar i ferskvatn. Nedkjempinga av bl.a. *Gyrodactylus salaris* og krepsepest vil halde fram i 2012. Ny forskrift for innførsel og utsetjing av framande organismar vil etter planen tre i kraft i 2012. Forskrifta vil blant anna omfatte føresegner om utsetjing av fisk utanfor deira naturlege utbreiingsområde, og innførsel og hald av akvarieorganismar og organismar i hagedammar. Det vil i tillegg bli foreslått krav om reingjer-ing og behandling av fiskereiskap, båtar og anna utstyr.

Dei siste åra har ein brukt store ressursar på nedkjemping av *Gyrodactylus salaris*, og innsatsen mot krepsepest har òg kravd store ressursar. Dette arbeidet blir ført vidare i 2012. Arbeidet med å avgrense førekomstane av krypsiv vil òg bli ført vidare. Det er ikkje sikkert at krypsiv må reknast som framand organisme i dei vassdrags-strekningane der den i dag skaper problem, men den kraftige veksten har gjort det nødvendig å setje i gang nedkjempingstiltak.

Betring i kunnskapsgrunnlaget

Det er stort behov for meir kunnskap om miljøtilstanden i vassdraga for å kunne oppfylle krava i EUs vassdirektiv. Særleg basisovervakinga er eit viktig område for vidare satsing. I tillegg skal det satsast på sektorbasert overvaking av tilstanden som følgje av påverknader og verknaden av tiltak mot desse.

Gjennom Vass-Nett, informasjonsverktøyet i tilknytning til vassforskrifta, kan alle gå inn og finne «si» vassførekomst og sjekke tilstanden. Dette gjer at alle kan bidra med informasjon om det lokale vassmiljøet.

Det er naudsynt med vidare overvaking av vil-laksbestandane og meir kunnskap om truslar og effekten av tiltak. Samtidig skal vi ta i bruk den omfattande kunnskapen som allereie finst.

Nærare om Svalbard

Det er behov for betre kunnskap som grunnlag for forvaltning av røyebestandane på Svalbard og regulering av fiske i vatn og vassdrag der dette er tillete. Det er laga ei eiga forskrift for røyefiske på Svalbard, og det blir arbeidd med ein eigen røyestrategi for å få betre kunnskap om bestandane i dei ulike vassdraga. Klimaendringane kan i framtida føre til interesse for oppdrett på Svalbard. Svalbardmiljølova gir eit høgt vernnivå i høve til all verksemd som kan påverke røyebestandane. Miljøgiftnivåa i svalbardrøya skuldast langtransporterte tilførsler.

13 Resultatområde 3 Frodige våtmarker

Våtmarkene er av dei mest produktive økosystema vi finn på jordkloden, og dei er blitt kalla «biologiske supersystem». Noreg har fleire typar av våtmark enn mange andre land, frå næringsfattige torvmyrar og svært næringsrike grasmyrar til ulike kjelder og flaummark. Knappt noko land i Europa har større variasjon i utforming og plante- og dyreliv i våtmarker. Av totalt 50 artar av torvmosar i Europa finn vi 47 i Noreg. Mange av dei 46 artene av augestikkarar som finst i Noreg er av dei største insektene vi har. Dei er spektakulære og nesten litt nifse når dei kjem flygande som «minihelikopter» utan styring.

Våtmarkene leverer viktige økosystemtenester. Mange våtmarker, særleg myrar, har stor kapasitet til å lagre vatn, og medverkar på den måten både til å jamne ut flaumtoppar og hindre tørke ved å vere eit slags vassmagasin. Denne sida ved våtmarkene gjer dei spesielt interessante i klimatilpassing. Våtmarkene har òg ei unik evne til å reinse vatn, og skaffar på den måten reint drikkevatt. Våtmarkene bind store mengde karbon, og øydelegging gjennom drenering og utbygging av myr kan derfor føre til store CO₂-utslepp når torvmosen rotnar. Mange myrar kan karakteriserast som naturen sitt bibliotek ved at frø, restar av planter og dyr blir bevarte i ulike lag grunna mangel på oksygen. Myra blir derfor ei viktig kjelde til kunnskap om klima og plante- og dyreliv i tidlegare tider.

Vi har så langt ikkje sett stor nok pris på kor viktig våtmarkene er. Dette har ført til at naturtypa er blant verdas mest truga økosystem. Dei blir øydelagde raskare enn nokon annan naturtype.

Nasjonale mål – Frodige våtmarker

3.1 Utryddinga av truga våtmarksarter skal vere stansa, og status for artar i nedgang skal vere betra innan 2020.

Indikator:

- Talet på truga artar knytt til våtmark.

3.2 Mangfaldet av naturlege våtmarker skal takast vare på eller gjenopprettast innanfor deira naturlege utbreiingsområde, og slik at alle artar førekjem i levedyktige bestandar. Det genetiske mangfaldet og viktige økologiske funksjonar og tenester skal takast vare på.

Indikator:

- Talet på restaurerte våtmarksområde.

3.3 Dei mest truga naturtypene i våtmark skal ha status som utvalde naturtypar.

Indikatorar:

- Talet på truga naturtypar i våtmark.
- Talet på utvalde naturtypar i våtmark.

3.4 Dei mest truga artene i våtmark skal ha status som prioriterte artar.

Indikator:

- Talet på prioriterte artar knytt til våtmark.

3.5 Eit representativt utval av våtmarker skal vernast for kommande generasjonar.

Indikator:

- Areal og del av verna areal (inkl. årleg endring) fordelt på naturtypar knytt til våtmark.

3.6 Verneverdiane i verneområda skal oppretthaldast/gjenopprettast.

Indikatorar:

- Talet på og del av verneområde der verneverdiane er truga.
- Talet på og del av verneområde med forvaltningsplan.

3.7 Ved innførsel og utsetjing av framande organismar skal vesentlege uheldige følgjer for naturmangfaldet unngåast. For dei mest skadelege framande organismane som allereie er sette ut i norsk natur skal tiltak for å nedkjempe desse vere sett i gang eller gjennomført.

Indikatorar:

- Talet på handlingsplanar utarbeidde og sette i verk for allereie introduserte skadelege, framande organismar.
- Talet på utryddingstiltak (fordelt på art) gjennomført pr. fylke.

3.8 Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal medverke til å hindre uønska nedbygging av våtmarker.

Tilstand

Våtmark er definert på litt ulike måtar. I Naturindeksen omfattar våtmark myr, kjelde og flaummark (under dette elvedelta). Våtmarker dekkjer om lag 10 pst. av arealet i Fastlands-Noreg, og størstedelen av dette er myr.

Myr og kjelder er område med høgt nivå av grunnvatn heile eller store delar av året, og her lever arter som er tilpassa eit liv under tilhøve metta av vatn. Flaummark er område langs elvar og innsjøar som blir utsette for overfløyning, erosjon og sedimentering. Naturtypene i våtmarksområda er svært mangfaldige og mange er artsrike. Myrar har høgt nivå av grunnvatn som gir høg markfukt og oksygenfattig miljø nesten heilt opp til overflata. Dette gir dårlege livsvilkår for mange arter. Likevel er det stort mangfald av liv i den øvste delen av torva, ikkje minst av arter som bakteriar, algar og sopp. Torvmosane er spesielt tilpassa eit liv på myr ved at dei veks raskt i spissen av skotet, og døyr nedanfrå. Daude torvmosar utgjør derfor ein stor del av torva i mange myrar. Karplantene som lever på myr har oftast luftvev i stengel og rot (sumpplanter) som til dømes mange arter av starr, myrull og bukkeblad. Andre planter har tilpassa seg ved at dei lever nær overflata der det er god tilgang på oksygen. Dette gjeld soldogg og tettegras. Desse to artene fangar i tillegg insekt som blir sittande fast på klebrige blad og dei får på den måten tilleggsnæring.

Vi finn fleire typar av myr i Noreg, med næringsfattige nedbørsmyrar og næringsrike grasmyrar som dei to ytterpunkta. På dei næringsfattige nedbørsmyrane finn vi berre om lag 20 arter av karplanter, mens vi på ei rikmyr finn meir enn 200 arter av karplanter. Insektlivet på myr er heilt spesielt. Mest iaugefallande er dagsommarfuglane og augestikkarane. Ei rekkje insekt lever nesten berre på og i torvmosar, og det øvste laget på torvmyrar inneheld store mengder av edderkopparter og billearter. Vi finn fleire arter av frosk og salamander i myrvatn- og i flaummarksdammar som ikkje er for sure. Slike område har òg ein karakteristisk fuglefauna. Det er særleg mange vadefuglar som er avhengige av våtmark, men òg andre arter som gjæser, ender, riksefuglar og ein del arter av spurvefugl treng slike naturtypar som hekke- og rasteplass, og for nokre er dei òg overvintrings- og fjørfellingsområde.

Kjelder har oksygenrikt grunnvatn som spring fram frå undergrunnen, og dekkjer vanlegvis små areal. Ei rekkje plantearter er karakteristiske for kjelder, til dømes trillingsiv, gulsildre og mange mosearter. Faunaen er meir artsfattig. Fjørmygg, døgnfluger, steinfluger og vasskalvar er typiske insektarter rundt vasskjelder.

Ifølge Naturindeksen for Noreg er tilstanden for naturmangfaldet i våtmark middels god med ein indeks på 0,55. I dag skjer lite omlegging av myr til dyrka mark, men tidlegare inngrep har gjort store skadar og dei fleste av desse er irreversible. Om lag 15 pst. (443 arter) av dei truga artene lever i våtmark. Dei fleste av planteartene på raudlista er knytte til rikmyr. Døme på slike arter er plantene huldrestarr, myrflangre, knottblom og alvemose. Våtmarker er viktige hekkeområde for alle dei fem norske fugleartene som er med på Den globale røddlista. Dette er dverggås, åkerrikse, dobbeltbekkasin, storspove og svarthalespove. Dverggåsa har dei seinare åra minka sakte men sikkert, til nokre få attverande par i Finnmark. Av andre dyr er spissnutefrosk og storsalamander arter på Norsk raudliste for arter 2010. Vi finn 16 naturtypar i våtmarksområde på Norsk røddliste for naturtyper 2011. Døme på ein slik naturtype er palsmyr.

Ein god del av dei mest verdifulle areala av våtmark som er att, er verna etter naturmangfaldlova. Gjennom verneplan for myr og våtmark er meir enn 600 naturreservat oppretta. For flaummark er Verneplan for vassdrag svært viktig. Om lag 18 pst. av myrane er verna. Myrar i fjellet er godt dekkja av områdevernet, mens langt færre våtmarker i låglandet i Sør-Noreg er verna. Inkludert Svalbard har vi pr. 2011 51 våtmarkssystem som blir rekna som internasjonalt viktige våtmarksområde på lista til Ramsarkonvensjonen. Døme på slike område er Stabbursneset (Finnmark), Nordre Øyeren (Akershus) og Åkersvika (Hedmark).

Dverggås og svarthalespove er vedtekne som prioriterte arter med økologisk funksjonsområde etter naturmangfaldlova. Slåttemyr er utvald naturtype etter naturmangfaldlova og skal derfor takast særskilt omsyn til.

På Svalbard utgjør våtmarker ein stor del av tundraområda i dei isfrie dalføra og på kystslettene. Våtmarker på Svalbard omfattar mosetundra og andre våte tundratypar, område med innsjøar og dammar, elvesletter, deltaområde og grunne kystområde med øyar og skjer. Desse områda har stor verdi for trekkjande bestandar av gjæser, ender og vadefuglar. Våtmarker på Svalbard er generelt lite påverka av arealbruk og arealbruks-

endringar. Ein stor del av dei viktigaste våtmarkene på øygruppa er i dag innanfor verneområda, som dekkjer 67 pst. av landarealet. I juni 2011 vart Bjørnøya, Hopen, Sørkapp og Nordenskiöldkysten førte inn på lista til Ramsarkonvensjonen om vern av våtmarker. Frå før hadde fem mindre område på Svalbard status som Ramsarområde. Alle Ramsarområde på Svalbard er verna i medhald av Svalbardmiljølova.

Påverknader

Endra arealbruk er vurdert til å vere ein trussel mot heile 85 pst. av dei truga og nær truga artene som lever i våtmarksområde. Minst 1/3 av det opphavlege arealet av myr under skoggrensa er brukt til landbruks- og utbyggingsføremål. I låglandet i Sør-Noreg er ein endå større del av myrane øydelagde som naturlege økosystem. I til dømes Vestfold og store delar av Østfold og Akershus er så godt som alle større myrar som ikkje er verna øydelagde eller sterkt påverka av tekniske inngrep. Heilt sidan midten av 1700-talet og fram mot 2000 har ein i Noreg drive med grøfing av myr for å auke arealet av dyrka mark og for å auke skogproduksjonen. I perioden 1919-1996 er det gitt tilskot til oppdyrking av om lag 2000 km² myr, og meir enn 4000 km² myr er grøfta for skogplanting. For slike landbruksføremål er rikmyrane best eigna, og det er no berre att små areal av rikmyrar i låglandet. Desse inneheld mange truga arter. Bruk av myr til torvstrø og brenntorv har gått hardast ut over nedbørsmyrane. I tillegg kjem nedbygging til vegar, idrettsanlegg, tomtegrunn og vassmagasin knytte til kraftutbyggingar. Mange arter knytte til flaummark er blitt sjeldne som følgje av kraftutbyggingar. Døme på dette er karplantene sibirstjerne, småjonsokblom og kveinhavre. Billa elvesandjeger og fuglen fjellmyrløpar er døme på sjeldne dyr.

Så lenge det har vore jordbruk i Noreg, har myrar og flaummarker vore hausta gjennom husdyrbeite og utmarksslått. For slått og beite eigna rikmyrane og dei gras- og urtedominerte flaummarkene seg best. Derfor var desse naturtypane dei siste som vart brukte til utmarksslått. I nokre område gjekk myrslått føre seg til etter 1950. Men så var det slutt på slik bruk, og opphøyret av beite og slått som hadde vore utøvd i fleire hundre år førte til attgroing og andre endringar i dei artsrike, kulturprega naturtypane. Desse prosessane går føre seg med full tyngd i våre dagar. Resultatet er at ei rekkje arter som krev mykje lys og open vegetasjon, som til dømes den truga orkideen svartkurløp, får problem med å overleve.

Auka tilgang på nitrogen gjennom blant anna luftforureining fører til auka produksjon, og derfor attgroing. Dette påverkar spesielt konkurransevake arter. Klimaendringar vil òg påverke våtmarkene, og komme i tillegg til dei eksisterande påverknadane. Mange drenerte myrar som ikkje held på vatnet, fører vatnet raskt ut i elvane, som stig raskare og meir enn dei elles ville gjort.

Mangfaldet og fordelinga av våtmarker på Svalbard er kritisk avhengig av permafrosten og prosessar knytte til denne. Våtmarkene er derfor svært sårbare for klimaendringar. Oppvarming av permafrosten på Svalbard er allereie observert. Ved Longyearbyen har temperaturen dei siste 30 åra auka med 0,7 pr. tiår på ca. 2 meters djup. Denne oppvarminga har auka det siste tiåret. Med dei raske temperaturstigingane som er venta på Svalbard, kan den framtidige tininga av permafrost skje raskare enn tidligare berekna.

Etterkvart som temperaturen i Arktis stig, kan våtmarkene bli ei globalt viktig kjelde til frigjering av CO₂ og metan til atmosfæren. Det er avgrensa med organisk materiale i permafrosten på Svalbard. Tining av permafrost på Svalbard vil derfor truleg bety lite som kjelde til klimagassar.

Våte tundraområde på Svalbard er svært sårbare for mekanisk slitasje knytt til barmarkskøyring. På Svalbard er det mange område med tydelege skadar knytte til slik køyring i samband med gruve drift og oljeleiting på land fram til 1980-talet. Inngrep som vegar og liknande kan på grunn av permafrosten endre hydrologien og dermed påverke våtmarker over forholdsvis store område. I dag er inngrep og barmarkskøyring strengt regulert, og endra arealbruk er i lita grad eit trugsmål mot våtmarker og artene som lever der.

Politikk for å nå dei nasjonale måla

Sikring av våtmark

Det er viktig at våtmarkene blir beskytta, anten ved vern eller anna ivaretaking som sikrar at vi òg i framtida kan nytte desse systema sine økosystemtenester.

Det er naudsynt med ei gjennomtenkt og planmessig forvaltning for å sikre vern og berekraftig bruk av våtmarksområde. Dei fleste land i verda, inkludert Noreg, er partnarar i den internasjonale avtala om våtmarker, den såkalla Ramsarkonvensjonen. Det at våtmarker har ein eigen internasjonal avtale viser kor viktig denne naturtypen er. Konvensjonen handlar om å ta vare på våtmarker i brei forstand; både som leveområde for planter og dyr, og som viktig naturressurs for mange menneske. Dei internasjonalt viktige våtmarksområda

(Ramsarområda) skal forvaltast slik at den økologiske funksjonen blir halden ved lag. Landa skal òg syte for berekraftig bruk av våtmarker generelt i forvaltning og arealplanlegging, og kartleggje og gjennomføre verneplanar for våtmarker.

Den naturfaglege evalueringa av norske verneområde viser at det er mangelfull dekning i verneområda av våtmarkstypene lågareliggjande rikmyr, kjelde, kjeldebekk, intakt låglandsmyr, kystmyr, kroksjøar og flaumdammar. Departementet følgjer no opp denne evalueringa, og Direktoratet for Naturforvaltning er i gang med å utarbeide utkast til ein plan for korleis dei ulike verkemidlane i naturmangfaldlova skal brukast for å sikre våtmarker.

Sikring av verneverdiar i verna våtmarksområde

Sjølv om vi har verna 18% av myrane i Noreg og 51 våtmarksområde står på Ramsarkonvensjonen si liste som internasjonalt viktige våtmarksområde, er også verneområda utsette for press frå omgivnadene. Det er viktig å sikre at forvaltninga av etablerte verneområde byggjer opp under verneformålet slik at verneverdiane ikkje blir øydelagde eller reduserte. Dei siste åra har forvaltningsplanar for Ramsarområde blitt prioriterte, og dei fleste eldre Ramsarområda har no ein ferdig forvaltningsplan, eller ein slik plan under arbeid. Ein del av områda som nyleg har blitt Ramsarområde manglar framleis forvaltningsplan, men vil bli prioritert i 2012. Av nye Ramsarområde frå 2011 er det ein på fastlandet og to på Svalbard som har forvaltningsplan. Framover blir det viktig å få gjennomført tiltaka i forvaltningsplanane for Ramsarområda, og å lage forvaltningsplanar for dei mange verna våtmarksområda som ikkje er Ramsarområde.

Direktoratet for Naturforvaltning er i gang med å utarbeide forslag til utviding av Ramsarområde basert på oppretting av nye verneområde og utviding av eksisterande område med Ramsarstatus. Departementet vurderer å starte ein gjennomgang av verna våtmarksområde for å vurdere om avgrensingane er føremålstenlege med tanke på at områdas økologiske funksjon blir halden oppe. Verneforskriftene for fleire Ramsarområde er av eldre dato, og det blir vurdert å gjennomgå desse, og eventuelt utarbeide nye.

Direktoratet for naturforvaltning har anbefalt at 11 nye område på fastlandet får status som Ramsarområde. Prosessen med å få desse godkjent som Ramsarområde vil halde fram i 2012.

Prioriterte arter og utvalde naturtypar

I nokre tilfelle vil det vere mest føremålstenleg å ta vare på truga arter og naturtypar ved å gi dei status som prioriterte arter eller utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova. Det er eit delmål at dei mest truga naturtypene skal ha status som utvalde naturtypar og dei mest truga artene i våtmark skal ha status som prioriterte arter innan 2013. Arbeidet med å peike ut prioriterte arter og utvalde naturtypar vil halde fram i 2012. I dette arbeidet kan òg arter og naturtypar knytte til våtmark bli vurderte. Ein vil òg følgje opp dei artene som er blitt prioriterte og dei naturtypene som er blitt utvalde, inkludert dei handlingsplanane som er utarbeidde. Staten kan gi tilskot til tiltak for å ta vare på dei prioriterte artene og utvalde naturtypene.

Restaurering av våtmarksområde

Det er viktig å halde ved lag og restaurere økosystema sin funksjon som bufferar mot naturkatastrofar. I internasjonalt bistandsarbeid vil Regjeringa arbeide for å fremje forståinga av at naturen er eit førstelinjeforsvar mot konsekvensar av klimaendringar. Restaurering av våtmarker som klimatiltak er eit viktig tiltak for å møte og tilpasse seg klimaendringane også nasjonalt, blant anna for å gjere oss mindre utsette for flaum. Det er eit mål å restaurere minst halvparten av øydelagde våtmarker innan 2020. Direktoratet for naturforvaltning arbeider med ei oversikt over våtmarksområde som treng restaurering. Ein plan for korleis restaureringsarbeidet skal gjerast vil bli påbegynt i løpet av 2012. Det er i 2011 utført restaureringar i Skottvatnet i Oppland og erfaringar herifrå vil danne grunnlag for det vidare arbeidet.

Forbod mot nydyrking, grøfting og skogplanting på våtmark

Landbruks- og matdepartementet arbeider med ei forskrift som vil forby nydyrking av myr til jordbruksareal. Forskrifta har vore på offentleg høyring og ligg i Landbruks- og matdepartementet til behandling. Nygrøfting for skogplanting er forbode i forskrift om berekraftig skogbruk.

Kunnskap og informasjon om våtmark

Framover blir det viktig å auke forståinga og kunnskapen om dei økosystemtenestene som våtmark leverer, og få auka fokus på verdien av desse økosystema og kostnadene ved tap av våtmarker.

Regjeringa har i perioden 2008-2011 støtta våtmarkssenter og utstillingar. Denne satsinga vil halde fram i 2012. Ein handlingsplan for kommunikasjon, utdanning, deltaking og bevisstgjerung om våtmark og Ramsarkonvensjonen vart utarbeidd i 2011. Ein sentral del av handlingsplanen omfattar eit forslag om autoriseringsordning for våtmarkssenter i Noreg, på linje med autorisasjonsordninga for nasjonalparksenter. Målet er at sentra skal medverke til å skape forståing for verdien av den norske våtmarksarven og formidle kunnskap om bruk og ivaretaking av våtmarksområde, inkludert Ramsarområde. I 2012 vil departementet halde ein open søknadsrunde for senter som ønskjer å bli autoriserte som naturinformasjonssenter med fokus på våtmark.

Handlingsplanen inneheld òg ei rekkje andre tiltak for å medverke til ei betre ivaretaking av våtmark i Noreg ved å auke kunnskapen om verdien av våtmarker for menneske og naturmangfald. Oppfølging av handlingsplanen vil starte i 2012.

Kartlegging av våtmark inngår i arbeidet med naturtypekartlegging i Noreg, både innanfor og utanfor verneområde. Kartlagde lokalitetar blir lagt inn i kartdatabasen Naturbase. Ramsarkonvensjonen oppfordrar til systematisk kartlegging av partslandas våtmarker, og Noreg har allereie gjort mykje som kan inngå i eit slikt register. Departementet vurderer å opprette eit eige våtmarksregister.

Internasjonalt arbeid med våtmark

Ramsarkonvensjonen (Våtmarkskonvensjonen) sin definisjon av våtmark omfattar fleire naturty-

par. Typiske eksempel er innsjøar og tidevassområde, strandsoner, korallrev, mangroveskog og lagunar. Regjeringa er oppteken av at det er stort potensial hos styresmakter og utviklingsaktørar for auka medvit om dei økosystemtenestene som fattige får frå våtmarker. Våtmarkene blir ofte demde opp, bygde ned eller drenerte. Det er behov for meir kunnskap slik at styresmakter og råka lokalbefolkning får større innsikt i kva for ressursar våtmarker gir til lokalsamfunn. Derfor vil Regjeringa medverke til at det blir utarbeidd ein internasjonal rapport om økonomisk verdi av våtmarker og andre økosystem. Det blir sett ned eit offentleg utval som skal komme med anbefalingar for korleis dette kan gjerast. Målet for ei slik kunnskapsoppbygging er å synleggjere dei verdiane denne økosystemtypen representerer og kostnadene knytte til å øydeleggje den, og å synleggjere korleis desse verdiane kan takast omsyn til i prosessar og avgjerder, og kva for verkemiddel som kan brukast for å ivareta verdiane.

Våtmark på Svalbard

Den strenge reguleringa av inngrep og barmarkskøyning som kan påverke våtmarksområde vil bli ført vidare. For verneområda, inkludert Ramsar-områda på Svalbard, vil det bli utarbeidd forvaltningsplanar som skal ivareta omsynet til våtmarker og artene som er knytte til desse områda.

14 Resultatområde 4 Mangfoldige skogar

I skogen finn vi stille, trolske skogsrom, djupgrøne mosematter, og vi kan oppleve å vasse i blåbær og tyttebær. Her er djupe søkk og granlier, men òg skrinne koller med utsikt over sju blånar. Lurvegran med grått lav, mosegrodde stubbar, trevelter og sus av furu set fantasien i gang så det blir lett å sjå både tussar, hulder og troll. Ein torvmosedott i tjernet blir til nøkken og ugla si tuting blir til varulvhyl. Sjølv om mykje av gamalskogen med dei ekte eventyrskogane no er borte gir skogen framleis gode og spennande opplevingar både til oss vanlege menneske og til dei som evnar å setje om opplevingane til bilete, musikk og litteratur. Trillemarka-Rollagsfjell, som vart verna i 2008, er eit døme på eit skogsområde der ein

framleis finn eit stort naturmangfald og eventyrskogar som gir rike naturopplevingar.

I skogen lever 60 pst av artene i Noreg, og nær halvparten av dei truga artene. Det betyr at for å ta vare på norsk naturmangfald, må skogen forvaltaast riktig. Det store mangfaldet av arter skuldast stor variasjon i livsmiljø, mellom anna fordi vi finn skog frå sør til nord og frå kyst til innland, og fordi trekronene dannar eit tredimensjonalt rom med levestader for ulike arter. Død ved og gamle trær gir livsmoglegheiter for mange truga arter som elles har problem i eit intensivt drive skogbrukslandskap.

Skogen har frå dei eldste tider vore ein svært viktig del av næringsgrunnlaget. Den gav mat, brensel og husvirke, og allereie på 130 0-talet vart det eksportert trelast frå Noreg. Skogbruk og foredling av trebaserte produkt er òg i dag viktige distriktsnæringar, som har økonomisk betydning nasjonalt, regionalt og lokalt.

Boks 14.1 Alf Prøysen skildrar storskogen slik:

«Det er gran i gran og topp i topp ifrå blåne tel blåne, passe tett og passe storvøksin. Det er som de høgste granspira står og svæga i vinddraget og sope himmelen med raukongler. Om sammar'n går husmannsunga i skauen og plukke blåbær. Og slike blåbær som i Skarstadskauen fins det itte andre stann. Den er så stor og blank at du kunne tru du gikk og plukke blåplommer. Og lyngen da, menneskje! Både tyttebærlyngen og blåbærlyngen er som små kjerr der århøna går og kakler smellfeit og perlegrå, og med ungeflokker så diger at det ser ut som et langt reip som bukter seg bortover i grønnmåsan. Og så æljen da. – Det ligg æljhønn under mang ei gran i Skarstadskauen. Og det er hønn med både tolv og fjorten takker, og da kan du tenkje med deg sjøl åssen dom ser ut dessa stor-klauvinga som går inn i der.»

Frå Finn eit strå og trær dom på. Alf Prøysens blomster og planter i dikt og bilete av Klaus Høiland. Grøndahl & Søn Forlag A.S., Oslo 1986.

Nasjonale mål – Mangfoldige skogar

4.1. Utryddinga av truga arter i skog skal vere stansa, og status for arter i nedgang skal vere forbetra innan 2020.

Indikator:

- Talet på truga arter i skog.
- Talet på truga arter som er negativt påverka av skogbruk.

4.2. Mangfaldet av naturtypar i skog skal takast vare på eller gjenopprettaast innanfor sitt naturlege utbreiingsområde, og slik at alle stadeigne arter førekjem i levedyktige bestandar. Det genetiske mangfaldet og viktige økologiske funksjonar og tenester skal takast vare på.

Indikatorar:

- Utvikling i areal av inngrepsfrie naturområde (INON).
- Utvikling i areal av rehabiliterte INON-område.
- Tal og areal restaurerte skogområde.
- Talet på dispensasjonar som er gitt for motorferdsel i utmark, og utvikling i talet på dispensasjonar.

4.3. Alle bestandar som kan haustast av planter og dyr i skog skal vere forvalta økosystembasert og hausta berekraftig slik at artene opptre i levedyktige bestandar innanfor sitt naturlege utbreiingsområde innan 2020.

Indikator:

- Talet på arter der hausting og anna uttak er ein viktig negativ faktor for påverknad.

4.4. Areal brukt til skogbruk skal vere forvalta berekraftig innan 2020.

Indikator:

- Talet på truga arter i skog som har skogbruk som negativ påverknad.
- Del av samla produktivt skogareal som er nøkkelbiotop/MiS-figur avsett til ikkje-hogst.

4.5. Det skal årleg vere 65 ynglingar av gaupe, 13 ynglingar av bjørn, 3 ynglingar av ulv og 850–1200 hekkande par av kongeørn.

Indikatorar:

- Talet på dokumenterte ynglingar av gaupe, bjørn og ulv.
- Talet på hekkingar av kongeørn.
- Talet på dokumenterte ulovlege fellingar av rovvilt fordelt på rovviltarter.

4.6. Dei mest truga naturtypene i skog skal ha status som utvalde naturtypar.

Indikator:

- Talet på truga naturtypar i skog.
- Talet på utvalde naturtypar i skog.

4.7. Dei mest truga artene i skog skal ha status som prioriterte arter.

Indikatorar:

- Talet på prioriterte arter i skog.

4.8. Eit representativt utval av naturtypene i skog skal vernast for kommande generasjonar.

Indikator:

- Verna skog – areal produktiv skog og del av produktiv skog nasjonalt (inkl. årleg endring).

4.9. Verneverdiane i verneområda skal oppretthaldast/gjenoppsettast

Indikator:

- Talet på og del av verneområde i skog der verneverdiane er truga.

4.10. Ved innførsel og utsetjing av framande organismar skal vesentlege uheldige følgjer for naturmangfaldet unngåast. For dei mest skadelege framande organismane som allereie er sette ut i

norsk natur skal tiltak for å nedkjempe desse vere sette i gang eller gjennomført.

Indikatorar:

- Areal, totalt og årleg endring, med utplanta framande treslag og utanlandske treslag brukt til skogbruksformål.
- Areal med spreining av framande treslag og utanlandske treslag brukt til skogbruksformål
- Talet på handlingsplanar utarbeidde og sette i verk for allereie introduserte skadelege, framande organismar.
- Talet på utryddingstiltak (fordelt på art) gjennomført pr. fylke.

4.11. Utsetjing av genmodifiserte organismar skal ikkje føre til skade på naturmangfaldet, jf. genteknologilova.

Indikator:

- Talet på tilfelle der det er påvist mengder GMO over tillatne grenseverdier.

Tilstand

Skog dekkjer om lag 130 000 kvadratkilometer, tilsvarende om lag 34 pst. av fastlands-Noreg. Produktiv skog, som er definert som skog som årleg kan produsere minst ein kubikkmeter tømmer pr. hektar, utgjer om lag 75 000 kvadratkilometer. Grunna ulikt klima varierer skoggrensa mot fjellet i ulike delar av landet, frå havnivå i Finnmark til 1200 meter over havet i innlandsstrøk i Sør-Noreg. Skoglandskapa i Noreg er mindre oppstykkja av jordbruk og busetnad enn i mange andre europeiske land fordi det hos oss er små areal som er eigna for oppdyrking.

Skog er, forutan fjell, den hovudnaturtypa vi har mest av i Noreg. Trea i skogen gjer at vi får ein spesielt stor variasjon i strukturar, levestader og miljø, og skogen gir derfor rom for fleire arter enn naturtypar som ikkje har tresjikt. Trekrone, stammer og greiner har sine unike samfunn av arter, og når trea dør blir det skapt nye livsmiljø, og eit stort tal arter deltek i nedbrytinga av ståande og liggjande tre. Dette er ein viktig grunn til at heile 60 pst. av artene som er kjende i Noreg er knytte til skog.

Hovudtypar av skog er barskog og lauvskog, men desse skogtypene opptre ofte i blanding. Barskogen er dominert av gran og furu. Furu liker seg best på tørr og næringsfattig jord, og furuskogane finn vi derfor på tørre moar og rygger. Gran trivst best på djup jord med god tilgang på vatn. Den vanlegaste typen av lauvskog er nordleg (boreal) lauvskog med blant anna osp, bjørk, rogn, selje og gråor, og finst ofte i blanding

med barskogar. Edellauvskog har varmekjære tre som eik, ask, hassel, svartor, lind og bøk, og den veks særleg i sørlege og vestlege delar av landet nær kysten. Fjellbjørkeskogen danner eit belte mellom barskogen og skoggrensa i fjellet.

Dei mest artsrike gruppene av arter i skog er leddyr, særleg insekt og edderkoppar, sopp, lav og mosar. Velkjende dyregrupper som fugl og pattedyr utgjer mindre enn 1 pst. av alle artene i skog. Eit stort tal sopparter gjer næringa i dødt plantevev tilgjengeleg for andre arter ved å bryte ned cellulose og lignin. Det er enorme mengder sopp i skog, men det aller meste ligg skjult som eit nettverk av «trådar» (hyfar) under bakken og inne i ved og andre plantedelar. Det er først når det blir danna fruktlekam, hattsopp på bakken og kjuker på død ved, at vi legg merke til dei.

Norske skogar har eit stort mangfald av lav og mosar takka vere den kystnære plasseringa med rikeleg nedbør. Desse plantene manglar rotsystem, og er avhengige av overflatevatn for næringsopptak. Mosar og lav dominerer på flater utan jord slik som stein, berg og trestammar der dei slepp å konkurrere med karplanter om plassen. Av karplanter i barskog likar ulike lyng- og bærlyngvekstar som røsslyng, blåbær og tyttebær seg best. I lauvskogane er blåveis, kvitveis, gaukesyre, og grasarter som skogsvingel vanlege arter.

Av vanlege pattedyr i skog er rådyr, mus, ekorn og rev dei som er lettast å få oppleve. Om ein er så heldig å få sjå skogens konge og vårt største landlevande dyr, elgen, vil ein hugse det lenge. Til trass for storleiken sin rører elgen seg stille og i roleg gange når den er uforstyrta, og den har svært god høyrsel og luktesans, og kan derfor vere vanskeleg å få auge på. Fjellnære skogsområde er viktige leveområde for mange arter som også lever i fjellet. Ein av desse er kongeørna. Av dei store rovdyra våre er gaupe, bjørn og ulv i hovudsak knytte til skogen. Ifølge Naturindeksen for Noreg 2010 er tilstanden for naturmangfaldet i skog relativt dårleg med ein indeks på 0,43. Tilstanden i skog er dårlegast i Midt-Noreg og Hedmark. Sjølv om det sidan 1990-åra er sett inn tiltak for å redusere dei negative effektane av hogst og nyplanting er tilstanden i mange skogsområde så dårleg at det blir viktig å følge utviklinga nøye. Om lag 1840 arter, eller 50 pst. av dei truga artene, er knytte til skog. Døme på truga arter i skog er orkideen raud skogfrue, lavarten huldrestry, ei rekkje arter av sopp og mose og ei rekkje insektarter i gruppa tovingar. Den staselege orkideen raud skogfrue lever i kalkrike barskogar på det sørlege Austlandet. «Frua» trivst best i halvskugge, og toler dårleg

gjengroing og skogbruk. Av pattedyr som lever i skog er flaggermusartene breiøyre og børsteflaggermus, brunbjørn og ulv truga. Der den truga hubroen finst i innlandet, hekkar den som oftast i skogsterreng.

Vi finn 19 naturtypar i skog på Norsk raudliste for naturtyper 2011. Døme på truga naturtypar er kystgranskog, temperert kystfurusog, olivinskog og kalklindeskog.

Om lag 2 pst. av den produktive skogen er verna etter naturmangfaldlova. Dette gjeld strengt vern i naturreservat eller i nasjonalparker der skogbruk ikkje er tillate. Raud skogfrue er vedteken som prioritert art med økologisk funksjonsområde etter naturmangfaldlova. Kalklindeskog er vedteken som utvalt naturtype etter naturmangfaldlova.

Påverknader

Ein flytur over skogstrøka i Noreg viser raskt kva som påverkar skogen mest. Det er bestandsskogbruket med hogstflater, plantefelt og skogsvegar som i stor grad formar dagens skoglandskap. Bestandsskogbruket inneber at bartre blir hogde ved ein alder på ca. 80 år, mens den økologiske alderen er opptil 500 år for gran og 7-800 år for furu. I tillegg vil vi på vår flytur nokre stader i høgare liggjande strøk kunne sjå areal med høg tettleik av hytter og alpinanlegg, mens spora frå tidlegare seterdrift i overgangen mellom skog og fjell mange stader er heilt utviska. I låglandet kring byar og tettstader har skogen nokre stader måtta vike for ny busetnad og industri. Men samla sett er ikkje skogen på vikande front. Dei siste tiåra har det totale skogarealet endra seg lite, mens volumet av tre pr. arealeining av skog har auka mykje.

Skogbruk i ulike former er oppført som negativ faktor for meir enn 1400 av dei truga og nær truga artene som er knytte til skog. Det er særleg hogst som er ein negativ faktor for mange arter, men òg treslagsskifte og skogsvegar påverkar eit betydeleg tal arter negativt. Når tre blir hogde og transporterte ut av skogen blir skogen sin struktur og samansetning endra. Ved flatehogst er endringane spesielt store i og med at nesten alle trea blir fjerna, og fordi skogen som blir hogd ofte blir etterfølgt av eit einsaldr og einsarta plantefelt. Få tre blir ståande til dei blir fleire hundre år gamle, og mengda av død ved blir i eit skogbruksareal vesentleg redusert samanlikna med naturskogar. Om lag 1/3 av raudlisteartene i skog er knytte til død ved. Desse artene er i tillegg i stor grad avhengige av spesielle kvalitetar av død ved, som

til dømes av grove dimensjonar og i ulike nedbrytingsstadium. Ein annan effekt av hogst og planting er at dei lokale klimatilhøva endrar seg. Først blir det skapt lysopne, varme og tørre hogstflater som seinare blir til mørke, kjølege og fuktige plantefelt. Sidan 1990-talet er det sett inn tiltak i skogbruket for å redusere dei negative effektane av hogst og planting ved å unngå hogst på areal som ein trur er særleg viktige for mange raudlista arter. Statistikk frå landsskogstakseringa viser aukande volum av tre i alle dimensjonar og aldersklassar, og målingar visar at mengda av død ved aukar. Mengda gamle tre og død ved er likevel framleis låg samanlikna med i urørt skog.

Dei gamle haustingsskogane er døme på ei gamal driftsform som har gitt auka naturmangfald. Desse skogane er særleg rike på mosar, sopp og lav fordi trea blir så gamle grunna styvinga og lauinga. Denne driftsforma er stort sett opphøyr, men finst enno nokre stader i Sør-Noreg.

Det er over lang tid nytta eit stort tal framande treslag i skogbruket, også utanlandske treslag som høyrer heime på andre kontinent. Det er dokumentert at desse utplanta framande treslaga spreier seg i stor grad i norsk natur, noko som blant anna er ein trussel mot verneverdiane i fleire verneområde.

Arealinngrep så som bygging av skogsvegar kan vere problematisk for fleire typar av miljøverdiar, til dømes for ivaretaking av inngrepsfrie naturområde. Nye skogsvegar er ei av hovudårsakane til reduksjonen av inngrepsfrie naturområde (INON) i skogen i Noreg.

Beiting av husdyr og hjortedyr representerer ein annan type arealpåverknad i skog. Vi har dei siste 50 åra hatt ein stor nedgang i husdyrbeiting i skog, samtidig som det har vore ein kraftig auke i beiting av hjortedyr. Det totale uttaket av biomasse som følgje av beiting har dermed ikkje endra seg mykje, men endringa frå husdyr til hjortedyr har ført til eit skifte frå grasetarar til lauv- og kvistetatarar. Auken i bestandane av hjortedyr fører til auka press på lauvtreforynginga, og viktige treslag for mange raudlista arter som osp, rogn og selje, får dårlegare kår.

Klimaendringar i form av auka temperatur og meir nedbør vil naturleg nok påverke samansetninga av arter i skoglandskapa. Eit døme er dei nordlege bjørkeskogane som ikkje er spesielt artsrike, men som representerer ein særegen skogstype for Norden. Ein viktig faktor for påverknad i desse skogane er angrep av målarlarver som bryt ut med om lag ti års mellomrom. Kraftige angrep fører til at skogen døyr, og blir fornya over

store areal. Klimaendringar kan føre til endringar i frekvens og lokalisering av desse insektangrepa, noko som vil kunne gi endringar òg for andre arter som lever i dei nordlege bjørkeskogane.

Politikk for å nå dei nasjonale måla

Auka skogvern

Eit mål for skogvernarbeidet, og ein føresetnad for å sikre høg kvalitet i arbeidet, er at alle kjente område med nasjonal verneverdi blir verna.

Skogvern etter naturmangfaldlova skal sikre eit nettverk av viktige leveområde for naturmangfaldet i norske skogøkosystem.

Til no er omlag 2 pst. av den produktive skogen i Noreg verna. Ved evalueringa av norsk miljøpolitikk i 2011 peika OECD på det låge omfanget av skogvern som ei spesiell utfordring, og framheva at Noreg manglar eit overordna mål for kor mykje skog som skal vernast. Ei norsk evaluering frå 2010 av gjennomført vern har som konklusjon at det særleg er underdekning av verna areal blant anna for produktiv skog, at det er eit klart behov for ytterlegare vern, og tilrår at nye verneområde bør styrkje områda sin funksjon som økologiske nettverk. Det blir viktig å sikre god framdrift i skogvernet framover, og arbeidet med å verne dei mest verdifulle skogsområda er høgt prioritert.

Skogvernarbeidet skjer no i hovudsak ved frivillig skogvern på privat grunn, og ved vern av skog eigd av Statskog SF og av Opplysningsvesenets fond (prestegardsskogar).

Det er god framdrift i arbeidet med frivillig skogvern, og tilboda om frivillig vern overstig budsjettrammene. Det er hittil verna 90 område gjennom arbeidet med frivillig skogvern, og arbeid går føre seg med ytterlegare om lag 100 område. Ei utfordring som må løysast er å sikre viktige område på privateigd grunn i dei tilfella der grunneigaren ikkje tilbyr frivillig skogvern. Framdrifta er ikkje som føresett for skogvern på statsallmenningar, etter at det i 2008 vart lagt opp til større grad av medverknad og frivillig vern.

For 2012 er det følgjande hovudelement i skogvernarbeidet:

- Statskog SFs grunn: Vern av område i Troms og Nordland, og vidare arbeid for vern av område som er att blant anna i Buskerud, Oppland, Hedmark og Sogn og Fjordane. Verneprosessar for aktuelle område i Borregaardskogane, og vurdering av eigedomar Statskog SF skal selje for vern og makeskifte.
- Skog eigd av Opplysningsvesenets fond (prestegardsskogar): Verneprosessar og vernevedtak for område som ikkje blir verna i 2011.

- Frivillig skogvern: Vidareføring av arbeidet med vern av område.
- Systematisk naturfagleg registrering i prioriterte skogtypar og gjennomføring av verneprosessar knytte til dette. Hovudfokus i 2012 vil vere på edellauvskogar.

For folk flest er skogen ofte «nærnaturen», som til dømes 100-meterskogen til 5-åringen eller Osломarka som er næraste turområde for om lag 1,2 millionar menneske. I den nye markalova er det heimel for vern av «eventyrskogar». I 2011 er det gjennomført kartlegging av slike område i Osломarka. Data frå kartlegginga vil gi grunnlag for å vurdere vern etter markalova.

Sikring av naturverdiane i verneområda

Skogreservat er generelt relativt lite skjøtsel-skrevjande, og som oftast er det fri utvikling av skogen som gir best verdi for naturmangfaldet. For ein del område er det likevel behov for tiltak, til dømes er fjerning av framande treslag eit viktig tiltak i mange skogreservat. Dette er i hovudsak framande treslag som tidlegare er planta ut i skogbruket, og som no spreier seg i stor grad både innanfor og utanfor verneområde. Det hastar å fjerne slike treslag før skadane på stadeigne arter og naturtypar i verneområda blir uopprettelege.

Prioriterte arter og utvalde naturtypar

I nokre tilfelle vil det vere mest føremålstenleg å ta vare på truga arter og naturtypar ved å gi dei status som prioriterte arter eller utvalde naturtypar etter naturmangfaldloven. Det er eit delmål at dei mest truga artene skal ha status som prioriterte arter og dei mest truga naturtypane skal ha status som utvalde naturtypar innan 2013. Arbeidet med å peike ut prioriterte arter og utvalde naturtypar vil halde fram i 2012. I dette arbeidet kan òg arter og naturtypar knytte til skog bli vurderte. Ein vil òg følgje opp dei artene som er blitt prioriterte og dei naturtypane som er blitt utvalde, inkludert dei handlingsplanane som er utarbeidde. Staten kan gi tilskot til tiltak for å ta vare på dei prioriterte artene og utvalde naturtypane.

Berekraftig skogbruk

For å kunne kallast berekraftig må skogbruket drivast slik at blant anna stadeigne arter blir tekne vare på. Ulike skogbruksaktivitetar, særleg hogst, påverkar ei rekkje truga arter negativt. Likevel kan til dømes hogst i dag som oftast skje utan søk-

nad, melding eller førehandsgodkjenning frå offentlig styresmakt. Dette i motsetning til Sverige og Finland, som har meldeplikt for hogst. Det er fleire døme på at hogst har skjedd i område som er vurderte verna etter naturmangfaldlova grunna store naturmangfaldsverdiar. Det er òg fleire døme på øydeleggjande skogbruksinngrep i viktige biotopar som er sette til sides som nøkkelbiotopar. Samarbeidet i Levande Skog braut saman i juni 2010, og arbeidet for å etablere ein nasjonal standard under Forest Stewardship Council (FSC) har stoppa opp. Det er nødvendig å intensivere arbeidet med å utvikle eit berekraftig skogbruk. Det er ei utfordring å utvikle gode kontrollmekanismer, ikkje minst for hogst, slik at ein unngår å øydeleggje skogområde som er viktige leveområde for truga og sårbare arter, og slik at hogst ikkje skjer i område som har viktige verneverdiar etter naturmangfaldlova. Behovet for å styrkje miljøomsyna i skogbruket aukar ytterlegare dersom det blir aktuelt å auke uttaket av biomasse frå skogøkosystema utover dagens nivå, til dømes ved auka uttak av hogstavfall eller ved auka avverking.

Bevaring av viktige naturverdiar ved skogsvegbygging

Det er eit delmål at inngrepsfrie naturområde som er att skal takast vare på, og at rehabilitering av område med «gamle» inngrep skal gjennomførast der det er mogleg. Bygging av skogsbilveggar er, ved sida av energiutbygging, hovudårsak til bortfall av inngrepsfrie naturområde i Noreg. Søknader om nybygging av skogsveggar blir i stor grad godkjente, sjølv om inngrepsfri natur blir redusert. Skogsvegbygging og påfølgjande hogst av gammal skog som ofte har stått urørt over lang tid, kan òg ha negative effektar for eit stort tal truga arter som lever i slik gammal skog. I St.meld. nr. 26 (2006-2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand* går blant anna fram at Regjeringa vil endre regelverket for bygging av skogsveggar slik at omsynet til inngrepsfrie naturområde blir ivaretatt. Vidare framgår det at regjeringa vil sikre ei planlegging og saksbehandling ved bygging av skogsveggar som tek vare på viktige område for biologisk mangfald og område med nasjonalt viktige verneverdiar, og ein vil leggje vekt på å vere open og på medverknad i sakshandsaminga. Denne varsla revisjonen av Landbruks- og matdepartementet sitt regelverk er òg omtalt blant anna i St.meld. nr. 39 (2008-2009) *Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen* og i Prop. 1 S (2010 – 2011). Etter at den varsla revisjonen av Landbruks- og matdepartementets

regelverk er gjennomført, vil Miljøverndepartementet leggje fram ei generell sak om ivaretaking av inngrepsfrie naturområde for Stortinget.

Rovviltforvaltning

Rovviltforvaltninga har sidan første stortingsmelding om rovvilt i 1991-1992 vore basert på ei todelt målsetjing om å ta vare på beitenæring og rovvilt. Eit hovudverkemiddel er ei arealdifferensiert forvaltning der ulike geografiske område blir prioriterte til høvesvis beitedyr og rovvilt. I det nye rovviltforliket frå 2011 blir den todelte målsetjinga ført vidare, og det er semje om at ei slik soneinndeling skal forvaltast tydeleg. Med unntak av forvaltningsområdet for ynglande ulv, som heilt ut er avgrensa av Stortinget, er det rovviltnemndene i dei ulike regionane som i forvaltningsplanane har ansvaret for dei regionale prioriteringane. I område prioriterte for rovvilt skal bestandsmåla nåast og saueproduksjon og andre utmarksbaserte næringar skal tilpassast førekkomsten av rovvilt i desse områda.

Tiltak for å ta vare på hubroen

Regjeringa vil setje inn tiltak for å ta vare på hubroen, særleg for å unngå at fuglane dør i kontakt med straumførande luftleidningar.

Tiltak for restaurering av skogsnatur

Det er eit delmål å restaurere minst halvparten av øydelagde økosystem i skog innan 2020, jf. vedtak på partsmøtet hausten 2010 i konvensjonen for biologisk mangfald. Kva slag skogtypar som bør prioriterast i dette arbeidet må vurderast nærare. Departementet vil be Direktoratet for naturforvaltning om å gi ei vurdering og tilråding om dette.

Tiltak mot uønska spreiding av framande organismar

Eit krav til eit berekraftig skogbruk er at bruken av framande treslag er under kontroll. Det er dokumentert at tidlegare utplanta framande treslag spreier seg i betydeleg grad, deriblant utanlandske treslag som har vore nytta i skogbruket. Det er eit mål at tiltak mot dei mest skadelege, etablerte framande organismane skal vere sette i gang innan 2015. Skogstyresmaktene har eit hovudansvar for å setje i verk tiltak for å få kontroll med spreinga frå gamle utplantingar, som i mange tilfelle ikkje er lønsame å avverke. Nye utplantingar av utanlandske treslag vil bli regu-

lerte i ei ny forskrift under naturmangfaldlova om utsetjing av utanlandske treslag til skogbruksformål. Forskrifta vil innebere kontroll med nye utplantingar av utanlandske treslag i langt større grad enn i dag.

Vurderingar av GMO

Styresmaktene skal vurdere miljørisiko nøye ved søknader om utsetjing av GMO. Dersom det er GMO i norsk natur skal dette gå fram av system for overvaking.

Hjorteviltforvaltning

I løpet av det siste tiåret er mykje ansvar og mynde i forvaltninga av hjortevilt (unnateke villrein) overført til lokal forvaltning. Blant anna krev kommunane inn fellingsavgifter for elg og hjort og disponerer midlane i kommunale viltfond. Kommunane fastset òg forskrifter om forvaltning, bl.a. om opning av jakt på elg, hjort og rådyr. Frå 2010 er det regionale nivået sine oppgåver med elg, hjort og rådyr overført frå fylkesmannen til fylkeskommunen. Direktoratet for naturforvaltning vil halde fram med å gi råd til forvaltninga i tråd med den nye strategien for forvaltning av hjortevilt som direktoratet la fram i 2009.

Betring av kunnskapsgrunnlaget

For å kunne fange opp dei mest verdifulle skogareala i høve til naturmangfald er det viktig å betre kunnskapsgrunnlaget, til dømes gjennom kartlegging og dokumentasjon av verneverdige skogareal, slik at ein veit kor dei mest verneverdige områda er og slik kan prioritere dei. Hovudfokus for systematiske kartleggingar av prioriterte skogstypar som grunnlag for skogvernarbeidet vil i 2012 vere på edellauvskogar.

Ein stor del av truga arter og naturtypar i Noreg finst i skog, men til no omfattar naturtypekartlegginga i lita grad skog. Det skal derfor gjennomførast fagleg uavhengige naturtypekartleggingar i norske skogareal, slik som for andre naturtypar. I dette arbeidet vil ein bruke ulike kunnskapskjelder, deriblant primærdata frå Miljøregistreringar i skog (MiS).

God kunnskap om skogareala er òg ein føresetnad for at landbruksstyresmaktene skal kunne utvikle eit meir berekraftig skogbruk.

I arbeidet med neste versjon av Norsk svarteliste som skal stillast ferdig i 2012 vil framande treslag bli vurdert med omsyn på økologisk risiko.

Motorferdsle i skog

Motoriserte framkomstmiddel i utmark vil i mange tilfelle vere nyttige og naudsynte. Samtidig fører motorferdsel i naturen til ei rekkje ulemper og skadar, som støy, terrengskadar, forstyrning av dyrelivet og konflikhtar med friluftslivet. Barmarkskøyning kan føre til omfattande terrengskadar. Skadepotensialet er størst i sårbare område med liten tilvekst, men også i låglandet kan slik køyning gi store sår i terrenget. Utviklinga i talet på dispensasjonar og i tal på kjøretøy gir god grunn til å gi barmarkskøyninga større merksemd framover, jf. kap. 15 resultatområde Storslått fjellandskap, tilstand.

Det er eit mål å regulere motorferdsle i utmark for å ivareta naturmiljøet, fremje trivselen og sikre stille og ro i naturen. Direktoratet for naturforvaltning la i 2008 fram eit forslag til nytt motorferdselsregelverk. Miljøverndepartementet vedtok i 2009 endringar i motorferdselsforskrifta som blant anna gjer det mogleg å gi løyve til køyning i utmarksnæring og gruppeturar for pensjonistar og nokre andre grupper. I tråd med Regje-

ringas felles plattform vil gjennomgangen av motorferdselsregelverket bli fullført.

Finnmark er det einaste fylket med opne løyper for motorferdsel på barmark. Ein rapport frå barmarksprosjektet i Finnmark med anbefalingar om å avgrense barmarkskøyning i Finnmark vart send Miljøverndepartementet frå Direktoratet for naturforvaltning i februar 2011. Regjeringa vil vurdere anbefalingane i prosjektet i samband med arbeidet med å fullføre gjennomgangen av motorferdselsregelverket.

Internasjonalt skogarbeid

Ei EU-forordning for å hindre import av ulovleg tømmer vart vedteken hausten 2010 og vil tre i kraft seinast i 2013. Forslaget inneber at den som første gong plasserer tømmer og tømmerprodukt i EUs indre marknad, skal sikre at tømmeret er lovleg hogd i samsvar med lovgivinga i opphavslandet. Forordninga er så langt vurdert som EØS-relevant for Noreg og Regjeringa utgreier kva slag verknader dette vil ha for norsk import og eksport av tømmer og tømmerprodukt.

15 Resultatområde 5 Storslått fjellandskap

Klar luft, og vinden som stryk lett over kinnnet. Blåne på blåne så langt augo rekk og langstrakte vidder med lav, mose, lyng og vier. Ein sint liten tass av eit lemen kjem fram frå ein stein. Dette er fjellet, og villreinen, fjellreven og jerven sitt rike. Noreg har unik natur- og kulturhistorie i fjellområda. For mange er noko av det viktigaste ved fjellet at ein kan oppleve stille og ro i tilnærma urørt natur og villmark, kjenne på naturen sine eigne lydar og lukter og sjå planter og dyr som er sjeldne eller ikkje finst i andre land i Europa. Gamal seterkultur, husdyr og blomstrande setervollar er òg viktige kjenneteikn ved norske fjellområde. Mange av fjellområda er storslåtte og dramatiske med høge tindar, djupe og tronge dalar, og isbrear. Kjensla av å vere liten kan bli overveldande, samstundes som det for mange ikkje er nokon annan stad ein føler seg så i eitt med naturen og i full harmoni. I tillegg til fjordlandskapet, er det fjellet mange turistar kjem til Noreg for å oppleve.

Planter og dyr i fjellet er tilpassa ekstreme miljøtilhøve, og det skal lite til for å forstyrre den fine likevekta som er utvikla gjennom fleire tusen år. Dei krevjande miljøtilhøva har ført til at naturtypene i fjellet har få arter samanlikna med mange naturtypar i låglandet, men det er som oftast mange individ innanfor kvar art.

Fjellområda har vore utnytta av menneske i fleire tusen år, og mange fjellområde er svært rike på kulturminne. Støling, jakt, fangst og fiske og andre haustingsaktivitetar er dei viktigaste formene for tradisjonell bruk. Reiselivsnæringa sin bruk av natur- og kulturminneverdiar i fjellområda, den landbruksbaserte turismen og nordmenns aukande interesse for friluftsliv og opplevingar i fjellheimen gir i dag den største verdiskapinga i mange fjellbygder og utmarkskommunar.

Nasjonale mål – Storslått fjellandskap

5.1. Utryddinga av truga arter i fjellet skal vere stansa, og status for arter i nedgang skal vere betra innan 2020.

Indikator:

- Talet på truga arter knytt til fjellet.

5.2. Mangfaldet av naturtypar i fjellet skal takast vare på eller gjenopprettast innanfor sitt naturlege utbreiingsområde, og slik at alle arter førekjem i levedyktige bestandar. Det genetiske mangfaldet og viktige økologiske funksjonar og tenester skal takast vare på.

Indikatorar:

- Utvikling i areal av inngrepsfrie naturområde (INON).
- Utvikling i areal i rehabiliterte INON-område.
- Talet på restaurerte fjellområde.
- Talet på dispensasjonar som er gitt og utvikling i talet på dispensasjonar under motorferdslova.

5.3. Alle bestandar som kan haustast av planter og dyr i fjellet skal vere forvalta økosystembasert og hausta berekraftig slik at artene opptrer i levedyktige bestandar innanfor sitt naturlege utbreiingsområde innan 2020.

Indikator:

- Talet på arter der hausting og anna uttak er ein negativ faktor for påverknad.

5.4. Villreinen skal sikrast i levedyktige bestandar i sine naturlege utbreiingsområde i Sør-Noreg.

Indikatorar:

- Areal som inngår i nasjonale villreinområde og randsoner.
- Talet på kommunar som har innarbeidd nasjonale villreinområde og randsoner i kommuneplanen.
- Talet på dispensasjonar som er gitt innanfor nasjonalt villreinområde og randsoner.
- Del av villreinens leveområde som er verna etter naturmangfaldlova.

5.5. Det skal årleg vere 39 ynglingar av jerv.

Indikator:

- Talet på dokumenterte ynglingar av jerv.

5.6. Dei mest truga naturtypene i fjellet skal ha status som utvalde naturtypar.

Indikator:

- Talet på utvalde naturtypar knytt til fjell.

5.7. Dei mest truga artene i fjellet skal ha status som prioriterte arter.

Indikator:

- Talet på prioriterte arter knytt til fjell.

5.8 Eit representativt utval av naturtypene i fjellet skal vernast for kommande generasjonar.

Indikator:

- Areal og del av verneareal (inkl. årleg endring) fordelt på naturtypar i fjellet.

5.9. Verneverdiane i verneområda skal oppretthaldast/gjenopprettast.

Indikatorar:

- Talet på og del av verneområde i fjellet der verneverdiane er truga.
- Talet på og del av verneområde i fjellet med forvaltningsplan.

5.10. Ved innførsel og utsetjing av framande organismar skal vesentlege uheldige følgjer for naturmangfaldet unngåast. For dei mest skadelege framande organismar som allereie er sette ut i norsk natur skal tiltak for å nedkjempe desse vere sett i gang eller gjennomført.

Indikatorar:

- Talet på handlingsplanar utarbeidde og sett i verk for allereie introduserte skadelege, framande organismar.
- Talet på utryddingstiltak (fordelt på art) gjennomført pr. fylke.

5.11. Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal medverke til å hindre uønska nedbygging i fjellet.

Indikator:

- Talet på regionale fjellplanar.

5.12. På Svalbard skal omfanget av villmarksprega område haldast oppe, naturmangfaldet skal bevarast tilnærma upåverka av lokal aktivitet, og verneområda sin verdi som referanseområde for forskning vere sikra.

Indikator:

- Omfanget av villmarksprega område på Svalbard i samsvar med INON-klassifikasjon.

5.13. Transport og ferdsel på Svalbard skal ikkje medføre vesentlege eller varige skadar på vegetasjon eller forstyrre dyrelivet. Svalbards natur skal kunne opplevast uforstyrra av motorisert ferdsel og støy, også i område som er lett tilgjengelege frå busetjingane.

Indikatorar:

- Volum og fordeling av motorisert ferdsel til lands på Svalbard.
- Tilgang på og forvaltning av snøskuterfrie område.
- Talet på registrerte snøskuterar på Svalbard.
- Registrerte effektar på dyreliv og vegetasjon som følgje av ferdsel.

Tilstand

Om lag 30 pst. av fastlands-Noreg er fjell. Med fjell meiner ein her areal over og nord for dagens skoggrense. Elvar og vatn i fjellet er ikkje inkluderte i dette. I størstedelen av Noreg er det fjellbjørkeskogen som dannar skoggrensa. Noreg har i overkant av 1600 brear, og fjellområda sin magi blir ytterlegare understreka ved at fjordar og dalar skjer gjennom dei.

Fjellet representerer ekstreme livstilhøve for alt levande. Faktorar som vind, is, snødekke, store temperatursprang, tørke og fukt i marka, verknad av frost og kalkinnhald i jord og stein påverkar planter og dyr. På grunn av dei ekstreme tilhøva er det mange spesialistar blant planter og dyr i fjellet. Til dømes har fleire sjeldne fjellplanter svært snevre toleransegrenser for temperatur eller krev høgt kalkinnhald i jorda. For mange pattedyr og fuglar er tilgang på føde den viktigaste faktoren for å overleve. På grunn av dei spesielle tilpassingane til ekstreme miljøtilhøve er artene i fjellet svært sårbare når dei blir utsette for ytterlegare påverknader.

Vegetasjonen i fjellet er dominert av dvergbusker, gras- og starrarter, mosar og lav, og stort innslag av urter på kalkrik grunn. Tjukkleik og fordeling av snøen avgjer plantene si fordeling frå avblåst rabbe til snøleie. I snøleia blir snøen ofte liggjande til ut i juli, og ny snø kjem allereie i september/oktober. Dei plantene som veks slike stader må vere kjappe og effektive for å rekke å blomstre og setje frø før snøen kjem. Døme på planter som veks i snøleier er musøyre, moselyng og polarvier. Dei plantene som veks på rabbane har liten eller inga skjerming frå snøen om vinteren, og må tole vind, enorme variasjonar i temperatur og ofte lite og tørr jord. Døme på slike planter er krekling, greplyng, rabbetust og fleire arter av mose og lav. Den hardføre og vakre blomen mogop, som slår ut i full blom mens det enno er skiføre i fjellet, trivst òg i slike område. Dei næringsrike og lett forvitrande bergartene i delar av Dovrefjell har resultert i svært rike plantesamfunn. Reinrosa er ei art som likar seg godt i slike område. Sjeldan er fjellet vakrare enn når reinrosa kler fjellet med eit kvitt blomesterflor.

Insektfaunaen i fjellet er dominert av dei store insektgruppene tovenger, veps, biller og sommarfuglar. Typiske fjellfuglar er heilo, snøsporv og steinskvett. Ramnen er med sin karakteristiske lyd lett å oppdage. Å treffe på fjellrypa er draumen for mange jegerar.

Villreinen har gjennom utviklingshistoria tilpassa seg dei barske tilhøva i fjellet, særleg om vinteren. Pelsen er tjukk og svært tett, og sjølv mulen er hårkledd i motsetning til hos andre arter i hjortefamilien. For 200-300 år sidan levde villreinen i fjellet i heile landet, og i Nord-Noreg var villreinen framleis talrik omkring 1800. I dag finst villrein i Skandinavia berre i fjellet i Sør-Noreg som 23 meir eller mindre skilte grupper av individ. Som einaste land i Europa har Noreg fjellområde med villrein. Lemen er den mest karakteristiske av norske smågnagarar. Mange fjellvandrahar har sett forbausa ned på denne vesle gnagaren som kan sitje like framfor føtene våre og pipe og hoppe av sinne. Når det er såkalla lemenår (om lag kvart fjerde år), kan dette vesle brungule dyret setje sitt preg på heile vidda.

Boks 15.1 Villreinen sine tilpassingar til ekstrem kulde

Villreinen toler temperaturar ned til 30-40 kuldegrader utan å måtte auke stoffskiftet for varmeproduksjon. De viktigaste tilpassingane er:

- Heile dyret er hårkledd, også mulen
- Tjukk og tett pels – tre gonger så mange dekkhår pr. kvadratcentimeter som elg og hjort
- Kvart enkelt hår består innerst av luftfylte margceller

Av andre pattedyr er fjellrev og jerv viktige dyr i fjellet. Fjellreven er kritisk truga, og det er sett i gang ei rekkje tiltak for å sikre at fjellreven framleis skal kunne opplevast i norsk natur. Framtida vil vise om vi kan lukkast. Der det er villrein, finn vi òg ofte jerv.

I følgje Naturindeksen for Noreg er tilstanden for naturmangfald i fjellet samla sett god med ein indeks på 0,69, men i enkelte sentrale fjellområde i Sør-Noreg er tilstanden dårlegare. Berre 4,2 pst. (158 arter) av dei truga og nær truga artene lever i fjellet. Dette betyr ikkje nødvendigvis at den negative påverknaden på naturmangfaldet her er mindre enn i andre system, men heller at delen av arter knytt til fjellet er låg. Døme på truga arter i fjellet er plantene masimjelt, knuthørrapp, aksvero-

nika og brannmyrklegg, og fugleartene dobbeltbekkasin og snøugle. Av pattedyra er jerv truga, i tillegg til fjellreven. Villreinen er ikkje ein truga art, men blir rekna som ein norsk ansvarsart som vi har eit spesielt ansvar for å ta vare på. Døme på truga naturtypar i fjellet er fuglefjell, jordpyramide og polarørken.

Om lag 75 pst. av areala i nasjonalparkane ligg i fjellområde. Dette vil auke litt til når nasjonalparkplanen er gjennomført. I tillegg finn vi om lag 70 pst. av landskapsvernområda og litt over 20 pst. av naturreservata i fjellet. Det er førebels ikkje nokon prioriterte arter eller utvalte naturtypar i fjellområda.

Vi finn ein stor del av den inngrepsfrie naturen i fjellområda. Det var ein nedgang i bortfallet av inngrepsfri natur frå perioden 1988-1994 og fram til og med perioden 1998-2003, mens det i siste måleperiode (2003-2008) har vore ein auke frå perioden før. Bortfallet av inngrepsfri natur i siste periode (2003-2008) var 1027 km².

Talet på fritidsbustader i snaufjell, og i og nær villreinområde er gode indikatorar på om kommunane og fylka har følgd opp nasjonal politikk på desse viktige arealpolitiske områda. Det var 32 400 fritidsbustader i snaufjellet i 2007. Talet på fritidsbustader innanfor 4 km frå villreinområde var 64 800 i 2007. Statistikken på desse tema blir oppdatert kvart femte år som eit oppdrag frå Miljøverndepartementet til SSB, og blir revidert i løpet av hausten 2011.

Det totale talet på snøskutarar har auka jamt frå om lag 53 500 i 2003 til nesten 69 000 ved utgangen av 2010. Talet på barmarkskøyretøy (All Terrain Vehicles – ATV) har òg auka kraftig, frå 295 nyregistrerte køyretøy i 1995 til over 33 300 køyretøy pr. 31. desember 2010. Dette betyr at omfanget av motorferdsle i utmark har auka kraftig.

Talet på dispensasjonar gitt i medhald av motorferdselslova og den nasjonale forskrifta viser at det i 2010 vart behandla meir enn 14 500 søknader om dispensasjon for motorferdsel i utmark. Av desse vart 95 pst. godkjende, ein stor del av desse handla om motorferdsle i fjellet. I tillegg kjem dispensasjonar som er gitt for fleire år, slik at det i 2010 var i overkant av 25 000 aktive dispensasjonar. For barmarkskøyring vart det totalt godkjent 1910 søknader i 2010. Svalbard har mykje villmark, men det er likevel mange spor etter menneske i naturen. Restar etter tidlegare forskning, fangst, gruvedrift og ekspedisjonar finst mange stader. Det meste av Svalbard er likevel utan tynge tekniske naturinngrep. Ca. 98 pst. av landområda kan kallast villmark utan større tekniske inn-

grep. Plante- og dyrelivet på land er i dag lite påverka av inngrep og arealbruk. 65 pst. av landområda på Svalbard er verna som naturreservat og nasjonalparker, og omfattar eit representativt tverrsnitt av naturmangfaldet på øygruppa. Forvaltninga av desse verneområda er svært viktig for miljøtilstanden i Svalbard sine fjell- og tundraområde.

Påverknader

Endra arealbruk er vurdert som den viktigaste påverknaden på naturen i fjellet. Sjølv om få menneske bur fast i fjellområda, er ei rekkje av desse områda sterkt prega av og forma av mennesket. Husdyrbeite i fjellet og fjellbjørkeskogen er ein gammal aktivitet i fjellområda som etter kvart utvikla seg til å bli ein viktig del av jordbruket gjennom etablering av setrar i fjell og fjellnære strøk. Frå om lag 50 000 setrar som var i drift i 1850, var vi nede i 1237 setrar i 2008 som i avgrensa grad utnytta utmarka. Mange kulturpåverka naturtypar knytte til tidlegare tiders seterbruk i fjellet er derfor i sterk tilbakegang. Sjølv om seterdrifta er kraftig redusert, er det framleis omfattande husdyrbeiting i fjellområda våre. Moderat beite har ein positiv effekt for mange arter. Dei økologiske effektane av beite varierer sterkt avhengig av type beitedyr og mengda av dei. Utrekningar frå Hardangervidda viser at enkelte område har beitegrunnlag for meir sau, mens det i Setesdalsheiane er område med meir sau enn det er beitegrunnlag for. Delar av Finnmark er i dag vurdert som overbeita, og på Finnmarksvidda, som er viktig vinterbeite for tamrein, er lavdekket blitt betydeleg redusert. Reduksjon i hogst og slått, og endring i husdyrbeite i områda langs skoggrensa har ført til gjengroing, og på sikt vil desse områda utvikle seg til skogsmark dominert av fjellbjørk, vier og andre vedaktige planter.

Ein reknar med at truslane mot naturmangfaldet i fjellet er aukande. Gjennom dei siste tiåra har fjellområda vore utsette for fleire store fysiske inngrep slik som vasskraftutbyggingar som gir store fysiske inngrep utanom sjølve vassdraget i form av blant anna vegar og neddemming av areal. Vegbygging og bygging av kraftlinjer fører til fragmentering av område og påverkar trekkmonsteret til villrein og truleg òg andre dyr som trekkjer over større område. Hyttebygging skjer som oftast i randsonene av fjellet, men gir òg ringverknader oppover i fjellet. Det er eit generelt press for utbygging inn mot fleire verneområde, og randsoneproblematikken har høg prioritet i kommune-

planlegging og regional planlegging. Den tradisjonelle bruken og stølsdrifta går framleis tilbake, og tregrensa er flytta høgare opp mange stader.

Aukande motorferdsle er i ferd med å redusere mange fjellområde sin kvalitet som tur- og turistobjekt, både innanfor og utanfor verneområda. Undersøkingar viser at stille for mange, ikkje minst utanlandske turistar, er noko av det som er oppfatta som unikt ved den norske fjellheimen. Motorferdsle har òg negative effektar på dyre- og plantelivet. I sårbare område med liten tilvekst gjer barmarkskøyning stor skade. Sår i terrenget brukar lang tid på å lækjast, nokre gror aldri til. For planter og annen vegetasjon er skadane langt mindre for snøskuter enn for barmarkskøyning. Men også køyning på vinterføre kan gi mekaniske skadar på dvergbjørk og vier i lynghei og dvergbjørkhei som resultat av den direkte kontakten mellom skuter og buskene. Køyning med snøskuter på mark som ikkje er snødekt gir stor skade på vegetasjonen og øvre jordlag. Snøskuterens sjanse til å komme fram over alt og stor fart aukar stressbelastninga på dyrelivet, og opnar for tilgjenge til tidlegare uforstyrta område. Forstyrningar gjer at dyra får mindre beitetid, noko som igjen kan føre til mindre tid for inntak av mat. Dette gjeld blant anna for villrein, kongeørn og andre rovfuglar. Hekkande rovfuglar kan oppleve mislykka hekkingar på grunn av auka bruk av snøskuter.

Klimaendringar vil blant anna gi mildare klima og lengre vekstsesong. Dette vil ha store konsekvensar for dei artene som er tilpassa fjellmiljøet, og resultere i betydelege endringar i samansetjinga av arter. Endra miljø for enkelte nøkkelarter kan føre til endringar i næringsnett. Eit døme på dette er smånagarar som tidlegare hadde toppar med 3-5 års mellomrom i nordleg del av Skandinavia. Dei siste tiåra har smånagararsyklusane vore betydeleg svakare med mindre toppar og lengre tid mellom toppane. Klimaendringane aukar også prosessen med gjengroing.

På Svalbard er ferdsla knytt til turisme, friluftsliv og forskning aukande. I vårmånadene er ferdsla med snøskuter stor i mange område på det sentrale Spitsbergen. Motorisert ferdsel på land kan føre til støy, køyrespor frå ulovleg køyning på barmark og lokal luftforureining. Motorferdsle fører òg til at moglegheitene for å drive tradisjonelt friluftsliv utan forstyrningar er redusert rundt busetjingane i periodar av året. Det er foreløpig ikkje dokumentert negative endringar i bestandane av rein, rev eller gjæser i dei områda der snøskutertrafikk og annan ferdsel har auka mest.

Politikk for å nå dei nasjonale måla

Sikring av verneverdiane i nasjonalparkane

Når nasjonalparkplanen er gjennomført, vil om lag 27 pst. av fjellområda vere verna gjennom naturmangfaldlova. På denne måten har vi sikra juvelane og noko av den mest storslåtte naturen i Noreg, og vi oppfyller dei globale måla for vern av fjell. Dei verna områda representerer store ressursar og mangfaldige høve til opplevingar, samtidig som dei er sårbare og spesielle. Føremålet med vernet har nettopp vore å sikre naturverdiar for å bevare områda sin funksjon som leveområde for planter og dyr, og som område for opplevingar for menneske. Framover blir det auka fokus på å ta vare på verneverdiane i verneområda. Å ta vare på verneverdiane er ein føresetnad både for å bevare dei sårbare økosystema i fjellet, for framtidige opplevingar og for verdiskaping i fjellbygdene no og i framtida. Alle verneområde skal, der det er naudsynt, ha skjøtsels- og forvaltningsplanar. Slike planar gir konkrete forvaltnings- eller bevaringsmål for området, retningslinjer om bruk, informasjon, skjøtsel, og eventuell tilrettelegging. På den måten medverkar forvaltningsplanane til å oppretthalde og fremje naturverdiane i verneområda. Fjellområda er ofte populære turområde. For å ta vare på fjellnaturen blir det i enkelte område opparbeidd stigar for å kanalisere trafikken vekk frå sårbare område. Formidling av informasjon er eit anna viktig verkemiddel for å sikre naturverdiane.

Arealplanlegging i fjellet

Plan- og bygningslova er det viktigaste verktøyet for arealplanlegging i fjellområda, og denne lova er òg viktig for styring av bruk av randsonene til verneområda. Ny plan- og bygningslov gjer det mogleg å innføre omsynssoner i randsonene til nasjonalparkar og landskapsvernområde, blant anna for å hindre øydelegging av verneverdiane. Det kan òg bli gitt retningslinjer om avgrensing av verksemd og særlege omsyn samtidig med fastsetjing eller revisjon av verneforskrift eller forvaltningsplan. Det er i 2011 avsett midlar til Direktoratet for naturforvaltning for å utgreie nærare om bruk av plan- og bygningslova som verkemiddel i naturforvaltninga.

Fritidsbustadene skal lokalisast og utformast med vekt på omsyn til allment friluftsliv, landskap, estetikk og naturmangfald. Landskaps- og stadanalysar må brukast for å ta vare på kvaliteten ved områda under planlegging av nye bustader. Direktoratet for naturforvaltning og Riksanti-

kvaren har utarbeidd ein rettleiar for metode i landskapsanalyse som no er under utprøving i fleire kommunar. I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging er det ei forventning at fylkeskommunane legg til rette for ei meir miljøbasert utbygging av fritidshus, der omsynet til landskap, naturmangfald, ressursbruk, energibehov og estetikk blir vektlagt.

Fjellområda skal òg i framtida gi høve til utøving av det enkle, tradisjonelle friluftslivet der stille og ro er ein viktig føresetnad. Samtidig skal òg meir moderne friluftaktivitetar som til dømes kiting, terrengsykling, alpint og elvepadling kunne finne stad utan at natur- og kulturhistoriske verdiar blir øydelagde, jf. resultatområde 8 Aktivt friluftsliv.

Verdiskapingsprogrammet *Naturarven som verdiskapar* er eit utviklingsprogram med mål om at verneområda og andre verdifulle naturområde skal vere ein viktig ressurs i samfunnsutviklinga. Samtidig skal områda forvaltast slik at naturens mangfald blir teke vare på. Programmet går føre seg i perioden 2009-2013 og har 15 prosjekt fordelte over heile landet. Gjennom programmet ønskjer ein å utvikle og spreie kunnskap om samanhengen mellom naturarven, naturvern og sosial, kulturell og økonomisk utvikling.

Lokal forvaltning av verneområde

Statens naturoppsyn spelar ei viktig rolle i arbeidet med å ta vare på naturverdiane i fjellet. Statens naturoppsyn driv utstrekt naturrettleiing i fjellområda, og dei fører oppsyn med at føresegnene i ei rekkje miljølover blir etterlevde. Statens naturoppsyn er framleis under utvikling.

Etablering av den nye modellen for lokal forvaltning av verneområde er godt i gang. Dei fleste verneområdestyra er no etablerte, og nasjonalparkforvaltarane skal etter planen vere på plass i løpet av 2012. Verneområdestyra har representantar frå kommunar, fylkesting og frå Sametinget i område med samiske interesser. God kunnskap skal liggje til grunn for forvaltninga, og det skal utviklast faglege fellesskap gjennom oppbygging av lokale/regionale forvaltningsknutepunkt, i hovudsak knytte til nasjonalparksenter eller andre typar av naturinformasjonssenter. På denne måten blir nasjonalparksentra lokale kunnskapsbasar for forvaltning av verneområda, og lokale/regionale faglege fellesskap der nasjonalparkforvaltaren sin kunnskap om forvaltning av verneområda og deira sårbarheit blir kombinert med fagpersonar som har kunnskap om naturrettleiing, guiding og naturbasert reiseliv.

Sikring av inngrepsfrie område

Dei attverande naturområda i Noreg utan tyngre tekniske inngrep finst i stor grad i fjellet. Det er eit delmål at slike attverande inngrepsfrie naturområde skal takast vare på. Der det er mogleg, er det òg eit delmål å restaurere område med «gamle» tekniske inngrep. Einskilde inngrep, som til dømes utviding av eksisterande hytter, vil ikkje kvar for seg påverke fjellnaturen i vesentleg grad. Men samla effekt av fleire mindre inngrep fører til ei gradvis fragmentering og påverknad av den sårbare fjellnaturen og naturverdiane her. Å unngå irreversible inngrep i desse områda handlar om å sikre den viktigaste kapitalen for ei naturbasert turistnæring.

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging er det ei forventning at omsynet til inngrepsfrie naturområde utan tyngre tekniske inngrep (INON-område) blir vektlagt i planlegginga.

Energitiltak er ei hovudårsak til reduksjon av inngrepsfrie naturområde. For å møte denne utfordringa er det blant anna utarbeidd *Retningslinjer for små vannkraftverk* (Olje- og energidepartementet 2007) og *Retningslinjer for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg* (Miljøverndepartementet/Olje- og energidepartementet 2007) om blant anna forholdet til inngrepsfrie naturområde i saksbehandlinga for små vasskraftverk og vindkraftanlegg.

Sikring av villreinen

Det er i Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging venta at aktuelle fylkeskommunar utarbeider og vedtek regionale villreinplanar innan 2013. Planane vil gi grunnlag for avgrensing av ti nasjonale villreinområde og to europeiske villreinregionar, og vil bli lagt til grunn for vidare regional og kommunal planlegging.

For villreinen, som Noreg har eit særleg ansvar for å ta vare på, er større samanhengande og lite forstyrta område ein føresetnad for å overleve. Verneområda i fjellet dekkjer berre delar av villreinen sitt leveområde, og kommunal og regional planlegging er eit svært viktig verktøy for betre forvaltning av villreinen. Fylkeskommunane har fått i oppdrag innan 2012 å utarbeide regionale planar for fastsetjing av grensa for nasjonale villreinområde i Sør Noreg. Planane skal balansere bruk og vern, og sikre ei langsiktig og heilskapeleg planlegging på tvers av kommunegrenser. Planane skal følgjast opp gjennom regionale handlingsplanar, og vil gi føringar både for sektorsty-

resmakter og den kommunale planlegginga. For dei andre fjellområda skal også regionale planar nyttast for å sikre ei heilskapleg forvaltning av fjellområde.

Planforslaga for dei regionale planane for Hardangervidda og Rondane/Sølnkletten har vore på høyring og offentleg ettersyn i første halvdel av 2011. For dei regionale planane for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen), Forollhogna og Ottadalen ligg det føre godkjent planprogram, og planforslaga er under utarbeiding. For Nordfjella og Dovrefjell (Snøhetta/Knutshø) er planprogram under utarbeiding.

Fjellreven

Arbeidet for å ta vare på fjellreven blir ført vidare i 2012. Framleis er Finnmarksprosjektet som omfattar raudrevkontroll på Varangerhalvøya, og avlssprosjektet for utsetjing av fjellrev i naturen to viktige tiltak. Overvaking av fjellrev blir gjennomført årleg.

Rovviltforvaltning

Jerven finn vi hovudsakelig i fjellområda langs riksgrensa mot Sverige og Finland, frå Sør-Trøndelag og nordover. Det finnst også ein mindre bestand i sentrale fjellstrøk lengre sør i Noreg. Bestandsmålet for jerv er 39 årlige ynglingar i året. I 2010 blei det registrert 66 ynglingar av jerv. Dette er ein auke på 13 ynglingar frå 2009. Lisensfelling er hovudverkemiddelet i bestandsreguleringa av jerv, men i enkelte område har ikkje lisensfellinga gitt tilfredsstillande resultat. I dei siste åra har miljøstyremaktene gjennomført ekstraordinære uttak av jerv etter lisensfellingsperiodens slutt. I 2010 blei 12 av dei 66 registrerte ynglingane tatt ut gjennom slike ekstraordinære uttak.

Motorferdsle i fjellet – fråvær av støy

Det er viktig å skjerme viktige friluftsområde mot støy frå køyretøy på bakken, småfly og helikopter gjennom oppfølging og handheving av føreseggene i motorferdslelova. Utviklinga i talet på dispensasjonar og i tal på køyretøy gir god grunn til å gi barmarkskøytinga større merksemd framover. Det er spesielt viktig å skjerme fjellheimen og dei sårbare områda nord i Noreg mot terrengskadar som følgje av bruk av barmarkskjøretøy.

Det er Regjeringas mål å regulere motorferdsle i utmark for å ivareta naturmiljøet, fremje trivsel og sikre stille og ro i naturen.

Direktoratet for naturforvaltning la i 2008 fram eit forslag til nytt motorferdsleregelverk. Miljøverndepartementet vedtok i 2009 enkelte endringar i motorferdselsforskrifta. I tråd med Regjerings felles plattform vil gjennomgangen av motorferdselsregelverket bli fullført.

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging er det venta at kommunar med eit visst omfang av motorisert ferdsel i utmark tek dette opp som tema i planlegginga.

Finnmark er det einaste fylket med opne løyper for motorferdsel på barmark. Ein rapport frå barmarkprosjektet i Finnmark med anbefalingar for å avgrense barmarkskøyning i Finnmark vart send Miljøverndepartementet frå Direktoratet for naturforvaltning 15. februar 2011. Regjeringa vil vurdere anbefalingane i prosjektet i samband med arbeidet med å fullføre gjennomgangen av motorferdsleregelverket.

Prioriterte arter og utvalte naturtypar

I nokre tilfelle vil det vere mest føremålstenleg å ta vare på truga arter og naturtypar ved å gi dei status som prioriterte arter eller utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova. Det er eit delmål at dei mest truga artene skal ha status som prioriterte arter og dei mest truga naturtypane skal ha status som utvalde naturtypar innan 2013. Arbeidet med å peike ut prioriterte arter og utvalde naturtypar vil halde fram i 2012. I dette arbeidet kan òg arter og naturtypar knytte til fjellet bli vurderte. Mellom anna er fjellrev ein kandidat til å bli prioritert art. Ein vil òg følge opp dei artene som er blitt prioriterte og dei naturtypane som er blitt utvalde, inkludert dei handlingsplanane som er utarbeidde. Staten kan gi tilskot til tiltak for å ta vare på dei prioriterte artene og utvalde naturtypane. I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging ligg ei forventning om at dei alminnelege føresegnene i naturmangfaldlova om berekraftig bruk blir lagd til grunn for planlegging som påverkar naturmangfald. Førekomstar av utvalde naturtypar og prioriterte arters økolo-

giske funksjonsområde skal innarbeidast i planlegging på land, og for utvalde naturtypar også i sjø.

Sikring av villmarksnaturen på Svalbard

Villmarksnaturen på Svalbard er i utgangspunktet godt verna gjennom opprettinga av verneområde som dekkjer 65 pst. av landarealet, eit utstrekt vern av arter og eit generelt strengt miljøregelverk som omfattar all lokal aktivitet som kan påverke villmarkspreget og naturmangfaldet. På Svalbard blir det no arbeidd med forvaltningsplanar for verneområda. Det er utarbeidd forvaltningsplanar for Hopen og Bjørnøya naturreservat. Desse reservata dekkjer til saman 6.168 km² land- og sjøareal, og det ligg dermed føre forvaltningsplanar for ca. 5 pst. av verneområda sitt samla areal. Sysselmannen er i gang med å utarbeide eit forslag til forvaltningsplan for naturreservata på Aust-Svalbard som skal høyrast våren 2012. Når denne planen er fastsett vil det bli utarbeidd forvaltningsplanar for nasjonalparkane som skal sikre at ferdsla og annen aktivitet skjer i samsvar med verneformålet.

Sysselmannen på Svalbard skal òg sjå på behovet for betre tilrettelegging for ikkje-motorisert friluftsliv i eit eige prosjekt. I denne samanhengen vil forholdet til snøskutertrafikken vere det sentrale.

Ei meir nøyaktig kartlegging av inngrepsfrie naturområde på Svalbard i samsvar med den INON-klassifikasjonen som er nytta på fastlandet er under utarbeiding av Direktoratet for naturforvaltning. Dette vil gi eit betre grunnlag for å måle endringar i inngrepsstatus.

Det finst inga detaljert vegetasjonskartlegging på Svalbard eller systematisk overvaking av effektar av ferdsel på vegetasjon. Norsk Polarinstitutt har avtaler med ulike forskings- og utgreiingsinstitusjonar om etablering av overvaking i markvegetasjonen på Svalbard. Dette skjer i regi av Miljøovervakingssystemet for Svalbard og Jan Mayen (MOSJ), og vil òg omfatte effektar av ferdsel.

16 Resultatområde 6 Verdifulle kulturminne og kulturlandskap

Gjennom meir enn 12 000 år har menneska levd, verka og sett spor etter seg i det som i dag er Noreg. Desse spora er kulturminne som vi finn overalt – i by og bygd, i skog, på fjellet, på våtmark, i ferskvatn, langs kysten og til og med på botnen av havet. Dei er ein ressurs som ikkje kan fornyast. Blir dei øydelagde eller fjerna, er dei borte for alltid. Dei er ikkje berre historie, men er høgst aktuelle også i dag, som del av eit levande samtidsmiljø.

Kulturminne er handfaste og originale vitnesbyrd som kan fortelje spennande historier om samfunnet og levekåra både før og no. Dei er lettast å få auge på i byar og tettstader, der vi finn eit mangfald av bygningar frå ulike tiår. Gravhaugar og vikingskip pirrar nyfikna til store og små og kan vere opphav til forteljingar om ei fjern fortid. Mange bustadhus og fabrikkbygningar som fylte byar og tettstader for berre eit par generasjonar sidan, er i dag blitt sjeldne. Når besteforeldre skildrar korleis kvardagen deira var den gongen dei vaks opp, og korleis livet var i «gamle dagar», er det noko som kan skape undring og vitebegjær hos barnebarna.

Mangfaldet i kulturlandskapet og kombinasjonen av natur- og kulturverdiar er ein karakteristisk og viktig del av det norske landskapet. Det er òg ein viktig del av merkevara Noreg og det som turistane kjem for å sjå og oppleve. Det opne og svært artsrike kulturlandskapet med lyseelskande arter av til dømes ertebloomstrar, blåklokke og gras er resultatet av menneskeleg aktivitet. Om aktivitetar som slått og beiting ikkje held fram, vil kulturlandskapet gro igjen, og mange av dei artene som lever her og viktige kulturhistoriske spor vil forsvinne.

Alle landskap, frå tette bylandskap og jordbrukslandskap til tilsynelatande urørte utmarks- og fjelllandskap, inneheld spor etter menneska som har brukt dei opp gjennom tidene. Historiske bygningar, bymiljø, arkeologiske spor og landskap er alle faste kulturminne og er ein viktig del av vårt felles minne. Sjølv om nye kulturminne vert oppdaga og vurderte som verneverdige, også kulturminne som berre er få år gamle, er det viktig å vere bevisste på kva for kulturminne vi vel ut og

ønskjer å ta vare på for ettertida. For å forstå og kunne formidle vår eiga historie og utvikling, treng vi eit variert utval kulturminne og kulturmiljø frå ulike tider av historia.

Nasjonale mål – Verdifulle kulturminne og kulturlandskap

6.1. Det årlege tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal ikkje overstige 0,5 prosent innan 2020.

Indikatorar:

- Prosentvis årleg tap av verneverdige kulturminne i utvalde område.
- Prosentvis årleg tap av SEFRAK-registrerte bygningar i utvalde område.
- Talet på tapte bygningar i tette trehusmiljø.
- Talet på kommunar med kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø.
- Storleiken på areal med bevaringsstatus etter plan- og bygningslova.
- Prosentvis årleg tap av kulturminne i jordbrukets kulturlandskap.

6.2. For automatisk freda arkeologiske kulturminne skal det årlege tapet ikkje overstige 0,5 prosent innan 2020.

Indikatorar:

- Årleg tap av og skade på automatisk freda arkeologiske kulturminne i utvalde område og etter årsaksforhold.
- Talet på automatisk freda arkeologiske kulturminne som blir fjerna gjennom dispensasjon.

6.3. Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vere vedtaksfreda innan 2020.

Indikator:

- Talet på freda bygningar og anlegg fordelte etter geografisk, sosial, etnisk, nærings- og tidsvis breidde.

6.4. Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Indikatorar:

- Del av freda bygningar og anlegg med ordinært vedlikehaldsnivå i prosent.

- Talet på freda fartøy og fartøy som inngår i verneplan for fartøy, og som er sette i stand.

6.5. Eit representativt utval automatisk freda arkeologiske kulturminne skal vere sikra innan 2020.

Indikator:

- Talet på sikra automatisk freda arkeologiske kulturminne.

6.6. Utryddinga av truga arter i kulturlandskapet skal vere stansa, og status for arter i nedgang skal vere betra innan 2020.

Indikator:

- Talet på truga artar knytt til kulturlandskap.

6.7. Mangfaldet av naturtypar i kulturlandskapet skal takast vare på eller gjenopprettast innanfor sitt naturlege utbreiingsområde, og slik at alle arter førekjem i levedyktige bestandar. Det genetiske mangfaldet og viktige økologiske funksjonar og tenester skal takast vare på.

Indikator:

- Talet på restaurerte naturtypar i kulturlandskapet.

6.8. Areal brukt til landbruk skal vere berekraftig forvalta innan 2020.

6.9. Dei mest truga naturtypane i kulturlandskapet skal ha status som utvalde naturtypar

Indikatorar:

- Talet truga naturtypar knytt til kulturlandskapet.
- Talet på utvalde naturtypar i kulturlandskap.

6.10 Dei mest truga artene i kulturlandskapet skal ha status som prioriterte arter.

Indikator:

- Talet på prioriterte arter knytt til kulturlandskapet.

6.11. Eit representativt utval av naturtypane i kulturlandskap skal vernast for kommande generasjonar og verneverdiane i verneområda skal oppretthaldast eller gjenopprettast.

Indikator:

- Areal og del av verna areal (inkl. årleg endring).

6.12. Verneverdiane i verneområda skal oppretthaldast/gjenopprettast.

Indikatorar:

- Talet på og del av verneområde der verneverdiane er truga.

- Talet på og del av verneområde med forvaltnings- og/eller skjøtselsplan.

6.13. Ved innførsel og utsetjing av framande organismar skal vesentlege uheldige følgjer for naturmangfaldet unngåast. For dei mest skadelege framande organismane som allereie er sette ut i norsk natur skal tiltak for å nedkjempe desse vere sette i gang eller gjennomført.

Indikatorar:

- Talet på nedkjempings/utryddingstiltak fordelt pr. art og fylke.
- Talet på handlingsplanar utarbeidde og sette i verk for allereie introduserte, skadelege organismar.
- Talet på arter på «Svartelista» med høg risiko.

6.14. Utsetjing av genmodifiserte organismar skal ikkje føre til skade på naturmangfaldet, jf. genteknologilova.

Indikator:

- Talet på tilfelle der det er påvist mengder GMO over tilletne grenseverdia.

6.15. Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal medverke til å hindre uønska nedbygging av matjord og ivareta viktige kulturminne.

Indikator:

- Avgang dyrka og dyrkbar mark i medhald av planar etter plan- og bygningslova.

6.16. Eit representativt utval av kulturminne på Svalbard skal bevarast som kjeldemateriale og grunnlag for opplevingar for framtidige generasjonar. Tapet av kulturminne som følgje av menneskeleg verksemd, skal i gjennomsnitt ikkje overstige 0,1 prosent årleg.

Indikatorar:

- Bevaringsstatus for utvalde kulturminne og kulturmiljø.
- Talet på årleg tap av registrerte kulturminne i prosent.

Tilstand

Oversikta over kva for kulturminne som er verneverdige, er for dårleg. Informasjonen om kva slag tilstand dei er i, og om eventuelle tap av kulturminne, er mangelfull.

Arkeologiske kulturminne er automatisk freda. Ofte er dei einaste kjeldene til kunnskap om Noreg si eldste historie. Men vi har for liten kunnskap om kor desse kulturminna er. Undersøkingar viser at for kvart arkeologisk kulturminne som blir registrert, kan det vere meir enn 20

ukjente. Pr. august 2011 er det registrert ca. 257 000 arkeologiske enkeltminne, fordelt på rundt 121 000 lokaliteter. Arkeologiske kulturminne kan òg vere bergkunst, forhistoriske bilete som er hogde, slipte eller måla på berg, og dei kan vere opptil 9000 år gamle. Bergkunsten finst i alle landsdelar og er hovudsakeleg frå steinalderen og bronsealderen. Når det gjeld bergkunst, er det registrert meir enn 1700 lokalitetar, med om lag 31 000 figurar. Verdsarvområdet i Alta er ein slik lokalitet.


I mellomalderen fanst det mellom 1000 og 2000 stavkyrkjer i Noreg. I dag har vi berre 28 igjen. 19 av desse er nå sette i stand til ordinært vedlikehaldsnivå gjennom bevaringsprogrammet for stavkyrkjer. Arbeidet er i rute, og dei siste ni kyrkjene skal etter planen vere sette i stand i 2015. Arbeidet med branntryggleiken i stavkyrkjene er høgt prioritert gjennom bevaringsprogrammet for brannsikring av tette trehusmiljø og stavkyrkjene. Vi har meir enn 200 profane (ikkje kyrkelege) trebygningar frå mellomalderen. Dette kan vere stabbur, bur, loft og stover på gamle gardsanlegg. Dei eldste av desse husa som er bevarte, stammar frå 1200-talet. Alle mellomalderbygningane vart sette i stand på 1990-talet, og alle bygningane fekk utstyr til brannsløkking. Riksantikvaren overvaker utviklinga i tilstanden til desse bygningane. I 2010 og 2011 er taka på ein del av bygningane utbedra.

Totalt er det freda rundt 6000 bygningar, og dei utgjer om lag éin promille av alle bygningane i landet. Av bygningar frå 1900-talet er det foreløpig freda rundt 200 statlege bygningar og rundt 725 bygningar i privat eige.

Vel 3200 privateigde bygningar er freda. I 2006 vart det sett i gang eit systematisk arbeid med å følgje opp og setje i stand freda bygningar i privat eige. Ein gjennomgang av tilstanden til desse bygningane viste at mange av dei var prega av akselelerande forfall. Gjennom satsinga dei siste fem åra har situasjonen betra seg.

I 2011 starta eit arbeid med nye retningslinjer som skal skape betre og meir føreseielege føresetnadar for at ein planmessig skal kunne følgje opp freda bygningar som har oppnådd ordinært vedlikehaldsnivå.

Status pr. 31.12.2010



Figur 16.1 Tala i figuren er eit overslag basert på opplysingar frå fylkeskommunane Nordland, Oppland, Akershus og Telemark.

Kjelde: Riksantikvaren.

Det finst 207 fartøy med status som verneverdige. Seks av desse er freda. I kulturlandskapet finn vi arkeologiske kulturminne som er viktige kjelder til kunnskap om jordbrukshistoria, ei historie som går tilbake til steinalderen. Samiske kulturminne som er eldre enn hundre år, er automatisk freda.

Berre ein mindre del av dei samiske bygningane er hittil registrerte, og det finst derfor inga systematisk totaloversikt over kva for samiske bygningar som er automatisk freda, og heller inga dekkjande oversikt over kva for tilstand dei er i.

Systematisk kartlegging av samiske freda bygningar og tilstanden deira starta i 2011.

Boks 16.1 Ormelid i Sogn – gardsdrift gjennom 4000 år

Eit illustrerande eksempel på samanhengen mellom kultur og natur er Ormelid gard i Luster i Sogn. Garden som ligg omlag 450 meter over havet, vart freda i 2011 og fortel mange historier. Ormelid er eit godt døme på eit bruk som har vore drive kontinuerleg gjennom 4000 år. Kulturlandskapet viser samanhengen mellom buplass og driftsform gjennom denne lange perioden, og

ein kan blant anna lære om vilkåra folk levde under, og korleis dei brukte ressursane i naturen. Ormelid er det eldste fleirseterbruket som er kjent i Noreg. Ferdelsvegen over fjellet frå aust til vest, som kan vere opptil 3000 år gamal, gjekk forbi Ormelid og fortel om kontakt mellom ulike delar av landet over lang tid.

Tabell 16.1 Definisjonar

Omgrep	Definisjon
Kulturminne	Alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, under dette lokalitetar det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til.
Kulturmiljø	Område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng.
Arkeologiske/ marinarkeologiske kulturminne	Arkeologiske kulturminne er fysiske spor og levningar som ligg i eller under mark-overflata/under vatn.
Automatisk freda	Eit automatisk freda kulturminne er eit fast kulturminne som er freda direkte etter lov, utan særskilt vedtak. Automatisk freda er: Alle faste kulturminne frå før 1537, samiske kulturminne eldre enn 100 år, erklærte ståande byggverk med opphav frå perioden 1537 – 1649, alle kulturminne på Svalbard frå før 1946.
Vedtaksfreda	Eit vedtaksfreda kulturminne er freda gjennom vedtak etter kulturminnelova eller Svalbardmiljølova. Vedtaksfreding kan omfatte alle typar kulturminne som ikkje fell inn under automatisk freding.
Freda fartøy	Fartøy som er freda etter kulturminnelova § 14a.
Verneverdig	Der det er gjort ei kulturminnefagleg vurdering, og kulturminnet er identifisert som verneverdig.
Verneverdige fartøy	Fartøy der det er inngått ei avtale mellom eigar og Riksantikvaren om å ta vare på fartøyet. Dette inneber blant anna at fartøyet skal setjast i stand etter antikvariske prinsipp.
Tap	Der kulturminnet er fjerna.
Representativitet	Representativitet handlar om å belyse utviklinga av Noreg som samfunn, og heile samfunnet si utvikling og historie. Eit representativt utval er eit dynamisk omgrep, og kva som er sett på som fredingsverdig endrar seg over tid. Sjå òg St.meld. nr. 16 (2004-2005) kap. 4.2.3.
Ordinært vedlikehaldsnivå	Tilstand som krev at berre planlagt vedlikehald er nødvendig, jf. norsk standard for tilstandsanalyse av freda og verneverdige bygningar (NS 3423).
Sikra	Fysiske tiltak på eller ved eit kulturminne for å verne kulturminnet mot skade og tap, og for å ta vare på kulturminnet på staden eller for å sikre det vitskaplege kjelde-materialet.

Boks 16.2 Brunostens opphavsstad

I tidlegare tider var seterdrift ein viktig del av årssyklusen i jordbruket. Derfor må vi òg ta vare på denne bygningstypen. Seteranlegget Solbråsetra vart freda av Riksantikvaren sommaren 2011. Bygningane fortel om ei drift som over lang tid har vore viktig for mange gardar. Bygningane er verdifulle i seg sjølve, men saman utgjer dei eit heilskapleg anlegg med ei typisk plassering i landskapet. På setra var det budeiene som stod for drifta. Solbråsetra er brunosten sin opphavsstad. Her lagde Anne Hov forløparen til Gudbrandsdalsosten sommaren 1863.

Ein type landskap skil seg ut frå dei andre. Dette gjeld kulturlandskapet som er heilt avhengig av menneskeleg aktivitet. Jordbruksverksemd har medverka til å forme mykje av den naturen vi ser i dag langs kysten, i skogen og på fjellet. Kulturlandskap omfattar både område med intensiv landbruksproduksjon og landskap forma og enno prega av ekstensiv bruk, som dei gamle beite- og slåttemarkane. I tillegg er kystlynghei definert som del av kulturlandskapet. I det historiske jordbruket var beiting og hausting av fôr til husdyr omfattande, og areal både i skog, våtmark, kystsona, fjellet og open mark i låglandet er framleis prega av dette. Utrekningar gjennomførte ved Norsk institutt for skog og landskap indikerer at om lag 20 pst. av arealet i Sør-Noreg viser klar påverknad frå jordbruksverksemd. Til samanlikning dekkjer det aktive produksjonsarealet, dvs. jordbruksområde med innmark, tun og hagar om lag 3,6 pst. av Noregs totale areal. Landbrukssektoren forvaltar dei fleste av dei 233 bygningane i landet frå mellomalderen og rundt ein tredel av dei om lag 6000 freda bygningane.

I tillegg til eit stort mangfald av kulturminne er kulturlandskapet prega av stort naturmangfald. Engvegetasjonen som har oppstått som resultat av slått og/eller beite er blant dei mest artsrike livsmiljøa i Norden. I Noreg finn vi mellom 650 og 700 plantearter i slike enger. Om lag halvparten av dei finst ikkje andre stader. Ei rekkje insekt er knytte til slike enger. Det gjeld særleg planteetande arter, men òg parasittar og rovinsekt som er avhengige av sine vertar og byttedyr. Om lag 70 pst. av våre dagsommarfuglar er knytte til open engvegetasjon. Mange arter av villbier og gravevps lever berre i slike naturtypar. Viktige planter for våre om lag 200 arter av villbier er lyselskande

arter av ulike erteblomar, blåklokke, raudknapp, ulike korgplanter og selje- og vierarter. I tillegg er slike område prega av ei rekkje ulike grasarter. I område som blir beita blir arter med tornar, kisel og gift eller planter som smakar eller luktar vondt favoriserte fordi beitedyra vel dei artene som er lette å ete og smakar godt. Døme på slike planter er slåpetorn, einer, ulike tistlar og det sterkt kiselhaldige graset sølvbunke. Ved beiting blir ein stor del av næringsstoffa førde tilbake til økosystemet gjennom urin og avføring. Beitedyra unngår oftast å beite i nærleiken av eiga avføring, og planter rundt denne får då ekstra gode høve for frøsetjing og spreining. Dyremøkk er i seg sjølv òg eit spesielt livsmiljø for ei rekkje arter, spesielt insektarter og sopp. Det er truleg meir enn 150 arter av sopp og om lag 70 arter av biller i Noreg som lever på husdyrmøkk.

Som for dei fleste naturtypar er òg kulturlandskapet og naturmangfaldet her bestemt av faktorar som topografi, berggrunn og jordsmonn, men utan menneskeleg aktivitet ville vi ikkje hatt dei naturtypane som er typiske for kulturlandskapet, til dømes jordbrukslandskapet med åker og eng og «øyar» og kantar med ville vekstar og kystlyngheia med lysande, fiolett lyng. Slått hindrar oppslag av buskar og tre, og beite påverkar plante-dekket gjennom avbiting og tråkk, og dei fleste naturtypar i kulturlandskapet har derfor ein open vegetasjon som slepp inn mykje lys. Slåttemyr og slåttemark er to naturtypar som er i ferd med å forsvinne. Det betyr at vakre og sjeldne orkidearter, til dømes mange marihandarter blir borte. Innhaldet av arter i beitemark er avhengig av kva slag husdyr som beitar, kor mange dyr som beitar, når og kor lenge dei beitar og beitehistorikken i området. I tillegg kjem klimagradiantar frå kyst til innland, frå sør til nord og frå lågt til høgare over havet. Det er dei mange ulike kombinasjonane av natur- og kulturtilhøve som gjer kulturlandskapet i Noreg så mangfaldig.

Ifølge Naturindeksen for Noreg har ope lågland (tilnærma lik kulturlandskapet) saman med skog den dårlegaste tilstanden av alle dei store økosystema med ein indeks på 0,44. Samla sett er tilhøva i kulturlandskapet mest bekymringsfullt. Det blir vanskeleg, truleg umogleg, å stoppe jengroinga, og mange av dei areala som er igjen er òg pressa av utbygging.

Om lag 1000 arter av dei truga artene har sine bestandar knytte til kulturlandskapet. Dette er i hovudsak sopp, karplanter, biller og sommarfuglar. Døme på truga arter i kulturlandskap er orkideen svartkurle, solblom, og billa eremitt. Eremitten er klassifisert som kritisk truga. Den

lever i gamle, hole lauvtre, som ofte er å finne i kulturlandskapet. Åkerrikse, svarthalespove og sanglerke er døme på truga fuglearter. I Noreg finst to underarter av svarthalespove. Den eine hekkar i kulturmark, mens den andre helst vil ha naturleg våtmark. Døme på truga naturtypar i kulturlandskapet er slåtteeng og kystlynghei.

Den vakre djupblå eller blåfiolette leppeblomen dragehovud er vedteken som prioritert art utan funksjonsområde etter naturmangfaldlova. Den inneheld den einaste bustaden som dragehovudglansbilla vil ha. Også eremitt er vedteken som prioritert art utan funksjonsområde etter naturmangfaldlova. Svarthalespove er vedteken som prioritert art med økologisk funksjonsområde etter naturmangfaldlova. Slåttemyr og slåttemark har fått status som utvalte naturtypar etter naturmangfaldlova.

Det nasjonale målet for jordvernpolitikken har sidan 2004 vore at årleg omdisponering av dyrka mark skal halverast til 5 700 dekar innan 2010, samanlikna med perioden 1994-2003 då gjennomsnittleg årleg omdisponering av dyrka mark var 11 400 dekar. Målet om å halvere årleg omdisponering vart formulert i St.meld. nr. 21 (2004-2005) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand*.

Ifølge offisielle KOSTRA-tal vart det omdisponert 6 687 dekar dyrka mark til andre formål enn landbruk i 2010. Dette er 20 prosent mindre enn i 2009. Det er ikkje registrert så lite omdisponering av dyrka mark sidan 1980. Meir enn 2/3 av det som blir omdisponert blir teke i bruk til bustad-, nærings- og samferdselsformål.

Omdisponeringa av dyrka mark har dei siste fire åra halde eit stabilt lågare nivå enn i perioden 1994-2003. Ein har likevel ikkje lukkast med å komme heilt ned på det nivået som det politiske halveringsmålet innebar; ei maksimal årleg omdisponering av dyrka mark på 5 700 dekar innan 2010.

Påverknader

Verdifulle kulturminne og kulturmiljø forsvinn i eit stadig raskare tempo og i større omfang. Endringane i ulike næringar, busetjing og livsstil får konsekvensar for korleis kulturminne og kulturmiljø blir brukte, og for om dei blir tekne vare på. Flytting frå distrikta inn til byane og deira nærområde fører med seg mange utfordringar i arbeidet med å ta vare på dei kulturhistoriske verdiane. I distrikta er det viktig å få til ein berekraftig bruk av kulturminne og kulturlandskap for å hindre at dei forfell eller gror igjen. I område som er under utvikling og omforming i byane, er det viktig å integrere utvalde kulturminne.

Kysten har alltid vore ein innfallspørt til landet vårt og ei sentral samferdselsåre. Her finn vi dei eldste spora etter busetjing, og her har det til alle tider vore forholdsvis tett mellom kulturminna. Utbyggingspresset i kystsona kan derfor representere ein trussel mot kulturminna, både dei vi finn på land og dei som ligg under vatn.

Påverknaden på arkeologiske kulturminne som ligg i eller under markoverflata eller under vatn, er vesensforskjellig frå den på kulturminne som er synlege, som for eksempel bygningar, ruinar og andre typar anlegg og kulturspor. Sjølv om det kontinuerleg skjer ei viss naturleg nedbryting, endrar dei arkeologiske kulturminna seg lite, så lenge dei ikkje blir utsette for fysiske inngrep. Fordi det store talet på arkeologiske kulturminne ikkje er synleg, kan dei vere vanskelege å oppdage, noko som kan representere ein stor trussel og føre til at desse viktige kunnskapskjeldene forsvinn utan at ein har kontroll over det. For dei ståande kulturminna, som for eksempel bygningar, vil heile spekteret av inngrep, frå feil eller manglande vedlikehald til riving, kunne truge dei kulturhistoriske verdiane. Ein hovudtrussel mot bygningar er at dei taper sin opphavlege funksjon, går ut av bruk og derfor forfell raskt.

Boks 16.3 Isen sine skjulte løyndomar

Global oppvarming har ført til klimaendringar, som igjen har ført til at isbrear og fonner minskar. Sommaren 2011 gjorde arkeologar nokre sensasjonelle funn ca. 1900 meter over havet i Breheimen nasjonalpark i kommunane Skjåk og Lom. Grunnen til det var at isen har trekt seg tilbake. Einskilde funn er opptil 1700 år gamle. Så langt har det komme for dagen over 80 ulike funn, frå skinnskor og tekstilar til hestekor og anna hesteutstyr frå ein leirplass for jakt på rein. Dette vil kunne gi oss ny og spennande kunnskap om korleis forfedrane våre levde og brukte fjellet. Isen gir perfekte bevaringsforhold, og gjenstandane er derfor veldig godt bevarte. Men når isen smeltar og slike kulturminne kjem fram i dagen, set fallet raskt inn. Det er derfor viktig raskt å sikre funna frå å gå i oppløysing. Den kunnskapen som vi kan få ut av gjenstandane som smelter fram, kan òg medverke til at vi forstår klimahistoria betre. I istunnelen i Klimapark 2469, som fører besøkjande til djupet av Juvfonna ved foten av Galdhøpiggen, kan ein få sjå eksempel på kva som skjuler seg i isen, og konsekvensane av at klimaet endrar seg.

Jord- og skogbruk har gått gjennom store endringar dei siste 50-100 åra, blant anna som resultat av auka krav til inntening, fråflytting og nye driftsmetodar. Dette har ført til at bygningar forfell fordi dei blir fråflytta eller ikkje haldne ved like. 15 pst. av bygningane knytte til skog- og jordbruk er i forfall eller øydelagde, og i 25 pst. av våningshusa bur det ikkje lenger folk.

Også naturmangfaldet i kulturlandskapet er påverka av dei store endringane dei siste tiåra. Mekanisering, industrialisering og særleg innføring av kunstgjødsel har gjort det mogleg å erstatte det gamle arealkrevjande jordbruket med intensiv drift på mindre areal. Dermed har drifta på dei areala som tidlegare vart brukte til slått og beite opphøyr, og mange av desse areala er i ferd med å gro igjen.

For om lag 60 pst. av dei truga artene i kulturlandskapet er opphøyr av beite og slått den viktigaste faktoren. Når beitedyra og slåmaskina blir borte overtek naturen og områda gror igjen. Skogplanting på gammal kulturmark påskundar gjengroinga mange stader.

Mens nedlegging av jordbruk har ført til gjengroing av meir marginale jordbruksareal, er det

oftast intensivering av jordbruket som trugar naturmangfaldet i meir sentrale strøk. Pløying, gjødsling, intensiv drift med til dømes mykje bruk av sprøytemiddel, for høgt beitetrykk og ikkje minst gjengroing som følgje av manglande beiting eller slått i kantsoner er dei viktigaste faktorane for påverknad for om lag 25 pst. av dei truga artene. Åkerrikse og hortulan er to fuglearter som er truga av dei store endringane i jordbruket.

Nedbygging av jordbruksareal som følgje av at byar og transportnettverk treng meir plass er òg ein viktig faktor for påverknad av naturmangfaldet i kulturlandskapet. Dei siste åra har det vore fokus på å beskytte dei intensivt drivne jordbruksareala mot nedbygging. For å ta vare på naturmangfaldet i kulturlandskapet er det like viktig å sikre areala nær innmarka, som til dømes åkerholmar, opne åker- og vegkantar, små ugjødsla restareal med engvegetasjon, grøfter, bekker, gardsdammar og store frittstående tre. Slike element i kulturlandskapet kan vere dei siste plassane der mange dyr og planter i område med mykje busetnad og intensivt jordbruk kan overleve.

Framande skadelege organismar kan truge det naturmangfaldet og produksjonen i kulturlandskapet. Fleire forvilla hageplanter spreier seg særleg i kantsoner i kulturlandskapet, som kan vere viktige biotopar for mange truga artar. Særleg kan opphavleg artsrike vegkantar bli dominerte av blant anna hagelupin, kanadagullris, russekål og bjørnekjeksarter. Ei sørleg afrikansk plante, boersvineblom, er nyleg funnen fleire stader i landet. Denne planta er giftig for ein del beitedyr og kan spreie seg kraftig og dermed «forureine» beitemarker. Framande treslag, både norsk gran utanfor sitt opphavlege utbreiingsområde og utanlandske treslag planta ut i skogbruket, har spreidd seg i kystlynghei.

Svalbard har kulturminne som neppe finst nokon annan stad i verda. Dei representerer verksemda til fleire nasjonar gjennom meir enn 400 år. Alle kulturminna på Svalbard frå før 1946 er automatisk freda, men kulturminneverdiane blir i aukande grad påverka av ferdsel i terrenget, auka utbygging og press på areala i busetnadene. Klimaendringane fører òg til at kulturminna i aukande grad blir nedbrotne. Det er sett i verk ulike tiltak for å bevare kulturminne som er sterkt utsette for slitasje, eller som står i fare for å bli øydelagde på grunn av aukande ferdsel. Frå og med 1. januar 2010 er det heile året forbode å gå i land eller ferdast på land i avgrensa område. Det er nedfelt i verneforskrifta for større naturvern-område på Svalbard.

Politikk for å nå dei nasjonale måla

Regjeringa har vedteke at det skal leggjast fram ei ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken, og Miljøverndepartementet har starta arbeidet i 2011. Meldinga skal leggjast fram i inneverande stortingsperiode. Her vil det blant anna bli lagt vekt på å få fram korleis mangfaldet av kulturhistoriske verdiar på ulike vis kan tene som ressursar for å utvikle attraktive lokalsamfunn i heile landet. Eit viktig fundament i meldinga vil òg vere å vise at kultur- og naturarven utgjer grunnlaget i ei heilskapleg miljøforvaltning. Meldinga vil òg gå inn på risikoelement som er trekte fram av Riksrevisjonen i forvaltningsrevisjonen knytt til verneverdige og freda bygningar.

Det er etablert ti bevaringsprogram som skal bidra til å nå dei nasjonale måla innan 2020. Desse skal følgjast opp vidare i 2012. Programma legg vekt på å få fram synlege resultat. Den verdien kulturarven har for regionar og lokalsamfunn skal stå i sentrum.

Boks 16.4 Bevaringsprogramma på kulturminnefeltet

1. Freda kulturminne i privat eige
2. Samiske kulturminne
3. Stavkyrkjene
4. Verdsarven
5. Tekniske og industrielle kulturminne
6. Brannsikring av tette trehusmiljø og stavkyrkjer
7. Fartøy
8. Ruinar
9. Bergkunst
10. Utvalde arkeologiske kulturminne

Som ledd i utviklinga av kulturminnepolitikken, er det dei seinare åra utarbeidd strategiar for å overvake kulturminne og kulturmiljø, for forvaltning av arkeologiske kulturminne og for vern av fartøy.

I 2011 starta eit arbeid for å lage ein heilskapleg politikk for norsk gjennomføring av verdsarvkonvensjonen. Denne skal peike på overordna utfordringar for arbeidet med verdsarv og klargjere ambisjonar og prioriteringar. Etter planen skal arbeidet slutførast som ein del av stortingsmeldinga.

Riksrevisjonens forvaltningsrevisjon knytt til freda og verneverdige bygningar blir blant anna følgd opp gjennom *Kunnskapsløftet for kulturmin-*

neforvaltningen 2011-2015. Kunnskapsløftet skal sikre gode styringsdata for å kunne rapportere på utviklinga fram mot måloppnåing. Dette omfattar blant anna modernisering av den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden. Det skal utviklast eit framtidretta digitalt saksbehandlings- og forvaltningssystem som skal omfatte både dei freda kulturminna som har nasjonal verdi og lokale kulturminne som har regional og lokal verdi. Data skal gi god oversikt over tilstand og tiltak. Kompetansen i kommunane skal styrkjast.

For å få fram grunnlagsdata om tapet av verneverdige kulturminne, vil det bli utvikla eit system for registrering og vurdering av verneverdi og eit overvakingssystem for å følgje utviklinga over tid, jf. nasjonalt mål 6.1.

Frå 2007 dekkjer staten ein større del av utgifter til arkeologiske registreringar og utgravingar i samband med mindre, private tiltak. Ordninga har hatt stor betydning for forholdet mellom enkeltpersonar og kulturminnemyndighetene og ein positiv verknad når det gjeld ukontrollerte tap av denne type kulturminner jf. nasjonalt mål 6.2.

I 2011-2012 vert det arbeidd med ein strategi for fredingspolitikken som skal gje betre representativitet i utvalet av freda kulturminne og kulturmiljø, jf. nasjonalt mål 6.3.

Dei 11 prioriterte tekniske og industrielle kulturminna representerer berre utvalde delar av industrihistoria. I åra som kjem, må det vurderast korleis eit breiare utsnitt av industrihistoria kan dokumenterast og formidlast, jf. nasjonalt mål 6.3.

Freding av bil- og jernbarneferjer skal avsluttast i 2011. Deretter er planen å vurdere fleire kategoriar fartøy med sikte på freding, jf. den nye fartøyvernplanen. Ansvaret for dei verna fartøya skal etter denne planen overførast til fylkeskommunane, mens ansvaret for dei freda fartøya framleis vil liggje hos Riksantikvaren, jf. nasjonalt mål 6.3.

Eit representativt utval automatisk freda arkeologiske kulturminne vert sikra gjennom tre bevaringsprogram knytte til høvesvis ruinar, bergkunst og utvalde arkeologiske kulturminne, jf. nasjonalt mål 6.5.

I 2011 starta eit arbeid for å lage ein heilskapleg politikk for norsk gjennomføring av verdsarvkonvensjonen. Denne skal peike på overordna utfordringar for arbeidet med verdsarv og klargjere ambisjonar og prioriteringar. Etter planen skal arbeidet slutførast som ein del av stortingsmeldinga.

Vel 3200 freda bygningar er i privat eige. Eigane sin vilje, kompetanse og motivasjon er heilt avgjerande for at det einskilde kulturminnet og

kulturmiljøet skal bli teke godt vare på. Friviljug innsats frå eigarane er avgjerande for å nå det nasjonale målet om at freda bygningar skal vere sette i stand innan 2020. Riksantikvaren arbeider med å gå systematisk gjennom alle eldre fredingar og følgje opp det enkelte kulturminnet i samarbeid med eigaren. Arbeidet vil bli ført vidare i 2012. Erfaringane vil inngå som eit viktig grunnlag i arbeidet med ein ny strategi for freding, jf. nasjonalt mål 6.3.

Boks 16.5 Prosjektet Pilegrimsleia

Prosjektet Pilegrimsleia, eit av dei elleve pilotprosjekta i Verdskapsprogrammet på kulturminneområdet, vart avslutta i 2010. I 2011 etablerte Riksantikvaren eit midlertidig, nasjonalt pilegrimssenter i Trondheim. I 2010 og 2011 har det vore arbeidd med å utvikle ein nasjonal pilegrimsstrategi under leiing av Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet. Målet er at strategien skal bli ferdig i løpet av 2011. I 2012 vil det i samarbeid mellom Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet og andre berørte departement bli vurdert å etablere ein varig driftsorganisasjon som skal koordinere pilegrimsarbeidet gjennom eit permanent, nasjonalt pilegrimssenter. Pilegrimstradisjonen inngår i ein internasjonal samanheng, og det er vaksande interesse for dette, så vel i Europa som i andre verdsdelar. Fleire departement er involverte i pilegrimsatsinga, som byggjer på fire ulike grunnpillrar: kyrkje - kultur - miljø - næring.

Boks 16.6 Kultur- og naturreisa

Prosjektet Kultur- og naturreisa, som er eit samarbeid mellom Riksantikvaren, Norsk kulturråd, Statens kartverk og Direktoratet for naturforvaltning, vart etablert i 2011. Målet med prosjektet er å gi folk ein enkel og mobil tilgang til aktuelle opplysningar og forteljingar om kultur- og naturarven, knytte til den staden der dei er eller bur. Tenesta vil innehalde fakta og forteljingar som skal kunne formidlast blant anna gjennom mobiltelefonar, internett, GPS-navigatørar, MP3-spelarar og lesebrett. Satsinga vil bli prøvd ut i tre pilotprosjekt i Dovre-området, Bø-Sauherad og langs Akerselva.

Skjøtsel i kulturlandskapet

Kulturlandskapet kan ikkje haldast ved like utan at menneskeleg påverknad held fram. Gjennom prosjektet Utvalgte kulturlandskap i jordbruket har landbruks-, natur- og kulturminneforvaltninga gått saman om å gi nokre område gode tilhøve for å bevare natur-, kultur- og landskapsverdiar. Ein har no 22 område som blir følgt opp med støtte til ulike skjøtselstiltak. Det er i tillegg behov for å arbeide meir langsiktig med skjøtsel i dei viktigaste areala for naturmangfald og med restaurering av truga naturtypar som er prega av attgroing. Ulike miljøverkemiddel i jordbruket er viktige for å få til ein god nok skjøtsel av dei mest verdifulle områda i kulturlandskapet. Det er viktig å få til ei betre målretting av desse verkemidla.

Først når vi kan identifisere samanheng mellom bruk av ulike verkemiddel, tiltak og effekt, vil målrettinga av verkemiddel i kulturlandskapet kunne bli meir effektiv. Kartlegging, overvaking og resultatsstyring blir viktige verkemiddel framover. I jordbruksavtala for 2011 vart det vedteke at ei partssamansett arbeidsgruppe skal utarbeide eit forslag til ein målstruktur med bruk av indikatorar (blant anna Naturindeks for Noreg) og betre rapportering på miljømål. Dette for å få betre målretting av verkemiddel for å oppnå gode miljøresultat.

Sikring av kulturlandskap

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging er det venta at fylkeskommunane og kommunane tek omsyn til jordbruksareal og kulturlandskapet, og medverkar til at dei nasjonale jordvernmåla blir nådde ved å avgrense omdisponering av dei mest verdifulle jordressursane og redusere oppsplitting av viktige areal. Nødvendig kartlegging og vurdering av desse verdiane inngår i planlegginga.

Aktiv bruk av verkemidla i plan og bygningslova gjer det mogleg med langsiktige løysingar som tek vare på omsynet til samfunnsutviklinga, samtidig som omdisponeringa av areal kan haldast innanfor jordvernmålet. Som del av kommunal planstrategi skal val knytte til langsiktig arealbruk drøftast. Omsynssoner kan mellom anna nyttast for å ivareta jordvern. Det er innført ein ny heimel som gir statlege styresmakter tilgang til å bestemme at delar av ein arealdel ikkje kan endrast eller opphevast i ein gitt periode, blant anna ut frå jordvernomsyn. Vilkår for dispensasjon er gjort klarare og stramma inn slik at det vil

bli vanskelegare å omdisponere jord ved dispensasjon frå vedtekne planar.

Noreg har slutta seg til og Miljøverndepartementet har overordna ansvar for oppfølging i Noreg av Den europeiske landskapskonvensjonen. Formålet er å fremje vern, forvaltning og planlegging av landskap og organisere europeisk samarbeid om dette. Det er utarbeidd ein rettleiar for landskapsanalysar i kommunal planlegging og utprøving av metoden skjer i fleire kommunar med medverknad frå Miljøverndepartementet. Vidare arbeider departementet med metodar for klassifisering og vurdering av verdiar i landskapet, og utvikling av metodikk for kartlegging av landskapstypar slik at data kan leggjast i ein database.

Jordressursane

Regjeringa vil følgje opp bruken av dei nye verkemidla i plan- og bygningslova for å sikre jordressursane. Regjeringa vil vurdere å lage eigne statlege planretningslinjer for sikring av jordressursane.

Prioriterte arter og utvalde naturtypar

I nokre tilfelle vil det vere mest føremålstenleg å ta vare på truga arter og naturtypar ved å gi dei status som prioriterte arter eller utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova. Arbeidet med å peike ut prioriterte arter og utvalde naturtypar vil halde fram i 2012. I dette arbeidet kan òg arter og naturtypar knytte til kulturlandskap bli vurderte. Mellom anna vil kystlynghei bli vurdert som ny utvald naturtype. Ein vil òg følgje opp dei artene som er blitt prioriterte og de naturtypane som er blitt utvalde, inkludert dei handlingsplanane som er utarbeidde. Staten kan gi tilskot til tiltak for å ta vare på dei prioriterte artene og utvalde naturtypane.

Framande organismar

Regjeringa vil følgje opp Tverrsektoriell nasjonal strategi og tiltak mot framande skadelege arter. Strategien inneheld tiltak som skal gjerast i ulike sektorar, til dømes samferdsel og landbruk. I 2012

vil Artsdatabanken lansere ei ny svarteliste der fleire framande organismar er risikovurderte. Denne vil gi eit viktig grunnlag for arbeid mot framande organismar i sektorane. Fleire fylkesmenn vil i 2012 bli ferdige med sine regionale handlingsplanar mot framande skadelege organismar, og desse vil gi prioriteringar for tiltak i verneområde og i kommunane. Handlingsplanar mot boersvineblom og rynkerose er under arbeid.

Ein del framande organismar spreier seg lett i kulturlandskapet der skjøtselen er opphøyrte og hevda er dårleg. Døme på slike arter er sitkagran, lupinar og rynkerose. God hevd og skjøtselstiltak er derfor førebyggjande tiltak mot slik spreiding. I handlingsplanen for kystlynghei er fjerning av sitkagran i nokre tilfelle eit viktig tiltak både utanfor og innanfor verneområde. Eit døme på dette er Tarva i Sør-Trøndelag. Dette er eit kystlyngheilandskap som også er eit utvalt kulturlandskap.

Under nasjonalt program for kartlegging og overvaking av naturmangfald er det sett i gang fleire større prosjekt som vil betre kunnskapsgrunnlaget med omsyn til status for framande organismar i Noreg.

Regjeringa fører ein restriktiv politikk på GMO-området og styresmaktene vurderer miljørisiko nøye ved søknader om utsetjing av GMO. Norske styresmakter har så langt ikkje godkjent genmodifiserte organismar for dyrking eller anna form for utsetjing i naturen. Samtidig aukar bruken av genmodifiserte organismar i omfang i mange andre land, og situasjonen blir følgt nøye gjennom overvakingssystem, prøver og analysar. Slike system skal syte for at vi veit kva slag typar av genmodifiserte organismar som eventuelt finn vegen til Noreg. Denne informasjonen vil så danne grunnlag for eventuelle tiltak for å sikre økosystem og naturmangfald.

Kulturminne på Svalbard

Sysselmannen på Svalbard har utarbeidd ei liste over femti høgt prioriterte kulturminner og kulturmiljø for å sikre eit representativt utval av kulturminne på Svalbard og hindre ukontrollert tap. Kulturminneplan for Svalbard er under revisjon i 2011, jf. nasjonalt mål 6.16.

17 Resultatområde 7 Godt bymiljø

Fleire og fleire ønskjer å bu urbant, med den breidda innanfor utdanning, arbeidsliv, helse, kultur- og fritidsaktivitetar som byane gir høve til. Mange knyter det gode livet til dufta av rykande varm kaffi, frukthandlaren på hjørnet og mangfaldet. Noreg er privilegert med flotte nærnaturområde til byar og tettstader. Dei aller fleste av oss har tilgang til framifrå friluftsområde, parkar og stigar, der det er fint å gå tur, og der ein kan drive med ymse typar friluftsliv. Ein kan starte dagen med ein sykkeltur i marka og avslutte med ein tur på kafé eller på konsert. Dette er eit stort gode som mange veit å verdsetje.

I alt 80 prosent av den norske befolkninga bur i dag i byar og tettstader. Å skape gode by- og tettstadsmiljø er derfor viktig for trivsel og helse for dei fleste av oss. Veksten av byane har vore sterk i heile etterkrigstida. Vi har over 900 byar og tettstader i Noreg, frå dei minste med vel 200 innbyggjarar til den største, som er Oslo med eit folketal på nær 600 000.

Eit funksjonelt og godt fysisk bymiljø er viktige føresetnader for trivsel og helse. Godt tilgjenge til kvardagsfunksjonane, rein luft, vakre og trygge omgivnader og høve til sosial deltaking og fysisk aktivitet i nærmiljøet er gode som folk set pris på. Også for næringslivet er godt fungerande og attraktive stader viktig for verksemda og for å rekruttere og halde på arbeidskrafta.

Nasjonale mål – Godt bymiljø

7.1. Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal medverke til at byar og tettstadar er berekraftige, attraktive og funksjonelt utforma med eit godt fysisk miljø som fremjar helse og livskvalitet.

Indikatorar:

- Talet på byregionar med samordna areal- og transportplanar.
- Tettstadareal pr. innbyggjar.
- Delen av dei daglege reisene som skjer på miljøvenleg måte.
- Delen av omsetjinga i varehandel i kommunen innanfor by- og tettstadsområde.
- Utslepp av klimagassar i kommunar og fylke.

- Leike- og rekreasjonsareal i tettstader pr. 1000 innbyggjarar.
- Delen busette med kortare avstand enn 500 m til rekreasjonsareal større enn 200 daa i byar og tettstader.
- Talet på kommunar med rekreasjons- og friluftsområde lagt til rette med universell utforming.
- Talet på kommunar med vedteken plan og retningslinjer for universell utforming.
- Tal på kommunesenter som er kartlagde etter kriteria for tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne.

Tilstand

Det nasjonale målet omfattar fleire delmål. Kvart av desse delmåla er omtalte nedanfor:

Sikre ein berekraftig bystruktur gjennom effektiv arealbruk og styrkt miljøvenleg transport

Konsentrert byutvikling er ein føresetnad for eit effektivt kollektivtrafikktilbod og for at fleire sykklar og går, og dermed også god klimapolitikk.

Tall for byane viser at dess tettare folk bur, dess meir miljøvenleg transport er det. I dei 13 største byane skjer no det meste av utbygginga som fortetting og byomforming. I 2009 har kvar innbyggjar i gjennomsnitt 500 m² tettstadareal til disposisjon, noko mindre enn i 2000. Denne fortettinga og den sterke satsinga på kollektivtransporten dei siste åra, har medført at fleire reiser miljøvenleg, frå 35 pst. i 2005 til 36 pst. i 2009 for desse byane samla. Utbygginga i mindre byar og tettstader er jamt over ikkje så konsentrert. Her har kvar innbyggjar meir enn 1000 m² og tettleiken minskar. Delen som reiser på miljøvenleg måte er klårt lågare, ikkje berre fordi kollektivtilbodet er dårlegare utbygd, men òg fordi færre sykklar og går.

Byane ligg ofte knytt til den beste dyrka jorda i landet. I dei mest produktive områda er gjerne òg naturmangfaldet størst. Det er til dømes på det sentrale Austlandet at talet på truga artar er størst. Vekst i byar og tettstader vil derfor ofte

vere ei utfordring i høve til ivaretaking av dyrka mark og av naturmangfald. Rundt byane ligg det òg friluftareal som er mykje brukt. Det er derfor viktig å hindre ukontrollert byvekst og å nytte dei areala som er eigna til utbygging best mogleg, og vidare sikre ei planlegging som tek godt omsyn til både dyrka mark og til truga arter, truga naturtypar og andre verdfulle område for naturmangfald.

Det er ei utfordring å gjennomføre ein meir arealeffektiv utbyggingspolitikk. Den nye plan- og bygningslova har verktøy som skal gjere det lettare å få til fortetting og byomforming. Regjeringa har vidare styrkt jordvernet, og mange byar har bymarker som er ivaretekne gjennom planvedtak eller eiga lov (Oslo-marka). Dei rikspolitiske retningslinjene for samordna areal- og transportplanlegging blir lagt til grunn for planlegginga, serleg i byområda. Hovudprinsippa er brukt i arbeidet med regional planstrategi for Oslo og Akershus som Miljøverndepartementet har leia. Også dei andre større byregionane har utarbeidd samordna areal- og transportplanar og konseptvalutgreiingar med sikte på å fremje meir miljøvenleg transport. Gjennom Framtidas byar er fleire byar i gang med å vurdere køprising og parkeringsavgrensingar som verkemiddel samtidig som kollektivtilbod og sykkelvegnett blir bygd ut.

Stimulere til at offentlege og private, publikumsretta verksemdar blir lokaliserte på ein måte som bidrar til å bygge opp under ein berekraftig bystruktur

I ein berekraftig bystruktur er det naudsynt å styrkje sentrum i byar og tettstader og andre knutepunkt i kollektivnettet. I byane skjer det ein auke i talet på busette og arbeidsplassar i sentrumsområda, men sentrumshandelen taper terreng. Frå 2003 til 2009 var sentrum sin del av samla handelsomsetning i dei største byane blitt redusert med 5-6 prosentpoeng. Berre Oslo har halde ved lag sin del. Noko av årsaka ligg i at kjøpesenter og andre butikkar blir lokaliserte i utkanten av eller utanfor byen. I 2008 vedtok Regjeringa ei ny rikspolitisk forskrift om kjøpesenter. Forskrifta skal sikre at kjøpesenter og anna handelsverksemd blir lokaliserte i samsvar med godkjente fylkes- og fylkesdelplanar for senterstruktur og service. Departementet følgjer ein streng praksis når det avgjer motsegnaker og arbeider med å styrkje fylkesmennene si oppfølging av føresegna. I Framtidas byar blir det gjennomført prosjekt for å styrkje sentrum som handelsstad gjennom betre samhandling mellom kommune og næringsliv.

Det er i forhold til berekraftig utbygging uheldig at sjukehus, høgskular og anna publikumsretta statleg verksemd i nokre tilfelle blir lokaliserte på stader med dårleg kollektivtilbod, ofte utanfor eller i utkanten av byen eller tettstaden. I 2009 utarbeidde Miljøverndepartementet saman med Statsbygg ein rapport med gode døme på korleis lokalisering av statleg verksemd kan bygge opp under berekraftig byutvikling. Statsbygg legg i sin nye strategi for verksemda si vekt på dette prinsippet. I embetsoppdraget er fylkesmennene bedne om å følgje opp statlege lokaliseringssaker som ledd i den samordningsfunksjonen embeta har.

Medverke til reduserte utslepp av klimagassar og tilpassing til klimakonsekvensar, knytt til blant anna areal-, energi- og transporttiltak.

Utsleppa av klimagassar auka i dei 13 største byane med 5 pst. frå 1991 til 2008. Det gjekk noko ned i 2009, men auka att i 2010. Det er då rekna med utslepp som byane sjølve kan påverke. Vegtrafikken står for om lag 60 pst. av desse utsleppa, utslepp frå stasjonære kjelder, særleg oppvarming, utgjer 20 pst., 10 pst. kjem frå avfallsdeponi og resten frå andre mindre kjelder. Vegtrafikk er òg den viktigaste kjelda til utslepp av NO₂, og viktig bidragsytar til utslepp av svevestøv. Situasjonen i nokre norske byar er framleis ikkje god nok. Ein viser til omtale av resultatområde 10 Rein luft for nærare omtale av tilstanden for lokal luftkvalitet.

Dei store utsleppa frå vegtrafikken heng saman med den måten vi har utvikla byane våre på, med store avstandar mellom bustader, arbeidsplassar, handel og ulike tenester. Dette skaper mykje bilbruk og store utslepp. Tette byar gir korte avstandar, mindre transportbehov og mange fleire kan gå, sykle eller ta bussen. Tett utbygging gjer det samstundes lettare å forsyne bygningar med fjernvarme basert på rein energi i staden for tradisjonelle løysingar.

Mange norske byar og tettstader ligg ved kysten eller i nærleiken av vassdrag. Dei er sårbare for klimaendringane med omsyn til blant anna havnivåstigning, flaum, overvatn og skred. Klimaendringane inneber risiko for liv og verdiar, og kostnadene knytte til tilpassing er potensielt store. Samtidig skal det planleggjast for stor uvisse. Det gjeld både å sikre seg mot dei store farane og gjennomføre dei mange små tiltaka som kan dempe verknadene av endringane. Til dømes er det naudsynt å betre dimensjoneringa av avløpsrør, bekker kan opnast for å ta unna meir vatn og

grå flater kan erstattast av grønne flater. Grønne flater syg betre opp overflatevatnet og gir nedkjøling, og er slik sett òg eit viktig tiltak med omsyn til klimatilpassing. Gjennom risiko- og sårbarheitsanalysar og god planlegging kan byane få oversikt og i tide ta dei naudsynte grepa.

Sikre høg kvalitet i byrom og uteareal og ta vare på grønstruktur og naturmangfald

Når byveksten i stor grad skjer gjennom byomforming og konsentrert utbygging, er det viktig å sikre dei grønne lungene og kvaliteten på uteareala. Nye tal viser at delen av befolkninga i dei største byane som bur mindre enn 200 meter frå eit leike- og rekreasjonsareal, har gått ned med 2 prosentpoeng frå 2004 til 2009 (til 67 pst.), mens delen med lett tilgang til nærturterreng har halde seg konstant (64 pst.). Tala viser litt overraskande at det ikkje er nokon klar samanheng mellom kor tett byen er og tilgangen på slike areal. Dette indikerer at mange av dei tettast utbygde kommunane i planleggina si bevisst sikrar grøntområda og vektlegg kvalitet i utforminga av byen.

Det er òg viktig å ta vare på område som gir naturmangfald i byane. I tillegg til markaområda i nærleiken av byane, er dei grønne lungene, attverande skogholt, gamle tre, parkane og vassdraga viktige leveområde for ei rekkje arter av planter og dyr.

Av raudlista for arter frå 2010 les vi at dei fleste truga artene lever i dei rikaste og mest produktive områda sør og aust i landet. Dette er samtidig dei områda der det bur flest folk. For å sikre dei truga artene eit liv i norsk natur også i framtida er det derfor særskilt viktig å ta vare på slike område. Oslofjordområdet er eit døme på eit slikt område. Oslo kommune er leveområde for ei rekkje truga artar, og har derfor eit særskilt ansvar for å ta vare på attverande naturområde og grønne lunger i og nær byen. Dette krev ei god og kunnskapsbasert planlegging og forvaltning, der ein prøver å få til vinn-vinn-løysingar, som kjem både menneske, friluftsliv og naturverdiar til gode.

Med ordninga prioriterte arter og utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova, skal dei artane og naturtypane som er prioriterte og utvalte takast særskilt godt vare på. Dei første prioriterte artene og utvalde naturtypane vart vedtekne våren 2011. Fleire av dei finst i og rundt tettstader og bynære område. Dette gjeld til dømes naturtypane slåttemark, innhole eiker og kalklindeskog, og artane dragehovud, raud skogfrue og eremitt.

Boks 17.1 Prioriterte arter i bynære område

Dei fleste truga artene finst i Oslo/Akershus, Vestfold, Telemark, Østfold og Buskerud. I desse områda lever dei varmekrevjande artane våre, og her er eit stort mangfald av miljø som er sjeldne elles i landet. Samtidig er det i desse områda det bur mest folk.

Dragehovud, raud skogfrue og eremitt er døme på truga artar som finst i nærleiken av der mange av oss bur. Desse truga artane fekk i mai 2011 status som prioriterte artar i forskrifter etter naturmangfaldlova.

Dragehovud er ei plante med vakre, djupblå eller blåfiolette blomar i juni og juli. Huk på Bygdøy i Oslo er blant dei mest brukte bade-plassane i landet. Nokre få meter frå bade-plassen er det ei lita kalkstrandeng. Her har dragehovud ei av veksestadene sine.

Raud skogfrue er ein staseleg orkidé som lever i kalkrike og halvopne skogtypar. Det er størst sjanse for treffe på skogfrua i nærleiken av Drammen.

Eremitt er ei bille som bur i gamle, innhole lauvtre, der larvene lever av den rotne veden på innsida av holrommet. I Noreg er eremitt berre funnen på ein kyrkjegard i Tønsberg.

Det må leggjast stor vekt på kvalitet i fortettinga, både ved utforminga av bygningsmassen og for å sikre gode og trygge opphaldsområde og uterom med godt tilgjenge for alle. Samanhengande grøntområde med turstigar og sykkelveggar kan binde dei ulike bydelane saman og sikre tilgang til nærliggjande natur- og friluftsområde. Sikring av kulturhistoriske verdiar er viktig for kvalitet og variasjon i byar og tettstader.

Ved bustader, skular og barnehagar skal det vere god tilgang til trygg ferdsel, leik og annan aktivitet i ein variert og samanhengande grønstruktur med gode samband til kringliggjande naturområde. Den nye plandelen i plan- og bygningslova legg sterk vekt på kvalitet i uteområda. Dei rikspolitiske retningslinjene for barn og unge sine interesser i planlegginga, som blant anna skal sikre gode uteareal, er blitt tydelegare gjennom den nye lova og tilhøyrande rettleiing. Departementet arbeider òg med ein rettleiar om kvalitet i uteareal og byrom.

For å kunne måle utviklinga på desse områda, må vi utvikle nye indikatorar, blant anna treng vi indikatorar for ein del av naturkvalitetane i by som

knyter seg til parkar, grønne samband, leikeplassar og tilgang til vatn.

Styrkje universell utforming i all planlegging og utbygging

Universell utforming kom inn som ein strategisk føremon i plandelen i plan- og bygningslova i 2008. Det var eit resultat av ein politikk som starta sist på 1990-talet med å auke likeverdsaspektet for aktiv deltaking òg av menneske med nedsett funksjonsevne i samfunnslivet. I heile denne perioden har departementet arbeidd med å styrkje dette aspektet i kommunal og regional planlegging. Ein kan sjå at arbeidet har verknad ved at delen av kommunar med særskilt plan eller retningslinjer med fokus på universell utforming no er 30 pst., mot 26 pst. i 2009. Sju fylkeskommunar har tilsvarende fylkesdelplanar eller føresegner i fylkesplanar.

Påverknader

Befolkningsframskrivingane tyder på at befolkningsveksten framleis kan bli sterk i byområda dei næraste 20 åra, til dømes kan Oslo få nesten 200 000 fleire innbyggjarar fram til 2030. Dette vil føre til eit betydeleg press på landbruks-, natur- og friluftsområda rundt byane og på dei grønne lungene i byen. Auka befolkningsvekst stiller oss vidare overfor særlege utfordringar knytte til auka utslepp frå transport; av dei som medverkar til både lokal luftforureining, støy og klimaendringar.

For dei enkelte byane og tettstadene fører veksten til store endringar. Dei mest synlege skjer gjennom utbygging av nye bustadområde, etablering av større næringsverksemd og offentlege institusjonar og gjennom ny infrastruktur. Dei fleste endringane er likevel små og lite merkbare frå år til år, men over tid vil summen av nye investeringar og dei mange små inngrepa kunne gi store konsekvensar for bymiljøet.

Sidan utbygging i praksis er irreversibel, er det viktig å sikre at endringane skjer til det beste for innbyggjarane, næringslivet og miljøet. Dette inneber at endringane bør nyttast til å byggje opp under miljøvenlege bystrukturar, transportformer og transportsystem, betre dei fysiske omgivingane, blant anna med omsyn til tilgjenge for alle, leggje til rette for helsefremjande aktivitetar og medverke til at klimaendringane kan møtast på ein robust måte. Klimaendringar vil innverke på korleis vi planlegg og utviklar våre byar og tettstader. Samtidig må eigenart og identitet, verdifulle

kulturmiljø, biologisk mangfald, grønstrukturar og naturområde takast vare på og utviklast vidare.

Utviklinga av berekraftige byar og tettstader skjer i eit komplisert samspel mellom offentlege styresmakter og private aktørar. Det er mange konflikhtar som må løysast, mellom utbygging og vern og mellom ulike interesser. Planlegging etter plan- og bygningslova fastset spelereglar og skapar arenaer som er viktige for partane både når dei langsiktige linjene skal trekkjast og når det kjem til gjennomføring.

Politikk for å nå det nasjonale målet

Arbeidet med å skape berekraftige, attraktive og funksjonelt utforma byar og eit fysisk miljø som fremjar helse- og livskvalitet blir følgt opp i den nasjonale politikken gjennom ei rekkje verkemiddel og tiltak.

Viktige statlege retningslinjer for godt bymiljø er knytte til

- samordna areal- og transportplanlegging
- barn og unge sine interesser i planlegginga
- lokalisering av kjøpesenter
- klima- og energiplanlegging i kommunane
- behandling av støy i arealplanlegginga

I Nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging vedtekne i juni 2011, er by- og tettstadutvikling omtalt som eit eige tema. Her er gjeldande politikk oppsummert og konkretisert. Ein viser òg til resultatområde 10 Rein luft om politikken for å nå nasjonale mål knytt til rein luft og støy som i stor grad angår byane.

Miljøverndepartementet har som miljø- og planleggingsstyresmakt eit serskilt ansvar for å samordne og formidle den nasjonale miljøpolitikken og arealpolitikken, blant anna for den fysiske utviklinga i byområda. For å sikre at politikktutforming og verkemiddel blir mest mogleg treffsikre i forhold til utfordringane, driv departementet utviklingsarbeid i samarbeid med byane og andre aktørar. Utviklingsarbeidet som er omtalt nedanfor følgjer opp delmåla knytte til det nasjonale resultatmålet på godt bymiljø. Programmet Framtidas byar er eit breitt, tverrgående samarbeid som rettar seg inn mot dei fleste delmåla; både å sikre effektiv arealbruk og styrkt miljøvenleg transport, berekraftig lokalisering, reduserte klimagassutslepp og tilpassing til klimakonsekvensar, kvalitet i byrom og uteareal, og ta vare på grønstruktur og naturmangfald. Groruddalsatsinga følgjer òg opp fleire av måla, mens arbeidet knytt til å styrkje universell utforming først og fremst er knytt til dette delmålet.

Boks 17.2 Prinsippa for berekraftig by- og tettstadutvikling går fram av St.meld.nr (2001-2002) Betre miljø i byer og tettsteder:

- Kollektivtransporten utgjør ryggraden i bystrukturen og er styrande for utbyggingmønsteret.
- Eit sterkt sentrum med konsentrasjon av arbeidsplassar, bustader, handel og kontorfunksjonar.
- Konsentrert utbygging av næring og bustader i kollektivknutepunkt.
- Lokalsamfunn med tett og variert bustadstruktur, grønne lungar, skular, barnehagar, handel og næring.
- Samanhengande grønstruktur der grønne korridorar og samband knyter dei ulike byområda med grønne lungar til omkringliggjande markaområde.
- Hovudnett for sykkeltrafikk som gjer sykkel til eit attraktivt transportmiddel.
- Hovudvegssystemet går utanom lokalsamfunn, men sentrum og knutepunkt blir betente.

Framtidas byer

Miljøverndepartementet starta i 2008 programmet *Framtidas byar*, som er eit samarbeid mellom dei 13 største byane, KS, fire departement og næringslivets hovudorganisasjonar. Hovudmålet er å redusere dei samla klimagassutsleppa frå vegtransport, stasjonær energibruk og forbruk og avfall i dei største byområda. Samtidig skal det utviklast strategiar for å møte framtidige klimaendringar. Delmål for arbeidet er å betre det fysiske bymiljøet med tanke på helse, oppleving og næringsutvikling.

Måla skal oppnåast gjennom meir forpliktande samhandling mellom lokale, regionale og statlege styresmakter og med næringslivet. På den måten vil vi utnytte tilgjengelege ressursar betre, utvikle meir effektive verkemiddel og prøve ut nye tiltak for å fremje klima- og miljøvennlege byar.

Ei stort mengd samarbeidsområde, prosjekt og tiltak er sette i gang i byene, av ulik storleik og art, og med ei stor mengd involverte aktørar. Erfaringane frå alle desse blir formidla gjennom nettstaden www.framtidensbyer.no og direkte til andre byar og interesserte gjennom konferansar, rapportar m.m., og ved etablering av ei eksempelsamling.

Utvikling av ulike verktøy for utrekning og måling av klimagassutslepp og effektar av tiltak er ein viktig del av arbeidet. Framtidas byar blir målt gjennom jamleg rapportering og følgjeevaluering med indikatorar på ulike nivå. Evalueringsrapporten frå 2010 syner at Framtidas byar medverkar til å heve byane sitt arbeid med klima- og bymiljøspørsmål, og at det er venta utsleppsreduksjonar som følgje av prosjekt som blir gjennomførte innan programmet.

Programmet er venta å vare til 2014, og er det viktigaste tiltaket som departementet for tida har for å utvikle berekraftige byar.

For å oppnå hovudmålet om reduserte klimagassutslepp og tilpassing til klimaendringane er arbeidet organisert i dei fire innsatsområda *areal og transport, energi i bygg, forbruk og avfall og tilpassing til klimaendringane*. Under desse innsatsområda og fellesområdet er om lag 40 samarbeidsområde i gang, i tillegg til ei rekkje underområde, prosjekt og tiltak. Delmålet om betre bymiljø er ikkje eit eige innsatsområde, men er knytt til dei fleste samarbeidsområda og aktivitetane.

I tillegg til avtalepartane er ei rekkje andre offentlege, private og frivillige aktørar involvert i arbeidet. Det er utvikla eit eige rapporteringssystem som måler aktivitetane og resultatane, for kvartalsvis og årleg oppfølging. Det blir over budsjettet gitt støtte til utviklingsarbeid, samarbeidsprosjekt og andre tiltak.

I arbeidet framover vil programmet leggje vekt på blant anna smartbyløyningar og områdeutvikling, der samarbeid med næringslivet og heilskaplege modellar er viktige element.

Miljøverndepartementet planlegg no å nytte erfaringane og kunnskapen frå Framtidas byar til å etablere ei meir sjølvgåande, fleirårig nettverksatsing for dei mellomstore byane i 2012. Gjennom å styrkje kommunanes kompetanse og stimulere til handling, er målet på sikt å bidra til mindre klimagassutslepp, meir attraktive og miljøvennlege byar, og regional utvikling.

Bymiljøprisen som vart delt ut første gongen i 2002, er eit ledd i å synleggjere ein miljøretta bypolitikk,

Groruddalssatsinga

Regjeringa har sidan 2007 vore med på eit historisk byløft i Groruddalen i Oslo. Groruddalen har 130 000 innbyggjarar. Regjeringa og byrådet i Oslo har inngått ei intensjonsavtale om eit samarbeid om Groruddalen for 10-årsperioden 2007-2016. Det langsiktige hovudmålet er ei berekraftig

byutvikling, synleg miljøopprusting, betre livskvalitet og samla sett betre levekår i Groruddalen. Det skal utviklast eit lokalt og inkluderande samarbeid med dei som bur i dalen, organisasjonar, burettslag, næringsliv, bydelar og offentlege organisasjonar.

Oslo kommune har ansvaret for den heilskaplege utviklinga i Groruddalen. Miljøverndepartementet samordnar staten sin innsats. Den felles innsatsen er organisert i fire program. Miljøverndepartementet følgjer opp program 2: Alna, grønstruktur, idrett og kulturmiljø. Målet for dette programmet er å styrkje den blågrøne strukturen og naturmangfaldet i Groruddalen, gi betre forhold

Boks 17.3 Groruddalssatsinga

Etter snart fem år med ekstra satsing i Groruddalen er det mange synlege resultat. Dei fire første åra medverka Oslo kommune med 212 mill. kroner og Regjeringa med 462 mill. kroner. Samferdsledepartementet har blant anna medverka til doble avgangar på Grorudbana og Furusetbana, oppgradering av stasjonar langs Grorudbana og Furusetbana, ny gang- og sykkelbru over E6 og fleire nye gang- og sykkelvegstrekingar.

Miljøverndepartementet medverkar med midlar til blant anna ein bydelspark i kvar bydel og til opprusting av ein Akergard i kvar bydel. Mange ferdigstilte turvegtiltak gjer det no mogeleg å gå langs Alnaelva frå Ammerud og heilt ned til Gamlebyen. Eit samanhengande tverrsamband er ferdig frå Grorud til Ellingsrud. For å få innbyggjarane til å ta i bruk grønne lunger i nærmiljøet har det vore arbeidd med å synleggjere dei nye turvegane og parkane.

Kommunal- og regionaldepartementet gir støtte til områdeløft for to område i kvar bydel i Groruddalen. Det gis støtte til ulike tiltak som til dømes sosiale arrangement, motorsenter og skatehall på Haugenstua, opprusting av Svarttjern på Romsås og til leiarprogram for ungdom. Barne-, likestillings- og integreringsdepartementet bidreg blant anna med midlar til gratis kjernetid i barnehagane, Kunnskapsdepartementet bidreg med midlar til Språkløftet og Utviklingsprosjektet (ekstra ressursar til skular med meir enn 25 prosent minoritetspråklege), Helse- og omsorgsdepartementet bidreg med midlar til to folkehelseprosjekt (forsterka svangerskapsoppfølging og kosthald, aktivitet og norsk).

for friluftsliv, fysisk aktivitet og idrett. Kulturminne skal vernast og brukast og forståinga for historia skal styrkjast.

Bevaring av grønstruktur og naturmangfald

For å ta vare på og styrkje kvalitetane i grønstruktur, unngå spreiding av framande arter og bevare naturmangfaldet, er det viktig at dei som forvaltar grønne areal i tettbygde område ser nærare på korleis ein kan betre tilhøva for truga arter eller andre arter som ein finn naturleg i nærleiken. Til dømes bør ein vurdere om ein i større grad kan nytte stadeigne plantearter i staden for planter frå fjerne himmelstrøk i parkar og andre grønne anlegg. I nokre tilfelle vil det vere mest føremålstenleg å ta vare på truga arter og naturtypar ved å gi dei status som prioriterte arter eller utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova. Arbeidet med å peike ut prioriterte arter og utvalde naturtypar vil halde fram i 2012. I dette arbeidet kan òg arter og naturtypar som er å finne i og ved tettbygde strøk bli vurderte. Ein vil òg følgje opp dei artene som er blitt prioriterte og dei naturtypane som er blitt utvalde, inkludert dei handlingsplanane som er utarbeidde. Staten kan gi tilskot til tiltak for å ta vare på dei prioriterte artene og utvalde naturtypane.

Universell utforming

Miljøverndepartementet siktar mot den felles visjonen *Noreg universelt utforma 2025* i si deltaking i Regjeringas Handlingsplan for universell utforming 2009 – 2012. Likeverdige deltaking i samfunnsutvikling og byliv er eit mål.

Det føreset at kompetansen blir heva lokalt og regionalt når det gjeld universell utforming som strategi for planlegging og utforming av omgivnad og produkt. Det viktigaste tiltaket i samband med dette er *Nasjonalt utviklingsprosjekt for universell utforming i fylke og kommunar*. Tiltaket inkluderer no 50 kommunar og åtte fylke. Tiltak i den nye handlingsplanen gjeld òg universell utforming i by- og tettstadutvikling, auka tilgjenge til offentlege bygningar og uteområde, friluftsliv og kulturminne. Aspektet er inkludert på fleire resultatområde så langt det passar. Ein vil ha serskilt fokus på kommunesenter. Forslag til målbare arealbruksindikatorar er utvikla i Noreg digitalt og i Matrikkelen. Tiltaka vil gi betre oversyn over universell utforming og tilgjenge i kommunal planlegging og arealforvaltning. Det skal utarbeidast ein felles rettleiar om universell utforming til Teknisk forskrift (i samarbeid med Statens bygnings-

tekniske etat) og til Statlege planretningslinjer for universell utforming.

Miljøverndepartementet gjer satsinga i nært samarbeid med Barne-, likestillings- og inklude-

ringsdepartementet. BLD finansierer fleirtalet av tiltaka.

18 Resultatområde 8 Aktivt friluftsliv

Fiske i fjøra Tryne i puddersnø La kajakken gli lydløst på blekkstille fjordvatn. Raudt klister og vinden i ryggen over Gjende vatn. Kravle og klyve. Gleda over at toppen kjem nærare kvar gong du stopper og ser. Kjenne at hjartet bankar og beina funkar. Gå i strandkanten og leite etter skjel med fireåringen. Kveldsbad i kveldssola. Springe på mjuk sti i lett duskregn. Sykle med bikkja. Moltene, er dei på same myra i år Blir det aure å få der vi såg dei fine vaka, men ikkje fekk napp i fjor

Friluftsliv, det er det vi likar å gjere når vi er ute i naturen. Åleine eller saman, eller begge deler. Unge og gamle – det er vi jo alle, berre til ulik tid. Friluftsliv kan gå langsamt, eller så gjøрма sprutar og pulsen bankar – men det gir ro i sjela, og etterpå, ro i kroppen.

Og meistring. Stoltheita til ein femåring første gongen han står heile bakken ned utan hjelp. Eller din eiga, over at du torer det same stupet frå badebryggja i år som du gjorde i fjor.

Friluftsliv gir auka trivsel, betrar folkehelsa og auker forståinga av og interessa for å ta vare på naturverdiar og kulturminne. I dag har vi om lag 2300 statleg sikra friluftsområde i Noreg, og ein unik allemannsrett til ferdsle i utmark. Særs viktig er naturen i nærmiljøet, den klart mest etterspurde arenaen for fysisk aktivitet i kvardagen.

Nasjonale mål – Aktivt friluftsliv

8.1. Alle skal ha høve til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles.

Indikatorar:

- Del av befolkninga som deltek i friluftslivsaktivitetar.
- Talet på skular som deltek i prosjektet Den naturlege skulesekken.
- Del av bustader, skular og barnehagar i eit utval byar og tettstader som har trygt og tilgjengeleg leike- og rekreasjonsareal innan 500 meters avstand.

8.2. Område av verdi for friluftslivet skal sikrast og forvalta slik at naturgrunnlaget blir teke vare på.

Indikatorar:

- Tal på nye friluftsområde sikra med statleg medverknad pr. år.
- Prosentdel av friluftsområde sikra med statleg medverknad som har eigne forvaltningsopplegg.

8.3. Allemannsretten skal haldast i hevd.

Indikatorar:

- Del av befolkninga som har kunnskap om allemannsretten.
- Del av arealet i 100-metersbeltet langs kysten frå svenskegrensa til og med Hordaland som er tilgjengeleg for allmenta.

8.4 Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal medverke til å fremje eit aktivt friluftsliv og skape helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenlege nærmiljø.

Indikator:

- Talet på kommunale og regionale friluftspanar.

Tilstand

Friluftsløva er grunnleggjande for å halde allemannsretten i hevd og sikre høve til friluftsliv for alle. Markaløva sikrar høve til friluftsliv, naturoppleving og idrett i det mest brukte friluftsområdet i landet – skogområda kring hovudstaden. Plan- og bygningsløva blir nytta til å ivareta interessene som er regulerte i friluftsløva og markaløva.

Det er Regjeringas mål at alle skal ha høve til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles. Det er eit grunnleggjande prinsipp at vår generasjon har eit ansvar for å gi kommande generasjonar like godt høve til naturopplevingar som vi sjølv har fått.

Natur og naturmangfald gir og opplevingar, identitet og tilhøyring. I ei undersøking frå 2010 kjem det fram at to tredjedelar av befolkninga ønskjer å drive meir fysisk aktivitet i naturen og nærmiljøet (Synovate 2010). I ei anna undersøking frå 1999 svarte 19 av 20 nordmenn at naturen

er viktig for «det gode liv». Det betyr at det ikkje er nytteverdien som er drivkrafta for å drive med friluftsliv. Undersøkingar viser at det først og fremst er fred og ro, og det å komme ut i frisk natur folk ønskjer når dei i går på tur. Ein stor del av det norske friluftslivet handlar om store og små naturopplevingar som blir minne for livet.

Allemannsretten sin sterke stilling i Noreg heng nært saman med den vekta naturopplevingar har for folk i det daglege. Ettersom busetjingsmønsteret har blitt meir og meir knytt til byar og tettstader, har naturen i og ved slike område fått ein endå viktigare funksjon som arena for rekreasjon, friluftsliv og naturopplevingar. Naturen i nærmiljøet er òg særskild viktig, og den klart mest etterspurde arena for fysisk aktivitet i kvardagen. Samtidig er allemannsretten truga av av kommersialisering, privatisering og ikkje minst ulovlege stengsel i strandsona. Mange enkeltinngrep langs kysten, spesielt rundt Oslofjorden og på Sørlandskysten, har redusert tilgangen til attraktive strandområde. Liberal dispensasjonspraksis etter plan- og bygningslova i 100-metersbeltet langs sjøen er ei av årsakene. Mange stader har dette ført til auka hytte- og bustadbygging i områder som tidlegare var attraktive for friluftslivet. Samtidig med utstrekt utbygging har det skjedd auka privatisering av strandsona. Slik privatisering kan både vere lovleg og ulovleg. Den ulovlege privatiseringa er kjenneteikna av at hovudmålet er å halde allmenta borte frå område der den har lovleg tilgang til å ferdsle og opphald.

Tal frå Statistisk sentralbyrå viser at befolkningstettleiken aukar i byar og tettstader. Dette er i samsvar med nasjonale mål om ei meir konsentrert utbygging av omsyn til arealbruk, transport og klima. I mange byar skjer det ei umedviten fortetting som inneber at opne areal som kan brukast til leik og rekreasjon blir nedbygde. Samanhengande turdrag blir brotne eller smalna inn og mister verdien for turar i nærmiljøet og til nærliggjande, større naturområde. Dette fører til at høva til å drive friluftsliv i nærleiken av bustadområda blir svekte. Dette har òg negativ verknad på den naturlege spreinga av det lokale plante- og dyrelivet. På landsbasis vart 12,4 pst. av dei åpne areala nedbygde i perioden 1999-2004. Tala er foreløpig usikre, då det målte omfanget av nedbygging delvis kan skuldast forbetringar i offentlege register over bygningar. Nyare tal viser at tilgangen til nærturterreng har halde seg konstant på 64 pst. frå 2004 til 2009.

Friluftsliv er framleis ein viktig aktivitet for mange nordmenn. Samla sett har den delen av befolkninga over 16 år som utøvar friluftsliv auka

med tre prosentpoeng dei siste 30 åra. Men samtidig er oppslutninga om det tradisjonelle friluftslivet blant ungdom stadig minkande. Meir moderne friluftaktivitetar som terrengsykling, skisegling, alpint og elvepadling har vore i vekst, men har stoppa opp dei siste åra. Uansett er auken i slike aktivitetar ikkje nok til på vege opp for fråfallet i dei «tradisjonelle» friluftaktivitetane.

Ei undersøking frå 2009 (Befolkningens friluftsvaner) viser at berre 52 pst. av unge mellom 15-24 år har høyrte om allemannsretten, og kunnskapen deira om denne retten er dårlegare enn for resten av befolkninga.

Samtidig ser vi ei gledeleg utvikling i deltaking i friluftsliv blant dei yngste. Dette er viktig fordi vi veit at grunnlaget for gode friluftsvanar i vaksen alder blir lagde i barndommen.

I over femti år har staten medverka til å sikre folk tilgang til friluftslivsområde, gjennom kjøp av grunn eller avtaler om bruk og tilrettelegging. I dag har vi om lag 2 300 offentlege friluftsområde i Noreg, område som kommunane og staten i samarbeid har sikra og tilrettelagt for allmennta sitt friluftsliv. I tillegg kjem mange mil med viktige ferdselsårer for friluftsliv, mange med kulturhistorisk bakgrunn og betydning, som pilgrimsleier og kongeveggar. Andre gir auka tilgjenge til og mellom attraktive område, slik som kyststigar for betre allmenn tilgang til strandsona. Mange slike turstigar er knytte til kystleiene og rimelege overnattingstilbod på fyrstasjonar og hytter ved sjøen.

Motoriserte framkomstmiddel i utmark og vassdrag vil i mange tilfelle vere nyttig og naudsynt, som for eksempel i redningsteneste eller i reindrifta. Samtidig medfører motorferdsel i naturen ei rekkje ulemper og skadar, som støy, terrengskadar, forstyrning av dyrelivet og konflikhtar med friluftslivet, jf. resultatområde 4 Mangfaldige skogar og resultatområde 5 Storslått fjellandskap.

Politikk for å nå dei nasjonale måla

Hovudutfordringane i friluftspolitikken er å sikre allemannsretten, syte for at barn og unge får høve til gode naturopplevingar og til å utvikle dugleik i friluftsliv, sikre område til friluftsliv og stimulere og leggje til rette for friluftsliv.

Sikre allemannsretten

Noreg har store friluftareal og ein allemannsrett til ferdsle i utmark, og dei fleste har gode høve til friluftsliv. Men somme stader, særleg i strandsona, er allemannsretten under press. Sikring og tilrettelegging av friluftsområde og kyststigar er vik-

tige tiltak for å gi allmenta betre tilgang til kystsona, men her står mykje arbeid att. Mottoet må vere «allmannsrett er allemannsvett».

For å styrkje allemannsretten fremja Regjeringa våren 2011 forslag om enkelte endringar i friluftsløva. Endringane inneber bl.a. at det blir tillate å ferdast til fots på veg eller stig gjennom innmark som leier til utmark, at det blir tillate å ferdast varsamt i skogplantefelt òg sommarstid, at det i forskrift kan givast reglar som tillet telting nærare enn 150 meter frå hus og hytter i kystnære område, og styrking av høva til inngrep overfor ulovlege stengsel og skilt som hindrar allmenn ferdsel, opphald og hausting. Forslaga vart endelig vedtekne av Stortinget 15. juni 2011 og er venta å tre i kraft frå nyttår.

Sikring og tilrettelegging av friluftsområde

I dei bynære områda er det kamp om areala, og vi må aktivt arbeide for å halde oppe dei allment tilgjengelege grøne lungene med turvegar, turstigar og offentlege park- og friluftsområde som vi alleie har etablert, og leggje til rette for auka tilgang. I tråd med auka befolkning, tilflytting til byar og tettstader og nedbygging av sjø- og vassdragsnære område og andre naturområde, er det derfor stadig behov for å tilretteleggje friluftsområde med naturvenlege tiltak og universell utforming, og sikre nye område for friluftsliv, anten ved kjøp eller gjennom avtaler om varig bruksrett. Særleg nærfriluftsområda har høg prioritet. Det er eit mål for Regjeringa at det ved bustader, skular og barnehagar skal vere god tilgang til trygg ferdsel, leik og annan aktivitet i ein variert og samanhengande grønstruktur med gode samband til kringliggjande naturområde.

Miljøverndepartementet har eit sterkt fokus på å sikre tilgang til og kvalitet på friluftsområda i byane. Departementet sende i 2008 ut eit rundskriv til alle kommunar om å ta spesielt omsyn til barn og unge sine interesser i planlegginga. Dette vart i 2009 følgt opp av ei rettleiing om barn og planlegging etter den nye plan- og bygningslova. Lova gir mange nye høve til å ta vare på grønstruktur og rekreasjonsområde, blant anna gjennom nytt arealformål grønstruktur og nye føresegner og omsynssoner.

Friluftslivsverdiar er ivaretekne gjennom plan- og bygningslova på same måten som naturverdiar. Fylkeskommunene har etter forvaltningsreforma fått auka ansvar for at kommunane følgjer opp friluftsliv i planlegginga si. Videre blir som regel friluftslivsverdiar tekne vare på i verneområda. Nasjonale forventningar til regional- og kom-

munal planlegging fastslår forventninga om at friluftslivet sine arealbehov blir tekne vare på i planlegginga. Det er forventa at fylkeskommunane og kommunane legg til rette for friluftsliv ved å ta vare på og vidareutvikle grønstrukturen.

I markalova er det fastsett ein eigen heimel for vern av område som på grunn av naturopplevingsverdiar har særlege kvalitetar for friluftslivet. Arbeidet med å kartleggje aktuelle verneområde for friluftsliv i Marka tok til sommaren 2011.

Miljøverndepartementet og Direktoratet for naturforvaltning har utgitt ei rekkje rundskriv, planretteiarar og handbøker m.v. til kommunar og fylkeskommunar om korleis friluftslivsomsyn skal takast vare på i arealforvaltninga.

Allmentas tilgang til strandsona skal ivaretakast

I strandsona er allemannsretten under særleg press. Det er eit delmål for Regjeringa å ivareta allmentas tilgang til strandsona. Strandsona som nasjonal interesse er tydeleggjort ved det generelle byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs sjøen, og statlege planretningslinjer for ei differensiert strandsonaforvaltning vart vedtekne av Regjeringa i mars 2011. Sikring og tilrettelegging av kyststigar og friluftsområde i strandsona er viktige tiltak for å gi allmenta betre tilgang til kystsona. Sikring av område langs kysten med stort befolkningspress er eit særleg prioritert område. Årleg blir fleire viktige friluftsområde i strandsona og i nærleiken av store befolkningsgrupper varig sikra for allmentas friluftsliv, gjennom kjøp eller gjennom avtaler om varig bruksrett. Det blir òg årleg brukt betydelege midler til opparbeiding og anna tilrettelegging av sikra friluftsområde i strandsona, og til kyststigar og turvegar som gir auka allment tilgjenge til områda. Mange slike ferdselsårer i strandsona er knytte til frivillige organisasjonar sin innsats for Kystleia, tiltak for rimelig overnatting på fyr og i kystleihytter, leige av robåtar m.v.

Endringane i friluftsløva som Regjeringa fremja i 2011, og som vart vedtekne 15. juni 2011, vil medverke til å styrkje allemannsretten i kystsona. Endringane inneber at det no er opna for at det i forskrift kan givast reglar som tillet telting nærare enn 150 meter frå hus og hytter i kystnære område. I tillegg er høva til inngrep overfor ulovlege stengsel og skilt som hindrar allmenn ferdsel og opphald styrkte.

Fleire ut i skog og fjell og bynære friluftsområde

Barn og unge sine høve til å drive friluftsliv har avgjerande betydning for utviklinga av friluftslivet

framover. Ein svært stor del av kvardagen for barn og unge er organisert og inneheld andre aktivitetar enn friluftsliv. Over tid kan ein slik situasjon føre til ein nedgang i omfanget av friluftsliv. Dette vil på sikt kunne gi ei negativ utvikling for nordmenns helse og miljøengasjement.

Det ligg eit stort potensial i å stimulere og leggje til rette slik at endå fleire får augo opp for dei moglegheitene og gevinstane som ligg i å drive miljøvenleg friluftaktivitet. Det er behov for ein meir heilskapleg friluftspolitikk som gir betre grunnlag for å avbalansere friluftsmål med andre sektorar sine mål og som gjer forvaltninga av friluftsområde meir føreseieleg. Ein meir heilskapleg friluftspolitikk vil òg gi viktige bidrag til betre folkehelse, og attraktive friluftsområde kan medverke til å styrkje reiseliv og verdiskaping lokalt og regionalt.

Det vil derfor bli utarbeidd ein nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområde, og viktige ferdsléarar for friluftsliv knytte til desse områda. Planen skal utarbeidast i nært samarbeid med kommunar, fylkeskommunar og friluftslivsorganisasjonane. Handlingsplanen skal vise status i dag for dei sikra friluftsområda og leggje rammer og føringar i det vidare arbeidet med sikring og tilrettelegging av friluftsområde. Eit hovudmål er å leggje strategiar for å få fleire inaktive ut i naturen.

Direktoratet for naturforvaltning har i 2011 sett i gang ei eiga nærmiljøsatsning, der siktemålet er auka fysisk aktivitet og naturoppleving nær der folk bur. Her vil ein samarbeide tett med blant anna andre statlege etatar, fylkeskommunar, kommunar og frivillege organisasjonar for å kartleggje og utvikle tiltak som vil auke deltakinga i friluftaktivitetar i nærmiljøet for målgruppene. Ein vil trekkje erfaringar frå nærmiljøprosjektet inn i handlingsplanen for friluftsområde og trekkje fram gode eksempel til inspirasjon for andre. Dette vil gi grunnlag for økonomisk og fagleg bistand til utvikling og stimulering til friluftsliv i naturområda nær befolkningskonsentrasjonane.

Stimulering til friluftsliv

Det er eit mål at barn og unge skal få høve til å utvikle ferdigheiter i friluftsliv. Stimulering og opplæring til naturvenleg friluftsliv er ein viktig del av arbeidet med å auke deltakinga i friluftsliv blant barn og unge. Det er ikkje alltid nok å syte for eigna og tilgjengelege areal for friluftsliv og naturoppleving, sjølv om dette er ein føresetnad for å utøve friluftsliv. Det er viktig at barn og unge blir tekne med ut i naturen gjennom barnehage,

skule og tilbod frå frivillige organisasjonar, og på den måten både lærer å ferdast i naturen og får gode naturopplevingar. Dersom friluftslivet si sentrale stilling i det norske samfunnet skal bestå og forsterkast, er det avgjerande at barn og unge tidleg blir tekne med ut i naturen og opplever gledene ved friluftslivet. Det er òg viktig at det blir lagt til rette for at menneske med bakgrunn frå andre kulturar får innføring i den norske friluftslivstradisjonen.

Det er sett i gang fleire ulike prosjekt i skuleverket med sikte på å lære barn og unge å ferdast og bli glade i naturen, og ta del i friluftaktivitetar på ein naturvenleg måte under omsyn til miljø, landbruksdrift og andre brukarar. Eitt av prosjekta er den naturlige skulesekken, som skal bidra til å utvikle nysgjerrigheit og kunnskap om naturen, gi bevisstheit om berekraftig utvikling og auka miljøengasjement hos elevar og lærarar i grunnskulen. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Kunnskapsdepartementet, Miljøverndepartementet og ei rekkje natur- og friluftorganisasjonar. I skuleåret 2011/12 er 94 skular frå heile landet med.

For å inkludere personar med ein annan kulturbakgrunn i den norske friluftslivstradisjonen er blant anna denne befolkningsgruppa prioritert når det gjeld tilskot til friluftslivsaktivitetar. Vidare blir det gitt tilskot til fleire organisasjonar som gjennomfører prosjekt som stimulerer og lærer barn og unge og minoritetar friluftsliv og naturvenleg ferdsel i naturen.

Dette arbeidet vil halde fram, og i handlingsplanen for statleg sikra friluftsområde som er under arbeid og i den pågåande nærmiljøsatsninga i regi av Direktoratet for naturforvaltning vil det blant anna bli vurdert om det er grunnlag for å tenkje nytt når det gjeld å nå grupper i befolkninga som tek lite del i friluftsliv og som generelt er lite fysisk aktive.

Tilrettelegging for attraktive friluftsområde

Siktemålet med tilrettelegging er å gjere dei offentlege friluftsområda attraktive og godt tilgjengelege for varierte aktivitetar og opplevingar for alle befolkningsgrupper.

Prioriterte arter og utvalte naturtypar har òg stor betydning for å halde ved lag og gi grunnlag for gode naturopplevingar i friluftsområda. Det same gjeld bevaring av kulturminne og synleggjering av kulturhistoria her.

Ein vil satse på å bevare og synleggjere naturverdiar og kulturminne, og samtidig leggje til rette for universell utforma tilgang for opphald, bading, fiske og andre friluftaktivitetar. Eit viktig

arbeid ligg derfor i å halde fram med å utarbeide og oppdatere forvaltningsplanar for sikre friluftsområde, slik at vidare bevaring og bruk kan skje på ein heilskapeleg måte. Mange område har til dømes lite behov for fysisk opparbeiding eller tekniske innretningar som bord og benkar, grillstad, avfallsdunkar og toalett, mens det i andre område med intensiv bruk eller som ligg vanskeleg til, er nødvendig med slike tiltak for at området skal vere godt eigna for friluftslivsaktivitetar.

Informasjonstiltak, naturskjøtsel og driftsordningar er særskilte viktige ledd i arbeidet med å tilretteleggje friluftsområda. Kommunen har hovudansvaret for tilsyn og drift slik at områda er i god stand, og allmenta har hovudansvaret for miljøvenleg åtferd.

Fylkeskommunane og staten medverkar økonomisk til driftsordningar i Skjergardsparkane, fordi kommunen då har ei regional vertsrolle.

I dei mest brukte friluftsområda på kysten frå Østfold til Hordaland er det derfor etablert felles skjergardsteneste med særskilt ansvar for drift og oppsyn. Denne ordninga blir no evaluert.

Det er høgt prioritert å utarbeide forvaltningsplanar for dei statleg sikra friluftsområda, og mange kommunar har no slike planar. Forvaltningsplanane viser kva slag behov for tilrettelegging, tilsyn, skjøtsel og drift som ligg føre. Forvaltningsplanane viser at det framleis er eit stort behov for tiltak i dei sikra friluftsområda.

Den nasjonale handlingsplanen for statleg sikra friluftsområde vil gi status og føringar for det vidare arbeidet.

Samarbeid med friluftorganisasjonar og andre

Som hovudansvarleg for naturforvaltning og friluftsliv har Miljøverndepartementet eigne verkemiddel på fleire område. Men arbeidet med å sikre mangfaldet i naturen og å sikre og tilretteleggje viktige friluftsområde er ei sektorovergripande utfordring. Det finst ei rekkje tilskotsordningar for natur- og friluftsområde. Nokre ordningar er det fylkeskommunen som forvaltar, på vegne av staten. Nokre ordningar er retta mot enkeltpersonar, organisasjonar, stiftelsar eller bedrifter. Ordningar knytte til sikring av friluftsområde og tilretteleggingstiltak for friluftsliv er

forvalta av Direktoratet for naturforvaltning i samarbeid med fylkeskommunane, og det er normalt interkommunale friluftsråd og kommunane som står som søkjarar og for den praktiske gjennomføringa av saker om sikring og fysisk tilrettelegging av offentlege friluftsområde, jf. under dette om bandlegging nedanfor. Også Kulturdepartementet forvaltar viktige støttemidlar for friluftsliv, i samarbeid med fylkeskommunar og kommunar. For tiltak retta mot jakt- og fiske er tilskota finansierte ved direkte avgifter som jegerar og fiskarar betaler til dei statlege vilt- og fiskefonda. Til vern og bandlegging av område til naturvern- og friluftformål eksisterer det eigne investeringspostar for utbetaling av erstatningar til grunneigarar og andre rettshavarar. Investeringspostar blir òg nytta når større arbeid skal utførast i desse områda.

Departementet og den offentlege friluftslivsforvaltninga elles samarbeider nært med interkommunale friluftsråd og frivillige organisasjonar innanfor friluftsliv. I mange sikra friluftsområde er det friluftsråd som har ansvaret for drifta. Friluftsråda og organisasjonane har fleire viktige prosjekt og tiltak innanfor både stimulering/opplæring til friluftsliv og innanfor forvaltning og ivaretaking av viktige friluftsområde.

Avgrense motorferdsel i utmark og vassdrag

Særleg i enkelte fjellområde og i Finnmark er aukande motorferdsle ein trussel mot områda sin kvalitet for friluftslivet. Undersøkingar viser at folk opplever snøskuter som ein av dei største truslane mot allemannsretten. Det å oppleve stille i naturen og å komme vekk frå støy og forureining er viktige grunnar for å gå tur eller vere ute i naturen. Auka skuterkøyning vil redusere høva folk har til å utøve friluftsliv og oppleve naturen slik dei ønskjer.

Både det enkelte køyretøyet, og summen av mange motorkøyretøy utgjør ei belastning for naturen og friluftslivet. Det er Regjeringas mål å regulere motorferdsle i utmark for å ivareta naturmiljøet, fremje trivselen og sikre stille og ro i naturen, jf. omtale under resultatområde 4 4 Mangfaldige skogar og resultatområde 5 Storslått fjellandskap.

19 Resultatområde 9 Giftfritt miljø

Vi har alle rett til eit miljø som tryggjer helse og velferd, og til ein natur der mangfaldet og produksjonsevna blir tekne vare på. Forureininga av Akerselva i Oslo vinteren 2011 viste kor viktig rein natur er for innbyggjarane, og medvitet vårt om miljøgifter aukar når det for eksempel blir påvist helse- og miljøfarlege stoff i barneleiker. I framtida bør alle produkt vi omgjer oss med vere trygge for helse og miljø. Eit reint miljø er ein føresetnad for eit rikt dyre- og planteliv, og for at vi fritt skal kunne bruke naturen og hauste av naturressursane. Mykje av norsk verdiskaping og produksjon er òg avhengig av eit reint miljø.

Miljøgifter blir sakte nedbrotne i naturen og hopar seg opp i næringskjedene. Luft og havstrømmer transporterer miljøgifter til område langt frå utsleppskjelder, og miljøgifter utgjer derfor ein trussel også i arktiske område.

Ressursane i avfallet skal takast vare på og nyttast om igjen i størst mogleg grad. Sluttbehandling av avfall, anten ved forbrenning eller deponering, skal skje slik at miljøet blir minst mogleg påverka. Dette gjeld òg dei radioaktive avfallsstrømane som no blir kartlagde.

Nasjonale mål – Giftfritt miljø

9.1. Utslepp og bruk av kjemikaliar som utgjer ein alvorleg trussel mot helse og miljø skal kontinuerleg reduserast med det målet å stanse utsleppa innan 2020.

9.2. Risiko for at utslepp og bruk av kjemikaliar er årsak til skade på helse og miljø skal minimerast.

Indikator:

- Risikoindikator for potensiell eksponering for helse- og miljøfarlege kjemikaliar.

9.3. Spreiing av miljøgifter frå forureina grunn skal stansast eller redusert vesentleg. Spreiing av andre helse- eller miljøfarlege kjemikaliar skal reduserast på bakgrunn av ei konkret risikovurdering.

Indikator:

- Talet på kjende lokalitetar med alvorleg grunnforureining.

9.4. Sediment (botnmassar i sjø) som er forureina med helse- eller miljøfarlege kjemikaliar, skal ikkje medføre fare for alvorlege forureiningsproblem.

Indikatorar:

Mengd utvalte helse- og miljøfarlege stoff som er handtert ved mudring/tildekking slik at dei ikkje lenger utgjer kjelde til alvorlege forureiningsproblem.

9.5. Utslepp, risiko for utslepp og spreieing av radioaktive stoff som kan forårsake helse- og miljøskade skal haldast på lågast mogleg nivå. Alt radioaktivt avfall skal handterast forsvarleg på godkjent måte.

Indikatorar:

- Samla årleg utslepp av utvalde radioaktive stoff frå nasjonale kjelder.
- Nivå i miljøet av utvalde radioaktive stoff.
- Del av ulike typar radioaktivt avfall som er handtert på godkjent måte.
- Berekna risiko for utslepp frå utvalde utanlandske kjelder som kan påverke Noreg.

9.6. Veksten i mengda avfall skal vere vesentleg lågare enn den økonomiske veksten.

Indikator:

- Total mengd avfall generert pr. år sett i forhold til økonomisk vekst målt i BNP.

9.7. Det blir teke sikte på at mengda avfall til gjenvinning skal vere om lag 75 pst. i 2010 med ei vidare opptrapping til 80 pst., basert på at mengda avfall til gjenvinning skal aukast i tråd med det som er eit samfunnsøkonomisk og miljøvist fornuftig nivå.

Indikator:

- Delen av ordinært avfall som går til gjenvinning, basert på totalt generert mengd avfall som går til kjent behandling.

9.8. Farleg avfall skal takast forsvarleg hand om og anten gå til gjenvinning eller vere sikra god nok nasjonal behandlingsskapasitet.

Indikatorar:

- Mengd farleg avfall med ukjent disponering.

- Mengd farleg avfall som blir eksportert til sluttbehandling.

9.9. Genereringa av ulike typar farleg avfall skal reduserast innan 2020 samanlikna med 2005-nivå.

Tilstand

Helse- og miljøfarlege kjemikaliar kan gi både akutte effektar og langtidseffektar. Mykje er gjort for å redusere risikoen for helse og miljø frå ulike kjemikaliar, men det er ikkje tilstrekkeleg for å møte dei langsiktige utfordringane. Kjemikaliar bidreg i stor grad til auka velferd og til viktige produkt og tenester i samfunnet. Samtidig har mange kjemikaliar eigenskapar som medfører ein uakseptabel risiko for helse eller miljø. Helse- og miljøfarlege kjemikaliar kan framkalle ulike sjukdomar som kreft og allergiar eller skade forplantningsevne og arvestoff. Kjemikaliar kan òg forårsake skade på immunforsvaret og nervesystemet. Skadelege helseeffektar kan førekome ved bruk av kjemikaliar, ved innanding av forureina luft eller ved inntak av mat eller drikkevatt som er forureina. Miljøgifter blir sakte brotne ned i naturen og hopar seg opp i næringskjedene. Dyr på toppen av næringskjedene er særleg utsette for miljøgiftforureining. Miljøgiftene er derfor ein alvorleg trussel mot naturmangfald, matforsyning og kommande generasjonar si helse.

Nivåa i miljøet av enkelte kjente miljøgifter som PCB er på veg ned, og forbod nasjonalt og internasjonalt gir viktige resultat. Industriutsleppa av miljøgifter er kraftig reduserte i Noreg og andre vestlege land, og dei samla utsleppa av prioriterte miljøgifter er vesentleg reduserte dei siste 15 åra. Produkt vi nyttar til dagleg er likevel ei stadig større kjelde til utslepp av miljøgifter. Sjølv om vi har ført ein effektiv kamp mot ei rekkje forureinande utslepp dei siste tiåra, gjenstår framleis store oppgåver. Utslepp av farlege stoff og radioaktiv forureining utgjer framleis truslar for miljøet, og kjemikaliar påverkar menneskas helse.

Miljøgifter frå tidlegare tider ligg mange stader som forureiningar i grunnen på land eller i botnседiment i sjø og ferskvatt. Noreg mottek òg betydelege langtransporterte tilførsler av miljøgifter via luft- og havstraumar. Arktis er spesielt utsett for langtransporterte tilførsler av miljøgifter på grunn av dei dominerande hav- og luftstraumane. Dette går særleg ut over dyr høgt i næringskjeda, som isbjørn, polarmåke og spekkhoggarar.

Avfallsmengdene aukar framleis, og er ei kjelde til blant anna utslepp av miljøgifter og klimagassar. Dei siste åra har veksten i avfallsmeng-

dene vore noko større enn den økonomiske veksten, mens gjenvinningsgraden har vore stabil på om lag 78 pst. av det ordinære avfallet. Mengda farleg avfall aukar òg, men stadig mindre blir handtert på ukjent måte. Over tid har strengare krav til deponi og forbrenningsanlegg og bruk av meir miljøvenleg teknologi medverka til betydelege reduksjonar i utslepp til luft og vatn frå sluttbehandling av avfall. Utsleppa av metan har gått ned sidan 1990. Frå 1. juli 2009 vart det forbode å deponere biologisk nedbryteleg avfall som restavfall, papir/papp, trevirke og tekstilar av naturstoff (ull og bomull). Krav til oppsamling av deponigass og forbodet mot deponering av nedbryteleg avfall vil gi reduserte utslepp av klimagassen metan. Når det gjeld utslepp av miljøgifter i sigevatt, vil krav om oppsamling av sigevatt frå deponi redusere faren for at miljøgifter fører til forureining.

Radioaktive stoff har liknande eigenskapar og potensielle skadeverknader på det ytre miljøet som tungmetall og andre miljøgifter. Dei kan spreiest i miljøet gjennom fysisk utslepp eller tilførsler i form av gass, væske eller partiklar. Dei kan bli i naturen i lang tid, kan lagrast og akkumulere i næringskjeda og forårsake alvorlege skadar på menneske og andre organismar i form av kreft, arvestoffskade og forstyrning i reproduksjonen. Radioaktiv forureining kan òg ha samverkande effekt med andre miljøgifter, noko som kan gi ein gjensidig forsterkande effekt.

Resultatet frå dei nasjonale programma for overvaking av radioaktiv forureining i det ytre miljø viser vidare nedgang som følge av reduserte utslepp frå Sellafield. Den marine delen av overvakingprogrammet er revidert noko med sikte på tilpassing til arbeidet med forvaltningsplanane og til arbeidet med marin overvaking i OSPAR. For nukleærindustrien går utsleppa ned, men for ikkje-nukleær industri går utsleppa framleis opp. Noreg har vesentleg høgare utslepp frå petroleumsverksemda enn dei andre nordsjølanda. Den norske delen av utsleppa gjekk ned frå 59 pst. av dei totale utsleppa i 2007 til 51 pst. i 2009. Trollfeltet utgjer om lag 40 pst. av dei norske utsleppa. Om desse utsleppa blir haldne utanfor, er utsleppa frå Noreg og Storbritannia av omtrent same størrelse.

Miljøstyresmaktene har òg teke i bruk forureiningslova for å regulere og sikre ei heilskapeleg forvaltning av radioaktive utslepp og radioaktivt avfall. For å redusere utslepp og risiko for utslepp frå andre land har Noreg dialog og samarbeid med dei landa der det finst kjelder som kan påverke Noreg. I tillegg deltek Noreg i internasjonalt arbeid, og satsar på kartlegging, overvaking og forskning.

Tabell 19.1 Definisjonar

Viktige omgrep	Definisjon
Farleg avfall	Avfall som ikkje kan behandlast saman med vanleg avfall fordi det kan medføre alvorlege forureiningar eller fare for skade på menneske og dyr
Gjenvinning	Fellesnemning på ombruk, materialgjenvinning og forbrenning med energiutnytting og kompostering
Materialgjenvinning	Utnytting av avfall slik at materialet blir teke vare på heilt eller delvis, f.eks. produksjon av skrivepapir frå returpapir
Miljøgift	Lite nedbrytelege helse- og miljøfarlege kjemikaliar som hopar seg opp i næringskjedene og i miljøet, eller andre stoff som gir tilsvarande grunn til bekymring

Boks 19.1 Kvikksølv – nødvendig med tiltak internasjonalt

Kvikksølv er blant dei farlegaste miljøgiftene. Det blir transportert over store avstandar langt frå utsleppskjeldene og utgjer ein trussel mot miljøet og menneske si helse. Kvikksølv kan blant anna skade nervesystemet, og foster og barn er særleg utsette.

Dei samla utsleppa av kvikksølv til luft, jord og vatn frå norske kjelder vart reduserte frå om lag 6 tonn i 1985 til 2,5 tonn i 1995 og vidare til om lag 1 tonn i 2008. Det nasjonale utsleppet til luft er i dag betydeleg mindre enn dei mengdene som blir tilførde Noreg via luftstraumar frå andre land. Mattilsynet har gitt kosthaldsråd for enkelte arter av ferskvassfisk på grunn av høgt innhald av metylkvikksølv, og dei nyaste undersøkingane av kvikksølv i ferskvassfisk i Sør-Noreg (åbor og aure) har vist auka konsentrasjonar av kvikksølv.

Tiltak internasjonalt er viktig for å få redusert global spreieing av kvikksølv. Noreg er derfor ein av initiativtakarane til ei ny global avtale om redusert bruk og utslepp av kvikksølv.

Påverknader

Kjemikalieutsleppa stammar frå produksjon av råstoff og ferdigvarer i industrien, frå bruk av produkt i heimen, i industri og arbeidsliv, frå spreieing av gammal forureining lagra i grunn og sjøbotn og frå avfallsbehandling. Det er titusenvis av kjemikaliar på den europeiske marknaden, og desse går inn i talrike produkt. For fleirtalet av desse kjemikaliar har vi liten eller avgrensa kunnskap om deira helse- og miljøverknader. Talet på stoff med

moglege helse- og miljøskadelege verknader er stort, og det er aukande utfordringar frå nye stoff. Uvisse om mogleg helse- og miljørisiko ved auka bruk av nanomaterial er òg ei utfordring, og det er naudsynt med auka kunnskap. Vi veit òg lite om kva samla verknader bruken av mange kjemikaliar kan medføre. Produkt vi omgir oss med, som reingjeringsmiddel, klede, møblar, leiketøy og hobbyprodukt, PC-ar og mobiltelefonar, kan innehalde stoff vi har liten eller ingen kunnskap om helse- og miljøverknaden av. Tilsvarande vil gammal forureining lagra i jord og sjøbotn kunne føre til at helse- og miljøskadelege stoff blir spreidde til omgivnadene. Kjemikaliar som er hamna i jordmassar blir lite uttynna, dei blir som regel verande på same staden over lang tid og lek sakte ut til omgivnadene. Forureiningar som ligg avleira i sjøbotnen, kan spreiaast til omgivnadene gjennom bl.a. oppvirvling og beiting og utgjer då først og fremst ein trussel mot planter og dyr i sjøen. Forureiningar blir førte vidare gjennom næringskjedene i sjøen og kan ende opp i fisk og skaldyr som folk et.

Sluttbehandling av avfall vil òg kunne føre til fare for utslepp av miljøskadelege stoff til jord, luft og vatn. Det er gjennomført omfattande reguleringar for å avgrense utsleppa av miljøskadelege stoff frå avfallsdeponi og forbrenningsanlegg. Utan slike førebyggjande tiltak kan avfallsdeponi potensielt føre til at forureina sigevatn slepp ut i naturen, med spreieing av miljøgifter og næringsstoff som resultat. Utsleppa frå sluttbehandling er vesentleg redusert som følge av reguleringar, men avbøtande tiltak ved deponi og forbrenningsanlegg vil ikkje heilt kunne eliminere miljøskadelege utslepp. Dei potensielle miljøskadane frå avfallsbehandling gjer det viktig å minimere mengda avfall som blir sluttbehandla. I tillegg inneheld mange typar avfall material som det kan vere miljømessig gunstig å nytte om igjen. Ved å stimulere til meir gjenbruk og gjen-

vinning, reduserer vi mengda avfall som går til sluttbehandling samtidig som vi utnyttar ressursane i avfallet betre.

Dei stadig veksande avfallsmengdene gjer at utfordringane knytte til avfallsbehandling på lang sikt vil auke.

Stadig fleire produkt inneheld helse- og miljøfarlege stoff. Det gjer at mengda farleg avfall frå slike produkt aukar. Farleg avfall kan ikkje behandlast saman med vanleg avfall fordi det kan medføre alvorlege forureiningar eller fare for skade på menneske og dyr.

Radioaktive stoff er nytta til ei rekkje ulike formål i Noreg, som i behandling av pasientar på sjukehus og ved forskning og utdanning. Det er òg radioaktive komponentar i enkelte forbrukarprodukt som for eksempel røykvarslarar. Dette kan føre til utslepp av radioaktive stoff og det oppstår radioaktivt avfall som må takast hand om. Radioaktiv forureining og radioaktivt avfall kan oppstå som eit biprodukt i ulike typar prosessindustri, og ved utvinning av mineral og graving i alunskiferhaldig grunn. Forureining og avfall oppstår òg som følgje av oppkonsentrering av naturleg forekommande radionuklidar som finst i berggrunnen, slik som ved utvinning av olje og gass. Radioaktivt avfall oppstår ved framstilling av radioaktive stoff og ved drift av forsøksreaktorane til *Institutt for energiteknikk (IFE)*.

Radioaktiv forureining og radioaktivt avfall kan innehalde ulike nuklidar med svært forskjellig faregrad og halveringstid, og i ulike konsentrasjonar. Faregrad og halveringstid er avhengig av dei ibuande eigenskapane til dei radioaktive stoffa og må takast med i vurderinga når det skal avgjerast kva som er forsvarleg handtering av avfallet.

Politikk for å nå dei nasjonale måla

Helse- og miljøfarlege kjemikalier

Verkemiddelbruken har som formål å redusere risiko for skade på helse og miljø knytt til utslepp og bruk av kjemikalier generelt. For miljøgifter er det lagt til grunn at bruk og utslepp skal stansast innan 2020. Målet om vesentleg reduksjon av utslepp av prioriterte stoff innan 2010 var eit første steg på vegen mot 2020-målet. Det er dei same stoffa som er omfatta av målet om å stanse utslepp innan 2020 som er oppførte på lista over prioriterte helse- og miljøfarlege kjemikalier (rapportering for utslepp av prioriterte stoff er omtalt under statusrapportering på Prop. 1 S (2010-2011)). Ein viktig del av arbeidet vidare er òg å identifisere fleire miljøgifter som er omfatta av målet, og følgje opp desse både på nasjonalt og internasjonalt plan. Før

var-prinsippet skal brukast når kunnskapen om risiko for helse og miljø er usikker.

Då miljøgifter blir transporterte over store strekningar med luft- og havstraumar, og gjennom handel med produkt, er internasjonalt arbeid svært viktig for å handtere utfordringane vi står overfor. Noreg er aktivt med i arbeidet under *Stockholmkonvensjonen om persistente organiske miljøgifter*, *Basel-konvensjonen om grensekryssande transport av farleg avfall*, *Rotterdam-konvensjonen om handel med farlege kjemikalier* og miljøgiftsprotokollane under FNs økonomiske kommisjon for Europa (ECE). Noreg støttar òg den globale kjemikaliestrategien SAICM. Vidare tek Noreg aktivt del i arbeidet med kjemikaliespørsmål innan OSPAR-konvensjonen, FNs Sjøfartsorganisasjon IMO, Nordsjø-deklarasjonane og FNs miljøprogram (UNEP). Under FNs miljøprogram blir det no gjennomført forhandlingar om ei ny global avtale for å redusere bruk og utslepp av kvikksølv. Noreg har spelt ei sentral rolle for å få i gang dette arbeidet. Noreg deltek òg aktivt i Europakommisjonens ekspertgrupper, og har gjennom mange år vore pådrivar for å få til eit høgare beskyttelsesnivå i EU/EØS-lovgivinga.

Nasjonalt er forureiningslova og tilhøyrande forskrifter sentrale verkemiddel for å regulere forureinande utslepp, under dette utslepp av kjemikalier. Hovudregelen i forureiningslova er at forureining er forbode. Ingen har såleis lov til å forureine utan at det er gitt løyve til det, anten gjennom individuelt løyve til ei verksemd eller i forskrift. Streng regulering av utslepp av farlege kjemikalier frå industri og prosessar er lagt til grunn gjennom forvaltninga etter forureiningslova. Som den klare hovudregelen blir pålegg etter forureiningslova og nytta som verkemiddel for å sikre opprydding i forureina vatn, grunn og sjøbotn. For å sikre ein samla og effektiv verkemiddelbruk i dette arbeidet er det i tillegg utarbeidd ein eigen handlingsplan for opprydding i forureina sjøbotn, basert blant anna på fylkesvise tiltaksplanar for opprydding i forureina sjøbotn i dei 17 høgast prioriterte områda i landet.

I tillegg til forureiningslova er produktkontrolllova og forskrifter gitt i medhald av dette sentrale juridiske verkemiddel på kjemikalieområdet. Produkt blir omsette internasjonalt, og norske forbod og andre reguleringar må vere i samsvar med Noregs internasjonale plikter om produktregulering og handel. Kjemikalierregelverket i Noreg og EU er harmonisert gjennom EØS-avtala. Hovudregelen er såleis at dei same krava skal gjelde i Noreg og EU. For ein del stoff og bruksområde er det likevel rom for nasjonal

regulering. Produktregelverket omfattar blant anna krav til testing av kjemikalier, merking av farlege kjemikalier og reguleringar eller forbod for å sikre forsvarleg handtering og reduksjon i utslepp av farlege kjemikalier. I 2008 vart det innført eit nytt omfattande kjemikalierregelverk i EU/EØS om registrering, vurdering, godkjenning og restriksjonar på kjemikalier (REACH-regelverket). Utviklinga av dette regelverket vidare vil vere svært viktig i kjemikaliepolitikken, og Noreg bidreg aktivt i dette arbeidet for styrkt regelverk. Vidare er informasjon eit viktig verkemiddel for å skape medvit rundt kjemikaliebruk og innhald i produkt. Avgifter blir òg nytta for å avgrense bruk av enkelte stoff. Det europeiske kjemikaliebyrået ECHA (European Chemical Agency), som har sete i Helsinki, er ein viktig aktør i EUs kjemikaliearbeid. ECHA registrerer alle kjemikalier, og er navet i ei omfattande kunnskapsutveksling og vidareutvikling av kunnskapsgrunnlaget. Noreg har ein nasjonal ekspert tilsett i byrået og er representert i styret i ECHA.

Det aller meste av transport av kjemikalier globalt skjer med skip. Det er gjennom MARPOL-konvensjonen etablert svært strenge globale krav for å unngå miljøskadelege utslepp frå slik transport. I tillegg har IMO etablert ein eigen konvensjon som regulerer bruk av miljøgifter i botnstoff brukt på skip. Denne konvensjonen forbyr bruk av organotinn.

Kunnskapsheving gjennom forskning, kartlegging av potensielt farlege stoff i produkt og utslepp, og miljøovervaking er svært viktig i kjemikaliearbeidet. Auka kunnskap om helse- og miljøfarlege kjemikalier er nødvendig for å identifisere risiko for helse og miljø, og for å kunne setje i verk effektive reguleringar og tiltak. Betre kunnskap om miljøgifter i Arktis er av stor strategisk vekt i arbeidet internasjonalt for å redusere utslepp av miljøgifter. Data frå Arktis er svært nyttig fordi det er utbreidd internasjonal semje om at stoff som blir funne att i Arktis, langt frå utsleppskjeldene, utgjer alvorlege problem. Fordi dei lokale utsleppa er låge, eignar nordområda seg godt til å registrere langtransporterte miljøgifter og til å følgje utviklinga over tid.

Avfall

Det overordna målet med avfallspolitikken er å syte for at skadane frå avfall blir så små som mogleg på menneske og naturmiljø. Det er viktig å minimere utslepp av lokal forureining, klimagassar og miljøgifter frå avfall. Samtidig ønskjer ein å auke utnyttinga av avfallet som ressurs. Politikken

på avfallsfeltet skal medverke til at meir avfall blir halde i krinsløp og kjem til nytte som råvarer.

Avfallspolitikken blir gjennomført gjennom eit samspel mellom ei rekkje ulike verkemiddel; forureiningslova og forskrifter gitt i medhald av lova, avgifter, refusjons- og panteordningar, bransjeavtaler og informasjonstiltak, og kombinasjonar av desse. Verkemidla skal sikre ein samfunnsøkonomisk god balanse mellom det som blir gjenvunne, og det som blir brent eller deponert. Det er innført fleire verkemiddel for å stimulere til gjenvinning, under dette forbod mot deponering av nedbryteleg avfall og produsentansvar for enkelte typar avfall. Det er etablert egne retursystem for fleire ulike avfallsfraksjonar. Svært gode resultat frå retursystema medverkar til høg gjenvinningsgrad.

Innsats knytt til å redusere helse- og miljøfarlege stoff i ulike produkt vil ha innverknad på arbeidet med å redusere miljøproblema frå avfall. Kjemikaliepolitikken har som mål å redusere bruk og utslepp av helse- og miljøfarlege kjemikalier, noko som vil medverke til å redusere mengda farleg avfall som oppstår, såkalla kvalitativ avfallsreduksjon. I tillegg blir det gjort ein særleg innsats for å auke innsamlinga av prioritert farleg avfall. Tilsyn har fått auka merksemd for å redusere illegal import og eksport, særleg eksport til fattige land. Klima- og forureiningsdirektoratet har styrkt samarbeidet med Toll- og avgiftsdirektoratet og andre styresmakter for å gjennomføre ein mest mogleg effektiv kontroll med ulovleg eksport og import av farleg avfall.

I juli 2011 fastsette FNs sjøfartsorganisasjon IMO nye krav til utslepp av avfall frå skip (anna avfall enn olje, kjemikalier og kloakk). Hovudregelen er at det er forbode å sleppe ut avfall frå skip. Regelverket inneheld òg særskilte vilkår for utslepp av visse typar avfall. Noreg tok i 1999 opp problema knytte til opphogging av skip, og fremja etableringa av eit internasjonalt bindande regelverk i regi av FNs sjøfartsorganisasjon. Noreg har sidan saka kom på dagsordenen arbeidd for å etablere eit internasjonalt bindande rammeverk i regi av IMO, for å få eit grunnlag for å løyse dei store utfordringane knytte til helse og miljø på området.

EU la i januar 2011 fram ein strategi for auka ressurseffektivitet med forslag til både sektorvise og sektorovergripande tiltak. Noreg har gitt innspel til Europakommisjonen der vi har lagt vekt på avfall og gjenvinning. Miljøverndepartementet følger aktivt med på EUs vidare arbeid for auka ressurseffektivitet.

Regjeringa har vedteke å leggje fram ei stortingsmelding om avfallspolitikken. Betre utnytting

av ressursane i avfallet og førebygging av avfall vil vere sentrale tema i stortingsmeldinga.

Radioaktive stoff

Utslepp, risiko for utslepp og spreining av radioaktive stoff som kan forårsake helse- og miljøskade skal haldast på lågast mogleg nivå. Alt radioaktivt avfall skal handterast forsvarleg på godkjent måte. Radioaktiv forureining av norske land- og havområde kjem både frå nasjonale og internasjonale kjelder, slik som utslepp og avfall frå petroleumsindustrien, gruveverksemd, sjukehus og forskning og frå historiske atomsprengingar i atmosfæren og Tsjernobyl-ulykka. Risiko for framtidige ulykker er i hovudsak knytt til anlegg i våre nærområde, i særleg grad dei gamle atomkraftverka i Russland. Forureiningslova gjeld no òg radioaktiv forureining og radioaktivt avfall. Noreg har derfor god kontrollreiskap med sikte på å redusere utslepp og risiko for utslepp nasjonalt og for å sikre eit heilskapeleg og miljømessig forsvarleg system for handtering av radioaktivt avfall. Innføring av eit deklarasjonssystem for radioaktivt avfall er eit viktig verkemiddel for å sikre kartlegging av avfallet. Gjennomføring av regelverket, kartlegging av dei ulike sektorane og å sikre ei god avfallshandtering er høgt prioritert i 2012. I tillegg blir det utført forskning på den verknaden radioaktiv stråling har i det ytre miljøet. Arbeidet med å få betre kunnskap om ulike kjelder til radioaktiv forureining, om miljøeffektane av dei og eit betre grunnlag for overvaking skal òg førast vidare.

Miljøforvaltninga sitt ansvars område

Miljøforvaltninga har hovudansvaret for gjennomføring og oppfølging av forureiningslova. Miljøforvaltninga har ansvaret for å motverke skadelege verknader av kjemikaliar på naturmiljøet og på forbrukarane. Påverknad av arbeidstakarane si helse er arbeidsmiljøstyresmaktene sitt ansvarsområde. Miljøforvaltninga sitt ansvar for helsepåverknad er òg avgrensa til enkelte bruksområde for kjemikaliane. Vidare er ansvaret avgrensa til enkelte eigenskapar ved stoffa. Brann- og eksplosjonsfare ved bruken av kjemikaliar fell utanfor miljøforvaltninga sitt ansvar. Miljøstyresmaktene på kjemikalieområdet er Miljøverndepartementet, Klima- og forureiningsdirektoratet og Fylkesmannen.

Miljøstyresmaktene har hovudansvaret for avfallspolitikken. Enkelte verkemiddel ligg likevel under andre departement sine ansvarsområde. Miljøstyresmaktene på avfallsfeltet er Miljøverndepartementet, Klima- og forureiningsdirektoratet, Fylkesmannen og kommunen.

Miljøforvaltninga har òg ansvar for å verne det ytre miljøet mot skadelege verknader av radioaktiv forureining, blant anna frå utslepp og frå radioaktivt avfall. Miljøstyresmaktene på radioaktivtetsfeltet er Miljøverndepartementet og Statens strålevern.

20 Resultatområde 10 Rein luft

I Noreg finn vi stort sett denne reine, klare lufta som er ein føresetnad for menneske si helse og trivsel, og som er nødvendig for at planter og dyr skal trivast. Dei høge konsentrasjonane av helse-skadelege stoff vi har målt i lufta i fleire av byane våre, viser at situasjonen framleis ikkje er god nok. Overskridingar av dei nasjonale måla for lokal luftkvalitet i fleire norske byar skuldast blant anna utslepp frå mange bilar konsentrerte på eitt område, og mange personar som fyrer med ved eller olje på kalde vinterdagar. God luftkvalitet reduserer faren for helseskadar, særleg for sårbare grupper som eldre, barn og foster. Fråvær av støy har òg ein positiv innverknad på menneske sitt ve og vel, og oppleving av stille er ein viktig del av kvalitetane i friluftsområde og kulturmiljø. Den største kjelda i Noreg er vegtrafikkstøy som i følge Verdas helseorganisasjon stel mange friske år av liva til menneske.

For mange av oss er verknadene av luftforureining og sur nedbør blant dei første miljøproblema vi kan hugse. Vi såg bilete av døde trær i Schwarzwald i Tyskland. Her heime forsvann mange tusen fiskebestandar frå vassdraga våre. Sur nedbør kryssar landegrensene. Gjennom målretta internasjonalt samarbeid er tilførslene av sur nedbør vesentleg reduserte. Likevel vil vassforsuring framleis vere eit problem i store delar av Noreg fleire tiår framover dersom ikkje utsleppa i Europa blir ytterlegare reduserte. Når det gjeld ozonlaget, som vernar alt liv mot skadeleg ultrafiolett stråling frå sola, har utsleppa vore kraftig reduserte dei siste åra. Likevel vil det ta lang tid før ozonlaget kan friskmeldast.

Nasjonale mål – Rein luft

10.1. Helse og miljø skal ikkje ta skade av luftforureining frå SO₂, NO_x, VOC, ammoniakk eller partiklar.

Indikator:

- Areal med overskridingar av tolegrensar for forsuring.

10.2. Dei årlege utsleppa av svoveldioksid (SO₂) skal framleis haldast under 22 000 tonn.

Indikator:

- Utviklinga i nasjonale utslepp av SO₂.

10.3. Dei årlege utsleppa av nitrogenoksid (NO_x) skal maksimalt vere 156 000 tonn.

Indikator:

- Utviklinga i nasjonale utslepp av NO_x.

10.4. Dei årlege utsleppa av flyktige organiske sambindingar (VOC) skal framleis haldast under 195 000 tonn. Dei årlege utsleppa frå heile fastlandet og norsk økonomisk sone sør for 62. breiddegrad skal framleis haldast under 70 pst. av nivået i 1989 (dvs. 188 000 tonn).

Indikator:

- Utviklinga i nasjonale utslepp av VOC.

10.5. Dei årlege utsleppa av ammoniakk skal framleis haldast under 23 000 tonn.

Indikator:

- Utviklinga i nasjonale utslepp av ammoniakk.

10.6. Døgnmiddelkonsentrasjonen av svevestøv (PM₁₀) skal ikkje overskride 50 µg/m³ meir enn 7 dagar pr. år.

Indikator:

- Utvikling i talet på overskridingar og dei stader dette i så fall skjer.

10.7. Timemiddelkonsentrasjonen av nitrogendioksid (NO₂) skal ikkje overskride 150 µg/m³ meir enn 8 timar pr. år.

Indikator:

- Utvikling i talet på overskridingar og dei stader dette i så fall skjer.

10.8. Forbruket av hydroklorfluorkarbon (HKFK) skal vere fasa ut innan 2010.

Indikator:

- Reell reduksjon i produksjon, import, eksport og bruk av HKFK.

10.9. Det skal ikkje vere forbruk av halon, eller av nokon type klorfluorkarbon (KFK), tetraklormetan, metylkloroform og hydrobromfluorkarbon (HBFK).

Indikator:

- Reell reduksjon i bruk av KFK og halon.

10.10. Støyplaga skal reduserast med 10 pst. innan 2020 i forhold til 1999.

Indikator:

- Samla støyplage (SPI) frå alle kartlagde kjelder, spesielt SPI for industri, motorsport og skytebaner.

10.11. Talet på personar utsette for over 38 dB innandørs støynivå skal reduserast med 30 pst. innan 2020 i forhold til 2005.

Indikator:

- Reell reduksjon i talet på personar som er utsette for over 38 dB innandørs støynivå.

10.12. Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal medverke til at helse og miljø ikkje tek skade av luftforureining og at støyplagene skal reduserast.

Tilstand

Lokal luftkvalitet

Svevestøv (PM₁₀ og PM_{2,5}) og nitrogendioksid (NO₂) er dei mest dominerande stoffa i lokal luftforureining. Luftkvaliteten har generelt sett blitt betre sidan 1990-talet, men det var framleis overskridingar av nasjonalt mål for svevestøv og NO₂ i 2010. I Oslo viser modellberekningar at 60 000 personar var utsette for overskridingar av det nasjonale målet for svevestøv i 2010. Det var om lag 5 000 personar som var utsette for nivå av svevestøv over dette nasjonale målet i Trondheim. Desse anslaga er svært usikre. Men det er ikkje berre dei største byane som har vanskar med å nå nasjonalt mål. Også mindre byar og tettstader har fleire overskridingar enn det som er tillate i forhold til nasjonalt mål for svevestøv.

Når det gjeld NO₂ viser berekningar for Oslo at omkring 4 000 menneske vart utsette for nivå over det nasjonale målet. Det er stor uvisse knytt til desse modellberekningane, og målingar kan tyde på at berekna tal på personar utsette for nivå over nasjonalt mål er for lågt. I kuldeperiodar om vinteren kan det bli stillestående luft og høge forureiningsnivå nær dei mest trafikkerte vegane. Det er òg vanleg at slik vinterkulde endar opp med inversjonslokk som hindrar utluftinga. Ofte varer slike lokk berre nokre timar, men dei kan nokre gonger vare fleire dagar, slik som i Bergen i januar i 2009/2010 og i Oslo i januar 2003 og 2009. Under slike forhold kan store delar av befolkninga bli eksponerte.

I tillegg kan stoff som svoveldioksid (SO₂), bakkenær ozon (O₃), karbonmonoksid (CO), PAH og benzen bidra til dårleg lokal luftkvalitet.

Langtransportert luftforureining

Utsleppa av svovel og nitrogen i Europa er reduserte med respektive rundt 60 pst. og 20 pst. sidan 1990 og tilførslene til Noreg er reduserte omtrent tilsvarande.

Tolegrensa for forsureing av overflatevatn var i 2005 overskriden i om lag 10 pst. av Noregs areal. Dette omfanget har ikkje endra seg vesentleg dei seinare åra. Det er ingen overskridingar av tolegrensar for forsureing av skog i Noreg.

I store område i Sør-Noreg er mykje av dyrelivet i ferskvatn sterkt skadd. Skadane på botndyr og krepsdyr er framleis store og situasjonen er ustabil. Som følge av forsuringa er rundt 15 000 fiskebestandar tapt eller sterkt skadde. Vasskvaliteten er blitt betre dei seinare åra. Det er teikn til betring med omsyn til fiskebestandar sidan 1990, sjølv om mange innsjøar framleis er fiske-tomme.

Areal med overskridingar av tolegrensene for overgjødsling av vegetasjon (terrestriske økosystem) minka i perioden 1980 – 1995, men har ikkje endra seg etter dette. I 2005 var tolegrensene overskridne i ca. 14 pst. av Noregs areal. Nitrogenavsetningane har ført til endringar i det biologiske mangfaldet både i Noreg og i Europa. Resultat frå norske overvåkingsprogram viser klare koplingar mellom atmosfærisk avsetning av nitrogen og artssamansetning, og at nitrogennedfall påverkar markvegetasjon og algevekst negativt. I næringsfattig ferskvatn fører auka nitrogentilførsler til auka plantevekst og endringar i det biologiske mangfaldet.

Episodar med høgare ozonkonsentrasjonar i Noreg førekjem gjerne når det er høgtrykk over kontinentet, som fører til transport av forureina luft nordover. Dei høgaste verdiane blir normalt målte på strekninga frå Vest-Agder til Oslofjorden. Høge ozonkonsentrasjonar førekjem ofte som episodar over nokre timar eller dagar, som regel om våren og tidleg på sommaren. Overskridingar av grenseverdier for bakkenært ozon med tanke på vern av helse skjer kvart år, men talet på og grad av overskridingar varierer mykje frå år til år. EUs grense for melding til befolkninga blir sjeldan overskriden i Noreg (sist i 2006).

Grenseverdien for vern av landbruksvekstar mot ozonskadar blir overskridne enkelte år, mens grenseverdien for skog sjeldan blir overskriden i Noreg.

Støy

Om lag 1,7 million menneske er utsette for eit gjennomsnittleg støynivå over 50 dB ved bustaden sin. Dette omfattar støy frå fly, jernbane, industri, og anna næringsverksemd, men for veg er det berre teke med dei som er utsette for nivå over 55 dB. Bortimot ein halv million menneske er mykje eller sterkt plaga, og rundt 200 000 menneske har problem med nattesøvn som følgje av støy.

Støy verkar ofte saman med andre stressfaktorar som for eksempel luftforureining. Støy kan

medføre psykisk stress, og kan gi helseplager som muskelspenningar og muskelsmerter. Støy kan òg vere ei medverkande årsak til høgt blodtrykk og utvikling av hjarte- og karsjukdommar. Støyreduserande tiltak i trafikksamheng kan vere å leggje støysvake vegdekke på norske vegar, tiltak for auka sal av støyreduserande bildekk og køyretøy, lågare fartsgrenser med meir. Fleire tiltak må på plass dersom vi skal nå dei nasjonale måla for støyreduksjon.

Tabell 20.1 Definisjonar

Omgrep	Definisjon
Bakkenært ozon	Ozon er ein gass som både finst nær bakken og i dei øvre laga av atmosfæren. Ozon blir danna når nitrogenoksid (NO _x) og flyktige organiske sambindingar (VOC) reagerer med kvarandre under påverknad av sollys. Hovudkjelda til bakkenær ozon i Noreg er langtransportert luftforureining frå andre europeiske land. Utslepp i Noreg medverkar òg noko til danning av bakkenært ozon, spesielt nær store utsleppskjelder. Høge nivå av ozon nær bakken kan føre til skadar på helse, vegetasjon og material. I Noreg kan nivåa komme over anbefalte grenseverdiar for helse og vegetasjon i periodar om sommaren.
Nitrogendioksid (NO _x)	NO _x er ei kjemisk sambinding av oksygen og nitrogen som blir danna ved at desse reagerer med kvarandre under forbrenning ved høg temperatur.
Svevestøv	Svevestøv er ei kompleks blanding av mikroskopiske partiklar i lufta vi pustar inn. Slike partiklar kan dannast ved forbrenningsreaksjonar og mekanisk slitasje, virvlast opp av vind eller dannast direkte i atmosfæren ved kondensering av gassar. Svevestøv eller partikulært materiale (PM) er delt inn i ulike klassar etter partikkelstorleik. Dei viktigaste kategoriane er PM ₁₀ -partiklar mindre enn 10 mikrometer (mm), PM _{2,5} -partiklar mindre enn 2,5 mm og PM _{0,1} -partiklar mindre enn 0,1 mm.
Sur nedbør	Svovel- og nitrogensambindingar i luft og nedbør gir opphav til sur nedbør og blir sette av i naturen anten med nedbør (våtavsetning) eller som gassar eller partiklar (tørravsetning).
Støy	Støy er uønskt lyd. Støy treng ikkje vere sterk lyd av uharmonisk karakter, som trafikkstøy eller industristøy, det kan òg vere lydar ein vanlegvis knyter til noko positivt.

Påverknader:**Lokal luftforureining**

Dei viktigaste kjeldene til svevestøv er trafikk med eksos og asfaltstøv frå piggdekk, vedfyring og langtransportert forureining. Den viktigaste kjelda til utslepp av NO₂ er vegtrafikk, der tunge dieselskøyretøy bidreg mest.

Helserisikoen knytt til lokal luftforureining avheng av kor høg konsentrasjonen av dei forureina stoffa er og kor lenge vi blir utsette for dei. Det er i hovudsak astmatikarar og personar med

luftvegslidingar eller hjarte- og karsjukdommar som opplever helseeffektar frå luftforureining i Noreg. Av stoffa som bidreg til lokal luftforureining er det størst helserisiko knytt til svevestøv, men det er òg helserisiko knytt til nitrogendioksid (NO₂).

Det er venta at konsentrasjonen av svevestøv vil bli redusert i åra framover på grunn av reinare bilpark, omnar som brenn reinare og reduserte bruk av piggdekk, men det vil framleis vere overskridingar av dei nasjonale måla i ei rekkje byar i åra framover. For NO₂ er det ikkje venta store

endringar i konsentrasjonane med dagens verke-middelbruk, men trenden for NO₂ er meir usikker enn for svevestøv. Auka kunnskap om kva som er dei reelle NO_x-utsleppa og betre kunnskap om korleis NO₂/NO_x-delen vil endre seg med ny bil-teknologi vil kunne medføre endra prognosar for framtidige utslepp.

Langtransportert luftforureining

Sur nedbør er resultatet av utslepp av blant anna svoveldioksid (SO₂), nitrogenoksid (NO_x) og ammoniakk (NH₃). Noreg er særleg utsett for for-suring av vassdrag som følgje av tilførsle av svovel og nitrogen som kjem frå grenseoverskridande luftforureiningar. Utslepp som skjer i eitt land kan føre til betydeleg skade i andre land. Nedfallet av svovel og nitrogen i Noreg stammar først og fremst frå andre land i Europa som Storbritannia, Tyskland og Polen og frå internasjonal sjøfart i dei nære havområda.

Forsuring gir redusert vasskvalitet og har ført til at mange fiskebestandar er reduserte eller har gått tapt, særleg i Sør-Noreg. Anna dyre- og plan-teliv er òg påverka av sur nedbør. Sjå nærare omtale under resultatområde 2 Livskraftige elvar og innsjøar.

Nitrogen verkar òg som gjødsel og kan med-verte til overgjødsling og endringar i vegetasjo-nen. Høge konsentrasjonar av ozon ved bakken kan føre til skadar på helse, vegetasjon og mate-rial.

Ozonreducerande stoff

Utslepp av ozonreducerande stoff har svekt ozon-laget dei siste 30 åra. Bruken av stoffa er kraftig redusert, men ozonlaget kan truleg ikkje friskmel-dast før i 2050 – 2070. Ozonlaget vernar alt liv mot skadeleg ultrafiolett stråling frå sola. Auka stråling kan blant anna føre til alvorlege sjukdomar, så som hudkreft og augesjukdomar, reduserte avlin-gar, svikt i matvareproduksjonen, og det kan skade havets økosystem. Dei polare marine øko-systema ligg i dei områda der UV-stråling er venta å auke mest.

Støy

Vårt moderne samfunn er ei kjelde til auka støy for mange menneske. I fleire tiår har vi hatt ei utvikling med stadig auka transport. Dette gir mykje støy. Vegtrafikk er den dominerande støy-kjelda i Noreg. Støy frå fly- og jernbanetrafikken har blitt redusert sidan 1999, men meir støy frå

vegtrafikken veg dessverre opp for denne positive utviklinga.

Politikk for å nå dei nasjonale måla

Forureiningslova og tilhøyrande forskrifter er sentrale verkemiddel for å regulere forureinande utslepp til luft og støy. Hovudregelen i forureiningslova er at forureining er forbode. Dermed har ingen lov til å forureine utan at det er gitt løy-ve til det, anten gjennom individuelt løyve til ei verksemd eller i forskrift.

I kommunale planer kan det etter plan- og byg-ningslova stillast krav til miljøkvalitet og grense-verdiar for tillaten forureining.

Budsjettmidlar til faglege utgreiingar, forskning og miljøovervaking er eit viktig og nødvendig grunnlag for resultatområdet. Klima- og forurei-ningsdirektoratet er ein viktig pådrivar for at poli-tikk blir gjennomført. God lokal luftkvalitet og frå-vær av støy er òg ein føresetnad for eit godt bymil-jø, blant anna er planlegging av kor ulike verksem-der skal leggjast og innretning av kollektivtilbod svært viktig. Sjå omtale i resultatområde 7 Godt bymiljø.

Lokal luftkvalitet

Føresegnene om lokal luftkvalitet i forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om avgrensing av forureining (foru-reiningsforskrifta) kapittel 7 er det sentrale verke-middelet på området lokal luftkvalitet. I forskrifta er kommunane gjort til forureiningsstyresmakt for lokal luft. Forskrifta gir grenseverdiar for kon-sentrasjonar av ei rekkje stoff i luft og stiller krav til målingar, utrekningar, utgreiingar av tiltak og rapportering. Lovgiving har sitt utspring i EUs rammedirektiv for luftkvalitet av 2004, og er inn-lemma i EØS-avtala. Noreg deltek i styrings-gruppa som drøftar EUs vidare strategiar og poli-tikk for å redusere langtransporterte og lokale luftforureiningar.

Fleire potensielle tiltak og verkemiddel som kan redusere luftforureiningar ligg utanfor Miljø-verndepartementets myndeområde. Miljøvernde-partementet har likevel ei pådrivarrolle i forhold til andre departement og etatar for å få gjennom-ført tiltak som kan redusere luftforureining. Dei siste åra har det vore viktig å utvide verktøykassa til kommunar og anleggseigarar slik at det kan setjast i verk tiltak i periodar med overskridingar av grenseverdiane i forureiningsforskrifta. Ein ny rettleiar som klargjer ansvarsforhold ved innfø-ring av tiltak, og når desse skal innførast, vart òg utarbeidd i 2011.

Det nasjonale målet er strengare enn krava i forureiningsforskrifta. For å få ein luftkvalitet som ikkje berre tilfredsstillar krava i forskrifta, men som òg betrar luftkvaliteten mot nasjonale mål har Klima og forureiningsdirektoratet fått i oppdrag å utarbeide eit forslag til innskjerpa grenseverdier i forureiningsforskrifta kapittel 7 om lokal luftkvalitet. Utgreiinga skal ferdigstillast innan utgangen av 2012. Formålet med ei slik innskjerping er å gi kommunar og anleggseigarar eit større insitamment til å betre lokal luftkvalitet.

Langtransportert luftforureining

Målet om at helse og miljø ikkje skal ta skade av luftforureining frå SO₂, NO_x, VOC, ammoniakk eller partiklar kan berre nåast gjennom internasjonalt samarbeid for å redusere langtransportert forureining. Takka vere dei internasjonale avtalene under *Konvensjonen om langtransportert grenseoverskridande luftforureining*, er tilførslene av sur nedbør til Noreg vesentleg reduserte sidan 1980. Likevel vil vassforsuring framleis vere eit problem i store delar av Noreg fleire tiår framover dersom tilførslene av svovel og nitrogen ikkje blir ytterlegare reduserte.

Langtransportert luftforureining fører òg til overgjødning av vegetasjon og til høge konsentrasjonar av bakkenært ozon som kan skade både helse, vegetasjon og material. Landa som deltek i samarbeidet under *Konvensjonen om langtransportert grenseoverskridande luftforureining* er i forskjellig grad råka av ulike skadar som følgje av luftforureiningar. Ettersom dei ulike skadane stort sett skuldast dei same stoffa og utsleppskjeldene, har konvensjonen sine partar valt å gå saman om å finne heilskaplege løysingar på dei forskjellige miljøproblema. Ei lang rekkje land har påteke seg forpliktingar om å redusere sine samla utslepp av luftforureiningar, sist gjennom Gøteborgprotokollen av 1999 om reduksjon av forsurening, overgjødning og bakkenært ozon. Landa arbeider no med å revidere Gøteborgprotokollen med sikte på å einast om å gjennomføre nye utsleppskutt fram mot 2020. Noreg deltek i dette arbeidet med mål om å redusere tilførslene av skadelege luftforureiningar ytterlegare, både til Noreg og resten av avtaleområdet. Noreg ser det òg som viktig å medverke til at fleire av landa i Sør- og Øst-Europa, Kaukasus og Sentral-Asia sluttar seg til den reviderte protokollen. Noreg vil i dette arbeidet òg leggje vekt på at landa skal redusere forureinande utslepp som medverkar til klimaendringar.

Overvakinga av langtransportert forureining i luft og nedbør omfattar undersøkingar både av til-

førsler og effektar av forsurende sambindingar (svovel- og nitrogensambindingar), eutrofiering (nitrogensambindingar), bakkenært ozon, partiklar og miljøgifter (tungmetall, persistente organiske sambindingar). Klima- og forureiningsdirektoratet har ansvaret for dei fleste overvåkingsprogramma.

Atmosfærisk tilførsel av forureinande sambindingar er overvaka ved måling av kjemiske komponentar i luft og nedbør. Formålet er å registrere nivå og eventuelle endringar i tilførsla av langtransporterte luftforureiningar. Målestasjonane er derfor plasserte slik at dei er minst mogleg påverka av lokale utsleppskjelder (bakgrunnsstasjonar).

Tilførsler av sambindingar i luft som fører til forsurening og eutrofiering er overvaka på seks stasjonar (inkludert Zeppelin-observatoriet på Svalbard). Tilsvarende sambindingar i nedbør er overvaka på 12 stasjonar. Atmosfæriske tilførsler av bakkenært ozon (og ozondannarar) er overvaka på fire stasjonar i fastlands-Noreg, og på Svalbard. Atmosfæriske tilførsler av partiklar i luft er overvaka på tre bakgrunnsstasjonar i fastlands-Noreg. Partiklar kan i særleg grad føre til helseskadar, og til skadar på material.

Forsuringsverknader på vasskvalitet er følgt gjennom overvaking av innsjøar og små nedbørfelt. Vasskvaliteten i om lag 70 innsjøar og seks små nedbørfelt blir undersøkt årleg for å gi ei regional/landsdekkjande beskriving av vassforsuringsproblemet og endringar i situasjonen. Det biologiske overvåkingsprogrammet følgjer verknader på fisk gjennom regionale undersøkingar, og omfattar fiskebestandar i innsjøar og bekker, og botndyr i innsjøar. Verknader av eutrofiering i terrestrisk miljø (vegetasjonsendringar) er overvaka av Direktoratet for naturforvaltning som dekkjer delar av dette gjennom Program for terrestrisk naturovervaking (TOV).

Noreg samarbeider internasjonalt om utvikling av kunnskap om utslepp, tilførsler og effektar av luftforureiningar gjennom Det europeiske overvåkingsprogrammet for langtransport av luftforureiningar (EMEP) og andre samarbeidsprogram under *Konvensjonen om grenseoverskridande langtransportert luftforureining*. Landa samarbeider òg innanfor ramma av denne konvensjonen om å utvikle kunnskapsgrunnlaget for val av tiltaksstrategiar for å redusere miljøskadar som følgje av langtransportert luftforureining, under dette kunnskap om moglege utsleppsreducerande tiltak og kostnader ved desse. Norske fagmiljø som *Meteorologisk institutt*, *Norsk Institutt for Luftforskning* og *Norsk Institutt for Vannforskning* medverkar i

vesentleg grad til denne kunnskapsutviklinga gjennom sine funksjonar som internasjonale fagsenter under *Konvensjonen om grenseoverskridande langtransportert luftforureining*.

Noreg har i Gøteborgprotokollen forpliktingar om å halde dei samla årlege utsleppa av svoveldioksid (SO₂), nitrogenoksid (NO_x), flyktige organiske sambindingar unnateke metan (NMVOC) og ammoniakk (NH₃) under talfesta nivå frå 2010. EU har innlemma forpliktingane i Gøteborgprotokollen i sitt miljøregelverk. Det vart i desember 2009 bestemt å innlemme EUs direktiv, «takdirektivet», om nasjonale utsleppstak for forureiningar til luft i EØS-avtala. Noreg har i EØS-avtala teke på seg å halde dei same utsleppstaka som dei vi har i Gøteborgprotokollen. Regjeringa ser det som svært viktig å overhalde desse forpliktingane som tilsvarer dei nasjonale måla 10.2. – 10.5.

Foreløpige utsleppstal publiserte av Statistisk sentralbyrå og Klima- og forureiningsdirektoratet i mai 2011, viser at Noreg i 2010 overheldt utsleppsforpliktingane for SO₂, VOC og ammoniakk. Utsleppa av NO_x låg i 2010 om lag 32 500 tonn over forpliktinga Noreg har i Gøteborgprotokollen om eit maksimalt årleg utslepp på 156 000 tonn frå 2010, sjå nærare omtale under Statusbeskriving for måla i Prop. 1 S (2010-2011). Hovudfokuset framover vil derfor vere på å redusere utsleppa av NO_x i tråd med forpliktinga i protokollen.

Av utsleppa som er omfatta av Gøteborgprotokollen, blir utslepp av SO₂, NO_x og VOC regulerte i utsleppsløyve etter forureiningslova og i tråd med føresegnene i relevante EU-direktiv som er innlemma i EØS-avtala. Slik regulering har dei seinare åra vore særleg viktig for å redusere utsleppa av VOC frå lasting og lagring av råolje på sokkelen. På bakgrunn av utsleppsforpliktinga i *Gøteborgprotokollen* inngjekk Miljøverndepartementet og Norsk Industri (tidlegare Prosessindustriens Landsforeining) i 2001 ei intensjonsavtale om reduksjonar i svovelutsleppa. Utslepp frå den enkelte verksemda blir regulerte i utsleppsløyve frå Klima- og forureiningsdirektoratet. Denne

avtala er no gjennomført. Miljøverndepartementet og Norsk Industri forlenga i 2010 intensjonsavtala ut 2014. Tilleggsavtala har som formål å sikre at dei årlege utsleppa av SO₂ frå prosessindustrien ikkje skal overstige 11 000 tonn. Industrien overheldt denne forpliktinga i 2010.

Utslepp av desse gassane er òg regulerte i forskrifter etter forureiningslova, produktkontrolllova og relevant sektorlovgiving. Til dømes er utsleppa av NO_x frå køyretøy regulerte gjennom køyretøyforskriftene til vegtrafikklova. Krav til kvaliteten på bensin og autodiesel til køyretøy, ikkje-veggåande maskiner og landbrukstraktorar er fastsette i forskrift til produktkontrolllova. Innhaldet av svovel i fyringsolje er regulert i forskrift til forureiningslova. Krav til utslepp av VOC frå lagring, distribusjon og påfylling av bensin, frå bruk av løysemiddel i visse verksemdar og anlegg, og VOC i måling og lakk er regulerte i forskrifter til forureiningslova og produktkontrolllova.

Nærare 90 pst. av ammoniakkutsleppa i Noreg skjer i landbruket. For å oppfylle Noregs forpliktingar i *Gøteborgprotokollen* om utslepp av ammoniakk, har Landbruks- og matdepartementet innarbeidd nye krav til utforming av husdyrrom og gjødsellager for ekstra store svine- og fjørfebesetningar i forskrift om gjødselvarer mv., av organisk opphav.

Avgiftspolitikken er òg viktig for å stimulere til reduserte utslepp til luft. Noreg har i fleire år hatt avgift på svovelinnhaldet i mineraloljer. Avgifta bidreg til å redusere svovelutsleppa. NO_x-avgifta og Miljøavtala mellom Miljøverndepartementet og næringsorganisasjonane av 2008 om reduksjon av NO_x-utsleppa er særleg viktige verkemiddel for å redusere desse utsleppa, sjå nærare omtale i boks 20.1. Miljøverndepartementet og næringsorganisasjonane har forlenga NO_x-avtala for perioden 2011-2017. Klima- og forureiningsdirektoratet har som oppgåve å sjå til at organisasjonane overheld sine forpliktingar i NO_x-avtala. Direktoratet har stadfesta at organisasjonane oppfylte reduksjonsforpliktingane på 2 000 tonn for 2008, 4 000 tonn for 2009 og 5 000 tonn for 2010.

Boks 20.1 Avgifta på utslepp av NO_x og Miljøavtala om reduksjon av NO_x-utsleppa

I tråd med Stortingets vedtak sette Regjeringa 1. januar 2007 i verk avgift på utslepp av NO_x. For 2011 er avgifta sett til 16,43 kr/kg NO_x. Stortinget vedtok i samband med innføring av NO_x-avgifta at utsleppskjelder omfatta av miljøavtale med staten om gjennomføring av NO_x-reduserande tiltak i samsvar med eit fastsett miljømål kan få mellombels fritak for avgift. Den 14. mai 2008 vart det inngått ei slik avtale mellom staten ved Miljøverndepartementet og 14 organisasjonar. Det overordna målet for avtala er å redusere dei samla årlege NO_x-utsleppa frå kjelder som er omfatta av avtala til maksimalt 98 000 tonn. Ifølgje avtala tek næringsorganisasjonane på seg å redusere dei årlege NO_x-utsleppa med 30 000 tonn. Som følge av endringar i utsleppsframskrivingane og i tråd med føresegnene i avtala, er denne forpliktinga nedjustert til 18 000 tonn, og av dette kan tiltak som reduserer dei årlege utsleppa med 7 000 tonn gjennomførast i løpet av 2011. Verksemdar som slutta seg til avtala fekk fritak for NO_x-avgift i tre år – 2008, 2009 og 2010. Dersom næringsorganisasjonane har oppfylt mindre enn 90 pst. av den årlege forpliktinga innan fristen, må verksemdene betale avgift for

det aktuelle året. Avgiftssatsen blir i så fall redusert med den prosentvise delen av forpliktinga som er oppnådd.

Miljøverndepartementet og 15 næringsorganisasjonar inngjekk 14. desember 2010 ei ny NO_x-avtale for perioden 2011-17. Den nye avtala omfattar dei same kjeldekategoriane som den første. I tillegg er utslepp frå avfallsforbrenning omfatta. EFTAs overvaksingsorgan (ESA) bestemte 19. mai 2011 å godkjenne vidare fritak for NO_x-avgift for åra 2011-17 på grunnlag av den nye avtala, som foreineleg med EØS-avtala.

Den nye avtala inneber at det skal gjennomførast tiltak som reduserer dei årlege NO_x-utsleppa frå kjeldekategoriane som er omfatta med 16 000 tonn, etter følgjande tidsplan: 2011: 3 000 tonn, 2012: 2 000 tonn, 2013-14: 4 000 tonn, 2015-16: 4 000 tonn og 2017: 3 000 tonn. Forpliktinga i den nye avtala for 2011 kjem i tillegg til tiltaka som skal gjennomførast dette året i medhald av den første avtala. Organisasjonane har òg forplikta seg til å oppretthalde effektane som er oppnådde gjennom den første avtala ut den nye avtaleperioden.

Regjeringa arbeider innanfor FN's sjøfartsorganisasjon IMO og IMO-konvensjonen MARPOL, vedlegg VI, for å utvikle eit meir effektivt regelverk for å redusere utsleppa til luft frå skipsfarten. Etter initiativ frå blant anna Noreg, fastsette IMO i 2008 nye krav til utslepp av NO_x. Frå 1. januar 2011 skal skip bygde og maskineri installert etter denne datoen ha 15-22 pst. lågare utslepp enn dei tidlegare krava. Det er òg vedteke krav til utslepp av NO_x frå eksisterande maskineri over 5 000 kW og sylindervolum over 90 liter installert på skip bygde i perioden 1990-1999. Regjeringa vurderer, saman med dei andre Nordsjølanda, å søkje IMO om å gi Nordsjøen status som spesiell region med strengare krav til utslepp av NO_x.

Gjennom MARPOL-konvensjonen, vedlegg VI, er det etablert eit svovelkontrollområde i Nordsjøområdet (sør for 62. breiddegrad, aust for 4. lengdegrad). Dette inneber at skip må nytte drivstoff med maksimalt 1,0 vektprosent svovel i dette området, mens den alminnelege grensa i MARPOL er 4,5 vektprosent. Frå 1. januar 2012 er den alminnelege grensa sett til 3,5 vektprosent svovel.

Det er vedteke at svovelkravet i svovelkontrollområda skal være 0,1 vektprosent i 2015 og at kravet i andre havområde skal vere 0,5 frå 2020, eller seinast 2025 dersom IMO vedtek utsetjing. Svovelkrava for skipsfarten vil medføre ein sterk reduksjon i bruken av tungolje.

Ozonreduserande stoff

Noreg har oppnådd gode resultat i reduksjon og stans i bruk av ozonreduserande stoff. Vi oppfyller forpliktingane i Montrealprotokollen og vi har ei målsetjing om å utvikle dette avtaleverket vidare til framleis å vere eit miljø- og kostnadseffektivt instrument for å avgrense utslepp av ozonreduserande stoff både nasjonalt og internasjonalt. Bindande internasjonale avtaler er avgjerande for å løyse dei globale og grenseoverskridande miljøutfordringane.

Miljøstyresmaktene arbeider òg aktivt med å fase ut all bruk av ozonreduserande stoff i Noreg. Det er likevel framleis attståande utfordringar som må følgjast opp for at ozonlaget skal restitue-

rast innan rimeleg tid. Blant anna gjeld dette reduksjon i forbruket av gjenvunnen HKFK, og å sikre at stoff som ikkje lenger er i bruk blir forsvarleg teke hand om og destruert.

Montrealprotokollen er ei internasjonal avtale som forpliktar medlemslanda til betydelege reduksjonar i utslepp av gassar som er skadelege for ozonlaget. Reduksjonane er strengast for dei rikaste landa, som har stått for størsteparten av utsleppa. FN's miljøprogram, UNEP, har rekna ut at utan Montrealprotokollen ville mengda av ozon-reduserande gassar i stratosfæren i år 2050 ha vore fem gonger større enn i dag.

Støy

Forureiningsforskrifta kapittel 5 stiller krav til gjennomføring av utbetringstiltak for personar som er utsette for innandørs støy over 42 dB i gjennomsnitt over døgnet. Støy frå blant anna industri, motorsport og skytebaner kan regulerast gjennom konsesjonssystemet i forureiningslova, mens lov av 11. juni 1976 nr. 79 om produktkontroll med underliggjande forskrifter heimlar støykrav til ulike produkt.

Fleire potensielle tiltak og verkemiddel som kan redusere støyplager ligg utanfor Miljøvernde-

partementets myndeområde. Miljøverndepartementet har likevel ei pådrivarrolle i forhold til andre departement og etatar for å få gjennomført tiltak som kan redusere støyplager.

Ein fornuftig arealbruk etter plan- og bygningslova er eit viktig verkemiddel for å førebygge støyproblem. Det er gitt ei felles retningslinje for behandling av støy i plansaker, med fokus på dei største støykjeldene. Norske styresmakter har sett eit mål om at støyplaga skal reduserast innan 2020. Det er utarbeidd ein nasjonal handlingsplan mot støy som angir kva slag tiltak som er nødvendige for å nå måla.

Mange av dei mest støyutsette bustadane har fått fasadeisolering og støyskjerming, men for å nå måla må vi i tillegg redusere støyen der den oppstår. Støyreduserande tiltak i trafikksamheng kan vere å leggje støysvake vegdekke på norske vegar, tiltak for auka sal av støyreduserande bildekk og køyretøy, lågare fartsgrenser med meir.

EU arbeider òg med å avgrense støy frå ulike kjelder som køyretøy, fly og flypassar, og ei rekkje maskiner til utandørs bruk. Gjennom EØS-avtala er det stilt krav til at Noreg blant anna skal utarbeide støykart og ein handlingsplan for å redusere støy (frist juni 2013).

21 Resultatområde 11 Stabilt klima

Forbrenning av fossile brensel og nedhogging av skog fører til ein varmare klode og vil få betydelege konsekvensar for måten vi er vane med å leve på. Auka temperatur gir utsikter til auka havnivå, meir ekstremvær i form av kraftig nedbør, flaum og tørke og ikkje minst er det frykt for irreversible endringar i økosystemet og tap av naturverdiar vi har eit globalt ansvar for å ivareta. Klimaendringane vil kunne medverke til at allereie truga arter som fjellrev, villrein og snøugle blir borte for godt. To hundreår med kraftig betring i levkår i industrilanda har medført ei belastning på naturressursane som no trugar velstandsnivået og levestandarden vår.

Utslepp av klimagassar blir spreidde utover heile atmosfæren, noko som gjer klimaendringar til eit problem som må løysast på globalt nivå. Nasjonale mål og verkemiddel må derfor utformast i lys av internasjonale mål og forpliktingar og internasjonalt samarbeid. I København i 2009 samla verdas leiarar seg om ei målsetjing om å halde den globale oppvarminga under to grader i forhold til førindustriell tid. Sett under eitt er landa langt unna dette i praktisk politikk.

Sjølv ei oppvarming på opptil to grader vil få betydelege konsekvensar for natur og samfunn. Vi må setje i verk tiltak for at kommande generasjonar og andre delar av verda skal få like gode levkår som oss. Derfor må vi redusere utsleppa i Noreg, samtidig som vi jobbar for ei internasjonal avtale som gir utsleppskutt òg i andre land. Vi må òg handtere både klimaendringane vi allereie ser og dei som vi veit vil komme.

Nasjonale mål – Stabilt klima

11.1. Noreg skal overoppfylle utsleppsforpliktinga si med 10 prosentpoeng til 9 pst. under 1990-nivå.

Indikator:

- Nasjonal utsleppsutvikling og bruk av fleksible mekanismar.

11.2. Noreg skal fram til 2020 ta på seg ei forplikting om å kutte dei globale utsleppa av klimagassar tilsvarande 30 pst. av Noregs utslepp i 1990. Gjennom Klimameldinga og Klimaforliket er det

slått fast at det er realistisk å ha eit mål om å redusere utslepp i Noreg med 15-17 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i høve til referansebana slik den er presentert i nasjonalbudsjettet for 2007, når skog er inkludert i tråd med eksisterande regelverk under Kyotoprotokollen.

Indikatorar:

- Nasjonal utsleppsutvikling.
- Nasjonal utsleppsstatistikk – fordelt på sektorrindelinga frå Klimameldinga.

11.3. Som ein del av ei global og ambisjøs klimaavtale der også andre industriland tek på seg store forpliktingar, skal Noreg ha eit forpliktande mål om karbonnøytralitet seinast i 2030. Det inneber at Noreg skal syte for utsleppsreduksjonar tilsvarande norske utslepp i 2030.

11.4. Redusert avskoging og degradering av skog i utviklingsland skal gi lågare utslepp av klimagassar, og medverke til berekraftig utvikling og fattigdomsreduksjon.

11.5. At samfunnet er mindre sårbart for klimaendringar og at Noregs tilpassingsevne er styrkt.

11.6. Betydninga av robuste økosystem og naturmangfald som karbonlager skal vere styrkt i arbeidet med tilpassing og arbeid mot klimaendringar innan 2020, inkludert restaurering av minst 15 pst. av degraderte økosystem.

11.7. Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal leggje til rette for ein samordna areal- og transportpolitikk som medverkar til låge klimautslepp, og medvarkar til å redusere samfunnet si sårbarheit for klimaendringar.


Tilstand

Forskarane i verda har aldri vore sikrere på at den globale oppvarminga dei siste 50 åra er menneskeskapt. I følge FNs klimapanel's fjerde hovudrapport er 11 av dei 12 åra mellom 1995-2006 blant dei 12 varmaste åra som er registrerte sidan målingane starta i 1850. Målingar av klimagasskonsentra-

sjonar i atmosfæren og i iskjernar viser at konsentrasjonen av CO₂ er høgare enn den har vore dei siste 650 000 åra. Den auka konsentrasjonen av klimagassar i atmosfæren fører til ein forsterka drivhuseffekt, noko som medverkar til auka temperatur på jorda. Den globale temperaturen har auka dobbelt så raskt dei siste 50 åra som for 100-årsperioden frå starten av 1900-talet og fram til i dag. Temperaturauken gir havnivåstigning og kan føre til auka avsmelting frå isbrear og redusert havis.

Utsleppsframskrivingane som er refererte i FN's klimapanel's fjerde hovudrapport viser at dei

globale utsleppa kan vekse med 25-90 pst. frå 2000 til 2030, med dagens klimaverkemiddel. I desse framskrivingane ligg fossil energi framleis inne med ein betydeleg del av verdas energiforbruk i 2030. FN's klimapanel har gjort anslag over kor store utsleppa bør vere i 2050 om auken i den globale oppvarminga skal avgrensast til under to grader. Med ei estimert befolkning på ni milliardar menneske tilseier dette at dei globale utsleppa blir avgrensa til omtrent to tonn CO₂-ekvivalentar pr. innbyggjar (horisontal strek i figur 21.1).



Figur 21.1 Utslepp av klimagassar i utvalte land i 2005

Det internasjonale energibyrået (IEA) framhevar i World Energy Outlook 2010 betydninga av politisk handling for å realisere togradermålet. For å oppfylle togradermålet må verdas forbruk av olje og kol reduserast frå 2020. Det inneber ifølgje IEA at nye petroleumsområde der kostnadene er høgast vil bli sette i produksjon i avgrensa grad. For å erstatte bruken av fossil energi i dette scenarioriet, må fornybar energi og kjernekraft samla sett doble marknadsdelane sine i 2035. Om kjernekraft skulle bli mindre aktuelt, må fornybar energi få ei tilsvarende styrkt rolle. Dette vil krevje svært store tilleggsinvesteringar samanlikna med det som vil følgje av dagens politikk og verkemiddelbruk på klima- og energiområdet. For perioden 2010–2035 blir det kravd ekstra investeringar i blant anna kjernekraft, fornybar energi og

CO₂-handtering på 100 000 mrd. kroner for å oppfylle togradermålet.

Det at verdssamfunnet har utsett å treffe nødvendige tiltak for å starte ei omstilling i tråd med togradermålet, har ifølgje det internasjonale energibyrået (IEA) medført at rekninga dei siste åra har auka med fleire tusen milliardar kroner. Ekstrakostnadene skuldast behovet for meir dramatiske reduksjonar etter 2020, som følgje av den svake omstillingstakten vi ser i dag. Desse berekningane føreset ein kostnadseffektiv global verkemiddelbruk, blant anna ein felles pris på utslepp av CO₂. Om det ikkje lykkast å etablere eit internasjonalt rammeverk for ei kostnadseffektiv global gjennomføring av klimapolitikken, blir kostnadene truleg vesentleg høgare.

Boks 21.1 «Klimagassutslepp og klimaendringar»

Klimagassutslepp samlar seg i atmosfæren. Der slepp dei gjennom det meste av energien frå sola, som kjem i form av kortbølgja stråling. Samtidig reduserer dei tilbakestrålinga frå jorda i form av infraraud langbølgja varme-stråling. Større konsentrasjonar av klimagassar fører derfor til auka temperatur i den nedre delen av atmosfæren, kalla troposfæren. Den naturlege drivhuseffekten er livsnødvendig for menneske og dyr på jorda. Utan denne ville gjennomsnittstemperaturen på jorda ha vore 18 kulde gradar. Verdshava ville ha vore dekte av is. Menneska sine utslepp av klimagassar har etter den industrielle revolusjonen medverka til eit menneskeskapt tillegg til denne naturlege drivhuseffekten.

Det er stor uvisse knytt til konsekvensar av klimaendringar, men vi veit at klimaendringane vil forsterke mange av dei utfordringane vi har i dag. FN's klimapanel konkluderer i sine analysar at sjølv om den globale oppvarminga blir stabilisert vil òg ei gjennomsnittleg temperaturstigning på om lag to grader føre til alvorlege konsekvensar for natur og samfunn.

Menneskeskapt utslepp av klimagassar har òg konsekvensar for ei rekkje andre miljøområde. Auka konsentrasjon av CO₂ i atmosfæren fører for eksempel til havforsuring og reduksjon i naturmangfald. Mange av tiltaka for å redusere CO₂-utsleppa vil òg kunne redusere langtransportert og lokal luftforureining.

Hungersnaud på Afrikas horn og flaumkatastrofen i Pakistan minner oss om at mennesket er uløseleg knytt til det livgrunnlaget klima gir. Hendingar som flaum og tørke er avhengig av mange forhold. Politisk stabilitet, korleis vi utnyttar naturressursane og korleis vi innrettar infrastrukturen er avgjerande for om ei naturhending blir til ein katastrofe. Med klimaendringane kan det ventast oftare og meir intense nedbørshendingar, samtidig som det blir mindre nedbør i allereie tørre område. I ein sårbar natur og i sårbare samfunn kan derfor klimaendringane føre til at det vi i dag ser som katastrofar blir ein del av kvardagen for millionar av menneske. I tørkeramma område, i store elvedeltaområde, lågtliggjande kystlandskap og øysamfunn kan mange bli tvinga til å flytte frå heimane sine.

Årsmiddeltemperaturen for fastlands-Noreg har auka med om lag 0,8 grader dei siste hundre åra, mens årsnedbøren har auka med knappe 20 pst. sidan 1900. I Noreg er temperaturen venta å stige ytterlegare med mellom 2,3 og 4,6 grader fram til slutten av dette hundreåret, avhengig av kor mykje klimagassutsleppa blir reduserte. Det er òg venta ytterlegare auke i årsnedbøren på mellom 5 og 30 pst. Ei rekkje andre endringar vil òg ha innverknad på natur og samfunn: Stigande havnivå, lengre vekstsesong, endra risiko for ekstremhendingar som flaum og skred, høgare havtemperatur, eit surare hav og kortare snøsesong.

Det er venta endringar i alle naturtypar i Noreg som følgje av klimaendringar. For naturmiljøet er klimaendringane den store forsterkaren, som saman med anna menneskeleg påverknad kan føre til tap av naturmangfald. Særleg sårbare er arter og økosystem i Arktis og i høgjellet som ikkje kan tilpasse seg når leveområda deira blir endra. Eit eksempel er villreinen som er truga av varmare og fuktigare klima om sommaren som gir grobotn for sjukdommar og parasittar, og mildare vintrar med meir ising. Aukande nedbør fører til meir avrenning som påverkar vassdraga, og i ein del vassdrag kan sommartemperaturen bli så høg at arter som laks og aure får problem med å overleve. Endringar i nedbørsmønsteret påverkar forureiningssituasjonen, med auka tilførsel av miljøgifter, partiklar og næringssalt til mange vassdrag og sjøar. Havforsuring kan ha stor negativ verknad på livet i havet.

For samfunnet vil klimaendringane endre føresetnader for samfunnsplanlegginga på fleire område. Område der det tidlegare har vore trygt å bygge, kan i framtida bli meir utsette for flaum og skred. Meir og meir intens nedbør kan føre til auka problem med overvatn, flaum og skred som samla vil auke kostnadane knytt til utbygging, sikring og vedlikehald.

Klimaendringane skaper òg utfordringar i forvaltninga av kulturminne og kulturmiljø. Det er venta at klimaendringane vil føre til at nedbrytinga av kulturminna går raskare. Varme og fukt stimulerer biologiske og kjemiske nedbrytingsprosessar og medfører auka risiko for røteskade på trebygningar. Om lag 80 pst. av den freda bygningsmassen er bygd i tre. Mange kulturminne vil òg vere utsette for ekstreme vêrhendingar som storm og flaum. På Svalbard vil tining av permafrosten skape utfordringar. Klimaendringane vil dermed kunne gi auka tap av kulturminne og kulturmiljø og større skadar. Når klimaet endrar seg blir òg bevaringsforholda endra, og forvaltninga må tilpassast desse endringane.

Meir vatn kan innebere auka inntening for kraftsektoren, og jord- og skogbruk kan tene på forlengta vekstsesong.

Venteleg vil ein stor temperaturauke få dramatiske konsekvensar blant anna for mattryggleiken i verda. Høgare temperatur vil truleg òg gi meir smelting av isdekket på land og stiging av havnivået i ein skala som vil gjere store befolkningstette område umoglege å bu i. Åtvaringa frå forskinga er klar. Ei global oppvarming på to grader vil gi ei rekkje utfordringar for natur og samfunn. Ei global oppvarming over det kan verte ei for overveldande utfordring for verda å handtere.

Klimaendringane slår ulikt ut på jordkloden. Temperaturen aukar meir over landområde ved polane. I Arktis er temperaturauken det dobbelte av gjennomsnittet i verda. Dei siste ti åra er det observert dramatiske endringar i isdekket i Arktis, med redusert utstrekning og varigheit både av sjøis og snødekke. Temperaturauken i nordområda er ekstra alvorleg – konsekvensane her medverkar til å forsterke den globale oppvarminga. Isen reflekterer sollyset. Når isen smeltar, blir det mindre refleksjon av sollys og dermed meir oppvarming. Sot som legg seg på snø og is, reflekterer ikkje sollyset. Nye resultat frå arbeid under Arktisk Råd viser at sot i vesentleg grad medverkar til issmeltinga i Arktis, og dermed òg til den globale oppvarminga. Temperaturar i permafros-

ten har auka med opp til 2 grader. Om permafros-ten tiner, kan store mengder av den sterke klimagassen metan bli frigjort frå bakken og ytterlegare forsterke og skunde fram klimaendringane. Overvakinga av klimagassar på Svalbard viser ein markant auke i konsentrasjonen av metan dei siste fem åra. Det er foreløpig usikkert om dette har samanheng med smelting av permafrost. Forskarar anslår at ein temperaturauke på 3,5 grader på Svalbard vil føre til introduksjon av om lag 80–100 nye plantearter, ein auke på 50–70 pst. Arter som er spesielt tilpassa polarklimaet, vil få store problem.

Påverknader

Sidan den industrielle revolusjonen på 180 0-talet har CO₂-konsentrasjonen i atmosfæren auka med nesten 40 pst. Skal vi klare å halde den globale temperaturauken under 2° C, må konsentrasjonen av klimagassar i atmosfæren i følgje FN's Klimapanel halde seg innanfor eit visst intervall (445-490 ppm CO₂-ekvivalentar). Den globale konsentrasjonen av klimagassar har stige frå 270 ppm i førindustriell tid til ca. 390 ppm i 2010. I følgje FN's klimapanel må dei samla utsleppa i verda stabiliserast innan 2015 og deretter reduserast med 50-85 pst. innan 2050 for å halde temperaturauken under 2 grader.

Tabell 21.1 Globale utsleppstal i millionar tonn CO₂-ekvivalentar

Land	1990	2005	Endring	Gjennomsnittleg årleg vekst	Total vekst
Heile verda	36,059.0	43,185.9	7,126.9	1.2%	19.8%
Industriland (Annex I)	18,038.6	17,768.1	-268.5	-0.1%	-1.5%
Afrika Sub-Sahara	2,023.0	2,392.1	369.1	1.1%	18.2%
Sør-Amerika	3,835.0	4,464.4	629.5	1.0%	16.4%
Oseania	521.7	697.6	175.9	2.0%	33.7%
Nord-Amerika	6,522.7	7,601.1	1,078.4	1.0%	16.5%
Midtausten & Nord-Afrika	1,475.2	2,626.3	1,151.1	3.9%	78.0%
Europa	9,754.7	7,873.6	-1,881.1	-1.4%	-19.3%
Sentral-Amerika & Karibia	770.4	1,013.7	243.3	1.8%	31.6%
Asia	10,610.9	16,007.3	5,396.4	2.8%	50.9%

Note: Kva slag land som er omtalte som industriland med eit særskilt ansvar i klimaforhandlingane, er spesifisert i Klimakonvensjonens Annex I

Kilde: World Resources Institute, <http://cait.wri.org>

Truleg vil over to tredelar av utsleppsauken komme frå utviklingsland som endeleg står på terskelen av ei velstandsutvikling, noko som dessverre òg vil medføre auka utslepp. Kina har alleie gått forbi USA som landet med størst totale utslepp i verda. Men i forhold til folketalet er det framleis dei rike industrilanda som har størst utslepp. Klimapanelet ventar at utsleppa pr. innbyggjar i industriland vil vere tre gonger så høge som i utviklingslanda i 2030.

Snarlege tiltak mot avskoging er heilt nødvendig for å oppnå målet om at den globale middeltemperaturen skal halde seg under 2 grader i forhold til førindustrielt nivå. Klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog i utviklingsland (REDD) utgjer i følgje Klimapanelets vurderingar om lag 17 pst. av dei årlege globale utsleppa av klimagassar, og ein reduksjon i desse utsleppa er eit viktig og føremålstenleg tiltak i innsatsen mot global oppvarming. Det er relativt sett kostnadseffektivt og kan gi store og relativt raske utsleppsreduksjonar. Klimaforliket frå januar 2008 etablerte ei brei politisk semje om ei norsk satsing på inntil 3 mrd. kroner årleg for REDD.

Dei nasjonale utsleppa av klimagassar gjekk ned i 2008 og 2009, mykje som ei følgje av den økonomiske situasjonen, men òg som følgje av ny utsleppsreducerande teknologi. Men i 2010 auka utsleppa igjen med 4,8 pst. i forhold til året før og enda på 53,7 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, ifølgje førebelse tal frå klimagassrekneskapen til Statistisk sentralbyrå og Klima- og forureiningsdirektoratet. Veksten skuldast at både transport og industri har henta seg inn etter nedgangen under finanskrisa.

Politikk for å nå dei nasjonale måla

Regjeringas politikk på klimaområdet er i vesentleg grad basert på FN's klimapanel sine funn og vurderingar. Gjennom aktiv norsk deltaking i dei internasjonale klimaforhandlingane blir det søkt å oppnå semje om utsleppskutt på global basis. Som industriland har vi saman med dei andre industrilanda eit felles ansvar for å leie an i å redusere utsleppa i verda. I tillegg til at vi bør arbeide for å redusere utslepp utanfor eigne landegrensar, bør vi gjere noko med våre eigne utslepp. Det er nedfelt i Kyotoprotokollen under FN's Klimakonvensjon at tiltak i andre land (fleksible mekanismar) berre skal vere eit supplement til nasjonale utsleppsreduksjonar. Det er viktig at Noreg og andre rike land går føre og viser at det er mogleg å kombinere vekst i velstandsnivået med reduserte innanlandske utslepp. Derfor var det viktig å

fokusere på nasjonale klimatiltak og nasjonale klimamål i klimameldinga frå 2007 og klimaforliket i 2008. Eit fleirtal på Stortinget har òg stilt seg bak at det er eit langsiktig mål at Noreg skal bli eit lågutsleppsamfunn. Vidare står det i Cancúnavtala at alle land, både u-land og i-land bør lage planar for korleis dei skal bli lågutsleppsamfunn. Det er òg ein viktig del av dynamikken i dei internasjonale klimaforhandlingane å vise at vi har kontroll over eiga utsleppsutvikling gjennom nasjonale tiltak. For det første er det eit unisont krav frå u-landa at i-landa tek ansvar for eigne utslepp. For det andre er i-landa sine gjennomsnittsutlepp per innbyggjar langt over nivået for u-landa, noko som gjer det vanskelig å sjå for seg at forhandlingar for å få u-landa til å ta på seg reelle utsleppskutt vil kunne føre fram før vi gjer meir med eigne utslepp.

Resultatområdet omfattar arbeidet med å redusere utslepp og auke opptak av klimagassar, under dette karbondioksid (CO₂), metan (CH₄) og lystgass (N₂O), og F-gassar (HFK, PFK og SF₆). Departementet sitt arbeid med å redusere utslepp frå avskoging og utarming av skog i utviklingsland fell òg inn under dette resultatområdet. Under resultatområdet høyrer òg dei klimarelaterte konsekvensane av menneskeskapte utslepp av kortleva partiklar som for eksempel svart karbon (sot). Alle resultatområdet sine underområde er sektorovergripande utfordringar som krev samordning og forpliktande samarbeid på tvers av sektorane. Miljøverndepartementet har eit overordna ansvar for gjennomføringa av miljøpolitikken i tråd med vedtekne miljøpolitiske mål. I tråd med sektoransvaret har den enkelte sektor òg ansvar for implementeringa i sin sektor, men Miljøverndepartementet spelar ei viktig rolle som pådrivar- og koordinator overfor andre sektorar og aktørar.

Miljøverndepartementet har i tillegg ansvar for ei rekkje eigne verkemiddel i miljøpolitikken. Forureiningslova og klimakvotellova er sentrale verkemiddel innanfor resultatområdet.

Det viktigaste verkemidlet for å få redusert utsleppa av klimagassar i tråd med togradermålet er at verda kan einast om ei ny ambisiøs global avtale. Noreg arbeider for ei global ambisiøs og bindande avtale som skal avgrense veksten i den globale middeltemperaturen til to grader i forhold til førindustrielt nivå. Med referanse til FN's klimapanel går vi inn for at dei globale utsleppa skal nå sitt maksimum seinast i 2015 og reduserast med 50-85 pst. innan 2050 i forhold til 2000. Dette bør konkretiserast i form av mål om å redusere industrilanda sitt samla utslepp med 25-40 pst. innan 2020 og med 80-95 pst. innan 2050 i forhold til

1990. Vidare meiner Noreg at dei samla utsleppa i utviklingslanda bør reduserast med 15-30 pst. innan 2020 i forhold til korleis utviklinga elles ville bli, med ytterlegare reduksjonar deretter.

Prioriterte område for Noreg i klimaforhandlingane har blant anna vore:

- Ambisiøse utsleppsreduksjonar for alle store utsleppsland.
- Finansiell støtte til utsleppsreduksjonar og tilpassing i utviklingsland.
- Å vere leiande i arbeidet med å redusere avskoging i utviklingsland.
- Gode og robuste system for rapportering og overhalding av forpliktingar, og å få på plass nye internasjonale reglar for måling, rapportering og verifikasjon av klimagassutslepp.
- At internasjonal skipsfart skal bli ein del av eit nytt klimaregime.
- Utvikling av teknologi for fangst og lagring av CO₂ (CCS).

På bakgrunn av eit norsk initiativ vedtok FN's sjøfartsorganisasjon IMO i juli 2011 globale og juridisk bindande klimakrav til internasjonal skipsfart. Desse krava omhandlar krav til energieffektiv utforming av nye skip og krav til energieffektiv drift av alle skip. Krava vil tre i kraft 1. januar 2013. Etablering av desse krava er eit svært viktig resultat i vanskelege forhandlingar, og det er eit første steg i arbeidet med å redusere utslepp frå skipsfarten. Arbeidet i IMO vil gå vidare med sikte på vidare reduksjon av klimagassutslepp frå skipsfarten. I denne samanhengen vurderer ein blant anna marknadsbaserte instrument som til dømes eit kvotehandelsystem. Desse forhandlingane er svært utfordrande med stor usemje mellom land. Regjeringa vil halda fram Noregs rolle som pådriver i IMO's arbeid med reduksjon av klimagassutslepp frå internasjonal skipsfart.

Kyotoprotokollens første periode blir avslutta i 2012. Det er viktig å få på plass eit globalt klimaregime for tida etter 2012 som er miljøvist ambisiøst og med breiast mogleg deltaking. Industrilanda må gå føre i å ta på seg forpliktinga om kraftige utsleppsreduksjonar, fordi vi har økonomisk evne til å gå føre i kampen mot klimaendringar og fordi vi har eit historisk ansvar for klimautviklinga til no. Spørsmålet om industrilanda sine forpliktingar til utsleppsreduksjonar blir forhandla om både under Kyotoprotokollen og i forhold til ei ny og breiare avtale.

Noregs klima- og skogsatsing har blant anna vore viktig for å få ein internasjonal klima- og skogpartnerskap på plass som aktivt kan medverke til tiltak for redusert avskoging i mellom-

perioden fram til ny avtale. Regjeringas klima- og skogprosjekt er finansiert over løyvingar på Utanriksdepartementets budsjett. For nærare omtale sjå avsnittet *Noregs klima- og skogsatsing* seinare i kapitlet.

Vi treng ein velfungerande, global karbonmarknad for å dekkje investeringsbehova som oppstår ved omlegginga til eit meir klimavennleg samfunn. Dei fleksible mekanismane bidreg til å redusere klimagassutsleppa der det er minst kostnader knytte til å redusere utsleppa. For å unngå at det blir eit gap i karbonmarknaden etter 2012 er det viktig at dei fleksible mekanismane som i dag eksisterer under Kyotoprotokollen blir førte vidare etter 2012, og Noreg arbeider aktivt for å behalde desse mekanismane. Samtidig ønskjer vi å opne for nye fleksible mekanismar som kan ekspandere karbonmarknaden og bringe utviklingsland inn med eigne insentiv til å redusere utslepp.

Gjennom det statlege kvotekjøpsprogrammet som er etablert i Finansdepartementet bidreg Noreg til å utvikle marknaden for kvotehandling, jf. Prop. 1 S (2010-2011). Noreg vil framleis òg vere ein del av det europeiske kvotesystemet i kommande kvoteperiode som er frå 2013-2020. Kvotesystemet bidreg til kostnadseffektive utsleppsreduksjonar på tvers av Europa.

Generelle verkemiddel som CO₂-avgift og kvotesystem er sentrale økonomiske verkemiddel i den nasjonale klimapolitikken. Sektorovergripande økonomiske verkemiddel legg grunnlag for desentraliserte, kostnadseffektive og informerte tiltak, der forureinar betaler. Ein viser til avgiftspropisjonen frå Finansdepartementet for detaljane om CO₂-avgifta. Vi er no inne i andre fase av kvotesystemet; Kyotoperioden frå 2008 til 2012. Omtrent 40 pst. av norske utslepp er no omfatta av kvotesystemet. Noreg vil òg i neste fase av kvotesystemet (2013-2020) vere ein del av EUs kvotesystem (EU ETS). EU ETS vil etter 2013 vere langt meir harmonisert enn i dag. Om lag halvparten av norske utslepp vil vere omfatta av kvotesystemet frå 2013. Klima- og forureiningsdirektoratet har ansvaret for kvoterekneskapen som held oversikt over innleverte kvotar og om dei kvotepliktige bedriftene held kvoteplikta si. Dei har òg ansvaret for å utferde utsleppsløyve og tildele kvotar til dei kvotepliktige verksemdene etter heimel i klimavotelova og forureiningslova.

Vegtrafikk er ein av dei store bidragsytarane til norske utslepp av klimagassar. Utan nye tiltak er det venta sterk vekst i CO₂-utsleppa frå vegtrafikken. Biodrivstoff kan medverke til å få ned desse utsleppa. Samtidig held Regjeringa oppe fokus på å få ned trafikkveksten, på meir kollektivtrafikk,

på drivstoffgjerrige bilar, på alternative motorteknologiar, og på dei som sykklar og går. Det er fastsett forskriftskrav om at minimum 3,5 volumprosent av årleg omsett volum drivstoff til vegtrafikken skal bestå av biodrivstoff. FNs komité for berekraftig utvikling (CSD) er ikkje i mål med å fastsetje globale berekraftkriterium. EU arbeider med utvikling av kriterier, og for Regjeringa er det viktig at det blir utvikla gode berekraftkriterium som tek vare på miljøomsyn ved bruk av biodrivstoff.

Regjeringa har, i påvente av berekraftskriterium, inngått ei avtale med bransjen om utvida rapportering på biodrivstoff. Avtala sikrar dokumentasjon av kor biodrivstoffet kjem frå (sporing), og kva slag råstoff som biodrivstoffet stammar frå. Dette vil gi oss viktig kunnskap om klimagevinsten bruken av biodrivstoffet medfører, samanlikna med vanleg bensin og diesel.

Klima- og forureiningsdirektoratet har saman med aktuelle etatar og fagmiljø utvikla forslag til ein strategi for auka FoU på neste generasjons biodrivstoff, inkludert demonstrasjonsprosjekt. Vi viser elles til omtale om biodrivstoff i kapitla 8.3 og 9.2.2 i klimameldinga (St.meld. nr. 34 (2006-2007)) og i klimaforliket.

Regjeringa la i 2009 fram ei statleg planretningslinje for kommunal klima- og energiplanlegging. Denne gir signal om at kommunane i si kommuneplanlegging skal planleggje for reduksjonar i klimagassutslepp, energieffektivisering og miljøvennleg energiomlegging. Fylkeskommunen skal òg gjere denne typen planlegging innanfor sitt ansvars- og påverknadsfelt. Miljøvernforvaltninga si kartlegging om fylkeskommunane og kommunane har gjennomført første generasjons klima- og energiplanlegging, viser at dei aller fleste kommunane har gjennomført slik planlegging eller er godt i gang med det. I det vidare arbeidet er det sentralt for Regjeringa å vurdere verkemiddel som sikrar gjennomføring av planane om reduksjon av klimagassutslepp. Kommunane er viktige aktørar på dette området fordi dei kan påverke utsleppa frå ei rekkje sektorar, representere ei positiv drivkraft i klimaarbeidet, og vere ei viktig inspirasjonskjelde for kommunen sine innbyggjarar.

Dei rikspolitiske retningslinjene for samordna areal- og transportplanlegging skal leggest til

grunn for planlegginga. Hovudprinsippa er til dømes brukt i arbeidet med regional planstrategi for Oslo og Akershus.

Plan- og bygningslova krev at det i samband med utarbeiding av planer for utbygginga skal gjennomførast risiko- og sårbarheitsanalysar. Dette er eit viktig verkemiddel i arbeidet med klimatilpassing.

Klimapolitikken får òg konsekvensar for den eksisterande bygningsmassen. Potensialet for å spare energi i dei eksisterande bygningane er stort. Det er gjennomført fleire prosjekt relatert til dette, og arbeidet skal førast vidare i 2012. Det vil òg bli arbeidd med nye standardar for energirehabilitering, både i Noreg og i Europa, under leiing av Riksantikvaren.

Kampen mot klimaendringar og utfordringane med å dekkje energibehovet i verda er bakgrunnen for Regjeringa si satsing på fangst og lagring av CO₂. Ei vellukka satsing vil kunne gjere CO₂-handtering til eit sentralt verkemiddel i klimapolitikken. Regjeringas CO₂-handteringsprosjekt på Mongstad inneber meir enn å fange CO₂ frå gasskraftproduksjon i Noreg. Målsetjinga er at prosjektet på Mongstad skal medverke til teknologitvikling og reduserte kostnader på sikt, slik at erfaringsoverføring frå norske prosjekt til andre land vil bidra til å fremje CO₂-handtering internasjonalt. Miljøverndepartementet har i medhald av forureiningslova gitt utsleppsløyve for CO₂ frå kraftvarmeverket på Mongstad. Forureiningslova gir oss høve til å stille bestemte vilkår for utsleppsløyve. I utsleppsløyvet på Mongstad er det stilt krav om CO₂-handtering.

Aktuelle klimatiltak kan ha negative effektar for naturmangfald og andre viktige miljøverdiar. Det er etablert politikk at ein skal prioritere tiltak som har positiv effekt for å motverke klimaendringar og positiv eller akseptabel effekt for bevaring av naturmangfald og andre viktige miljøverdiar. Internasjonalt er Noregs satsing på bevaring av regnskog eit godt eksempel på eit slikt vinn-vinntiltak med positiv effekt både i klimasamanheng og for bevaring av naturmangfaldet. Også nasjonalt vil ein søkje å finne denne typen vinn-vinntiltak.

Boks 21.2 Klimaløftet

Som eit ledd i å styrkje formidling av informasjon og kunnskap om klima har Regjeringa sett i gang informasjonssatsinga Klimaløftet. Klimaløftet skal gjennom mange ulike tiltak bidra til auke klimakunnskap i befolkninga. Eit siktemål er å stimulere til meir klimavenleg åtferd.

Eit av tiltaka som blir vidareført i 2012 er satsinga på å få til fleire Redesign-arrangement i Framtidas byar. Dette er eit viktig tiltak for å setje fokus på gjenbruk og reduksjon av avfall.

Klimaløftet har lagt særleg vekt på å styrkje kunnskapsformidlinga om klimautfordringane, ved å satse på foredrag og kurs. Desse er retta mot elevar og lærarar i utdanningstrinnet frå ungdomsskule til vidaregåande skule. Dette har vore ei vellykka satsing.

Erfaringar frå lærarkurset Klimaklok og alle foredragskonseptane frå Klimaløftet er grunnlag for ei ny satsing i 2011. Seks unge studentar er rekrutterte og utdanna til miljøambassadørar og besøker hausten 2011 ungdomsskular og vidaregåande skular i heile landet med foredraget *Generasjon Grøn*. Dei presenterer foredrag om klimaendringane, om korleis Noreg kan bli eit lågutsleppssamfunn og korleis dei som er elevar i dag kan bidra. Klimaløftet vil fortsetje arbeidet retta mot skular og unge vaksne, og vil sjå på korleis ein kan utvide og utvikle arbeidet med foredrag til skulane. I 2012 vil ein òg vurdere nye tiltak for å arbeide med formidling i skulen.

Klimaløftet sitt handlingsprogram for bedrifter er framleis ei viktig starthjelp for bedrifter som ønskjer å komme i gang med sitt klimaarbeid. Bedriftene utgjør også eit nettverk som utvekslar erfaringar og inspirerer kvarandre i klimaarbeidet. Klimaløftet skal òg vere ein interessant samarbeidspart, støtte gode prosjekt, byggje nettverk og finne fram til nye samarbeid.

Nettsida www.klimaløftet.no er sentral i alle kommunikasjonstiltaka.

Det finst fleire avtaler mellom næringa og styresmaktene for å avgrense utslepp. I 2009 vart det undertekna ei avtale mellom Norsk Industri og Miljøverndepartementet. I medhald av denne avtala skal dei årlege utsleppa frå den ikkje-kvotepliktige delen av prosessindustrien avgrensast til 6,2 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i perioden 2008-

2012. I 2008 var utsleppa 6,6 mill. tonn, mens utsleppa i 2009 og 2010 høvesvis var på om lag 5 og 5,35 mill. tonn.

Det er innført ei avgift på produksjon og import av HFK og PFK. Ein viser til avgiftsproposisjonen frå Finansdepartementet for detaljane om denne avgifta. Avgifta er supplert med ei refusjonsordning for brukt HFK og PFK som blir levert inn til destruksjon. Avgifta og refusjonsordninga skal saman bidra til å motverke at ozonreducerande gassar som blir fasa ut blir erstatta av klimagassane HFK og PFK, i staden for meir miljøvennlege alternativ. Sjå òg omtale under kapittel 1441 post 76 Refusjonsordningar.

EU har vedteke ei forordning (EF) nr. 842/2006 (F-gassforordninga) med underforordningar som regulerer dei fluorerte klimagassane HFK, PFK og SF₆ gjennom blant anna importrestriksjonar og krav på lekkasjetesting og sertifisering av teknisk personell. Forordninga vart implementert i Noreg i 2010 og sertifiseringsorgan vart utnemnt i 2011. Ein siktar mot å ha alle relevante aktørar sertifiserte innan midten av 2013.

Boks 21.3 Kva er forskjellen mellom kvotesystemet og CO₂-avgifta?

Kvotesystem og CO₂-avgiftssystem er begge effektive verkemiddel i klimapolitikken, men med enkelte viktige skilnader. I eit kvotesystem fastset styresmaktene den totale utsleppsmengda av klimagassar som nærare oppgitte verksemdar har lov til å sleppe ut i ein viss periode. Kvotemengda utgjør då eit øvre tak for utsleppa, og prisen på kvotane blir bestemt i marknaden. CO₂-avgifta gir ein føreseieleg pris på utsleppa, men ein set ikkje eit øvre tak for utsleppa på same måten som i eit kvotesystem. Sidan Noreg tek del i det europeiske kvotesystemet er det, til forskjell frå CO₂-avgifta, ikkje sikkert at utsleppseffekten av kvotesystemet skjer i Noreg. Den kan like gjerne skje i Polen eller Tyskland. Det betyr at vi med eit kvotesystem ikkje har like god kontroll på effekten i Noreg, men til gjengjeld veit vi den totale utsleppseffekten i systemet, og det blir lagt til rette for kostnadseffektive utsleppsreduksjonar på tvers av Europa. Kvotesystemet er relativt nytt i faktisk bruk i Noreg og elles i verda. Vi må derfor sjå på kvotesystemet som eit system under utvikling med potensial til å bli eit endå meir effektivt og viktig verkemiddel for å redusere våre utslepp av klimagassar.

På område som er underlagt generelle verkemiddel, er Regjeringas utgangspunkt at ein som hovudregel skal unngå ytterlegare regulering. Samtidig vil Regjeringa vidareføre den moglegheita vi har i dag til å nytte andre verkemiddel i tillegg til kvotar og avgifter, også i desse sektorane. Petroleumssektoren er eit eksempel på dette sidan den er underlagt kvoteplikt i tillegg til å betale CO₂-avgift.

For arbeidet under resultatområdet utgjer budsjettmidlar til faglege utgreiingar, forskning og miljøovervaking eit viktig og nødvendig grunnlag. Regjeringa går inn for å styrkje klimarelatert forskning, og vil prioritere overvaking av klimaprosessar og konsekvensar av klimaendringar i nordområda. Sjå nærare omtale om klimaforskning i kapitlet om kunnskap og forskning.

Miljøverndepartementets viktigaste etat innan resultatområdet er Klima- og forureiningsdirektoratet. Driftspostane til desse finansierer personell og innkjøp av varer og tenester som er naudsynte i forvaltninga.

I 2008 gav Miljøverndepartementet Klima- og forureiningsdirektoratet i oppdrag å leie ei etatsgruppe som skulle vurdere behovet for nye eller endra verkemiddel i norsk klimapolitikk. Kjernen i etatsgruppa, som fekk namnet Klimakur 202 0, bestod i tillegg til Klima- og forureiningsdirektoratet av Noregs vassdrags- og energidirektorat, Statens vegvesen, Statistisk sentralbyrå og Oljedirektoratet. Kjernegruppa trekte òg inn andre sentrale aktørar og relevante fagmiljø som for eksempel Husbanken, Sjøfartsdirektoratet, Statens byggtkniske etat og Norsk institutt for skog og landskap.

Faggruppa har vurdert i kor stor grad eksisterande verkemiddel medverkar til å nå Noregs mål for nasjonale utsléppskutt og behovet for nye/endra verkemiddel, knytt til målet om å redusere utsleppa i Noreg i 2020 med 15-17 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i forhold til referansebana når skog er inkludert. Samtidig ønskte ein å finne verkemiddel som er styringseffektive og kostnadseffektive på lenger sikt. Meir informasjon om gruppa sitt arbeid er tilgjengeleg på www.klimakur.no. Utgreiinga vart lagt fram 17. februar 2010, og vil vere ein del av grunnlaget for Regjeringas vurdering av klimapolitikken. Denne vurderinga av klimapolitikken var tidlegare varsla hausten 2011. Regjeringa har no bestemt å komme tilbake til Stortinget med ei klimamelding i 2012.

Kunnskap som bidreg til eit heilskapeleg bilete av kva klimaendringane vil bety for Noreg er viktig for å kunne utvikle tilpassingsstrategiar og avgjere korleis vi best kan tilpasse oss. Regjeringa arbeider derfor for å få fram meir kunnskap

om klimaendringane og klimatilpassing ved å utvikle og leggje til rette kunnskap om klimaendringane og effektar i Noreg, og å ivareta omsynet til klimatilpassing i relevante forskingsprogram.

I november 2010 vart det levert ei offentleg utgreiing om det norske samfunnet si sårbarheit og behov for tilpassing til klimaendringane. Utgreiinga hadde i mandat å gjere greie for kva klimaendringane betyr for Noreg, og gi råd om korleis styresmakter og andre best kan gå fram for å førebyggje negative verknader av desse endringane på menneske, samfunn og miljø. Høve til auka verdiskaping som følgje av klimaendringane skulle òg belystsast. NOU 2010:10 *Tilpassing til eit klima i endring - samfunnet si sårbarheit og behov for tilpassing til konsekvensar av klimaendringar* konkluderer med at Noreg har eit godt utgangspunkt for å møte dei utfordringane eit endra klima kan gi. Utvalet understrekar at føresetnaden for at Noreg skal vere robust i framtida er at arbeidet med tilpassing tek til no. Særleg gjeld dette investeringar med lang levetid.

Utgreiinga om Noregs sårbarheit for klimaendringar og tilpassingsbehov vil bli følgt opp av ei Stortingsmelding i 2012. Stortingsmeldinga vil gjere greie for konsekvensar av klimaendringar for natur og samfunn og Noregs sårbarheit overfor desse. Eit viktig mål med stortingsmeldinga er å leggje til rette for at sektorane og fylke og kommunar kan ta ansvar for tilpassing innan sine ansvarsområde. Klargjering av roller og ansvar, og utgreiing av moglege virkemiddel for å stimulere til klimatilpassing vil utgjere hovudelement.

Fordi utfordringane klimaendringane stiller oss overfor er svært samansette er det viktig med samarbeid og kunnskapsutvikling på tvers av fagområde, disiplinær og administrative nivå. Regjeringa arbeider derfor for å stimulere til samordning, informasjon og kompetanseutvikling, blant anna gjennom nettportalen *Klimatilpassing Noreg* (www.klimatilpassing.no).

Det er viktig at alle som har ansvar for langsiktige investeringar innarbeider rutinar for å ta omsyn til klimaendringane i relevante avgjerdsprosessar. Kommunane er ein heilt sentral aktør i dette arbeidet. I plandelen av plan- og bygningslova, som tredde i kraft i juli 2009, blir det gitt nye verkemiddel for styring av arealbruk og transport, energibruk og miljøvennleg energiomlegging. Kommunane skal gjennom sårbarheitsanalysar og utvikling av beredskapsplanar førebyggje mot og sikre innbyggjarane ved ekstremvær, slik som flaum, overfløyning, skred og orkanar. I tillegg skal det takast omsyn til konsekvensar av havstigning i arealplanlegginga.

Miljøverndepartementet har som miljø- og planleggingsstyresmakt eit serskilt ansvar for å samordne og formidle den nasjonale miljøpolitikken og arealpolitikken. I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging vedtekne i juni 2011, er tilpassing til klimaendringar eit tema under kapitlet om klima og energi. Departementet har også eit særskilt arbeid retta inn mot byutvikling. For å sikre at politikktutforming og verkemiddel blir mest mogleg treffsikre i forhold til utfordringane, driv departementet utviklingsarbeid i samarbeid med byane og andre aktørar. Programmet Framtidas byar er eit breitt samarbeid mellom dei 13 største byane, KS, fire departement og næringslivets hovudorganisasjonar, der eitt av innsatsområda er tilpassing til klimaendringar. Ein viser til resultatområdet for nærare omtale.

Effektane av klimaendringane for naturgrunnlaget vil venteleg bli store, og av den grunn vil miljøvernforvaltninga innrette og auke innsatsen på dette feltet i åra som kjem.

Norsk polarinstitutt har store delar av verksemda si retta mot å kartleggje klimaendringane og konsekvensane av oppvarminga i Arktis. Den kunnskapen instituttet produserer spelar ei avgjerande rolle i forståinga av klimaendringane og korleis desse verkar på økosystema og istilhøva i nordområda og i Antarktis.

Direktoratet for naturforvaltning, Statens strålevern og Klima- og forureiningsdirektoratet følger derfor utviklinga nøye, blant anna ved å tilpasse og å auke miljøovervakinga på dette området. Formålet er å fange opp uheldige endringar så tidleg som mogleg, og setje i gang tilpassingstiltak der det er nødvendig. Innanfor avløpssektoren har Klima- og forureiningsdirektoratet til dømes tidlegare utgitt ein rettleiar om korleis kommunar og andre med ansvar på dette området kan innarbeide omsynet til klimaendringane.

Behovet for vedlikehald og istandsetjing av kulturminne vil auke som følge av klimaendringane. Kulturminna er òg ei kjelde til kunnskap, om korleis klimaet har påverka byggjeskikkar i ulike delar av landet, og korleis ulike byggjeskikkar har takla store naturlege klimavariasjonar langt tilbake i tid. Denne kunnskapen er ein viktig ressurs som bør bringast inn i arbeidet med å finne gode løysingar for tilpassing til klimaendringar i framtida. Riksantikvaren har fått utført ei undersøking som viser at det er mogleg å oppnå vesentleg energisparing ved akseptable tiltak også for verneverdige busetnad. Bruk av eksisterande bygningsmasse reduserer ressursbruken. Resultata understrekar òg betydninga av å bruke miljøvennlege material ved nybygging.

Klimaendringane påverkar miljøet i eit samspel med andre typar miljøpåverknad som forureining, naturinngrep og hausting. Når klimaet endrar seg raskt vil den samla påverknaden av økosystem og arter bli større. Dette understrekar behovet for ei forvaltning som ser lokal verksemd, klimaendringar og andre ytre påverknadsfaktorar i samanheng, og som tek sikte på å avgrense den samla belastninga på miljøet. Ei viktig utfordring blir å fange opp miljøendringar tidleg, utvikle verkemidla vidare og setje i verk tiltak i tide. For å lykkast med dette er det viktig med god kunnskap om korleis ulike arter og økosystem direkte og indirekte blir påverka av klimaendringane, og korleis klima samverkar med annan miljøpåverknad.

Det overordna målet er at omsynet til klimaendringane blir ein naturleg del av miljøvernforvaltninga sitt arbeid. Det inneber:

- beskrive konsekvensane av klimaendringane og kartleggje dei mest aktuelle fagområda.
- identifisere tilpassingstiltak som medverkar til at miljøvernforvaltninga når målsetjingane på prioriterte område innanfor naturvern, redusert forureining og kulturminnevern.

For dei aktuelle fagområda må det vurderast konkrete tiltak for å motverke negative effektar av klimaendringane, og utnytte eventuelle moglegheiter.

Klimatilpassing er ei gjennomgripande utfordring som rammar på tvers av fagområde og tradisjonelle organisasjonsvise skiljelinjer. Interne nettverk for dei som arbeider med tilpassing i ulike delar av verksemda kan derfor vere verdifulle, for å sikre erfaringsutveksling og eit fagleg miljø omkring dei utfordringane som er felles.

Noregs klima- og skogsatsing

Redusert avskoging og degradering av skog i utviklingsland er i følge FNs klimapanel eit kostnadseffektivt verkemiddel for å redusere utslepp av klimagassar og bevare naturmangfald. Innsatsen mot avskoging har i tillegg til ein klimavinst òg eit potensial for å medverke til berekraftig utvikling og kamp mot fattigdom. I tråd med klimaforliket frå 2008, vil ein frå norsk side halde fram med å vere ein aktiv aktør for å sikre internasjonal oppslutning om reduserte utslepp frå avskoging og degradering av skog i utviklingsland (REDD+).

Den grunnleggjande utfordringa er at det framleis er meir innbringande å hogge skogen enn å la den stå. Denne marknadssvikten kan berre løysast gjennom ei internasjonal avtale og finansieringsmekanisme som syter for at skogen blir verdisett i

samsvar med den tenesta den utfører som globalt karbonlager. Inntil ei slik avtale er på plass, vil risikoen for lekkasje, dvs. at redusert avskoging ein stad fører til auka avskoging ein annan stad, vere betydeleg. Ei global avtale er òg avgjerande for å sikre at nedgangen i avskoging varer ved over tid. Utviklingslanda må sikrast tilstrekkeleg og føreseieleg økonomisk kompensasjon for å ha eit stort nok insitament til å gjere djuptgripande endringar i forvaltninga av skogressursane sine.

Skogtiltak må sjåast i samanheng med overordna strategiar for berekraftig utvikling og kamp mot fattigdom. Avskoging varierer i takt med globale råvareprisar, og sterke nasjonale og internasjonale kommersielle aktørar er aktivt involverte i avskoging. Kapasiteten i offentleg administrasjon må styrkjast i mange land. Korrupsjon og dårleg styresett er viktige årsaker til ulovleg avskoging, og vil gjere implementering av programma utfordrande. Mange av skoglanda er eller har nyleg vore i konflikt; lovverk knytt til eigedomsforhold og råderett over skogen er i mange land dårleg utvikla eller følgt opp; og ulovleg hogst og handel med tømmer er eit stort problem. Dette går i dag ut over dei som bur i og rundt skogen og som er direkte avhengige av den for å kunne overleve.

Eit sentralt element i risikohandteringa som er lagt til grunn for arbeidet er fasetilnærminga som vart vedteken i 2010 under FNs klimakonvensjon. Før landa får tilgang til storskala resultatbasert finansiering får dei støtte til å gjennomføre tiltak for betra styresett og auka kapasitet til god skogforvaltning. Faren for misbruk av norske midlar er òg søkt redusert gjennom å nytte institusjonar som Verdsbanken, Afrikabanken, FNs utviklingsprogram og Den brasilianske utviklingsbanken. Desse institusjonane har brei kompetanse og lang erfaring i å handtere utviklingsmidlar på ein trygg måte. Ved å leggje vekt på godt styresett, institusjonsbygging, å vere open og gi innsikt i pågåande prosessar og lokal medbestemming kan initiativet òg setje i gang prosessar som fører til betre kontroll med utnyttinga av naturressursane og styrking av lokaldemokratiet. Menneskerettsaspektet står sentralt og Noreg har vore ein aktiv pådrivar for at det sivile samfunn, inkludert urfolk, skal delta i utvikling og gjennomføring av nasjonale REDD+-prosessar. Kvinners tradisjonelle rolle og bruk av skogressursane gjer at dei er ekstra utsette for endringar i skogdekket og i den lokale skogforvaltninga. Erkjenninga av dette, og kvinner si betydning som kunnskapsrike aktørar for ei berekraftig skogforvaltning, må medføre at ein aktivt må medverke til at de blir sikra deltaking i dei nasjonale REDD+-prosessane.

For ein meir utdjupande gjennomgang av bakgrunnen for klima- og skogprosjektet, og mål, strategiar og risiko, viser ein til St.prp. nr. 1 (2008-2009) og Melding til Stortinget nr. 14 (2010-2011).

Mål

Føremålet med innsatsen mot avskoging og degradering av skog i utviklingsland er å medverke substansielt til kampen mot globale klimændringar. Klimamåla vil derfor vere avgjerande for vedtak om igangsetjing av samarbeid og for omfang, vidareføring, avslutning eller endring av støtte. Å medverke til berekraftig utvikling og kamp mot fattigdom er eit overordna mål for norsk utanriks- og utviklingspolitikk. I tillegg til klimamåla er dette derfor eit naturleg overordna mål for innsatsen. I arbeidet for å nå dei ulike måla er det ei målsetjing at klimapolitikken og utviklingspolitikken skal vere gjensidig underbyggjande. Dette er i tråd med Regjeringas handlingsplan for miljøretta utviklingssamarbeid.

Løyvinga skal nyttast til å støtte tiltak som er i tråd med følgjande klimamål:

- Medverke til at utslepp frå avskoging og degradering av skog i utviklingsland (REDD+) blir omfatta av ei ny internasjonal klimaavtale.
- Bidra til kostnadseffektive tidlege og målbare reduksjonar i utslepp av klimagassar og degradering av skog i utviklingsland.
- Bidra til å bevare naturskog i utviklingsland for å sikre denne skogen si evne til å lagre karbon.

Løyvinga blir foreslått brukt blant anna innan følgjande satsingsområde:

- støtte dei multilaterale organisasjonane sin innsats for utvikling og implementering av nasjonale REDD-strategiar, mekanismar for lokal deltaking og overvakingssystem, og implementering i felt og resultatbaserte modellar;
- halde fram med betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar til Brasil gjennom den brasilianske utviklingsbanken. Midlane går til Amazonasfondet sine prosjekt for å redusere avskoginga;
- vidareutvikle støtta til Indonesia, primært gjennom utviklinga av ein permanent, resultatbasert finansieringsmodell for sektorstøtte for REDD+ og resultatbasert støtte til tiltak for reduserte utslepp frå avskoging, ulovleg hogst og øydelegging av karbonrike torvmyrar hovudsakleg i pilotprovinsen Sentral-Kalimantan;
- støtte Tanzanias utvikling av ein nasjonal REDD-strategi, pilotprosjekt for å samle meir

- kunnskap og erfaring og støtte til forskning og oppbygging av kompetanse;
- vidareutvikle samarbeidet med Guyana, der resultatbasert støtte blir kanalisert gjennom multilaterale organisasjonar for gjennomføring av tiltak innan landet sin lågkarbonstrategi;
 - vidareføre eit fagleg samarbeid med Mexico, særleg innan utvikling av metodar og system for måling og overvaking av utslepp frå skogsektoren. Dette skal styrkje eit sør-sør-samarbeid mellom Mexico og andre interesserte skogland;
 - gi auka fokus på Kongobassenget, verdas nest største regnskogsområde etter Amazonas. Noreg ønskjer å spele ei konstruktiv rolle i arbeidet for betre koordinering og ein meir heilskapleg strategi i regionen. I tillegg er Mekong-regionen eit sentralt regnskogsområde som vil kunne prioriterast med ein auke i klima- og skogsatsingars budsjett;
 - halde fram med støtta gjennom Norad til sivile samfunnsorganisasjonar med pilotprosjekt og metodeutvikling som kan medverke til innhenting av erfaringar frå felt, gi innspel frå sivilt samfunn for å sikre berekraftige nasjonale strategiar, og sikre at lokale grupper sine interesser og rettar blir tekne vare på;
 - føre vidare finansiering av den uavhengige følgjeevalueringa som vart initiert av Klima- og skoginitiativet, for å framskaffe uavhengig dokumentasjon av resultat og erfaringar slik at ein kan lære og gjere nødvendige justeringar. Hovudfunn i dei første evalueringsrapportane er gitt att i rapportdelen nedanfor.
 - vurdere mulighetene for å gå inn i eit utvida klima- og skogpartnerskap med nokon utvalde afrikanske land som viser politisk engasjement og stor interesse for REDD+.

Innanfor alle desse områda vil det bli arbeidd systematisk for å oppnå tilskotsposten sitt overordna mål og minimere og handtere dei nemnde risikoane. I tillegg vil det bli nytta midlar, også over driftsbudsjettet, for å støtte opp under internasjonal innsats for å etablere ein mest mogleg effektiv REDD-mekanisme under Klimakonvensjonen. Noreg vil arbeide for medverke til å utvikle global konsensus om REDD+ som eit viktig klimatiltak med ei rekkje positive tilleggseffektar. Noreg vil fortsetje å vere ein aktiv internasjonal aktør og Regjeringa vil trappe opp den norske støtta til tre milliardar kroner årleg. Dette vil mogleggjere betydelege bidrag til dei internasjonale prosessane og institusjonane, og å utvide satsinga.

For å nå togradermålet, er det viktig at støtte til REDD+ blir resultatbasert. Dette stiller nye

krav til utforming av finansieringsmekanismane globalt og nasjonalt. Nasjonalt må skoglanda ta ansvar for fordeling av inntekter frå REDD+ i tråd med nasjonale strategiar og prioriteringar. Noreg som givarland må akseptere at ofte vil betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar til eit land skje før prosjektporteføljen deira er klar. Internasjonalt blir det arbeidd med eit Grønt Klimafond. Parallelt med utviklinga av dette klimafondet vil initiativet fortsetje arbeidet med å etablere resultatbaserte nasjonale fondsmekanismer som tek vare på behovet for auka eigarskap kombinert med robust miljømessig, sosial og finansiell kvalitetssikring.

Etter kvart som initiativet i stadig større grad kjem inn i ein implementeringsfase, vil blant anna forholdet til utsleppsreducerande tiltak i andre sektorar og koplinga mot ein heilskapleg klimavennleg energi- og landbrukspolitik bli viktige tema. Ei slik breiare nasjonal tilnærming vil vere ein sentral del av oppfølging av den følgjeevalueringa som vart gjennomført i 2010. Det vil òg bli viktig å leggje til rette for at privat sektor kan medverke til å finansiere REDD+ og grøn utvikling. Utan privat kapital vil det bli veldig vanskelig å mobilisere nok ressursar til ein fungerande REDD-mekanisme. Initiativet vil følgje opp tilrådinga i evalueringa om å vurdere ulike modellar for samarbeid med privat sektor, både gjennom FCPF's karbonfond og bilaterale samarbeid. Gjennom klima- og skogsatsinga, regjeringens internasjonale energi- og klimainitiativ, klimatilpassa landbruk og annan klimarelatert bistand gir Noreg betydelege bidrag til utsleppsreduksjonar, klimatilpassing og bærekraftig utvikling i en rekke utviklingsland. Det blir stadig viktigere å sikre en helhetlig og strategisk tilnærming i norsk klimabistand og til 'grøn vekst' i utviklingsland. Det vil bli arbeidd aktivt for å bidra til å utvikle global konsensus om REDD+ som eit viktig klimatiltak med ei rekkje positive tilleggseffektar.

Rapport 2010

Det vart brukt om lag 2 711,76 mill. kroner til Klima- og skoginitiativet. Av dette vart 1 257,3 mill. kroner avsett som gjeldsbrev til Den brasilianske utviklingsbanken. Dette er midlar som er sette av i forhold til Brasils måloppnåing om redusert avskoging, og som i tida framover vil bli nytta til utviklingstiltak som kan bidra til ytterlegare reduksjonar i klimagassutslepp. I tråd med Stortingets føresetnader for satsinga, har mykje av arbeidet vore retta mot å etablere tilfredsstillande mekanismer både internasjonalt og i det enkelte land som kan handtere store overføringar til skog-

tiltak på ein trygg måte. Dette har vore viktig både for å sikre gode kanalar for den norske innsatsen, men òg for å gjere det lettare for andre land å bidra på området. Norsk innsats for REDD+ har gitt gode eksempel på korleis resultatbasert samarbeid mellom industriland og utviklingsland kan fungere, og har vore viktig for å drive den internasjonale agendaen på området framover. I tråd med målsetjinga om at klima- og skoginitiativet skal bidra til at REDD+ blir omfatta av ein ny internasjonal klimaavtale, har ein frå norsk side spela ei sentral rolle på dette området på fleire måtar. Den globale REDD+-partnarskapen vart etablert på Klima- og skogkonferansen i Oslo i mai 2010, og har medverka til eit styrkt internasjonalt samarbeid om REDD+. Omlag fire milliardar amerikanske dollar er blitt lova frå givarlanda si side til REDD+ i perioden 2010 – 2012.

Under klimaforhandlingane i Cancún i desember 2010 oppnådde ein ei historisk semje om å opprette ein mekanisme for REDD+. Svært viktige element, som Noreg har kjempa hardt for både i forhandlingane og gjennom klima- og skogsat-

singa, vart vedtekne. Blant anna vart det oppnådd semje om at tiltak for å redusere klimagassutslepp frå skog òg må omfatte eit system for å sikre bevaring av naturskog, folkeleg deltaking, respekt for lokalbefolkninga si rolle og for urfolksrettar, og forsvarleg forvaltning. Det vart bestemt at REDD+ skal implementerast i tre fasar der landa først får støtte til kapasitetsbygging og strategiutvikling. Over tid skal det utelukkande givast resultatbaserte overføringar, og storskala støtte skal givast på nasjonalt nivå. Viktige uteståande spørsmål er korleis REDD+ over tid skal finansierast og institusjonaliserast, og kor mykje kvart land skal betalt for resultat gjennom fastsetjing av referansebaner for utsleppa. Det vil ta tid å etablere ein fullt ut fungerande mekanisme for resultatbasert støtte for redusert avskoging i alle tropiske skogland, men vedtaket om skog i Cancún var eit viktig første steg som blant anna vil fungere som ei rettesnor for arbeidet i den internasjonale skogpartnarskapen og i dei multilaterale og bilaterale programma.

Boks 21.4 Multilateralt samarbeid

FAO, UNEP og UNDP gjekk i 2008 saman om UN-REDD-programmet, som har aktivitetar på globalt nivå ved utvikling av metodar, retningslinjer og rettleiing, og på nasjonalt nivå ved støtte til planlegging og gjennomføring av REDD+ i første omgang i ni pilotland. Det vart gitt ei støtte på 200 mill. kroner til programmet i 2010, som i løpet av året utvida aktivitetane sin både tematisk og geografisk. Det er stor interesse frå utviklingslanda for å delta (totalt 29 land, av desse er 12 land godkjende for støtte) og fleire givarar deltek (Danmark og Spania er med, mens Sveits, Japan og EU-kommisjonen har vist interesse for å delta).

Verdsbanken er vertskap for Forest Carbon Partnership Facility (FCPF), der no 37 skogland og 16 givarland, og privat sektor, sivilt samfunn og urfolk er med. Programmet består av to fond – eit «kapasitetsbyggingsfond» og eit «karbonfond». I Kapasitetsbyggingsfondet fekk ti nye land sine forslag vurderte som gode nok til å få støtte. Planane analyserte dei direkte drivkreftene og underliggjande årsakene bak avskoging og utfordringar når det gjeld styresett, og presenterte strategiar med moglege tiltak for å motverke drivkreftene. Det vart informert om konsultasjonsprosessar, mekanismar for inkludering av urfolk og lokalsamfunn, og klagemekanismar for dei som tiltaka kan verke negativt for. Planane analyserte moglege risikomoment og strategi for å minimere og handtere desse. Det vart òg beskrive system for rettferdig fordeling av framtidig resultatbasert støtte, presentert planar for oppretting av overvakingssystem for avskoging, og korleis sentrale departement skal arbeide saman og organisere REDD-arbeidet på landnivå og lokalt.

Skoginvesteringsprogrammet (FIP) er eit samarbeid mellom dei multilaterale utviklingsbankane administrert av Verdsbanken. Fondet gir økonomisk støtte til investeringar som kan motverke drivkreftene bak avskoging og bidra til berekraftig skogforvaltning.

UN-REDD-programmet identifiserte i 2010 prioriterte arbeidsområde som speglar institusjonane sin kompetanse. Dette omfatta utfordringar når det gjeld styresett, inkludering av lokal-

samfunn, urfolk og andre sentrale aktørar i REDD+, rettferdig fordeling av ressursar, kartlegging og overvaking av skogområde og deira karbonressursar, ivaretaking av biologisk mangfald og økosystemfunksjonar, og grøn økonomi. UN-REDD-programmet har særleg komme langt i Vietnam.

FCPF har oppretta eit svært godt og inkluderande system for å vurdere landa sine planar, og for å hjelpe landa til å betre planane. Ein bestemte i 2010 å teste ei opning av fondet for regionale utviklingsbankar og UNDP, UNEP og FAO til å administrere støtta. Verdsbankens styre har no godkjent nye prosedyrar for sosiale og miljømessige sikringsmekanismar. I 2010 vart det òg gjort stor framgang i utforming av Karbonfondet. Fondet skal prøve ut ulike modeller for betaling for reduserte utslepp i om lag fem land, på nasjonalt og provinsnivå. Før REDD-mekanismen under klimakonvensjonen er operasjonell er Karbonfondet den einaste multilaterale kanalen for resultatbasert støtte, og eit godt forum for partnerskap med privat sektor. Noreg har lova opptil 600 mill. kroner til fondet frå 2012, utover dei 55,9 mill. kronene i 2010.

FIP mottok 285 mill. kroner i 2010. FIP kan spele ei viktig rolle i ein overgangsfase og vise korleis REDD+ kan lykkast i dei åtte pilotlanda – Brasil, Indonesia, DR Kongo, Mexico, Peru, Laos, Ghana og Burkina Faso – som vart valt inn i 2010. Det er for tida sju givarland og totalt har fondet løfter om ca. USD 550 mill. FIPs innsats skal byggje på strategiarbeidet i FCPF og UN-REDD-programmet. Dei første investeringsplanane vil leggjast fram i 2011.

Noreg har, som ein av dei største og mest aktive givarane til initiativa nemnde ovanfor, vore ein pådrivar for at desse har utviklet eit tett og godt samarbeid. Initiativa samarbeider godt både på nasjonalt og internasjonalt nivå, og utnyttar ulike kompetanse og kapasitet i institusjonane. Slik unngår ein overlappande aktivitetar og hindrar at samarbeidslanda blir påførte unødige administrative byrder. Det blir òg arbeidd med å etablere felles miljømessige og sosiale sikringsmekanismar.

Kongobassenget er verdas nest største regnskogsområde etter Amazonas, og DR Kongo har meir enn 60 pst. av skogen i området. Det er viktig at Afrika får støtte til REDD+, både av klima- og utviklingsmessig grunnar. Den norske støtta til Kongobassenget er kanalisert gjennom FN, Verdsbanken og Den afrikanske utviklingsbanken (til Congo Basin Forest Fund, CBFF) og sivilsamfunn. Det gjekk 160 mill. kroner til CBFF i 2010. Det har vore reist ein del kritikk mot Afrikabanken for å vere treg. Evalueringa viser likevel til at klima- og skoginitiativet gjennom desse partnerskapa i bassenget har medverka til rask og effektiv igangsetjing av REDD+-prosessen. Mykje er oppnådd på kort tid, men REDD+-agendaen i DR Kongo er framleis i ein tidleg fase og det vil endå ta noko tid før ein kan starte opp med resultatbaserte utbetalingar.

Brasil har i dei siste åra redusert avskoginga i Amazonas-regionen betrakteleg. I tråd med Amazonas-fondets resultatbaserte logikk har Noreg til no sett til side høvesvis 100 mill., 600 mill. og 750 mill. kroner for utsleppsreduksjonar i perioden 2008-2010. Det vart i 2010 utbetalt 169,26 mill. kroner til Den brasilianske utviklingsbanken for støtte til Amazonas-fondet. I tillegg vart det avsett 1 257,3 mill. kroner i to gjeldsbrev for opptente midlar, det vil bli trekt på desse midlane over fleire år. Tyskland kom inn som nye givar i fondet i 2010. Evalueringsrapporten gir brasilianske styresmakter æra for framgangen i Brasils innsats for reduserte utslepp frå avskoging i Amazonas-regionen, og understrekar samtidig at den vurderer Klima- og skoginitiativets resultatbaserte støtte til fondet som ein viktig motivasjonsfaktor til politikkkutforminga innan REDD+ i Brasil. Det norske bidraget er vurdert som svært relevant, både for nasjonal måloppnåing og i forhold til forhandlingsprosessane. Samtidig er situasjonen i Brasil i stadig utvikling, og kreftene som ønskjer å auke avskoginga er sterke.

Indonesia annonserte under G20-møtet i 2009 at landet vil redusere utsleppa av klimagassar med 26 pst. i forhold til venta utsleppsnivå for eigne midlar og 41 pst. med internasjonal støtte. Indonesia står for dei tredje største utsleppa av klimagassar i verda. 80 pst. kjem frå avskoging og oppdyrking av torvmyrar. Noreg gav ei intensjonserklæring i mai 2010 med Indonesia om REDD+, inndelt i tre fasar. Som støtte til første fase gav Noreg 180 mill. kroner i 2010 gjennom UNDP for kapasitets- og institusjonsbygging. Noreg har òg eit samarbeid med Indonesia om styresett, noko som støttar opp om skogsatsinga. Evalueringa som det er vist til over konkluderer med at støtta er svært

relevant for Indonesias strategiske prioriteringar og politikk innan REDD+, for Indonesias løfter om utsleppskutt og for Noregs målsetjingar for REDD+. Sjølv om intensjonsavtala er karakterisert som ein mogleg «game changer» for REDD+ i Indonesia, er det enno for tidleg å rapportere konkrete resultat ut over kapasitets- og institusjonsbygging. Politisk forankring og aktiv støtte frå andre givarland til reformagendaen vil bli avgjerande for sjansane til å lykkast med å redusere utsleppa frå skog.

Ei intensjonsavtale om samarbeid vart inngått med Guyana i november 2009. Guyana er eit land med låg avskoging som ønskjer å bruke inntekter frå REDD+ til å finansiere landets lågkarbonstrategi. Noreg har via eit fond administrert av Verdsbanken – der Den interamerikanske utviklingsbanken og FNs utviklingsprogram i hovudsak vil stå ansvarleg for forvaltning av avtalene og kvalitetssikringa av prosjekta, i 2010 overført 175 mill. kroner til Guyana. Evalueringa viser at støtta har stimulert og bygt opp under den nasjonale eigarskapen til REDD+-agendaen, men at det enno ikkje er full forståing for kva REDD+ inneber i lokalsamfunn i Guyana, i likskap med i mange andre tropiske skogland. Ei større tverrpolitisk semje i Guyana omkring REDD+ og lågkarbonstrategien ville kunne bidra til at samarbeidet mellom Guyana og Noreg kan styrkjast over lengre tid. Det har enno ikkje blitt godkjent prosjekt for finansiering.

I Tanzania vart det bilaterale samarbeidet om redusert avskoging og forringing av skog ført vidare over denne posten med ei utbetaling på 43,2 mill. kroner. Bidraget til REDD+ i Tanzania, som omfattar utvikling av nasjonal REDD-strategi, støtte til sivilsamfunnsorganisasjonar, pilotprosjekt, og forskning og utgreiing, har hovudsakleg skjedd gjennom det bilaterale utviklingssamarbeidet som er forvalta av ambassaden. Tanzania har òg fått støtte gjennom UN-REDD-programmet og deltek i Forest Carbon Partnership Facility (FCPF). Evalueringa konkluderer med at mykje er oppnådd på kort tid, særleg utarbeidinga av utkastet til ein nasjonal REDD+-strategi. Den norske støtta til REDD+ i Tanzania er vurdert som svært relevant og med god måloppnåing og kostnadseffektivitet tida teken i betraktning.

Norad forvalta 163 mill. kroner til norske og internasjonale frivillige organisasjonar og utgreiingsinstitusjonar. Hovuddelen av dette gjekk til sivilsamfunnsorganisasjonar, ein mindre del fokuserte på analyse- og politikkkutvikling. Eit hovudformål med støtta er å styrkje styresett og rettsperspektivet, bidra med policyutvikling og erfarin-

gar frå demonstrasjonsprosjekt i felt. Det er òg lagt opp til at det skal vere synergi mellom denne støtta og dei bilaterale og multilaterale initiativa.

Følgjeevalueringa viser at Noreg fram til og med 2010 har gitt eit betydeleg bidrag til framgangen innanfor REDD+ i dei internasjonale klimaforhandlingane og truleg sikra forhandlingsteksten som vart vedteken i Cancun. Det blir påpeikt at kombinasjonen av politisk, finansiell og institusjonell innsats har medverka til å bringe REDD+ framover innan klimaforhandlingane. Initiativet blir rost for sin innsats for å etablere sosiale og miljømessige sikringsmekanismar. Evalueringa tilrår blant anna at ein frå norsk side held fram med å spele ei aktiv rolle når det gjelder sosial og miljømessige standardar, og styresett. Det er òg tilrådd større klårleik i initiativet sine forventningar til lågkarbonstrategiar og handlingsplanar i

skoglanda og til sikringsmekanismar for rettane til urfolk og lokalsamfunn. Evalueringane på landnivå gir òg i all hovudsak positive vurderingar av initiativet sine bidrag så langt, men det blir understreka at det framleis er for tidleg å trekkje konklusjonar om måloppnåing og effektivitet. Det blir påpeikt at initiativet har nytta ulike modellar og avtaler for å kanalisere støtte til landa og at dette kan føre til manglande samordning av tidlege REDD+ tiltak. Det blir likevel understreka at initiativet er meint å prøve ut forskjellige modellar og at land treng ulik støtte. Ei gjennomgåande anbefaling er å søkje sterkare involvering av aktørar utanfor skogsektoren, så som landa sine finansdepartement og departement for energi og landbruk. Involvering av folkevalte og parlament i landa er òg nemnt.

22 Statusrapportering på «gamle» resultatområde 1 frå 2011

Berekraftig bruk og vern av leveområde

Tabell 22.1 Berekraftig bruk og vern av leveområde i 2011.

Nasjonale mål	Delmål	Indikatorar
1.1.1 Mangfaldet av naturtypar skal takast vare på innanfor det naturlege utbreiingsområdet. I all natur skal viktige økologiske funksjonar og tenester takast vare på.	1.1.1.1 Tilstanden i alle økosystem skal vere frå god til mykje god, jf. Naturindeks for Noreg.	Indikatorar i høve til Naturindeks for Noreg.
	1.1.1.2 Sterkt modifiserte vassførekomstar skal innan 2021 gjenopprettast slik at dei oppnår «godt økologisk potensiale», jf. vassforskrifta.	
	1.1.1.3 I særleg verdifulle og sårbare marine område skal økologiske funksjonar og naturmangfald sikrast særleg vern.	
	1.1.1.4 Inngrepsfrie naturområde som er att skal takast vare på.	Utvikling i areal av inngrepsfrie naturområde (INON)
	1.1.1.5 God økologisk tilstand skal gjenopprettast i eigna førekomstar av verdifulle naturtypar eller økologiske funksjonsområde.	Talet på restaurerte naturområde Talet på restaurerte kulturlandskap
	1.1.1.6 Regulere motorferdsle i utmark og vassdrag for å ivareta naturmiljøet, fremje trivsel og sikre stille og ro i naturen.	Talet på dispensasjonar som er gitt og utvikling i talet på dispensasjonar
1.1.2 Dei mest truga naturtypane skal ha status som utvalde naturtypar.	1.1.2.1 Dei mest truga naturtypane skal ha status som utvalde naturtypar innan 2013, jf. naturmangfaldlova.	Talet på utvalde naturtypar Talet på inngrep i utvalde naturtypar Talet på førekomstar av utvalde naturtypar som har motteke midlar til skjøtselstiltak

Tabell 22.1 Berekraftig bruk og vern av leveområde i 2011.

Nasjonale mål	Delmål	Indikatorar
1.1.3 Eit representativt utval av norsk natur skal vernast for kommande generasjonar.	1.1.3.1 Alle naturtypar skal vere tilstrekkeleg representerte i område som er verna etter naturmangfaldlova eller naturvernlova.	Areal og del av verna areal (inkl. årleg endring) fordelt på naturtypar. Auka skogvern pr. år målt i km ² produktiv skog og prosent av produktiv skog verna
	1.1.3.2 Verneverdiane i verneområda skal oppretthaldast/gjenopprettast.	Talet på og del av verneområder verneverdiane er truga. Talet på og del av verneområde med forvaltningsplan

Statusbeskriving på måla frå Prop. 1S (2010-2011)
Miljøforvaltningas mål er endra. Nedanfor er det rapportert på måla frå Prop. 1 S (2010-2011).

1.1.1. Mangfaldet av naturtypar skal takast vare på innanfor det naturlege utbreiingsområdet. I all natur skal viktige økologiske funksjonar og tenester takast vare på

1.1.1.1. Tilstanden i alle økosystem skal vere frå god til mykje god, jf. Naturindeks for Noreg.

Hav og kyst:

Barentshavet og havområda utanfor Lofoten og Norskehavet er i utgangspunktet reine og rike havområde og miljøtilstanden her er generelt god. Betra forvaltning av dei kommersielle fiskebestandane har blant anna bidrege til at tilstanden for naturmangfald er betra eller stabil i dei store havområda. Unntaket er ein urovekkjande nedgang i ei rekkje sjøfuglbestandar dei siste åra. Etter stabil tilstand i 1990 og 2000 (indeksverdi på ca. 0,8) har det vore ein dramatisk tilbakegang fram til 2010 (indeksverdiar på høvesvis 0,5 og 0,4). Dei ishavhengige selartene og enkelte fiskebestandar (uer/snabeluer, blålange og blåkveite) har òg negative utviklingstrekk.

Sjølv om Barentshavet og havområda utanfor Lofoten og Norskehavet i utgangspunktet er reine og rike havområde, er desse havområda under stadig aukande press frå næringsaktivitetar som fiskeri, skipstrafikk, petroleumsverksemd og alternative energiformer til havs, klimaendringar og havforsuring og forureining som blir transportert til havområda gjennom hav- og luftstraumar.

I Nordsjøen og Skagerrak er miljøtilstanden i utgangspunktet dårlegare. Dette skuldast i stor grad av påverknad frå menneskeleg aktivitet. Havområdet er eit av dei mest trafikkerte i verda, og det føregår eit stort fiskeri og utbreidd utvinning

av olje og gass. Rundt heile Nordsjøen ligg det tett folkesette og høgt industrialiserte land, som er med på å påverke havområdet gjennom blant anna tilførsel av miljøgifter og avrenning frå land. For Nordsjøen og Skagerrak vil utfordringa vere å utarbeide og setje i verk ein plan for å forbetre miljøtilstanden.

Ferskvatn:

Naturindeksen for Noreg viser at tilstanden for naturmangfald i ferskvatn samla sett er god. Det har vore ei betring av tilstanden på 10 pst. frå 1990 til 2010. Betringa heng saman med ei rekkje målretta forvaltningstiltak for å betre miljøtilstanden. På Sørlandet, Austlandet og Vestlandet har tilstanden vorte betydeleg betra sidan 1990 (15-24 pst.). Den internasjonale avtala om å redusere utsleppa av sambindingar som gir sur nedbør (Gøteborgprotokollen) og kalkinga for å motverke forsuringa, har medverka til betringa. Miljømål som følgje av vassforskrifta sikrar at tilhøva for planter og dyr i vatn er gode ved at det blir stilt krav til såkalla «god kjemisk og økologisk tilstand». Gjennomføringa av vassforskrifta blir sett i samanheng med naturmangfaldlova. Forvaltningsreforma, som vart gjennomført frå 1. januar 2010, førte til at elleve fylkeskommunar vart vassregionstyresmakter, og fekk ansvaret for å leie planarbeidet. Samtidig har Fylkesmannen i alle fylke behalde ansvaret for miljøfaglege oppgåver knytt til arbeidet.

Våtmark:

Naturindeksen for Noreg viser at tilstanden for myr-kjelde-flaummark (våtmark) samla sett er middels god (indeksverdi på 0,55). Slike område har hatt ein tilbakegang i tilstand for naturmang-

fald i perioden frå 1990 til 2010. Tilbakegangen er mest markert i Nord-Noreg, der dei klimakjenslevare palsmyrane smeltar relativt raskt. Myr har vore utsett for omfattande grøfting, uttak av torv og nydyrking sidan 1930-talet, og det er stor geografisk variasjon i tilstanden. I tillegg er enkelte myrtypar særskilt kjenslevare for langtransportert nitrogen, klimaendringar og motorisert ferdsle i utmark. Tilstanden i myr-kjelde-flaummark har hatt ein tilbakegang på 5,2 prosent i perioden 1990 til 2010.

Skog:

Naturindeksen for Noreg viser at tilstanden for naturmangfald i skog har ein verdi på om lag 0,4 (mot ein referanseverdi på 1). Den relativt dårlege tilstanden skuldast i hovudsak ein kombinasjon av skogbruk og låge rovviltbestandar. Sjølv om det har vore ein vekst i daud ved i norsk skog sidan 1995, er førekomst av daud ved likevel låg samanlikna med lite menneskepåverka skog. Vidare er elg- og hjortebestanden så høg at den i enkelte område har negativ innverknad på anna biologisk mangfald. Tilstanden for skog er dårlegast i Midt-Noreg og i Hedmark.

Fjell:

Naturindeksen for Noreg viser at tilstanden for naturmangfald i fjell samla sett er god, men i enkelte sentrale fjellområde i Sør-Noreg er tilstanden dårlegare. Dette skuldast kombinasjonar av faktorar som tilførsle av langtransportert forureining, endring i arealbruk (mindre seterbruk, auka kraft-, veg- og hyttebygging), og klimaendringar. Tilstanden i fjell har hatt ein tilbakegang på 4,1 pst. i perioden 1990 til 2010. Den største tilbakegangen har vore i Nord-Noreg, med 6,7 pst.

Kulturlandskapet:

Tilstanden for naturmangfald i ope lågland (dvs. open semi-naturleg slåtte- og naturleg mark, som kystlynghei og slåtte- og beitemark) er i dag generelt dårleg. I større delar av landet har tilstanden ein indeksverdi under 0,4-0,5. Tilstanden for naturmangfald har hatt ein tilbakegang på heile 12 pst. i perioden frå 1990 til 2010. Mangel på skjøtsel og husdyr på beite har gjort at det er ei omfattande gjengroing av kystlynghei og gras- og urterik mark, noko som medfører at areala av desse økosystema blir mindre. Det er særleg intensive- og mekaniseringa innan landbruket som har bidrege til dette. Tilstanden på det arealet som er

att, er òg gjennomgåande dårleg. Det er aukande behov for å halde oppe drift og skjøtsel i dei høgast prioriterte områda (ca. 300) i Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap og naturtypar i kulturlandskapet.

I 2010 vart to nye område inkluderte i «Utvalgte kulturlandskap i jordbruket» og i 2012 vil ytterlegare 4 område bli innlemma. Andre viktige verkemiddel i arbeidet med å ta vare på jordbruket sitt kulturlandskap og naturmangfaldet i dette landskapet, er supplerande kartlegging av mangfaldet i naturen og betre overvaking. Supplerande kartlegging er gjennomført i alle fylke. Kunnskapen som er skaffa fram er gjort tilgjengeleg i Naturbase, og blir nytta ved prioritering av tiltak og skjøtsel. Våren 2011 vart slåttemark og slåttemyr utvalte naturtypar etter naturmangfaldlova. I løpet av 2011 vil også kystlynghei bli ein utvalt naturtype etter naturmangfaldlova.

1.1.1.2 Sterkt modifiserte vassførekomstar skal innan 2021 gjenopprettast slik at dei oppnår «godt økologisk potensiale», jf. vassforskrifta.

Talet på inngrep i vassdragsnatur aukar, til dømes utbygging av små vasskraftverk. Det blir arbeidd kontinuerleg for at omsynet til naturmangfald blir ivareteke så godt som mogleg i slike saker. Det følger av vassforskrifta at ein vassførekomst om mogleg skal oppretthalde god tilstand sjølv om den blir utsett for inngrep. Om dette ikkje let seg gjere, kan vassførekomsten peikast ut som sterkt modifisert, noko som inneber at ein set eit lågare miljømål, såkalla godt økologisk potensiale. Det er eit mål at vassførekomstar som allereie er påverka av kraftutbygging eller andre inngrep, oppnår godt økologisk potensiale innan kommande planperiode, dvs. innan 2021. I arbeidet med vassforvaltningsplanane er forslag om betringar i gamle kraftutbyggingar eit viktig tema. Ein del forbetringar kan gjerast innanfor rammene av gjeldande konsesjon. Men i mange tilfelle vil det vere nødvendig med auka vasslepp for å få til reelle betringar. Revisjonar av vilkår i vasskraftkonsesjonar er verktøyet for å få til slike betringar. Det er Olje- og energistyresmaktane som har ansvar for slike revisjonar.

1.1.1.3 I særleg verdifulle og sårbare marine område skal økologiske funksjonar og naturmangfald sikrast særleg vern

Den oppdaterte forvaltningsplanen for Barentshavet – Lofoten vart lagt fram 11. mars 2011. Her er det blant anna fastsett nye rammes for petroleumsvirksomheit i Barentshavet og havområda utanfor

Lofoten. Dei særleg verdifulle og sårbare områda er gjennom forvaltingsplanen gitt eit særskilt vern.

Store delar av stortareskogen i nord og sukkertareskogen i sør har forsvunne. Stortaren blir beita ned av kråkeballar, men årsakene bak den dramatiske situasjonen er framleis ukjende. For sukkertare er høgare sjøtemperaturar og store tilførsler av næringssalt og partiklar dei viktigaste årsakene til at arta blir borte. Miljøverndepartementet og Fiskeri- og kystdepartementet har etablert ei forskargruppe blant anna bestående av forskarar frå NIVA og HI som skal sjå på effektar av overgjødsling på sukkertare. Gruppen skal levere rapporten sin hausten 2011.

Kaldvasskorallrev er ein annan naturtype som er under stort press. Reva har blant anna blitt skadde av botntråling og klimaendringar. Havforsuring er eit nytt trugsmål. Regjeringa har sett i verk ei rekkje nye tiltak for å beskytte korallreva mot skade. Fleire korallrev har blitt beskytta mot skade frå fiskeriaktivitet, og alle reva som er beskytta mot botntråling skal òg beskyttast mot garn- og linefiske. Det er òg stilt særskilte krav til petroleumsverksemd i område med korallrev.

1.1.1.4 Inngrepsfrie område som er att skal takast vare på

Dei siste hundre åra er dei villmarksprega naturområda i Noreg (område 5 kilometer eller meir unna tyngre tekniske inngrep) reduserte frå omkring halvparten av landarealet til i underkant av 12 pst. i 2003, og i Sør-Noreg var det berre att 5 pst. i 2003. Den siste INON-kartlegginga for perioden 2003-2008 viser at nedbyggingstakta har auka betydeleg etter perioden 1998-2003. Over 1000 kvadratkilometer inngrepsfri natur (område 1 km eller meir unna tyngre tekniske inngrep) gjekk tapt i perioden 2003-2008. Dette er ein auke på om lag 30 pst. i høve til førre periode. I perioden 2003 – 2008 stod utbyggingar i vassdrags- og energisektoren for om lag 40 pst. av bortfallet av inngrepsfrie naturområde, mens landbrukssektoren (i all hovudsak skogsbilveggar) stod for omlag 30 pst. av bortfallet. For heile perioden frå 1988 til 2008 er det registrert eit bortfall på nesten 6000 kvadratkilometer med inngrepsfri natur, tilsvarende det samla arealet av fylka Østfold og Vestfold. For sjøareal er det førebels ikkje gjort noko vurdering av omfanget av inngrepsfrie område. Direktoratet for naturforvaltning arbeider no med å leggje til rette for at INON-kartlegginga blir rasjonalisert og gjort enklare blant anna ved bruk av nye tekniske løysingar for oppdatering og korreksjonar med omsyn til nye inngrep.

I løpet av 2011 vil Landbruks- og matdepartementet i samarbeid med Miljøverndepartementet gjennomføre den tidlegare varsla revisjonen av regelverket som er knytt til landbruksveggar.

1.1.1.6 Regulere motorferdsle i utmark og vassdrag for å ivareta naturmiljøet, fremje trivsel og sikre stille og ro i naturen

Det totale talet på snøskuterar var over 68 765 ved utgangen av 2010, og det har vore ein jamn auke i talet på snøskuterar i fleire år (frå 53 599 i 2003). Talet på barmarkskøyretøy (All Terrain Vehicles – ATV) har òg auka kraftig, frå 295 nyregistrerte køyretøy i 1995 til over 33 300 køyretøy pr. 31. desember 2010 (alle tal frå Opplysningsrådet for vegtrafikk). Dette betyr at omfanget av motorferdsel i utmark har auka kraftig.

Talet på dispensasjonar gitt i medhald av motorferdsellova og den nasjonale forskrifta er tilgjengeleg som KOSTRA-rapportering. I 2010 vart det behandla 14 581 søknader om dispensasjon for motorferdsel i utmark. Av desse vart 13 875 (95 pst.) godkjende. For å få eit samla bilete må det òg reknast med dispensasjonar som er gitt for fleire år. 11 326 tidlegare gitte dispensasjonar var framleis gyldige i 2010, dvs. at det var 25 251 aktive dispensasjonar i 2010. For barmarkskøyring vart det totalt godkjent 1910 søknader i 2010. Det er 5 kommunar som står for 1367 av dispensasjonane.

Finnmark er det einaste fylket med opne løyper for motorferdsel på barmark. Ein rapport frå barmarksprosjektet i Finnmark med anbefalingar for å avgrense barmarkskøyring vart sendt Miljøverndepartementet frå Direktoratet for naturforvaltning 15. februar 2011. Departementet vil vurdere anbefalingane i prosjektet i samband med arbeidet med å fullføre gjennomgangen av motorferdselregelverket.

Statens naturoppsyn har gjennomført målretta oppsyns- og kontrolltiltak, oftast i samhandling med lokalt politi. Barmarkskøyring har hatt særleg prioritet. I 2010 vart totalt 56 tilfelle av ulovleg motorferdsel melde til politiet, etter kontrollar av Statens naturoppsyn (inkl. Fjelltenesta i Nordland og). Av desse var det 23 tilfelle av ulovleg barmarkskøyring. I tillegg kjem tilfelle av ulovleg motorferdsel melde frå aktørar som Statens naturoppsyn kjøper oppsynstenester frå. Forutan fleire kontrollar med motorisert ferdsle i utvalte område er det fokus på å kartleggje omfanget av motorferdsleaktiviteten i utmarka. Det er òg lagt vekt på informasjon og andre førebyggjande tiltak får å skape aksept for regelverket.

Direktoratet for naturforvaltning la våren 2008 fram eit forslag til nytt motorferdsleregelverk. Miljøverndepartementet vedtok i juni 2009 endringar i motorferdsleforskrifta som blant anna gjer det mogleg å gi løyve til køyring i utmarksnæring og til gruppeturar for pensjonistar og nokre andre grupper. I tråd med Regjeringas felles plattform vil regjeringa fullføre gjennomgangen av motorferdsleregelverket.

1.1.2 Dei mest truga naturtypene skal ha status som utvalde naturtypar

1.1.2.1 Dei mest truga naturtypene skal ha status som utvalde naturtypar innan 2013, jf. naturmangfaldlova

Ei raudliste for naturtypar vart lagt fram av Artsdatabanken våren 2011. Denne raudlista er ein oversikt over naturtypar som er vurderte til å ha negativ utvikling eller vere svært fåtallige i Noreg. Totalt for Noreg med havområde er 40 naturtypar klassifiserte som truga og 31 som nær truga. Dei fem naturtypene slåttemark, slåttemyr, kalklindeskog, kalksjøar og innhole eiketree er dei første som har fått status som utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova. Ein kongeleg resolusjon for desse fem naturtypene vart behandla våren 2011. Handlingsplanar for naturtypene er ferdigstilte. Innhole eiker vart ikkje vurderte i raudlista for naturtypar, dei andre fire er klassifiserte som truga. Ytterlegare 14 faggrunnlag for naturtypar er utarbeidde. Desse er høgmyr i innlandet, terengdekkjande høgmyr på kysten, kjelder i låglendet, kystlynghei, haustingsskog, kroksjøar og meanderelveparti, elvedelta ferskvatn og brakkvatn, fossesprøytoner, varmekjær kjeldelauvskog, kystfuruskog, sanddyneområde, open grunnlendt mark i Oslofjordområdet, spesielle sandområde og ålegrasenger. Alle desse naturtypene vil bli vurderte fremja som utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova (gjennom kongeleg resolusjon) i 2011 og 2012. Det vart i 2010 etablert eit system som det kan søkjast i for tilskotsordninga for utvalde naturtypar (kap 1427, post 82 Tilskot til prioriterte arter og utvalde naturtypar) og der det kan søkjast om tilskot til tiltak som er beskrivne i handlingsplanen for den enkelte naturtypen. Systemet vil vere fullt operativt i løpet av 2011 og skal i hovudsak administrerast av fylkesmennene.

1.1.3 Eit representativt utval av norsk natur skal vernast for kommande generasjonar

1.1.3.1 Alle naturtypar skal vere tilstrekkeleg representerte i område som er verna etter naturmangfaldlova eller naturvernlova

Evalueringa av gjennomført vern frå 2010 konkluderer med at verna areal gir brukbar dekning for dei fleste hovudnaturtypene, men mangelfull dekning for skog generelt og produktiv skog spesielt. Også kulturlandskap og ferskvatn/våtmark treng betre vern eller andre sikringstiltak om variasjonsbreidda skal haldast ved lag. Dette betyr at verna areal i lågareliggjande område i varme vegetasjonssoner og på produktiv mark er underrepresenterte i dei verna områda. Det er i naturtypar i desse områda vi finn det mest varierte naturmangfaldet og at fleirtalet av dei truga artene lever. Evalueringa konkluderer med at dei norske verneområda langt på veg tilfredsstiller dei krava som internasjonale konvensjonar set til politikk og system for verneområde. To manglar blir framheva: Vernet er ikkje fullt ut representativt så lenge verna areal i lågareliggjande delar av Sør-Noreg er så lite, og forvaltninga av verneområda er ikkje god nok så lenge ein ikkje har klare mål for naturmangfaldet, forvaltningsstrategiar og overvåkingsprogram for verneområda. Med utgangspunkt i evalueringa skal det i løpet av 2011 utarbeidast ein strategi for korleis dei ulike verkemidla i naturmangfaldlova for å beskytte naturtypar, arter og deira leveområde skal følgjast opp.

Ein tek sikte på å utvikle norsk vernepolitikk meir i tråd med EUs NATURA 2000 i høve til etablering av område og rapportering via det europeiske miljøbyrået (EEA). Naturvern er ikkje ein del av EØS-avtala, men Miljøverndepartementet har følgd EUs arbeid på dette området tett i samband med arbeidet med ny naturmangfaldlov. Naturmangfaldlova gjer at norsk naturforvaltning er løfta opp på EUs nivå.

Det er brei europeisk semje om å opprette gode europeiske nettverk av verneområde. Under Bernkonvensjonen om vern av europeisk natur er dette følgd opp gjennom at partane skal peike ut område til eit europeisk nettverk av verneområde kalla Emerald Network. Innmelding av norske område til Emerald Network vil vere ein parallell til Natura 2000-prosessen i EU-landa. Det er til no utgreidd om lag 100 norske kandidat område, dvs. ca. 45 pst. av verna landareal i Noreg (ca. 22.500 km²). Ytterlegare ca. 70 kandidat område er under utgreiing. Foreløpig er det berre område som alleie er verna etter naturmangfaldlova og naturvernlova som er utgreidde. Ifølgje ny framdrift-

splan for etablering av Emerald Network som partlanda under Bernkonvensjonen vart samde om i desember 2010 må Noreg avlevere alle sine kandidat område innan utgangen av 2012. Etter dette vil Det europeiske miljøbyrået (EEA) evaluere om dei norske kandidat områda fyller krava til å vere ein del av Emerald Network. Endeleg godkjenning av eit norsk nettverk av verneområde i Emerald Network skal godkjennast under Bernkonvensjonen seinast i løpet av 2016. Det er eit mål å ha på plass tilstrekkeleg dokumentasjon for alle aktuelle kandidat område til nettverket i løpet av 2012.

Verneplan for myr og våtmark i Finnmark og verneplan for Tyrifjorden er planlagt vedteken i 2012. Verneplan for rik lauvskog i Troms vert gjennomført som frivillig skogvern. I løpet av 2012 vil ein i det alt vesentlege ha nådd målet i St.meld.

nr. 68 (1980-81) om gjennomføring av fylkesvise, tematiske verneplanar for tema edellauvskog, myr, våtmark og sjøfugllokaltetar – totalt 70 verneplanar.

I 2010 vart det verna 51 skogområde med ca. 87,6km² produktiv skog. Pr. september 2011 er det i inneverande år verna 21 skogområde med ca 62 km² produktiv skog, og totalt er ca. 2,0 pst. av det produktive skogarealet i Noreg no verna. I løpet av hausten 2011 er det planlagt vern av 31 Statskogområde i Nord-Trøndelag, eitt Statskogområde i Sør-Trøndelag, ei rekkje område i verneplanen for Opplysningsvesenets fond sine areal og i område etter ordninga med frivillig vern.

Hovudstrategien i arbeidet for auka skogvern er å sikre høg fagleg kvalitet ved at dei viktigaste områda blir fanga opp i arbeidet, samtidig som ein sikrar god dialog med skogeigarar og andre partar.

Tabell 22.2 Skogvern pr. år (produktiv skog) i perioden 2001 – 2010 (september)

	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010 (sept.)
Produktiv skog som er verna i km ²	47	66,3	0	28,6	156,1	28	20,7	169,6	31,5	51,7

Pr. september 2011 er 49 av i alt 54 verneframlegg i nasjonalparkplanen gjennomførte. I 2011 er Rohkunborri nasjonalpark oppretta, den opphavlege Ormtjernkampen nasjonalpark er utvida til den nye Langsua nasjonalpark og landskapsvernområda Sølen og Kvænangsbotn/Navitdalen er etablerte. Følgjande område er planlagt verna hausten 2011: Goahteloubbal og Lahku, tidlegare omtalt som Sundfjordfjella. I tillegg skal Øvre Anarjohka nasjonalpark utvidast. For å få samanheng med nasjonalparken på svensk side vil ein òg opprette Fulufjellet nasjonalpark. Denne kjem i tillegg til områda i nasjonalparkplanen. Fem kommunar i Nord-Trøndelag har fremja ønske om å etablere ein nasjonalpark på Nord-Fosen, og det blir arbeidd med ei mindre utviding av Saltfjellet-Svartisen nasjonalpark. I vernearbeidet legg ein stor vekt på å gjennomføre demokratiske og tillitvekkjande planprosessar. Samarbeidet med Sametinget for å sikre samiske interesser på best mogleg måte i planlegginga (jf. avtala om konsultasjon mellom Staten og Sametinget) blir ført vidare.

Etableringa av den nye modellen for lokal forvaltning av verneområde er no godt i gang. Ein reknar med at alle nasjonalparkforvaltarane vil vere på plass i løpet av 2012. Det skal utviklast faglege fellesskap gjennom oppbygging av lokale/regionale forvaltningsknutepunkt. Dei faglege fellesskapa vil primært vere knytte til nasjonalparksenter eller andre typar av naturinformasjonssenter. Dei etablerte styra (med representasjon frå kommunar, fylkesting og frå Sametinget i område med samiske interesser) gjer framlegg om lokalisering av knutepunkt. Miljøverndepartementet vil prioritere etablering av knutepunkt der kommunane er samde om lokaliseringa.

Pr. 1. september 2011 er det autorisert 15 nasjonalparksenter. Lokalt vert det arbeidd med planar for fleire nasjonalparksenter. Vidare utvikling av nasjonalparksenter vil bli sett i samanheng med etableringa av den nye forvaltningsmodellen for verneområda.

Tabell 22.3 Oversyn over område verna etter naturvernlova/naturmangfaldlova pr. september 2010.

	Tal	Areal km (inkl. ferskvatn)	Prosent av Noregs landareal ¹
Nasjonalparkar	34	31 059	9.6
Landskapsvernområde	203	17 334	5.3
Naturresevat	2 030	5 729	1.8
Andre fredingsområde	476	429	0.1
Sum	2 743	54 551	16,8

Noreg har slutta seg til målet under Konvensjonen om biologisk mangfald om å ha på plass eit representativt og økologisk samanhengande nettverk av marine verneområde innan 2012. Det vart meldt formell oppstart av verneprosess for 17 område i marin verneplan i september 2009. Verneforslag for dei første områda skal etter planen sendast på høyring i løpet av kort tid.

Som bidrag til OSPARs nettverk i det nord-austlege Atlanterhavet har Noreg førebels meldt inn ulike område som er beskytta under fiskerilovgivning og eit område som er verna etter naturvernlova (Ytre Hvaler nasjonalpark), og område ved Svalbard og Bjørnøya (verna etter svalbardmiljølova).

1.1.3.2 Verneverdiane i verneområda skal oppretthaldast/genopprettast

Tilstrekkeleg og oppdatert kunnskap om arter, naturtypar og tilstand i dei enkelte verneområda er kritisk for å få til ei forsvarleg forvaltning. For å sikre at ønsket om auka bruk av verneområda ikkje svekkjer verdiane som ligg til grunn for vernet, er det naudsynt med eit forvaltningsapparat som er meir robust både fagleg og med tanke på kapasitet.

Delen av område der verneverdiane er truga aukar framleis. I 1996 var verneverdiane truga i 18 pst. av verneområda (DN 1996). I Riksrevisjonens undersøking frå 2006 var denne delen 30 pst. I åra 2008-2010 har Direktoratet for naturforvaltning gjennomført kartlegging av tiltaks- og planbehovet i verneområda som viste at verneverdiane framleis er truga i 35-40 pst. av verneområda. Verneverdiane er truga i første rekkje på grunn av aukande gjengroing, introduserte organismar og at det er verna mange kulturelterte og skjøtsel-skrevjande område. Naturtypar som er truga er først og fremst kulturlandskapstypar, ferskvatn, våtmark, barskog, edellauvskog og andre skogtypar. Det er ei overordna målsetjing å stanse og

reversere denne utviklinga. I dette arbeidet ligg òg nedkjemping av framande organismar og tiltak for å bevare truga arter.

Statens naturoppsyn hadde i 2011 oppsynsansvaret for alle dei om lag 2700 verneområda i fastlands-Noreg. Oppsyn blir òg utført gjennom tenestekjøp frå Statskog Fjelltenestene i Troms og Nordland, frå fjellstyra sitt fjelloppsyn og andre samarbeidspartnarar. Talet på brot på regelverket i verneområde som er melde etter naturvernlova/naturmangfaldlova har hatt ei auke i 2010 til 81 melde saker. I perioden 2007 – 2009 vart 61 – 63 saker melde til politiet pr. år.

I 2010 gjennomførte Statens naturoppsyn og deira tenesteytarar eit stort tal tiltak i heile landet for å fremje føremålet med vernet i verneområda. Tiltaka omfattar både skjøtsel, fysisk tilrettelegging, informasjonstiltak og registrerings- og kartleggingsarbeid. Ulike tilretteleggingstiltak som oppsetjing av informasjonstavler, skilt/grensemerke, bygging av fugletårn og utbetring av stigtrasear og rasteplassar har òg vore gjennomførte i andre verneområde. Skjøtselstiltak i verneområda har bestått av til dømes slått, tynningshogst og uttak av framande arter/organismar som rynkerose og sitkagran. I tillegg til dette kjem skjøtsel organisert gjennom fylkesmannen og kommunane. Samla er desse tiltaka med på å auke den lokale verdiskapinga og sysselsetjinga i samband med verneområda i mange utkantkommunar. Statens naturoppsyn organiserte og gjennomførte òg eit høgt tal aksjonar der søppel vart fjerna frå verneområda. Ein stor del av desse aksjonane vart gjennomførte langs kysten.

Sjølv om etableringa av tilfredsstillande oppsynsordningar er vesentleg styrkt dei siste åra, er det framleis eit etterslep i arbeidet med å etablere eit tilfredsstillande oppsyn i enkelte område/regionar. Dette gjeld blant anna i fleire av dei nyoppretta nasjonalparkane og landskapsvernområda, men òg innanfor enkelte regionar med store geografiske avstandar og/eller eit stort tal mindre

verneområde, spesielt langs kysten. Statskog Fjelltenesta, fjellstyra og bygdeallmenningar er aktørar som utfører tilsyn og tiltak i verneområda etter bestilling og tenestekjøpsavtale med Statens naturoppsyn. Desse oppsynstenestene vart frå 2011 finansierte over nyoppretta budsjettpost 1426.21.

Statens naturoppsyn har styrkt arbeidet med naturrettleiing og informasjonsarbeid retta mot barn og unge i skuleverket, og mot besøkande i dei store verneområda Hardangervidda, Jotunheimen, Dovre, Rondane og Ytre Hvaler nasjonalpark. Både villreinsentra, nasjonalparksentra og Den Norske Turistforeining er viktige samarbeidspartnarar i dette arbeidet. Det er òg ønskeleg med auka innsats innanfor naturrettleiing knytt til verne- og friluftsinnteresser rundt dei tett folkesette områda i landet.

Forvaltningsplanar for nasjonalparker og andre verneområde skal gi nærare retningslinjer for korleis verneverdiane kan forvaltast best mogleg innan det enkelte verneområdet. Pr. desember 2010 hadde om lag 450 verneområde forvaltnings-/skjøtselsplanar. Forvaltningsplanar for 114 område var under arbeid. Det er behov for forvaltnings-/skjøtselsplanar for ytterlegare 106 0 område. 26 av nasjonalparkane og dei store landskapsvernområda har godkjende forvaltningsplanar. I mange område er det behov for faglege registreringar før det kan utarbeidast forvaltningsplanar.

I perioden 2009-2011 er det arbeidd med å få på plass eit landsdekkande system for overvaking av verneområde. Forslag til rettleiarar for fast-

setjing av bevaringsmål og etablering av overvakingssopplegg vart prøvd ut i ca. 40 verneområde sommaren 2010. I løpet av 2011 har det blitt utarbeidd endelege rettleiarar/manualar for arbeid med bevaringsmål og overvakingssopplegg for dei fleste hovudnaturtypene, og det blir viktig å utgreie løysningar for datalagring. I 2012 vil arbeidet med malane bli avslutta, og den konkrete overvakinga av verneområda vil komme i gang. Operativ overvaking med ei tilfredsstillande dekning av landet sine verneområde vil vere svært viktig for ei kunnskapsbasert forvaltning av verneområda og ein viktig del av den infrastrukturen som blir bygt opp rundt verneområdeforvaltninga, jf. den nye forvaltningsordninga for store verneområde.

Dei aller fleste verneområda er oppretta gjennom dei tematiske verneplanane, og dei faglege grunnlagsregistreringane har av ressurs- og kapasitetsårsaker vore innretta direkte mot tema for verneplanen. Dei færraste verneområda er derfor naturtypekartlagt, og det er store manglar når det gjeld kunnskap om kva for arter som finst i verneområda. I og med at ein ikkje har hatt eit systematisk overvakingssopplegg for verneområda, er heller ikkje status for dei registrerte verneverdiane kjent. Eit prosjekt for basiskartlegging av utvalte verneområde starta derfor i 2011 med kartlegging av om lag 60 verneområde.

Verdiskapingsprogrammet *Naturarven som verdiskapar* starta i 2009. Programmet skal medverke til at distrikt med verneområde kan utnytte høva til verdiskaping på best mogleg måte. Etter ein ny utlysingsrunde våren 2010 er no i alt 15 prosjekt med i programmet.

1.2 Berekraftig bruk og vern av arter, bestandar og genressursar

Tabell 22.4 Berekraftig bruk og vern av arter, bestandar og genressursar i 2011

Nasjonale mål	Delmål	Indikatorar
1.2.1 Arter skal førekomme i levedyktige bestandar i sine naturlege utbreiingsområde.	1.2.1.1 Hausting og anna uttak av vilt, laks og innlandsfisk skal berre skje når det eksisterer eit haustingsverdig overskot.	Talet på arter der hausting og anna uttak er ein viktig faktor for påverknad.
	1.2.1.2 Dei ville laksebestandane skal vere sikra.	Endringar i bestandstilstand etter kategorisystemet for laksevassdrag Utvikling av gytebestanden
1.2.2 Halde oppe eller byggje opp att truga arter til eit livskraftig nivå.	1.2.2.1 65 årlege ynglingar av gaupe, 39 årlege ynglingar av jerv, 15 årlege ynglingar av bjørn, 3 årlege ynglingar av ulv og 850–120 0 årlege hekkingar av kongeørn skal sikre levedyktige bestandar av desse artene.	Talet på dokumenterte ynglingar av gaupe, jerv, bjørn og ulv fordelt på dei åtte rovviltregionane.
		Talet på hekkingar av kongeørn siste år. Talet på dokumenterte ulovlege fellingar av rovvilt fordelt på rovviltarter.
1.2.3 Dei mest truga artene som treng aktive bevaringstiltak skal ha status som prioriterte arter.	1.2.3.1 Dei mest truga artene skal innan 2013 ha status som prioriterte arter, og få sikra sitt økologiske funksjonsområde, jf. naturmangfaldlova.	Talet på prioriterte arter og bestandsutviklinga for desse. Talet på truga arter på raudlista.

Statusbeskriving på måla frå Prop. 1 S (2010-2011)

Miljøforvaltningas mål er endra. Nedanfor er det rapportert på måla frå Prop. 1 S (2010-2011).

1.2.2 Arter skal førekomme i levedyktige bestandar i sine naturlege utbreiingsområde

1.2.2.1 Hausting og anna uttak av vilt, laks og innlandsfisk skal berre skje når det eksisterer eit haustingsverdig overskot.

Hjorteviltet er ein viktig viltressurs. Eit prosjekt med brei deltaking frå brukarinteressene har utvikla scenario for hjorteviltet fram mot år 2030. Dette viser at både forvaltninga og andre interesser står overfor store utfordringar i åra som kjem. På bakgrunn av dette la Direktoratet for naturforvaltning i 2009 fram ein ny strategi for forvaltning av hjortevilt (DN-rapport 8-2009). Strategien definerer mål for forvaltninga og slår fast at det må etablerast eit effektivt tverrsektorielt samarbeid for å møte utfordringane. Det er behov for auka presisjon i hjorteviltforvaltninga og ei dyktiggjering av aktørane i alle ledd dersom ambisjonar om sunne og livskraftige hjorteviltbestandar, reduksjon i omfang av arealbrukskonfliktar og auka ver-

diskaping skal vere mogleg å få til. Direktoratet for naturforvaltning følgjer no opp hjorteviltforvaltninga i tråd med den nye strategien. Hjorteviltregisteret er eit viktig hjelpemiddel for dei som skal ta avgjerder innanfor hjorteviltforvaltninga. Gjennom nasjonalt overvakingsprogram og helseovervakingsprogram for hjortevilt følgjer ein bestandsutviklinga i eit representativt utval av hjorteviltbestandane. Direktoratet for naturforvaltning har òg under utvikling ein hjorteviltportal på internett som skal lette tilgangen til god informasjon for alle og bidra til å styrkje kommunikasjonen mellom aktørane. Sjukdom hos viltlevande dyr har fått auka merksemd dei siste åra. Ikkje berre som smittekjelde for menneske og husdyr, men òg som ein faktor som påverkar bestandane si bereevne og overleving. Auka førekomst av sjukdom ser ut til å verke saman med andre påkjeningar slik som klimaendring, auka nivå av miljøgifter, introduksjon av nye organismar, fragmentering av leveområde og endra landskapsbruk. I Noreg driv Veterinærinstituttet overvaking av helsetilstanden hos hjortevilt. Dette er finansiert over Viltfondet. Det finst elles inga systematisk overvaking av sjukdom eller smittestoff hos viltlevande dyr. Kunnskap om nivået av sjukdom i

bestandane er ein føresetnad for riktig forvaltning både med tanke på å bevare berekraftige vilt- og fiskebestandar og for å hindre spreiding av smitte til menneske og dyr.

Veterinærinstituttet og Direktoratet for naturforvaltning har saman utarbeidd eit rammeverk for helseovervaking av viltbestandar. Behovet for helseovervaking er aktualisert ved den sterke merksemda som har vore omkring fuglevirus og moglege konsekvensar av dette i Noreg. I tillegg kjem auka utbreiing av flått og hjortelusfluge, og auka fare for andre sjukdommar med endra klimatilhøve. Ingen viltarter som det er jakt på er truga av overutnytting.

Staten naturoppsyn samarbeider med villreinutvala og lokalt politi om kompetanseoppbygging og gjennomføring av villreinoppsynet slik at dette skjer på ein einsarta og effektiv måte i alle villreinområda.

Organiseringa av jakt og fiske varierer mellom kommunar og fylke. Gjennom eit konstruktivt samarbeid med rettshavarane blir fleire og fleire område opna for allmenta. Dette fører til at aktiviteten aukar på dette feltet.

Det vert ikkje kravd fiskaravgift for innlandsfisk. For laksefiske er det mogleg å betale fiskaravgift for familiar.

Talet på jegerar aukar svakt for kvart år. I alt betalte 198.600 personar jegeravgift for jaktåret 2010/2011, og det er 2.100 fleire enn året før. Av dei som betalte avgifta for jaktåret 2010/2011, var 195.500 busette i Noreg. 13.700 av dei var kvinner, tilsvarande nesten 7 prosent. I løpet av jaktåret 2010/2011 besto 11.900 personar jegerprøven, ein nedgang på 1.300 frå året før. Av alle som besto prøven, var 20 pst. kvinner. Til saman er det 445.200 personar som står oppført i Jegerregisteret.

Regulering av laksefisket er basert på vitskapeleg rådgiving, kunnskap om tilstanden til bestandane, fagleg skjønn og erfaringar. I 2008 vart det innført eit nytt reguleringsregime med vesentlege innskrenkingar i fisket både i elv og i sjø. Dette vart ført vidare for 2009 og ytterlegare innskrenkingar vart gjennomførte i 2010. Reguleringane i sjø for 2011 vart haldne oppe på nivået for 2010, mens det vart gjennomført nokre ytterlegare innstrammingar i elvefisket. Det vart oppretta eit arbeidsutval i 2011 for laksefiskereguleringane i Finnmark og Nord-Troms. Dette utvalet er oppretta i samsvar med ein konsultasjonsavtale med Sametinget om desse reguleringane. Utvalet skal på basis av vitskapeleg kunnskap og erfaringskunnskap komme med ei anbefaling for reguleringane frå 2012.

Ei driftsplanbasert forvaltning krev at rettshavarane er organiserte i høvelege einingar som kan ivareta interessene sine. Slike einingar må vere juridisk og økonomisk forpliktande, slik at styremaktene kan opptre formelt i høve til eit driftsplanområde. Utviklinga av driftsplanbasert forvaltning vil bli følgd opp i samarbeid med dei sentrale organisasjonane på fiskerettshavar- og brukarsida. I forslag til revidering av lakse- og innlandsfisklova er det blant anna foreslått å innføre obligatorisk organisering av rettshavarar i laksevassdrag, og å lovfeste ordninga med nasjonale laksevassdrag og -fjodar.

I 2011 blei Tanavassdragets fiskeforvaltning oppretta. Dette er eit lokalt, rettsbasert organ for forvaltninga av fisket i Tanavassdraget.

Hausting av levande marine ressursar har dei siste åra stort sett følgd råda frå forskarane. Det er òg laga forvaltningsplanar for dei fleste bestandane i samarbeid med Russland, EU og andre land vi deler ressursane med. I Nordsjøen er det spesielt torsken som framleis er utsett for alt for høgt uttak. EU-kommisjonen har no tilrådd ein ny fiskeripolitikk som når den blir vedteken, forhåpentleg kan gjere noko med dette forholdet. I Barentshavet og Norskehavet står det bra til med dei fleste bestandane. Kysttorskbestanden er likevel framleis på eit historisk lågmål. Det er no laga ein plan for å byggje opp att denne bestanden. For blåkveite har situasjonen betra seg dei siste åra. Begge uerartene er framleis under oppbygging og ICES åtvarar mot direkte fiske på begge bestandane. Det føregår framleis eit avgrensa fiske på kysttorsk og vanleg uer. I tillegg føregår det eit regulert fiske på snabeluer i internasjonalt farvatn.

1.2.2.2 Dei ville laksebestandane skal vere sikra.

Rapporten frå Vitskapeleg råd for lakseforvaltning viser at innsiget av laks til Noreg var historisk lågt i 2010, sjølv om det var ein liten auke frå 2009. Den mest markante endringa i status for laksestammane frå 2009 til 2010 er at fangsten er redusert så mykje gjennom reguleringar, at gytebestandsmåla er nådd i dei fleste elvane. Eit viktig unntak er Tanavassdraget, der ei spesielt negativ utvikling truleg berre kan knytast til overhausting.

Sur nedbør, vasskraftreguleringar, fysiske inngrep, *Gyrodactylus salaris*, lakselus og rømt oppdrettslaks er nemnde som særleg alvorlege truslar mot dei ville laksebestandane. Lakselus og rømt oppdrettslaks er vurderte som ikkjestabiliserte og eksistensielle truslar mot norsk laks og dei einaste truslane som det ikkje er sett inn effektive tiltak mot. Lakselus og rømt oppdrettslaks er

truleg viktige årsaker til særleg lågt innsig av laks og dårleg måloppnåing i mange laksestammar på delar av Vestlandet. Det er no naudsynt å gjennomføre omfattande tiltak for å redusere effekten av lakselus og rømt oppdrettslaks.

Ferdigstillinga av ordninga med nasjonale laksevasdrag og nasjonale laksefjordar, jf. St.prp. nr. 32 (2006-2007) *Om vern av villaksen og ferdigstilling av nasjonale laksevasdrag og laksefjordar*, vart vedteken av Stortinget våren 2007, jf. Innst. S. nr. 183 (2006-2007). Ordninga består etter dette av til saman 52 nasjonale laksevasdrag og 29 nasjonale laksefjordar som skal beskyttast mot inngrep og aktivitetar i vassdraga, og mot oppdrettsverksemd i dei nærliggjande fjord- og kystområda.

Lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* er den enkeltfaktoren som til no har hatt størst dokumentert skadeeffekt på dei norske bestandane av villaks. Parasitten vart introdusert til Noreg i 1975, og er sidan spreidd til i alt 46 lakseførande vassdrag. Gjennom systematisk nedkjemping er utbreiinga redusert. I dag er 21 vassdrag friskmelde etter vellukka behandlingar, mens 5 vassdrag er behandla og framleis under overvaking før friskmelding. 20 vassdrag veit ein i dag er infiserte av *Gyrodactylus salaris*. Målsetjinga for arbeidet med nedkjemping av parasitten er å utrydde den frå alle infiserte vassdrag der dette er realistisk, og samtidig minimalisere risikoen for vidare spreiding.

Rotenon vil framleis vere forvaltninga sitt viktigaste verkemiddel for nedkjemping av *Gyrodactylus salaris*, mens utvikling av kombinasjonsmetoden (bruk av surt aluminium i kombinasjon med rotenon) held fram i Lærdalselva. Bruk av fiske-sperrar blir utvikla vidare, blant anna med vurdering av elektriske fiske-sperrar.

I Vefsn-regionen vart det i desember 2010 bekrefta at *Gyrodactylus salaris* påvist på røyer i vatna ovanfor Fusta var dødelege for laks, og planen for behandlinga av vassdrag for regionen vart endra grunna desse funna. Det er gitt løyve til å gjennomføre eit opplegg for behandling i vassdrag i Vefsn-regionen med rotenon over to år med start i august 2011. I Lærdalselva er det lagt opp til ny behandling i 2011 med bruk av aluminiumsmetoden.

Det blir i dag utført kalking i 21 laksevasdrag i Sør-Noreg. I tillegg blir det gjennomført lokale kalkingsprosjekt i mange innlandsvassdrag, som for ein stor del går i regi av frivillige organisasjonar. Kalking har ført til at laksebestandane er bygde opp att i mange forsuringsskadde elvar – noko som har ført til ein stor auke i laksefangstane på Sør- og Sørvestlandet. Den prosent-

visen delen av villaks som blir fanga i kalka vassdrag har auka frå under 2 pst. før kalkinga starta til om lag 11 pst. i dag. Levande genbank er eit tiltak som er sett i verk for å redde stammer som ikkje lenger kan overleve i vassdraga. I genbanken blir stammene tekne vare på til truslane i vassdraga er redusert til akseptable nivå eller fjerna. Elleve av dei 30 laksestammene som er blitt tekne vare på i genbanken er blitt tilbakeførte til elvane sine. I tillegg er sju stammer under tilbakeføring i dag. Alle nasjonale laksevasdrag og nye stammer som er alvorleg påverka av rømd oppdrettsfisk og lakselus er no under vurdering for bevaring i genbank.

Statens naturoppsyn har etter at det overtok ansvaret for lakseoppsynet styrkt dette gjennom ein stadig betre dekning i feltapparatet og effektivisering og samordning av eksisterande oppsynsverksemd. Gjennom samarbeid og samordning med politiet, Kystvakta og andre aktørar blir utviklingstrekk i viktige lakseområde fanga betre opp, og kontrollen med ulovleg fiske er styrkt. Størsteparten av meldingane til politiet i 2010 skuldast som føregåande år, brot på regelverket i «Forskrift om nedsenkning av garnredskap», men det er framleis òg eit lite tal meldingar knytte til fiske med kilenot og krokarn og ulovleg stongfiske i lakseførande vassdrag i perioden med fiskeforbod.

1.2.3 Halde oppe eller byggje opp att truga arter til eit livskraftig nivå

1.2.3.1 1.2.2.1 65 årlege ynglingar av gaupe, 39 årlege ynglingar av jerv, 15 årlege ynglingar av bjørn, 3 årlege ynglingar av ulv og 850 – 120 0 årlege hekkingar av kongeørn skal sikre levedyktige bestandar av desse artene.

I 2010 vart det registrert tre ynglingar av ulv i Noreg. Det nasjonale målet er tre heilnorske årlege ynglingar i Noreg innanfor eit nærare definert forvaltningsområde i Hedmark, Akershus, Østfold og Oslo. Alle ynglingane i 2010 var innanfor dette området. Ynglingar i grenseflokkar kjem i tillegg. Førebelse tal viser at det totalt vart fødd 31 kull med kvalpar i den skandinaviske bestanden i 2010, og det er 5 fleire enn i 2009. DNA-analysar av dei skandinaviske ulvane viser eit nært slektskap, noko som på lang sikt kan gi innavlsdefektar dersom det ikkje år om anna kjem inn nye individ gjennom naturleg innvandring frå Finland/Russland. Det nasjonale målet for bjørn er sett til 15 årlege ynglingar. Registreringar tyder på vekst i bestanden, men det er enno langt igjen til bestandsmålet er nådd. I 2010 vart det berekna 6

ynglingar basert på funn frå binner ved hjelp av DNA. Frå 2006 er bestandsovervakinga av bjørn betra ved hjelp av innsamling av ekskrement og hår for DNA-analyse. Frå 2009 er det samla inn og analysert DNA-materiale i heile landet. Innsamlinga blir gjennomført blant anna ved hjelp av lokale elgjegerar. Det vart registrert 66 ynglingar av jerv i 2010. Det nasjonale målet er 39 årlege ynglingar. Bestandsreguleringa skal skje ved lisensfelling. I skadeutsette område der lisensfelling ikkje gav tilstrekkeleg bestandsregulerande effekt i høve til tapspotensial vart det våren 2010 sett i verk ekstraordinære uttak av jerv. Uttak av tisper og/eller kvalpar vart gjennomført ved 12 av dei 66 registrerte ynglingane i 2010. For gaupe vart det før jakt i 2010 registrert mellom 75 og 80 familiegrupper. Det nasjonale bestandsmålet på 65 årlege ynglingar er nådd. Ei yngling tilsvarende ei familiegruppe.

I 2004 var bestanden av kongeørn på landsbasis berekna til å vere 850 – 120 0 hekkande par, og ein har trudd at bestanden har vore stabil på omlag dette nivået etter 2004. Frå 2006 har kongeørn inngått i det nasjonale overvåkingsprogrammet for rovvilt. Nyregistreringar og kvalitetssikring av gamle data tyder på at bestanden er høgare enn berekningane frå 2004 viser. Det er venta eit nytt bestandsoverslag i 2012.

Rovviltnemndene har hovudansvaret for forvaltninga av gaupe, jerv, bjørn og ulv innanfor sin region. Rovviltnemnda skal utarbeide ein forvaltningsplan, i nært samarbeid med aktuelle partar. Planen skal vise korleis nemnda vil gjennomføre den vedtekne nasjonale rovviltpolitikken i sin region. Dette arbeidet er no fullført i alle dei 8 regionane.

Statens naturoppsyn har det operative ansvaret i høve til rovviltforvaltning i Noreg. Oppgåvene omfattar blant anna skadedokumentasjon, under dette drift av rovviltkontaktnett, bestandsregistrering, skadefelling og tiltak i særskilde tilfelle.

Statens naturoppsyn har òg i fleire år prioritert høgt å førebyggje og avdekkje ulovleg felling av rovvilt, og har eit aktivt samarbeid med politiet i konkrete saker. Det er etablert tett samarbeid med politiet og Økokrim om særskilde oppsyns- og kontrolltiltak i forvaltningssona for ulv. Det blir òg gjennomført rutinevis kontrolltiltak med felte rovdyr og skotplassar under lisens- og kvotejakt på desse artene.

1.2.3.1 Dei mest truga artene skal innan 2013 ha status som prioriterte arter, og få sikra sitt økologiske funksjonsområde, jf. naturmangfaldlova.

Ei revidert raudliste for truga arter vart lagt fram av Artsdatabanken hausten 2010. Den inneheld totalt 3.682 truga eller nær truga arter. Av desse er 125 utdøydd frå norsk natur etter år 1800. Dette er 41 fleire enn i Raudliste for arter 2006, men denne klassifiseringa skuldast for alle desse artene ny kunnskap og tolking av tidlegare data, og ikkje reell bestandsendring etter 2006. 12 arter som ein trudde var utdøydd i 2006 har no fått ein annan raudlistekategori. For ni arter skuldast dette at dei er gjenfunne i Noreg i perioden 2006-2010, mens det for de siste tre tilfella skuldast ny tolking av eldre data. Påverknad på arters leveområde årsaka av tidlegare eller noverande menneskeleg aktivitet er den klart viktigaste faktoren i høve til arters risiko for å døy ut. Dette gjeld for 87 pst. av artene. Omlag 50 pst. av artene på raudlista er knytte til skog og 20 pst. til kulturlandskap. Ulike typar arealendring/arealbruk er eit trugsmål mot 94 pst. av raudlisteartene.

Dei åtte første prioriterte artene etter naturmangfaldlova vart vedtekne i mai 2011. Prioriterte arter er eit av dei nye, sentrale verkemidla i naturmangfaldlova som skal medverke til at arter og deira genetiske mangfald blir teke vare på på lang sikt og slik at alle arter førekjem i levedyktige bestandar i sine naturlege utbreiingsområde. For fem av dei prioriterte artene er det òg gitt reglar om ivaretaking av artens økologiske funksjonsområde gjennom berekraftig bruk. Dei første åtte prioriterte artene er fugleartene dverggås og svart-halespove, insektartene elvesandjeger, eremitt og klippeblåvenge og planteartene dragehovud, honningblom og raud skogfrue. Alle artene er klassifiserte som anten kritisk truga, sterkt truga eller sårbar på Norsk raudliste for arter 2010. Desse artene har no fått skreddarsydde reglar for aktiv ivaretaking gjennom berekraftig bruk. For dei artene som har eit økologisk funksjonsområde der aktiv skjøtsel er ein føresetnad for å ta vare på førekomstane vil det bli utarbeidd handlingsplanar. Det er etablert ei eiga tilskotsordning for aktiv skjøtsel og andre tiltak knytte til prioriterte arter som grunneigarar, rettshavarar, kommunar og organisasjonar kan søkje på.

Edelkrepsen er klassifisert som sterkt truga i den norske raudlista. Krepsepest er den største trusselen mot edelkreps fordi utbrot fører til massedød. Det skal i løpet av hausten 2011 lagast ei fagleg utgreiing som grunnlag for å vurdere edel-

kreps som ei prioritert art etter naturmangfaldlova.

Sjøfuglane er ein viktig del av kystnaturen og det marine økosystemet, og sjøfuglartene er sikre indikatorar på miljøtilstanden i havet. Fleire sjøfuglbestandar langs Norskekysten har hatt ein urovekkjande tilbakegang. Lomvi er klassifisert som kritisk truga på Norsk Raudliste for arter 2010. Noreg har eit spesielt forvaltningsansvar for fleire sjøfuglarter fordi bestandane utgjer ein vesentleg del av den europeiske eller nordatlantiske bestanden. Sjøfuglprogrammet SEAPOP skal gi betre kunnskapsgrunnlag for å ta avgjerder i spørsmål som gjeld tilhøvet mellom sjøfugl og menneskeleg aktivitet i havområda og kystsona, til dømes innanfor petroleumsverksemda og fiskeria. Det er behov for ytterlegare kunnskap om årsaker til nedgangen og for gjennomføring av tiltak på område der belastning på sjøfugl frå menneskeleg aktivitet eventuelt viser seg å vere eit problem. Noreg har delteke i eit nordisk samarbeid om ein handlingsplan for å motverke nedgangen i sjøfuglbestandane. Handlingsplanen, som gjeld sjøfugl i vestnordiske område, vart lagt fram hausten 2010. Matmangel forårsaka av konkurranse mellom sjøfugl og fiskeri er i rapporten identifisert som ei viktig årsak til problema for mange sjøfuglbestandar der det blir fiska på dei same bestandane som sjøfuglane har som næringsgrunnlag. Regjeringa varsla i forvaltningsplanen for Barentshavet – Lofoten blant anna at den vil etablere ei arbeidsgruppe bestående av sjøfugleksperter og havforskarar som skal utgreie samanhengane mellom nedgangen i mange av sjøfuglbestandane og tilgangen på næring, og foreslå eventuelle tiltak for å betre næringstilgangen for sjøfugl.

Fjellreven er på raudlista klassifisert som kritisk truga i Noreg utanom Svalbard. I Fastlands-

Noreg er det om lag 50 vaksne fjellrevar att. 2010 var eit middels år for fjellreven, og det vart registrert 16 ynglingar i Noreg, og 26 ynglingar i Sverige. Det er sannsynleg at dette har samanheng med ein auke i smånagarar dette året i høve til 2009 som var eit dårleg år for ynglingar av fjellrev. Framleis er Finnmarksprosjektet som omfattar raudrevkontroll på Varangerhalvøya og avlsprosjektet for utsetjing av fjellrev i naturen to viktige tiltak. I 2010 vart det sett ut 71 kvalpar frå avlsstasjonane på Dovre, Finse og i Rana. mot 38 kvalpar i 2009. Overvaking av fjellreven blir gjennomført årleg, Villreinen er ein norsk ansvarsart og skal ha ein sentral plass i norsk fjellfauna også i framtida. Det er derfor eit arealpolitisk mål å sikre leveområda for arten. Sikring av villreinen sine leveområde har stått sentralt ved opprettinga av mange av våre store nasjonalparkar og landskapsvernområde. Slikt vern dekkjer likevel berre delar av villreinen sine leveområde og må utfyllast av planar etter plan- og bygningslova. Det er starta sju regionale planprosessar som femner alle dei ti nasjonale villreinområda (Setesdalsheiane, Hardangervidda, Nordfjella, Rondane-Sølnkletten, Forollhogna, Ottadalsområdet og Snøhetta/Knutshø). To informasjons- og kompetansesenter for villrein er i drift på Skinnarbu og Hjerkin. I perioden 2009-2012 går det òg føre seg eit større forskings- og utgreiingsprosjekt knytt til villrein, ferdsel og inngrep i Snøhetta/Dovre området. Prosjektet blir gjennomført med stor brukarmedverknad.

Gjennom den gradvise utbygginga av Statens naturoppsyn har kontrollen med ulovleg jakt på truga arter blitt stadig betre. Gjennom arbeidet med handlingsplanar for truga arter er det dokumentert eit klart behov for styrkt oppsyn med leveområda til fleire av desse artene.

Framande arter og genmodifiserte organismar

Tabell 22.5 Framande arter og genmodifiserte organismar i 2011

Nasjonale mål	Delmål	Indikatorar
1.3.1. Menneskeskapt spreiding av framande organismar eller utsetjing av genmodifiserte organismar skal ikkje skade biologisk mangfald eller økologiske funksjonar og tenester.	1.3.1.1 Hindre uheldige følgjer for naturmangfald av tidlegare introduserte organismar.	Talet på handlingsplanar utarbeidde og sette i verk for allereie introduserte skadelege, framande organismar. Talet på nedkjempings/utryddingstiltak (fordelt på art) gjennomført pr. fylke. Talet på arter på «svartelista».
	1.3.1.2 Hindre innførsel og utsetjing av framande organismar som fører til eller kan føre til uheldige følgjer for naturmangfaldet.	Talet arter på «svartelista» med høg økologisk risiko.
	1.3.1.3 Hindre utsetjing av genmodifiserte organismar (GMO) som kan føre til skade på naturmangfaldet.	Påvisingshendingar av GMO i mat og på den norske marknaden. Talet på tilfelle der det er påvist mengder av GMO over tillatne grenseverdier.

Statusbeskriving på måla frå Prop. 1S (2010-2011)
Miljøforvaltningas mål er endra. Nedanfor er det rapportert på måla frå Prop. 1 S (2010-2011).

1.3.1 Menneskeskapt spreiding av framande organismar eller utsetjing av genmodifiserte organismer skal ifølge biologisk mangfald eller økologiske funksjonar og tenester

1.3.1.1 Hindre uheldige følgjer for naturmangfald av tidlegare introduserte organismar.

Globalt er menneskeskapt spreiding av organismar gjennom auka handel, turisme, reising og nedbygging av grensekontroll mellom land og kontinent ein av dei største truslane mot mangfaldet i naturen. FNs Konvensjon om biologisk mangfald pålegg oss, så langt det er mogleg og føremålstenleg, å hindre innføring av og kontrollere eller utrydde arter som trugar økosystem, leveområde eller arter.

Norsk svarteliste som Artsdatabanken la fram i 2007 inneheld risikovurderingar av 217 av dei

2 483 framande artene som så langt er registrerte i Noreg. Denne svartelista er eit viktig verktøy for styresmaktene sine prioriteringar av tiltak mot etablerte, skadelege framande organismar, og grunnlag for å setje i gang risikovurdering av fleire av dei framande artene som vi veit har negative økologiske effektar. Ei revidert Svarteliste vil liggje føre i 2012.

Problemet med framande organismar er aukande, og trugar i tillegg til naturmangfaldet òg næringsinteresser og folkehelsa. Eksempel er attgroing i vassdrag, øydelegging av skog (t.d. furuvednematode), avlingar og bygningar. Kostnadene med å kontrollere framande organismar når dei først har etablert seg er ofte store. Det er derfor viktig å setje i verk tiltak på eit tidleg stadium. Det skal lagast handlingsplanar og setjast i gang tiltak mot utvalde framande skadelege organismar innafor dei ulike sektorane sitt ansvarsområde. Statens naturoppsyn sitt arbeid med nedkjemping og overvaking av framande organismar skal først vidare og styrkjast. Arbeidet med kartlegging av førekomstar av framande organismar skal òg styr-

kjast, blant anna gjennom standardiserte rapporteringsrutinar og verktøy.

I 2008 vart det laga handlingsplanar mot mårhund. Det er utarbeidd tiltaksplan mot *Gyrodactylus salaris* generelt og mot ørekyte i Namsenvassdraget. I 2011 vil handlingsplanar for mink, rynkerose og ein del introduserte artar i ferskvatn bli ferdigstilte.

I ein del verneområde blir det i regi av Statens naturoppsyn årleg gjennomført skjøtselstiltak mot framande organismar og andre problemarter, blant anna platanlønn, gran, sitkagran, bergfuru, buskfuru, rynkerose, kjempespringfrø og fleire andre forvilla hageplantar. Det er gjennomført jakttid heile året på mink, mårhund, bisamrotte og villsvin, og innført utvida jakttid for 7 andre artar som ikkje høyrer heime i norsk natur. Direktoratet for naturforvaltning har med utgangspunkt i Norsk Svarteliste 2007 identifisert eit større tal artar som det er viktig at miljøforvaltninga prioriterar tiltak mot. Dette krev betydeleg ressursinnsats.

Framande organismar kan ha negative effektar for mange sektorar, og *Tverrsektoriell nasjonal strategi og tiltak mot fremmede skadelige artar* frå 2007 legg grunnlaget for felles mål, prinsipp og retningslinjer for behandling av framande organismar mellom dei 10 mest relevante departementa.

For å styrkje samarbeidet mellom sektorane i høve til framande organismar skal det haldast jamleg kontakt for kompetansebygging og informasjonsutveksling. Direktoratet for naturforvaltning koordinerer møter med ei eiga direktoratsgruppe for å sikre slik koordinering. Departementet vil auke innsatsen framover for å få til betre koordinering mellom dei ulike sektorane med omsyn til oppfølging av det nye regelverket i naturmangfaldlova knytt til framande organismar.

Ein plan for kartlegging og overvaking av framande organismar for perioden 2008 – 2010 vart våren 2008 vedteken av det interdepartementale utvalet under Nasjonalt program for kartlegging og overvaking av biologisk mangfald. I 2010 og 2011 er det arbeidd vidare med å utvikle metodikk for overvaking av framande organismar. Eit samarbeid med Artsdatabanken om tidleg oppdaging og varsling av nye framande organismar vart sett i gang i 2009. Det er òg teke initiativ for å auke registreringa av framande organismar i nettportalen Artsobservasjonar frå medlemmer i frivillige organisasjonar og andre interesserte.

1.3.1.2 Hindre innførsel og utsetjing av framande organismar som fører til eller kan føre til uheldige følgjer for naturmangfaldet.

Naturmangfaldlova har reglar som skal medverke til å hindre at framande organismar etablerer seg i landet. Forskrifter for innførsel og utsetjing av framande organismar og forskrift om utsetjing av utanlandske treslag har vore på høyring, og dei skal etter planen ferdigstillast i 2011, og setjast i verk frå 1. januar 2012. Innførsle av framande organismar krev løyve. Alle som vil innføre ein organisme til Noreg må først gjere seg kjend med miljørisikoen, og konsekvensane for naturen ved innførsel skal klarleggjast. Det skal ikkje givast løyve til innførsel dersom det er grunn til å tru at innførsel eller utsetjing vil få vesentlege uheldige følgjer for naturen. Lova har òg reglar om uttak av framande organismar for å verne om artar som finst naturleg, og reglar om å påleggje den ansvarlege for ulovleg utsetjing av framande organismar å rydde opp. Reglane gjeld uavhengig av korleis dei aktuelle organismane har hamna i norsk natur. Men dette gjeld ikkje for marine artar som er komne inn i Noreg av seg sjølve. Desse blir regulerte av havressurslova.

Noreg har ratifisert IMO's konvensjon om spreiding av framande organismar med ballastvatn frå skip. Ei norsk forskrift om handtering av ballastvatn tredde i kraft 1. juli 2010. Noreg er eit av dei første landa i verda som innfører krav til handtering av ballastvatn.

1.3.1.3 Hindre utsetjing av genmodifiserte organismar (GMO) som kan føre til skade på naturmangfaldet.

Talet på land som set ut genmodifiserte organismar (GMO) i miljøet aukar. I 2010 vart genmodifisert soya, mais, bomull, sukkerbete og raps, og noko tomatar, squash, papaya, paprika, alfalfa, nellik, poplar, potet og petunia dyrka på 148 millionar hektar. Dette er ein auke på 10 pst. frå året før. USA dyrkar ca. halvparten med 665 millionar hektar. Argentina og Brasil står for om lag 32 pst. med 48 millionar hektar, mens resten av arealet i all hovudsak er fordelt på Canada, India, Kina, Paraguay, Pakistan, Uruguay og Sør-Afrika. Det er framleis stor usemje om bruk og regulering av GMO mellom dei landa som produserer og eksporterer GMO og andre land.

Noregs GMO-regelverk og -politikk er blant dei mest restriktive i verda. Både genteknologilova og våre internasjonale plikter (EØS-avtala, Cartagena-protokollen og WTO-avtala) stiller

strengt krav til vitenskapelig risikovurdering for vedtak om godkjenning av eller forbod mot GMO. For at vi skal kunne halde fram med vår GMO-politikk, og vurdere eit stadig aukande tal komplekse GMO-søknader best mogleg, er det naudsynt å sikre forskning på miljøkonsekvensar av GMO og få bistand frå best mogleg fagleg ekspertise i behandlinga av GMO-søknader. Det er viktig å medverke til at miljørisikovurderingane frå Vitenskapskomiteen for mattryggleik kan halde eit fagleg høgt nivå.

For å føre vidare den restriktive politikken er det behov for auka fokus på tilsyn og miljøovervaking av GMO-produkt. Miljøforvaltninga sitt ansvar er knytt til blant anna feltforsøk og tilsyn med produkt som ikkje er mat eller fôr, og til Forskrift om merking, transport, import og eksport av GMO. Ved behandling av marknadsføringsløyve for GMO, skal kriteria i genteknologilova om miljø, helse, samfunnsnytte, berekraftig utvikling og etikk leggast til grunn. Det er behov for utgreiing og forskning relatert til samfunnsnytte ved import av GMO, spesielt relatert til fôr der framtidige behov kan komme i konflikt med vanskelegare tilgang til ikkje-modifisert råvare. Det er òg behov for auka kunnskap om berekraftig utvikling i land som dyrkar GMO og miljøeffektar av herbicidresistente og insektresistente GMO-planter. Saman med Bioteknologinemnda sette Direktoratet for naturforvaltning i 2010 i gang eit arbeid med å operasjonalisere genteknologilovas krav i høve til berekraft av såkalla bt-vekstar. Dette er planter som er blitt genmodifiserte ved at dei har fått sett inn eit gen som produserer gift frå bakterien *Bacillus thuringiensis* (Bt). Giften er skadeleg for larvene til visse arter av tovinga insekt, særleg sommarfuglar og biller. Dyrking av Bt-planter med si eigenproduserte insektgift gjer det mogleg å redusere sprøytemiddelbruken. Bt-planter i landbruket er omstridt, særleg på grunn av uavklarte spørsmål knytte til utvikling av resistens hos skadedyra, og dei økologiske konsekvensane for andre dyr. Dette arbeidet legg grunnlag for vidare arbeid med å operasjonalisere lova sine krav til berekraft, samfunnsnytte og etikk for andre typar av GMO. Forsking på miljøeffektar bør vere ein del av næringsretta bioteknologiforsking. EUs nye reglar om utsetjing av GMO i miljøet vart innlemma i EØS-avtala i september 2007 (jf. EU-direktiv 2001/18) med ei vidareføring av tilpassinga som gir Noreg rett til å forby GMO som EU godkjenner dersom vi meiner at det er naudsynt ut frå genteknologilova. EU har vedteke nye reglar om bruk av GMO til mat og fôr, merking og høve til sporing av GMO og i høve til spo-

ring av genmodifisert mat og fôr. Regjeringa forhandlar med EU om å innlemme også desse reglane i EØS-avtala med ei tilsvarende tilpassing.

Status på viktige verkemiddel/oppgåver som går på tvers av underområde 1, 2 og 3

Internasjonalt samarbeid

Landa i verda vart i 2002 samde om målet om ein betydeleg reduksjon i tapet av arter og økosystem innan 2010. Dette målet er i 2010 evaluert under Konvensjonen om biologisk mangfold, blant anna gjennom ein større statusrapport som vart presentert i mai 2010 (*Global Biodiversity Outlook 3*). Rapporten konkluderer med at det globale målet om å «oppnå en betydelig reduksjon av det nåværende tapet av biologisk mangfold» ikkje er oppfylt. Rapporten viser at utviklinga «går den gale veien», og at arter og økosystem blir utrydda raskare enn nokon sinne. Ekspertane understrekar at det hastar med å snu utviklinga, elles risikerer vi at økosystem blir pressa så hardt at dei passerer såkalla «vippepunkt». Dette vil kunne føre til tap av viktige økosystemtenester som mat, medisinar, pollinering av avlingar, binding av CO₂ i skog og jordsmonn og evne til å dempe effektane av ekstremvær. Ifølgje ekspertane vil dei tiltaka som blir sette i verk dei neste 10-20 åra avgjere om vi lykkast med å snu utviklinga. 2010-målet har bidrege til at naturmangfald er komme høgt opp på den politiske agendaen i partslanda under Konvensjonen. 2010-målet har òg bidrege til å få fram eit betre kunnskapsgrunnlag for naturmangfald, og dette arbeidet vil fortsetje i åra framover.

Det 10. partsmøtet for Konvensjonen om biologisk mangfald vart arrangert i oktober 2010 i Japan. Følgjande 4 tema var særleg viktige før partsmøtet:

- vedtak av protokoll om tilgang til genressursar og rettferdig fordeling
- vedtak av nye mål for naturmangfald etter 2010
- styrking av naturmangfald i klimasamanheng, blant anna gjennom å arbeide for aktivt samarbeid mellom dei tre Rio-konvensjonane
- synleggjering av naturkapitalen.

På partsmøtet vart det vedteke ein ny strategisk plan fram til 2020 for bevaring av naturmangfald. Landa vart samde om å stanse tapet av naturmangfald slik at ein innan 2020 har robuste økosystem, og det vart vedteke 20 delmål for å oppnå dette målet innan 2020. Eit døme på dette er å stanse tapet av truga arter og å syte for at deira bevaringsstatus er betra innan 2020. Delmålet om å sikre at verdiane av naturmangfald og økosys-

temtenester blir innarbeidde i nasjonale rekneskappar og avgjerdsprosessar er ei oppfølging av den såkalla TEEB-rapporten (The Economics of Ecosystems and Biodiversity). Planen inneheld òg mål om å fjerne eller reformere subsidiar som er skadelege for naturmangfaldet innan 2020.

Eit anna viktig tema i Nagoya var å få til ei betre samordning av arbeidet med å ta vare på naturmangfald og kampen mot klimaendringane. Partslanda anerkjenner at naturmangfald vil bli negativt påverka ved omfattande klimaendringar. Vidare blir betydninga av økosystema og deira økosystemtenester i høve til tilpassing og motstandsdugeleik mot klimaendringar og reduksjon av naturkatastrofar understreka. Arbeidet under klimakonvensjonen for å redusere utsleppa av klimagassar grunna avskoging og auka karbonopp- tak ved treplanting i utviklingsland (REDD+) og koplinga til å ta vare på naturmangfald har fått spesiell omtale i partsmøtevedtaket frå Nagoya. Betydninga av at ein i dette arbeidet gjennomfører tiltak (safeguards) for å sikre bevaring av naturmangfald i skog blir understreka. Konvensjonen om biologisk mangfald ønskjer å gi råd og samarbeide med Klimakonvensjonen for å medverke til at det blir teke nødvendige omsyn til naturmangfald ved gjennomføring av REDD+ på nasjonalt nivå. Det er her særleg viktig med samordning av vedtak under klimakonvensjonen og konvensjonen om biologisk mangfald, blant anna knytt til bevaring av skog og våtmarker og til utnytting av bioenergi.

Partmøtet vedtok òg Nagoya-protokollen som er ein rettsleg bindande protokoll under Konvensjonen om biologisk mangfald med reglar om tilgang til genetiske ressursar og ei rettferdig fordeling av fordelar ved bruk av desse. Dette betyr at land og selskap som nyttar genmateriale frå planter eller dyr i produksjon av varer, som til dømes medisinar og kosmetikk, skal syte for at landet der genmaterialet kjem frå får ein del av inntektene frå produkta. Resultatet er ein seier for utviklingslanda som lenge har arbeidd for å operasjonalisere konvensjonens tredje målsetjing om rettferdig fordeling. Landa er òg blitt samde om reglar for etterleving av protokollen og nasjonal lovgiving i leverandørland av genressursar. Dette er viktig for å hindre ulovleg bruk av genressursar. I naturmangfaldlova er det allereie reglar som forpliktar brukarar av genressursar under norsk jurisdiksjon til å følgje eventuelle krav om samtykke på førehand og andre vilkår som leverandørlandet har sett for uttak av genressursar. I så måte er Noreg eit føregangsland på dette feltet. No vil det bli utarbeidd forskrift med heimel både i

naturmangfaldlova og havressurslova for tilgang til norske genressursar og vidare utnytting av desse. Nagoya-protokollen vil danne utgangspunkt for forskriftsarbeidet.

Cartagena-protokollen om genmodifiserte organismar (GMO) skal sikre at handel og bruk av levande GMO ikkje skadar mangfaldet i naturen eller helsa til menneske. På partsmøte i Nagoya i oktober 2010 var partane samde om ein ny strategisk plan for Cartagena-protokollen. Noreg har gitt innspel på tema til denne planen med utgangspunkt i genteknologilova. Vi har blant anna understreka behovet for ein eigen vitenskapskomité for risikovurderingar under protokollen, og at ein set spørsmålet om sosioøkonomiske effektar frå GMO på agendaen. Noreg har gitt midlar til ein workshop om sosioøkonomiske effektar som vil bli arrangert i samarbeid mellom India og Noreg. Den vil finne stad i India i november 2011.

Noreg vil framleis leggje stor vekt på å styrkje det faglege og vitskapelege grunnlaget for vedtak som blir fatta under ulike konvensjonar. Som ein del av dette følgjer Noreg aktivt opp den semja som vart oppnådd i FN's generalforsamling hausten 2010 og i styremøte under FN's miljøprogram i februar 2011 om å etablere eit internasjonalt naturpanel for kunnskap om naturmangfald og økosystemtenester (IPBES) etter modell av det internasjonale klimapanelet (IPCC). FN's generalforsamling vedtok i desember 2010 å be FN's miljøprogram om å arrangere det første plenumsmøtet under naturpanelet hausten 2011. Formålet med eit naturpanel er å skaffe regjeringane eit best mogleg kunnskaps- og avgjerdsgrunnlag i spørsmål om naturmangfald. Noreg ønskjer å medverke med fagleg støtte til panelet gjennom å nytte seg av dei kompetansefortrinna som Trondheim med sine fagmiljø har i spørsmål knytt til kapasitetsbygging. Dette omfattar òg ei eventuell rolle som delsekretariat for arbeidet med kapasitetsbygging under naturpanelet.

Den endelege rapporten for å berekne den økonomiske verdien av naturmangfaldet og økosystemtenester (TEEB-rapporten) under leiing av økonomen Pavan Sukhdev vart presentert på partsmøtet i Nagoya i oktober 2010. Dette var den siste av fleire rapportar som gir anbefalingar om korleis naturen sin verdiar for menneska betre kan reflekterast i nasjonale rekneskappar og i nasjonale avgjerdsprosessar. Berekningar i rapporten viser at det vil kunne føre til eit velferdstap på 7 pst. for verda i 2050, dersom tapet av naturmangfald held fram i same tempo som no. Korallrev er eit sentralt eksempel i rapporten ettersom

dei er blant dei mest artsrike økosystema i verda. Anslagsvis ein halv milliard menneske, og meir enn ein fjerdedel av alle fiskeslag i havet er avhengige av dei tenestene som korallreva gir. Økosystemtenester som korallreva gir er verdt opp til 170 milliardar USD kvart år. Noreg har støtta arbeidet under TEEB-studia, og vil vidareføre engasjementet gjennom oppfølging nasjonalt og internasjonalt. Det vil i løpet av 2011 bli oppretta eit offentleg ekspertutval for verdier av økosystemtenester. Utvalet skal greie ut korleis kunnskap om verdier av naturmangfaldet og økosystemtenester kan styrkjast, foreslå metodar for å vurdere og verdsetje konsekvensane for velferd og livskvalitet av endringar i naturmangfald og økosystemtenester og korleis slike verdier kan bli anslått eller berekna som ei del av Noregs nasjonalformue. Det skal opprettast eit sekretariat i Miljøverndepartementet som skal gi fagleg og administrativ støtte til utvalet. Målet er å ferdigstille ein NOU i 2013.

Bern-konvensjonen, som vart vedteken i 1979, skal beskytte ville dyr og planter med leveområde i Europa. Konvensjonen sine organ behandlar spørsmål av stor relevans for norsk artsforvaltning, blant anna rovviltspørsmål. Ei aktuell sak for Noreg er vindkraftverket på Smøla og konsekvensar for blant anna havørn. Her har Bernkonvensjonen sin partskomiteé vedteke ei anbefaling som Noreg følgjer opp.

Skogane på jorda er levestad for eit rikt mangfald av arter og livsgrunnlag for mange menneske. Ulovleg hogst og ikkje berekraftig uttak av skog er ein trussel mot skogane i verda, særleg gjeld dette tropisk skog. Det er nødvendig å arbeide langs fleire linjer for å hindre import av ulovleg hogd og ikkje berekraftig tømmer. Noreg har medverka aktivt til listing i CITES av dei 30 artene av tresorten ramin og til den store reduksjonen av Perus eksportkvote for mahogni, og støttar òg program mot skogkriminalitet og ulovleg hogst og handel med tropisk tømmer i Indonesia.

I Regjeringas handlingsplan «Miljø- og samfunnsansvar i offentlige anskaffelser» av juni 2007, er det slått fast at det ikkje skal nyttast tropisk tømmer verken i sjølve bygget eller i material som blir nytta i byggeperioden. Handlingsplanen er under revisjon. Regnskogfondets Tømmerkampanje, som er støtta av Miljøverndepartementet, rettar seg mot ikkje berekraftig tropisk tømmer i byggjevare, båt- og hagemøbelbransjen. Arbeid med å lage Forest stewardship council (FSC)-standarder tilpassa Noreg er stoppa opp grunna usemje mellom organisasjonane. Det er venta at

eit forslag til EU-forordning – «Due Diligence system» – som er vedteken av EUs råd og parlament vil verke effektivt for å hindre import av ulovleg tømmer når det trer i kraft. Forslaget inneber at den som første gong plasserer tømmer og tømmerprodukt i EU eller til EUs grense, skal sikre at tømmeret er lovleg hogd i samsvar med lovgivinga i opphavslandet. Forordninga er så langt vurdert som EØS-relevant for Noreg. Noreg deltek òg i arbeidet under den internasjonale tropiske tømmerorganisasjonen, ITTO, som har fokus på kriterium for berekraft og miljøarbeid. Ved sida av dette er det venta at REDD (reduced emissions from deforestation and forest degradation in developing countries) vil vere viktig for å bevare tropisk skog og å motverke handel med ikkje berekraftig og ulovleg hogd tømmer, i tillegg til reduksjonen av CO₂-utslepp), dersom det blir ein del av post-Kyoto regimet.

Kunnskapsgrunnlaget

Hausten 2010 vart ein Naturindeks for heile Noreg lansert for første gang. Naturindeksen representerer eit viktig barometer for korleis det står til med norsk natur. Hovudmålet med ein naturindeks er å få overblikk over tilstanden og utviklinga til naturmangfaldet i Noreg med utgangspunkt i dei store økosystema hav og kyst, ferskvatn, våtmark, skog, fjell og open mark i låglandet (kulturlandskapet). Tilstanden i desse økosystema er berekna ved hjelp av om lag 320 indikatorar frå ulike artsgrupper eller andre gode indikatorar som kan indikere stort mangfald av arter. Gjennom arbeidet er det utvikla metodar og arbeidsmåtar for eit felles internasjonalt måle- og formidlingsverktøy som skal kunne seie noko om korleis det går med naturmangfaldet. Gjennom arbeidet med Naturindeksen er det avslørt store hol i kunnskapsgrunnlaget som må fyllast opp, blant anna gjennom ny kartlegging og overvaking. Naturindeksen peiker på at kunnskapen om virveldyr (fisk, fugl og pattedyr) er relativt god, men at kunnskapen for sopp, lav, mosar, karplanter og virvellause dyr er svært mangelfull. Betre overvaksingsdata av planter og virvellause dyr er naudsynt i alle økosystem, men det er òg behov for meir geografisk dekkjande overvaksingsdata for dei fleste indikatorar.

Gjennom overvaking av naturtypar og viktige areal for truga arter får styresmaktene eit bilete av utviklinga i naturmangfaldet, og om verkemidla fungerer etter formålet. I 2011 tek ein sikte på å få etablert eit overvakingssystem som kontinuerleg skal tilføre naturindeksen betre og nye data. Den

samla naturindeksen skal etter planen oppdaterast i 2015. I åra fram til denne oppdateringa tek ein sikte på å presentere temaindeksar for arter som blir overvaka årleg.

Nesten alle kommunane har gjennomført ei første gongs kartlegging av område med stor verdi for mangfaldet i naturen på land. Det er førebels lagt inn naturtypedata frå om lag 400 kommunar i Naturbasen med data frå ca. 100 000 funksjonsområde. Reine artsdata frå kartlegginga er no i større grad tilgjengelege frå Artsdatabankens Artskart. I kartlegginga av areal er dei som er truga av inngrep prioriterte, og det er derfor kartlagt lite i fjellområda. Frå 2010 har område som kan vere aktuelle for ordninga med «utvalde naturtypar» og funksjonsområde for «prioriterte arter» ekstra fokus.

For marin kartlegging er status følgjande:

- Oslofjorden: Kartlegging starta i 2007, ferdig i 2010
- Vest-Agder: Kartlegging starta i 2007, ferdig i 2010
- Trøndelag: Kartlegging starta i 2007, ferdig i 2010
- Troms: Kartlegging starta i 2008, venta ferdig i 2010 – gytfelt ferdig i 2011
- Hordaland: Kartlegging starta i 2009, venta ferdig i 2011
- Nordland: Arbeid med revidering av kriterium for verdisetjing er starta. Oppdaterte datasett på bakgrunn av reviderte kriterium vil bli gjort tilgjengelege i Naturbasen i 2015.

Det står enno att mykje kartleggingsarbeid på viktige naturtypar og lokalitetar for raudlistearter. Artsdatabanken har utvikla eit nytt klassifiserings-system for naturtypar i Noreg (NiN) som gir eit felles omgrepsapparat på tvers av sektorar og fagdisiplinar.

Det nasjonale programmet for kartlegging og overvaking av biologisk mangfald vart oppretta som eit resultat av St.meld. nr. 42 (2000–2001) *Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning*. Programmet har vore styrt og finansiert av eit utval samansett av 7 departement, og har initiert kartleggings- og overvakingsaktivitetar både på land, i ferskvatn og i sjø ut til grunnlinja. Programmet avslutta i 2010 sin andre programperiode. Programmet har bestått av følgjande fire hovudprosjekt leia av Direktoratet for naturforvaltning: 1) Naturtypar på land, 2) Marine aktivitetar, 3) Truga arter og 4) Framande organismar.

Miljøverndepartementet vil opprette ei ny departementsgruppe for naturmangfald for å

sikre god koordinering og samordning mellom dei ulike sektorane og deira aktivitetar innan kartlegging og overvaking av naturmangfald. Departementsgruppa vil tre i kraft frå hausten 2011. Den nye departementsgruppa vil erstatte dagens interdepartementale gruppe for Nasjonalt program for kartlegging og overvaking av naturmangfald, men vil ha eit vidare mandat. Dei fire prosjekta under Nasjonalt program vil i hovudsak bli vidareførte i den neste fireårsperioden. Kvart prosjekt vil i det daglege bli styrt av kvar si prosjektgruppe, som består av representantar frå direktorat under dei departementa som bidreg med finansiering av prosjekta.

For å kunne samanlikne utviklinga av norsk naturmangfald med andre land deltek Noreg aktivt i EEAs utvikling av indikatorar for naturmangfald, SEBI2010 (Streamlining European 2010 Biodiversity Indicators) og Det europeiske miljøbyråets informasjonsverktøy EIONET (European Environmental Information and Observation Network). EEA har foreslått eit første sett med indikatorar som er påverknads-, tilstands- og responsindikatorar knytte til å ta vare på naturmangfald og som omfattar ulike sektorar. Den nasjonale overvakinga av naturmangfaldet er fortløpande vurdert i høve til vidare tilpassingar til SEBI2010.

Fugleindeksen (bestandsutvikling for hekkande fugl) er etablert som ein av Regjeringas indikatorar for berekraftig utvikling i Noreg. Indeksen blir registrert i alle naturtypar på land, og inngår i nasjonale nøkkeltal for mangfald i naturen. Data blir òg rapporterte til EEA/SEBI2010. Førebels er indikatoren basert på data som ikkje er representative for heile Noreg, og det er i regi av Direktoratet for naturforvaltning etablert eit landsrepresentativt nettverk av teljepunkt for kvantifisering av bestandsvariasjonar for fugl i eit 18x18 km rutenett der ca. halvparten av rutene blir oppsøkte årleg for registrering. Nettet består av 500 teljeområde fordelt over heile Noreg. Frå og med 2011 vil nettet vere i full drift.

Kunnskap om tradisjonell bruk av naturen og arter er viktig og nødvendig for å kunne halde oppe og ta vare på naturmangfaldet både i og utanfor verneområda, og for å kunne formidle kva slag verdiar som blir tekne vare på gjennom aktiv naturforvaltning. Direktoratet for naturforvaltning har starta eit arbeid med innsamling, systematisering og formidling av denne tradisjonelle økologiske kunnskapen. Dette arbeidet blir utført i tett samarbeid blant anna med samiske miljø og organisasjonar, ideelle organisasjonar og ei rekkje andre fagmiljø.

Friluftsliv

Tabell 22.6 Friluftsliv

Nasjonale mål	Delmål	Indikatorar
1.4.1. Allemannsretten skal haldast i hevd.	1.4.1.1 Minst 50 pst. av befolkninga deltek i friluftsliv minst ein gong pr. månad.	Frå Levekårundersøkinga
	1.4.1.2 Lovgrunnlaget for utøving av friluftslivet og allemannsretten skal styrkjast i høve til 2010-nivå.	Frå Levekårundersøkinga – Del av befolkninga som har kunnskap om allemannsretten Talet på skular som deltek i prosjektet Den naturlege skulesekken.
1.4.2. Område av verdi for friluftslivet skal sikrast og forvaltast slik at naturgrunnlaget blir teke vare på.		Totalt tal på offentlege friluftsområde
		Talet på friluftsområde med eige forvaltingsanlegg

Statusbeskriving på måla frå Prop. 1S (2010-2011)
Miljøforvaltningas mål er endra. Nedanfor er det rapportert på måla frå Prop. 1 S (2010-2011).

1.4.2 Allemannsretten skal haldast i hevd

1.4.1.1 Minst 50 pst. av befolkninga deltek i friluftsliv minst ein gong pr. månad.

Minst 50 pst. av befolkninga deltek i friluftsliv minst ein gong pr. månad. Arbeidet med å følgje opp dei gode røynsleane dei siste åra frå tiltak retta mot barn og unge (6 – 15 år) vil halde fram. Samla sett har den delen av befolkninga over 16 år som utøvar friluftsliv auka med tre prosentpoeng dei siste 30 åra. Dette viser at ein har lukkast med tiltak som har vore sette inn.

Den tilsynelatande stabiliteten i aktivitetsmønsteret løyner likevel ei urovekkjande utvikling i ungdomsgruppa (16-24 år). Deltakinga blant ungdom 16-24 år er framleis låg, sjølv om den negative utviklinga har flata ut dei siste åra. Dette vil kunne resultere i sviktande deltaking blant dei vaksne (over 24 år) om nokre tiår.

Undersøkingar viser at ungdom (16 – 29 år) si deltaking i friluftsliv og deira kunnskap om allemannsretten er låg. Nedgangen i oppslutninga om «tradisjonelle» friluftslivsaktivitetar i denne ungdomsgruppa kan i stor grad tilskrivas auka konkurranse frå andre innandørs fritidsaktivitetar,

blant anna knytt til bruk av data. Det er særleg tur- og haustingsaktivitetar som går ned. For skiturar er det ein samla nedgang i oppslutninga på 33 prosentpoeng mellom 1970 og 2007. Meir moderne friluftslivsaktivitetar som terrengsykling, skisegling, alpint og elvepadling har vore i vekst, men har stoppa opp i det siste. Auken i nye aktivitetar blant ungdom er ikkje nok til å kompensere for fråfallet frå dei «tradisjonelle» friluftslivsaktivitetane.

Både av miljøomsyn og av folkehelseomsyn er det framleis naudsynt å rette ein særskilt stimuleringssinnsats mot barn og unge. Ein vil òg følgje opp arbeidet med friluftsliv og folkehelse (fysisk aktivitet og psykisk helse) og ha særskilt fokus på målgrupper som etniske minoritetar og funksjonshemma.

Ei ny undersøking frå 2009, «Befolkningens friluftsvanar», viser at berre 52 pst. av unge mellom 15-24 år har høyrte om allemannsretten, og kunnskapen deira om denne retten er dårlegare enn for resten av den vaksne befolkninga. Dette krev ein kritisk gjennomgang av informasjonsarbeidet med sikte på å auke kunnskapsnivået i denne viktige målgruppa.

Undersøkingar viser at kunnskap og dugleik aukar med målretta stimulering, og at grunnlaget for gode friluftslivsvanar i vaksen alder blir lagt i barndommen. Det er derfor gledeleg å konstatere at deltaking i friluftsliv blant dei aller yngste (6–15

år) ligg på eit høgt nivå. Oppslutninga om fotturar har auka med 8 prosentpoeng, mens oppslutninga om sykkelurar og båtturar har auka med 7 prosentpoeng kvar.

Det er rimelig å tru at satsing ved ei rekkje barnehagar, skular og skulefritidsordningar har ført til at fleire barn tek del i friluftslivsaktivitetar. Dette skjer både gjennom brei offentleg innsats og gjennom samarbeid med friluftslivsorganisasjonane. Fleire av desse har eigne barneorganisasjonar, til dømes Barnas Turlag, Fiskeklubben, KFUM-KFUK-speidarane og Norske 4H, og talet på medlemmer blant dei yngste har auka i fleire av organisasjonane.

I 2010 deltok om lag 22.100 lærarar og barnehagetilsette på kurs i regi av friluftsråda innanfor fellessatsinga *Læring i friluft*. Friluftsråda sitt aktivitetsretta arbeid har stabilisert seg på eit høgt nivå. I 2010 deltok over 18.000 barn og unge på friluftsopplegg i deira regi. I tillegg deltok ca. 4000 på eigne tiltak for minoritetsgrupper og for funksjonshemma. Talet på deltakarar på friluftsråda sine turar auka med 44 pst. i høve til 2009 til om lag 13.800 deltakarar i 2010. I ei undersøking ved Høgskulen i Hedmark blir det slått fast at uteskule ikkje berre gir elevane meir frisk luft og fysisk aktivitet, men at det òg er mogleg å arbeide med sentrale fagemne innanfor alle skulefag utanfor klasserommet.

I 2012 skal samarbeid med aktuelle organisasjonar utviklast vidare og profilering for og med barn og unge vil framleis stå sentralt. Prosjektet *Den naturlege skulesekken* som vart starta i 2009 skal utviklast vidare. I 2010 deltok 109 skular i prosjektet, og talet på skular som fekk støtte frå Den naturlege skulesekken auka med 27 skular frå 2009 til 2010. Med i prosjektet er òg ei rekkje frivillige natur- og friluftslivsorganisasjonar. *Forum for friluftsliv i skulen* er eit landsdekkjande, breitt samarbeidsforum som arbeider for at alle elevar skal få oppleve meistring og trivsel gjennom eit aktivt friluftsliv, og etablere gode vanar for å vere ute i natur. Det finst ein særskilt nettstad (www.friluftsliviskolen.no) som er ein infobank for dette feltet. Statens naturoppsyn sin aktivitet i naturrettleiing gir tusenvis av barn og unge kunnskap om naturmangfald og naturvenleg utøving av friluftsliv.

Direktoratet for naturforvaltning starta i 2011 arbeidet med ein Nasjonal handlingsplan for friluftsområde i Noreg. Målet med handlingsplanen er å synleggjere og dokumentere dagens status, og utgreie behov og prioriteringar for vidare satsing på sikring og tilrettelegging av område for friluftsliv. Planen skal innehalde ein statusdel og ein

utviklingsdel. Friluftsområde i planen vil primært vere område som er sikra med bidrag frå staten.

Som del av arbeidet med ein Nasjonal handlingsplan for friluftsområde har Direktoratet for naturforvaltning sett i gang ein nærmiljøsatsing på naturoppleving og fysisk aktivitet der folk bur. Målet med satsinga er å få til meir friluftsliv i kvardagen, og satsinga er i første rekkje retta mot barn, unge og dei delane av befolkninga som er overrepresentert i i kategorien fysisk inaktive, jf. Helsedirektoratets definisjon av fysisk inaktivitet. Direktoratet for naturforvaltning vil samarbeide med andre statlege etatar, fylkeskommunar, kommunar og frivillige organisasjonar for å kartleggje og utvikle tiltak som vil auke deltakinga i friluftslivsaktivitetar i nærmiljøet for desse målgruppene. Som del av nærmiljøsatsinga vil ein forsøke å få kommunane til å setje i gang kartlegging og verdsetjing av friluftsområda i kommunane, inkludert grønstruktur i byar og tettstader. Dette vil gi eit betre grunnlag for framtidig planlegging og mogleg statleg sikring av friluftsområde.

Miljøverndepartementet samarbeider med Helse- og omsorgsdepartementet for å fremje fysisk aktivitet og betre folkehelsa. Frå og med 2010 er delar av friluftslivsarbeidet overført til fylkeskommunen, og dette har vist seg å gi gode samordningseffektar blant anna knytt til folkehelsearbeidet.

Løyvingane til arbeid med stimulering til friluftslivsaktivitetar blir for ein del kanaliserte gjennom Friluftslivets fellesorganisasjon vidare til medlemsorganisasjonane sitt stimuleringsarbeid. Ein del av midlane blir fordelt frå fylkeskommunane til aktivitetar lokalt. Direktoratet for naturforvaltning gir dessutan midlar til nokre sentrale prosjekt som gjeld utvikling av læremateriell og aktiviseringstiltak for barn og unge med minoritetsbakgrunn og funksjonshemma. Departementet vil medverke til at organisasjonane kan ha eit høgt aktivitetsnivå i 2012 òg.

1.4.1.2 Lovgrunnlaget for utøving av friluftslivet og allemannsretten skal styrkjast i høve til 2010-nivå

Allemannsretten og bruken av den vart styrkt og utvida gjennom endringar i friluftslova i 2011. Endringane inneber blant anna at det blir tillate å ferdast til fots, med hest, sykkel, kjelke og liknande på veg og sti gjennom innmark som fører til utmark, at det blir forbode å setje opp stengsel som hindrar lovleg opphald, bading og hausting og at det gjennom forskrift kan givast lov til telting nærare enn 150 meter frå hus eller hytte i bestemte område.

1.4.2 Område av verdi for friluftslivet skal sikrast og forvaltast slik at naturgrunnlaget blir teke vare på.

Det er no sikra ca. 2 300 område til friluftslivsformål ved kjøp eller avtaler om bruk av eigedom.

Regjeringa prioriterer høgt arbeidet med å sikre nye friluftsområde, særleg område i nærleiken av der folk bur og i kystsona. Det å gjere nye strandområde tilgjengelege er eit konkret tiltak som betrar tilhøva for friluftsliv for mange brukarar. Innsatsen for sikring, tilrettelegging og drift av særskilte friluftsområde ved kjøp eller avtaler vil halde fram. Arbeidet for å opne ulike typar statseigedom for allmenta vil òg halde fram, særleg dei områda som Forsvaret og andre statlege grunneigarar ikkje lenger har bruk for. Direktoratet for naturforvaltning gjer kvart år ei vurdering av Forsvarets eigedomsportefølje med utgangspunkt i allmenne friluftslivsinteresser for å identifisere eigedommar som framleis bør vere i offentleg eige.

Direktoratet for naturforvaltning har i om lag 10 år samarbeidd med byane Stavanger, Bergen, Trondheim, Oslo og Kristiansand med sikte på å auke tilgangen til nærfriluftslivsområde for store befolkningskonsentrasjonar. Dette er sett på som viktig for å auke høvet til naturoppleving og fysisk aktivitet nær der folk bur. Samarbeidet med desse kommunane vil bli avslutta i 2012. I Direktoratet for naturforvaltning si nærmiljøsatsing vil røynsleane frå dette samarbeidet bli vektlagt. Nærmiljøsatsinga vil bli koordinert med andre tilgrensande nasjonale satsingar, blant anna sykkelstigsatsing på samferdsleområdet, helsestyresmaktene si satsing på fysisk aktivitet og Husbankens Områdeløft. Det er eit mål å få til forpliktande samarbeidsavtaler mellom stat, fylke og kommune. Det er framleis sterkt fokus på å hindre uheldig utbygging i strandsona, og å leggje til rette for allmenta gjennom sikring, god arealplanlegging og juridisk hjelp. Arbeidet vil bli ført vidare i 2012, og det skal setjast auka fokus på å styrkje avgjerds- og kunnskapsgrunnlaget.

For å skape godt grunnlag for opparbeiding og drift av friluftsområde og medverke til auka tilgjenge for fleire brukargrupper, blant anna funksjonshemma, har kommunane i samarbeid med friluftsråda og i samråd med fylkesmannen utarbeidd enkle planar for forvaltninga av dei viktigaste statleg sikra friluftslivsområda i kvart fylke. Som ledd i dette arbeidet er det utarbeidd heilskaplege forvaltningsplanar som blant anna omtaler behovet for tilrettelegging og skjøtselsnivå for størsteparten av friluftslivsområda i Oslofjorden, skjergardsparkane på Sørlandet og Vestkystparken.

Det er no utarbeidd forvaltningsplanar for meir enn 50 pst. av dei sikra friluftsområda. Oppgåva med å fordele statlege midlar til tilrettelegging av sikra friluftslivsområde er overført til fylkeskommunen frå 2010, og det vil vere naturleg å gjennomgå alle forvaltningsplanar med tanke på revisjon og oppdatering for til dømes å vurdere behov og potensial for universell tilrettelegging. Direktoratet for naturforvaltning har laga ein elektronisk mal for enkle forvaltningsplanar for friluftsområde.

Skjergardstenesta er etablert med uniforme båtar og mannskap langs heile kysten frå Østfold til og med Hordaland. Denne tenesta er resultatet av eit samarbeid mellom fleire aktørar på kommunalt, fylkeskommunalt og statleg nivå. Statleg medverknad utgjer ein viktig del av grunnlaget for verksemda, knytt til både driftsmidlar og investeringsmidlar til båt. Skjergardstenesta blir evaluert innan første halvår 2012, og anbefalingane frå evalueringa vil bli følgde opp i 2012 for å effektivisere drifta og utvikle ordninga vidare.

I 2001 utvikla Statistisk sentralbyrå (SSB), i samarbeid med Direktoratet for naturforvaltning (DN), ein metode som målte befolkninga sin tilgang på rekreasjonsareal og nærturterreng. Undersøkingane er gjort med bakgrunn i tal frå 1999, 2004 og 2009. Resultata viser at 77 pst. av heile befolkninga i Noreg hadde trygg tilgang til rekreasjonsareal pr. 1. januar 2009, ein nedgang på 3 prosentpoeng sidan 1999. Delen fell med aukande storleik på tettstaden og er lågast i tettstader med 100 000 innbuarar eller meir, der berre 65 pst. har slik tilgang. Samanlikna med tidlegare er det òg innbuarane i dei største tettstadene som har hatt størst nedgang i tilgang på rekreasjonsareal – ned 4 prosentpoeng sidan 1999. I dei minste tettstadene er nedgangen på 2 prosentpoeng.

Nye tal frå Statistisk sentralbyrå viser at høva for befolkninga til å utøve friluftsliv i byar og tettstader stadig minkar gjennom tap av grøne areal. Samtidig er det stadig viktigare å leggje til rette for lågterskelaktivitetar i nærmiljøa slik at fleire kjem seg ut og er i fysisk aktivitet. Dette vil gi ein helsegevinst samtidig som det vil vere eit positivt klimatiltak ved å redusere behovet for motorisert transport, og at eit betre lokalklima vil gi betre oppvekstmiljø for kommande generasjonar. Gjennom lova om naturområde i Oslo og nærliggjande kommunar (Markalova) har friluftslivet fått eit styrkt vern i dette området. Med heimel i markalova er det òg starta eit arbeid for å verne område i Marka med særleg store verdiar for friluftsliv.

23 Statusrapportering på «gamle» resultatområde 2 frå 2011

Statusbeskriving på måla frå Prop. 1 S (2010-2011)

Nedanfor blir det gitt ein status for dei nasjonale måla frå Prop. 1 S (2010 – 2011) på kulturminneområdet. Desse måla er dei same i 2012.

Tabell 23.1 Kulturminne og kulturmiljø

Nasjonale mål	Indikatorar
2.1.1 Det årlege tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal ikkje overstige 0,5 prosent innan år 2020.	<p>Prosentvis årleg tap av verneverdige kulturminne i utvalde område.</p> <p>Prosentvis årleg tap av SEFRAK-registrerte bygningar i utvalde område.</p> <p>Talet på tapte bygningar i tette trehusmiljø.</p> <p>Talet på kommunar med kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø.</p> <p>Storleiken på areal med bevaringsstatus etter plan- og bygningslova.</p> <p>Prosentvis årleg tap av kulturminne i jordbrukets kulturlandskap.</p>
2.1.2. For automatisk freda arkeologiske kulturminne skal det årlege tapet ikkje overstige 0,5 prosent innan 2020.	<p>Årleg tap av og skade på automatisk freda arkeologiske kulturminne i utvalde område og etter årsaksforhold.</p> <p>Talet på automatisk freda arkeologiske kulturminne som blir fjerna gjennom dispensasjon.</p>
2.1.3 Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vere vedtaksfreda innan 2020.	<p>Talet på freda bygningar og anlegg fordelt etter geografisk, sosial, etnisk, nærings- og tidsvis breidde.</p>
2.1.4 Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.	<p>Del av freda bygningar og anlegg med ordinært vedlikehaldsnivå i prosent.</p> <p>Talet på freda fartøy og fartøy som inngår i verneplan for fartøy, og som er sette i stand.</p>
2.1.5 Eit representativt utval automatisk freda arkeologiske kulturminne skal vere sikra innan 2020.	<p>Talet på sikra automatisk freda arkeologiske kulturminne.</p>

2.1.1 Det årlege tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal ikkje overstige 0,5 prosent innan år 2020.

Eit eige verdiskapingsprogram for kulturminnefeltet med i alt 11 pilotprosjekt fordelte over heile landet, vart starta i 2006 og avslutta i 2010. I 2011 har arbeidet i hovudsak bestått i å samanfatte og formidle erfaringane frå programmet. Målet for programmet har vore å stimulere til at kulturminne og kulturmiljø blir tekne i bruk som ein ressurs i lokalsamfunna, både for å bidra til levande lokalsamfunn og i verdiskaping. Resultat og erfaringar frå dei 11 pilotprosjekta i fase 1 gir godt grunnlag for å utvikle arbeidet vidare.

Nettportalen *Bygg og Bevar* er etablert som eit prosjekt som skal bidra til å betre tilgangen til rådgiving og relevant handverkskompetanse for folk som skal setje i stand verneverdige og freda kulturminne. Føremålet er å skaffe eigarar av kulturhistorisk verdifulle bygningar god og kvalitetssikra, gratis informasjon om vedlikehald, istandsetjing, metodar, materialbruk og informasjon om handverkarar med spesialkompetanse. Portalen skal òg skape ein arena for erfaringsutveksling mellom ulike aktørar. Prosjektet er eit samarbeid mellom Byggenæringens Landsforening og Miljøverndepartementet. Sekretariatet er lagt til Byggenæringens Landsforening, og det blir arbeid med å finne ei løysing for permanent drift.

Dette målet omfattar:

Bevaringsprogram for brannsikring av tette trehusmiljø og stavkyrkjene

Mål: Arbeidet med brannsikring av tette trehusmiljø skal vidareførast og styrkjast i tråd med St.meld. nr. 35 (2008-2009) *Brannsikkerhet*. Brannsikringa av stavkyrkjene skal oppretthaldast på eit høgt nivå.

Programmet omfattar brannsikring av ca. 50 av landets 180 tette trehusmiljø og vedlikehald og oppgradering av brannsikringa i dei 28 stavkyrkjene.

Status pr. 31.12.2010:

Branntryggleiken i stavkyrkjene er høgst prioritert, og Riksantikvarens tilskotsmidlar går i hovudsak til brannsikring av desse. Det er avgrensa midlar igjen til anna brannsikringsarbeid. I 2010 vart det gitt tilskot til brannsikring av blant anna Skuteviksbodene i Bergen, Havråatunet i Hordaland og det tette trehusmiljøet i Lærdalsøyri. I 2011 gir budsjettet berre høve til å støtte sikringstiltak i Bergen.

Det vil framleis vere behov for betydelege tilskot til vedlikehald og oppgraderingar av brannsikringsanlegga i stavkyrkjene i åra som kjem.

Rapport i høve til indikatorane:

- Overvaking av prosentvis årleg tap av verneverdige kulturminne i utvalde område vil tidlegast starte i 2012.
- Prosentvis årleg tap av SEFRAK-registrerte bygningar 2005-2010 var på 0,8 prosent i dei fire kommunane som det vart kontrollregistrert i.
- Talet på tapte bygningar i tette trehusmiljø kan leverast i 2012.
- 162 kommunar hadde i 2010 kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø (i 2008: 126).
- I 2010 hadde 64 700 dekar bevaringsstatus etter plan- og bygningslova (i 2009: 40 181 dekar).
- Landsdekkjande rapport for kulturminnetema i registreringssystemet 3Q (tilstandsovervaking og resultatkontroll av jordbrukets kulturlandskap) skal ferdigstillast i løpet av 2011.

2.1.2. For automatisk freda arkeologiske kulturminne skal det årlege tapet ikkje overstige 0,5 prosent innan 2020.

Når det gjeld arkeologiske kulturminne, er forvaltningspraksis lagt om etter 2005, slik at staten no som hovudregel dekkjer alle utgifter til arkeologiske arbeid ved gjennomføringa av mindre, private tiltak. Etter kvart som ordninga er blitt betre kjend, søker stadig fleire om dekning av kostnader. Dette verkar positivt på interessa for arkeologiske kulturminne og har medverka til sikring av ny kunnskap.

Rapport i høve til indikatorane:

- Årleg tap av automatisk freda arkeologiske kulturminne var i gjennomsnitt på 0,06 prosent og årleg skade var i gjennomsnitt på 1,2 prosent i perioden 2005-2010 i dei fire kommunane som vart kontrollregistrerte i 2010.
- Når det gjeld automatisk freda arkeologiske kulturminne som blir fjerna gjennom dispensasjon, blei det i 2010 fatta vedtak om utgraving av 333 lokalitetar. Kvar lokalitet kan innehalde eit høgare tal automatisk freda arkeologiske kulturminne. I tillegg er det fatta 272 dispensasjonsvedtak for utgraving av kulturminne frå middelalder og sju dispensasjonsvedtak for løyve til inngrep i skipsfunn.

2.1.3 Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vere vedtaksfreda innan 2020.

Ein kongeleg resolusjon frå 2006 om forvaltning av statlege kulturhistoriske eigedommar gir det enkelte departement ansvar for å utarbeide landsverneplan for eigedommar innanfor sin(e) sektor(ar). Riksantikvaren er rådgivar for departementa i deira arbeid med landsverneplanane. Gjennom landsverneplanprosjektet skal eit utval statlege eigedommar veljast ut for freding. Det er eit mål at dei freda eigedommane skal vise sektorane si historie og utviklinga av Noreg som moderne stat. Sektorane sine eigedommar vil bidra til betre representativitet på fredingslista. Landsverneplanprosjektet skal ferdigstillast i 2014. Pr. 31.12.2010 vart det arbeidd med 21 landsverneplanar, fordelte på 14 departement. Åtte landsverneplanar var oversende Riksantikvaren for endeleg vurdering og eventuell freding.

Status pr. 31.12.2010 :

Tabell 23.2 Tilstandsgraden for freda bygningar i privat eige

Tilstandsgrad	Definisjon	Tilstand etter tilstandsregistreringa* i 2005-2009 i %	Estimert tilstand pr. 31.12.10 i %
1	Ordinært vedlikehaldsbehov	37 %	47 %
2	Moderate utbetringar nødvendig	41 %	39 %
3	Store utbetringar nødvendig	19 %	14 %

* I tilstandsregistreringa som skjedde i 2005-2009 vart ca. 2600 freda bygningar registrerte og fekk ein tilstandsgrad i databasen Askeladden. Bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige omfattar ca. 2400 av desse bygningane.

Bevaringsprogrammet for samiske kulturminne

Mål: Automatisk freda samiske bygningar og deira tilstand skal vere kartlagt og det skal liggje føre ein plan for istandsetjing innan 2015.

Kulturminnelovas føresegner om automatisk freding av samiske bygningar som er eldre enn 100 år, skaper utfordringar når det gjeld utval.

I 2011 fekk programmet ei løyving på 2 mill. kroner til registrering og tilstandsvurdering. Løyvinga til Sametingets generelle kulturminnevern-arbeid er på 3 mill. kroner årleg.

Bevaringsprogram for stavkyrkjene

Mål: Dei 28 stavkyrkjene skal vere sette i stand til ordinært vedlikehaldsnivå innan 2015.

Per 31.12.2010 var 19 av dei 28 stavkyrkjene sette i stand. Arbeidet er i rute og vil etter planen

Interessa for kulturminne i sektorane har auka betrakteleg som følgje av landsverneplanarbeidet.

Rapport i høve til indikatoren:

- Talet på freda bygningar og anlegg fordelte etter geografisk, sosial, etnisk, nærings- og tidsvis breidde vil kunne rapporterast på når databasen er oppgradert i 2012.

2.1.4 Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Dette målet omfattar følgjande bevaringsprogram:

Bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige

Mål: Alle freda bygningar i privat eige skal vere sette i stand til ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

bli avslutta i 2015. I samarbeid med eigarane av den enkelte kyrkja blir det utarbeidd planar for forvaltning, drift og vedlikehald.

Bevaringsprogram for verdsarven

Dei norske verdsarvstadene på Unescos liste skal vere eksempel på «beste praksis» innanfor kultur- og naturminneforvaltning. Dette kan samanfattast i tre overordna mål:

- best mogleg tilstand
- best mogleg forvaltning
- best mogleg formelt vern.

Programmet omfattar alle dei sju norske verdsarvstadene. Urnes stavkyrkje er del av stavkyrkje-programmet, men omgivnadene rundt kyrkja inngår i verdsarvprogrammet. Direktoratet for naturforvaltning har hovudansvaret for Vegaøyen og

Vestnorsk fjordlandskap. Tilskot til istandsetjing av bygningar i desse områda kjem frå Riksantikvaren.

Svalbard representerer natur- og kulturverdiar som Noreg har eit særskilt ansvar for å sikre. Unesco har signalisert tydeleg interesse for ark-

tisk natur. Svalbard vart i 2007 oppført på den tentative lista over aktuelle område Noreg, som part til konvensjonen, har til hensikt å nominere til verdsarvlista. Det blir arbeidd vidare med å utgreie Svalbard som mogleg verdsarvområde.

Boks 23.1 Status for verdsarvstadene pr. 31.12.2010

Bryggen i Bergen er det største prosjektet innanfor programmet. I løpet av dei siste 25 åra har grunnvatnet under delar av Bryggen sokke med meir enn 1,5 meter. Det har ført til at fleire av dei bevaringsverdige husa i området har fått store setningsskadar. Grunnvasslekkasjen skal no stoppast. Regjeringa har løyvd 45 millionar kroner i revidert nasjonalbudsjett 2011 for å stabilisere grunnvatnet. Dette vil bidra til at både bygningane på Bryggen og kulturlaga med den kunnskapen dei rommar, blir sikra.

Verdsarvområdet Røros vart utvida i 2010 med Circumferensen og omfatter blant anna gruvelandskap og seterområde. Aktiviteten i uthusprosjektet er gradvis utvida i samsvar med utvidinga av verdsarvområdet og den har vore stor i 2010. Årleg blir no ca. 20 enkeltprosjekt fullførte. Arbeidsstokken er stabil og vidareutdanninga av handverkarane fungerer godt. Røros kommune registrerer i 2011 uthus i det utvida kjerneområdet for verdsarvstaden. Anna freda og verneverdig busetnad blir ivareteken av kulturminneforvaltaren i kommunen som fordele eit mindre tilskot frå Riksantikvaren.

Røros kyrkje vart gjenopna 12. desember 2010 etter ei omfattande restaurering.

I verdsarvområdet i Alta vart vegetasjonen i bergkunstområdet skjøtta og bergkunstlokalitetane vedlikehaldne i 2010. Publikumsanlegget i Hjemmeluft er oppgradert med blant anna gang-

stigar og betre tilgjenge for rullestolbrukarar. Det er gjennomført prosjekt for utvikling av metodar og materialar for tildekking av bergflater og skånsam fjerning av gammal maling frå besøksfelt. Tiltak knytte til konservering og dokumentasjon er vidareførte i 2011.

Direktoratet for naturforvaltning har forvaltningsansvaret for Vegaøyan og Vestnorsk fjordlandskap, mens Riksantikvaren bidreg i forvaltninga av bygningsmassen. For Vegaøyan er det i 2010 tilsett ein bygningsvernansvarleg i prosjektstilling ved Helgeland museum. Ein restaureringsplan for bygningar i Vestnorsk fjordlandskap (Nærøyfjorden) er under utarbeiding, og istandsetjing av bygningar er begynt. Nærøyfjorden har òg vore eitt av 11 pilotprosjekt i Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet.

I verdsarvområdet på Urnes blir det planlagt ei buffersone for landskapsrommet rundt stavkyrkja. Sjølvne stavkyrkja inngår i bevaringsprogrammet for stavkyrkjene.

Verdsarvstaden Struvemeridianen består av ei kjede på 34 trianguleringspunkt frå Hammerfest til Svartehavet. Kjeda var eit viktig element i å bestemme jordas form og størrelse. Fire av punkta ligg i Noreg. Oppmålinga vart gjennomført i perioden 1816-1852. Det har ikkje vore gjennomført særskilte tiltak på Struvemeridianen i 2010.

Bevaringsprogram for tekniske og industrielle kulturminne

Mål: Dei elleve prioriterte tekniske og industrielle kulturminna skal vere sette i stand innan 2015.

Programmet omfattar istandsetjing av elleve utvalte anlegg til ordinært vedlikehaldsnivå og tilskot til drift og vedlikehald. Alle anlegga er organiserte som museum og får driftsmidlar frå Kulturdepartementet.

Status pr. 31.12.2010:

Seks anlegg er vurderte som ferdig sette i stand: Sjølingstad Uldvarefabrikk, Næs Jernverksmuseum, Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum/Tyssedal kraftanlegg, Norsk Fiskeindustrimuseum/Neptun Sildoljefabrikk, Kistefos-Museet og Norsk Trikotasjemuseum. Klevfos Cellulose & Papirfabrikk var tidlegare vurdert som ferdige, men har fått uventa skadar og treng ytterlegare istandsetjing.

Dei tekniske og industrielle kulturminna har fått styrkt budsjettet dei siste åra, og innsatsen på feltet har auka.

Bevaringsprogram for fartøy

Mål: Eit representativt utval bevaringsverdige fartøy skal sikrast innan 2020.

Fartøyvernplanen blei ferdigstilt i 2010 og omfattar 207 verna og freda fartøy. Desse inngår i bevaringsprogrammet for fartøy.

Status pr. 31.12.2010:

I 2010 fekk 101 fartøy tilskot til istandsetjing.

Seks fartøy var freda: Skibladner, jernbaneferjene Storegut og Ammonia og bilferjene Skånevik, Gamle Kragerø og Gamle Lofotferga. I 2011 blir fredingane av bil- og jernbaneferjer avslutta.

Dei tre fartøyvernsentra, Bredalsholmen Dokk og Fartøyvernsenter, Hardanger Fartøyvernsenter og Nordnorsk Fartøyvernsenter og Båtmuseum har kvar sine spesialitetar, og det har vore god aktivitet i 2010-2011. Sentra mottek tilskotsmidlar til fellestenester frå Riksantikvaren. Sentra sysselset i 2011 til saman vel 65 personar.

Rapport i høve til indikatorane:

Del av freda bygningar og anlegg med ordinært vedlikehaldsnivå pr. 31.12.2010:

- Freda kulturminne i privat eige: 47 prosent har eit ordinært vedlikehaldsnivå.
- Samiske kulturminne: oversikt manglar, registrering starta opp i 2011.
- Stavkyrkjene: 19 av dei 28 stavkyrkjene er sette i stand til ordinært vedlikehaldsnivå.
- Tekniske og industrielle kulturminne: 6 av 11 prioriterte anlegg er sette i stand til ordinært vedlikehaldsnivå.
- 207 fartøy har status som verneverdige, av desse er seks freda. I alt 101 fartøy fekk tilskot til istandsetjingsprosjekt i 2010. Sju fartøy vart ferdig istandsette i 2010.

2.1.5 Eit representativt utval automatisk freda arkeologiske kulturminne skal vere sikra innan 2020.

Dette målet omfattar følgjande bevaringsprogram:

Bevaringsprogram for ruinar

Mål: Eit utval ruinar skal sikrast og gjerast tilgjengelege for publikum innan 2020.

Programmet omfattar 45 av dei 118 registrerte ruinane etter anlegg frå mellomalderen. Inntil 15 av dei største anlegga skal prioriterast, pluss ruinar som engasjerer sterkt i lokalmiljøet. Minimumssikring av dei andre ruinane er òg påkravd for å hindre forfall.

Status pr. 31.12.2010 :

Per 31.12.2010 var 11 ruinar ferdig konserverte. I arbeidet med tilgjengeleggjing av ruinane har det vore lagt stor vekt på universell utforming.

Behovet for istandsetjing blir ofte avklart først når arbeidet er i gang. Når konserveringa er ferdig, er det viktig å få sett i verk gode lokale drifts- og vedlikehaldsrutinar.

Rapport i høve til indikator:

11 av totalt 118 ruinar er sette i stand/ferdig konserverte.

Bevaringsprogram for bergkunst

Mål: Eit representativt utval lokalitetar skal sikrast og gjerast tilgjengeleg for publikum innan 2020.

Det er registrert rundt 1800 bergkunstlokalitetar i landet. Gjennom programmet er det årleg fram til 2015 lagt opp til skjøtsels- og sikringstiltak for minst 40 lokalitetar og tilretteleggingstiltak for minst 20 lokalitetar.

Status pr. 31.12.2010 :

I 2010 er det gjennomført sikrings- og tilretteleggingstiltak på vel 70 lokalitetar og ulike typar dokumentasjonstiltak på eit tilsvarande tal. Mange av tiltaka er fleirårige og blir følgde opp i 2011. Det er òg gjennomført FoU-prosjekt innanfor dokumentasjon, sikring og tilrettelegging. Framdrifta i programmet er avhengig av tilstrekkeleg personalkapasitet og kompetanse hos samarbeidspartnarar ved forvaltningsmusea og i fylkeskommunane.

I 2010 vart det gjennomført sikrings- og tilretteleggingstiltak på vel 70 bergkunstlokalitetar.

Bevaringsprogram for utvalte arkeologiske kulturminne

Mål: Eit representativt utval av arkeologiske kulturminne og kulturmiljø skal sikrast og gjerast tilgjengelege for publikum innan 2020.

Det finst pr. i dag ikkje éi samla, nasjonal oversikt over tilrettelagte arkeologiske kulturminne og kulturmiljø eller kva tilstand desse er i. Det har i 2010 vore arbeidd med å betre oversikta i alle

fylke, og arbeidet held fram i 2011. Bevaringsprogrammet omfattar tilrettelegging av ca. 450 arkeologiske kulturminne som skal sikrast langvarig skjøtsel. Dette tilsvarer eitt kulturminne i kvar kommune og eit større prosjekt i kvart fylke. Kulturminne under vatn kan inkluderast i programmet.

Status pr. 31.12.2010

I 2010 er det gitt tilskot til skjøtsel og tilrettelegging av 28 lokalitetar. Utval og tilrettelegging skjer gjennom eit sett kriterium, bl.a. lokalt engasjement. Då skjøtsel og tilrettelegging av arkeolog-

iske kulturminne ikkje er lovpålagte oppgåver, er progresjonen i programmet avhengig av lokalt engasjement og bruk av kommunale eller fylkeskommunale ressursar. All fysisk tilrettelegging i regi av programmet skal nedfellast i ein enkel skjøtelsesplan der det er avklart kven som har ansvar for drift og vedlikehald.

Rapport i høve til indikatoren:

Samla nasjonal oversikt over tilrettelagte arkeologiske kulturminne og tilstanden deira skal liggje føre i løpet av 2011. I 2010 fekk 28 lokalitetar tilskot til skjøtsel og tilrettelegging.

24 Statusrapportering på «gamle» resultatområde 3 frå 2011

Overgjødsling og nedslamming

Tabell 24.1 Overgjødsling og nedslamming

Nasjonale mål	Delmål	Indikatorar
3.1.1 Dei nasjonale tilførsleane av næringssalt og partiklar til ferskvatn og marine område som er prega av overgjødsling eller nedslamming skal reduserast til eit nivå som sikrar god kjemisk og økologisk tilstand innan 2021.		Delen norske vassførekomstar som har god kjemisk og økologisk tilstand.
3.1.2 Ingen vassførekomstar skal nedklassifiserast (bli dårlegare) som følgje av auka tilførsel av næringssalt eller partiklar i tråd med krava i vassforskrifta.		Talet på vassførekomstar som står i fare for nedklassifisering (bli dårlegare) som følgje av tilførsler av næringssalt eller partiklar.

Statusbeskriving på måla frå Prop. 1 S (2010-2011)

Miljøforvaltningas mål er endra. Nedanfor er det rapportert på måla frå Prop. 1 S (2010-2011).

Overgjødsling er framleis eit betydeleg forureiningsproblem i Noreg, der dei viktigaste tilførsleane kjem frå jordbruk, fiskeoppdrett, kommunalt avløp og industri. Resultata frå grovkaraktiseringa i samsvar med EUs rammedirektiv for vatn, viser at problem med overgjødsling omfattar omtrent like mange vassførekomstar som forsureing og miljøgifter. Ferskvatn med overgjødslingsproblem finst særleg i område med tett busetnad eller i landbruksintensive område.

I dei marine områda er det særleg kyststrekninga frå svenskegrensa til Lindesnes som er utsett for negative effektar av overgjødsling. Sjølv om fosfor- og nitrogentilførsleane til dette området er reduserte sidan 1980-talet, er mange lokale fjordar framleis påverka. Fiskeoppdrett er no hovudkjelda til menneskeskapte tilførsler av nitrogen og fosfor til kystområda i Nordsjøen og Norskehavet.

Tilførsleane av næringssalt til hav og vatn er venta å auke som følgje av klimaendringar. Auka nedbør vil gi meir avrenning og meir næringssalt

vil bli vaska ut av jorda og transportert til vatn og hav.

Næringssalt blir òg frakta til norskekysten med havstraumar frå kontinentet. Tendensen er at desse tilførsleane minkar som følgje av europeiske reinsetiltak. På den andre sida har endra klimaforhold dei seinare åra ført til vindar som pressar kyststraumen nærare land. Dette overskuggar effekten av dei tiltaka som reduserer næringssalta. Eutrofiering førekjem òg i ein del fjordområde både langs Vestlandet og i Nord-Noreg.

Undersøkingar har påvist omfattande bortfall av sukkertareskog langs kysten i Sør-Noreg. Det er anslått at omlag 80 pst. av sukkertaren er forsvunnen frå den norske Skagerrakkysten og at omlag 40 pst. er blitt borte langs kysten av Rogaland og Hordaland. Sukkertaren er i tillegg forsvunnen enkelte stader frå kystområda i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Langs heile kyststrekninga har sukkertareskogen blitt erstatta med algar som medverkar til at partiklar i vassmassane festar seg og sedimenterer.

Årsaka til bortfallet av sukkertaren er ein kombinasjon av høgare sjøtemperaturar og store tilførsler av næringssalt og partiklar. Dette er alvorleg med tanke på at sukkertareskogen er viktig oppvekst- og næringsområde for bl.a. fisk og skaldyr.

Oljeforureining

Tabell 24.2 Oljeforureining

Nasjonale mål	Delmål	Indikatorar
3.2.1. Operasjonelle utslepp av olje skal ikkje føre til helse- eller miljøskade eller medverke til auke i bakgrunnsnivåa av olje eller andre miljøfarlege stoff over tid.		Mengde operasjonelle utslepp av olje og miljøfarlege stoff i vatn frå petroleumsverksemd.
3.2.2. Risikoen for helse- eller miljøskade som følgje av akutt forureining skal haldast på eit lågt nivå og skal kontinuerleg søkjast ytterlegare redusert. Det skal òg vere styrande for verksemd som medfører fare for akutt forureining.		Talet på og mengd operasjonelle utslepp av olje og miljøfarlege stoff frå petroleumsverksemd. Talet på og mengde akutte og operasjonelle utslepp av olje og andre miljøfarlege stoff frå skip og landbasert verksemd. Talet på og mengde oppdaga, ulovlege utslipp av olje frå skip.

Statusbeskriving på måla frå Prop. 1S (2010-2011)
Miljøforvaltningas mål er endra. Nedanfor er det rapportert på måla frå Prop. 1 S (2010-2011).

3.2.1. Operasjonelle utslepp av olje skal ikkje føre til helse- eller miljøskade eller medverke til auke i bakgrunnsnivåa av olje eller andre miljøfarlege stoff over tid.

Målet om nullutslepp (nullutsleppsmålet) inneber at det som hovudregel ikkje skal sleppast ut olje og miljøfarlege stoff, verken tilsette eller naturleg førekommande kjemiske stoff. Nullutsleppsmålet gjeld heile norsk sokkel. Nullutsleppsmålet er basert på føre var-prinsippet og skulle ha vore nådd for både nye og eksisterande installasjonar innan 2005. Målet om nullutslepp er vurdert som oppnådd for tilsette kjemikaliar. Basert på innrapporterte utsleppstal for 2008 og nye tilbakemeldingar på status i nullutsleppsarbeidet frå operatørane i 2009 har Klima- og forureiningsdirektoratet vurdert måloppnåinga for nullutsleppsarbeidet og behovet for vidare arbeid (Klima- og forureiningsdirektoratet, april 2010). Klima- og forureiningsdirektoratet har funne at det er behov for ytterlegare tiltak for enkelte innretningar for å sikre at nullutsleppsmålet blir nådd også for olje og naturleg førekommande stoff i produsert vatn.

Den viktigaste kjelda til utslepp av olje frå petroleumsverksemda er utsleppa av produsert vatn. Vassproduksjonen har auka jamleg på sokkel. I 2010 var vassproduksjonen 158 mill. m³ til 148 mill. m³. I følgje prognosar frå Oljedirektoratet vil mengda produsert vatn auke fram mot 2015 for deretter å bli redusert. Produsert vatn som kjem opp på plattformene med brønnstraumen blir reinsa, og anten pumpa tilbake i reservoaret eller reinsa og sleppt ut. Ca. 17 pst. av vatnet blir injisert. Delen har vore stabil dei siste åra. I 2010 vart det i alt sleppt ut 1443 tonn dispergert olje til sjø saman med det produserte vatnet, på same nivå som i 2009.

3.2.2. Risikoen for helse- eller miljøskade som følgje av akutt forureining skal haldast på eit lågt nivå og skal kontinuerleg søkjast ytterlegare redusert. Det skal òg vere styrande for verksemd som medfører fare for akutt forureining.

Skipsfarten er internasjonalt regulert gjennom konvensjonar fastsette av FNs skipsfartsorganisasjon (IMO). Noreg medverkar til at utsleppskrava til skip blir stadig strengare gjennom å arbeide for strengare regelverk, ratifisere desse konvensjonane og syte for god handheving. Regelverket for utslepp av olje og kjemikaliar frå skip er nyleg revidert og stramma inn, mens konvensjonen som regulerer miljøgifter brukt i botnstoff på skip har tredd i kraft. Effektane av desse nye krava er ikkje

kvantifiserte, men er rekna for å vere signifikante og betydelege for nokre stoff.

Noreg har tiltredd konvensjonen om kontroll og behandling av ballastvatn og sediment frå skip (Ballastvatnkonvensjonen). Når denne konvensjonen trer i kraft internasjonalt vil risikoen for introduksjon av framande arter frå skip bli betydeleg redusert. Ei nasjonal forskrift om handtering av ballastvatn tredde i kraft i 2010.

IMO har utarbeidd nye krav til luftutslepp frå skip som er venta å sterkt redusere bruk av tungolje på skip. Dette vil redusere risikoen for ulykkesutslepp, generere mindre oljehaldig avfall og slik redusere talet på ulovlege utslepp frå skipsfarten.

Frå skipsfarten utgjør dei akutte ulovlege utsleppa hovudutfordringa. I 1998 vart Nordsjøen oppretta som spesielt område under MARPOL 73/78-konvensjonens vedlegg om oljeforureining frå skip. Dette inneber strengare utsleppskrav enn dei generelle reglane for utslepp av olje frå skip.

Gjennom systemet Kystverkets har for overvaking og meldinger om utslepp vart det identifisert 96 ulovlege utslepp frå skip i 2010. Dette er tolv fleire enn i 2009 og seks fleire enn i 2008. Mengda utslepp var langt mindre i 2010 enn i 2009 (106 m³ i 2010 mot 502 m³ i 2009). Det er vanskelig å samanlikne mengdene frå år til år, sidan enkelthendingar ofte gjev store utslag på mengdene.

Eit samarbeid mellom Nordsjølanda har som mål å oppnå ei meir effektiv straffeforfølgning av

slike ulovlege utslepp frå skip. Ein reknar med betydelege mørketal for ulovlege utslepp frå skip.

Verksemd som kan medføre akutt forureining skal til ei kvar tid ha eit akseptabelt beredskapsnivå sett i forhold til risikoen for akutt forureining.

Alle operatørselskapa på norsk sokkel må etablere ein akseptabel beredskap mot akutt forureining basert på miljø- og risikoanalyse, før leite- og produksjonsverksemd startar. Petroleumsnæringa skal til ei kvar tid syte for dimensjonering og plassering av beredskapsfunksjonar som gir best mogleg beredskap innafør dei rammene som styresmaktene har sett, blant anna gjennom krav og vilkår i enkeltløyve. I 2010 var det i alt 106 akutte utslepp av olje på til saman omlag 348 m³ frå offshoreverksemda på norsk sokkel. På landsida har 72 bedrifter utvida beredskapskrav og 33 regionar har beredskapskrav og godkjende beredskapsplanar. Alle høgrisikobedrifter er dekte. Kommunane dekkjer sitt beredskapsansvar gjennom interkommunalt samarbeid, og landet er inndelt i 33 interkommunale samarbeidsregionar som alle har godkjende beredskapsplanar. I 2010 vart det registrert 203 akutte utslepp av olje og andre kjemikaliar frå landbasert verksemd som til saman utgjorde 2224 m³. Dette er ein auke samanlikna med utsleppa i 2008. Utsleppa av olje og kjemikaliar frå landbasert verksemd varierer mykje frå år til år og er sterkt påverka av enkelthendingar.

Miljøgifter og radioaktiv forureining

Tabell 24.3 Miljøgifter og radioaktiv forureining

Nasjonale mål	Delmål	Indikatorar
3.3.1. Utslepp av prioriterte miljøgifter skal stansast eller redusert vesentleg innan 2010.		Utsleppsreduksjonar for prioriterte kjemikaliar som er omfatta av målet
3.3.2 Utslepp og bruk av kjemikaliar som utgjør ein alvorleg trussel mot helse og miljø skal kontinuerleg reduserast med det målet å stanse utsleppa innan 2020.	3.3.2.1 Identifisere nye miljøgifter og arbeide for at utsleppa blir reduserte eller stansa gjennom arbeid nasjonalt og internasjonalt	
3.3.3. Risiko for at utslepp og bruk av kjemikaliar er årsak til skade på helse og miljø skal minimerast.		Risikoindikator for potensiell eksponering for helse- og miljøfarlege kjemikaliar.
3.3.4. Spreiing av miljøgifter frå forureina grunn skal stansast eller redusert vesentleg. Spreiing av andre helse- eller miljøfarlege kjemikaliar skal reduserast på bakgrunn av ei konkret risikovurdering.		Talet på kjende lokalitetar med alvorleg grunnforureining.
3.3.5. Sediment (botnmassar i sjø) som er forureina med helse- eller miljøfarlege kjemikaliar, skal ikkje medføre fare for alvorlege forureiningsproblem.		
3.3.6. Utslepp, risiko for utslepp og spreining av radioaktive stoff som kan forårsake helse- og miljøskade skal haldast på lågast mogleg nivå. Alt radioaktivt avfall skal handterast forsvarleg på godkjent måte.		Samla årleg utslepp av utvalde radioaktive stoff frå nasjonale kjelder.
		Nivå i miljøet av utvalde radioaktive stoff.
		Del av ulike typar radioaktivt avfall som er handtert på godkjent måte.
	3.3.6.1. Effektiv gjennomføring av nytt regelverk for radioaktiv forureining og radioaktivt avfall.	
	3.3.6.3. Redusere risiko for radioaktiv forureining av norske område frå utanlandske kjelder.	Berekna risiko for utslepp frå utvalde utanlandske kjelder som kan påverke Noreg.

Statusbeskriving på måla frå Prop. 1S (2010-2011)

3.3.1. Utslepp av prioriterte miljøgifter skal stansast eller reduserast vesentleg innan 2010.

Det er fastsett som mål å stanse eller vesentleg redusere utsleppa av prioriterte miljøgifter seinast innan 2010 i forhold til 1995. Med vesentleg reduksjon er meint 50-90 pst. reduksjon av utsleppa. Tabell 24.4 viser oversikt over dei stoffa det gjeld (prioritetslista), oppnådde utsleppsreduksjonar i 2008 og prognose for utsleppsreduksjonar innan 2010.

Dei samla utsleppa av alle miljøgiftene på prioritetslista er reduserte frå 1995 til i dag. For dei fleste stoffa er det i 2008 oppnådd utsleppsreduk-

sjon på same nivå som er venta innan 2010. Utsleppa av fleire av stoffa er reduserte med meir enn 90 pst. Prognosane tyder likevel på at 2010-målet ikkje vil bli nådd for bromerte flammehemmarar og arsen, og måloppnåinga er usikker for polysykliske aromatiske hydrokarbon (PAH). Ei nærare utgreiing for dette blei gitt i Prop. 1 S (2009-2010) frå Miljøverndepartementet. Det er òg uvisse om målet blir nådd for mellomkjeda klorparafinar (MCCP). Det er stor uvisse knytt til bruk og utslepp av MCCP frå faste importerte produkt, og tidlegare overslag over bruk og utslepp har truleg vore for låge. Det går føre arbeid for å betre datagrunnlaget.

Tabell 24.4 Utsleppsreduksjonar for prioriterte helse- og miljøfarlege kjemikalier

Miljøgift	Utslepp* 1995 (ca. tonn)	Utslepp* 2008 (ca. tonn)	Utslepps- reduksjon 1995 – 2008 (ca. %)**	Prognose; Utsleppsred. 1995-2010 Storleiksorden (%)**
<i>Stoff der utslepp skal reduserast vesentleg og forsøkast stansa innan 2005:</i>				
Enkelte tensid (DTDMAC, DSDMAC, DHTMAC)	8	1	86	Ca. 90
Klorparafinar, kortkjeda (SCCP)	1	0	100	Ca. 100
Nonyl/oktylfenolar og etoksilata deira	25	2	93	Ca. 90
PCB (utfasing ståande masse)	487	150	69	Ca. 80
Pentaklorfenol (PCP)	10	0	100	Ca. 100
<i>Stoff der utslepp skal reduserast vesentleg innan 2010:</i>				
Arsen (As)	36	26	27	25 – 30
Bly (Pb)	600	177	71	Ca. 75
Bromerte flammehemmarar	0,4	ca. 2	-	
Dietylheksylftalat (DEHP) ¹	285	120	58	Ca 60
1,2-dikloreten (EDC)	33	4	87	90 – 95
Dioksin (mengdeeiining i g TEQ)	74	24	67	60 – 70
Heksaklorbenzen (HCB)	0,09	0,008	91	Ca. 90
Kadmium (Cd)	5	1,5	70	Ca. 70
Klorerte alkylbenzen (KAB, som EOC1)	0,08	0,02	79	60 – 75
Klorparafinar, mellomkjeda1	33	27	18	Ca. 20- 25
Krom (Cr)	100	41	59	50 – 60

Tabell 24.4 Utsleppsreduksjonar for prioriterte helse- og miljøfarlege kjemikaliar

Miljøgift	Utslepp* 1995 (ca. tonn)	Utslepp* 2008 (ca. tonn)	Utslepps- reduksjon 1995 – 2008 (ca. %)**	Prognose; Utsleppsred. 1995-2010 Storleiksorten (%)**
Kvikksølv (Hg)	2,5	0,9	64	65 – 70
Muskxylen	0,9	0,14	77	60 – 65
PFOS og PFOS-relaterte sambindingar ***	22	0	100	100
Polysykliske aromatiske hydrokarbon (PAH)	268	156	42	Ca. 50
Tetrakloreten (PER)	367	24	93	Ca 90
Tributyl- og trifenylninnsambindingar (TBT og TFT)	29	0	100	100
Triklorbenzen (TCB)	Ca. 0,021	0,05	-	Ca. 70
Triklloreten (TRI)	620	31	95	Ca. 90
<i>Nye stoff:</i>				
Bisfenol A		ikkje kjent		
Decametylcyklopentasiloxan (D5)		ikkje kjent		
Dodecylfenol med isomerer		ikkje kjent		
PFOA		Ca. 0,015		
Trikloran		1,5		
2,4,6-tri-tert-butylfenol (TTB-fenol)		ikkje kjent		

¹ Basert på eit forbruk på 1 pst. av EUs omsetning

* Utslepp frå forureina grunn ikkje med

** Som følgje av låge utsleppsnivå kan små endringar i utsleppsdata føre til heller store endringar i den utrekna reduksjonsprosenten.

***Mengd PFOS og PFOS-relaterte sambindingar i brannskum (utgjer hovudmengda av produkt der PFOS-sambindingar har vore brukte) 2005

Kjelde: Klima- og forureiningsdirektoratet

3.3.2. Utslepp og bruk av kjemikaliar som utgjer ein alvorleg trussel mot helse og miljø skal kontinuerleg reduserast med det målet å stanse utsleppa innan 2020.

3.3.2.1 Identifisere nye miljøgifter og arbeide for at utsleppa blir reduserte eller stansa gjennom arbeid nasjonalt og internasjonalt

Det er dei same stoffa som er omfatta av målet om å stanse utslepp innan 2020 (resultatmål 3.3.2, tabell 24.3) som er oppførte på prioritetslista i tabell 24.4. Målet om vesentleg reduksjon av utslepp av prioriterte stoff innan 2010 er dermed berre eit første steg på vegen mot målet om å stanse utsleppa av miljøgifter innan 2020. Ein vik-

tig del av arbeidet vidare er å identifisere fleire miljøgifter som er omfatta av målet, og følgje opp desse både på nasjonalt og internasjonalt plan.

Miljøstyresmaktene vurderer kontinuerleg kva slag stoff som på bakgrunn av gitte kriterium skal vere omfatta av prioritetslista. Ny vitenskapelig informasjon og endra bruksmønster kan aktualisere nye stoff eller gjere andre mindre aktuelle. Førebels ligg det føre lite informasjon om forbruk og utslepp av dei nye stoffa på lista. Betre datagrunnlag er viktig for å kunne vurdere tiltak og verkemiddel, i tillegg til å utarbeide prognosar og vurdere måloppnåing. Klima- og forureiningsdirektoratet arbeider med å betre datagrunnlaget.

Regjeringa nedsette i 2009 eit offentleg utval med mandat å foreslå konkrete tiltak som kan bidra til at 2020-målet blir nådd. Utvalet kom med sin utgreiing i november 2010. Utgreiinga har vore på høyring, og departementet vurderer tiltak og verkemiddel i det vidare arbeidet.

Innsatsen er i stor grad retta mot å bidra til styrking av reguleringane under EU/EØS-regulering og internasjonale avtaler. Noreg har påteke seg å evaluere fleire stoff under EU/EØS-kjemikaliereregulering REACH. REACH omfattar registrering, vurdering, godkjenning og restriksjonar på kjemikalier. Klima- og forureiningsdirektoratet har foreslått forbod mot produksjon, import, omsetning og bruk av fem kvikksølvbindingar under REACH. Desse stoffa er nytta i visse typar polyuretanplast, for eksempel elastiske plastprodukt. Forslaget er basert på omfattande dokumentasjon av bruken av stoffa, helse- og miljøeffektar og økonomiske konsekvensar av forbodet. Stoffa blir produserte og brukte i store mengder i EU i dag. Klima- og forureiningsdirektoratet arbeider òg aktivt for å få stoff omfatta av krava til godkjenning under REACH, og har blant anna påteke seg å utarbeide dokumentasjon for ulike arsensambindingar. Det går òg føre omfattande arbeid for å få stoff klassifiserte med omsyn til helse- og miljøfare. Klima- og forureiningsdirektoratet har sendt klassifiseringsforslag for sju stoff til EU, som blant anna omfattar den perfluorerte sambindinga PFOA som kan finnast i impregneringsmiddel i tekstil.

Samtidig blir behovet og handlingsrommet for strengare nasjonale reguleringar vurdert. Miljøverndepartementet sende forslag til regulering av fire stoff (mellomkjeda klorparafinar (MCCP), bly og blyambindingar, pentaklorfenol (PCP) og perfluoroktylsyre (PFOA) i forbrukarprodukt på høyring til ESA i desember 2010. Forslaget vart òg sendt på nasjonal høyring. I 2008 vart det innført nasjonalt forbod mot kvikksølv i produkt og utvida forbod mot den bromerte flammehemmaren deka-BDE.

Miljøverndepartementet har òg fokus på helse- og miljørisiko ved bruk av nanomaterial. Det er sentralt å framskaffe betre kunnskap om bruk og moglege negative verknadar som eit grunnlag for å kunne innføre tiltak. Samstundes er det viktig å få på plass gode system for å vurdere risikoen ved nanomaterial og reguleringar som sikrar tilstrekkeleg beskyttelse av helse og miljø.

Internasjonalt arbeid er svært viktig for å redusere bruk og utslepp av miljøgifter globalt, både

med tanke på å redusere mengda langtransportert forureining og for å redusere produksjonen, omsetninga og bruken av miljøgiftige produkt som er produserte utanfor Noreg. Noreg arbeider med å få inn forbod og avgrensingar mot fleire stoff gjennom Rotterdamkonvensjonen om handel med farlege kjemikalier, Stockholm-konvensjonen om persistente organiske miljøgifter og UNECE-protokollane om høvesvis organiske miljøgifter og tungmetall. I 2009 vart ni nye stoff omfatta av forbod eller strenge reguleringar i Stockholm-konvensjonen, mens sju nye stoff vart omfatta av UNECE-protokollen om organiske miljøgifter. Blant dei nye stoffa som vart inkluderte i desse konvensjonane var den bromerte flammehemmaren penta-BDE som var fremja av Noreg. Plantevernmiddelet endosulfan vart omfatta av avgrensingar under Stockholm-konvensjonen i 2011. Fleire stoff er under vurdering, blant anna den bromerte flammehemmaren HBCDD som er foreslått av Noreg. Vidare vart tre plantevernmiddelet, under dei endosulfan, lagt til lista under Rotterdamkonvensjonen. Noreg er òg ein pådrivar for streng regulering av bruk og utslepp av kvikksølv i den nye globale konvensjonen om kvikksølv som no blir forhandla fram. Denne konvensjonen skal vere ferdig i 2013. Noreg støttar den globale kjemikaliestrategien SAICM. Strategien bidreg til grunnleggjande kapasitetsbygging for kjemikalieforvaltning i utviklingsland, og er ein viktig del av den norske satsinga for å redusere dei globale utsleppa av helse- og miljøfarlege kjemikalier. Noreg bidreg til finansiering av tiltak i utviklingsland gjennom fleire kanalar over Utanriksdepartementets budsjett, særleg gjennom Det globale miljøfondet (GEF), og ved bidrag til UNEP og program for kapasitetsbygging under dei internasjonale konvensjonane.

Overvaking av miljøgifter i naturen for å følgje utviklinga over tid vil framleis vere prioritert, og opprettinga av ein nasjonal miljøprøvebank med ulike typar prøvemateriale for seinare analysar av miljøgifter er under etablering. Miljøprøvebanken blir plassert i Forskingsparken på Blindern i Oslo og skal administrerast av forskingsinstitutta i CIENS. Miljøprøvebanken skal samle inn og ta vare på prøver av biologisk materiale, for deretter å fryse dei ned for seinare analysar av miljøgifter. Dette vil bli eit svært nyttig verktøy i forvaltning av og forskning på miljøgifter. Formålet er å kunne gjere nye analysar av prøver når det er utvikla betre metodar for å oppdage miljøgifter, fastsetje bakgrunnsnivå for nye miljøgifter og etablere tidstrender.


3.3.3. Risiko for at utslipp og bruk av kjemikaliar er årsak til skade på helse og miljø skal minimerast.

Målet er at stadig mindre helse- og miljøfarlege kjemikaliar skal brukast og sleppast ut, òg frå produkt og avfall, og at kjemikaliar skal nyttast på ein måte som reduserer risikoen for helse- og miljøskade.

For å måle utslipp av helse- og miljøfarlege kjemikaliar er det utvikla ein utslppsindikator for utvalte helse- og miljøfarlege stoff. Indikatoren tek utgangspunkt i mengde produsert, importert og eksportert av kjemikaliane kombinert med ein utslpps faktor basert på bruksområde. Figur 24.1 viser utviklinga i denne utslppsindikatoren for

kjemiske stoff klassifiserte med omsyn til kreft, mutagene, reproduksjonsskadelege (CMR), kronisk giftverknad, allergiframkallande effekt og miljøfare i perioden 2002 – 2009. Indikatoren i 2002 er sett lik 1.

Trenden for dei ulike gruppene varierer noko, men hovudbiletet er at utslippet av farlege stoff er redusert frå 2002. Den største nedgangen ser vi for utslipp av dei kronisk giftige stoffa. For allergiframkallande stoff har det vore ein nedgang i utslippa sidan 2006, og utslippet av CMR-stoff er òg redusert sjølv om dette utslippet har vore varierende. Utslippet av miljøfarlege stoff steig frå 2002-2005, men har sidan 2005 gått betydeleg ned.



Figur 24.1 Utsleppsindikatorar for helse- og miljøfarlege stoff. 2002-2008, der 2002=1.

I tillegg til arbeidet med restriksjonar under REACH, som er omtalt tidlegare, deltek Noreg aktivt i alle komitear som er oppretta i samband med REACH, og i ei rekkje arbeidsgrupper under REACH og regelverket om klassifisering og merking av farlege kjemikaliar, omtalt som CLP. Det er samarbeid med andre nordiske land når det gjeld REACH og CLP, for eksempel med innspel til kriterium for å kunne prioritere stoff som bør evaluerast under REACH. Regelverket som regulerer visse farlege kjemikaliar i elektriske og elektroniske produkt (RoHS) vart nyleg endra. Noreg arbeidde aktivt for at dette

førte til eit regelverk som gav betre vern for helse og miljø.

Regjeringa arbeider for at forbrukarar skal kunne ta miljøvennlege val, og dermed redusere bruk av produkt som inneheld helse- og miljøfarlege kjemikaliar. Klima- og forureiningsdirektoratet lanserte i 2010 nettstaden *Erdetfarlig.no* i samarbeid med Mattilsynet og Miljømerking. Her blir det gitt hjelp til å unngå helse- og miljøfarlege stoff i forbrukarprodukt, oversikt over produkta med dei offisielle miljømerka Svanen og Blomsten innan ulike varekategoriar, og informasjon om korleis ulike typar produkt skal blir avfall.

Produktregisteret blir lagt på nettsida Produktinformasjonsbanken (*www.pib.no*). Nettsida vart våren 2010 lansert på nytt med ny design og betre søkjetilhøve. Produktregisteret skal halde fram arbeidet sitt for å leggje til rette for at allmenta får tilgang til ytterlegare informasjon om produkt.

3.3.4. Spreiing av miljøgifter frå forureina grunn skal stansast eller reduserast vesentleg. Spreiing av andre helse- eller miljøfarlege kjemikaliar skal reduserast på bakgrunn av ei konkret risikovurdering.

Per 1. september 2011 er det 402 lokalitetar som er kjende av miljøstyresmaktene og der det finst

Tabell 24.5 Grunnforureining

	2006	2007	2008	2009	2010
Talet på kjende område med alvorlege grunnforureiningar	366	353	348	334	380

I arbeidet med forureina grunn er utgangspunktet at spreiiing av prioriterte miljøgifter frå forureina grunn skal stansast eller reduserast vesentleg, mens spreiiing av andre helse- eller miljøfarlege kjemikaliar skal reduserast på bakgrunn av ei konkret risikovurdering. Særleg blir prioritert oppfølging av stader der forureininga medfører helseisiko for menneske eller der forureininga lek frå grunnen til område som er prioriterte i samband med arbeidet med forureina sjøbotn. Det blir dessutan vurdert nærare korleis ein kan ta omsyn til særleg sårbare grupper, som for eksempel barn.

Klima- og forureiningsdirektoratet arbeider med å gjennomføre opprydding i dei dokumentert mest alvorlege grunnforureiningslokalitetane med utslepp til prioriterte fjordar og på stader der forureininga kan føre til helseisiko for menneske, jf. St.meld. nr. 14 (2006-2007).

Ein handlingsplan for opprydding i forureina grunn i barnehagar i dei ti største byane og fem store industri-stader vart fremja hausten 2006. Handlingsplanen innebar at overflatejorda i barnehagane i dei ti største byane og fem store industri-stader skulle undersøkjast og eventuell forureining ryddast opp innan 2010.

Klima- og forureiningsdirektoratet har gjennomført handlingsplanen i samarbeid med dei aktuelle kommunane, og med unntak av ein av industrikommunane vert prosjektet ferdigstilt i sommarhalvåret 2011. Det har vore behov for tiltak i nærare 70 pst. av barnehagane. Det skuldast hovudsakleg bruk av CCA-impregnert trevirke i

eller er grunn til å tru at det kan finnast miljøgifter med spreiiingsfare, eller andre helse- og miljøfarlege kjemikaliar med spreiiingsfare der det ut frå ei risikovurdering er behov for vidare tiltak. Oppfølginga av lokalitetane kan innebere undersøkingar, sikring og overdekning, fjerning av masse, arealbruksrestriksjonar eller liknande. Talet på lokalitetar går ned som resultat av gjennomført oppfølging, men det vil òg kunne auke på grunnlag av for eksempel nye undersøkingar, nye utslepp eller revurdering av risiko ved forureininga.

sandkassar og sandbasseng, i tillegg til behov for utskifting av jord i om lag ein tredel av barnehagane i desse kommunane. Klima- og forureiningsdirektoratet har komme med eit forslag til korleis dette arbeidet skal følgjast opp for barnehagar i resten av landet.

Det er eit politisk ønske at det offentlege og private skal ha kjennskap til forureina grunn, jf. Ot.prp. nr. 70 (2004-2005). Informasjon om forureining i grunnen framkjem no gjennom matrikkelen. Klima- og forureiningsdirektoratets database *Grunnforurensning* er kopla direkte mot matrikkelen. Funksjonen til matrikkelen er på dette området å gjere merksam på om det finst forureining av grunnen på ei matrikkeleining eller ikkje.

3.3.5. Sediment (botnmassar i sjø) som er forureina med helse- eller miljøfarlege kjemikaliar, skal ikkje medføre fare for alvorlege forureiningsproblem.

Handlingsplan for opprydding i forureina sjøbotn i St.meld. nr. 14 (2006-2007) *Sammen for et giftfritt miljø – forutsetninger for en tryggere fremtid* bygger på fylkesvise tiltaksplanar for opprydding i forureina sjøbotn for dei 17 høgst prioriterte områda i Noreg. Dei fylkesvise tiltaksplanane er avgrensa til dei delane av fjordane der sjøbotnen er sterkast forureina, og til kjeldeområde på land i tilknytning til desse.

Eit omfattande arbeid er sett i gang med å førebu og gjennomføre oppryddingsprosjekt på dei 17 områda. Omfattande tiltak er gjennomførte i Kristiansand, Oslo og Trondheim (opprydding

knytt til Killingdal gruver). I Tromsø og Oslo blir tiltaka avslutta i 2011. Harstad og Sandefjordsfjorden og fleire andre tiltaksplanområde står for tur.


Dei aller fleste av dei om lag 100 prioriterte skipsverfta har gjennomført undersøkingar i grunnen og i sjøbotnen utanfor for å klarleggje behovet for oppryddingstiltak. Det blir fortløpande utarbeidd tiltaksplanar for dei verfta der det er behov for tiltak. Det er viktig å stanse kjelder på land før tiltak blir gjennomførte på sjøbotnen, og for dei fleste verfta er dette rekkefølja. Det er i tillegg gitt pålegg tilti0 store hamner og dei 17 største industrihamnene med utsleppsløyve i tiltaksplanområda, om å kartleggje korleis verksemda deira bidrar til å forureine sjøbotnen, og vurdere behovet for opprydding. Miljøstyresmaktene vil òg elles der det er nødvendig og juridisk mogleg gi pålegg om oppryddingstiltak for å stanse utlekking til sjøbotn.

I dei fleste av tiltaksplanområda har kommunane ei sentral rolle i oppryddingstiltaka som lokal styresmakt, ansvarleg for hamneverksemda og ansvarleg for viktige kjelder til utlekking av miljøgifter frå avfallsdeponi og kommunale avløp. Fylkesmannen har forureiningsmynde i dei fleste

sakene og regulerar tiltaka etter forureiningslova og forskrifter. Etter søknad medverkar Klima- og forureiningsdirektoratet med midlar til enkelte kommunar, til kommunale prosjektleiarar, undersøkingar og oppryddingsprosjekt i forureina sjøbotn.

3.3.6. Utslepp, risiko for utslepp og spreiding av radioaktive stoff som kan forårsake helse- og miljøskade skal haldast på lågast mogleg nivå. Alt radioaktivt avfall skal handterast forsvarleg på godkjent måte.

Det viktigaste grepet i 2011 har vore å gjere forureiningslova gjeldande òg for radioaktiv forureining og radioaktivt avfall. I særleg grad vil kravet om deklarasjon av radioaktivt avfall bidra til auka oversikt over og kontroll på handteringa av dette avfallet. For å redusere utslepp og risiko for utslepp har Noreg dialog med land der det finst kjelder som kan påverke Noreg, i tillegg til at miljøstyresmaktene deltek i internasjonalt arbeid. Det blir òg arbeid med kartlegging, overvaking og forskning.



Figur 24.2 Utslepp av 131I frå norske sjukehus i perioden 2005 – 2009.

Figuren viser utslepp frå norske sjukehus i perioden 2005-2009. Utsleppa varierer etter aktivitetsnivået, men vi ventar noko reduserte utslepp på sikt i tråd med målsetjingane i forureiningslova.

3.3.6.1. Effektiv gjennomføring av nytt regelverk for radioaktiv forureining og radioaktivt avfall.

Det nye regelverket gir eit meir heilskapeleg grunnlag for forvaltning av dette forureiningsfeltet. Det er òg utvikla eit tett samarbeid mellom Statens strålevern og Klima- og forureiningsdirektoratet for å sikre felles rutinar og godt grunnlag


for lik forvaltning. Dei gjennomfører blant anna felles tilsyn og har skrive under ei samarbeidsavtale.

Det blir arbeid med å kartleggje ulike kjelder og type verksemdar som genererer radioaktivt avfall og med å lage ei oversikt over avfallsstrømmer. Denne oversikta vil først komme i 2012 avhengig av årleg innlevering av deklarasjonsskjema.

Gjennom det nasjonale overvåkingsprogrammet for radioaktiv forureining held norske styresmakter seg fortløpande orienterte om den radioaktive forureininga av norske land- og sjøområde. I tillegg til forureining utanfrå, omfattar programmet samtidig utslepp av radioaktive materiale frå nasjonale kjelder.

Utsleppa av produsert vatn varierer med aktivitetsnivået på sokkelen. Målsetjingane i OSPAR er at utsleppa av naturleg førekommande radioaktive stoff og skal reduserast gradvis slik at konsentrasjonen av stoffa i miljøet er nær bakgrunnsnivå innan 2020. Basert på prognosar om mengder produsert vatn ligg Noreg ikkje an til å nå målet om ein gradvis reduksjon, men usleppet i 2020 ser ut til å bli lågare enn i 2009.

Det er framleis betydeleg mangel på kunnskap om radioaktiv forureining av det ytre miljøet. Arbeidet med å få betre kunnskap om ulike kjelder til radioaktiv forureining, om miljøeffektane og betre grunnlag for overvaking skal derfor førast vidare.




Figur 24.3 Utslepp av 226 Ra, 228 Ra og 210 Pb med produsert vatn frå olje og gassverksemda på norsk sokkel for perioden 2005 – 2009.

3.3.6.3. Redusere risiko for radioaktiv forureining av norske område frå utanlandske kjelder.

Forureining med cesium-137 er framleis betydeleg i dei områda som vart ramma av nedfall frå Tsjernobylulykka. Erfaringane frå overvaking av

utmarksbeitande dyr og overvåkingsprogrammet for radioaktivitet i terrestrisk miljø er at forureininga varer lengre enn ein trudde tidligare og at tiltak vil vere nødvendige i fleire tiår framover. Arbeidet med å samle inn data om aktuelle nivå i hjortevilt og bær held fram.



Figur 24.4 Cesium-137 i aure og røye etter Tsjernobyl-ulykken. Høysjøen, Nord-Trøndelag
Kjelde: Norsk institutt for naturforskning, 2008. www.miljostatus.no

Eit verkemiddel for å nå målet om at utslipp, risiko for utslipp og spreining av radioaktive stoff som kan forårsake helse- og miljøskade skal halvdast på lågast mogleg nivå er å redusere risikoen for radioaktiv forureining av norske område frå utanlandske kjelder.

Sannsynet for at ei alvorleg atomhending skal inntreffe og ramme Noreg er vurdert som lågt i *Nasjonal sårbarhets- og beredskapsrapport (NSBR) 2011*. Risiko varierer mellom ulike potensielle kjelder. Sannsynet for ei atomulykke er påverka av teknisk standard, organisasjon, myndigheitskontroll og sikkerheitskultur. Også konsekvensane av ei atomulykke vil avhenge av ei rekkje faktorar, for eksempel kor ulykka skjer, type og mengde radioaktive stoff som er involverte, korleis utsleppa blir transporterte og evne til å handtere og setje i verk tiltak. Sannsynet for atomulykker heng saman med talet på anlegg der slike ulykker kan oppstå. Med uendra sikkerheitsnivå vil sannsynet for ulykker auke i takt med talet på anlegg.

Miljøverndepartementet deltek i arbeidet med gjennomføringa av Regjeringas handlingsplan for oppfølging av St.meld. nr. 34 (1993-94) *om atomverksemd og kjemiske våpen i våre nordlege nærrområde*. Noreg har gjennom denne planen arbeidd for å sikre forholda rundt det radioaktive avfallet i Nordvest-Russland. Noreg har dei seinaste åra lagt vekt på samarbeid med og støtte til russiske tilsynsstyresmakter, og har lagt vekt på at conse-

kvensar for miljøet må vurderast før ulike tiltak blir sette i verk, slik at risikoen for ulykker blir så liten som råd er. St.meld. nr. 11 (2009-2010) *Samarbeid med Russland om atomvirksomhet og miljø i nordområdene* gir ei oppdatert oversikt over den norske innsatsen dei siste åra og trekkjer opp prioriteringane vidare framover. Samarbeidet om overvaking av radioaktiv forureining er òg styrkt gjennom miljøvernkommissjonen si ekspertgruppe.

Miljøverndepartementet deltek òg i Embetsgruppa for koordinering av atomberedskapen i Noreg og har dekt sin del av kristutvalet sin langtidsplan for oppgradering av den norske atomberedskapen. Det blir vidare arbeidd med å sikre at departementet og dei underliggjande etatane er godt eigna til å redusere konsekvensane for helse og miljø så godt som mogleg i tilfelle ei alvorleg atomhending.

Lagra av høgaktivt flytande avfall (HAL) ved Sellafieldanlegget er i løpet av dei siste åra reduserte frå om lag 1500 til om lag 900 tonn. Britiske styresmakter sett no krav om at avfallsmengda skal reduserast til 5-600 tonn innan 2015. Ein rapport frå Statens strålevern viser at eit mogleg uhell ved Sellafieldanlegga kan ramme Noreg hardt. Behovet for rask reduksjon av mengdene av flytande, høgradradioaktivt avfall og styrkt tryggleik har vore teke opp med britiske styresmakter ei rekkje gonger. Det er nær kontakt om dette

mellom dei norske og britiske styresmaktane, både på departements- og fagnivå.

Avfall og gjenvinning

Tabell 24.6 Avfall og gjenvinning

Nasjonale mål	Delmål	Indikatorar
3.4.1. Veksten i mengda avfall skal vere vesentleg lågare enn den økonomiske veksten.		Total mengd avfall generert pr. år sett i forhold til økonomisk vekst målt i BNP.
3.4.2 Det blir teke sikte på at mengda avfall til gjenvinning skal vere om lag 75 pst. i 2010 med ei vidare opptrapping til 80 pst., basert på at mengda avfall til gjenvinning skal aukast i tråd med det som er eit samfunnsøkonomisk og miljøvist fornuftig nivå.		Delen av ordinært avfall som går til gjenvinning, basert på totalt generert mengd avfall som går til kjent behandling.
3.4.3. Farleg avfall skal takast for-svarleg hand om og anten gå til gjenvinning eller vere sikra god nok nasjonal behandlingsskapa-sitet.		Mengd farleg avfall med ukjent disponering. Mengd farleg avfall som blir eksportert til sluttbehandling
3.4.4. Genereringa av ulike typar farleg avfall skal reduserast innan 2020 samanlikna med 2005-nivå.		

Statusbeskriving på måla frå Prop. 1S (2010-2011)

For dei fleste miljøproblema som har si årsak i avfall er det fastsett eigne resultatmål, blant anna for utslepp av klimagassar og for miljøgifter. Verkemiddelbruken på avfallsfeltet må derfor sjåast i samheng med verkemiddelbruken på desse områda.

3.4.1. Veksten i mengda avfall skal vere vesentleg lågare enn den økonomiske veksten.

Veksten i økonomien har tradisjonelt gitt auka avfallsmengder. Miljøproblema som følgjer av dei

auka avfallsmengdene kan delvis motverkast ved gjenvinning. Det er likevel grenser for kor store delar av avfallet det er miljømessig føremålsten-leg, økonomisk forsvarleg og teknisk mogleg å gjenvinne. Tilsvarande avgrensingar gjeld for utsleppsreduksjonar frå sluttbehandlingsanlegga. Utan avfallsreduksjon vil derfor miljøproblema frå avfall halde fram med å auke. Resultatmålet inneber at same økonomiske aktivitetsnivå i framtida skal medføre vesentleg mindre avfall. I dette legg Regjeringa at det skal vere ein forskjell som mon-nar og som varer ved.

Tabell 24.7 Avfallsmengder

	2005	2006	2007	2008	2009
Mill. tonn avfall	9,8	10,1	10,7	10,9	10,4


Den samla avfallsveksten frå 1995 til 2009 var på 41 pst. Dette er litt høgare enn veksten i BNP målt i faste prisar, som var på 40 pst. i same periode. Avfall frå næringsverksemd utgjer om lag 80 pst. av den totale avfallsmengda. Veksten i næringsav-

fallet minka med fem pst. frå 2008 til 2009. Dette heng saman med redusert byggeaktivitet i same periode. Framleis står industrien for det meste av avfallet, og veksten her har vore stabil (SSB 2010). Denne utviklinga kjem truleg i betydeleg grad av

endringar i aktivitetsnivået i dei ulike næringane. Endringar i datagrunnlag og omlegging av avfallsstatistikken kan òg ha påverka utviklinga i indikatoren.

Avfallsmengda frå hushalda auka med 70 pst. frå 1995 til 2009. Dette er meir enn auken i hushalda sitt økonomiske forbruk. Frå 2008 til 2009

gjekk mengda hushaldsavfall ned med nær 2 pst. mens hushalda sitt forbruk var uendra. Det er første gongen etter at statistikken vart oppretta i 1992 at genereringa av hushaldsavfall er redusert (SSB 2009). Tal for 2010 viser ei auke på hushaldsavfallet igjen frå 2009–2010.



Figur 24.5 Utvikling i avfallsmengder og BNP (faste priser)

Kjelde: Statistisk sentralbyrå (2009)

Ei fråkopling av avfallsgenereringa frå den økonomiske veksten kan skje gjennom endra samansetjing av produksjon og forbruk, og gjennom auka materialeffektivitet i dei enkelte produkta og produksjonsprosessane. Miljøverndepartementet har her ei særleg pådrivarrolle.


3.4.2 Det blir teke sikte på at mengda avfall til gjenvinning skal vere om lag 75 pst. i 2010 med ei vidare opptopping til 80 pst., basert på at mengda avfall til gjenvinning skal aukast i tråd med det som er eit samfunnsøkonomisk og miljøvist fornuftig nivå.

Gjenvinning av avfall omfattar materialgjenvinning, biologisk behandling, forbrenning med

energiutnytting og bruk av massar som fyll- eller dekkmassar. Gjenvinningsgraden har vore stabil sidan 2005. Farleg avfall er då halde utanom. I 2009 vart 78 pst. av avfallet gjevunne (SSB 2010). Dette inkluderer 46 pst. til materialgjenvinning, 25 pst. til energiutnytting og det resterande til kompostering eller til bruk som dekkmasse eller fyllmasse. Det blir kontinuerleg arbeidd med å sikre ei opptopping mot 80 pst. gjenvinning.

Tabell 24.8 Gjenvinning av avfall

	2005	2006	2007	2008	2009
Gjenvinningsdel av avfallet i pst.	77	79	78	77	78



Figur 24.6 Mengd vanleg avfall i Noreg etter behandling¹. Endelege tal 1995-2008, førebelse tal 2009. Prosent av kjend behandling

Kjelde: Statistisk sentralbyrå (2009)

Det er innført fleire verkemiddel for å stimulere til gjenvinning, under dette forbod mot deponering av nedbryteleg avfall og produsentansvar for enkelte typar avfall.

Det er etablert eigne retursystem for fleire ulike avfallsfraksjonar. Svært gode resultat frå retursystema medverkar til høg gjenvinningsgrad.

Omlag 1,9 mill. tonn avfall vart deponert i 2009. Dette inkluderer ei betydeleg mengd farleg avfall som blir lagt i eigne deponi. Omlag ein fire-del av det tidlegare deponerte avfallet er truleg nedbryteleg avfall som er årsak til metanutslipp frå deponia (SSB 2010).

Då forbodet mot deponering av nedbryteleg avfall vart fastsett, var det venta at det ville ta omlag fem år før tilstrekkeleg alternativ behandlingsskapitet var etablert. Det vart derfor vurdert som nødvendig å opne for mellombelse dispensasjonar frå forbodet. Det vart gitt dispensasjon for ei relativt stor mengd avfall i den første tida etter at forbodet vart innført. Frå 2013 vil det vere få eller ingen dispensasjonar frå forbodet. Samtidig har marknaden for avfallsforbrenning endra seg slik at det ikkje lenger er same mangel på forbrenningskapasitet. Uro i forbrenningsmarknaden, og då særleg at norske forbrenningsanlegg opplevde at dei hadde dårlegare konkurransevilkår enn svenske anlegg, var òg årsak til at Regjeringa i Prop. 126 LS (2009-2010) *Endringar i skatte- og avgiftsreglane mv.* foreslo å avvikle sluttbehandlingsavgifta på forbrenning frå 1. oktober 2010.

Registrert eksport av avfall har auka klart. I 2009 var eksporten av avfall (ordinært avfall og farleg avfall) om lag 770 000 tonn, ein betydeleg auke frå året før. Meir enn 70 pst. gikk til forbrenning med energiutnytting. Eksport av avfall i 2003 var til samanlikning 146 000 tonn. Auken skuldast for ein stor del eksport av brennbart avfall til energigjenvinning i Sverige. Så langt har ikkje røynsla gitt grunnlag for særskilte tiltak for å setje grenser for mengda avfall som blir eksportert eller importert.

EU vedtok 19. november 2008 eit nytt rammedirektiv for avfall (2008/98/EF). Direktivet erstattar det tidlegare rammedirektivet for avfall, direktivet om farleg avfall og direktivet om spillolje. Det nye rammedirektivet vart innlemma i EØS-avtala med verknad frå 2. juli 2011. Norsk avfallsregelverk er vurdert å vere i tråd med rammedirektivet. Direktivet krev derfor ikkje endringar i norsk rett. Miljøverndepartementet har likevel gitt Klima- og forureiningsdirektoratet i oppdrag å utarbeide eit forslag til endring av avfallsforskrifta, og grunnlagsmateriale til enkelte endringar i forureiningslova, med sikte på å bringe omgrepa i avfallsregelverket meir i samsvar med EU-retten. Direktiv om handtering av avfall frå mineralindustrien vart vedteke i EU i 2006, og er innlemma i EØS-avtala. Krava i direktivet er i stor grad i tråd med gjeldande rett, men forslag til gjennomføring av direktivet er sendt på høyring i 2011. Når det gjeld returordninga for innsamling

av elektrisk og elektronisk avfall, har EU-kommisjonen foreslått nye reglar for å effektivisere ordningane og auke innsamlingsmåla. Endringane vil venteleg bli vedtekne i EU hausten 2011, og vil medføre enkelte endringar i avfallsforskrifta kapittel 1. Regjeringa vedtok i februar 2011 å leggje fram ei stortingsmelding om avfallspolitikken.

3.4.3. Farleg avfall skal takast forsvarleg hand om og anten gå til gjenvinning eller vere sikra god nok nasjonal behandlingsskapasitet.

Sjå delmål 3.4.4. for samla rapportering.

3.4.4. Genereringa av ulike typar farleg avfall skal reduserast innan 2020 samanlikna med 2005-nivå.

Ein million tonn helse- og miljøfarleg avfall gjekk til godkjent behandling i 2009, ein liten reduksjon i forhold til året før. Lågare aktivitet i industrien er truleg hovudårsaka til denne nedgangen. Sidan 1998 er mengda meir enn dobla. Mykje av denne auken reknar ein med kjem frå betring i datagrunnlaget, og den reelle auken kan derfor vere mindre enn det statistikken viser. Ifølgje SSB sine beregningar gjekk 2 000 tonn mindre av farleg avfall til ukjent handtering i 2009 enn i 2008. Sidan toppen i 2004 har mengda farleg avfall til ukjent handtering avteke med 43 000 tonn, eller 38 pst. Hovudårsaka er auka innsamling av oljehaldig farleg avfall, og at beregningane viser nedgang i mengd avfall som oppstår frå kreosothaldig trevirke. Ei fornying av regelverket i 2003 førte til at fleire avfallstypar vart rekna som farlege, deriblant impregnert trevirke, eternitplater (asbestement) og plast med bromerte flammehemmarar. Det vart registrert 48 000 tonn slike nye typar farleg avfall til godkjent behandling i 2009, over dobbelt så mykje som i 2003. I same perioden vart mengda til ukjent handtering av dei same avfallstypene redusert med nær ein tredjedel, til 33 000 tonn. Ukjent handtering kan bety at avfallet er gått til godkjent handtering, men at det ikkje er registrert. Men det kan òg bety at avfallet har blitt handtert på uforsvarleg vis eller er hamna i naturen.

Nær 85 pst., tilsvarende 850 000 tonn, av det farlege avfallet som gjekk til godkjent behandling i 2009, vart behandla i Noreg. Resten, tilsvarende 150 000 tonn, vart eksportert for å bli behandla i utlandet. Til saman 22 pst. av det farlege avfallet vart gjenvunne, det vil seie materialgjenvunne

eller energiutnytta, mens resten vart sluttbehandla, hovudsakleg på deponi. I desse resultatane er behandling i utlandet rekna med. I 2007 vart 16 pst. av det farlege avfallet gjenvunne. Mange typar farleg avfall, bl.a. frå industrien, er vanskelege å gjenvinne, og dette kan vere ei forklaring på den høge sluttbehandlingsprosenten. Ein stor del av det sluttbehandla avfallet blir stabilisert og nytta til landskapsrestaurering.

Stadig fleire produkt inneheld helse- og miljøfarlege stoff. Det gjer at mengda farleg avfall frå slike produkt aukar. I Klima- og forureiningsdirektoratets strategi for farleg avfall for perioden 2008–2010 har innsatsen særleg vore retta mot auka innsamling av farleg avfall med prioriterte miljøgifter. Klima- og forureiningsdirektoratet vil òg framover ha spesiell merksemd på avfall som inneheld prioriterte miljøgifter.

Regelverket for grensekryssande transport av avfall krev stor ressursinnsats i Klima- og forureiningsdirektoratet til saksbehandling og kvalitetssikring av meldingane om import/eksport og auka innsats på tilsyn og kontroll.

Tilsyn har fått auka merksemd for å redusere illegal import og eksport, særleg eksport til fattige land. Klima- og forureiningsdirektoratet har styrkt samarbeidet med Toll- og avgiftsdirektoratet og andre styresmakter for å gjennomføre ein mest mogleg effektiv kontroll med ulovleg eksport og import av farleg avfall med skip.

Konvensjonen om gjenvinning av skip

Den 15. mai 2009 vart «*Hong Kong International Convention for the Safe and Environmentally Sound Recycling of ships*» fastsett på diplomatkonferanse i IMO. Den nye konvensjonen inneheld miljøkrav til skip gjennom heile skipet sin livssyklus, den stiller krav om godkjenning av opphoggingsstadene og inneheld føresegn om gjennomføringa av sjølve opphoggingsprosessen. Det nye regelverket vil utgjere grunnmuren i arbeidet med å betre både miljøforholda og forholda for tilsette i skipsgjenvinningsindustrien. Regjeringa tek sikte på ei snarleg behandling av norsk tiltrøding av konvensjonen.

Gjennom arbeid i internasjonale fora tek departementet òg initiativ for å få betre regulering og kontroll med industriverksemd om bord på skip i internasjonalt farvatn.

25 Statusrapportering på «gamle» resultatområde 4 frå 2011

Tabell 25.1 Klimaendringar

Nasjonale mål	Delmål	Indikatorar
4.1.1. Noreg skal overoppfylle utsleppsforpliktinga si med 10 prosentpoeng til 9 pst. under 1990-nivå.		Nasjonal utsleppsutvikling og bruk av fleksible mekanismar.
4.1.2. Noreg skal fram til 2020 ta på seg ei forplikting om å kutte dei globale utsleppa av klimagassar tilsvarande 30 pst. av Noregs utslepp i 1990. Gjennom Klimameldinga og Klimaforliket er det slått fast at det er realistisk å ha eit mål om å redusere utslepp i Noreg med 15-17 mill. tonn CO ₂ -ekvivalentar i høve til referansebana slik den er presentert i nasjonalbudsjettet for 2007, når skog er inkludert.	4.1.2.1. Sektormåla for reduksjon av klimagassutslepp frå klimameldinga frå 2007 skal vere oppfylte.	Nasjonal utsleppsutvikling.
	4.1.2.2. Etablere eit oppfølgingsregime for dei sektorvise og nasjonale måla for utsleppsreduksjonar, under dette fastsette kontrollstasjonar fram mot 2020.	Nasjonal utsleppsstatistikk fordelt på sektorinndelinga frå Klimameldinga.
4.1.3. Som ein del av ei global og ambisiøs klimaavtale der også andre industriland tek på seg store forpliktingar, skal Noreg ha eit forpliktande mål om karbonnøytralitet seinast i 2030. Det inneber at Noreg skal syte for utsleppsreduksjonar tilsvarande norske utslepp i 2030.		
4.1.4. Redusert avskoging og utarming av skog i utviklingsland (REDD) skal gi lågare utslepp av klimagassar, og bidra til berekraftig utvikling og fattigdomsreduksjon.		
4.1.5. At samfunnet er mindre sårbart for klimaendringar og at Noregs tilpassingsevne er styrkt.		

*Statusbeskriving på måla frå Prop. 1S (2010-2011)**4.1.1. Noreg skal overoppfylle utsleppsforpliktinga si med 10 prosentpoeng til 9 pst. under 1990-nivå.*

Noreg underskreiv i 1997 Kyotoprotokollen som vart framforhandla under FN's klimakonvensjon (UNFCCC). Der forplikta Noreg seg til at utsleppa i perioden 2008–2012 som eit gjennomsnitt ikkje skal overstige ein prosent meir enn 1990-nivå. Som ei følgje av dette fekk Noreg tildelt ei kvotemengd under Kyotoprotokollen på 250,5 millionar tonn CO₂-ekvivalentar (i gjennomsnitt 50,1 millionar tonn CO₂-ekvivalentear årleg) i Kyoto-perioden (2008–2012). Som eit supplement til innanlandske utsleppsreduksjonar er det i Kyotoprotokollen opna for at landa kan nytte dei såkalla Kyoto-mekanismane (ulike typar kvotehandel) til å oppfylle forpliktingane. Som del av gjennomføringa av våre forpliktingar etter Kyoto-avtala vil Noreg finansiere utsleppsreducerande tiltak i andre land, i hovudsak i utviklingsland. Ein betydeleg del av reduksjonane skal skje gjennom nasjonale tiltak.


Kyoto-mekanismane består av handel med utsleppskvotar, prosjektsamarbeid mellom industriland som har ratifisert protokollen (JI), og prosjektsamarbeid med utviklingsland (CDM). Regjeringa legg opp til ei brei tilnærming for å innfri Noregs utsleppsforplikting under Kyotoprotokollen. Regjeringas politikk er at utsleppsforpliktinga skal oppfyllest gjennom ein kombinasjon av nasjonale tiltak og bruk av Kyoto-mekanismane slik protokollen legg opp til, der ein betydeleg del av utsleppsreduksjonane skjer gjennom nasjonale tiltak, jf. St.meld. nr. 34 (2006–2007) *Norsk klimapolitikk*. Det er etablert eit statleg kjøpsprogram for kjøp av kvotar under Kyoto-mekanismane i Finansdepartementet, jf. Prop. 1 S. (2010-2011).

Stortinget har i tillegg vedteke at Noreg skal overoppfylle utsleppsforpliktinga under Kyotoprotokollen med ti prosentpoeng, eit mål som skal oppfyllest gjennom bruk av dei fleksible mekanismane under Kyotoprotokollen.

Den nasjonale utsleppsutviklinga, norske bedrifter sine kjøp av kvotar gjennom EUs kvotehandelssystem og kjøpsprogrammet for kvotar gjer at Noreg ligg godt an til å innfri forpliktinga under Kyotoprotokollen.

Dei norske klimagassutsleppa auka igjen i 2010, etter to år med nedgang. Dette viser foreløpige tal frå utsleppsrekneskapen til Statistisk sentralbyrå og Klima- og forureiningsdirektoratet. Totalt var utsleppa på 53,7 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2010, ein auke på 4,8 pst. frå året før. Auka metallproduksjon og meir transport har medverka mest til oppgangen siste året. Omtrent 80 pst. av utsleppa i 2010 skuldast dei tre hovudkjeldene petroleumsverksemd, industri og transport (sjå figur 25.1). Petroleumsverksemda stod for 27 pst. av utsleppa, mens industri og transport stod for høvesvis 22 og 32 pst. Av transportutsleppa dominerer vegtrafikken med vel ti mill. tonn CO₂-ekvivalentar eller omtrent 20 pst. av alle norske utslepp. Andre utslepp frå oppvarming av bygningar, utslepp frå avfallsdeponi med meir stod for 11 pst.

Sida 1990 har samla norske utslepp auka med åtte pst., og det er vekst i utslepp knytt til vegtrafikk og petroleumsverksemda som har ført til denne auken. Drivkreftene bak dette har vore at i denne perioden har auka velstand ført til større transportomfang, særleg for godstransport, mens petroleumsproduksjonen har auka betydeleg sidan 1990 og meir modne felt i slutten av perioden gir større utslepp pr. produsert eining.



Figur 25.1 Kjelder som har medverka til utslipp av klimagassar i Noreg frå 1990 og til og med 2010.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå og Klima- og forureiningsdirektoratet

4.1.2. Noreg skal fram til 2020 ta på seg ei forplikting om å kutte dei globale utslappa av klimagassar tilsvarande 30 pst. av Noregs utslipp i 1990. Gjennom Klimameldinga og Klimaforliket er det slått fast at det er realistisk å ha eit mål om å redusere utslipp i Noreg med 15-17 mill. tonn CO₂-ekvivalenter i høve til referansebana slik den er presentert i nasjonalbudsjettet for 2007, når skog er inkludert.

4.1.2.1. Sektormåla for reduksjon av klimagassutslipp frå klimameldinga frå 2007 skal vere oppfylte.

Til trass for nedgangen i klimagassutslipp i 2008 og 2009, viser foreløpige utslippstal for 2010 at utslappa aukar igjen, så vi må vi vere budde på at det kan vere nødvendig å innføre fleire nye verkemiddel for å få utslappa ytterlegare ned mot 2020. I klimaforliket vart det fastslått at det er realistisk å ha som mål å redusere utslappa i Noreg med 15-17 mill. tonn CO₂-ekvivalenter i forhold til referan-

sebana slik den er presentert i nasjonalbudsjettet for 2007, når skog er inkludert. Referansebana frå 2007 viser utslipp i 2020 på vel 59 mill. tonn CO₂-ekvivalenter. Oppfylting av dette målet inneber at det er behov for vesentlege utslppsreduksjonar. Arbeidet til faggruppa Klimakur 2020 som vart leia av Klima- og forureiningsdirektoratet viser at det er mogleg å nå dette målet, og at det er mange moglege måtar vi kan nå det på.

4.1.2.2. Etablere eit oppfølgingsregime for dei sektorvise og nasjonale måla for utslppsreduksjonar, under dette fastsette kontrollstasjonar fram mot 2020.

Faggruppa Klimakur 2020 sitt overordna mandat var å utarbeide naudsynt grunnlagsmateriale for den vurderinga av klimapolitikken og behov for endra verkemiddel som skal leggast fram for Stortinget i 2012 i form av ei klimamelding. Mel-

dinga vil vere ein kontrollstasjon på vegen fram mot 2020, og vil vurdere i kva grad det er behov for nye eller endra verkemiddel i klimapolitikken.

Som bestemt i klimaforliket skal det årleg i samband med oppfølging av berekraftstrategien og dei ordinære budsjettframlegga leggjast fram ei rapportering/klimagassbudsjett som vurderer konsekvensane for klimagassutslepp og som rapporterer om utsleppsutviklinga og gjennomføringa av klimapolitikken. Klimagassbudsjettet har som mål å gi ei oversikt over klimagassutsleppa som følgjer av Regjeringas største satsingar i statsbudsjettet og kor vidt dei ulike satsingane bidreg i retning av å innfri dei nasjonale klimamåla. Effekten av satsingane skal vurderast anten dei gir auka utslepp som for eksempel ved enkelte vegprosjekt, eller dei gir reduserte utslepp som for eksempel satsinga på karbonfangst og -lagring. I klimagassbudsjettet bør òg tiltak som skatte- og avgiftsendringar og satsingar innan forskning og utvikling omtalast.

I tillegg er omtalt nokre saker som har verknad på klimautsleppa sjølv om desse ikkje er satsingar i budsjettet, slik som nye olje- og gassfelt som blir sette i drift.

Klimagassbudsjettet skal ha tal både for budsjettåret og for 2020, men det skal leggjast mest vekt på 2020. På den måten vil det bli tydeleg i kva

grad satsingane bidreg til at Noreg når klimamåla sine, som til dømes det som er omtalt i klimameldinga og forliket om at det er realistisk å ha som mål å kutte dei innanlandske klimagassutsleppa med 15-17 mill. tonn i forhold til referansebana i nasjonalbudsjettet for 2007, når skog er inkludert.

Regjeringa har òg innført ei klimavurdering av alle større satsingar i budsjettprosessen der det er relevant. Dette inneber at ansvarleg departement for ulike satsingsforslag leverer til Miljøverndepartementet for budsjettkonferansane ei vurdering av effektar på klimagassutslepp der det er relevant. Dette arbeidet vil kunne gi vesentleg tilleggsinformasjon om klimaeffektane av satsingane og vil derfor styrkje budsjettmaterialet på dette punktet og gi grunnlag for betre avgjerder.

Nedanfor følgjer ein kort gjennomgang av nokre sentrale endringar dei seinaste åra. For meir utfyllande informasjon viser ein til det enkelte departement sin budsjettproposisjon.

Samferdselsdepartementet har som ein illustrasjon gjort grove overslag over klimaverknaden i 2010 og 2012 målt i tonn CO₂-ekvivalentar av ulike tiltak og verkemiddel dei siste åra. Utan desse tiltaka ville utsleppa frå transport kunne vore 0,4 til 1 mill. tonn CO₂-ekvivalentar høgare i 2012, som er vist i tabellen under.

Tabell 25.2 Verknad av ulike tiltak og verkemiddel i klimapolitikken

	Verknad 2010		Venta verknad for 2012	
	Lågt overslag	Høgt overslag	Lågt overslag	Høgt overslag
Innblanding biodrivstoff ¹	-145 000	-416 000	-165 000	-470 000
Lågare utslepp nye personbilar ²	-105 000	-210 000	-200 000	-400 000
Jernbaneprosjekt ³	-15 000	-15 000	-45 000	-45 000
Auka drivstoffavgifter – klimaforliket	-14 000	-28 000	-14 000	-28 000
Auka CO ₂ -avgift luftfart ⁴	-4 000	-9 000	-4 100	-9 200
El-bilar ⁵	-1 500	-2 000	-3 000	-4 000
Vegprosjekt ferdig i 2012			3 690	3 690
Sum	-284 500	-680 000	-427 410	-952 510

¹ Det er føresett 35 pst. klimaeffekt i det låge alternativet og 100 pst. i det høge. Vidare er det føresett at biodrivstoff står for 3,5 pst. av drivstoffsålet i 2012.

² Samanlikna med nivået før 2007 (inkl. drosjer)

³ Det er rekna at nye jernbaneprosjekt i perioden 2010-2019 gir ein reduksjon på 150 000 tonn CO₂ i 2019, dvs. ein gjennomsnittleg verknad på 15 000 i året. Konsekvensane av jernbaneprosjekt i 2010-2019 byggjer på NTP 2010-2019. Det er denne meldinga som ligg til grunn for planlegging i sektoren, men den er ikkje bindande i budsjettssamanheng.

⁴ 10 øre auke frå 2008

⁵ I tabellen er det rekna med at el-bilar har halve køyrelengda som ordinære bilar og at 50–75 pst. av køyringa erstattar ordinær bilkøyning.

I 2010-2011 har Olje- og energidepartementet godkjent fleire utbyggingsplanar for petroleumsinstallasjonar. Ved utarbeiding av planane skal oljeselskapa finne utbyggingsløyningar som gir lite utslepp av CO₂ samtidig som omsynet til kostnadseffektivitet må takast vare på. Tabellen under gir ei oversikt over felte med godkjent plan for

utbygging og drift som vil bli sette i produksjon dei næraste åra. Tala er baserte på selskapa sine overslag ved innlevering av plan for utbygging og drift. Det er stor uvissheit knytt til anslag for CO₂-utslepp for 2020, men tabellen under viser at utslepp frå utbyggingar godkjent i 2010-2011 totalt kan bli nesten 900 000 tonn CO₂-ekvivalantar.

Tabell 25.3 Felt med godkjent plan for utbygging og drift

	Produksjonsperiode	Tentativt oppstartsår	Tonn CO ₂ utslepp per år
Oselvar	20 år	2011	25 000–60 000
Gaupe	9 år	2011	15 600
Marulk	10 år	2012	100 000
Visund Sør	14 år	2012	2 000–25 000
Goliat	15 år	2013	125 000–156 000
Gudrun	14 (9) år	2013	100 000–210 000
Hyme	7 år	2013	2 000–24 000
Ekofisk/Eldfisk	35-40 år	2013	70 000
Knarr	6 år	2014	170 000
Valemon	11 år	2014	15 000–59 000

4.1.3. Som ein del av ei global og ambisiøs klimaavtale der også andre industriland tek på seg store forpliktingar, skal Noreg ha eit forpliktande mål om karbonnøytralitet seinast i 2030. Det inneber at Noreg skal syte for utsleppsreduksjonar tilsvarande norske utslepp i 2030.

Klimaforhandlingane i København i desember 2009 resulterte i ei politisk avtale – The Copenhagen Accord – om å avgrense menneskeskapte klimaendringar. Denne fekk ikkje status som formelt vedtak under Klimakonvensjonen, men vart stadfesta året etter i Mexico i det som er kalla Cancunavtala. Semja i Mexico var avgjerande for tilliten til dei internasjonale klimaforhandlingane i regi av FN, og legg grunnlaget for ei bindande juridisk avtale på sikt. Avtala inneheld mange konkrete oppfølgingspunkt som det blir arbeidd med fram mot årets klimaforhandlingsmøte i Sør-Afrika i desember.

Cancunavtala representerer eit gjennombrot både for styrkt finansiering av klimatiltak i utviklingsland og i arbeidet for ein internasjonal skogmekanisme. Noreg vil arbeide nært opp mot desse problemstillingane framover. Statsminister Jens Stoltenberg overtok i juni 2010 leiinga av FN's høg-nivågruppe om finansiering av klimatiltak i fattige land og gruppa la fram sin rapport om moglege løyningar for mobilisering av ressursar i november

2010. I Cancun vart det bestemt å etablere eit nytt internasjonalt klimafond (Det Grøne Fondet), og det vart sett ned ein eigen komité som i løpet av 2011 skal utarbeide forslag til rammeverk og retningslinjer for å gjere fondet operativt så snart som mulig. Noreg er representert i leiinga i denne komiteen. Arbeidet her vil bli viktig for framgangen på finansieringspørsmål i Durban.

I tråd med Regjeringas klimapolitikk og klimaforliket har Noreg i klimaforhandlingane annonsert eit mål om prosentvis reduksjon i klimagassutsleppa på 30 pst. innan 2020 i forhold til 1990-nivå. I regjeringserklæringa hausten 2009 annonserte Noreg ei skjerpning tilsvarande eit kutt på 40 pst. dersom det kan bidra til semje om ei ambisiøs klimaavtale der dei store landa tek på seg konkrete utsleppsforpliktingar. I januar i år 2010 melde Noreg inn utsleppsmåla sine til Københavnavtala, og dette er no formelt teke inn i Cancunavtala. Der vart det signalisert at Noreg, innanfor ramma av ei ny klimaavtale der store utsleppsland blir samde om utsleppsreduksjonar i tråd med togradermålet, vil ta på seg ei utsleppsforplikting tilsvarande kutt i utsleppa på 40 pst. basert på 1990-nivå innan 2020.

I 2011 har det vore arrangert to forhandlingsmøte under FN's klimakonvensjon. Det har vore forhandla om oppfølging av Cancunavtala og tema

som det ikkje vart semje om i Cancun. Det er planlagt eit nytt forhandlingsmøte i Panama i byrjinga av oktober før det siste møtet i år i Durban i Sør-Afrika i desember.

Forhandlingane fram mot Durban vil måtte gi resultat på alle sentrale forhandlingstema, der særleg utsleppsreduksjonar, finansiering og tilpassing er viktige tema. Frå norsk side vil det bli lagt stor vekt på å få ei meir forpliktande oppfølging av innsatsen for utsleppsreduksjonar, i både i-land og u-land. Under Klimakonvensjonen har alle i-land og meir enn 40 u-land meldt inn mål og tiltak for utsleppsreduksjonar fram mot 2020. Desse landa står for meir enn 80 pst. av dei globale utsleppa. Mens dei fleste i-land i dag har forpliktingar under Kyotoprotokollen, er det framleis uklart korleis ei avtale skal utformast for u-landas tiltak og for USA og andre i-land utanfor Kyotoprotokollen. Arbeidet fram mot Durban og vidare vil vere retta mot å utvikle eit meir heilskapleg og bindande klimaregime for alle land, der Kyotoprotokollen kan vere ein del.

Tilpassing er eit særleg viktig tema for lågtliggjande øystatar, som vil bli hardt ramma av havnivåstigning. Negative konsekvensar i form av tørke og svikt i vassforsyning er venta å gi store problem òg i delar av Afrika og Asia. Ei global klimaavtale bør bidra til å sikre at dei minst utvikla landa og dei mest sårbare utviklingslanda blir gitt prioritet og får effektiv og relevant støtte i tilpassingsarbeidet sitt. Eit framtidig rammeverk for tilpassing bør leggje til rette for at alle partar integrerer omsynet til effektar av klimaendringar i ordinære planleggings- og avgjerdsprosessar. Semje om ei global avtale er heilt avhengig av at ein løyser spørsmålet om finansiering. Tilpassingstiltak og kapasitetsoppbygging i utviklingsland for å klare ei klimaomstilling vil generelt sett ikkje kunne finansierast via marknadsmekanismar, og det er behov for auka offentleg støtte. Det same gjeld for innleiingsfasen for å stanse avskoging. I klimaforhandlingar er det derfor lagt stor vekt på å få semje om mekanismar og system for å sikre føreseieleg og tilstrekkeleg finansiering av slike klimatiltak i utviklingsland, og for gode og effektive styrings- og forvaltningsregime for finansiell støtte.

FNs Sjøfartsorganisasjon IMO fastsette i juli 2011 juridisk bindande klimakrav til internasjonal skipsfart. Desse krava som omhandlar energieffektiv utforming og drift av skip, vil tre i kraft 1. januar 2013. Det var Noreg som tok initiativet til at desse krava kunne vedtakast. Forhandlingsresultatet er særskilt viktig i det internasjonale arbeidet for å redusere klimagassutslepp, då klimagassutslepp frå internasjonal skipsfart har vore uregulert fram til no.

Regjeringa etablerte i februar 2011 eit internasjonalt energi- og klimainitiativ med sikte på å auke tilgangen på energitjenester og samtidig avgrense klimagassutsleppa frå energisektoren i utviklingsland. Eit internasjonalt partnerskap med givarland, utviklingsland, internasjonale organisasjonar, private aktørar og ikkje-statlege organisasjonar vart etablert og lansert under konferansen «Energy for all: Financing access for the poor» som vart halden i Oslo i oktober 2011. Initiativet vil kunne medverke til å utvikle og gjennomføre planar og tiltak for utsleppsreduksjonar og utsleppsomleggingar i energisektoren i utviklingsland, som oppfølging av Cancunavtala. Erfaringar frå initiativet kan spelast inn i klimaforhandlingane. Initiativet vil trekkje på lærdom frå det norske klima- og skoginitiativet.

Regjeringas klima- og skogprosjekt

4.1.4. Redusert avskoging og utarming av skog i utviklingsland (REDD) skal gi lågare utslepp av klimagassar, og bidra til berekraftig utvikling og fattigdomsreduksjon.

For statusbeskrivinga til Regjeringas klima- og skogprosjekt viser ein til resultatområde Stabilt klima.

4.1.5. At samfunnet er mindre sårbart for klimaendringar og at Noregs tilpassingsevne er styrkt.

Regjeringa oppnemnde eit utval i desember 2008 for å utgreie kor stor risiko klimaendringane representerer for natur og samfunn, og gjere greie for kva samfunnsområde som er mest utsette. Utvalet leverte rapporten sin 15. november 2010. Parallelt med utgreiinga har det vore arbeid for å leggje til rette for at styresmakter og næringsliv tek omsyn til klimaendringane i samfunnsplanlegginga på dei mest utsette områda.

Nettportalen *Klimatilpassing Norge*, som er utvikla for å gi planleggjarar eit samla informasjons-senter for deira arbeid med klimatilpassing var i full drift i 2010. Det vart òg lansert ein rettleiar til klimatilpassing for kommunane. Kommunane og forvaltninga generelt har no tilbod om kurs i klimatilpassing. Klimatilpassing er òg ein del av andre kurstilbod, til dømes kurs i arealplanlegging.

Ei ny undersøking utført av klimatilpassingssekretariatet i Direktoratet for Samfunnsikkerheit og beredskap syner at klimatilpassing er på veg inn i kommunane si planlegging.

Klimaendringar verkar saman med andre faktorar som gjengroing, fysiske inngrep og forurei-

ning. Det er den totale belastninga som er avgjerande for kva slags effektar klimaendringane vil ha for økosystema, og det er naudsynt med ei økosystemtilnærming i arbeidet med tilpassing til. Det er sett i verk overvaking og rapportering som skal gi informasjon om endringar i økosystema, til dømes havforsuring. Dette blir vurdert i samanheng med andre faktorar for påverknad og blir følgt opp i vidare arbeid med utvikling av tiltak og målretting av verkemiddel.

Direktoratet for naturforvaltning utarbeidde i 2006-2007 ein rapport der dei viktigaste fagområda vart gjennomgått for å identifisere aktuelle tilpassingstiltak. Som følge av denne gjennomgangen blir klimaomsynet no lagt vekt på blant anna ved vurdering av verneområde, nedkjemping av framande arter, skjøtselstiltak i kulturlandskap og i arbeidet med EUs vassdirektiv. I 2012 vil ei forskrift om innførsel og utsetjing av framande organismar, og ei forskrift om utsetjing av utanlandske treslag til skogbruksformål tre i kraft. Det vil bli forbode å setje ut fleire av dei plantene som kan føre til vesentlege uheldige følgjer for naturmangfaldet, og det vil bli restriksjonar på kor det er lov å setje ut framande skadelege organismar.

EUs vassdirektiv blir implementert gjennom heilskapleg samarbeid på tvers av relevante sektorar. Vassregionar er etablerte med vassforvaltningsplanar som skal gjennomførast innan 2015.

Klimaendringane skaper òg utfordringar i forvaltninga av kulturminne og kulturmiljø. Riksantikvaren har leia Nordisk ministerråds prosjekt (2008-2010) om kulturminne og klimaendringar. Bygningar, arkeologiske kulturminne og landskap blir påverka av endra klimaforhold, og indirekte verknader kan òg bli betydelege som følge av endra samfunnsutvikling og klimarelaterte tiltak i andre sektorar. I januar 2011 vart publikasjonen *Klimaendringar og kulturarv i Norden*, som summerer opp resultat og konklusjonar frå prosjektet, utgitt på norsk og engelsk. Publikasjonen er distribuert til kulturminneforvaltninga og relevante fag-

miljø og interesseorganisasjonar både i Noreg og i dei andre nordiske landa. Riksantikvaren formidlar òg kunnskap om klimaendringar og kulturminne til forvaltning og fagmiljø blant anna gjennom foredrag og presentasjonar.

Boks 25.1 Arkeologiske funn som følge av nedsmelting

Erfaringane frå dei seinaste åra i høgfjellet i Sør-Noreg viser at mange isbrear og snøfonner ikkje har vore mindre på fleire hundre, i nokre tilfelle fleire tusen år, då arkeologiske funn kjem for dagen på grunn av den massive nedsmeltinga. Det siste store funnet er ein leirplass frå jernalderen med blant anna skinnskor, tekstilar, reiskapar, fangstutstyr og hesteutstyr som har smelta fram av Lendbreen på Lomseggen i Breheimen nasjonalpark.

På Juvass i Jotunheimen er Klimapark 2469 etablert, med mål om å drive formidling, forskning og verdiskaping knytt til klimaendringar, kulturminne og høgfjellsnatur i eit langtidsperspektiv. Kulturminna er òg ei kjelde til kunnskap, om korleis klimaet har påverka byggjeskikkar i ulike delar av landet, og korleis ulike byggjeskikkar har takla store naturlege klimavariasjonar langt tilbake i tid. Denne kunnskapen er ein viktig ressurs som bør førast inn i arbeidet med å finne gode løysingar for tilpassing til klimaendringar i framtida. Arbeidet frå Nordisk ministerråd sitt prosjekt skal følgjast opp, blant anna gjennom Riksantikvarens arbeid med å systematisere kulturminneforvaltninga sin kunnskap om korleis materialbruk og byggjemetodar kan bidra til klimarobuste bygg.

Ozonreduserande stoff

Tabell 25.4 Nedbryting av ozonlaget

Nasjonale mål	Delmål	Indikatorar
4.2.1. Det skal ikkje vere forbruk av halon, eller av nokon type klorfluorkarbon (KFK), tetraklormetan, metylkloroform og hydrobromfluorkarbon (HBFK).		Reell reduksjon i bruk av KFK og halon.
4.2.2. Forbruket av hydroklorfluorkarbon (HKFK) skal vere fasa ut innan 2010.		Reell reduksjon i produksjon, import, eksport og bruk av HKFK.

Statusbeskriving på måla frå Prop. 1S (2010–2011)

4.2.1. Det skal ikkje vere forbruk av halon, eller av nokon type klorfluorkarbon (KFK), tetraklormetan, metylkloroform og hydrobromfluorkarbon (HBFK).

Globalt er over 98 pst. av dei ozonreduserande stoffa fasa ut. Internasjonalt er ei av dei gjenståande hovudutfordringane å leggje forholda til rette for utviklingslanda slik at dei blir i stand til å oppfylle alle forpliktingane sine under Montrealprotokollen. Ei anna oppgåve er knytt til spørsmålet om høva til finansiering for å sjå til at dei ozonreduserande stoffa som er tekne ut av bruk og lagra i utstyr og tankar ikkje lek ut, men blir forsvarleg samla inn og destruerte.

196 medlemsland har ratifisert Wienkonvensjonen og Montrealprotokollen. Tabellen nedanfor viser talet på land som har ratifisert dei ulike endringane i protokollen.

Tabell 25.5 Tal på land som har ratifisert dei ulike endringane i protokollen

	Talet på land som har ratifisert
Wienkonvensjonen (1988)	196
Montrealprotokollen (1988)	196
London-endring (1992)	195
København-endring (1994)	192
Montreal-endring (1999)	182
Beijing-endring (2002)	167

Over 90 pst. av landa oppfyller forpliktingane sine i protokollen. Det er etablert eit handhevingsre-

gime som har gjort at 25 land som ikkje oppfylte forpliktingane sine, med bistand frå dette regimet har klart å overhalde dei igjen.

Følgje opp bruken av verkemiddel overfor halon, KFK, tetraklormetan, metylkloroform og HBFK.

Noreg har oppfylt krava i *Montrealprotokollen* og gjennomført EU-forordninga om ozonreduserande stoff (forordning (EF) nr. 2037/2000), som for enkelte stoff set strengare mål for utfasing enn *Montrealprotokollen* i produktforskrifta. Ei revidert forordning om ozonreduserande stoff i EU vart vedteken 16. september 2009 og tredde i kraft for EU 1. januar 2010. Forordninga er sett på som EØS-relevant og akseptabel og vil bli gjennomført i norsk rett. Noreg har ingen produksjon av ozonreduserande stoff. Dei ozonreduserande stoffa som blir brukte er importerte. Det blir importert små mengder KFK, tetraklormetan (karbontetraklorid) og 1,1,1-trikloretan (metylkloroform) til analysar som er godkjende som essensiell bruk under *Montrealprotokollen*.

4.2.2. Forbruket av hydroklorfluorkarbon (HKFK) skal vere fasa ut innan 2010

Alle dei ozonreduserande stoffa er no i ferd med å bli heilt fasa ut av bruk i Noreg. For HKFK følgjer vi EUs tidsplan for reduksjon i forbruket av HKFK. Denne er raskare enn tidsplanen i Montrealprotokollen. Frå 1. januar 2010 vart det forbode å etterfylle kulde- og klimaanlegg med ny HKFK. Frå 2015 blir det òg forbode å nytte brukt eller gjenvunnen HKFK. Det er eit unntak for bruk av halon til spesielle bruksformål. Det er likevel i EUs regulering sett tidspunkt for når denne bruken skal opphøyre. Det er òg unntak for bruk av

metylbromid til behandling av visse typar produkt for eksport. I 2010 vart det ikkje importert noko til dette formålet.

Noreg har i mange år vore i forkant av dei internasjonale retningslinjene når det gjeld reduk-

sjon i bruken av ozonreducerande stoff. Målt i ozonreducerande effekt er norsk forbruk av ozonreducerande stoff redusert med meir enn 99 pst. i perioden 1986 til 2010.

Luftforureining

Tabell 25.6 Luftforureiningar

Nasjonale mål	Delmål	Indikatorar
4.3.1. Helse og miljø skal ikkje ta skade av luftforureining frå SO ₂ , NO _x , VOC, ammoniakk eller partiklar.	4.3.1.1 Dei årlege utsleppa av svovel-dioksid (SO ₂) skal framleis haldast under 22 000 tonn	Venta areal med overskridingar av tolegrensar for forsuring <i>Utviklinga i nasjonale utslepp av SO₂, NO_x, VOC og ammoniakk</i>
	4.3.1.2 Dei årlege utsleppa av nitrogenoksid (NO _x) skal maksimalt vere 156 000 tonn.	
	4.3.1.3 Dei årlege utsleppa av flyktige organiske sambindingar (VOC) skal framleis haldast under 195 000 tonn. Dei årlege utsleppa frå heile fastlandet og norsk økonomisk sone sør for 62. breiddegrad skal framleis haldast under 70 pst. av nivået i 1989 (dvs. 188 000 tonn).	
	4.3.1.4 Dei årlege utsleppa av ammoniakk skal framleis haldast under 23 000 tonn.	
	4.3.1.5 Timemiddelkonsentrasjonen av nitrogendioksid (NO ₂) skal ikkje overskride 150 µg/m ³ meir enn 8 timar pr. år.	Utvikling i talet på overskridingar og dei stader dette i så fall skjer.
	4.3.1.6 Døgnmiddel-konsentrasjonen av svevestøv (PM ₁₀) skal ikkje overskride 50 µg/m ³ meir enn 7 dagar pr. år.	Utvikling i talet på overskridingar og dei stader dette i så fall skjer.

Statusbeskriving på måla frå Prop. 1S (2010-2011)

Miljøforvaltningas mål er endra. Nedanfor er det rapportert på måla frå Prop. 1S (2010-2011).

4.3.1. Helse og miljø skal ikkje ta skade av luftforureining frå SO₂, NO_x, VOC, ammoniakk eller partiklar.

Gjennom internasjonale avtaler er tilførsel av sur nedbør til Noreg vesentleg redusert. Etter dei nyaste berekningsmetodane har *Norsk institutt for vannforskning* anslått at tolegrensene for forsuring

av overflatevatn var overskridne på om lag 29 pst. av arealet i Noreg i 1980. I 2005 var dette redusert til om lag 10 pst. Det er ingen tydelege reduksjonar i tilførselene dei siste åra, og overskridingane av tolegrensene er derfor truleg framleis like store som i 2005. Det er venta at tolegrensene for forsuring av vassdrag vil vere overskridne på store areal i Agder-fylka og Rogaland òg i åra framover. Vasskvaliteten har betra seg dei fleste stader i landet i løpet av dei siste ti åra. Sjølv om tilførselane av forureiningar er reduserte, vil det ta tid før vasskvaliteten er tilfredsstillande til å oppretthalde levedyktige fiskebestandar. Det er fram-

leis tydelege skadar på dyrelivet på grunn av sur nedbør. Sur nedbør vil framleis vere ein trussel mot det biologiske mangfaldet i ferskvatn i delar av Noreg. Sjå nærare omtale av luftforureiningane sine skadeverknader på økosystem under resultat-område 2 Livskraftige elvar og innsjøar.

Tabell 25.7 Del av Noregs areal der tolegrensene for forsuring av overflatevatn er overskridne (pst.)

1980	1990	2000	2005
29	16	12	10

Noreg er avhengig av omfattande reduksjonar av utslepp i Europa for å løyse problema som skriv seg frå langtransportert luftforureining. Gøteborgprotokollen regulerer landa sine utslepp av svoveldioksid (SO₂), nitrogenoksid (NO_x), ammoniakk (NH₃) og flyktige organiske sambindingar (VOC). Det er gjennomført evalueringar som viser at *Gøteborgprotokollen* har vore effektiv. Utsleppa er reduserte. Det er mindre fare for forsuring, overgjødning og verknader av bakkenært ozon og partiklar. Det vil likevel vere store område i Europa som blir utsette for forureiningar som overstig kritiske belastningsgrenser og med full effekt av protokollen. Store avsetningar av nitrogen vil framleis vere eit problem for Europas økosystem.

Partane til *Gøteborgprotokollen* har bestemt å revidere protokollen, med sikte på å vedta ein ny protokoll i 2012. Det er lagt opp til at den reviderte protokollen òg skal regulere landa sine utslepp av helseskadelege partiklar. Det blir vidare vurdert korleis ein kan ta klimapolitiske omsyn ved revisjon av *Gøteborgprotokollen*, gjennom å redusere utsleppa av forureiningar som òg bidreg til klimændringar.

Ein treng omfattande fagleg kunnskap, analyser og overvaking av forureiningsbelastninga og miljøtilstanden for å utvikle effektive internasjonale avtaler som byggjer på tolegrensene i naturen og kritiske belastningsgrenser for menneskeleg helse. I 2010 og 2011 har det vore arbeid med det faglege grunnlaget for revisjon av protokollen.

4.3.1.1 Dei årlege utsleppa av svoveldioksid (SO₂) skal framleis haldast under 22 000 tonn

Utsleppa av svoveldioksid (SO₂) var 15 700 tonn i 2009, mens foreløpige tal presentert av Statistisk sentralbyrå og Klima- og forureiningsdirektoratet i mai 2011 syner at utsleppa av SO₂ var på om lag 18 300 tonn i 2010. Noreg overheld med det for-

pliktinga i *Gøteborgprotokollen* der dei årlege utsleppa frå 2010 må haldast under 22 000 tonn. Det er venta at Noreg vil overhalde utsleppsforpliktinga si for SO₂ i *Gøteborgprotokollen* med dei verkemidla som allereie er sette i verk.

4.3.1.2 Dei årlege utsleppa av nitrogenoksid (NO_x) skal maksimalt vere 156 000 tonn.

Utsleppa av nitrogenoksid (NO_x) var 180 600 tonn i 2009. Foreløpige tal presentert av Statistisk sentralbyrå og Klima- og forureiningsdirektoratet i mai 2011 syner at utsleppa av NO_x var på 188 500 tonn i 2010. Dette er ein auke på fire pst. frå 2009. Denne utsleppsveksten var venta som følgje av auka aktivitet i fleire næringar som metallindustrien, bygg og anlegg og i transportsektoren inkludert sjøtransport. Utsleppa låg i 2010 om lag 32 500 tonn over forpliktinga Noreg har i *Gøteborgprotokollen* om eit maksimalt årleg utslepp på 156 000 tonn frå 2010. Tidlegare berekningar har anslått at denne overskridinga ville vere om lag 12 000 tonn når det blir teke omsyn til effekten av miljøavtala mellom Miljøverndepartementet og næringsorganisasjonane om reduksjon av NO_x-utsleppa.

Ei vesentlig årsak til det høge utsleppstalet for NO_x er at vi no har betra metodane for berekning av utslepp både frå vegtrafikken og frå delar av industrien. Desse utsleppa har tidlegare vore underestimerte og er no oppjusterte. Ein annan faktor som kan bidra til å forklare dei høge berekna utsleppa for 2010, er at effekten av tiltak som er gjennomførte i medhald av miljøavtala mellom Miljøverndepartementet og næringsorganisasjonane ikkje fullt ut er reflektert i den foreløpige utsleppsrekneskapen. Dette vil vi få meir kunnskap om når den endelege utsleppsrekneskapen for 2010 ligg føre i februar 2012.

Miljøverndepartementet har på grunnlag av tidlegare utsleppsframskrivingar anslått at Noreg vil kunne overhalde dei internasjonale NO_x-forpliktingane frå 2012, jf. Prop. 1 S (2010-2011).

4.3.1.3 Dei årlege utsleppa av flyktige organiske sambindingar (VOC) skal framleis haldast under 195 000 tonn. Dei årlege utsleppa frå heile fastlandet og norsk økonomisk sone sør for 62. breiddegrad skal framleis haldast under 70 pst. av nivået i 1989 (dvs. 188 000 tonn).


Noregs utslepp av flyktige organiske sambindingar (VOC) var i 2007 for første gongen lågare enn forpliktinga i *Gøteborgprotokollen* om at dei samla

årlege utsleppa av VOC skal haldast under 195 000 tonn innan 2010.

I 2009 var utsleppa av VOC 141 000 tonn. Foreløpige tal presentert av Statistisk sentralbyrå og Klima- og forureiningsdirektoratet i mai 2011 syner at utsleppa av VOC i 2010 var om lag 135 000 tonn. Frå 2001 til 2010 vart utsleppa reduserte med 65 pst. Noreg har i VOC-protokollen av 1991 ei særskilt forplikting til å redusere utsleppa av VOC frå fastlandet og den økonomiske sona sør for 62. breiddegrad. Vi overheld også denne forpliktinga i 2010. Det er venta at Noreg vil overhalde utsleppsforpliktingane sine for VOC i dei to protokollane med dei verkemidla som allereie er sette i verk.

4.3.1.4 Dei årlege utsleppa av ammoniakk skal framleis haldast under 23 000 tonn.

I 2009 var utsleppa av ammoniakk 23 000 tonn. Foreløpige tal presentert av Statistisk sentralbyrå og Klima- og forureiningsdirektoratet i mai 2011 syner at utsleppa av ammoniakk i 2010 var om lag 22 800 tonn. Det er venta at utsleppa vil endre seg lite i åra framover utan nye tiltak. For å innfri krava etter *Gøteborgprotokollen* må Noreg frå 2010 halde dei årlege utsleppa av ammoniakk på maksimalt 23 000 tonn, dvs. om lag på same nivå som no.



Figur 25.2 Utslepp til luft, (langtransporterte luftforureiningar (tonn))

Kjelde: Statistisk sentralbyrå og klima- og forureiningsdirektoratet

4.3.1.5 Timemiddelkonsentrasjonen av nitrogendioksid (NO₂) skal ikkje overskride 150 µg/m³ meir enn 8 timar pr. år.

Utslepp av NO_x (NO + NO₂) frå vegtrafikk er betydeleg redusert dei seinare åra, men dette er foreløpig ikkje spegla i NO₂-konsentrasjonane som har vore stabile sidan målingane starta på midten av 1990-talet. Utviklinga viser ingen eintydig trend og det er heller ikkje gjennomført spesifikke tiltak for å redusere nivåa utover avgasskrav til NO_x.

Vegtrafikk er den dominerande kjelda til lokal luftforureining. For NO₂-konsentrasjonar i byar og langs vegar er eksosgassar frå vegtrafikk hovudkjelda.

Nasjonalt mål for talet på overskridingar av NO₂ vart overskride i Oslo og Bergen allereie i løpet av dei første dagane i 2010. I desse dagane

var det svært høge verdiar og store overskridingar av nasjonalt mål for NO₂. Dette skuldast spesielle vêrforhold, men ein må vere budd på at slike forhold kan inntreffe i framtida òg. I desse byene har det vore svært mange overskridingar av nasjonalt mål også gjennom året.

I tillegg til Bergen og Oslo kan det òg ventast at det nasjonale målet for NO₂ ikkje vil bli nådd i Trondheim, Bærum, Drammen, Kristiansand og Stavanger.

Norske utrekningar gjennomført ved Norsk institutt for luftforskning (NILU) viser at forholdet mellom NO₂ og NO_x har stor betydning for talet på eksponerte over nasjonale mål for lokal luftkvalitet. Med ein høgare NO₂-del i eksos enn tidlegare, viser modellberekningar at det vil vere overskridingar av både nasjonale mål og grenseverdiane for NO₂ (årsmiddel og timemiddel) i 2020. Dette

betyr at byane må innføre fleire og sterkare verkemiddel for å oppnå grenseverdiane for NO₂ enn det ein så langt har lagt til grunn, spesielt tiltak som kan redusere utslepp frå vegtrafikk. Utan slike tiltak vil ikkje det nasjonale målet bli nådd dei næraste 10-15 åra.

Boks 25.2 Nitrogendioksid og svevestøv

Svevestøv består av partiklar som er så små at dei kan pustast inn. I dei store byane er det særleg svevestøv som gir størst risiko for helseskadar. De største av disse partiklene avsettes i de øvre luftveiene. Mindre partiklar, med diameter under 10 µm (PM₁₀), kan følgje med lufta vi pustar heilt ned i lungene.

Hos sårbare grupper kan det å ande inn nitrogendioksid (NO₂) gi auka hoste, bronkitt, mindre motstand mot infeksjonar, forsterka allergisk respons og auka eksponering for sjukdom. Astmatikarar reagerer med nedsett lungefunksjon sjølv etter kort tids eksponering. Friske menneske toler forholdsvis høg NO₂-forureining utan at det gir negativ helseeffekt. I tillegg til å gi helseeffektar, kan NO₂ òg bidra til regionale forsuringsproblem og til overgjødning.

Disse stoffane gir auka førekomst av ulike typar luftvegslidingar. Svevestøv kan også medføre hjarte- og karsjukdommar og auka dødelegheit.

4.3.1.6 Døgnmiddelkonsentrasjonen av svevestøv (PM₁₀) skal ikkje overskride 50 µg/m³ meir enn sju dagar pr. år.

Luftkvaliteten i byane har blitt betre, og konsentrasjonen av PM₁₀ har vist markant nedgang dei siste åra (figur 11.3). Dette skuldast mindre bruk av piggdekk blant anna som følgje av piggdekkgebyr, innførte avgasskrav, overgang til omnar som brenn reint, miljøfartsgrense og målretta driftstiltak mot vedlikehald av vegane.


Målingar viser likevel at det nasjonale resultatmålet for svevestøv som skulle oppnåast innan 2010, framleis blir overskrid i fleire byområde i Noreg. I 2010 vart det i 11 byområde meir enn sju dagar registrert overskridingar av målet på 50 µg/m³ pr. år, jf. figur 11.3. Det kan i tillegg vere andre, mindre byar som har overskridingar av nasjonale mål, men det finst ikkje målingar på dette. Overskridingane skjer i hovudsak i sentrumsnære område og langs dei mest trafikkerte vegane.

Dei viktigaste kjeldene til svevestøv er vegtrafikk, vedfyring og langtransportert forureining. I Noreg står vegtrafikken på årsbasis for 44 pst. av PM₁₀-utsleppet, men på dagar med høge nivå av luftforureining i byområde bidreg trafikken med 60-80 pst. av PM₁₀. Når ein vurderer eksponeringa overfor menneske er vegtrafikken heilt dominerande. Dette skuldast at eksos og vegstøv blir sleppt ut ved bakken, ofte under spesielle meteorologiske forhold som hindrar ein effektiv uttynning i atmosfæren.

Det er ikkje definert ei nedre grense for kva nivå av svevestøv som kan vere årsak til negative helseeffektar. Samtidig aukar den delen av befolkninga som er karakterisert som sårbar for luftforureiningar. Mange blir dermed utsette for forureining som kan gi helseverknader for spesielt utsette grupper, òg ved nivå under nasjonale mål.

Nasjonalt mål om svevestøv vil ikkje bli nådd i nær framtid, utan forsterka innsats.

Forureiningsforskrifta er det viktigaste verkemidlet vi har for å betre den lokale luftkvaliteten. Det nasjonale målet er meir ambisiøst enn krava i forureiningsforskrifta. Dei fleste kommunar og anleggseigarar har hatt større vekt og fokus på å overhalde krava i forureiningsforskrifta, som er juridisk bindande krav. Miljøverndepartementet har i samarbeid med Samferdselsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet, gitt underliggjande direktorat i oppdrag å vurdere ei innskjerping av grensene i forureiningsforskrifta. Denne vurderinga skal liggje føre innan 2012. Det blir òg arbeidd med å avklare ansvarsforhold og høve til å innføre uilke tiltak for å redusere lokale uttslepp.



Figur 25.3 Antal overskridingar av grenseverdien (stipla linje) og nasjonalt mål (hel linje) for svevestøv 2004–2010.

Støy

Tabell 25.8 Mål- og indikatortabell for underområde 4 Støy

Nasjonale mål	Delmål	Indikatorar
4.4.1. Støyplaga skal reduserast med 10 pst. innan 2020 i forhold til 1999.		Samla støyplage (SPI) frå alle kartlagde kjelder, spesielt SPI for industri, motorsport og skytebaner.
4.4.2. Talet på personar utsette for over 38 dB innandørs støynivå skal reduserast med 30 pst. innan 2020 i forhold til 2005.		Reell reduksjon i talet på personar som er utsette for over 38 dB innandørs støynivå.

Statusbeskriving på måla frå Prop. 1S (2010-2011)

Miljøforvaltningas mål er endra. Nedanfor er det rapportert på måla frå Prop. 1S (2010-2011).

4.4.1. Støyplaga skal reduserast med 10 pst. innan 2020 i forhold til 1999.

Det er stadig betre dokumentasjon på at støy gir helseskade. Støy frå samferdsel utgjer til saman opp mot 90 pst. av kartlagt støyplage, der vegtrafikk aleine står for nesten 80 pst. Støy frå fly- og jernbanetraffikken har blitt redusert sidan 1999, men auka støybelastning frå vegtraffikken oppveg denne positive utviklinga. Ulike tiltak gjer at dei

som var utsette for støy i 1999, var noko mindre plaga i 2007. Tilflytting til støyutsette område og befolkningsvekst gjer likevel at fleire totalt sett er utsette for støy.

Miljøstyresmaktene følgjer opp status og utvikling i støyutsleppa og støyplaga generelt. Miljøstyresmaktene engasjerer seg – i samspel med sektorstyresmaktene – med sikte på at det blir utvikla meir støysvake køyretøy, bildekk og vegdekk. Miljøstyresmaktene har vidare eit ansvar for å medverke til redusert støyplage frå dei ulike kjeldene der miljøstyresmaktene sjølve har verkemiddel – konsesjonspliktig industri og næringsverksemd, skytebaner, motorsportsbaner og enkelte produkt.

Det er dei ulike sektordepartementa som har hovudansvaret for å sikre ein reduksjon av støyplaga innanfor sin samfunnssektor, og medverke til at det nasjonale resultatmålet for støy kan bli nådd. Skal ein nå målet er det behov for nye tiltak og verkemiddel, særleg retta inn mot støy frå vegtrafikken.

4.4.2. Talet på personar utsette for over 38 dB innandørs støynivå skal reduserast med 30 pst. innan 2020 i forhold til 2005.

Same omsyn som for føregåande mål ligg føre òg for arbeidet med innandørs støynivå. Tala frå 2007

viser at det er om lag 46 000 personar som er utsette for eit innandørs støynivå over 38 dB. Miljøforvaltninga tek sikte på å endre grensa for gjennomføring av støyreducerande tiltak i 5. kapittel i forureiningslova. Miljøverndepartementet har motteke forslag til endringar av kapittel 5 i forureiningsforskrifta med tilhøyrande konsekvensutgreiing frå Klima- og forureiningsdirektoratet. Dette er til behandling i 2011. Frist for måloppnåing av støymåla er 1. januar 2020.

26 Statusrapportering på «gamle» resultatområde 5 Internasjonalt samarbeid og miljø i nord- og polarområda

Avtaler og organisasjonar av stor betydning for miljø

Underområdet omfattar arbeidet med å fremje miljøpolitiske prioriteringar og målsetjingar innfor dei internasjonale organisasjonane på miljøområdet, særleg FNs miljøprogram, FNs kommisjon for berekraftig utvikling og den globale miljøfasiliteten. Samarbeidet på miljøområdet innan EU/EØS, Nordisk Ministerråd og Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling er av stor

betydning. Arbeid for å fremje miljøpolitiske prioriteringar og målsetjingar i høve til internasjonale organisasjonar og prosessar som kan ha stor betydning for miljøtilstand gjeld særleg Verdas handelsorganisasjon, Noregs handels- og investeringsavtaler, arbeid med miljø- og samfunnsansvaret i bedrifter, EU/EØS' indre marknad, FNs mat og landbruksorganisasjon, Verdsorganisasjonen for immaterialrett, Verdsbanken og FNs utviklingsprogram.

Tabell 26.1 Avtaler og organisasjonar av stor betydning for miljø

Nasjonale mål	Delmål	Indikatorar
5.1.1. Politikk og regelverksutvikling i EU/EØS og internasjonale samarbeidsorgan har høge miljøkrav og fremjar ei berekraftig utvikling.		<p>Gjennomføring av Nordisk Ministerråds handlingsprogram for miljø (2009-2012).</p> <p>Ein OECD-strategi for grøn vekst – med ei breiare og djupare tilnærming til støtte for berekraftig handtering av finans- og klimakrisa og andre miljøutfordringar.</p> <p>Styrking av synergieffektane mellom eksisterande kjemikaliekonvensjonar og at berekraftig produksjon og forbruk blir knytt nært til Rio+20-prosessen, som eit resultat av sesjonane i FNs kommisjon for berekraftig utvikling i 2010-2011.</p> <p>FNs mat- og landbruksorganisasjon: Tendens med omsyn til bevaring og tap av biologisk mangfald for viktige matvekstar.</p> <p>Verdsorganisasjonen for immaterialrett: Vedtak om inkludering av opplysningsplikt i patentsøknader for opphavet til genressursar og tradisjonell kunnskap.</p>

Tabell 26.1 Avtaler og organisasjonar av stor betydning for miljø

Nasjonale mål	Delmål	Indikatorar
	5.1.1.1. Norsk miljøpolitikk skal vere del av grunnlaget for nye miljøreglar i EU/EØS.	Rask avklaring av norske posisjonar på nytt EU-regelverk. Norsk deltaking i EUs avgjerdsprosessar.
	5.1.1.2. FNs miljøprogram skal styrkjast som miljøinstitusjon i FN.	Auka bruk av aktuelle miljøfaglege rapportar frå FNs miljøprogram som bidreg inn i den miljøpolitiske agendasetjinga. Gjennomslag for norske innspel til FN-reform og International Environmental Governance-prosess for å styrkje FNs miljøprogram si rolle i å setje den globale miljøpolitiske dagsordenen og organisasjonens finansielle grunnlag.
	5.1.1.3. Gåvefinansiering av globale miljøtiltak skal mobilisere nasjonale og private midlar og understøtte miljøkonvensjonsmåla.	Miljøforbetringar som følgje av finansieringa målt pr. krone (færre tonn CO ₂ -ekv., mindre artstap, fleire km ² verna, færre tonn miljøgifter).
5.1.2. Rammevilkår for handel og investeringar skal gi rom for bruk av miljøpolitiske verkemiddel og fremje omsyn til miljø og ei berekraftig utvikling.	5.1.2.1. Miljøkapittel/miljøreglar integrerte i bilaterale og regionale handelsavtaler.	Miljøtiltak som er innførte/ oppretthaldne trass innvendingar og tvistesakar under handels- og investeringsavtaler. Formuleringar i internasjonale avtaler på handels- og investerings- eller miljøområdet som inneber at miljøreglar blir underordna handels- og investeringsavtaler.
	5.1.2.2. Aukande omfang av miljøvennlige investeringar og norske bedrifter som tek miljøansvar i den internasjonale delen av verksemda si.	Nye miljøutfordringar, under dette klimaendringar og miljøomsyn reflekterte i miljøkapittel i Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling sine retningslinjer for multinasjonale selskap. Auka tal på norske bedrifter som rapporterer om miljø i årsmeldinga i tråd med Global Reporting Initiative.

Statusbeskriving på måla frå Prop. 1S (2010-2011)
Miljøforvaltningas mål er endra. Nedanfor er det rapportert på måla frå Prop. 1S (2010-2011).

Nasjonalt mål 5.1.1.: Politikk og regelverksutvikling i EU/EØS og internasjonale samarbeidsorgan har høge miljøkrav og fremjar ei berekraftig utvikling.

Det nordiske miljøhandlingsprogrammet for 2009-2012 blir følgt opp av dei etablerte nordiske arbeidsgruppene som miljøforvaltninga deltek aktivt i. I 2011 har det finske formannskapet spesielt sett fokus på «Norden som klimasmart aktør». På sentrale område som klima, hav, biologisk mangfald og kjemikalier har Noreg gjennom det tette ekspert samarbeidet i nordisk regi fått høve til å påverke internasjonalt og regionalt regelverk i ei grad som ville ha vore vanskeleg for Noreg åleine. Miljøforvaltninga deltek òg i fleire arbeidsgrupper innan kulturminnevern, som for eksempel kulturminnevern i Austersjørådet (Council of the Baltic Sea States).

Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD) har gitt viktige innspel for ein meir miljøvennleg økonomi gjennom sitt arbeid med OECD-strategien for grøn vekst. Strategien har gitt nyttige bidrag til ei langsiktig og berekraftig handtering av miljøutfordringar, med særleg vekt på klima og naturmangfald. Noreg var i 2010 gjenstand for miljøgjennomgang i regi av OECD. Noreg får god omtale for arbeidet med berekraftig utvikling, for den nye naturmangfaldlova og for ambisiøse målsetjingar i klimapolitikken, men OECD tilrår samtidig sterkare og meir kostnadseffektiv verkemiddelbruk på fleire område i norsk miljøpolitikk.

Den 19. sesjonen i FNs kommisjon for berekraftig utvikling (CSD19) enda utan semje om sluttdokument, og ein fekk dermed ikkje noko operativt resultat som kan spelast inn til Rio 2012.

Forholdet mellom klimaendringar og mattryggleik har fått auka merksemd dei siste åra. I den samanhengen kan genetiske ressursar spele ei viktig rolle for å tilpasse landbruket til nye forhold. Miljøverndepartementet har det siste året bidrege til å etablere norsk samarbeid med Global Crop Diversity Trust om eit omfattande program for innsamling av ville slektningar av matplanter for å auke landbruket sine høve til tilpassing til endra klima.

I WIPOs Komité for immaterialrett og genressursar, tradisjonell kunnskap og folklore (IGC) har Noreg støtta opplysningsplikt om bruk av genressursar og tradisjonell kunnskap i patentsøkna-

der. Vi har òg fremja forslag om styrkt vern av tradisjonell kunnskap knytt til biodiversitet. Etter teikn til framdrift i IGC i 2010 har det i år vore lite framgang i forhandlingane. Miljøverndepartementet har ikkje prioritert å delta i prosessen dei siste åra. Truleg går det mot ei forlenging av mandatperioden for IGC på generalforsamlinga i WIPO i månadsskiftet september-oktober 2011.

Delmål 5.1.1.1: Norsk miljøpolitikk skal vere del av grunnlaget for nye miljøreglar i EU/EØS.

Gjennom aktiv deltaking og formidling av norske synspunkt i Europakommisjonens ekspertgrupper og komitear har miljøforvaltninga arbeidd for tidleg å kunne bidra og medverke til Kommisjonen utarbeiding av forslag til miljøregelverk. Det er gjort innspel til og har vore kontakt med relevante aktørar i Europakommisjonen, Europaparlamentet og sentrale medlemsstatar på blant anna områda klima, naturmangfald, ulovleg hogd tømmer, ressurseffektivitet/grøn økonomi, genmodifiserte organismar (GMO) og kjemikalier/avfall. Det er lagt stor vekt på politisk kontakt og god dokumentasjon av norske posisjonar og konkrete tekstbidrag i riktig fase av regelutviklinga i EU, og bilateral kontakt og alliansebygging i viktige saker på den globale miljøagendaen. Det nordiske samarbeidet brukes aktivt i arbeidet med å påverke EUs politikktutvikling.

Norske posisjonar på EU-regelverk blir avklara systematisk og så raskt som mogleg gjennom EØS-spesialutvalet for miljø der Miljøverndepartementet legg fram for andre aktuelle departement nye initiativ som er komne frå EU. Det blir fortløpande arbeidd for å sikre at relevante EU-rettsakter blir gjennomførte ope og effektivt i det norske lovverket. Miljøverndepartementet har ein konstruktiv dialog med EFTAs overvakingorgan, Kommisjonen og andre departement om gjennomføring av miljørettsakter.

Når det gjeld EØS-midlane, har miljø og kulturarv vore dei to høgast prioriterte områda i perioden 2004-2009. Norsk miljøforvaltning har samarbeidd med miljø- og kulturarvstyresmaktene i fleire av landa og har bidrege med kompetanseoverføring og røynsleutveksling gjennom prosjektsamarbeid. Det har òg vore utstrekt samarbeid på miljø- og kulturarvområdet der norske forskingsmiljø, frivillige organisasjonar og kommunar har delteke. Miljøforvaltninga har bidrege med fagleg innspel til nye program for perioden 2009-2014. I denne perioden vil kontaktane på styresmaktnivå styrkjast ytterlegare ved at norske etatar bidrar i utvikling av miljø- og kulturarvprogram i priori-

terte mottakarland. Dette gjeld blant anna innan områda klimatilpassingar, bevaring av naturmangfald, vass- og havforvaltning, overvaking og tilsyn og bevaring av kulturarv.

Delmål 5.1.1.2: FNs miljøprogram skal styrkjast som miljøinstitusjon i FN.

I februar 2011 lanserte UNEP ein omfattande rapport *Towards a Green Economy: Pathways to Sustainable Development and Poverty Eradication*. Saman med andre rapportar gitt ut under deira arbeid om ressurseffektivisering er dette viktige innspel til FNs Toppmøte Rio 2012 der grøn økonomi er hovudtema. Miljøverndepartementet gav ekstra midlar til arbeidet med denne rapporten.

Noreg har vore aktivt i UNEPs prosess rundt det globale miljøstyresettet og meiner at dette er eit godt utgangspunkt for innspel inn i Rio 2012-toppmøtet. Dei alternativa som Noreg har fremja har vore t.d. universelt medlemskap i UNEPs styre, eit sentralt og autoritativt forum for styrking av UNEPs rolle i forhold til miljøkonvensjonane og samarbeidsflata mellom vitskap og politikk. Arbeidet for ei vitskapspanel for naturmangfald og økosystemtenester (IPBES) er særleg sentralt for sistnemnde prinsipp. Med omsyn til IPBES er det bestemt på UNEPs styremøte i 2011 at UNEP, i samarbeid med FAO, UNDP og UNESCO, skal leie arbeidet og førebu det første plenarmøtet. Noreg var saman med Brasil vert for eit ekspertmøte som vart halde i Trondheim 25. – 27. mai 2011 om forholdet mellom IPBES og kapasitetsbygging, der det vart avtalt å fortsetje samarbeidet knytt til Naturpanelet.

Delmål 5.1.1.3: Gåvefinansiering av globale miljøtiltak skal mobilisere nasjonale og private midlar og understøtte miljøkonvensjonsmåla.

Miljøverndepartementet samarbeider med Utanriksdepartementet om styringa av det globale miljøfondet, GEF. GEF er finansieringsmekanisme for dei store globale miljøavtalene og mottok dei prioritertingane partane er samde om. GEFs styre er ansvarleg for å nå mål innanfor kvar konvensjon, men forsøker å sjå miljøproblema i samanheng. For eksempel blir ofte tiltak under konvensjonen mot forørkning og avskoging utforma slik at det òg gir klimafordelar og vern av naturmangfald.

Frå opprettinga for 20 år sidan har fondet fordelt 9,3 milliardar USD og skaffa ytterlegare 42,5 milliardar USD i samfinansiering. Resultata til no for finansieringa av klima- og naturmangfald er

svært gode, samtidig som det òg er venta positive resultat av GEFs nye reformer. For klima er det anslått at GEFs prosjekt har gitt venta totale utsleppsreduksjonar på 1,7 milliardar tonn CO₂, som hittil har kosta 2,60 USD pr. tonn. Denne kostnaden er vesentleg lågare enn kostnadene i karbonkvoteordningane. For naturmangfald har GEF sikra 634 millionar hektar nytt verna areal og 265 millionar hektar for berekraftig bruk. GEFs prosjekt vart totalt sett vurderte til å vere resultatmessig effektive, med ein gjennomsnittlig skår for GEF 4 på 80 pst., samanlikna med det internasjonale gjennomsnittet på 75 pst. Også på lang sikt er resultata vurderte til å vere gode i internasjonal samanheng; 70 pst. av avslutta prosjekt utviklar seg mot å oppnå vedvarande globale miljøfordelar.

Etter biomangfaldkonvensjonens vedtak om fond for rask iverksetjing av den nye Nagoya-protokollen om tilgang til genressursar og rettferdig fordeling, er det opna for at bidrag til dette formålet kan givast til GEF, det såkalla Nagoya Protocol Implementation Fund. Midlane og formålet skal etter kvart gå inn i GEFs ordinære verksemd. Fondet kan òg ta imot bidrag frå privat sektor. Dette mønsteret blir no utforma slik at alle nye fond som konvensjonane måtte vedta skal kunne innlemmast i liknande ordningar.

Det er no òg opna for at utviklingslanda sine eigne miljøforvaltningar og frivillige organisasjonar skal kunne ta imot midlar direkte frå GEF, under føresetnad av at dei fyller krav til kompetanse og økonomiforvaltning.

Nasjonalt mål 5.1.2: Rammevilkår for handel og investeringar gir rom for bruk av miljøpolitiske verkemiddel og fremjar omsyn til miljø og ei berekraftig utvikling.

Delmål 5.1.2.1: Miljøkapitel/ miljøreglar integrerte i bilaterale og regionale handelsavtaler.

Regjeringa arbeider for å fremje eit internasjonalt handelsregime der omsyn til miljø, faglege og sosiale rettar, mattryggleik og utvikling i fattige land skal tilleggjast stor vekt. I seinare tid har koplinga mellom denne overordna politikken og så vel klimautviklinga som debatten om «grøn vekst» blitt stadig tydeligare. Internasjonalt har ein òg sett ein aukande tendens til at land tek inn miljøforesegner i handelsavtalene sine.

I tråd med målet om å utvikle frihandelsavtalene til å vere positive bidrag til berekraftig produksjon og forbruk vedtok Regjeringa våren 2008 at Noreg skal arbeide for miljø som eige forhandlings-tema med India, Kina og Russland. Eit viktig steg etter initiativ frå Noreg og to års arbeid, er at det i

fjor vart oppnådd semje i EFTA om eit kapittel med føresegner om miljø (og arbeidstakarrettar) i frihandelsavtaler. I avtala med Hong Kong, som vart forhandla i fjor haust og underteikna på ministermøtet i EFTA i juni i år, vart resultatet et eiga kapittel om handel og miljø basert på EFTA sitt kapittel. Det er no òg eit viktig grunnlag i dei pågåande EFTA-forhandlingane med bl.a. India, Indonesia, Russland, Hviterussland og Kasakhstan, og norske bilaterale forhandlingar med Kina.

Regjeringa har i forhandlingane i WTO arbeidd for at WTOs regelverk og miljøavtalene skal sikrast likeverd og verke gjensidig støttande. Det gjeld blant anna forholdet mellom WTOs immateriellrettsavtale (TRIPS) og Konvensjonen om biologisk mangfald. Det har dei siste to åra vore auka tilslutning både til tilnærminga i eit generelt norsk forslag om dette og til forslag som blant anna Noreg har lagt fram, om endringar i partentregelverket som vil gjere det lettare å nå målsetjingar i Konvensjonen om biologisk mangfald.

Andre forhandlingar av betydning for miljøpolitikken i WTO siste året har handla om tollreduksjon på miljøvarer og nytt regelverk på tenesteområdet og om såkalla «ikkje tollvise handelshindringar» som tekniske reguleringar. Hovudsaka er å unngå svekking av handlingsrommet for verkemiddel i miljøpolitikken, t.d. bruk av reguleringar for å gjennomføre ein ambisiøs kjemikaliepolitikk. Det har blant anna vore forhandla om forslag som ville kunne skape problem for EUs og Noregs kjemikaliereglar (REACH). Noreg har derfor samarbeidd med EU for å sikre at eit eventuelt vedtak ikkje skal påverke desse reglane.

Forhandlingane på desse og dei fleste andre område i WTO under mandatet frå ministermøtet i Doha i 2001 vart ikkje ferdige i 2010 og ser heller ikkje ut til å nå målet om å bli ferdige i 2011 som tidlegare anteke.

I samband med Noregs forslag om nasjonal regulering av ei rekkje miljøgifter i forbrukarprodukt som vart sendt på høyring i 2007 mottok miljøstyresmaktene sterkt kritiske reaksjonar frå nokre WTO-medlemmer og EFTAs overvakingsorgan. Miljøverndepartementet sende i desember 2010 på høyring eit endra forslag om å innføre fire nasjonale forbod mot miljøgifter i forbrukarprodukt. Det endra forslaget var meir målretta mot dei miljøgiftene der ein såg det største behovet for regulering og var tilpassa noko etter kommentarane til den første høyringa.

Regjeringa la i 2009 til side arbeidet med den norske modellavtala for investeringsvern etter høyringsuttaler som viste kor vanskeleg det er å utforme avtaletekst som både tek naudsynt omsyn

til miljø- og ressursforvaltning i Noreg og utviklingsland og vern av næringslivet sine investeringar i utviklingsland. Regjeringa har gått inn for føresegner om investeringsvern som er langt meir avgrensa enn modellavtala i handelsavtala med Ukraina som vart underteikna i fjor og i dei pågåande forhandlingane om ei avtale med India. Føresegnene gir ikkje høve for investorar til å gå til skiltsdomssak mot staten og omfattar ikkje ekspropriasjon. Dette var blant dei føresegnene som det var størst usemje om i høyringa av modellavtala. Regjeringa utgreier no om det er naudsynt å ha føresegner om investeringsvern i handelsavtaler med Russland, Hviterussland og Kasakhstan og i så tilfelle kva slag føresegner.

Delmål 5.1.2.2: Aukande omfang av miljøvennlege investeringar og norske bedrifter som tek miljøansvar i den internasjonale delen av verksemda si.

Revidert utgåve av OECDs retningslinjer for multinasjonale selskap vart vedteken i OECDs ministermøte våren 2011. Livsløpsanalyse av varer er t.d. omtalt og vedteke. Med styrkinga av det norske kontaktpunktet og samlokaliseringa av dette med Finansdepartementets etikkråd som no er gjennomført, er dette målet komme nærare. Arbeidet med revisjon av rekneskapslovas rapporteringskrav er no sluttført. I samband med den evalueringa av rapporteringa som vart varsla i St.meld. nr. 10 (2008-2009) vil omfang og kvalitet av rapporteringa bli analysert.

Geografisk retta miljø samarbeid

Underområdet omfattar miljø samarbeid med land som i stor grad påverkar det globale miljøet og som er sentrale for utvikling av dei globale miljøkonvensjonane. Underområdet omfattar vidare miljøfaglege vurderingar og bidrag til utviklingspolitiske strategiar og program, særleg iverksetjing av Regjeringas handlingsplan for miljøretta utviklingssamarbeid, programmet Olje for Utvikling, Regjeringas Rein Energi-satsing og andre strategiar/program i utviklingsarbeidet, og norsk innsats i Miljø for Europa-prosessen.

Styrkje klima- og miljø samarbeidet under avtaler med Kina, Sør-Afrika og India og føre vidare arbeid retta mot andre land, under dette regionalt samarbeid overfor tidlegare sovjetrepublikkar (EECCA-landa)

Miljøverndepartementet har særskilte avtaler om miljø samarbeid med Sør-Afrika, Kina, Brasil og

India. Dialog og globale miljøutfordringar og internasjonale avtaler er sentralt, i tillegg til gjennomføring av enkeltprosjekt.

Klimaspørsmål har høg prioritet.

Vidare er det eit sentralt verkemiddel å styrkje utviklingslanda si institusjonelle evne til god miljøforvaltning og gjennomføring av miljøkonvensjonane. Institusjonssamarbeid og institusjonsbygging er derfor sentrale element i programmet Olje for Utvikling, og også i det bilaterale miljøvern-samarbeidet med Kina, India, Brasil og Sør-Afrika.

Prosjektsamarbeid reflekterer den internasjonale dagsordenen og norsk innsats er retta mot område der Noreg har kompetanse som er etterspurt av samarbeidslanda. Under miljø-samarbeidet med Kina har klima, industrikontroll, reduksjon av miljøgifter og integrasjon av miljø i sektorane stått sentralt. I 2011 har ein prioritert gjennomføring av eit miljøkompetanseprosjekt som gir opplæring av miljøforvaltninga på provinsnivå, og to nyutvikla prosjekt, eitt om naturmangfald og klima og eitt om luftforureining og klima. Det har òg vore kontakt om eit mogleg nytt initiativ på kjemikalieområdet. I samarbeidet med Sør-Afrika går det føre ein prosess for å utvikle samarbeidet i ei ny retning basert på finansiering frå begge sider og vi arbeider for å få miljø og klima inn i ein ny bilateral programperiode.

I samarbeidet med India er klima og energi, biologisk mangfald og miljøteknologi hovudområde. Det norskindiske samarbeidsprosjektet om desentralisert elektrifisering av landsbygda er oppskalert og ein er i ferd med å utvide innsatsen ytterlegare gjennom etablering av eit fleirondonorfond for fornybar energi. Det er òg sett i gang eit utvida samarbeid om biologisk mangfald gjennom ei avtale om norsk støtte til etablering av eit nasjonalt senter for biomangfald i India. Det har òg vore kontakt om moglege nye initiativ på kjemikalieområdet.

Det norske klima- og skoginitiativet, under dette bilateral støtte til Brasil, Indonesia og Tanzania, er omtalt under resultatområde 9 Stabilt klima.

Ei langsiktig oppbygging av miljøforvaltninga i dei tidlegare sovjetrepublikkane og land på Balkan er ei viktig oppgåve for å oppnå miljøforbetringar i denne regionen. Noreg deltek i vidare utvikling av det regionale miljø-samarbeidet innan FNs Økonomiske Kommissjon for Europa. Miljøverndepartementet har hjulpet Utanriksdepartementet i å

få fram og prioritere miljøprosjekt i dei tidlegare sovjetrepublikkane. Vatn, biologisk mangfald, klima og luftforureining, og kapasitetsbygging, har vore høgt prioritert i norsk satsing til no.

Følgje opp arbeidet med å integrere omsynet til miljø i norsk utviklingssamarbeid, med vekt på miljøforvaltningas ansvarsområde i programmet Olje for Utvikling og satsinga Rein Energi for utvikling og Handlingsplanen for miljøretta utviklingssamarbeid.

Eit sentralt mål for geografisk retta miljø-samarbeid er å foreine miljøpolitikk og utviklingspolitikk og bidra til å byggje og forankre ein heilskapleg analyse om korleis områda kan underbyggje kvarandre. Eit sentralt verkemiddel er å vise korleis bevaring av miljøverdiar aukar måloppnåinga i utviklingspolitikken. Miljøverndepartementet er forplikta til å søkje samanheng mellom miljø og utviklingspolitikk (jf. innst. S. 296 til St.meld. nr. 13 2009 *Klima, konflikt og kapital. Norsk utviklingspolitikk i et endret handlingsrom*).

Grøn økonomi er eit spesielt viktig temaområde i 2011 og sentralt i fleire viktige internasjonale prosessar framover, slik som Rio 2012. For det utviklingsretta miljøarbeidet er det spesielt viktig å sikre perspektiv som vil vere velkomne frå eit ulandssynspunkt, dvs. at ei grøn økonomisatsing unngår tiltak som kan forverre fattige land sine høve til handel, og har element som betrar utsiktene for mattryggleik, klimatilpassing, handtering av urbane pressområde og kamp mot fattigdom.

Ei sentral målsetjing er å arbeide for ein god miljøprofil på relevante satsingar i Utanriksdepartementet, som Rein energi for utvikling og Olje for Utvikling. Det er òg eit mål å påverke miljøstrategiane til multilaterale utviklingsaktørar som Verdsbanken og FNs utviklingsprogram.

Arbeidet med å styrkje miljøpilaren i programmet Olje for Utvikling vil framleis vere ei viktig oppgåve, og i 2011 har det vore eit sentralt omsyn å sikre at miljø blir lagt vekt på i alle hovudlanda i Olje for Utvikling-samarbeidet. Det har vore arbeid med førebuing av langsiktig miljø-samarbeid i fleire land. I land der samarbeidet allereie er breitt, som Uganda, Ghana og Aust-Timor, har det vore lagt vekt på bygging av kapasitet og institusjonar.

På området Rein energi har det vore ei oppgåve å sikre balanse mellom satsinga på vasskraft og andre fornybare energikjelder og identifisere eigne miljøretningslinjer, både for vasskraftprosjekt og andre prosjekt baserte på fornybar energi.

Nord- og polarområda

Underområdet omfattar arbeidet med miljøutfordringane på Svalbard, Jan Mayen, i Barentshavet, i Arktis elles og Antarktis med biland, medrekna

det bilaterale samarbeidet med Russland. Det omfattar òg miljøfagleg arbeid innafor relevante internasjonale fora som Arktisk Råd, Barentssamarbeidet og samarbeidet under Antarktistraktaten.

Tabell 26.2 Nord- og polarområda

Nasjonale mål	Delmål	Indikatorar
5.3.1. Avgrense påverknad og risiko for påverknad på miljøet i nord- og polarområda som følgje av menneskeleg aktivitet.	5.3.1.1. Heilskapeleg forvaltning av naturressursane, bevaring av artsmangfaldet, natur- og kulturminneverdiane og reduserte miljøgift- og klimaverknader i Arktis.	<p>Bevaringsstatus for utvalde arter og økosystem i Arktis.</p> <p>Status for havforsuring i Arktis.</p> <p>Nivå av utvalde forureiningskomponentar i det arktiske miljøet.</p> <p>Sårbare og verdifulle område som er verna eller gitt særleg beskyttelse.</p> <p>Status for implementering av heilskapeleg forvaltning i den arktiske regionen.</p>
	5.3.1.2. Bevaring av natur- og kulturminneverdiane i Antarktis og kontinentet som eit viktig referanseområde for miljøforskning.	Talet på spesielle verneområde og forvaltningsområde som er oppretta og kulturminne som er freda.
	5.3.1.3. Økosystembasert forvaltning og felles miljøovervaking av heile Barentshavet.	<p>Talet på relevante miljøindikatorar som er gjenstand for felles norsk-russisk overvaking.</p> <p>Grad av samarbeid om økosystembasert forvaltning.</p>
	5.3.1.4. Redusert forureining, betre miljøovervaking og tett samarbeid om løysing av felles miljøoppgåver i grenseområda til Russland.	<p>Talet på relevante miljøindikatorar som er overvaka og rapporterte.</p> <p>Storleiken på i utslepp frå Pet-sjenga-Nikel.</p> <p>Talet på område med samordna forvaltning mellom Noreg og Russland og kvaliteten på dette samarbeidet.</p> <p>Talet på miljøprosjekt i Nordvest-Russland med økonomisk støtte frå NEFCO og NIB og talet på miljøprosjekt med norsk samarbeidspartnar.</p>

Tabell 26.2 Nord- og polarområda

Nasjonale mål	Delmål	Indikatorar
	5.3.1.5. Styrkt miljøkompetanse og auka investeringar i miljø- og energieffektive tiltak i dei russiske delane av Barentsregionen.	
5.3.2. Svalbard skal forvaltast slik at omfanget av villmarksprega område blir halde oppe, naturmangfaldet bevart tilnærma upåverka av lokal aktivitet, og verneområda sin verdi som referanseområde for forskning sikra.	5.3.2.1. Hindre tap av villmarksprega område og vesentleg påverknad av naturmangfaldet som følgje av lokal aktivitet.	<p>Omfanget av villmarksprega område på Svalbard i samsvar med INON-klassifisering.</p> <p>Del av verneområde med godkjend forvaltningsplan.</p> <p>Bestandsstatus for raudlistearter og andre utvalde arter.</p> <p>Registrerte effektar på dyreliv og vegetasjon som følgje av ferdsel.</p> <p>Status for framande arter og effektar av desse.</p> <p>Lokale utslepp til luft og vatn frå verksemd på Svalbard.</p> <p>Bevaringsstatus for utvalde kulturminne og kulturmiljø.</p> <p>Talet på årleg tap av registrerte kulturminne i prosent.</p>
5.3.3. Eit representativt utval av kulturminne på Svalbard skal bevarast som kjeldemateriale og grunnlag for opplevingar for framtidige generasjonar. Tapet av kulturminne som følgje av menneskeleg verksemd skal i gjennomsnitt ikkje overstige 0,1 pst. årleg.		
5.3.4. Transport og ferdsel på Svalbard skal ikkje medføre vesentlege eller varige skadar på vegetasjon eller forstyrre dyrelivet. Svalbards natur skal kunne opplevast uforstyrra av motorisert ferdsel og støy, også i område som er lett tilgjengelege frå busetjingane.	5.3.4.1. Hindre miljøskade og ringare kvalitet på naturopplevingar som følgje av ferdsle på land og til sjøs.	Volum og fordeling av motorisert ferdsel på Svalbard.

Tabell 26.2 Nord- og polarområda

Nasjonale mål	Delmål	Indikatorar
		Tilgang på og forvaltning av snøskuterfrie område.
		Tal på og geografisk spreining av landstigingar frå cruiseskip utanfor planområda.
		Ferdsselslitasje i utvalde område.
		Talet på helikoptertimar.
		Taler på registrerte snøskutarar på Svalbard.

Statusbeskriving på måla frå Prop. 1S (2010-2011)
Miljøforvaltningas mål er endra. Nedanfor er det rapportert på måla frå Prop. 1S (2010-2011).

Nasjonalt mål 5.3.1.: Avgrense påverknad og risiko for påverknad på miljøet i nord- og polarområda som følgje av menneskeleg aktivitet.

Delmål 5.3.1.1: Heilskapeleg forvaltning av naturressursane, bevaring av artsmangfaldet, natur- og kulturminneverdiane og reduserte miljøgift- og klimaverknader i Arktis.

Noreg deltek aktivt i miljøsamarbeidet under Arktisk Råd. På ministermøtet i Nuuk på Grønland 12. mai 2011 var det stor vilje blant medlemslanda til å bruke Arktisk Råd meir aktivt, og det vart bestemt at eit permanent sekretariat for Arktisk Råd skal leggjast til Tromsø.

Klimaverknad og bevaringsstatus for utvalde arter og økosystem i Arktis: Ein omfattande studie av utviklinga i snø, is og permafrost vart lagt fram på ministermøtet. Denne analysen viser at havis, permafrost og brear i Arktis smelter meir og raskare enn tidlegare antatt. Noreg er ein viktig bidragsytar til to større prosjekt under Arktisk Råds arbeidsgrupper for bevaring av arktisk flora og fauna (CAFF), knytt til overvaking og bevaring av biologisk mangfald: Arctic Biodiversity Monitoring Programme og Circumpolar Biodiversity Monitoring Programme. Under ministermøtet på Grønland vart det vidare lagt fram ein rapport som viser at reduksjon i utslepp av kortliva partiklar, som svart karbon, kan bidra til å bremse oppvarminga i Arktis, med anbefalingar om korleis slike utslepp kan reduserast.

Status for havforsuring i Arktis: Noreg finansierer framleis storparten av sekretariatet i Arktisk Råds miljøovervakingssystem, AMAP, og med-

verkar aktivt i programmet. AMAP starta i 2010 eit prosjekt for å samanfatte oppdatert kunnskap om havforsuring i Arktis. Prosjektet skal slutførast i 2012. Noreg bidrar med finansiering og innsats frå norske forskarmiljø.

Nivået av utvalde forureiningskomponentar i det arktiske miljøet: Noreg deltek i prosjektsamarbeidet for å redusere faren for forureining av miljøgifter i Arktis. Ein rapport om kvikksølv i Arktis vart lagt fram for Arktisk Råds ministermøte i mai 2011 og syner at kortliva klimagassar som sot har særleg stor betydning i Arktis og arbeidet vil bli ført vidare fram til 2013.

Status for implementering av heilskapeleg forvaltningsplan: Innanfor Arktisk Råd er Noreg ein viktig pådrivar for å fremje heilskapeleg havforvaltning og beskytte dei arktiske marine områda mot skipstrafikk. I perioden 2009-2011 har Noreg hatt leiarskapet i arbeidsgruppa for vern av det arktiske marine miljøet, og medverka aktivt i prosjekt for å styrkje implementering av heilskapeleg forvaltning.

Delmål 5.3.1.2: Bevaring av natur- og kulturminneverdiane i Antarktis og kontinentet som eit viktig referanseområde for miljøforskning.

I Antarktis finst nokre av dei siste store urørte naturområda i verda. Det er no 71 område i Antarktis som har status som verneområde (Antarctic Specially Protected Area). I tillegg til dette har 7 andre område status som Antarctic Specially Managed Area. Store urørte område er samtidig av sentral betydning for å kunne studere korleis klimaendringar og andre storskala miljøendringar påverkar arter og økosystem.

85 kulturminne står no på ATCMs bevaringsliste (2011). 11 av desse objekta skriv seg frå den norske verksemda. Dei består hovudsakleg av minnesmerke, gravstader og vardar.

Til trass for eit noko svakt kunnskapsgrunnlag trur ein at dyre- og plantelivet generelt sett er i god forfatning. I dag er berre nokre få av dei artene som held til i Antarktisk lista som kritisk og sterkt truga på IUCNs raudliste.

Presset på Antarktisk aukar likevel på grunn av klimaendringar, auka turisme og aukande interesse for dei marine naturressursane.

Delmål 5.3.1.3: Økosystembasert forvaltning og felles miljøovervaking av heile Barentshavet.

Den auka økonomiske aktiviteten som er venta som følgje av den nye norskrussiske delelinja i Barentshavet, gjer eit godt samarbeid med Russland om ei heilskapleg og økosystembasert forvaltning av havområda i nord særleg viktig.

Det er eit tett og godt samarbeid mellom Noreg og Russland om økosystembasert forvaltning. I desember 2009 vart ein milepæl nådd då den felles norskrussiske statusrapporten for miljøtilstand og biologiske ressursar i heile Barentshavet vart lagt fram. Den russiske sida vil nytte rapporten som grunnlag for å utarbeide eit konsept for ein forvaltningsplan for russisk del av Barentshavet, basert på norske erfaringar og i samarbeid med norske fagmiljø.

Innafor havmiljøsamrådet med Russland er det i tillegg satt i gang ei rekke prosjekt for å bidra til oppbygging av kunnskap og overføring av kompetanse for å støtte opp om samarbeidet om økosystembasert forvaltning av Barentshavet. Særleg prioritert er samarbeidet mellom styresmaktene om regelverk og kontroll av aktivitetar som påverkar Barentshavet, med vekt på kontroll og tilsyn av miljøtryggleik i petroleumsverksemd.

Arbeidet for å etablere eit felles norskrussisk økosystembasert miljøovervakingssystem for heile Barentshavet er påbegynt og vil bli ført vidare i 2012. Ein del miljøindikatorar er allereie gjenstand for felles norskrussisk overvaking.

Delmål 5.3.1.4: Redusert forureining, betre miljøovervaking og tett samarbeid om løysing av felles miljøoppgåver i grenseområda til Russland.

Det 16. møtet i den norskrussiske miljøvernkomisjonen vart halde i januar 2011. På møtet vart det vedteke eit nytt og utvida arbeidsprogram for 2011-2012, fordelt på områda vern av havmiljøet, forvaltning av biologisk mangfald, reduksjon av forureining, grensenært samarbeid, undersøkingar av radioaktiv forureining og klimaendringar i Barentsregionen. Vern av havmiljø har vore særleg prioritert i 2011 og er derfor særskilt omtalt.

Innan det norskrussiske miljøvernssamarbeidet blir ei rekkje miljøindikatorar overvaka. Hovudformålet er å bidra til ei mest mogleg berekraftig og kunnskapsbasert forvaltning av den unike naturen i grensområda mellom Noreg og Russland. Det har i 2011 dreia seg om følgjande indikatorar:

- Overvaking av miljøtilstanden i grensevassdraga (Pasvikprogrammet)
- Overvaking av luftkvaliteten i grenseområda, konsentrert om svoveldioksid og tungmetall
- Kartlegging og forureiningssituasjonen i innsjøar i grensområda, med fokus på forsuring og tungmetall
- Teljing av snøugle og dverggås, som begge er rekna blant dei sjeldne og truga artene i grenseområda
- Undersøkingar knytte til vassfugl, brunbjørn, smågnagarar, bisam og elvemusling
- Undersøking av pukkellaksens spreieing i vassdraga i Barentsregionen
- Undersøkingar av vandringsmønster for atlantisk laks
- Kartlegging og overvaking av sjøfugl i Barentshavet
- Undersøkingar av effektane av kongekrabbe og snøkrabbe

Når det gjeld Petsjenganikel gjekk dei avtalene som vart inngått mellom den norske og russiske regjeringa i 2001 om modernisering av nikkilverka på Kola, ut i 2010. Etter avtale med Miljøverndepartementet betalte Norilsk-Nikkel-konsernet hausten 2010 tilbake dei tilskota konsernet hadde motteke frå den norske staten, totalt 46,678 mill. kroner.

Det opphavlege moderniseringsprosjektet frå 2001 skulle medverke til at utsleppa av svoveldioksid og støv frå nikkilverka på Kola skulle redusert med 90 pst. innan 2010. Det høyrer med til biletet at utsleppa frå nikkilverka har gått ned. Samla sett har svoveldioksidutsleppa blitt reduserte med ca. 36 pst. frå 1999 – 2008, mens støvutsleppa har gått ned med ca. 10 pst. Dei samla utsleppa av svoveldioksid ligg likevel framleis på om lag 100 tonn pr. år, meir enn 5 gonger Noregs samla utslepp. Dette er sett frå norsk side eit uakseptabelt høgt forureiningsnivå, og Noreg vil derfor halde fram med å følgje opp saka overfor russiske styresmakter.

I slutten av februar 2011 vart det vedteke å setje ned ei arbeidsgruppe om Petsjenganikel under den norskrussiske regjeringskomisjonen for økonomisk og teknisk/vitskapeleg samarbeid. Den skal ha som hovudoppgåve å følgje opp

at felleserklæringa frå president Medvedevs besøk i Noreg i april 2010 blir etterlevd. I felleserklæringa frå besøket er det erkjent at utsleppa gir grunn til bekymring og at russiske styresmakter er klare til å medverke til at utsleppa kjem ned på eit nivå som ikkje skader helse og miljø i grensområda. Vidare har det i 2011 vore arbeidd med å utvikle eit system for utveksling av luftdata mellom Noreg og Russland for å styrkje miljøovervakinga i grensområdet og forsterke den vidare kontrollen.

Eit område med samordna forvaltning i grenseområda er Pasvik-Inari trilaterale park, som er eit grenseoverskridande verneområde mellom Noreg, Russland og Finland og som er sertifisert etter EUROPARC-standarden. I samarbeid om forvaltning av verneområdet inngår berekraftig naturturisme og etablering av nettverk for samarbeid mellom kommunane, turistbedrifter og forvaltning for betre løysing av felles miljø- og forvaltningsoppgåver. I 2011 har det vore arbeidd med å følgje opp tiltaksplanen for parken, overvaking av bjørn, samanstilling av ei raudliste for området og revidering av informasjonspostar for turistigen mellom norsk og finsk del av parken.

Delmål 5.3.1.5: Styrkt miljøkompetanse og auka investeringar i miljø- og energieffektive tiltak i dei russiske delane av Barentsregionen.

Sidan 1994 har Noreg finansiert eit program for reinare produksjon og industriell miljøeffektivisering i Nordvest-Russland. Programmet har hatt som formål å introdusere metodar for miljø- og energieffektivisering i russiske industribedrifter i regionane Arkhangelsk, Murmansk, Karelen og Komi. Det har medverka til overføring av kompetanse til russisk industri og miljøforvaltning gjennom opplæringskurs i reinare produksjon. Programmet har ført til reelle forbetringar for miljøet og innsparing i russisk industri, og meir enn 2000 russiske ingeniørar har gjennomført opplæringsprogrammet.

2010 var det siste året med norsk basisstøtte til dette programmet. I 2011 har det vore arbeidd med betre tilpassing av programmet til den russiske konteksten og betra forankring sentralt og i regionane. I regi av Tekna og Norsk Energi har det vore gjennomført to prosjekt, som begge har lagt vekt på å nytte reinare produksjon-metodikk som verktøy for eliminering av «hot spots» i Barentsregionen. Arbeidet med «hot spots» som no er i ferd med å komme over i ei tiltaksfase, skjer i nært samarbeid med Barentsrådets miljøarbeidsgruppe og med NEFCO, som sammen har

utvikla kriterium for når ein kan fjerne dei enskilde «hot spots» frå lista. På Barentsrådets miljøvernministermøte i oktober 2011 vart det vedteke å stryke dei første «hot spots» frå lista i og med at ein reknar naudsynte tiltak for gjennomførde. Det vil i fleire år framover likevel vere behov for målretta arbeid med «hot spots» i Barentsregionen, då det dreier seg om store, samansette og kompliserte miljøproblem som det krev tid å løyse.

Nasjonalt mål 5.3.2: Svalbard skal forvaltast slik at omfanget av villmarksprega område blir halde oppe, naturmangfaldet bevart tilnærma upåverka av lokal aktivitet, og verneområda sin verdi som referanseområde for forskning sikra.

Delmål 5.3.2.1: Hindre tap av villmarksprega område og vesentleg påverknad av naturmangfaldet som følgje av lokal aktivitet.

Svalbard har mykje villmark, men det er likevel mange spor etter menneske i naturen. Restar av gammal forskning, fangst, gruvedrift og ekspedisjonar finst mange stader. Det meste av Svalbard er likevel urørt av tyngre tekniske naturinngrep. Ca. 98 pst. av landområda kan kallast villmark utan større tekniske inngrep. 65 pst. av Svalbards landområde er verna som naturreservat og nasjonalparker. Forvaltninga av desse verneområda har stor betydning for miljøtilstanden for Svalbards fjell- og tundraområde. I 2010 vart norsk raudliste oppdatert. Dei fleste artene på raudlista er knytte til havet og kysten og omtalt under beskrivinga av Levande hav og kyst.

Etter at svalbardreinen vart totalfreda i 1925 har den blitt meir utbreidd på øygruppa, og talt er anslått til å vere rundt 10.000. Bestanden ved fredinga i 1925 har vore anslått til ca. 1000 dyr. Fjellreven på Svalbard er utbreidd over det meste av øygruppa, men den eksakte størrelsen på bestanden er ukjent og varierer avhengig av rekruttering av ungar til vaksendyr-bestanden. Svalbardrypa er som svalbardreinen ei art det er mogleg å jakte på, men der det manglar kunnskap om bestandsstørrelse og bestandsutvikling og eventuelle årvisse variasjonar i bestanden. Årleg blir det felt omkring 1700 ryper på sentrale delar av Spitsbergen.

No er det meste av dagens aktivitet konsentrert i busetjingane Longyearbyen, Barentsburg, Ny-Ålesund, Sveagruva og stasjonane i Hornsund, på Bjørnøya og Hopen. I tillegg bur det folk på nokre få fangststasjonar. Ei meir nøyaktig kartlegging av inngrepsfrie naturområde på Svalbard i samsvar med den INON-klassifikasjonen som er nytta på fastlandet er under utarbeiding av Direktoratet for naturforvaltning.

Det er utarbeidd forvaltningsplanar for Hopen og Bjørnøya naturreservat. Desse reservata dekkjer til saman 6.168 km² land- og sjøareal, og det ligg dermed føre forvaltningsplanar for ca. 5 pst. av verneområda sitt samla areal. Sysselmannen er i gang med å utarbeide forslag til forvaltningsplan for naturreservata på Aust-Svalbard. Når denne planen ligg føre, vil det vere utarbeidd forvaltningsplanar for 70 pst. av det verna arealet på Svalbard. Forvaltningsplanane skal ivareta både villmarkpreget, naturmangfaldet og verneområda sin verdi som referanseområde for forskning. Forslaget til forvaltningsplan skal høyrast våren 2012, før Sysselmannen kan ferdigstille arbeidet og sende forvaltningsplanforslaget til Direktoratet for Naturforvaltning for endeleg fastsetjing. Når denne planen er fastsett vil det bli utarbeidd forvaltningsplanar for nasjonalparkane.

I 2010 vart norsk raudliste oppdatert. For pattedyr er artene på raudlista dei same som i 2006, og omfattar isbjørn, kvalross og steinkobbe. For Svalbard er det òg 18 fuglearter på raudlista, noko som utgjer to fleire enn i 2006. Polarlomvi (*Uria lomvia*) har komme inn på grunn av teikn på sterk bestandsnedgang dei siste åra og praktærfugl (*Somateria spectabilis*) på grunn av at bestanden truleg er lågare enn ein trudde før. Når det gjeld karplanter har 38 pst. av dei raudlista artene endra kategori, tre er endra til ein høgare kategori, 14 er endra til ein lågare kategori og fire nye er komne inn på raudlista. Årsakene er i 48 pst. av tilfella resultat av ny kunnskap, 24 pst. av tilfella er resultat av ny tolking av gamle dato og 19 pst. har si årsak i justert bruk av IUCN-kriteria.

Dyre- og fuglelivet på Svalbard vart i fleire hundre år utsett for omsynslaus jakt og fangst, noko som reduserte fleire bestandar kraftig. I dag er jakt nøye regulert, og den avgrensar seg til eit fåtal arter. Fleire av pattedyr- og fugleartene har ikkje klart å komme tilbake til tidlegare nivå til trass for mange års freding, mens andre har hatt ein kraftig vekst. Forvaltninga manglar kunnskap om utviklinga hos mange av artene på Svalbard.

Isbjørnen vart totalfreda i 1973, og i dag er bestanden berekna til å vere rundt 3.000. Den er eit marint pattedyr, men er ofte å treffe på land. Arta er vurdert som sårbar på Norsk Raudliste 2010 fordi den får vanskelege leveforhold når isen i Arktis forsvinn. Kvalrossen vart slakta ned på 160 0-1800-talet, men vart freda i 1952. Sidan då har bestanden auka sakte, og talet er no berekna til rundt 2.600. Kvalrossen er vurdert som sårbar på Norsk Raudliste 2010 på grunn av låg reproduksjon. Det er til saman fem selarter på Sval-

bard. Av dei held tre til på øygruppa året rundt; storkobbe, ringsel og steinkobbe. Svalbard har verdas nordlegaste bestand av steinkobbe, som er anslått til rundt 1.000 individ. Arten er vurdert som sårbar på Norsk Raudliste 2010 på grunn av låg reproduksjon. Dei fleste av dei 200 fugleartene på Svalbard er trekkfuglar som kjem for å ete i Grønlandshavet og Barentshavet om sommaren, og er knytte til kysten og havet. Nokre få andre arter overvintrar i isfrie område rundt øygruppa eller langs iskanten. Minst tre millionar par sjøfugl hekkar på Svalbard. Klimaendringar påverkar næringsgrunnlaget og livsvilkåra for fugl og pattedyr både i havet og på land. Dei høge konsentrasjonane av miljøgifter som er funne i isbjørn, polarmåke, ismåke og havhest kan blant anna påverke helsetilstand, reproduksjon, og evne til å finne næring. Både ismåke og polarmåke har dei siste åra hatt ein nedgang i bestandane.

Austmarkmusa er ei framand art som truleg vart innført til Svalbard i førre hundreår i skipslastar med høy frå Russland. Den har tilhald i dei tidlegare russiske busetjingane i Colesdalen og Grumant, men finst òg i Longyearbyen. Det har tidlegare vore gjort forsøk med å setje ut hare, polarhare og moskus på Svalbard, men ingen av desse har klart å etablere seg. Mus og rotter blir av og til observert i busetjingane på Svalbard, men heller ikkje desse har klart å etablere seg.

Nokre plantearter er innførte til Svalbard med hensikt og har klart å etablere seg innanfor busetjingane. På denne måten blir plantesamfunna endra utan at ein kjenner dei økologiske verknadene. Nokre arter kan innførast utilsikta frå fastlandet, ved at de set seg fast under sko, på klede eller kjem med matvarer. Så langt har ingen av dei bevisst innførte artene klart å etablere seg utanfor busetjingane. Sysselmannen har fått i oppdrag å ferdigstille ein handlingsplan mot framande skadelege arter i løpet av 2011. Denne vil òg omfatte ein kunnskapsstatus for framande arter i Svalbards kyst- og havmiljø.

Sidan 1989 har det vore 59 pst. midlare reduksjon i konsentrasjonar av svovel i luft (SO₄) og i nedbør målt i Ny-Ålesund (Zeppelin). Dette er interessant fordi ei stor mengd industri i Russland og elles Aust-Europa vart nedlagt tidleg på 90-talet. Årsmiddelkonsentrasjonen av summen nitrat+salpetersyre viser ingen markert tendens sidan målingane starta i 1986. Utsleppa av nitrogenkomponentar i Europa har hatt ei ujamn utvikling sidan 1980, med ein topp for NO_x rundt 1990. Desse komponentane kan ikkje fjernast ved enkel reinsing slik tilfellet er for svovelkomponentar.

Årsmiddel av PCB (sum 10 kongenere) i luft i Ny-Ålesund synest å vise ein ytterlegare nedgang i perioden etter 2008.

DDT-verdiane målte på Zeppelinstasjonen synest òg å vise ein ytterlegare nedgang i perioden frå 2008.

Nasjonalt mål 5.3.3: Eit representativt utval av kulturminne på Svalbard skal bevarast som kjeldemateriale og grunnlag for opplevingar for framtidige generasjonar. Tapet av kulturminne som følgje av menneskeleg verksemd skal i gjennomsnitt ikkje overstige 0, 1 pst. årleg.

I 2010 er det utført vedlikehald og restaurering av åtte freda bygningar i medhald av Kulturminneplan for Svalbard 2000-2010. Denne kulturminneplanen er no under revisjon. Det er òg sett i gang eit arbeid med ein forvaltningsplan for Aust-Svalbard som vil omfatte kulturminne og kulturmiljø. Ein plan for dei tekniske og industrielle kulturminna i Longyearbyen og omegn vart ferdig i 2010 i samarbeid med Store Norske Spitsbergen Kullkompani og Longyearbyen lokalstyre. Eit begynnande norskrussisk samarbeid om å ta vare på delar av dei russiske busetnadene på Svalbard er òg i gang. Dokumentasjonsprosjektet for freda fangsthytter blir ført vidare, og arbeidet med oppdatering av den nasjonale databasen for faste kulturminne, Askeladden, blir prioritert.

Sysselmannen har ei liste over femti utvalte og høgprioriterte kulturminne og kulturmiljø. Dei ståande bygningane som er høgprioriterte, er i forholdsviss god stand. Sysselmannen følgjer årleg opp med sikring, vedlikehald og istandsetjing av desse kulturminna. I 2010 vart det utført arbeid på åtte freda bygningar. Det er ikkje rapportert inn nye skadar på grunn av ferdsel på kulturminne i dei områda der feltinspektørane har vore på synfaring sommaren 2011, i Nordvesthjørnet, Isfjorden og Ny-Ålesund.

Tapet av kulturminne på Svalbard er normalt lågt. Mange kulturminne er likevel utsette for nedbrytning og erosjon. I 2010 gikk eit viktig freda kulturminne frå 1919 tapt gjennom brann.

Nasjonalt mål 5.3.4: Transport og ferdsel på Svalbard skal ikkje medføre vesentlege eller varige skadar på vegetasjon eller forstyrre dyrelivet. Svalbards natur skal kunne opplevast utforstyrta av motorisert ferdsel og støy, også i område som er lett tilgjengelege frå busetjingane.

Delmål 5.3.4.1: Hindre miljøskade og ringare kvalitet på naturopplevingar som følgje av ferdsel på land og til sjøs.

Dei fleste fastbuande i Longyearbyen har sin egen snøskuter, og det har blitt dobbelt så mange snøskuterar på Svalbard dei siste 15 åra. Det var i 2008 knapt 2700 registrerte snøskuterar i Longyearbyen. Skutertrafikken er størst frå februar til mai og dei fleste køyrer mellom Longyearbyen og Barentsburg, Kapp Linné, Tempelfjorden, Ny-Ålesund og Svea Nord. Nokre reiser òg på lengre turar. Ein veit ikkje så mykje om kor eller kor langt. Det einaste ein har sikre tal på er kor mange fastbuande som har søkt og fått dispensasjon til å køyre i dei tre største nasjonalparkane med skuter. Dette talet varierer, men har ikkje vist noko aukande trend dei siste 15 åra.

Det er berre tillete å køyre snøskuter på frosten og snødekt mark, og det er avgrensa kor både fastbuande og tilreisande kan køyre. Det er oppretta snøskuterfrie område nær Longyearbyen, og eitt av dei er direkte tilgjengeleg frå busetjinga.

Motorisert ferdsel på land kan føre til støy, køyrespor frå ulovleg køyring på barmark og lokal luftforureining. Motorferdsel fører òg til at høvet til å drive tradisjonelt friluftsliv utan forstyringar er redusert rundt busetnadene i periodar av året. Det er foreløpig ikkje dokumentert negative endringar i bestandane av rein, rev eller gjæs i dei områda der snøskutertrafikk og annen ferdsel har auka mest.

Talet på gjestedøgn i Longyearbyen har auka frå vel 23.000 i 1993 til over 82.000 i 2010. I same periode er talet på passasjerar som besøker Svalbard med oversjøiske cruiseskip dobla.

Også ekspedisjonscruisetrafikken rundt Svalbard har auka. Kvart år kjem det rundt 60.000-65.000 turistar til Svalbard. Halvparten kjem med oversjøiske cruiseskip, den andre halvparten med fly direkte til Longyearbyen for å vere med på tilbod frå lokale operatorar. Talet på turistar i Longyearbyen har vore stabilt dei siste seks åra, noko som kan forklarast med eit avgrensa fly- og hotelltilbod i høgsesongane.

Både talet på landstigingar frå cruiseskip og talet stader der turistar gjekk i land vart meir enn dobla i løpet av tiåret fram til 2005. Dei siste seks åra har både talet på landstigingar og talet på sta-

der som blir besøkte flata ut på omkring 100 000 og 160. Talet på private småbåtar som besøker Svalbard i løpet av sommarsesongen er òg aukande og har dei siste åra komme opp mot 65 private seglbåtar. I 2010 var det 55 som melde inn sine seglingar til Svalbard.

På enkelte mykje besøkte landstigingslokalitetar er det registrert betydeleg lokal slitasje på vegetasjonen. Det er òg registrert stigdanningar og slitasje ved mykje brukte leirplassar. Det finnes

inga detaljert vegetasjonskartlegging på Svalbard eller systematisk overvaking av effektar av ferdsel på vegetasjon. Norsk Polarinstitutt har avtaler med ulike forskings- og utgreiingsinstitusjonar om etablering av overvaking av markvegetasjonen på Svalbard. Dette skjer i regi av Miljøovervakingssystemet for Svalbard og Jan Mayen (MOSJ), og vil òg omfatte effektar av ferdsel.

Sysselmannen arbeider med å skaffe oversikt over den samla bruken av helikopter på Svalbard.

27 Statusrapportering på «gamle» resultatområde 6 frå 2011

Tabell 27.1 Arealpolitikk og samfunnsutvikling

Nasjonale mål	Delmål	Indikatorar
6.1.1. Landet skal ha ein berekraftig arealpolitikk. Planlegginga i kommunar og fylke skal sikre effektiv samordning og skje innfor ramma av nasjonal politikk.	6.1.1.1. Plan- og bygningslova skal brukast som verkemiddel for reduserte utslepp og tilpassing til klimakonsekvensar, knytt til blant anna areal-, energi- og transporttiltak.	Talet på planar i kommunar og regionar med særleg fokus på klima og klimatilpassing, knytt til blant anna areal-, energi- og transporttiltak.
	6.1.1.2. Byar og tettstader skal vere funksjonelt utforma, ha eit godt fysisk miljø som fremjar helse og livskvalitet, eit grønt næringsliv og belastar omgivnadene minst mogleg.	Tettstadareal pr. innbyggjar. Talet på leike- og rekreasjonsareal i tettstader pr. 1000 innbyggjarar og delen lagt til rette med universell utforming.
	6.1.1.3. Det skal takast særleg omsyn til fjellnatur, vassdrag, landskap og viktige natur- og kulturverdiar.	Delen av omsetjinga i varehandel i kommunen innanfor by- og tettstadsområde. Omfang av planar og utbygging som omfattar fjellområde, strandsone og andre prioriterte område.
	6.1.1.4. Nasjonal strandsonepolitikk skal følgjast opp gjennom ein streng og differensiert planpraksis.	Talet på nybygg i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag etter dispensasjon eller i medhald av plan. Del av kystlinja og vassdragslinja som ligg nærare enn 100 m frå bygningar.
	6.1.1.5. Regionale og kommunale planer skal sikre berekraftig utvikling med vekt på arealutnytting, verdiskaping og attraktiv stadutvikling.	Avgang dyrka og dyrkbar mark i medhald av planar etter plan- og bygningslova. Talet på dispensasjonar for nybygg i landbruks-, natur- og frileiftsområde.

Tabell 27.1 Arealpolitikk og samfunnsutvikling

Nasjonale mål	Delmål	Indikatorar
	6.1.1.6. Oppgaver, mynde og forventingar er gjort tydelege overfor kommunane, slik at dei kan utnytte sitt miljøpolitiske handlingsrom.	Tal på kommunale planar der miljøstatus og miljøutfordringar er synleggjort i kommunale planstrategiar og planar.
6.1.2. Plan- og bygningslova skal nyttast aktivt for å sikre lokal og regional utvikling som vektlegg miljøvist gode løysingar og sikrar god dokumentasjon av konsekvensar.	6.1.2.1. Kommunal og regional planlegging skal samordne statleg, regional og kommunal verksemd og areal- og ressursforvaltning over kommunegrensene.	Talet på interkommunale og regionale arealplanar.
	6.1.2.2. Planar etter plan- og bygningslova og søknader etter sektorlover skal ha ei god vurdering av verknader for miljø og samfunn.	Kvaliteten på planprogram og på utgreiingar og vurderingar av planar og tiltak.
	6.1.2.3 God plan- og miljøkompetanse skal vere bygd opp gjennom interkommunale løysingar, arbeid i nettverk, erfaringsformidling frå aktuelt utviklingsarbeid og andre rettleiings- og opplæringstiltak.	Talet på interkommunale løysingar på plan- og miljøområdet. Erfaringar og eksempel frå Livskraftige kommunar tekne i bruk i arbeidet med kommunale planstrategiar og anna lokalt utviklingsarbeid.
	6.1.2.4. Kommunane skal behandle kommune- og reguleringsplanar effektivt og sikre at dei har god kvalitet og er i samsvar med nasjonal politikk.	Utviklinga av kommunal planaktivitet målt etter talet på vedtekne kommuneplanar og kommunedelplanar, reguleringsplanar med kommunalt og privat initiativ, tidsbruk i plansaker og ressursbruken målt som brutto driftsutgifter. Tal på og type motsegn fremja i planprosessen, etter motsegsorgan og –grunn, og tal avgjort av MD. Talet på kommunar med aktuell planstrategi, samfunns- og arealdel av kommuneplanar og kommunedelplanar innafor prioriterte område.

Tabell 27.1 Arealpolitikk og samfunnsutvikling

Nasjonale mål	Delmål	Indikatorar
	6.1.2.5. Alle fylker skal ha regionale planstrategiar som tek i vare prioriterte nasjonale områder, viktige regionale utfordringar og regionale behov.	Talet på fylke med godkjend regional planstrategi.
	6.1.2.6. Nasjonal politikk og statlege interesser skal vere effektivt formidla til kommunar, regionalt nivå og statlege styresmakter. Statlege planverkemiddel for prioriterte politikkområde skal vere oppdaterte.	Ny politikk formidla gjennom blant anna nasjonale forventningar, skriv, kurs og departementet sin nettstad.
		Talet på oppslag på www.planlegging.no

Statusbeskriving på måla frå Prop. 1S (2010-2011)
Miljøforvaltningas mål er endra. Nedanfor er det rapportert på måla frå Prop. 1 S (2010-2011).

Plan og bygningslova skal brukast som verkemiddel for å redusere utslepp og tilpassing til klimakonsekvensar, nytt til blant anna areal-, energi- og transporttiltak.

Fastlands-Noregs utslepp av klimagassar var 8 pst. høgare i 2010 enn i 1990, først og fremst på grunn av trafikkvekst – både vegtrafikk og fly og skipstrafikk. Det var ein auke i utsleppa på 4,8 pst sidan året før. Dette skuldast kraftig økonomisk oppgang etter finanskrisa og ein kald vinter med høge straumprisar. Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunane er fastsett og tredd i kraft. Ifølgje Enova og KS hadde 169 kommunar vedteke ein klima- og energiplan pr. juni 2010, mens 245 var i gang med planarbeidet. 97 pst. av kommunane har dermed, eller er i ferd med å få på plass, ein klima- og energiplan. Over 220 kommunar har skaffa seg kompetanse og erfaringar i klima- og miljøarbeid gjennom deltaking i samarbeidsprogramma Livskraftige kommunar, Grøne energikommunar eller Framtidas byar. Programerfaringane er no i ferd med å bli nedfelte i enkelte kommunar sine planstrategiar som skal utarbeidast i medhald av plan- og bygningslova.

I tråd med retningslinjer for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg har fleire fylke vedteke regionale planar for vindkraft. Fleire andre fylke arbeider med vindkraftplanar eller andre planar for energi der vindkraft utgjer ein

avgrensa del. Potensialet for vindkraft til havs og særleg frå flytande havmøller langs norskekysten er stort. Stortinget har vedteke ei lov om fornybar energi til havs (havenergilova). Det er òg lagt fram ein nasjonal strategi for havbasert fornybar energi som oppfølging av klimaforliket. Miljøverndepartementet saman med underliggjande direktorat samarbeider med energistyresmaktene om å vurdere aktuelle utbyggingsområde for vindkraft til havs til område der konfliktnivået i høve til miljøsyn og andre brukarinteresser (som f.eks. skipsfart, fiskeriinteresser, petroleumsverksemd) er akseptabelt.

Kravet om ei berekraftig utvikling og demokrati viser behovet for kommuneplanen som strategisk plan for langsiktig utvikling av kommunen, både som samfunn og organisasjon. Dei fleste departementa stiller krav til kommunane på sine område. Det er viktig at kommuneplanane kan fange opp dei relevante sentrale plankrava utan at det nødvendigvis må utarbeidast eigne kommunale planar for dei ulike sektoromsyna. Det er f.eks. naudsynt å sjå næringsutvikling og verdiskaping, areal- og miljøforvaltning, levekår, folketalsutvikling og kommunal tenesteyting i nær samanheng.

Miljøverndepartementet samarbeider med fylkeskommunane, fylkesmennene og KS om bistand og oppfølging av kommunane slik at dei kan drive eit aktivt utviklingsarbeid når det gjeld kommunal planlegging. Blant anna er programmet Livskraftige kommunar – kommunenettverk for miljø og samfunnsutvikling, nettopp avslutta.

I følgje KOSTRA vart det i 2010 vedteke 106 kommuneplanar eller kommunedelplanar for are-

albruk, og 172 tematiske kommunedelplanar eller samfunnsdel av kommuneplanar. I 2010 er gjenomsnittleg alder på kommuneplan 5 år for arealdelen og 6 år for samfunnsdelen. Tala viser at landet er godt dekt av kommuneplanar, og at mange kommunar har ei aktiv kommuneplanlegging, både for arealbruken og for den langsiktige samfunnsutviklinga. Men det er framleis for mange kommunar som har relativt gamle planar. Talgrunlaget viser ingen sterk samheng mellom alder på kommuneplanen og type kommune.

Byar og tettstader skal vere funksjonelt utforma, ha eit godt fysisk miljø som fremjar helse og livskvalitet, eit grønt næringsliv og belaste omgivnadene minst mogleg.

Det er eit mål å utvikle meir konsentrerte byar og tettstader av omsyn til arealbruk og transport. Samtidig skal det sikrast område med god kvalitet til rekreasjon og leik. I dei største byane skjer det meste av utbygginga som fortetting og byomforming. Dette er ikkje i same grad tilfelle i mindre byar og tettstader, men for landet samla aukar tettleiken noko. Tal frå KOSTRA viser at leike- og rekreasjonsarealet i tettstadene samla sett har auka noko frå 2001, men med store variasjonar mellom byane. Evalueringar syner at mange omformingsområde ikkje har god nok kvalitet i uteareala. Den nye plandelen i plan- og bygningslova legg sterk vekt på kvalitet i uteområde. For 2007 rapporterte 171 kommunar at dei hadde eitt eller fleire rekreasjons- eller friluftsområde lagt til rette med universell utforming. I 2009 var talet 196.

Groruddalsatsinga er inne i sitt femte år og er det største forsøket på å løfte eit byområde her i landet. Mange resultat av satsinga er no synlege i form av betre kollektivtransport og tilgjenge til stasjonar på T-bana, tur- og sykkelveggar, parkar og badevatn, opne skular, gratis kjernetid i barnehagane, språkopplæring og ei rekkje nærmiljøtiltak og kulturaktivitetar. Miljøverndepartementet koordinerar statleg innsats i satsinga. Samarbeidet mellom bydelar og etatar utviklar seg og nye grupper tek del i arbeidet. Aktiviteten er stor og aukande. Dei fem første åra har staten medverka med 585 mill. kroner og kommunen med 266 mill. kroner. I 2009 var 214 tiltak under arbeid, i 2010 235 tiltak. Aksjon vakrare Groruddal vart starta i 2009 i samarbeid med Oslo kommune og næringslivet. Arbeidet er rapportert i eiga årsmelding og i fireårlege handlingsprogram.

Framtidas byar er eit samarbeidsprogram mellom staten og dei største byområda for å få ned kli-

magassutsleppa, møte klimaendringane og sikre eit godt bymiljø. I alt 13 byar har underskrive ei avtale med staten om å satse på tiltak innanfor transport, oppvarming, forbruk og avfall. Byane har høge ambisjonar og vil overoppfylle Klimaforliket. Også næringslivet sine organisasjonar har underskrive ei intensjonsavtale med staten og KS om å medverke i programmet. Om lag 40 samarbeidsprosjekt er i gang. Alle byane arbeider til dømes med areal- og transporttiltak for å redusere utsleppa frå vegtrafikken. Dei fleste er i gang med pilotprosjekt innafor bygg og heile bydelar der målet er å halvere utsleppa i høve til i dag. Det blir òg arbeidd godt med klimavenlege innkjøp og miljøsertifisering av offentlege og private verksemder. I tillegg har byane auka kunnskapen om klimaendringane og teke omsyn til desse i planarbeidet sitt. Miljøverndepartementet støttar opp om stadutvikling ved å skipe gode møtestader mellom ulike sektorar og forvaltningsnivå. Det er ei stor utfordring for mange kommunar å skaffe seg kompetanse til å drive stadutvikling på ein god måte, særleg i dei mindre kommunane. Det saknast blant anna planfagleg, arkitektfagleg og miljøfagleg kompetanse. Det vert no utarbeidd rettleiarar om kvalitet i byrom og uteareal, stadutvikling og belysning, og kjøpesenter. Miljøverndepartementet samarbeider òg med Kommunal- og regionaldepartementet, Statens vegvesen, Vegdirektoratet, Riksantikvaren, Husbanken og Direktoratet for naturforvaltning gjennom *Forum for stadutvikling* om tiltak for å styrkje kompetansen i kommunane, blant anna gjennom regionale stadutviklingkonferansar. Det er òg laga ein nasjonal nettportal for stadutvikling på Regjeringas nettsider; stedsutvikling.no.

I samarbeid med Statsbygg har Miljøverndepartementet utgitt ei samling med eksempel på korleis staten kan medverke til ei god by- og tettstadutvikling ved lokalisering av sine verksemder. Departementet legg desse prinsippa til grunn for behandling av enkeltsaker, og fylkesmennene er gjennom embetsoppdraget bedne om å følgje opp dette ved statleg lokalisering i kommunane.

Den rikspolitiske føresegna om kjøpesenter har vore verksam i to år. Departementet utarbeider no ein rettleiar som skal gjere det enklare å bruke føresegnene i planlegginga både i regionar og kommunar.

Miljøverndepartementet er eitt av dei fem departementa som bak Regjeringas handlingsplan for universell utforming 2009 – 2012 – *Norge universelt utformet 2025*. Miljøverndepartementet har fleire tiltak i planen og arbeider i nær kontakt blant anna med Barne-, likestillings- og inklude-

ringsdepartementet, Husbanken, Statens bygningstekniske etat, Statens kartverk og Direktoratet for naturforvaltning for å gjennomføre dei.

Kompetansen lokalt og regionalt når det gjeld universell utforming som strategi for planlegging og utforming av omgivnad og produkt skal aukast. Eitt av tiltaka, *Nasjonalt utviklingsprosjekt for universell utforming i fylke og kommunar* inkluderar no 50 kommunar og åtte fylke (både fylkesmenn og fylkeskommunar) og vil bli utvikla vidare til målet: 25 pst. av alle kommunar og alle fylke. Tiltak i den nye handlingsplanen gjeld òg universell utforming i by- og tettstadutvikling, auka tilgjenge til offentlege bygningar og uteområde, friluftsliv og kulturminne. Det skal etablerast eit program med fokus på kommunesenter.

Forslag til målbare indikatorar er utvikla, både for kartlegging i Noreg digitalt og i Matrikkelen. Statens kartverk gjennomfører kartlegging etter kriterium for tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne. I 2010 vart 44 tettstadsenter kartlagt i 13 fylke. Departementet samarbeider med Statens bygningstekniske etat om kompetanseprogrammet *Universell utforming i kommunar og fylke* og med å utvikle ein felles rettleiar om universell utforming til Teknisk forskrift og til Statlege planretningslinjer for universell utforming.

Departementet får midlar frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet til hovuddelen av tiltaka, mens Miljøverndepartementets kapittel 1400 post 80 blir oppretthalden til same føremål.

Kommunane rapporterer på universell utforming gjennom KOSTRA. I 2010 auka talet på kommunar med plan eller retningslinjer med fokus på universell utforming til 30 pst., mot 26 pst. i 2009. Planane er i gjennomsnitt 2,4 år gamle. Størst del av slike planar hadde kommunar med 20 – 30 000 innbyggjarar (73 pst., som er ei klar betring frå året før). Sju fylke har ein plan som inneheld krav om universell utforming. Arealbruksindikatorane som er under utvikling, skal blant anna utdjupe slik statistikk og gi betre oversyn over universell utforming og tilgjenge og kommunal planlegging og arealforvaltning.

Det skal takast særleg omsyn til fjellnatur, vassdrag, landskap og viktig natur- og kulturverdiar.

Noreg har slutta seg til Den europeiske landskapskonvensjonen, som vart sett i kraft 1. mars 2004. Formålet er å fremje vern, forvaltning og planlegging av landskap og organisere europeisk samarbeid om dette.

Miljøverndepartementet har det overordna ansvaret for oppfølging av konvensjonen i Noreg. Plan- og bygningslova av 2008 gir nye høve til å ta vare på landskapet. Departementet arbeider no blant anna med å bevisstgjere om kva landskapet har å seie for folk og samfunn, og å få fram døme på korleis ein kan byggje på landskapskvalitet i planlegginga.

Riksantikvaren og Direktoratet for naturforvaltning (DN) har på oppdrag frå Miljøverndepartementet utarbeidd ein grunnlagsmetode for landskapsvurderingar og ein rettleiar for landskapsanalysar i kommuneplanlegging. Det er òg utarbeidd ein rettleiarar for landskapsvurderingar i vindkraftsaker. Departementet har òg gjennomført ei utgreiing om landskapskartlegging, og støttar eit prosjekt i Nordland for å vidareutvikla metodikken for kartlegging og klassifisering av landskapet slik at vi får ei einenskapleg kartlegging som kan leggjast inn i ein nasjonal database.

Departementet ønskjer å få på plass ein samla, nasjonal landskapspolitikk som gjer greie for mål, vegval og aktuelle tiltak i samsvar med ansvarsdelinga mellom styresmaktene på ulike nivå.

Departementet samarbeider med andre sentrale statsorgan, Nordisk Ministerråd og Europarådets organ om å utvikle politikken og metodebruken.

Fjellområda er ein viktig ressurs i mange kommunar og regionar, både som grunnlag for næringsutvikling og som verdiar knytte til natur og kultur. Regionale planar blir nytta i aukande grad i fjellområda for å sikre verneverdiar og avklare arealbruken på tvers av kommunegrensene.

Det blir utarbeidd regionale planar også på mange andre område, blant anna for kulturminne og kulturmiljø, biologisk mangfald, friluftsliv og grønstruktur, og kystsona. Tabell 13.2 viser regionale planar fordelte på plantema, KOSTRA tal for 2010.

Tabell 27.2 Regionale planar fordelte på plantema

	Tal på fylkeskommunar med ein eller fleire slike planar
Samordna plan for areal/transportplanlegging eller utbyggingsmønster	17
Plan for kulturminne og kulturmiljø	14
Plan for friluftsliv	12
Plan for kystsoner	10
Plan for klima/energi	14
Plan for universell utforming	7
Plan for vassdrag	6
Plan for fjellområde	7
Plan for grønstruktur	5
Plan for biologisk mangfald	3

Miljøverndepartementet samarbeider med andre departement om arbeidet med regionale natur- og kulturparkar i utvalte regionar. Berekraftig utnytting av natur- og kulturverdiane er sentralt i satsinga.

Regjeringa har som mål å halvere årleg omdisponering av dei mest verdifulle jordressursane

innan 2010. Statistikken skil ikkje ut dei mest verdifulle jordressursane, men som vist i tabell 13.3 er Regjeringa på rett veg med gradvis mindre omdisponering av dyrka og dyrkbar mark. Plan- og bygningslova er det viktigaste verkemidlet for å sikre berekraftig forvaltning av jordressursane.

Tabell 27.3 Omdisponering av dyrka og dyrkbar mark

	2007	2008	2009	2010
Talet på dekar dyrka og dyrkbar mark som er omdisponert til andre formål enn landbruk	16 482	14 932	12 113	12 200
Av dette, dyrka mark (daa)	8 799	7 900	7 674	6 700

Fjell- og utmarksområda er ein vesentleg ressurs for nyskaping og næringsverksemd i bygdene. For å få til gode langsiktige løysingar krev dette ofte interkommunalt og regionalt samarbeid, som gir føringar for det kommunale planarbeidet. Miljøverndepartementet gjennomfører eit femårig program der fylkeskommunane utarbeider regionale planar for ei langsiktig forvaltning av dei viktigaste fjellområda med villrein. Planane tek sikte på å sameine mål om næringsutvikling med Noregs internasjonale ansvar for å ta vare på villreinen. Planane skal gi grunnlag for avgrensing av ti nasjonale villreinområde. Planarbeidet omfattar Hardangervidda, Nordfjella, Rondane/Sølnkletten, Dovrefjellområdet, Setesdalsfjella, Ottadalen og Forollhogna.

Reindrifta er ei arealkrevjande næring, og planar om hyttebygging og reiselivsutvikling kjem

ofte i konflikt med reindriften sin bruk av areala. Reindriften nyttar om lag 45 pst. av landets areal, og omfattar òg eit stort tal bygningar. Reindriften brukar areal på tvers av kommune- og fylkesgrenser.

Det har dei siste åra blitt ferdigstilt mellom 4000 og 7000 fritidsbustader pr. år her i landet. I tillegg kjem standardauke og utvidingar på eksisterande fritidsbustader, som ein reknar med har om lag same omfanget. Standardauke inneber, i tillegg til auka areal og teknisk standard på bygningane, utbygging av veg, vatn og avløp og straumforsyning. Dei samla miljøkonsekvensane av slik standardauke vil vere betydelege i mange område. Auka standard fører òg med seg lengre brukstid. Regjeringa er derfor oppteken av at kommunane tek stilling til standard og storleik på eksisterande fritidsbustader i kommuneplanen.

Tabell 27.4 Utbygging av fritidsbustader

	2007	2008	2009	2010
Talet på hytter og sommarhus	389 000	394 100	398 884	405 883
Talet på heilårsbustader mv. som er nytta som fritidsbustader	29 000	29 600	30 209	32 374
Talet på fritidsbustader	418 000	423 700	429 093	438 257

Talet på fritidsbustader i snaufjell, i strandsona, og i og nær villreinområde er gode indikatorar på om kommunane og fylka har følgd opp nasjonal politikk på desse viktige arealpolitiske områda. Det var 32 400 fritidsbustader i snaufjellet i 2007. Talet på fritidsbustader innanfor 4 km frå villreinområde var 64 800 i 2007. Talet på fritidsbustader i 100-metersbeltet langs sjø var om lag 82 800 i 2007. Tala skal oppdaterast hausten 2011.

Miljøverndepartementet har bede fylkeskommunar og kommunar om å prioritere fritidshus i si kommunale og regionale planlegging. Kommunane skal følgje dei nasjonale føringane for fritidsbustader som er gitt i St.meld. nr. 26 (2006-2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*. Føringane inneber at Regjeringa innskjerpar kravet om betre og meir miljøvennleg planlegging og utbygging av fritidsbustader. Det er òg viktig å betre kompetansen i kommunar og planleggingsmiljø om kva god og miljøriktig fritidshusplanlegging inneber. Ny plan- og bygningslov innskjerpar dispensasjonsreglane, og krev at kommunane i større grad vurderer verknadene av utbygging for miljø og samfunn. Regjeringa vil ha auka fokus på ei meir langsiktig og heilskapleg planlegging av fritidsbustader, der lokal næringsutvikling og utbygging skjer slik at andre viktige interesser ikkje blir råka.

Nasjonal strandsonopolitikk skal følgjast opp gjennom ein streng og differensiert planpraksis.

Strandsona som nasjonal interesse er tydeleggjort ved det generelle byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs sjøen. Forbodet har eksistert sidan 1965 og er ført vidare i ny plan- og bygningslov. Samtidig er reglane om dispensasjon stramma inn.

Regjeringa vedtok i mars 2011 statlege planretningslinjer for ei differensiert strandsoneforvaltning. Formålet med retningslinjene er å tydeleggjere nasjonal arealpolitikk i 100-metersbeltet langs sjøen innanfor ramma av plan- og bygningslova. Målet er å ivareta allmenne interesser og unngå ei uheldig bygging langs sjøen. Det skal gjennomførast ei sterkare geografisk differensiering slik at byggjeforbodet blir praktisert strengast i sentrale område der presset på areala er stort. Departementet og DN følgjer opp retningslinjene gjennom dei regionale kystsonenettverka og i det generelle rettleingsarbeidet.

Dei tilgjengelege areala i strandsona minkar. I løpet av dei siste ti åra har tilgjengeleg areal for friluftsliv blitt 2,1 pst. mindre i heile landet. I Sør-Noreg (frå Østfold til og med Hordaland) har reduksjonen vore på 3,7 pst.

Utviklinga i strandsona blir følgt gjennom KOSTRA-rapporteringa, og blir kunngjort av Statistisk Sentralbyrå i juni kvart år. I tillegg utarbeider SSB kvart år frå og med 2010 ein eigen arealstatistikk om status og tilgjenge i strandsona. Tabell 1.5 viser utvikling i dispensasjonar og byggjeløyve.

Rapportering i KOSTRA viser at det i 2010 vart gitt 1122 dispensasjonar for nye bygningar i 100-metersbeltet langs sjøen, mot 900 i 2009. Det vart gitt ca. 1730 byggjeløyve i samsvar med plan i 2008. I 2009 og 2010 vart det gitt høvesvis 1503 og 1540 byggjeløyve i samsvar med plan.

Dei nye tala viser at det til trass for innstramma i ny plan- og bygningslov framleis er eit stort press på bygging i strandsona. Tala viser òg at det framleis er nødvendig med tydelege nasjonale føringar om ein streng plan- og dispensasjonspraksis i område med høgt utbyggingspress i strandsona.

Tabell 27.5 Utbygging i strandsona

	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Talet på dispensasjonar for nybygg i 100-metersbeltet langs sjøen	1000	808	767	812	900	1122
Talet på godkjente byggjeløyve i samsvar med plan		1 300	1 658	1 730	1 503	1540

Tala viser at Regjeringas innskjerpingstiltak er naudsynte. Det er eit mål at delen gitte dispensasjonar går ned, og at arealbruken i strandsona skjer i tråd med oppdaterte kommuneplanar. I desse planane bør kommunane vurdere å ta ut forelda, ikkje utbygde utbyggingsområde.

Regionale og kommunale planar skal sikre berekraftig utvikling med vekt på arealutnytting, verdiskaping og attraktiv stadutvikling.

Undersøkingar viser at det er store manglar i kommunanes og fylkeskommunanes plan og miljøkompetanse. Departementet formidlar kunnskap om berekraftig planlegging gjennom ulike tilbod til administrasjon og politikarar. Det skjer gjennom kurs og konferansar, gjennom internett (til dømes www.stedsutvikling.no) og i samarbeid med blant anna KS. Departementet har òg leia arbeidet med planstrategi og planprogram innan areal og transportplanlegging i Oslo og Akershus. Dokumenta er på høyring og Oslo kommune og Akershus fylkeskommune har teke over leiinga av samarbeidet.

Oppgåver, mynde og forventningar er gjort tydelege overfor kommunane, slik at dei kan utnytte sitt miljøpolitiske handlingsrom.

Meir enn 200 kommunar har teke del i programmet Livskraftige kommunar. Tilnærma alle kommunane har arbeidd med klima og energi som eit prioritert satsingsområde. Erfaringane frå programmet viser at arbeid i læringsnettverk er eit godt verkemiddel for å styrkje miljøarbeidet i midtsjiktet av kommunar. Kommunane sitt klart viktigaste hinder i det lokale utviklingsarbeidet har vore mangel på kapasitet i kommuneorganisasjonen, dernest manglande kompetanse.

2010 var siste år for programmet. Erfaringar frå Livskraftige kommunar har vore eit grunnlag i førebuingane av Kommunal- og regionaldepartementets satsing på *Lokalsamfunnsutvikling i kommunane*, KS si utgreiing om statlege kjøp av kli-

makutt i kommunane og arbeid med forbetring av klima- og energistatistikk (KOSTRA). Miljøverndepartementets arbeid med å styrkje plan- og miljøkompetansen i kommunane, blant anna å etablere læringsnettverk for mellomstore byar om klima og godt bymiljø, byggjer òg på desse erfaringane. Det er lagt vekt på å forsterke innsatsen overfor kommunane, særleg på miljøområde der dei har styresmaktoppgåver.

Kommunerapportar og følgjeevalueringa syner at kommunane har styrkt miljøkompetansen sin og evna til å drive offensiv miljø- og samfunnsutvikling gjennom deltaking i programmet. Kommunane opplever òg stadig betre nytte av å arbeide i læringsnettverk over tid. Fleire av kommunenettverka rapporterer at dei vil fortsetje eit forpliktande interkommunalt samarbeid etter programperioden. Satsingane i programmet er no i ferd med å bli nedfelte i kommunale planstrategiar som skal utarbeidast i samsvar med ny plan- og bygningslov.

Statistikk om miljø og samfunn i norske kommunar er gjort lett tilgjengeleg og samanliknbar på www.bedrekommune.no, mens informasjon om kommunanes miljøtilstand, mål og tiltak finst på www.livskraftigekommuner.no. Programmet har synleggjort eksempel på offensiv lokal miljø- og samfunnsutvikling gjennom eksempelark, informasjonshefte og portalar, og i dokumentasjonen frå følgjeevalueringa.

Kompetansen på plan- og miljøområdet i kommunane er framleis svært varierende, og mange kommunar vil ha behov for bistand og støtte utover programperioden. Departementet har derfor sett i gang eit arbeid med formål å sjå nærare på korleis ein styrkjer og samordnar innsatsen for å hjelpe kommunane til å gjere ein god jobb, først og fremst på område der dei har plan- og miljømynde.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget med ei drøfting av verkemiddel som kan styrkje det lokale plan- og miljøarbeidet på brei basis.

Talet på regulerings- og bebyggelsesplanar går fram av tabell 13.6.

Tabell 27.6 Reguleringsplanar og bebyggelsesplanar

	2006	2007	2008	2009	2010
Talet på vedtekne reguleringsplanar	2 450	2 095	1 935	1 983	2 067
Delen av reguleringsplanane som er private (prosent)	75	76	75	72	72

Reguleringsplanar er viktig reiskap for kommunane for å sikre kvalitet i nærmiljø og utbygging, grønstruktur og uteareal, fellesareal, areal til barnehagar, skular og næringsverksemd med vidare. Departementet har eit aktivt rettleiings- og nettverksarbeid mot kommunar, fylkeskommunar og fylkesmenn på dette området. Departementet vil styrkje rettleiinga mot kommunane, og leggje vekt på korleis verktøy i plan- og bygningslova kan nyttast for å sikre betre kommunal styring. Det er ei utfordring for kommunane å sikre heilskaplege og langsiktige rammer, når hovuddelen av planlegginga skjer som private planinnspel. Det er derfor viktig at kommunane brukar kommuneplanen aktivt for å sikre effektiv og god arealutnytting, samtidig som kravet til gode bu- og arbeidsmiljø blir tilfredsstilte.

Samla saksbehandlingstid er ein indikator på effektiviteten i kommunane si planbehandling. I 2010 var gjennomsnittleg saksbehandlingstid for vedtekne reguleringsplanar 317 kalenderdagar. Det er ein oppgang frå 244 dagar året før. Reell saksbehandlingstid varierer mykje.

Ifølgje kommunerekneskapen i KOSTRA brukte Kommune-Noreg 3 milliardar kroner til fysisk planlegging, byggjesaksbehandling og kart og oppmåling i 2010. Av desse utgiftene dekte kommunane inn 1,77 milliardar kroner i form av gebyr og andre inntekter. Storleiken på gebyra varierer mykje. I dei store byane blir det ofte fremja store og komplekse planar som gir høge gebyr og lang saksbehandling.

Kommunal og regional planlegging skal samordne statleg, regional og kommunal verksemd og areal- og ressursforvaltning over kommunegrensene

Alle fylkeskommunar skal kvart fjerde år utarbeide regionale planstrategiar. Dei første regionale planstrategiane skal liggje føre innan eit år etter fylkestingsvalet i 2011. Planstrategiane skal ta stilling til kva regionale planspørsmål som er viktige å arbeide med, og slik avklare fylkeskommunane sine behov for å rullere planane sine og ta opp nye tema i samsvar med lokale utfordringar og statlege politiske føringar. Gjennom godkjenning av dei regionale planstrategiane vil regjeringa sikre at priori-

terte nasjonale område blir tekne opp i den regionale planlegginga.

I 2010/2011 vart 3 fylkesplanar og 2 fylkesdelplanar godkjende sentralt etter gammal plan- og bygningslov. Etter ny lov skal regionale planar utover den regionale planstrategien ikkje godkjennast sentralt. Dersom statlege styresmakter eller kommunar som er direkte involverte har vesentlege innvendingar til ein regional plan, skal planen til sentral behandling.

I alt 16 fylke hadde i 2010 regionale areal- og transportplanar. Dei største byregionane utarbeider slike planar og strategiar som innspel til Nasjonal transportplan. Regionale arealplanar saman med eigne konseptvalutgreiingar er òg grunnlaget for utbygging av større samferdselstiltak. Fylkesdelplanar tek òg opp andre tema som går på tvers av kommunane, blant anna planar for fjellområde, villrein og kystsone.

Departementet har følgd opp Stortingets vedtak om samarbeid om areal- og transportplanlegging mellom Oslo kommune og Akershus fylkeskommune. Det er et breitt samarbeid mellom Oslo kommune, Akershus fylkeskommune, alle kommunane i Akershus, involverte departement og alle dei store transportorgana. Planlegginga skal leie til at veksten i befolkninga skal finne stad på ein berekraftig måte.

Som nemnt under statusbeskriving for måla for vindkraft og villrein har Miljøverndepartementet teke initiativ til at det blir utarbeidd regionale planar for fjellområde med villrein og for vindkraft. I ny plandel av plan- og bygningslova er det innført fleire nye verktøy som vil styrkje den regionale arealplanlegginga. Interkommunale planar vil utfylle regionale planar initiert av fylkeskommunen. Det er òg gitt eigne reglar som skal sikre betre samordning mellom statlege verneplanar etter naturmangfaldlova og arealbruken i randsonene til slike område.

Planar etter plan- og bygningslova og søknader etter sektorlover skal ha ei god vurdering av verknader for miljø og samfunn.

Det er varierende kvalitet på utgreiingar etter forskrifta om konsekvensutgreiingar under plan- og bygningslova. Dette gjeld spesielt for oversiktspla-

nar etter plan- og bygningslova. Miljøverndepartementet har under arbeid ei rettleiing om konsekvensutgreiingar av oversiktsplanar, som blant anna vil omtale korleis ulike miljøtema skal utgreiast og presenterast i slike planar. Samtidig har departementet sett i gang eit arbeid med å revidere forskrifta om konsekvensutgreiingar, blant anna for å sikre at forskrifta er i samsvar med gjeldande EU-rett. Ei revidert forskrift vil òg ta opp i seg dei nye krava til dokumentasjon som følgjer av naturmangfaldlova, og gi eit endå betre grunnlag for ei berekraftig og kunnskapsbasert forvaltning.

God plan- og miljøkompetanse skal vere bygd opp gjennom interkommunale løysingar, arbeid i nettverk, erfaringsformidling frå aktuelt utviklingsarbeid og andre rettleiings- og opplæringstiltak.

Miljøverndepartementet utarbeider rettleiing og formidlar nasjonal politikk og god planpraksis. Fylkeskommunane har etter lova ansvar for fagleg oppfølging innanfor planlegging, og står saman med fylkesmennene for formidling og oppfølging av kommunane og statlege sektorstyresmakter. Det er etablert fleire lærings- og utviklingsnettverk mellom departementet, fylkeskommunane og fylkesmennene for å sikre klar og effektiv formidling av nasjonal politikk og statlege interesser. Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren har viktige formidlingsoppgåver knytte til kommunal og regional planlegging innanfor sine fagfelt.

Det er fortløpande samarbeid og samordning mellom departementa på ulike tema og saker når det gjeld arealpolitikk og samfunnsutvikling, for eksempel knytt til ny plan- og bygningslov, strandsoner, forvaltning av jordressursane osv. Miljøverndepartementet arbeider kontinuerleg for å styrkje samordninga med departementet sine underliggende etatar, blant anna gjennom tildelingsbrev. Miljøverndepartementet koordinerer dei ulike direktorata sitt rettleiings- og utviklingsarbeid knytt til plan- og bygningslova innanfor sine sektorar. Det skjer òg ei samordning med andre departement i rettleiingsarbeidet. Det er blant anna laga eit system med temaretteiarar som blir utarbeidd av ansvarleg fagdepartement og som blir lagt ut på Miljøverndepartementets internettside www.planlegging.no. Tidsskrifta Plannytt og Planjuss som blir gitt ut av Miljøverndepartementet er viktige kanalar for formidling.

Etter ny plan- og bygningslov skal det kvart 4. år utarbeidast eit dokument med nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging.

Dei første nasjonale forventningane vart fastsette ved kgl.res. 24. juni 2011. Forventningane skal blant anna leggjast til grunn for arbeidet med regionale og kommunale planstrategiar.

Motsegnsinstituttet blir nytta av fylkeskommunen og statlege styresmakter for å sikre at nasjonale og viktige regionale interesser blir ivaretekne i planlegginga. Dei fleste motsegnene blir løyste gjennom planprosessen. Berre 29 planar enda opp i Miljøverndepartementet til avgjerd i 2010.

Ny plandel av plan- og bygningslova av 27. juni 2008 vart sett i verk 1. juli 2009. Det er vedteke naudsynte forskrifter om samanhengen mellom ny plandel og gjeldande byggesaksdel i plan- og bygningslova, om konsekvensutgreiingar og om kart, krav til digital plan m.m. I samband med iverksetjinga av ny lov er det omfattande opplæringsopplegget for kommunane i samarbeid med fylkeskommunane og fylkesmennene vidareført i 2010. Det har vore halde nasjonale og regionale konferansar. Departementet har òg arrangert regionale nettverkssamlingar på planområdet. Samtidig med forskriftsarbeidet er det òg utarbeidd ein ny datamodell for framstilling av digitale arealplanar etter SOSI-standarden (Samordna opplegg for stadfesta informasjon). Det er etablert nettsider og rettleiing om innhaldet i og bruk av ny lov. Det er eit stort behov for auka kompetanse i mange kommunar knytt til planlegging. Departementet bidreg med rettleiing og eksempel på god planpraksis.

Departementet vil vurdere behovet for statlege planføresegner og retningslinjer på nærare utvalde politikkområde. Det er fastsett statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging i kommunane og for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. Arbeidet med statlege planretningslinjer for universell utforming etter plan- og bygningslova av 1985 vil bli slutført etter ny lov.

Kommunane skal behandle kommune- og reguleringsplanar effektivt og sikre at dei har god kvalitet og er i samsvar med nasjonal politikk.

I 2010 vart det fremja motsegn til 103 av i alt 217 kommuneplanar som var sende på høyring, det svarar til 48 pst. av planane. Det vart fremja motsegn til 582 av i alt 2004 reguleringsplanar som var sende på høyring, det svarar til 29 pst. av planane. Tala for 2009 var høvesvis 42 og 32 pst. Omsyn til naturvern, friluftsliv, landskap, grønstruktur, strandsona og kulturminne/kulturmiljø er dei grunngevingane som vart brukt oftast i motsegnene i 2010. Rapporteringa i KOSTRA omfattar

ikkje korleis kommunane agerer som følgje av motsegnene til planane.

Tala for 2010 viser ein auke i omfang av motsegner til kommuneplanens arealdel og ein nedgang i motsegner til reguleringsplanar. Dette kan tyde på at det er ein tendens til at fleire av arealkonfliktane blir avklara i kommuneplanen. Dette er i samsvar med intensjonen i ny plan- og bygningslov og vår rettleiar om at arealkonfliktane bør avklarast på eit overordna plannivå.

Av meir enn 2000 arealplanar som blir vedtekne i kommunane kvart år, blir berre ca. 2 pst. sende til Miljøverndepartementet for endeleg avgjerd fordi det ikkje er oppnådd semje om innhaldet i planen. Dette viser at det i dei fleste tilfella blir funne fram til gode løysingar som foreinar lokale, regionale og nasjonale interesser.

I 2010 var det 29 motsegnssaker som vart behandla i Miljøverndepartementet. Naturverdiar, landskap og friluftsliv, under dette villrein og omsyn til jordvern var dei viktigaste grunnvingane for motsegnene. Veg- og jernbane, kulturminne og konflikter knytte til reindrift utgjør andre grunnvingar. Det er fylkesmannen, fylkeskommunen, Statens vegvesen og reindriftsnæringa som oftast har motsegner til planar som hamnar i Miljøverndepartementet.

Alle fylke skal ha regionale planstrategiar som tek i vare prioriterte nasjonale områder, viktige regionale utfordringar og regionale behov.

Dei nasjonale forventningane til regional og lokal planlegging vart vedtekne i juni 2011. Dei skal leggast til grunn for planlegginga i kommunar og fylkeskommunar. Samtidig har departementet utarbeidd ein rettleiar for regionale planstrategiar.

Nasjonal politikk og statlege interesser skal vere effektivt formidla til kommunar, regionalt nivå og statlege styresmakter. Statlege planverkemiddel for prioriterte politikkområde skal vere oppdaterte.

Sidan den nye lova vart vedteken i 2008 har Miljøverndepartementet lagt stor vekt på utvikling av regelverk og rettleiarar som utdjupar lovas innhald og gir føringar for korleis viktige tema skal ivaretakast gjennom planlegginga. Kart- og planforskrifta vart vedteken i 2009. Forskrift om konsekvensutgreiingar blir no revidert for å sikre harmonisering med EUs regelverk. Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunane vart vedteken i 2009 og statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen vart vedteken i 2011.

Arbeidet med å oppdatere og utarbeide nye temaretttleiarar er omfattande, og vart omtalt i vårt førre svar. I 2010/2011 er følgjande rettleiarar ferdigstilte: utarbeiding av reguleringsplanar, kulturminne, kulturmiljø og landskap i planlegginga og landskapsanalyse i kommuneplan. Det går føre seg arbeid med rettleiarar om regional planstrategi, kommuneplanens arealdel, om kommuneplanens samfunnsdel, om kommunal planstrategi, og om konsekvensutgreiingar i oversiktsplanlegginga.

Nettstaden www.planlegging.no som er drifta av Miljøverndepartementet, er ein viktig arena for formidling av regelverk og rettleiarar. Nettbaserte rettleiarar blir fortløpande oppdaterte. Utfordringa er å sikre god oversikt og at kommunar, planleggjarar o.a. blir merksame på oppdateringar og endringar. Fylkeskommunens og fylkesmannens rettleiingsansvar er viktig i denne samanheng.

I tillegg til regelverk og rettleiarar blir avgjerder i motsegnssaker og svar på spørsmål som kan ha interesse for andre, lagt ut på www.planlegging.no. Nettsidene er svært mykje brukt, og tilbagemeldingar viser at nettstaden har ein viktig funksjon i rettleiingssamanheng. Mange fylkeskommunar og fylkesmenn arbeider med egne nettsider, som blir koordinerte med departementet.

Formidling av planfaglege tema skjer òg gjennom tidsskrifta *Plannytt* og *Planjuss* utgitt av departementet. I 2010 vart det utgitt 2 nummer av *Plannytt*.

Geografisk informasjon

Noreg skal ha eit nasjonalt geodetisk grunnlag

All privat og offentleg oppmåling, kartlegging, navigasjon og anna bruk av geografisk informasjon føreset eit korrekt geodetisk grunnlag. Det geodetiske grunnlaget er basert på eit tal målepunkt rundt om i Noreg. Nokre av punkta er utstyrte med måleutstyr som kontinuerleg gjer målingar, mens andre målepunkt vert besøkte periodisk for måleoppdatering. Observasjonsdata frå desse punkta dannar basis for berekning av ei nasjonal referanseramme som legg grunnlaget for all geografisk stadfesta informasjon i Noreg. Grunna kontinuerlege endringar i jorda si form, gravitasjonsfelt og rotasjonsfart er det behov for jamleg overvaking av referanserammene. Eit viktig mål er å forbetre den nasjonale referanseramma og bidra til betre globale referanserammer. Målet er at brukarane i framtida kan bruke globale målemetodar (som GPS) og få samsvar

mellom kart (i nasjonal referanseramme) og eigen posisjon med 1 cm grannsemd. Den nasjonale referanseramma er gjort tilgjengeleg i sann tid gjennom Kartverket si posisjonsteneste CPOS, som vart landsdekkande i 2011. Talet på brukarar av CPOS-tenesta er sterkt aukande og CPOS er av den grunn betrakta som samfunnskritisk infrastruktur.

Skal ein lykkast med målet om 1 cm grannsemd, er det ein føresetnad at høgdegrunnlaget vert forbetra. Høgdegrunnlaget (NN1954) har vore utsett for landheving i lang tid og har derfor betydelege manglar som gjer at det er dårleg tilpassa bruk av satellitteknologi. Statens kartverk arbeider med å innføre NN2000 i alle landets kommunar. Det er eit mål at 80 pst. av kommunane skal ha innført det nye høgdegrunnlaget i 2015.

Statens kartverk deltek i det internasjonale samarbeidet om betre globale referanserammer gjennom operasjonell drift av fleire målestasjonar og gjennom geodetisk analysearbeid.

Den viktigaste målestasjonen er lokalisert i Ny-Ålesund på Svalbard. Stasjonen opererer ei «Very Long Baseline Interferometry» (VLBI) antenne, eit superledande gravimeter, fleire posisjonsmottakarar (GNSS) og ein vasstandsmålar. Stasjonen inngår blant anna i eit globalt nettverk med ein type store radioteleskop som gjer målingar i samsvar med ein felles måleplan. Det viktigaste resultatet av dette arbeidet er jordrotasjonsparameterane som er essensiell informasjon når ein skal operere satellittar i bane rundt jorda. I yttarste konsekvens vil verken GPS-satellittar eller satellittar for innhenting av miljødata eller kommunikasjon fungere utan VLBI-systema. Det er eit stort behov for å modernisere antenna i Ny-Ålesund, utstyr og teknologi er gammal.

Innan geodetisk analyse arbeider Statens kartverk for å kombinere alle geodetiske måleteknikkar i ein og same operasjon. Resultata av dette arbeidet vil gi eit nytt og unikt bidrag til dei globale referanserammene, samtidig som det legg grunnlaget for overvakning av blant anna havnivå og havsirkulasjon.

I Europa vert det arbeidd med å utvikle eit nytt satellittbasert posisjonssystem – *Galileo*. *Egnos*, som er eit europeisk støttesystem for GPS, vil etter kvart òg bli eit støttesystem for Galileo. Dagens grannsemd ved bruk av *Egnos* er ikkje så god – det er først og fremst stabiliteten som er av betydning. Det er planar for å integrere *Egnos* i Galileo og i denne samanhengen vil Statens kartverk bidra til at Galileo og *Egnos* kan fungere best mogleg, òg i dei nordlege områda og ikkje berre i det sentrale Europa.

Norske land- og sjøområde skal ha oppdatert basis geodata.

Bruk av pålitelege elektroniske sjøkart i kombinasjon med moderne navigasjonssystem gir betre tryggleik til sjøs. Bruk av slike system reduserer faren for skade på personar og miljø, reduserer materielle kostnader, aukar regulariteten for skipstrafikken, kortar ned tidsbruken på skipsruter og styrkjer næringsgrunnlaget langs kysten.

Samanhengande elektroniske sjøkart har vore tilgjengelege for heile norskekysten sidan 2008. Farleia vert utfordra i aukande grad ved at fartøya blir større, har auka djupn og ferdast i delar av farleia eller kystfarvatn som tidlegare knapt har vore nytta av større fartøy. Framleis gjenstår likevel fleire viktige farvatn på norskekysten som må nymålast. Arbeidet held fram med å betre kvaliteten på kartgrunnlaget og bytte ut linje- og enkeltmålingar med heildekkjande målingar.

Statens kartverk gjer årlege sjømålingar rundt Svalbard. Det blir kartlagt rundt 700 km² kvart år. Farvatnet vert stadig sterkare trafikkert, også i område der kartgrunnlaget er svært lite tilfredsstillande. Innsatsen blir retta mot prioriterte, grunnare område.

Arbeidet med det marine kartleggings- og kunnskapsprogrammet MAREANO er ein viktig del av Statens kartverk si rolle som forvaltar av nasjonale djupnedata.

Statens kartverk har teke leiaransvaret i BLAST-prosjektet, som er eit EU-finansiert samarbeid mellom 16 verksemder rundt Nordsjøen, blant anna om harmonisering av maritim informasjon.

Basis geodata for landområda vert inndelte etter tema som separate primærdataseriar (veg, vassdrag, høgde osv.). Dette gir stor fleksibilitet i produksjon og vedlikehald av data. Kart blir produserte ved å hente data frå ulike seriar og setje dei saman. Dataseriane kan òg nyttast i kombinasjon med fagdata frå ulike kjelder.

Det digitale kartgrunnlaget FKB (Felles Kartdata-Base) vert etablert og halde à jour gjennom eit samarbeid mellom Statens kartverk, Statens vegvesen, landbruket, dei fleste kommunane, Telenor, energiverk o.a. (*Geovekst*-samarbeidet). Statens kartverk koordinerer arbeidet sentralt, regionalt og lokalt. Mesteparten av denne dataetableringa er fullført. Alt areal i byar og tettstader er i all hovudsak dekt. Utfordringa for desse areala ligg i vedlikehald av data. Frekvensen på ajourføringa av kartgrunnlaget vert tilpassa dei aktuelle endringane i ulike område. Såleis vil det vere hypigare ajourføring i tettbygde strøk med høg aktivitet enn i område med liten aktivitet.

Hovudkartserien til Statens kartverk i målestokk 1 : 50 000 blir gitt ut både i trykt og digital form. Det er laga forslag til ei ny trykt utgåve, som er komprimert slik at kvart kart inneheld 4 kartblad i eit trykk (212 kart dekkjer heile landet mot 727 tidlegare), dette gir billigare trykte kart med betre kvalitet for bruk ute.

Utrykkingsetatane (ambulanse, brann og politi) er avhengige av høg kvalitet og kontinuerleg oppdatering av adresse- og veginformasjon. Statens kartverk og Statens vegvesen arbeider for tida med eit prosjekt for å heve kvaliteten på veginformasjonen. Statens kartverk sitt landsdekkjande prosjekt for å etablere vegadresser i alle kommunar held fram.

Det skal liggje føre eigedomsdata (matrikkel, grunnbok og kommunale planregister)

Disposisjonsretten over arealressursar er av dei mest sentrale rettane i samfunnet. Både private og det offentlege har behov for informasjon om eigedommar og eigarforhold. Autorisert offentleg eigedomsinformasjon er viktig for å sikre eigedomsretten og naudsynt for eigedomsmarknaden. Autorisert offentleg eigedomsinformasjon kan delast i tre delar:

- *Matrikkelen*, som omfattar faktiske opplysningar om fast eigedom, bygningar og adresser, bl.a. med eintydig identifikasjon av kvar eigedom. Matrikkelen vert ført av kommunane. Statens kartverk er sentral matrikkelstyresmakt, og har ansvaret for utvikling av regelverk og å utvikle og drifte matrikkelsystemet. Statens kartverk stør kommunane med å sikre kvaliteten i datagrunnlaget og gjer data tilgjengeleg for brukarane. Frå 2010 er matrikkelen med tilhøyrande lov- og regelverk innført i heile landet. Matrikkelen er rekna som eit av landets tre basisregister. Dette medfører auka krav til fagleg kompetanse for alle som arbeider med eigedomsregistrering og eigedomsinformasjon, for å nå formålet med matrikkellova om einsarta og pålitelege eigedomsopplysningar.
- *Tinglysinga*, som er omtalt særskilt nedanfor under statusbeskriving for målet for Tinglysinga
- *Kommunale planregister*, som omfattar opplysningar om offentlege arealplanar og andre føresegner som fastlegg korleis areala skal utnyttast. Planregistra er under etablering i kommunane. Statens kartverk stør kommunane med å kontrollere den tekniske kvaliteten og gjer plandata tilgjengeleg i den nasjonale geogra-

fiske infrastrukturen. Lovgrunnlaget for kommunale planregister vart innført med ny plan- og bygningslov frå 1. juli 2009.

Det skal vere effektiv tilgang til geodata og eigedomsdata for offentlege og private brukarar

Noreg digitalt er eit samarbeid om deling av geografisk informasjon (geodata) mellom kommunar, statlege etatar og andre verksemdar som bidreg til den nasjonale infrastrukturen for geografisk informasjon. Statens kartverk koordinerer og tilrettelegg samarbeidet. Deling av data mellom samarbeidspartane er basert på eigne elektroniske tenester drifta av Statens kartverk. I 2011 omfattar Noreg digitalt meir enn 600 partar. Dei fleste statlege etatar, fylkeskommunane og kommunane med ansvar for utarbeiding og bruk av geodata tek del. I tillegg til basis geodata inngår òg ulike temadata som arealdata, ressursdata, miljødata og plandata i den felles geografiske infrastrukturen. Med eit stadig aukande tal partar i samarbeidet, har det skjedd ein stor auke i databruken, ikkje minst med gjensidig bruk av temadata.

Ei viktig side ved samarbeidet er felles harmonisering og standardisering av data og etablering av effektive tenester for datautveksling. Etablering og vidareutvikling av Noreg digitalt er eit omfattande arbeid. Verksemdene har sjølve ansvar for produksjon og tilrettelegging av temadata. Framdrifta i arbeidet avheng av kapasiteten i desse verksemdene.

Noreg er aktivt med i utvikling og bruk av felles standardar internasjonalt.

Geodatalova sine føresegner om deling av geodata vart sett i kraft 3. september 2010. Andre føresegner i lova om elektroniske tenester mv. vil bli sette i kraft så fort det ligg føre utfyllande forskrifter. Lova med forskrifter gjennomfører europaparlaments- og rådsdirektiv 2007/2/EF av 14. mars 2007 om etablering av ein infrastruktur for geografisk informasjon i Det europeiske fellesskapet (INSPIRE) med tilhøyrande gjennomføringsreglar i norsk rett.

Direktivet krev at landa etablerer og opererer eit nettverk av elektroniske tenester for søking, vising og nedlasting av stadfesta (koordinatbestemt) miljøinformasjon. Nettverket skal gjere det mogleg for offentlege organ å dele data på tvers av organisatoriske og geografiske skilje. Nettverket skal òg vere tilgjengeleg for allmenta. Direktivet er godt i samsvar med gjeldande norsk politikk.

Data frå Statens kartverk, kommunane og dei andre deltakarane i Noreg digitalt er i dag tilgjen-

gelege for næringslivet og allmenta via Internett, mobiltelefon og ulike elektroniske kartløyningar. Ved å gjere data elektronisk tilgjengeleg har bruken av geografisk informasjon (geodata) auka vesentleg dei seinare åra.

Kartbilette er gratis tilgjengelege for allmenta via internettsidene til Statens kartverk. Brukarane kan bl.a. søkje etter adresse, stadnamn eller matrikkelnummer, velje målestokk og måle avstandar. Anna formidling av data skjer gjennom forhandlarar.

Statens kartverk har etablert ei særskild koordineringsteneste (PRIMAR) for å gjere elektroniske sjøkart tilgjengelege i det internasjonale maritime miljøet. Statens kartverk leverer i dag autoriserte sjøkartdata frå 40 nasjonar gjennom denne tenesta. Store delar av kyststrekningane i dei samarbeidande landa er dekte. Om lag 5000 skip over heile verda nyttar autoriserte kartdata formidla gjennom PRIMAR. Blant brukarane er òg den norske lostenesta. Det er ei sentral målsetjing å få sjøkarttenestene i fleire land med i dette samarbeidet for å kunne gi eit mest mogleg samla tilbod av sjøkart til brukarane. Kostnadene ved drift av tenesta er dekte ved brukarbetaling.

Tinglysinga skal ha nøgde brukarar og halde god kvalitet

Ansvar for tinglysinga vart flytta over frå Justisdepartementet til Miljøverndepartementet med verknad frå 1. juli 2010, jf. Prop. 125 S (2009-2010) *Tilleggsbevilgningar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2010*.

Frå 2007 har all tinglysing i fast eigedom og burettar blitt samla i Statens kartverk. Forholdet til brukarane har vore sentralt i den gjennomførte reforma og i mai 2011 vart det gjennomført ei ny brukarundersøking blant 750 meklarar, bankar, kommunar, advokatar og privatpersonar. Brukarane meiner blant anna at Tinglysinga har eit godt omdømme, at det er ei verksemd dei har ei god kjensle for og trur på. Dei meiner òg at tinglysinga har tenester med høg kvalitet og er godt organisert.

I tilsvarande undersøking frå 2009 oppnådde Tinglysinga ei total omdømmescore på 68 poeng av 100 moglege. I år syner resultatene ei poengsum på totalt 74 poeng, noko som overgår dei to årsmåla som var sette.

Rask og effektiv saksbehandling i Tinglysinga hindrar unødig opphald i omsetjinga i bustad-

marknaden. I 2010 vart 97 pst. av sakene behandla og sende tilbake til brukaren i løpet av fire dagar. Rask saksbehandling vil framleis ha høg prioritet.

Tinglysinga fekk i St.prp. nr. 37 (2008-2009) midlar til å starte arbeidet med å digitalisere panteboka, dvs. tinglysingsgjenpartar frå perioden 1946-2007. Dette arbeidet har blitt ført vidare og vil bidra til raskare saksbehandling og enklare tilgang til informasjonen for brukarane. Pr. 1. mars 2011 var 1255 meter pantebøker skanna. Dagleg produksjon er ca. 5000–7000 ark.

I 2008 vart elektronisk tinglysing starta opp som eit pilotprosjekt. Mange av sakene vert både registrerte og kontrollerte automatisk, mens nokre framleis må kontrollerast manuelt. Dette gjeld i hovudsak dei enklaste dokumenta. I 2010 vart meir enn 12 pst. av alle sakene til tinglysing saksbehandla elektronisk. Det er aukande interesse for elektronisk tinglysing. Det vil krevje ei ny teknisk løysing om ein skal utvide ordninga til å omfatte mange brukarar, meir kompliserte dokument, og tilpasse den til andre offentlege elektroniske portalar.

Statens kartverk sitt kundesenter for tinglysing er plassert i Ullensvang. Kundesenteret svarer på alle spørsmål om tinglysing i fast eigedom og burettar. I 2010 var det meir enn 350 000 samtalar. Dette er ein auke frå 2009. Gjennomsnittleg svartid til dei som ringjer er redusert med nye 3 sekund i 2010 frå dryge 90 sekund i 2009. Det vil bli lagt vekt på å utvikle kundesenteret vidare. Kontoret i Ullensvang utfører òg andre tinglygingsoppgåver, bl.a. all registrering av rettar i delar i burettslag.

Det blir arbeidd på fleire felt for å sikre at grunnboka held god kvalitet. Det er utført eit språkprosjekt som gir retningslinjer og konkrete råd for skriftleg kommunikasjon med brukarane. Kartverket arbeider òg med å unngå at saker blir sende i retur, dvs. at innsende dokument har feil og manglar og vert sende tilbake utan å ha blitt tinglyst.

Staten kartverk har òg ansvar for formidling av eigedomsinformasjon både frå matrikkelen og grunnboka ut til brukarane både i offentleg og privat sektor. Når det gjeld formidlinga ut til marknaden overtok Kartverket ansvaret for dette frå det heilstatlege selskapet Norsk Eigedomsinformasjon as (NE) med verknad frå 1. januar 2011. I ein overgangsperiode på inntil 3 år skal NE likevel bidra med formidling inntil Kartverket fullt ut sjølve kan gjere dette med eige teknisk system.

Del IV
Organisasjonsendring,
fornyingsarbeid og likestilling

28 Organisasjonsendring, fornyingsarbeid og likestilling

28.1 Organisering

Miljøverndepartementet er overordna styresmakt for Statens kartverk, Klima- og forureiningsdirektoratet, Direktoratet for naturforvaltning, Riksantikvaren, Norsk Polarinstitut, Norsk kulturminnefond og Svalbards miljøvernfond. Det

statlege miljøarbeidet blir regionalt teke vare på av miljøvernavdelingane hos Fylkesmannen, fylkeskommunane og sysselmannen på Svalbard. Etatar som Statens strålevern, Sjøfartsdirektoratet, Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) og Innovasjon Noreg har oppgåver innanfor miljøområdet som Miljøverndepartementet styrer.

Årsverksoversikt

Tabell 28.1 Oversikt over talet på årsverk pr. 1. mars 2011 under Miljøverndepartementet

Kapittel	Nemning	Tal årsverk
1400	Miljøverndepartementet	254
1427	Direktoratet for naturforvaltning	300
1429	Riksantikvaren	150
1441	Klima- og forureiningsdirektoratet	326
2465	Statens kartverk	766
1471	Norsk polarinstitut	151
1432	Norsk kulturminnefond	8
Sum		1955

28.2 Oversikt over fornyingsarbeidet

Lovendringar om miljøansvar

Miljøverndepartementet arbeider med naudsynte lovendringar for å gjennomføre miljøansvarsdirektivet (2004/35/EF) i Noreg. Foreldingsfristen for å krevje erstatning frå forureinar for oppryddingsiltak som han er ansvarleg for, vert utvida frå tre til fem år. Desse endringane er ikkje venta å ha vektige økonomiske eller administrative konsekvensar.

Nasjonal miljøprøvebank for miljøgifter

Det blir arbeidd med ein nasjonal miljøprøvebank for oppbevaring og seinare analysar av miljøgifter i ulike typar prøvemateriale. Den systematiske innsamlinga av prøvematerialet vil skje frå faste

stasjonar over heile landet, inkludert arktiske område og havområde utanfor norskekysten.

Informasjonsteknologi

Informasjonsteknologi støttar og medverkar til effektiv samhandling i miljøforvaltninga og med det offentlege publikum. Måla for miljøforvaltninga sin ikt-strategi for 2011-2015 er god kunnskapsforvaltning, tydeleg miljøinformasjon og god formidling. Miljøforvaltninga skal vere ei moderne forvaltning med solide fagsystem, god organisering og samordning av miljødataarbeidet. Miljøforvaltninga sikrar oppfølging av den nasjonale ikt-politikken gjennom fokus på samhandling, digitale tenester og verdiskapande data. Miljøforvaltninga skal ha ei koordinert ikt-utvikling som understøttar forvaltninga sine mål og det skal haldast eit tydeleg fokus på informasjonstryggleik.

Nettstader og portalar

Klima- og forureiningsdirektoratet arbeider med å etablere ein ny nettstad som heiter Miljøkommune.no. Dette blir gjort i samarbeid mellom Planavdelinga og seks underliggjande etatar i Miljøverndepartementet. Nettstaden skal samle og leggje til rette rettleiinga frå etatane til kommunane i kommunane sine lovbestemte miljøoppgåver, og skal medverke til miljøforbetring ved å hjelpe kommunane til å nytte miljømyndet og utføre pliktene på miljøvernområdet betre og meir effektivt enn i dag.

Klima og forureiningsdirektoratet drifter òg ein ny nettstad om farlege forbrukarvarer – Erdefarlig.no. Her skal det vere mogleg for blant anna forbrukarane å finne informasjon om skadelege stoff og kva slag produkt dei finst i.

I løpet av dei siste åra har det komme mykje ny kunnskap om klimatilpassing frå forskning, statleg forvaltning og kommunar. Nettportalen Klimatilpassing.no har som mål å samle aktuell kunnskap og informasjon om klimatilpassing på ein stad. Portalen er laga hovudsakleg for dei som skal leggje planar og ta avgjerd lokalt og regionalt, men informasjonen skal òg vere lett tilgjengeleg og interessant for alle som er opptekne av kva klimaendringar vil bety for det norske samfunnet.

Nettstaden Miljøstatus.no er Noregs største informasjonsbank om miljø. Her blir informasjon om miljøtilstand og utvikling fortløpande oppdatert og tilpassa aktuelle utfordringar.

Elektronisk søknad om rovvilterstatning og støtte til vilt- og fisketiltak

Frå og med 2010 er det eit krav at søknader om tilskot til vilttiltak, til førebyggjande og konfliktdem-

pande rovvilttiltak og søknader om tilskot til lokale fisketiltak (gjeld ikkje kalkingsmidlar) skal fremjast i det nettbaserte søknadssystemet til Direktoratet for naturforvaltning.

28.3 Samfunnstryggleik og beredskap

Beredskapsarbeidet er følgt opp internt gjennom årleg revisjon av krise- og beredskapsplanverket, og avdelingane sine ROS-analysar. Vidare har departementet delteke i nasjonale beredskapsøvingar og halde intern beredskapsøving. Delta-king i nasjonale øvingar og øving av interne beredskapsrutinar blir ført vidare på same måte neste år. Departementet og underetatane vil fokusere spesielt på oppfølging av nye krav til objektryggleik, i tråd med forskrift om objektryggleik frå 1. januar 2011.

28.4 Rapport om likestilling og mangfald i miljøforvaltninga

Miljøforvaltninga er pålagt å arbeide aktivt, målretta og planvist for likestilling og mot diskriminering innanfor eiga verksemd. Tabellane 28.2, 28.3 og 28.4 viser kvinnedelen i verksemdene, totalt og på ulike stillingsnivå, samanlikning av kvinner og menn si månadlege gjennomsnittslønn på ulike stillingsnivå, statistikk for menn og kvinner sitt sjukefråvær, delen av menn og kvinner på deltid og mellombels stilling og fordeling av uttak av foreldrepermisjon. Norsk kulturminnefond har svært få medarbeidarar og er derfor ikkje med i alle oversiktene.

Tabell 28.2 Oversikt over del kvinner i pst.

	Totalt	Topplei.	Mellomlei.	Høgtlønnte rådg.	Saksbeh.	Kontor
MD	55,9	42,9	52,6	53,6	55,4	90,0
DN	42,4	100,0	33,3	32,0	45,5	100,0
Klif	63,5	75,0	70,0	52,1	71,4	80,0
NP	40,5	0,0	47,5	35,0	40,0	56,0
RA	61,8	66,7	58,8	57,1	66,7	66,7
SK	53,4	25,0	23,8	31,7	73,8	84,5
NKMF	77,8	0,0	50,0	0,0	100,0	100,0

Toppleiar omfattar øvste leiar og leiar av avdelingar (mellomleiarar er leiarar av seksjonar og einingar under avdelingsnivå). Høgtlønnte rådg. omfattar seniorrådgivarar, spesialrådgivarar og tilsvarande stillingar.

Tabell 28.3 Prosentoversikt over kvinnene og mennene si månedlege gjennomsnittslønn

	MD		DN		Klif		NP		RA		SK	
	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M
Totalt	93,6	100	95,4	100	100	98,8	93,6	100	95,8	100	84,2	100
Toppled.	90,7	100	100	89,1	96,0	100	78,9	100	73,9	100	94,6	100
Mellomled.	100	97,4	100	98,6	98,3	100	99,2	100	99,1	100	90,9	100
Høgtlønte rådg.	94,7	100	97,4	100	97,3	100	93,3	100	98,2	100	98,3	100
Saksbeh.	96,4	100	100	98,6	100	99,1	100	99,6	97,5	100	99,7	100
Kontor	98,1	100	100		100	98,4	97,8	100	100	97,7	100	99,4

Tabell 28.4 Oversikt over deltid, mellombelse stillingar, foreldrepermisjon og fråvær fordelt på kvinner og menn

	MD		DN		Klif		NP		RA		SK	
	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M
Deltid ¹	18,5	10,1	19,5	2,3	23,1	8,9	8,0	6,5	17,6	11,1	22,7	12,1
Midlertidige ²	18,5	11,8	8,6	2,3	9,0	6,5	37,0	26,0	17,6	7,9	13,7	4,7
Legem. fråv. 2010	4,3	1,6	3,2	2,6	4,6	1,2	5,2	1,0	4,5	0,6	6,5	2,4
Foreldreperm. ³	84,8	15,2	91,5	8,5	89,3	10,7	71,0	29,0	85,3	14,7	79,3	20,7

¹ Pst. del av kvinner/menn på deltid

² Pst. del av kvinner/menn i mellombels stilling

³ Pst. del av det totale foreldrepermisjonsuttaket som blir teke ut av kvinner/menn

I det følgjande er rapportert status og tiltak i dei enkelte verksemdene.

Miljøverndepartementet

På toppleiarnivå i departementet (departementsråd og ekspedisjonssjefar) er det tre kvinner og fire menn. Departementet har òg ansvar for tilsetjing av direktørane for underliggjande etatar, og blant desse er det 3 kvinner og 3 menn. Kjønnfordelinga blant medarbeidarane i departementets avdelingar, og innan dei enkelte fagområda, er stort sett jamn, men det er eit fleirtal av kvinner i kontorstillingane. Rekruttering og ny organisering er viktige verkemiddel for å få jamn fordeling av kjønn på ulike fagområde og nivå i organisasjonen, saman med tilbod om individuell kompetanse- og karriereutvikling. Ein gjennomgang av alle eksternt kunngjorde stillingar i 2010 viser at av den totale søkjarmassen var 57,5 pst. kvinner. Av medarbeidarane som vart tilsette i desse stillingane var 50 pst. kvinner. Departementet tilsette 4 kvinner og 3 menn i leiarstillingar eksternt utlyst i 2009. Eit hovudmål i lønns- og personalpolitikken

er å medverke til likestilling mellom kjønna. I løpet av 2010 vart det ført individuelle forhandlingar for 27 kvinner og 20 menn etter hovudtariffavtala pkt. 2.3.4. For 9 kvinner og 3 menn medførte forhandlingane omgjerjing til høgare stillingskode. Eitt av måla i Miljøverndepartementets rekrutteringsstrategi er å auke delane av medarbeidarar med innvandrarakgrunn og medarbeidarar med redusert funksjonsevne. For å oppnå dette skal personar i målgruppene oppfordrast til å søkje på stillingar i departementet, og kvalifiserte søkjarar skal innkallast til intervju. Strategien inneheld òg tiltak for å finne fleire aktuelle kandidatar med innvandrarakgrunn eller nedsett funksjonsevne, blant anna gjennom samarbeid med NAV. Det skal òg satsast på haldningsskapande arbeid internt.

Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif)

Då fleirtalet av medarbeidarane er kvinner, har Klif eit spesielt fokus i rekrutteringa på å auke delen av menn. I lønnsoppgjeret i 2010 hadde etaten eit særleg fokus på kjønn, med sikte på å utjamne forskjellar. Klif har som mål å rekruttere

minst 1-2 personar med redusert funksjonsevne kvart år. Det blir gitt skrivekurs og økonomisk hjelp til kurs i norskopplæring for medarbeidarar med behov for språkleg tilrettelegging. Ved graviditet blir tilbode tilpassing av kontorplass, trening og fysioterapi. I forhold til omsorgsoppgåver blir ein tilbode redusert arbeidstid og høve til heimekontor og fjernarbeid. Tilpassing for medarbeidarar med bakgrunn frå kulturelle/religiøse minoritetar skjer blant anna ved løyving velferdspemisjonar og tilrettelagt kantinemat. Medarbeidarar over 62 år får 12 seniordagar pr. år. Seniorar får òg høve til redusert arbeidstid og heimekontor. I rekrutteringsprosessane skal det kallast inn til intervju minst ein søkjar med minoritetsbakgrunn, minst ein søkjar med redusert funksjonsevne og minst ein søkjar over 55 år, under føresetnad av at søkjarane er kvalifiserte.

Riksantikvaren (RA)

Kvinner utgjør eit fleirtal (61,8 pst.) av RAs medarbeidarar. Etaten gir kvinner og menn like moglegheiter for kompetanseutvikling, og fleire kvinner enn menn har delteke på større, individuelle kompetansetiltak. I lokale forhandlingar vil ein vere merksam på forholdet mellom menn og kvinner si gjennomsnittslønn. Det blir arbeidd systematisk og målretta for at kjønnsvisse ulikskapar i lønn blir utjamna. I rekrutteringa er lagt vekt på at verken nedsett funksjonsevne eller framandspråk skal vere hinder for tilsetjing, så lenge vedkommande er kvalifisert. Personar med nedsett funksjonsevne blir oppfordra til å søkje stillingar og det blir lagt til rette for at medarbeidarar med nedsett funksjonsevne kan fungere optimalt (100 pst.) i stillinga. Innanfor HMS-arbeidet satsar etaten spesielt på førebygging gjennom ergonomisk vurdering av arbeidsplassar og trimtilbod. RA har fleire medarbeidarar med innvandrarbakgrunn. Mangfald er etterstreva, og personar med innvandrarbakgrunn blir oppfordra til å søkje på stillingar, vurderte særskilt og kalla inn til intervju om dei innfrir krava til utdanning og praksis. Kompetanseutvikling for seniorar og kompetanseoverføring blir prioritert. Samtidig er det lagt vekt på å tilpasse arbeidssituasjonen til behova for den enkelte medarbeidar. Frå året ein fyller 62 får alle tilsette 8 ekstra tariffesta fridagar. Gjennomsnittleg pensjoneringsalder er 68 år.

Direktoratet for naturforvaltning (DN)

I direktoratet er 41 pst. av dei tilsette kvinner. Av eksternt utlyste stillingar i 2010 vart det tilsett

kvinner i 54 pst. av tilfella. Av utlyste leiarstillingar i 2010 vart det tilsett 1 kvinne og 5 menn. Ved høve vil moderat kvotering av kvinner bli gjennomført. Kvinnelege leiarar og saksbehandlarar tener noko meir enn menn i tilsvarende stilling, men blant seniorrådgivarane tener menn i snitt noko meir enn kvinner. I løpet av 2010 vart det gjennomført individuelle lønnsforhandlingar for 14 menn og 12 kvinner etter HTA pkt. 2.3.4. Ved dei lokale lønnsforhandlingane etter HTA pkt. 2.3.3 hausten 2010 fekk kvinner 42 pst. av forhandlingspotten. DN tilbyr kvinner og menn same type opplæring og kompetanseutvikling. Ved kunngjering av ledige stillingar skal minst ein søkjar med nedsett funksjonsevne innkallast til intervju, under føresetnad av at vedkommande er kvalifisert. I 2010 hadde DN to avtaler om praksisplassar for personar med nedsett funksjonsevne. Mange medarbeidarar har omsorg for barn, og ein aukande del har omsorgsoppgåver for eldre eller sjuke familiemedlemmer. Desse blir tilbodne blant anna fleksibel arbeidstid og velferdspemisjon. Gjennomsnittleg pensjonsalder er 64 år. I DN's senior-/livsfasepolitikk er det etablert tiltak for å heve pensjonsalderen ytterlegare, under dette rett til 14 fridagar for medarbeidarar over 62 år.

Statens kartverk (SK)

Statens kartverk har i dag en kvinneandel på 53,4 pst. Ved kunngjering av stillingar har SK som personalpolitisk mål å oppnå ein balansert arbeidsstyrke med omsyn til alder, bakgrunn, funksjonsevne og kjønn. I etaten sin strategiske personalplan er understreka leiarane sitt ansvar for å ivareta omsynet til likestilling. I lønnspolitikken er det lagt vekt på å honorere ansvar og kompetanse uavhengig av kjønn, og det blir forsøkt å rette opp eventuelle misforhold i avlønning mellom kvinner og menn. Det er avtalt 4 ekstra seniordagar i tillegg til dei 8 tariffbestemte dagane. Etaten legg aktivt til rette for småbarnsforeldre og medarbeidarar med omsorgsoppgåver for eigne foreldre, innanfor dei høva som det statlege regelverket gir. Kartverkets reglar for intern varsling inneheld rutinar og tiltak ved mobbing eller trakassering. Framandspråklege medarbeidarar får arbeidsfri og økonomisk støtte for å delta i norskundervisning.

Norsk Polarinstitutt (NP)

Etaten har som overordna mål å vere ein arbeidsplass der likestillingsperspektivet er ein integrert

del av verksemda. Likestillingsutvalet ved NP har i 2011 utarbeidd reviderte handlingsplanar for likestilling og mot trakassering, og ein intern likestillingskontakt arbeider aktivt for likestilling på alle plan. Ved rekruttering skal både ein mannleg og ein kvinneleg kontaktperson oppgavast i kunningstjekken, og begge kjønn skal vere representerte i utveljingsprosessen. Kvinner/menn blir oppfordra til å søkje om det finst mindre enn 40 pst. av eit kjønn i ein type stilling. Det blir gjennomført utviklingssamlingar for medarbeidarane med fokus på intern kommunikasjon, språk, samspel og relasjonar. NP har laga ein plan for universell utforming, med intensjon om å vere ein arbeidsplass som fremjar like moglegheiter til samfunnsdeltaking og hindrar diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne. NP har inngått samarbeidsavtale med INN Tromsø for å integrere utanlandske medarbeidarar i det norske samfunnet på best mogleg måte. I tillegg blir det tilbode norskkurs, både grunnkurs og kurs for vidarekomne. Ved foreldrepermisjon blir det lagt til rette for at mannlege medarbeidarar kan ta ut meir enn fedrekvoten. Tidspunkt for møte og tilstellingar i verksemda blir tilpassa tider for henting av barn i skule og barnehage. Gravide får etter førespurnad tilpassa arbeidsplassen. Før permisjonar som er lengre enn 4 månader blir det gjennomført ein obligatorisk medarbeidarsamtale. Eventuelle lønnskilnader som følgje av kjønn blir kartlagde på alle nivå og forsøkt utjamna ved lokale forhandlingar.

28.5 Likestillingsvurdering på fagbudsjettområda

Offentlege verksemdar er i likestillingslova § 1a pålagt å arbeide for likestilling mellom kjønna på alle samfunnsområde. Dette inneber blant anna å vurdere kjønns- og likestillingsperspektivet på departementets fagbudsjettområde der det er relevant og føremålstenleg.

Naturmangfald og friluftsliv

Kartlegging har vist at kvinner deltek i mindre grad enn menn i ein del statlege råd og utval på naturforvaltningsområdet. Det er kommunar og organisasjonar som foreslår medlemmene til dei fleste råd og utval på naturforvaltningsområdet. For å få velfungerande råd og utval med høg grad av legitimitet lokalt og regionalt er det viktig at forslag til medlemmer framleis kjem frå brukarar og interessantar for det arbeidet rådet/utvalet

skal gjennomføre, men kommunar og organisasjonar blir no bedne om alltid å foreslå ei kvinne og ein mann.

Det er lagt inn krav i tildelingsbrevet til Direktoratet for naturforvaltning og til Fylkesmannen om å sikre at likestillingslova blir følgt ved oppnemning til og nyoppnemning av statlege råd og utval som direktoratet eller Fylkesmannen har ansvar for.

I følgje TNS Gallups Natur- og miljøbarometer (siste tal frå 2004) betyr kjønn lite for nordmenn si interesse for natur, miljø og friluftsliv. Dette avspeglar seg i arbeidet for å bevare norsk natur for kommande generasjonar og leggje til rette for natur- og friluftslivsopplevingar. Både menn og kvinner har i store trekk dei same høva til friluftsliv, og likestillingsperspektivet er her godt ivareteke. Vi ser òg at det er god fordeling mellom kvinner og menn som arbeider med desse spørsmåla i offentleg forvaltning.

Å delta i jakt og fiske har tradisjonelt vore eit område med stor dominans av menn. Menn dominerer framleis, men delen av kvinner som deltek i slike aktivitetar aukar. I løpet av dei siste åra har talet på kvinnelege medlemmer i Noregs jeger- og fiskarforbund auka frå 3 til nærare 10 pst., og det er etablert egne kvinnenettverk der jakt og fiske er tema.

Dei fleste budsjettpostane som Direktoratet for naturforvaltning disponerer innanfor sitt verkeområde er ikkje kjønnsrelevante. Nokre av postane kan likevel nyttast til å fremje likestilling mellom kjønna. Nedanfor følgjer ein kort gjennomgang av desse.

Kap. 142 5 post 70 Tilskot til fiskeformål og post 71 Tilskot til viltformål

Grunnlaget for desse to postane er inntekter frå fiskaravgifta og jegeravgifta. Tilskot blir tildelt lag og organisasjonar, og kan ytast til tiltak som fremjar auka deltaking av kvinner i jakt og fiske. Midlar frå dei to postane er bl.a. nytta til kurs og opplegg mynta spesielt på kvinner og ikkje minst familiar. Det er innført ei eiga fiskaravgift for familiar som er grunnlagt med at fiske er ein fin familieaktivitet.

Kap. 1427 post 30 Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde, post 74 Tilskot til friluftstiltak og 78 Friluftsrådas landsforbund og interkommunale friluftsråd

Desse postane har indirekte familiefokus ved at midlane dei siste åra har vore retta mot å leggje ut

friluftsområde og støtte friluftstiltak i by- og tettstadsnære område, det vil ofte seie i nærleiken av bustader, skular og barnehagar. Ei viktig brukargruppe av desse områda vil vere kvinner og barn. Mange friluftsråd driv aktiv rekruttering av nye befolkningsgrupper gjennom å arrangere turar, kurs o.l.

Kulturminne og kulturmiljø

Riksantikvaren legg vekt på mangfald og likestilling i forvaltninga si og fokuserer på å vere representativ når det gjeld å velje ut kva for kulturminne som blir verna. Intensjonen er å femne livet og historia til både kvinner, menn og minoritetar. Dei fleste kulturminna er kjønnsnøytrale og likestillingsaspektet er derfor knytt til kjønnsfunksjonar og roller i heimen og i samfunnet. På nokre område kan det arbeidet som Riksantikvaren gjer, medverke til at det blir sett større fokus på mangfaldet i befolkninga. Som eksempel kan ein nemne verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet. I verdiskapingsprogrammet har Riksantikvaren arbeidd for at aktørar av begge kjønn er involverte i gjennomføringa av tiltak og deltek i nettverket til programmet. Arbeidet med dei sektorvise landsverneplanane medverkar vesentleg til å redusere tapet av verdifulle kulturminne og til å bevare breidda av dei. Dette inneber òg at omsynet til likestilling blir betre teke vare på, for eksempel gjennom bevaring av anlegg med tilknytning til kvinner sin innsats og profesjonalisering innanfor helse- og omsorgssektoren.

Freda bygningar og anlegg har hatt ulike funksjonar og speglar dermed bl.a. kjønnsrollene i familie og samfunn gjennom tidene. Våningshus,

stabbur, seteranlegg og tekstilfabrikkar medverkar til å synleggjere typiske rammer for kvinners arbeid. Dette gjeld i stor grad òg bustader generelt.

28.6 Oppfølging av IA-avtala

I styringsdialogen med etatane har Miljøverndepartementet lagt opp til tett oppfølging av måla i den nye avtala om eit inkluderande arbeidsliv. I samsvar med IA-avtala er det lagt vekt på behovet for førebyggjande tiltak og systematisk HMS-arbeid. IA-måla blir i stor grad utforma av kvar enkelt etat og tilpassa lokale forhold.

Resultatutvikling og tiltak

Statistikk frå Statistisk sentralbyrå viser at verksemdene i miljøforvaltninga hadde eit samla legeomdelt fråvær i 2010 på 4,0 pst. Det legemelde sjukefråværet gjekk dermed opp i forhold til 2009 (3,8 pst.). Eigemeldt sjukefråvær er ikkje inkludert i tala.

Verksemdene i miljøforvaltninga har sett i gang fleire tiltak for å førebyggje sjukefråvær, spesielt er vektlagt tiltak for å fremje fysisk aktivitet blant medarbeidarane. Andre førebyggjande tiltak omfattar blant anna fysioterapi og tilpassing av arbeidsplassar. I forhold til IA-mål 2 og 3, rekruttering av personar med redusert funksjonsevne og auke i pensjonsalder, har verksemdene sett individuelle mål og sett i verk eigne tiltak, for eksempel tilbod om praksisplassar og karriereutvikling for seniormedaridarar.

Miljøverndepartementet

t i l r å r :

1. I Prop. 1 S om statsbudsjettet for år 2012 blir dei summene førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag:

a. Sum utgifter under kap. 1400–1474 og 2465	kr	4 893 463 000
b. Sum inntekter under kap. 440 0–4471 og 557 8	kr	1 385 162 000

Forslag

til vedtak om løyving for budsjettåret 2012, kapitla 1400–1474 og 2465, 4400–4471 og 5578

I

Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
		Fellesoppgåver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.		
1400	Miljøverndepartementet			
	01	Driftsutgifter	238 905 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	147 532 000	
	22	Spesielle driftsutgifter knytte til lokalt miljøvern og universell utforming, <i>kan overførast</i>	3 000 000	
	70	Grunnstøtte til frivillige miljøvernorganisasjonar	49 577 000	
	71	Internasjonale organisasjonar	46 837 000	
	74	Tilskot til AMAP, <i>kan overførast</i>	3 700 000	
	75	Miljøvennleg byutvikling, <i>kan overførast</i>	31 000 000	
	76	Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak, <i>kan overførast</i>	21 346 000	
	79	Den nordiske verdsarvstiftelsen	4 000 000	
	80	Tilskot til universell utforming og tilgjenge for alle, <i>kan overførast, kan nyttast under post 22</i>	600 000	
	81	Tilskot til byutvikling og lokalt miljøvern, <i>kan overførast, kan nyttast under post 22</i>	29 000 000	575 497 000
1410	Miljøvernforskning og miljøovervaking			
	21	Miljøovervaking og miljødata	171 458 000	
	50	Basisløyvingar til miljøforskinsinstitutta	158 759 000	
	51	Forskingsprogram m.m.	167 518 000	
	53	Internasjonalt samarbeid om miljøvernforskning	6 548 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	70	Nasjonale oppgaver ved miljøforskingsinstitutta	20 188 000	
	72	Tilskot til Genøk – Senter for biotryggleik	14 900 000	
	73	Infrastrukturtiltak til miljøinstituttene	8 920 000	548 291 000
		Sum Fellesoppgaver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.		1 123 788 000
		Naturens mangfold og friluftsliv		
1425		Vilt- og fisketiltak		
	01	Driftsutgifter	27 500 000	
	70	Tilskot til fiskeformål, <i>kan overførast</i>	8 900 000	
	71	Tilskot til viltformål, <i>kan overførast</i>	43 500 000	79 900 000
1426		Statens naturoppsyn		
	01	Driftsutgifter	124 103 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	9 000 000	
	30	Tiltak i nasjonalparker og landskapsverneområde, <i>kan overførast</i>	23 391 000	
	31	Tiltak i naturreservat og utvalde kulturlandskap i jordbruket, <i>kan overførast</i>	38 502 000	
	32	Skjergardsparkar o.a., <i>kan overførast</i>	23 695 000	218 691 000
1427		Direktoratet for naturforvaltning		
	01	Driftsutgifter	196 205 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	301 263 000	
	30	Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde, <i>kan overførast</i>	36 405 000	
	31	Tiltak i friluftsområde, <i>kan overførast</i>	24 500 000	
	32	Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar, <i>kan overførast</i>	17 950 000	
	34	Statlege tileigningar, nasjonalparker, <i>kan overførast</i>	154 100 000	
	35	Statlege tileigningar, nytt skogvern, <i>kan overførast</i>	119 981 000	
	60	Tilskot til lokalt utviklingsfond	6 000 000	
	70	Tilskot til kalking og lokale fiskeformål, <i>kan overførast</i>	88 000 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	71	Forvaltningstiltak i verdensarvsområde, <i>kan overføres</i>	9 600 000	
	72	Erstatning for beitedyr tekne av rovvilt, <i>overslagsløyving</i>	150 755 000	
	73	Førebyggjande og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltninga, <i>kan overføres</i>	68 100 000	
	74	Tilskot til friluftslivstiltak, <i>kan overføres</i>	17 693 000	
	75	Internasjonale avtaler og medlemskap	1 107 000	
	76	Nasjonalparksentra og andre naturinformasjonssentra, <i>kan overføres</i>	37 000 000	
	78	Tilskot til interkommunale friluftsråd og landsomfattande samarbeidsorgan for friluftsliv, <i>kan overføres</i>	17 075 000	
	81	Verdiskapingsprogram for naturarven, <i>kan overføres, kan nyttast under post 21</i>	10 000 000	
	82	Tilskot til prioriterte arter og utvalde naturtypar, <i>kan overføres, kan nyttast under post 21</i>	33 000 000	
	83	Naturfaglige organisasjoner	3 445 000	1 292 179 000
		Sum Naturens mangfald og friluftsliv		1 590 770 000
		Kulturminne og kulturmiljø		
1429		Riksantikvaren		
	01	Driftsutgifter	117 512 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under postane 72 og 73</i>	30 915 000	
	50	Tilskot til Samisk kulturminnearbeid	3 093 000	
	72	Vern og sikring av freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø, <i>kan overføres, kan nyttast under post 21</i>	225 112 000	
	73	Brannsikring og beredskapstiltak, <i>kan overføres, kan nyttast under post 21</i>	10 953 000	
	74	Fartøyvern, <i>kan overføres</i>	43 712 000	
	75	Internasjonalt samarbeid, <i>kan overføres</i>	1 100 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	77	Verdiskapingsprogram på kulturminneområdet, <i>kan overføres, kan nyttast under post 21</i>	8 000 000	
	78	Tilskot til avgjerdsgrunnlag for utøving av mynde innan arkeologi, <i>kan overføres, kan nyttast under post 21</i>	8 500 000	448 897 000
1432		Norsk kulturminnefond		
	50	Til disposisjon for kulturminnetiltak	59 480 000	59 480 000
		Sum Kulturminne og kulturmiljø		508 377 000
		Klima og forureining		
1441		Klima- og forureiningsdirektoratet		
	01	Driftsutgifter	337 786 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	20 095 000	
	22	Statleg ordning for frivillig kjøp av klimakvotar	2 025 000	
	39	Oppryddingstiltak, <i>kan overføres</i>	64 760 000	
	71	Grunnstøtte til frivillige miljøorganisasjoner og informasjon og kompetanseformidling om produksjon og forbruk	2 118 000	
	75	Utbetaling av pant for bilvrak, <i>overslagsløyving</i>	221 320 000	
	76	Refusjonsordningar, <i>overslagsløyving</i>	50 000 000	
	80	Miljømerking, miljøvennlig forbruk og forbruksinformasjon	1 050 000	699 154 000
1445		Miljøvennleg skipsfart		
	21	Spesielle driftsutgifter	4 000 000	4 000 000
1447		Miljøomsyn i offentlege innkjøp		
	21	Spesielle driftsutgifter	18 000 000	18 000 000
1448		Radioaktiv forureining i det ytre miljø		
	01	Driftsutgifter	11 214 000	11 214 000
		Sum Klima og forureining		732 368 000
		Kart, geodata og eigedomsinformasjon		
1465		Statens kartverk, arbeid med tinglysing og nasjonal geografisk infrastruktur		
	01	Driftsutgifter	194 431 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	436 486 000	630 917 000
2465		Statens kartverk		
	24	Driftsresultat:		
	1	Driftsinntekter	-964 917 000	
	2	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	948 785 000	
	3	Avskrivningar	13 930 000	
	4	Renter av statens kapital	2 202 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	12 000 000	12 000 000
		Sum Kart, geodata og eigedomsinformasjon		642 917 000
		Nord- og polarområda		
1471		Norsk Polarinstitut		
	01	Driftsutgifter	186 521 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	59 395 000	
	50	Stipend	498 000	246 414 000
1472		Svalbard miljøvernfond		
	50	Overføring til Svalbard miljøvernfond	11 730 000	11 730 000
1474		Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning		
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under postane 50 og 70</i>	4 099 000	
	50	Tilskot til stateleg mottakarar, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 01 og 70</i>	13 000 000	
	70	Tilskot til private mottakarar, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 01 og 50</i>	20 000 000	37 099 000
		Sum Nord- og polarområda		295 243 000
		Sum departementets utgifter		4 893 463 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	Fellesoppgåver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.			
4400	Miljøverndepartementet			
	02 Ymse inntekter		358 000	
	03 Refusjon frå Utanriksdepartementet		1 474 000	1 832 000
	Sum Fellesoppgåver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.			1 832 000
	Naturens mangfald og friluftsliv			
4426	Statens naturoppsyn			
	01 Ymse inntekter		151 000	
	02 Oppdragsinntekter		105 000	256 000
4427	Direktoratet for naturforvaltning			
	01 Ymse inntekter		3 138 000	
	09 Internasjonale oppdrag		7 986 000	
	54 Gebyr		4 298 000	15 422 000
	Sum Naturens mangfald og friluftsliv			15 678 000
	Kulturminne og kulturmiljø			
4429	Riksantikvaren			
	02 Refusjonar og diverse inntekter		4 052 000	
	09 Internasjonale oppdrag		1 498 000	5 550 000
4432	Norsk kulturminnefond			
	85 Avkastning frå Norsk kulturminnefond		59 480 000	59 480 000
	Sum Kulturminne og kulturmiljø			65 030 000
	Klima og forureining			
4441	Klima- og forureiningsdirektoratet			
	02 Inntekter, statleg ordning for frivillig kjøp av klimakvotar		2 161 000	
	04 Gebyr		40 759 000	
	05 Leigeinntekter		343 000	
	06 Gebyrer, fylkas miljøvernavingar		22 000 000	
	07 Gebyrinntekter (Kvotesystemet)		10 600 000	
	09 Internasjonale oppdrag		5 958 000	81 821 000
	Sum Klima og forureining			81 821 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Kart, geodata og eigedomsinformasjon				
4465	Statens kartverk, arbeid med tinglysing og nasjonal geografisk infrastruktur			
	01 Gebyrinntekter tinglysing, burettslag		59 000 000	
	02 Gebyrinntekter tinglysing, fast eigedom		989 000 000	1 048 000 000
	Sum Kart, geodata og eigedomsinformasjon			1 048 000 000
Nord- og polarområda				
4471	Norsk Polarinstitut			
	01 Sals- og utleigeinntekter		9 389 000	
	03 Inntekter frå diverse tenesteyting		51 748 000	
	21 Inntekter, Antarktis		11 559 000	72 696 000
	Sum Nord- og polarområda			72 696 000
Skattar og avgifter				
5578	Sektoravgifter under Miljøverndepartementet			
	70 Sektoravgifter under Svalbard miljøvernfond		11 705 000	
	71 Jeger- og fellingsavgifter		73 600 000	
	72 Fiskaravgifter		14 800 000	
	Sum Skattar og avgifter			100 105 000
Sum departementets inntekter				1 385 162 000

Fullmakter til å overskride gitte løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2012 kan:

1.

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 1400 post 01	kap. 4400 post 02
kap. 1427 post 01	kap. 4427 post 01
kap. 1427 post 21	kap. 4427 postane 09 og 54
kap. 1429 post 01	kap. 4429 postane 02 og 09
kap. 1432 post 50	kap. 4432 post 85
kap. 1441 post 01	kap. 4441 postane 04, 05, 06 og 09
kap. 1441 post 22	kap. 4441 post 02
kap. 1465 post 01	kap. 4465 post 01
kap. 1471 post 01	kap. 4471 postane 01 og 03
kap. 1471 post 21	kap. 4471 post 21
kap. 1472 post 50	kap. 5578 post 70

2. overskride løyvinga under kap. 2465 Statens kartverk, post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, med eit beløp som tilsvarende rekneskapsførte inntekter frå sal av anleggsmidlar under kap. 5465 Statens kartverk, post 49 Sal av anleggsmidlar. Unytta inntekter frå slikt sal kan takast med ved utrekning av overført beløp.

III

Fullmakter til å utgiftsføre utan løyving

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2012 kan utgiftsføre utan løyving fastslåtte tap på garantiar for lån til miljøverntiltak og energiøkonomiseringsformål som staten er juridisk forplikta til å dekkje, under kap. 1400 Miljøverndepartementet, post 77 Oppfylling av garantiansvar.

IV

Omdisponeringsfullmakt

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2012 kan omdisponere inntil 10 mill. kroner mellom kap. 1465 Statens kartverk, arbeid med tinglysing og nasjonal geografisk infrastruktur, post 01 Driftsutgifter og post 21 Spesielle driftsutgifter, og kap. 2465 Statens kartverk, post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald.

V

Fullmakt til overskriding

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2012 kan fråvike spesifikasjonane under kap. 2465 Statens kartverk, post 24 Driftsresultat, ved bruk av reguleringsfondet.

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

VI

Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2012 kan gjere bestillingar:

1. av materiell o.l. utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye bestillingar og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap	Post	Nemning	Samla ramme
1426		Statens naturoppsyn	
	32	Skjergardsparkar mv.	7,00 mill. kroner

2. av kartgrunnlag ut over gitt løyving under kap. 1465 Statens kartverk, arbeid med tinglysing og nasjonal geografisk infrastruktur, post 21 Spesielle driftsutgifter, men slik at ramma for nye bestillingar og gammalt ansvar ikkje overstig 90 mill. kroner.

VII

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2012 kan gi tilsegn om tilskot ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap	Post	Nemning	Samla ramme
1427		Direktoratet for naturforvaltning	
	30	Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde	55,00 mill. kroner
	32	Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar	10,30 mill. kroner
	34	Statlege tileigningar, nasjonalparker	350,00 mill. kroner
	35	Statlege tileigningar, nytt skogvern	140,00 mill. kroner
	76	Nasjonalparksenter og andre naturinformasjonssenter	2,00 mill. kroner
	79	Kompensasjon ved flytting av oppdrettsanlegg,	6,75 mill. kroner
1429		Riksantikvaren	
	72	Vern og sikring av freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø	35,00 mill. kroner
	73	Brannsikring og beredskapstiltak	2,00 mill. kroner
	74	Fartøyvern	12,00 mill. kroner

VIII

Fullmakt til å inngå forpliktingar

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2012 kan ta på seg forpliktingar for framtidige år til å kjøpe inn materiell og til å gi tilsegn om tilskot ut over gitt løyving under kap. 1441 Klima- og forureiningsdirektoratet, post 39 Oppryddingstiltak, men slik at samla ramme for nye forpliktingar og gammalt ansvar ikkje overstig 25 mill. kroner.

=====

Offentlege institusjonar kan tinge fleire
eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Internett: www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefon: 22 24 20 00

Opplysningar om abonnement, laussal og
pris får ein hjå:
Fagbokforlaget
Postboks 6050, Postterminalen
5892 Bergen
E-post: offpub@fagbokforlaget.no
Telefon: 55 38 66 00
Faks: 55 38 66 01
www.fagbokforlaget.no/offpub

Publikasjonen er også tilgjengeleg på
www.regjeringa.no

Trykk: 07 Oslo AS 10/2011

